VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: **Formannskapet**
Møtestad: **Voldsfjorden, Volda rådhus**
Dato: **17.04.2018**
Tid: **12:00**

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på servicekontoret.

VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 60/18	**Godkjenning av innkalling og sakliste**
PS 61/18	**Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**
PS 62/18	**Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene-slutthandsaming av plan.**
PS 63/18	**Bygningsmiljø og estetisk rettleiar – vedtak**
PS 64/18	**Planid 1519-2017002 - Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen gbr 19/807. Handsaming etter offentleg ettersyn.**
PS 65/18	**PlanId 2018002. Detaljreguleringsplan for gbr. 19/182. Spørsmål om oppstart av privat reguleringsplanarbeid**
PS 66/18	**Breibandsutbygging i Volda kommune**
PS 67/18	**Mekko Keramikkverkstad - Søknad om tilskot fråNæringsfondet**
PS 68/18	**Formannskapet sin disposisjonspost - ramme til ordførar og rutiner for handsaming av søknader om støtte utanom etablerte ordningar**
PS 69/18	**Overføring av investeringar frå 2017 til 2018**
PS 70/18	**Startlån 2018 - opptak av lån**
PS 71/18	**Sunnmøre Kulturnæringshage - Tilskot til etablering av Smia utvikling.**
PS 72/18	**Nytt reinseanlegg Volda sentrum og Mork/Egset**
PS 73/18	**UTBYGGINGSAVTALE FOR STRAND BUSTADFELT – FJORDBYGG AS**
PS 74/18	**Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.03.2018**
PS 75/18	**Orienteringssaker**

VOLDA KOMMUNE

OS 50/18	**Referat frå ordførar- og rådmannsmøtet på Hareid i 23.03.2018**
OS 51/18	**Voldatunnel - Orientering frå styringsgruppa etter møte 12.04.18**
OS 52/18	**Gode Vegar AS – notat**
OS 53/18	**Endringar for drosjeparkering ved implementering av ny parkeringsforskrift, Ørsta / Volda Lufthavn Hovden**

PS 60/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 61/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2016/11
		Arkivkode:	2016001

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/18	Formannskapet	17.04.2018
	Kommunestyret	

PLANID 2016001 - REGULERINGSPLAN E39 VOLDA - FURENE-SLUTTHANDSAMING AV PLAN.

Administrasjonen si tilråding:
Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, regluringsføresegner og reguleringsplankart datert 10.april 2018 vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.

Vedleggsliste:
Formannskapssak PS 152/17, frå møte den 2.10.2017.
Planhefte dater 4. april 2018
Reguleringsføresegner
Reguleringsplankart
Merknader/Innspel ved offentleg ettersyn

Uprenta saksvedlegg:
Tekniske panar/teikningar
Plan- og profilteikningar
Illustrasjonar
Andre uprenta vedlegg
- Originalmerknader samla i eige hefte
- Støyutredning for E39 Volda-Furene, Rambøll AS, mars 2017
- Vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017
- Borne- og studenttrakkregistrering, SVV 2016
- Kulturminnerapport, Møre og Romsdal fylkeskommune (under utarbeiding)

Saksopplysningar/fakta:
Framlegg til reguleringsplan for E39 – Volda –Furene («Voldatunellen») vart sist handsama i formannskapet den 02.10.2017, som sak PS 152/17.

Prosjektleiar Astrid Eide Stavseng og Jonas Misund, frå Statens vegvesen, og Per Heltne, planleggar i Volda kommune, orienterte om saka., der det vart gjort slikt vedtak:

Reguleringsplan for E39 Volda -Furene slik det går fram av planomtale, ruleringsføresegner og reguleringsplankart datert 01.09.2017 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10

Saksutgreiinga frå Formannskapssak 152/17 ligg som vedlegg og bakgrunn til denne saka.

Offentleg ettersyn:
Etter dette har Statens vegvesen i samarbeid med kommunen gjennomført offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, med tilskriving av partar og aktuelle høyringsinstansar og kunngjering i lokalpressa og på kommunen og statens vegvesen sine heimesider. Jf. Kunngjering /brev datert 6.10.2017.

I samband med høyringa vart det arrangert eit orienteringsmøte på Uppheim forsamlingshus 6. november kl. 18.00, og det vart gjennomført open kontordag på Volda rådhus 7. november kl. 12.00-17.00.
Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 09.10.-24.11. 2017 på Volda rådhus og hos Statens vegvesen i Ålesund. Plandokumenta var også tilgjengelege på heimesidene til kommunen og Statens vegvesen.

Merknader ved offentleg ettersyn, og endringar i plan som fylgje av desse:
Eg viser til oppdatert plandokument, Planhefte datert 4.aril 2018 som er vedlegg til saka. Her er det gitt ein gjennomgang av alle innkomne merknader/innspel ved offentleg ettersyn, og gitt vurderingar og forslag til justeringar i planomtale, plankart og føresegner.
Nærare omtale av desse vert ikkje gitt her. Då dette er omtala i plandokumentet, men eg tek med dei endringar som merknadane har gitt grunnlag for.

Mørenett AS
Mørenett har høg- og lavspentkablar innanfor reguleringsområdet på Volda-sida som må leggast om før opparbeiding av ny rundkøyring. Det er planar om ei større omlegging av hovudnettet i regionen på sikt, ved å gå frå 66 kV nett til 132 kV nett, og har sett på ei løysing for å sikre ringmating til Volda sentrum ved å legge kraftige kablar frå Ryste transformatorstasjon til Furene og vidare gjennom den nye tunnelen til Volda. Det er fleire alternativ til løysing, og Mørenett vil måtte få skriftleg løyve frå Statens vegvesen til å ev. legge ev. kablar gjennom den framtidige tunnelen.

Kommentar/vidare oppfylgjing:
• *Tematikken blir å følgje opp i vidare byggeplanlegging. Det må fattast eit eige vedtak i tilknyting til etablering av kraftige kablar gjennom tunnelen. Merknad er teken til vitande.*

NVE - Noregs vassdrags- og energidirektorat
NVE viser til at det innanfor planområdet er to vassdrag med årssikker vassføring, jf. Vassressurslova (VRL) §2. Det er Sagarelva ved Furene og Storelva (Øyraelva) i Volda. For Storelva er innspela ivareteke gjennom føremål i plankartet og føresegnene §§ 6.1 og 8.1. Sagarelva er ikkje regulert med same føremål i plankartet, og NVE rår til at plankart og føresegner vert endra til rett arealbrukskategori for Sagarelva og tilhøyrande kantsone.
Handtering av overflatevatn i anleggsperioden er omtala i planomtalen s. 28. I periodar med mykje nedbør er det skissert at noko av overflatevatnet vil førast ut i Storelva (Øyraelva) og det skal etablerast system for avslamming før vatnet går i vassdraget. NVE kan ikkje sjå at krav til slike tiltak er nedfelt i føresegnene til planframlegget. Sjølv om det er sett krav til

Ytre Miljøplan, jf. føresegnene § 11, rår NVE til at det vert sett særskilde krav til handtering av overflatevatn som skal førast til vassdrag, jf. VRL §§ 5 og 47.
• I planomtale/ROS-analyse er det vist til aktsemdskart for flaum for Storelva (Øyraelva) i Volda. To utbyggingsområde er omfatta av aktsemdssona, og føreslege krav i føresegnene §§ 4.5 og 4.6 om avklaring av reell flaumfare i samband med detaljregulering. NVE peikar på at det i ROS- analysen er vist til område B1, medan det i føresegner og planomtale er vist til områda BKB4 og BKB5.
• For at planmaterialet skal vere enklare å tyde, rår NVE til at aktsemdssona for flaum også vert innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner.
• NVE rår vidare til at det vert stilt krav til vurdering av fare for erosjon langs vassdraget.
• Grunntilhøva i planområdet er skildra i planomtalen s. 15, men omfattar berre områda nær planlagde vegtiltak. I Volda dekkjer plankartet også område der NGU sitt lausmassekart viser marine strandavsetningar. Her kan det ikkje utelukkast førekomstar av kvikkleire, noko som plandokumenta må ta høgde for.
Det er føreslege krav om detaljregulering for utbyggingsområde som er omfatta av aktsemdssone for skred, og vist til NVE retningslinje 2/2011 og siste avsnitt i kap. 6.5.2 D. NVE reknar med det er ein skrivefeil og her er meint kap. 7.5.2 D.
Krav om utgreiing av reell fare i samband med detaljregulering er i samsvar med NVE sine retningslinjer, men NVE rår likevel at plandokumenta vert oppdatert slik at det også blir gjeldande for potensiell flaumfare, erosjonsfare og ustabile grunnforhold.

Kommentar/justeringar:
Øvre del av Sagelva ligg i planområdet som ein ordinær jordbrukskanal som etter vårt syn inngår som ein naturleg del av LNF-formålet. Kanalen vil bli lagt om og heilt eller delvis lagt i rør både som følgje av anleggstiltaka, og med tanke på permanent situasjon. Detaljane i dette vil bli fastlagt i prosjektering og i samråd med kommune og grunneigar. Det er difor vanskeleg å vise Sagelva/kanalen med eige arealformål i reguleringsplanen.
Konkrete krav til handtering av overvatn og drivevatn blir fastsett av Fylkesmannen i utsleppsløyve etter forureiningslova. Det vil vere uheldig dersom krav i reguleringsplanen ikkje samsvarar med eller strir mot Fylkesmannen sine krav. Bindinga mellom § 11.1 i føresegnene og kapittel 8.7 i planomtalen er elles gjort sterkare, jf. merknad frå Fylkesmannen.
Områdenemningane i ROS-analysen er retta opp.
Avgrensinga av aktsemdssona for flaum er så grov, og berører så liten del av planområdet at det ikkje gir juridisk meining å vise den i planen, jf. illustrasjonen nedanfor. Reell flaumfare må uansett avklarast i detaljregulering av områda, og i så måte uavhengig av korleis flaumfaren er synleggjort i områdeplanen.
Vurdering av erosjonsfare er tatt inn som eit moment i §§ 4.5 og 4.6.
Vurdering av grunntilhøve er tatt inn særskilt i §§ 4.5 og 4.6 for dei områda som ligg på marine strandavsetningar. Planomtalen er oppdatert i avsnitt 4.10.
Skrivefeilen er retta opp, og plandokumenta er oppdatert i samsvar med merknaden, jf. punkta ovanfor.

Avinor
• Høgderestriksjonane rundt Ørsta-Volda lufthamn er innarbeidd som omsynssone H190 og skildra i § 9.2 i reguleringsføresegnene etter innspel frå Avinor. Føresegna tek i vare hinderflatene (innflygingsflate og sideflate), lysbruk, bruk av kraner og anleggsmaskiner i anleggsperioden samt eventuelt krav om påmontering av hinderlys på lysmaster.

Kommentar
Merknad frå Avinor teken til vitande.gir ikkje grunnlag for justeringar i plan.

Sunnmøre kulturnæringshage AS

Sunnmøre Kulturnæringshage AS arbeider med forprosjekt for etablering av Volda Kunnskapspark i Ivar Aasen-bygget på campus. Kunnskapsparken planlegg å samlokalisere om lag 40 selskap, og vil vere både regional og nasjonal ressurs for bedrifter med utspring i fagutdanning og fagmiljø ved Høgskulen i Volda.
Dei påpeikar at gjennomføring av reguleringsplanen medfører at svært mange parkeringsplassar for Ivar Aasen-huset fell bort. Dette aukar behovet for gode løysingar til offentleg kommunikasjon.
Det lyt etablerast ny tilkomstveg til bygget, og ny hovudtilkomst med bil frå nord som vist i plankartet vil vere ei god løysing. Eksisterande tilkomst til Ivar Aasen-bygget via hovudinnkøyringa til campus i Elvegata bør oppretthaldast.
Dei fryktar villkryssing mellom dei to haldeplassane i Elvegata, sidan det ikkje er lagt opp til gangfelt.

Kommentar/forslag justeringar:
Ønske om endra tilkomst må løysast innanfor detaljregulering for campusområdet.
Når det gjeld tilrettelegging for offentleg kommunikasjon, er det gjort klare forbetringar i plassering og tilgjenge til busslommene samanlikna med dagens situasjon. Ein vil i prinsippet basere på at fotgjengarane og brukarane av offentleg kommunikasjon skal nytte den planfrie løysinga for mjuke trafikantar i Sjukehuskrysset. Det er vidare fullt mogleg å legge betre til rette for tenelege ferdselsårer med påkopling til den planfrie kryssinga i detaljreguleringsplan for campus-området.
Villkryssing ønskjer ein i størst mogleg grad å unngå, ev. må ein etablere midtdeler dersom dette vert ei utfordring for trafikksikkerheita.Merknaden gav ikkje grunnlag for endring i plan.

Gjertrud og Jostein Rotevatn, Svanhild I. og Tormod Mo, Nytunvegen 25 og 29
Dei poengterer at ut frå planlegging av to løp i tunnelen må gardstunet vest for innkøyringa løysast inn. Dei ønskjer at tilkomst til parkeringsplassen ved Ivar Aasen-bygget går sydover langs gangvegen.
Rotevatn og Mo viser til at Nytun er tilrettelagt for tilkomst til det nye mediebygget, i tillegg til trafikkauke til og frå Røysmyrvegen. Det blir dermed merkbart auka trafikk på vegen. Dei er fornøgd med at det er teikna inn gangveg på sydsida av Nytun, men ønskjer gangveg på nordsida også, alternativt at gangvegen vert flytta til nordsida.
Rotevatn og Mo forventar at trafikkstøyen vert kraftig redusert, men at det likevel vert vurdert trong for lydbarriere mot tunnelopninga.

Kommentar:
Det er korrekt at med viste løysingar så må nemnde eigedom løysast inn.
Ny tilkomstveg til Ivar Aasen-bygget som er vist i plankartet er å sjå på som framlegg til løysing i samråd med kommunen, og vil bli nærare vurdert ved detaljregulering av område BOP1 m.fl. når ein har meir detaljert kunnskap om kva funksjonar og bygningar dette området vil få.
Når det gjeld supplerande gangveg på nordsida av køyrevegen til Nytun, er det lagt aktuelle målpunkt og samanhengande gang- og sykkelvegliner lagt til grunn for løysinga. Ut frå forventa trafikk, vil det ikkje vere behov for tosidig g/s-løysing langs Nytunvegen.
For spørsmål knytt til yttarlegare støyvurdering/tiltak, viser støyberekningane at det ikkje er grunnlag for å legge til rette for dette forbi dei nemnde bustadane, jamfør støysonekartet.
Merknaden gir ikkje grunn til endringar i planframlegget.

Are og Ola Halkjelsvik på vegne av Kirsti Halkjelsvik, Myravegen 6, gbnr. 19/205
Tilkomsten til gbnr. 19/34 er markert med avkøyrsle gjennom hagen sør for bustaden i Myravegen 6. Eigar av gbnr. 19/205 ønskjer at avkøyrsle til 19/34 blir flytta til nordsida av Myravegen 6 og til gangvegen.

Myravegen 6 vil få auka støybelastning sjølv om E39 vert senka forbi eigdeomen. Eigedomen ligg i gul sone på støysonekartet og dei føreset at tiltak blir gjort ved første utbygging. Dei påpeikar også at tiltak mot støy og ureining også må gjerast i byggefasen.

Kommentar/forslag til endring i plan:
Tilkomst til BKB4 er no flytta til nordsida av 19/205 via sørlege del av g/s-veg o_SGS4. Det er lagt inn breiddeutviding for å legge til rette for blanda trafikk på ei kort strekning, der køyrande vil få vikeplikt for mjuke trafikantar.
Støy og forureining, både i anleggstida og ved permanent tiltak, skal ivaretakast i samsvar med gjeldande forskrifter, jf. føresegnene. Løysingar for dette vert teke i samband med byggeplan for E39-prosjektet og i samband med vidare detaljregulering når det gjeld ny/framtidig bebyggelse på område BKB4. jf. Justeringar i plan.

Nettbuss Furene v/verneombod og tillitsvalde
Sjåførgruppa i Nettbuss er kritisk til løysinga som er planlagt for kollektivtrafikk i området ved Volda sjukehus, og seier at rundkøyringa på plankartet ikkje er vesentleg endra i forhold til dagens situasjon.
Sjåførgruppa er kritiske til om sikkerheita for passasjerar, pasientar, tilsette på sjukehuset og andre som ferdast i området rundt hovudinngangen blir godt nok ivaretatt slik planløysinga er tenkt. Dei stiller spørsmål ved om det er ønskeleg å ha tunge køyrety heilt inn til hovudinngangen på sjukehuset, og nemner mellom anna ubehag med eksos og støy, og at blindsona for dei 15 meter lange bussane utgjer ein sikkerheitsrisiko. Dei har også over lengre tid erfart at feilparkerte bilar kan medføre at bussen blir ståande. Sjåførgruppa påpeikar vidare kravet til universell utforming (UU) og korrekte høgder i høve heisanretning m.v.
Sjåførgruppa ønskjer at kollektivløysingane må vere framtidsretta, og meiner ein må tenke nye busslommer på begge sider langs ny veg mellom Kløvertunvegen og Heltnevegen eller i samband med nytt kryss i Kløvertunvegen. Dette vil medføre litt lengre gangavstand til sjukehuset, men ikkje lengre enn det som er vanleg på dei fleste sjukehus.
Dersom det ikkje er mogleg å løyse kollektiv på andre måtar enn å nytte rundkøyring ved hovudinngangen, ser sjåførgruppa det som ei betre løysing å halde fram med dagens utkøyring mot Heltnevegen sjølv om dei meiner dette langt frå er ideelt.
Sjåførgruppa meiner at dersom ein skal gjere kollektiv til eit alternativ til privatbil, bør ein sjå på moglegheitene for å opppnå kortare reisetider og avstandar. Dei ser føre seg ei korrespondanselomme i tilknyting til ny rundkøyring og høgskulen. Dette kunne opna for framtidige løysingar med samanbinding av gjennomgåande linjer, lokaltrafikk og knutepunkt.

Kommentar
Merknaden gjeld primært framlagt løysing for kollektiv ved Volda sjukehus. Tre av merknadane, frå høvesvis Helse Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Nettbuss Furene v/tillitsvalde og verneombod, var kritiske til framlagt løysing for kollektiv ved Sjukehuset i Volda.
Det vart avhelde befaring og påfølgande møte med dei aktuelle partane og kommunen den 10.01.18. Der vart det sett på ei anna mogleg løysing som alternativ til løysing framlagt i plan. Alternativet betingar at bussen køyrer ut på Heltnevegen som i dag. Løysinga vart drøfta og vurdert i oppfølgande møte 25.01.18. Området er komplekst og trongt, og det er per i dag uklart om følgjene av ei framtidig utbygging av sjukehuset vil gjere løysingsalternativet mogleg.
Intensjonen med å ta med sjukehusområdet var å utbetre løysing for kollektivtrafikken samtidig med nødvendige omleggingar av lokalvegnettet i området. Statens vegvesen kan ikkje formalisere ei løysing gjennom reguleringsplan der bussen må over i motsett køyrefelt for å kome ut på Heltnevegen. Denne saka er så kompleks at den må løysast gjennom ein

meir heilskapleg plan for eit større område. Kollektivløysing ved sjukehuset er difor teke ut av reguleringsplanen.
Reguleringsplanavgrensinga vil ikkje medføre endringar samanlikna med dagens situasjon når det gjeld køyretilkomst frå Kløvertunvegen.
Partane er orientert om at dei kan tilrettelegge for ny løysing innanfor eksisterande trafikkareal eller vidareføre praksisen som i dag, slik sjåførgruppa ser som eit betre alternativ til opprinneleg framlagt løysing.
Når det gjeld korrespondanselomme, tolkar vi det slik at dette er ønskjeleg i samband med tilrettelegging for haldeplassane i Elvegata i tilknyting til høgskulen. Det er i planen teke høgde for ordinære busslommer, i tråd med kollektivtilbodet som Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn, her under at knutepunktet ligg til busstasjonen i sentrum. Jf. Endra planavgrensing.

Helse Møre og Romsdal HF
Helse Møre og Romsdal HF v/Mona Aagaard-Nielsen er opptekne av tilrettelegginga for kollektiv ved Volda sjukehus. Planlagt løysing med rundkøyring og haldeplass kan etter deira syn bli lite hensiktsmessig for busstrafikken til og frå sjukehuset, samt mogleg hinder for anna trafikk som har behov for nærleik til hovudinnganen. Dei foreslår at rundkøyring-/snuplass for buss blir flytta litt lengre aust.
Kommentar
Utfordringa i dette området er, som sjukehuset også poengterer, at det er mange omsyn som skal takast i høve anna ferdsel og andre trafikantgrupper på eit relativt lite område. I andre innkomne merknader vert ein beden om å skrinlegge løysingsprinsippet av omsyn til trafikksikkerheit.
Kollektivløysing ved sjukehuset er no teke ut av reguleringsplanen, sjå kommentar til merknad frå sjåførgruppa i Nettbuss Furene ovanfor. Jf. Endra planavgrensing.

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeskommunen påpeiker at dersom mjuke trafikantar skal ha same vilkår som dei køyrande, må tiltaka bli realisert. MRFK kan ikkje sjå at det i føresegnene er foreslått føringar som kan sikre opparbeiding av samanhengande ferdselsliner, og rår til at ein vurderer kva samanhengande gangliner som bør bli realisert samstundes med vegprosjektet, og utarbeider ei konkret rekkefølgjeføresegn som sikrar eit samanhengande ferdselsmønster på fortau, gang-/sykkelveg og sykkelveg.
Når det gjeld samferdsel/kollektiv, refererer fylkeskommunen til dagens rutetilbod i Volda. Kollektivtrafikken tek omsyn til seks tyngdepunkt med rask framføring; Volda ferjekai, Volda rutebilstasjon–Moritzmarka, Volda vidaregåande skule/byggefeltet Klepp, Høgskulen i Volda, Volda sjukehus, byggefelta Bratteberg og Brenslene. Plasseringa av desse medfører, avhengig av trasèval, ulik reisetid. Bussane vil som hovudregel køyre dagens trasé forbi Furene mellom Ørsta og Volda for å få god betening av busstopp i Furene, på Egset og ved Volda ferjekai. For å få god og rask betening av sjukehuset og høgskulen ser fylkeskommunen føre seg ei alternativ løysing på dagens E39 i Volda sentrum (utanfor planområdet), slik at bussane slepp å køyre inn til Volda busstasjon før dei fortsett opp til sjukehuset og høgskulen, via Heltnevegen, Kløvertunvegen og Kårstadvegen tilbake til Volda busstasjon. Fylkeskommunen viser til at det i planforslaget er lagt opp til at bussane enten køyrer inn i rundkjøringa framfor sjukehuset eller stoppar med kantstopp i Kårstadvegen. Dei vurderer at bruk av rundkjøringa vil bli ein tidkrevjande flaskehals for bussane, samstundes som kantstoppa vil ha for lang avstand frå hovudinngangen for brukarane.
Fylkeskommunen rår difor til at kollektivtrafikken til/frå sjukehuset får ei løysing der bussane køyrer frå Heltnevegen inn i Kløvertunvegen med stopp ved hovudinngangen, og at Monsvegen og Bakkevegen eventuelt kan stengast mot Heltnevegen for å få eit meir oversiktleg trafikkbilde.

Kommentar
Opparbeiding av ferdselsliner for mjuke trafikantar er innarbeidd i føresegnene § 11, jf. også det same for etablering av trygge gangliner i anleggsperioden.
Møre og Romsdal fylkeskommune orienterer om rutetilbodet og dei prioriterte målpunkta på ruta, og at rutetilbodet primært vil følgje eksisterande E39 mellom Ørsta og Volda også i framtida.
Fylkeskommunen føreslår ei løysing for kollektivtrafikken til/frå sjukehuset som teoretisk sett er god, men som ikkje vil tilfredsstille trafikksikkerheita. Stigninga i Heltnevegen er 12 % eller meir i dette partiet, og ein eventuell tilkomst frå Heltnevegen til sørsida av sjukehuset vil bli liggande i ei uoversiktleg kurve for køyrande nedover (i stor fart) på Heltnevegen. I tillegg vil ein m.a. måtte krysse g/s-vegen med syklistar som truleg også kjem i stor fart ned bakken.
Møre og Romsdal fylkeskommune har vore deltakande i oppfølging av problemstilling og prosess knytt til kollektivløysing ved sjukehuset som no er teken ut av planen, og ein viser her til kommentar til merknader frå sjåførgruppe/tillitsvald i Nettbuss Furene ovanfor.Jf. endra plangrense.

Reidar Haug, Vikebygdvegen 16
Haug blir berørt av prosjektet ved at dei blir nabo til ny rundkøyring i krysset mellom Vikebygdvegen og Heltnevegen. Han viser til at anleggsperioden og tiltaket vil generere meir trafikk gjennom rundkøyringa, noko som vil påverke eigedomen frå to sider med auka støy, forureining og behov for sikring. Haug reknar med at deira rettar knytt til støyskjerming og kompensering av tapt eigedom og verditap på hus og eigendom er ein eigen prosess.
Haug viser til at situasjonen for mjuke trafikantar vil betrast med dette prosjektet på sikt, men er bekymra for dei mjuke trafikantane i byggeperioden. Mange born nyttar vegane til ulike formål, og det er avgjerande at det blir laga gode, sikre og trygge løysingar frå dag ein.
Haug har og eit ønskje om betre informasjon vidare, og ønskjer å ha ein kontaktperson for god dialog i byggeperioden. Han håper på godt samarbeid i den vidare prosessen.

Kommentar
Skjerming mot støy, både i anleggstida og som permanent løysing, vert ivareteke også for denne eigedomen i samsvar med reguleringsføresegnene og i tråd med gjeldande støyretningsline i arealplanlegginga. Dette vert å detaljere i byggeplan og avklarast i avtale med grunneigar i samband med grunninnløysing.
Sikkerheit for mjuke trafikantar vil bli søkt ivareteke best mogeleg gjennom utarbeiding av byggeplan og godt samarbeid med dei som bur og ferdast i området, også i anleggstida. Kontakt og dialog med berørte partar vil vere ein naturleg del av dette.
Når det gjeld informasjon og dialog, vil dette vidareformidlast i dokumenta som skal vidareførast til byggeplanlegginga.

Statsbygg
Statsbygg meiner tiltaket er grundig utreda i plangrunnlaget og er positive til vektlegginga på gode løysingar for gåande, syklande og kollektivreisande. Statsbygg eig deler av området for Høgskulen i Volda der gbnr. 19/753 vert omfatta av planframlegget. Deler av parkeringsareal er sett av til busshaldeplass, GS-veg, anna trafikkareal og mellombels rigg- og anleggsområde. Tilkomst til campus aust for Hans Strøm bygget takast vekk. Ny lokalveg i området vil betre tilgjengelegheita på sikt, men også føre til meir trafikk og støy. Statsbygg sine verksemder i området vil påverkast i byggeperioden. Statsbygg sine eigedomar i Sjukehusvegen 6 (gbnr. 19/395, 19/396, 19/397) og Raudehuset (gbnr. 19/49) vert berørt. Deler av eigedomen sitt uteareal, tilkomst og parkering er avsett til mellombels anleggs- og riggområde.

For at ny tilkomst til campus frå Nytun skal kunne nyttast for framtidige bygg ved campus er det viktig at vegen handterer større køyrety for varelevering m.v.
Statsbygg føreset at bygningane i Sjukehusvegen 6 ikkje må rivast som følgje av tiltaket. Dei ber om at rigg- og anleggsområde vert så moderat som mogleg, og helst plassert lengst bort frå bygningane i det aktuelle området med omsyn til sjenanse og støy. Mellombels tilkomst og parkering for eigedomen må avtalast.
Eventuelle støytiltak for Sjukehusvegen 6 b) drøftast når byggetiltaket skal gjennomførast.
Statsbygg seier at ein ikkje kan unngå at fotgjengarar kryssar vegen ved busshaldeplassen i Elvegata istadenfor å nytte GS-systemet lengre aust. Dei ber SVV vurdere fysiske hinder som gjer 'villkryssing' mindre attraktivt inntil ein eventuell fotgjengerovergang er på plass vest for haldeplassane.
SVV opplyser at byggetiltaket ikkje vil påføre meir vatn i bekken gjennom campus. Bekken toler ikkje større vassføring, dette er særskilt knytt til dimensjonering av brua inne på campus.
Slik planen føreligg er det behov for innløysing av gbnr. 19/49, erverv av areal på gbnr. 19/395, 19/396, 19/397 og 19/753, samt avtale om leige av areal til rigg- og anleggsområde.

Kommentar
Når det gjeld Statsbygg sine eigedomar, vil det som følgje av tiltaket vere behov for både permanent innløysing av eigedom og for å leige nødvendig areal til mellombelse rigg- og deponiområde.
Tilkomst frå Sjukehusvegen vert erstatta med ny tilkomst frå Nytun. Det vert her også lagt til rette for utvidingsareal til offentleg/privat tenesteyting som vil kunne kompensere for redusert p-areal.
Lenging av Nytun vil vere positivt for utviklinga på campus, og vegen vil vere dimensjonert for det nemnde behovet.
Når det gjeld Sjukehusvegen og tilhøvet til rigg- og anleggsområdet, er det eit siktemål å plassere dette med minst mogleg sjenanse for nærmiljøet, primært i høve til buande i området.
Reguleringsplanen legg opp til at støytiltak for Sjukehusvegen 6 b) blir avklara gjennom byggeplan og avtalar om innløysing av grunn før prosjektet skal gjennomførast.
Når det gjeld tilhøvet til etablering av fotgjengarkryssing i Elvegata, viser ein til innspel frå vegvesenet i samband med detaljregulering for Volda Campus Arena. Fysisk hinder for å begrense villkryssing i høve trafikksikkerheit i området, vil kunne vurderast.
Bekken som kryssar campus vert søkt ivareteke i samsvar med gjeldande reglar. Det er utarbeidd eigen flaumsikringsplan for området ovanfor Volda sentrum, der også omsynet til denne bekken inngår. Ved overføring av flaumvatn frå denne bekken til Heltneelva vil det ut frå gjennomført flaumvurdering ikkje vere behov for ekstra tiltak her.
Dialog kring innløysing av areal som følgje av plan vert starta opp når plan er godkjent og det er tilført midlar til iverksetting av tiltaket. Ikkje grunnlag for endring i plan.

Høgskulen i Volda
Høgskulen i Volda er positive til Voldatunnelen og dei overordna løysingane som er foreslått i reguleringsplanen. Det er viktig at studentar og tilsette har ein trygg og god tilkomst til campusområdet, og dei er positive til at mjuke trafikantar er godt ivaretatt med løysingane som er vist. Høgskulen er bekymra for manglande gangtilkomst til Studentsamskipnaden og ber om at gang- og sykkelvegen på motsett side av campus vert ført heilt fram til plangrensa.
Høgskulen etterlyser også fotgjengarfelt over Elvegata, og fryktar villkryssing i høve alternativet med å nytte «stjernebrua». Dei meiner at eit fotgjengarfelt over Elvegata vil betre tilkomsten til både busstoppet og Studentsamskipnaden.
Høgskulen er uroa over at det ikkje er planlagd ei løysing der ekspressbussar som køyrer E39 kan setje av/ta på passasjerar utan å køyre nedom Volda rutebilstasjon.

Ein bør vurdere eit kollektivstopp på E39-traseen mellom Rotsethorntunnelen og Voldatunnelen, slik at ein legg til rette for effektiv pendling til både høgskulen og sjukehus frå regionen. Høgskulen foreslår også ei form for «snu-løysing» via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdegen.
Høgskulen er positive til at planen viser ny tilkomst til Berte Kanutte-bygget og det nye mediebygget via Nytun, og vidare at det er lagt til rette for tilkomst til Ivar Aasen-huset og framtidig kunnskapspark via Nytun. Dei peikar også påbehovet for tilkomst til Ivar Aasen-huset via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata.
Høgskulen nøgd med at ein har gjort ei grundig berekning av støyforhold, og at tiltak for å sikre tilhøva for undervisning i høgskulebygga nærast sjukehuskrysset skal vurderast.

Kommentar
Når det gjeld gangtilkomst til Studentsamskipnaden, er g/s veg no ført heilt fram til innkjørsel/plangrense slik at ein kan kome til Studentsamskipnaden utan å krysse i Elvegata. Fotgjengarkryssing i Elvegata og vidareføring av fortau ned til brua over Øyraelva må takast opp som eiga plansak, jamfør innspel frå vegvesenet i samband med plan for Volda Campus Arena.
I følgje Møre og Romsdal fylkeskommune, som har ansvar for kollektivtransporten, vil bussane gå via Volda sentrum (busstasjon/ferje m.v). og vil ha gode stopp ved viste busslommer i Elvegata.
Kollektivstopp på Austefjordvegen på strekninga mellom Rotsethorntunnelen og avkøyring til Myravegen er ikkje med i planen. Dette er basert på dei løysingar for kollektivtilbodet som Møre og Romsdal fykeskommune legg til grunn, og vil heller ikkje vere innanfor varsla planområde for E39 Volda-Furene.
Skulle dette bli endra over tid, vil stopp i Furene vere aktuelt. Kommunen opplyser at det alternativt vil vere rom for å etablere busslomme på Rotset, ved idrettsområdet. Alternative løysingar der bussen kan køyre av E39, setje av/ta på passasjerar, og returnere til E39, til dømes via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdvegen, er vurdert som ei lite aktuell løysing for framtida, då denne mellom anna vil seinke framdrifta for bussen.
Løysingar for tilkomst til Ivar Aasen-huset via Nytun og via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata vil kunne sikrast ut frå vegsystema lagt inn i plan. Detaljar knytt til løysingar for dette og gjennomføring vil vere del av detaljregulering for området, og eigne investeringar for intern infrastruktur. Gjennomføring av slikt vegprosjekt fell utanfor E39-prosjektet.Støytiltak på undervisningsbygningane nærast E39 vert ivareteke gjennom gjeldande føresegner til plan, og detaljvurdert som del av byggeplanlegginga. Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

Lillian Lotsberg
Lotsberg skriv at intensjonen i planen om å utvikle eit forretnings- og bustadområde, blir hindra ved måten utnyttingsgraden er bestemt. Slik føresegnene står, vil maksimal utnytting vere 50 % av arealet x3. Men sidan forma på ei forretning og ein bustad er så ulik, vil ein ikkje kunne oppnå maksimal utnytting av kombinasjonen.
Dersom utnyttingsgraden i staden vert oppgitt i % BRA og ei maksimal kotehøgde tilsvarande 4 etasjar vil ein kunne oppnå både betre bustader og betre forretningar.
Vedlegg: sjå bilete i planomtalen.

Kommentar
Ei slik utnytting som Lotsberg viser til, er fullt ut mogleg å bruke for dette området med kombinert bebyggelse. Området har imidlertid blanda bebyggelse allereie i dag og det er uavklara korleis området skal utviklast vidare, - som samla utbyggingsområde eller delutbygging innanfor eksisterande eigedomstilhøve.
Kommunen vel å halde fast ved utnytting for området som angitt i plan, men har i føresegnene auka utnyttingsgraden til BYA 60 %. Det vert også teke inn ein utvida del av

føresegn til plan som viser til nedfelte retningsliner i kommuneplan og kommunen sine vedtekter om krav til parkeringsdekning og krav til uteareal for bustader, jf. § 4.4 andre avsnitt. Jf. Justerte føresegner.

Vikebygdvegen 4 AS og V4-Mat AS
For Vb4/V4-Mat er det viktig å kunne bygge ny forretning og vere sikre på å få tilkomst til Vikebygdvegen fram til vegane i reguleringsplanen har blitt bygde. Dei ønskjer ei midlertidig godkjenning for avkøyring frå Vikebygdvegen til BKB3 ved ev. utbygging av ny butikk før ny endeleg tilkomst er etablert, denne kan alternativt kome mellom dagens Kiwi butikk (gbnr.19/211) og naboeigedomen gbnr. 19/252.
Når det gjeld BKB3, støttar dei at det kombinerte utbyggingsområdet er utvida. Vb4/V4-Mat ber om at utnyttingsgraden vert vurdert auka frå 50 % til minst 60 %. Ved å legge til rette for parkeringskjellar vil det framleis vere betydeleg grøntareal i området.
Vb4/V4-Mat meiner det er grunnlag for ei avvikande byggegrense for BKB3 samanlikna med veglova sine avstandar, sidan kryss/veg blir liggande betydeleg lågare enn bakkenivå. Dei ønskjer forutsigbarheit på dette punktet, slik at det kan leggast til grunn i detaljreguleringa.
Vb4/V4-Mat forstår kart og føresegner slik at det er krav om felles detaljregulering for felt BKB3 jfr. § 4.3. Dei ønskjer stadfesta at kravet til felles plan kun gjeld BKB3, og at det ikkje er meininga at felt BKB1, 2 og 3 skal inngå i én felles plan, - jfr § 9.5.
Når det gjeld BKB1 og 2 ønskjer dei ikkje bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt behov for omsorg- og sosialbustadar, samt eventuelle erstatningsbygg for bustader som må rivast som følgje av framføring av veg i/til området.
Vb4/V4-Mat ber om at begrensinga m.o.t bustader i BKB1 og 2 vert tatt bort slik at det kan etablerast bustader tilsvarande som på BKB3. Lokalisering av omsorgs- og sosialbustader kan skje som bustader i hus som delvis også omfattar andre målgrupper. På desse to områda er utnyttingsgraden BYA 30 %, og dei ber om at utnyttingsgraden vert auka t.d. tilsvarande som for BKB3.
I overskriftene til §§ 4.2 og 4.3 er det ikkje presisert kva feltnummer det gjeld, samt at det ikkje er presisert i teksten at § 4.2 gjeld felt BKB1 og BKB2. Dei ber om ei presisering i overskrift og i føresegnene. Dei ønskjer også å få bekrefta at det berre er § 4.3 som er styrande for BKB3 m.o.t. arealformål, utnytting mv.
Dei reknar med at det vil vere rom for mindre justeringar av tilkomstveg til eigedomane i BKB3 ved detaljregulering av området. Dei ønskjer at vegarma nord frå samlevegen går langs eiegedomsgrensa til 19/611.
Vb4/V4-Mat merkar seg at planen gir rom for etablering av forretningar arealmessig utover det forskrifta om detaljhandel gir rom for. Dette vil gjelde i endå større grad dersom også utbyggingsområdet iflg. kommuneplanen vidare framover langs elva også blir «Kombinert bygge og anleggsformål». Det hadde vore bra om det frå kommunen si side vart signalisert litt klarare enn planen angir, dersom det er ønskjeleg at det vert satsa på å optimalisere moglegheitene for utbygging til forretningsformål i desse områda.
Vb4/V4-Mat seier at dei etter kvart vil ha spørsmål knytt til erstatning både m.o.t ulempe og grunnavståing, både som drivarar av forretningsverksemd og som grunneigarar.

Kommentar
Spørsmål om eventuell mellombels tilkomst og utbygging med tilkomst til Vikebygdvegen fram til vegar etter godkjent plan er på plass, må handsamast gjennom direkte søknad og ei konkret vurdering i høve til planlagt utbygging på området og konsekvensar i høve til godkjent vegplan. I utgangspunktet er ein positive til å legge til rette for ei snarleg utbygging på området. Dette må i tilfelle løysast ved dispensasjon frå plan, og gir ikkje grunn til endringar i plan eller føresegner no.
Utbyggingsområde for bustad/forretning/kontor BKB3, er i justert plan auka frå 50 % BYA til 60% BYA, og med tillate utbygging med inntil 3 etasjar.
Byggegrenser for område BKB3 er innlagt i revidert plankart og tilpassa sikt i kryssområda.

Kommunen stadfestar at kart og føresegner set krav om felles detaljregulering for felt BKB3 jfr. § 4.3. , og at det ikkje er meininga at felt BKB1, 2 og 3 skal inngå i én felles plan, jfr. § 9.5.
Kommuneadministrasjonen finn med grunnlag i gjeldande overordna plan ikkje å kunne tilrå ei endring av formålet i dei aktuelle områda ut over det som går fram av gjeldande føresegner. Ein er elles samd i at lokalisering av omsorgs- og sosialbustader kan skje som bustader i hus som delvis også omfattar andre målgrupper.
Utnyttingsgraden for BKB1 og BKB2 er auka frå BYA 30 % til BYA 40 %.
Overskriftene til §§ 4.2 , 4.3 og 4.4 vert retta opp slik at det går klart fram kva areal det gjeld også i overskrifta.
Det vil vere rom for mindre justeringar av vegføringa for den nye tilkomstvegen for eigedomane som inngår i BKB3 ved detaljreguleringa av området. Om vegen kan leggast nærare inn mot grensa til 19/611 er vurdert ut frå planlagt arealbruk innan BKB3 og omsyn til vinkel og kurvatur i rundkøyringa.
Føresegnene § 4.6 gir begrensingar i forretningsdelen på områda BKB1-3. Utnyttingsgraden er derimot knytt til eit kombinert formål.
I framlegg til ny kommuneplan/arealdel er det framlegg om auka arealgrense for detaljhandel i den ytre sentrumskjerna, der også desse areala inngår. Plan er ikkje vedteken enno, men vi legg likevel inn justeringar i reguleringsføresegnene no som viser til slike endra føresetnader i kommuneplanen sin arealdel, jf. føresegnene § 4.6.
Når det gjeld spørsmål knytt til erstatning m.o.t ulempe og grunnavståing som ein ønskjer å få avklara, er dette problemstillingar som kommunen i samråd med Statens vegvesen vil ta tak i når det er stadfesta at tiltaket skal gjennomførast. Endringa er teke inn i justert plankart og justerte føresegner.

Svein Holmen, Heltnevegen 9
Holmen er redd framskrivingane av trafikktala på dei kommunale vegane i og utanfor planområdet er underestimerte, og at kryss og støytiltak innanfor planområdet kanskje er for dårleg dimensjonerte. Frå krysset og opp langs Heltnevegen er stigninga opptil 12,5%, dette meiner Holmen ikkje burde vere akseptert på ein såpass stor tilkomstveg. Han nemner også utfordringar vinterstid, og at det på glatte dagar ofte er kaos sjølv med «rennafart» heilt nedanfrå.
Støyberekningane bygg på ÅDT 6720 (år 2041) i nedre del av Heltnevegen og ÅDT 5150 frå Heltnevegen mot Kårstadvegen. Holmen trur ruta Kårstadvegen – Heltnevegen – Sjukehuskrysset – tunnelen vil bli ei av dei mest nytta rutene for lokaltrafikk til og frå Ørsta. Holmen er redd at trafikktala er for lave i krysset Heltnevegen/Kårstadvegen. Han hevdar at vegen er justert 5-6m sørover i forhold til støykartet (skisse 1) For deira eigedom 19/736 vil då >65dB-sona kome nærare mot bustadhuset, og >50dB -sona vil dekke heile utearealet. Dei krev støy- og innsyns-skjerming langs heile aust- og nordgrensa på tomta (skisse 2).
Holmen viser til at han overtok eigedomen i 1992 og at dei med tida har vorte innringa av institusjonar og sterkt trafikerte vegar. Med forlenging av Kårstadvegen med stor gjennomgangstrafikk, vert eigedomen heilt omringa og avsondra frå det som er att av vanleg bustadmiljø. Holmen seier at tunet med dette vert mindre salgbart som familiebustad og anslår eit verditap.
I tillegg til kompensasjon for direkte påførte ulemper (støyskjerming/avkøyrsle) vil Holmen difor også krevje kompensasjon for verditap i høve marknaden. Han seier at eit slikt krav evt. vil bli fremja etter godkjenning av planen på grunnlag av meklarvurderingar.

Kommentar
Gatestandard er lagt til grunn for dimensjonering/tverrsnitt av dei aktuelle vegane, og dermed vil ikkje årsdøgntrafikken vere utslagsgivande. Kryssa er dimensjonert for vogntog.
Ved berekna trafikkmengder vert uteområdet på eigedomen til Holmen dels liggande innanfor gul støysone. Det er i planframlegget no lagt inn støy-/innsynsskjerm langs både

aust- og nordsida av eigedomen. Skjerm må nærare tilpassast i byggeplanlegginga i høve siktliner for kryss og avkjørsler.
Tilkomst til eigedomen er no plassert lengre vest, i tråd med grunneigar sitt ønskje.
Spørsmål om verditap på eigedomen som følgje av tiltaket vert å ta opp i høve avtale om grunnavståing når tiltaket skal realiserast. Endringa er teke inn i justert plan.

Studentsamskipnaden v/Jan Henning Egset
Studentsamskipnaden er uroa for at tilkomsten til deira kontor i Elvegata 24 ikkje er betre ivaretatt i reguleringsplanen, og ønskjer at gang- og sykkelvegen sør for Elvegata vert ført heilt fram til plangrensa.
Dei ønskjer også at det vert laga fotgjengarfelt over Elvegata slik at det vert tryggare å krysse vegen.
Studentsamskipnaden eig tre hus i Vikebygdvegen som er regulert bort i planen. Dei påpeikar at det er viktig med ei rask avklaring på eventuell innløysing av eigedommane.
Fleire av samskipnaden sine hus i området er foreslått støyskjerma. Samskipnaden går ut frå at desse tiltaka vert gjennomført tidleg i vegprosjektet og at tiltak kan utførast i periodar som gir minst mogleg belastning for leigebuarane.
Samskipnaden peikar på at kollektivløysingar må legge til rette for at studentar som bur nær campus lettare kan nytte bussen.

Kommentar
I reguleringsplanen er no gang- og sykkelvegen ved busshaldeplassen på sørsida av Elvegata ført heilt fram til grensa for reguleringsplanen, slik at ein kan kome frå busstopp og «stjernebrua» til Studentsamskipnaden utan å krysse Elvegata.
Fotgjengarfelt over Elvegata i dette området vert ikkje lagt inn i planen. Spørsmålet har vore vurdert i samband med reguleringsplan for Volda Campus Arena. Statens vegvesen har gitt følgjande uttale:
«Statens vegvesen meiner den utlagde detaljreguleringsplanen ikkje løyser problem knytt til trafikkfarleg fotgjengarkryssing av E39 som følgje av at blant anna studentsamskipnaden er lokalisert på feil side av vegen. Ei god løysing av gangtrafikk over E39 lar seg vanskelig løyse i denne reguleringsplanen sidan eksisterande passeringslomme ikkje kan sanerast bort. Trafikksikkerheitsomsyn tilseier at det ikkje kan etablerast overgangsfelt for nær opp til passeringslomma, og heller ikkje for nær busslommer. Tilrettelagt fotgjengarkryssing bør i dette området vurderast nærare i eigen plan for etablering av ny(e) fotgjengarovergang(ar), basert på regelverket i vegtrafikklova. Planen bør vurdere ei strekning på om lag 300m frå kryss E39/Anders Vassbotnvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset.» Spørsmål om etablering av fotgjengarkryssing her er såleis ikkje tema i denne reguleringsplanen.
Spørsmål om grunnavståing og eventuell innløysing av bortregulerte hus vert å ta opp når tiltaket skal realiserast, jf. elles reglane i PBL § 15-2.
Det er ikkje foreslått støyskjerming for dei aktuelle bygningane. I støyrapporten ligg nokre av bygningane i gul sone og er registrert som bygningar som skal vurderast. Dette vert ei vurdering i høve behov for fasademessige tiltak, og slik vurderingar vil bli gjort i samband med utarbeiding av byggeplan. Eventuelle tiltak vil bli søkt gjennomført tidleg i vegprosjektet og i periodar som gir minst mogleg belastning for leigebuarane.
Kollektivløysingar er gjort nærare greie for i tilknyting til justert plan og ein viser til dette. Endringar går fram av justert plankart.

Gbnr. 19/34 - Elvegata 34 v/Are Halkjelsvik
Halkjelsvik ber om at tilkomsten til eigedom 19/34 vert flytta nord for Myravegen 6 ved at gangveg SGS4 har blanda formål dei første metrane, og at tilkomsten kan løysast i byggeperioden.
Halkjelsvik viser til at gbnr. 19/34 er sterkt råka av tiltaket. Bygningane er SEFRAK registrerte og nemnt særskilt i punkt 6.3.2 i planomtalen med vurderingar rundt flytting eller

innløysing. 19/34 er også nemnt i punkt 6.10 der riving er sett på som alternativ på grunn av mellombels anleggsveg og påfølgande sykkelrampe. Grunneigarane er kjent med alternativa i planen, men vil kome tilbake på dette i samband med vedtak om gjennomføring og framtidig bruk av område 19/34 som del av BKB4. Uansett val vil infrastrukturen i form av vatn/avløp/straum og telekommunikasjon som i dag forsyner bygningane på 19/34 måtte endrast, og dei føreset at dette vert gjort etter nærare avtale i gjennomføringsfasen. Byggegrenser mot europaveg og kommunale vegar vert å ta vidare i detaljreguleringsplanlegginga.

Kommentar
Tilkomst til gbnr. 19/34/byggeområde BKB4 er no endra i plankartet, og plassert nord for gbnr. 19/205 (Myravegen 6), ved at gangvegen SGS4 har formål blanda trafikk dei første metrane frå kommunal veg. Ny tilkomst må etablerast i byggeperioden.
I forhold til formålet på BKB4 er det lagt til rette for ei transformering av området dersom grunneigarane ønskjer dette. Ein må forutsette at infrastruktur vert ivareteke ved vegutbygging ved at nemnde infrastruktur blir framført til arealet etter nærare av avtale i gjennomføringsfasen.
Når det gjeld byggegrense mot veg er denne lagt inn i plankartet. Arealbruk internt på området bør takast med i ei nærare vurdering av byggegrenser i detaljreguleringa for BKB4.

Signe S. og Atgeir Almestad, gbnr. 19/252
Almestad ønskjer at den innregulerte tilkomstvegen til gbnr. 19/252 og gbnr. 19/229 og eventuelt også gbnr. 19/611 som skal erstatte tilkomst frå Vikebygdvegen vert lagt i bytet mellom gbnr. 19/252 og 19/611, og ikkje fullt ut inn på Almestad si tomt slik plankartet syner.
Almestad har også synspunkt på utnyttingsgrad i området. Dei ønskjer denne auka frå BYA 50 % til BYA 60 % sidan området er sentralt både for bustad og forretning.

Kommentar
Tilkomstveg til eigedomane gbnr. 19/252 og gbnr. 19/229 er no lagt i bytet mellom gbnr. 19/252 og 19/611
Utnyttingsgraden for området er endra til BYA 60% jamfør også andre merknader til planen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen seier innleiingsvis at det har vore ein lang prosess med fleire drøftingsmøter for å kome fram til ei løysing i Furene som ivaretek nødvendige omsyn til særleg hjortetrekket og landbruk. Etter deira oppfatning har prosessen gitt eit godt resultat, og ein har no funne fram til den kanskje best moglege løysinga for vegprosjektet.
Under tema natur- og miljøvern seier føresegnene punkt 2.3 at det skal settast opp viltgjerde rundt veganlegget i Furene, og at utstrekning og utforming av gjerdet skal fastsettast i samråd med kommunen og Fylkesmannen si miljøavdeling. Fylkesmannen minner om at ein også må sikre omsynet til viltet/hjortetrekket i anleggsperioden gjennom rekkefølgjekrava som skal sikre at det er utarbeidd ein ytre miljøplan (punkt 10.1) Dette gjeld tiltak både i planområdet og utanfor planområdet. Tilsvarande for punkt 8.3, (bevaring naturmiljø, H560), siste avsnitt, som også må gjelde i anleggsperioden Fram til føresegnene er endra på dette punktet, har vi motsegn til planen.
Bustad gbnr. 14/1 i Furene ligg i gul støysone. Sidan vurdert skjerming ved utløpet av tunnelen sør for vegen vil ha svært begrensa effekt for berørte bustad, må det vurderast lokale tiltak for bustadhus og uteopphaldsareal i byggefasen. Det må sikrast i føresegnene at gbnr. 14/1 får tilbod om skjerming av uteplassar og fasadeutbetringar som sikrar tilfredsstillande støytilhøve. På Voldasida av tunnelopninga skal områda rundt detaljregulerast. Men sidan vegen er støykjelda, må det gå fram av områdereguleringa kva støytiltak som er naudsynt for at eksisterande bygningar får tilstrekkjeleg gode støyforhold, og ev. kva gnr/bnr som skal få

tilbod om lokale støytiltak. Plankart og føresegner må endrast slik at støykrava blir sikra, i samsvar med det som har kome fram gjennom den støyfaglege utgreiinga. Fylkesmannen har motsegn til planen inntil føresegner og plankart er endra i samsvar med dette.
Når det gjeld landbruk, er det i føresegnene punkt 6.1 nemnt landbruksføremål som LS. I plankartet står det LL, og dei legg til grunn at det er ein skrivefeil i føresegnene.
I føresegnene punkt 2.1, 3. avsnitt, står det at mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet. Dette krev ei presisering. Der dei mellombelse områda gjeld dyrkajord, skal arealet tilbakeførast til dyrkajord, og ikkje berre til landbruksføremål, som er eit vidare begrep. Det må stillast krav i føresegnene til korleis dette skal gjerast for å sikre at resultatet blir fullgodt med opprinneleg areal. Dette gjeld også meir presise krav til tilsåing og helling på skjeringar og fyllingar, slik at ein sikrar at ein oppnår eit landbruksareal som er eigna til grasproduksjon der det er aktuelt. Fram til føresegnene oppfyller desse krava, har fylkesmannen motsegn til planen.
Det går ikkje fram av planomtalen kor mykje dyrka jord som går tapt på permanent basis. Dette bør gå fram av plandokumenta.
Når det gjeld samfunnstryggleik, viser Fylkesmannen til at den reelle skredfaren ikkje er vurdert. Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for skred. Fylkesmannen er samd med Statens vegvesen om at planen ideelt sett burde avklare den reelle skredfaren. I dette tilfellet argumenterer SVV med at den potensielle skredfaren likevel ivaretakast tilstrekkeleg gjennom m.a. krav til detaljregulering, og forbod mot tiltak innanfor aktsemdsområde inntil detaljregulering og avklaring av reell skredfare. Fylkesmannen ser at NVE sine retningsliner i «Flaum- og skredfare i arealplanar» opnar for ein slik framgangsmåte for å ivareta tryggleikskrava i byggteknisk forskrift.
Planføresegnene knytt til omsynssone for skred omfattar ikkje tiltak i tryggleiksklasse S1. Det kjem ikkje fram av planen kvifor S1-tiltak er utelukka frå det same kravet som S2- og S3-tiltak. Dersom Statens vegvesen har avklart at den potensielle skredfaren mot planområdet er lågare enn 1/100 (tryggleikskravet for S1-tiltak), må dette kome tydelegare fram i planen. Fylkesmannen rår til at føresegna set krav om at det ikkje kan gjennomførast tiltak før området er detaljregulert og reell skredfare er avklart.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motsegn til planframlegget inntil plankart og føresegner er endra slik det går fram av merknaden.

Kommentar
Tilhøvet til hjortetrekket har hatt særskilt merksemd ved planlegging av vegløysing i Furene. Det er tatt inn rekkefølgjekrav i ny § 11.3 som sikrar at tiltakshavar i samarbeid med kommunen etablerer eit system som fortløpande kan vurdere og iverksette risikoreduserande tiltak langs E39 i anleggsperioden som følgje av endra trekkmønster av hjort. Rammene for eventuelle tiltak blir nærare fastlagt i plan for ytre miljø. Det er vidare tatt inn krav om avskjerming av lyssetting av anleggsområdet. Utanfor anleggsområda gjeld krava i omsynssoner H560_# også i anleggsperioden. Endringane er klarert med fylkesmannen i høve til at det er fremma motsegn til planen på dette punktet.
Støyskjermar som er vurdert som aktuelle er lagt inn i plankartet. § 3.4 er endra slik at lokal skjerming blir sikra for dei eigedomane som ikkje kan skjermast med ordinær støyskjerm langs veganlegget.
Skrivefeilen LS er bytta ut med riktig kode LL.
Tilbakeføring av dyrka mark er presisert betre i § 3.1.
Omtalen av verknader for naturressursar i avsnitt 6.11 er supplert med tal for kor mykje dyrka jord som permanent blir omdisponert.
S1-tiltak er inkludert i § 9.6 i føresegnene. Jf endra plankart og føresegner.

Ørsta kommune
Ørsta kommune har handsama plansaka i Ørsta formannskap 28.11.2017, sak PS 154/17. Ein viser til vedlegg for komplett saksutgreiing.

Ørsta kommune skriv i sitt vedtak at planområdet burde vore utvida for å redusere risiko for ulykker og betre tilrettelegginga for kollektivtransport.
Vidare at arealformålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda-Furene må endrast til LNF naturføremål og bruken som anlegg og riggområde her må reduserast så langt som råd.

Kommentar
I Furene er planavgrensinga redusert samanlikna med kommunedelplanen frå 2014. Grensa i framlagd plan er lagt til søraust-sida av eksisterande E39. Utviding av planområdet er uaktuelt no.
Det er i samråd med Volda kommune konkludert med at ny regulering i Furene, som mellom anna har utfordringar knytt til kryssløysing/tilkomstar og betre tilrettelegging for kollektiv, bør gjerast gjennom ein eigen reguleringsplan.
I planomtalen/føresegnene delkapittel 6.9.2 går det fram at bruken som anleggs- og riggområde skal haldast på eit så begrensa omfang som råd er. Arealføremålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda – Furene er no endra til LNF – naturføremål. Bruken av dette området som anleggs- og riggområde vert å redusere så langt som råd. Omsynssone H_560 naturmiljø vil ivareta funksjonen som tilførselsområde til viltovergangen, sjå føresegnene § 9.3.

Konklusjon:
Etter avklaringar av motsegner fremja av NVE, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Fylkesmannenn er det berre mindre endringar i plan som ein fann naudsynt etter offentleg ettersyn.
Endringane er innarbeidde i justert planframlegg sist datert 4. april 2018.
Endringane er av mindre vesentleg karakter og ein finn ikkje at dette gir behov for nytt offentleg ettersyn. Planen kan såleis slutthandsamast av kommunen.

I tillegg til endringane i plankart og føresegner er det i planomtalen teke inn justert tekst knytt til alternative løysingar for massedeponi i Volda-området. Dette med grunnlag i pågåande vurdering av slike deponiareal i samband med planprosess – kommuneplanen sin arealdel. Jf. Planomtalen pkt. 6.14.4 og 6.14.5.

Økonomiske konsekvensar:
Dei økonomiske konsekvensane av tiltaket er i hovudsak gjennomgått i plandokumentet og eg viser til pkt 8. her , der dette er omtalt.
Samla kostnad for eit første byggesteg vil vere. 1142 mill kr.
Basert på ei førebels kalkyle i kommunedelplan på 900 mill kr., vart det i NTP for perioden 2019 - 28 sett av 600mill kr. i statlege midlar. Dette under føresetnad av at resten 300 mill kr vart finansiert ved bompengar.
Kommunestyra i Volda og Ørsta har gjort prinsippvedtak om slik bompengefinansiering.
Det er vidare i samråd med St. Vegvesen teke initiativ til utvikling av ein bompengepakke for Volda/Ørsta.
Det er etablert ei felles styringsgruppe og administyrativ arbeidsgruppe for å utforme grunnlag for ein endeleg bompengepake for Volda /Ørsta, der m.a. E39 Volda -Furene er det bærande element.
Dette arbeidet går paralelt med planprosessen. For å sikre statleg andel i finansieringa må også bompengesøknad vere innsendt og godkjent.
Dette kjem opp som eiga sak seinare.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Gjennom planløysinga vil ein oppnå eit betre hovudvegsystem og betre løysingar for lokaltrafikk, og gåande/syklande noko som vil vere positivt.
Fylkesmannen sitt skjema for ROS-vurdering er nytta og ligg ved plandokumentet.
Ras og flaum avklaring er gjennomført som del av planprosessen og teke omsyn til i tilhøyrande omsynssoner.
Det er gjennomført naudsynte vurderingar knytt til støy og luftkvalitet i området- Støyutredning for E39 Volda-Furene, Rambøll AS, mars 2017 og vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017.

Omsyn til avrenning frå veg og tunell både i anleggsfase og i høve til drift vert særleg teke omsyn til som del av plan/byggeplan.

Tunnellen er definert som eit eige brannobjekt og må ha si eiga tryggleiksklarering. Dette vil bli gjennomført i samband med bygginga. Alle forhold knytt til brann i tunnel vil då bli tatt i vare. I tillegg til tryggleiksutrustinga i tunnelen vil også tilgjengelege utrykkingsressursar verke inn på konsekvensar av tunnelbrann. I Volda er det tilgjengelege brannvernressursar om lag 600 meter frå tunnelportalen. Tilsvarande frå Ørsta-sida vil vere om lag 5,5 km til portal i Furene. Eventuell omkøyring går via dagens E39. Ambulansar lokalisert ved Volda sjukehus, sentralt i høve tunnelen. Konsekvensane av ein tunnelbrann kan vere svært store, avhengig av situasjon. Lengda på tunnelen forsterkar dette. Endeleg vurdering av om eksisterande utrykkingskapasitet er tilstrekkjeleg, må skje i samband med tryggleiksklareringa.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Går som melding til Statens Vegvesen og planseksjonen -sektor Utvikling for kunngjering av planvedtak i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.

Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Astrid Eide Stavseng / 91748468	16/28947-95		10.04.2018

Oversending av reguleringsplan E39 Volda-Furene for slutthandsaming og vedtak.

Statens vegvesen sender med dette over endeleg planforslag for E39 Volda-Furene for politisk slutthandsaming.

Merknadane frå offentleg ettersyn hausten 2017 er oppsummert og vurdert i kapittel 9.2. i planomtalen. Fylkesmannen hadde motsegn til planen 24.11.2017. Planen er endra i samsvar med merknadene, og Fylkesmannen trekte motsegna i brev 06.04.2018.

Følgjande endringar er gjort i planen:

Plankartet:

Volda:

- Privat veg og kollektivløysing ved Volda sjukehus er teke ut av reguleringsplanen.
- Fortau o_SGS4 langs sørsida av Elvegata er forlenga fram til tilkomstveg til 19/627 m.fl.
- Det er gjort ei mindre justering av intern veg frå samleveg i BKB3 i tråd med merknader.
- På gbnr. 19/736 i Heltnevegen er støy- og innsynsskjerm lagt inn. Tilkomsten er også noko justert etter merknad frå grunneigar.
- Anna trafikkområde er noko utvida ved grøntområde G2 for å stette siktkrava ved etablering av støyskjerm langs gbnr. 20/476 på sør- og vestside av eigedomen.
- Byggegrense på område BKB3 og BKB4 er spesifisert og lagt inn i plankartet.
- Tilkomst til byggeområde BKB4/gbnr. 19/34 er flytta frå sør for gbnr. 19/205 til nord for denne ved o_SGS4 etter innkomne merknader.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Furene:

- LNF- Naturføremål LNA erstattar landbruksføremål LL på området mellom ny E39 og kommunegrensa/plangrensa for å sikre vilttrekk inn mot viltovergangen etter merknad frå Ørsta kommune. Viltomsyna er sikra i føresegner knytt direkte til arealformålet (§ 6.1), og omsynssone H560 er tatt bort på dette arealet.

Reguleringsføresegnene:

- Ein trykkfeil ved offentleg ettersyn gjer at nummereringa er endra f.o.m. (ny) § 3.
- Tilbakeføring av landbruksareal er presisert betre i § 3.1. Dette gjeld både kva areal dette gjeld, og korleis det skal utførast.
- § 3.4 er utvida slik at støykrava er sikra i samsvar med merknad frå Fylkesmannen.
- I § 4.2 er det spesifisert at området ikkje kan byggast ut før ny E39 er utbygd.
- I § 4.3. er det tatt inn eit tillegg om at det skal sikrast løysing for vidareføring av samleveg med gangveg til områda aust for planområdet. Utnyttingsgraden for BKB1-2 er auka frå BYA 30 % til BYA 40 %.
- I § 4.4 er utnyttingsgraden for BKB3 auka frå BYA 50 % til BYA 60 %.
- I §§ 4.4 og 4.5 er det tatt inn tekst om leik- og uteopphaldsareal jf. Teknisk forskrift (TEK 17) og kommunen sine retningsliner.
- Vurdering av erosjonsfare er tatt inn som eit moment i §§ 4.5 og 4.6.
- Vurdering av grunntilhøve er tatt inn særskilt i §§ 4.5 og 4.6 for dei områda som ligg på marine strandavsetningar.
- § 4.7 er korrigert i høve grensa for detaljhandel med visning til gjeldande kommuneplan eller fylkesdelplan for senterstruktur.
- I § 9.6 er tiltak i tryggleiksklasse S1 tatt inn i føresegna.
- Det er tatt inn ny § 11.3 med rekkefølgjekrav som sikrar viltomsyn i anleggs-perioden, og § 10.1 er supplert med nokre konkrete viltkrav.

Planomtalen:

- Delkapittel 4.10 er oppdatert i høve grunntilhøve og marine strandavsetningar etter merknad frå NVE.
- Delkapittel 6.4 Byggegrenser er oppdatert kva gjeld spesifiserte byggegrenser.
- I delkapittel 6.11 Naturressursar går det fram kor mykje netto permanent dyrka mark utbygginga beslaglegg, samt presisering knytt til tilbakeføring av jord, etter merknad frå Fylkesmannen.
- Delkapittel 6.12 er supplert med oversikt over kva eigedomar som er aktuelle for vurdering av støytiltak i byggeplanlegging.
- Delkapittel 6.14 Massehandtering og deponi er supplert med nokre fleire alternativ etter innspel frå Volda kommune.
- Områdenemningane i ROS-analysen i kapittel 7 er retta opp etter merknad frå NVE.
- Når det gjeld overflatevatn og drivevatn frå tunnelen, er bindinga mellom § 10.1 i føresegnene og kapittel 8.6 i planomtalen gjort sterkare, jf. merknad frå Fylkesmannen.
- Det er tatt inn nytt delkapittel 9.2 Merknader ved høyring og offentleg ettersyn.

- Illustrasjonane er oppdatert.
- Mindre justeringar og språkmessige rettingar, samt tilpassing til anna planfase/endeleg dokument. Sistnemnde gjeld kapittel 1 Innleiing og kapittel 3 Planprosess og medverknad.

Statens vegvesen ber om at saka vert teken opp til slutthandsaming. Vi gir gjerne ei orientering i samband med dette om det er ønskjeleg.

Med helsing

Statens vegvesen Region midt

Astrid Eide Stavseng
Prosjektleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Statens vegvesen

Volda kommune

REGULERINGSPLAN

E39

Volda - Furene

Volda kommune

Saksbehandling etter plan- og bygningslova

Melding om oppstart av planarbeid..... 7. april 2016
Vedtak om offentleg ettersyn i formannskapet, PS 152/17..... 2. oktober 2017
Offentleg ettersyn..... 9. oktober - 24. november 2017
Revidert etter innkomne merknader ..... 4. april 2018



Region midt
Vegavdeling Møre og Romsdal
April 2018

INNHALD

Planomtale
Reguleringsføresegner
Plan Volda ..... Blad 1/8
Plan tunnel ..... Blad 2/8
Blad 3/8
Blad 4/8
Blad 5/8
Blad 6/8
Blad 7/8
Plan Furene ..... Blad 8/8
Plan Furene: Anlegg- og riggområder ..... Blad 8-1/8
Plan Furene: Sikringssoner..... Blad 8-2/8
Plan Furene: Omsynssone bevaring naturområde..... Blad 8-3/8

Planomtale

Framlegg til detaljregulering for E39 Volda-Furene i Volda kommune

Planfase: ETTER offentleg ettersyn

Nasjonal arealplan-ID: 2016001

Innhald

1 Innleiing 4
2 Bakgrunn for planframlegget 5
2.1 Planområdet 5
2.2 Områderegulering 5
2.3 Bakgrunn for utarbeiding av planframlegget 5
2.4 Mål for reguleringsplanforslaget og ferdig vegprosjekt 5
2.5 Tiltaket og tilhøvet til forskrift om konsekvensutgreiing 6
2.6 Planstatus og rammeføresetnader for planarbeidet 6
2.6.1 Kommuneplan og kommunale delplanar 6
2.6.2 Anna planlegging i området 7
2.7 Tekniske føresetnader og standardvalg 8
3 Planprosess og medverknad 8
4 Skildring av eksisterande tilhøve i planområdet 9
4.1 Områdeskildring - planområdet sitt omfang og dagens arealbruk 9
4.2 Trafikktilhøve 10
4.3 Kollektivtrafikk 10
4.4 Teknisk infrastruktur 10
4.5 Landskapsbilde og bybilde 11
4.6 Nærmiljø og friluftsliv 11
4.7 Naturmiljø og naturmangfald 12
4.7.1 Dagsone Volda 12
4.7.2 Dagsone Furene 13
4.8 Kulturminne/kulturmiljø 14
4.9 Naturressursar 15
4.10 Grunnforhold 15
4.11 Naturfare 15
4.12 Støy 16
4.13 Luft 16
5 Skildring av planforslaget 17
5.1 Utforming av veganlegget 17
5.1.1 Volda 17
5.1.2 Furene 19
5.2 Arealbruksformål 20
5.2.1 Bygningar og anlegg 20
5.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur 21
5.2.3 Grøntstruktur 21
5.2.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde 21
5.2.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag 21
5.2.6 Omsynssoner 21
5.2.7 Områdeføresegn 21
5.3 Krav om detaljregulering 21
5.4 Vurderte alternativ 22
5.4.1 Volda 22
5.4.2 Furene 24
6 Verknader av planframlegget - arealbruk og løysingar 25
6.1 Trafikkforhold og framkomst 25
6.2 Samfunnsmessige tilhøve 25
6.3 Naboar 25
6.3.1 Berørte eigedomar 25
6.3.2 Innløysing av bygningar/eigedom 25
6.3.3 Avkøyrsler og andre nabotilhøve 26
6.4 Byggegrenser 26
6.5 Gang- og sykkeltrafikk 26
6.6 Kollektivtrafikk 26
6.7 Landskap 27
6.8 Nærmiljø/friluftsliv 27
6.9 Naturmangfald 27
6.9.1 Verknader i dagsonen i Volda 27
6.9.2 Verknader i dagsonen i Furene 28
6.9.3 Framande og uønska artar (nml 28) 29
6.10 Kulturminne og kulturmiljø 29
6.11 Naturressursar 29
6.12 Støy og vibrasjonar 29
6.12.1 Generelt 29
6.12.2 Furene 31
6.12.3 Volda 31
6.13 Luft 32

6.14 Massehandtering og deponi 33
6.14.1 Mengder 33
6.14.2 Regulerte areal for rigg og mellomlager 33
6.14.3 Deponi 33
6.14.4 Verknader av massedeponi 35
6.14.5 Andre alternativ for disponering av overskotsmasser 35
6.15 Tunneldrift 36
6.15.1 Driving av tunnelen 36
6.15.2 Avløpsvatn frå tunnelen 36
7 Risiko, sårbarheit og sikkerheit – ROS analyse 36
8 Gjennomføring av framlegg til plan 39
8.1 Framdrift og finansiering 39
8.2 Utbyggingsrekkefølgje 39
8.3 Trafikkavvikling i anleggsperioden 39
8.4 Drift og vedlikehald 40
8.5 Oppfølgande undersøkingar 40
8.6 Omklassifisering av veg 40
8.7 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) og Ytre miljøplan (YM) for byggefasen 40
9 Samandrag av innspel og merknader med kommentar 41
9.1 Merknader ved oppstart av planarbeidet 41
9.2 Merknader ved høyring og offentleg ettersyn 45
10 Reguleringsføresegner – Reguleringsplan E39 Volda-Furene 54
11 Vedlegg 59
1. Framlegg til plankart, datert 01.09.2017 59
2. Illustrasjonar 59
3. Andre dokument 59

1 Innleiing

Statens vegvesen Region midt har i samarbeid med Volda kommune utarbeidd reguleringsplan for strekninga Volda-Furene på E39.

Tiltaket omfattar ny E39 mellom Volda og Furene, og inngår som eitt av fleire tiltak langs riksvegrute 4a. Strekninga mellom Volda og Furene er ca. 6,5 km lang langs dagens veg. Tiltaket ligg i hovudsak i Volda kommune, men påverkar også Ørsta kommune. Planområdet strekkjer seg frå Volda, like sør for Sjukehuskrysset på E39 og endar nord i Furene, ved kryss mellom fv. 653 og E39. Strekninga er om lag 3 500 meter på E39. I tillegg inngår utbetring og omlegging av lokalvegar og løysingar for gange og sykkel i Volda.

Reguleringsplanen viser det konkrete prosjektet så detaljert at forma på tiltaket og bruk/vern av dei areala som blir råka av utbygginga kjem klart fram. Reguleringsplan er eit nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, og gir grunnlag for eventuell ekspropriasjon av grunn.

Planen er utarbeidd som områderegulering i samsvar med Plan og bygningslova §12-2.
Kommunen har gitt Statens Vegvesen løyve til å gjennomføre slik planlegging ved vedtak i Volda Formannskap i sak 56/17 den 18.04.2017.

Planprosess, teknisk planlegging og utarbeiding av reguleringsplankart og plandokumenta elles, er såleis gjennomført av Statens vegvesen i samråd med Volda kommune.

Oppstart av planarbeidet vart varsla 07.04.2016 og annonsert i avisene Møre og Mørenytt og på kommunen og vegvesenet sine heimesider, i medhald av plan- og bygningslova (PBL) § 12-8. Det vart samstundes sendt brev med varsel om oppstart til berørte grunneigarar, organisasjonar og offentlege myndigheiter, med frist for innspel og merknader til oppstartvarselet den 20.05.2016.

I februar 2016 vart det avhelde ein idèverkstad for prosjektet, med ei rekkje inviterte deltakarar frå Ørsta og Volda kommuner ved administrativ og politisk leiing, regionale faginstansar, representantar for næringsliv, samferdsel, beredskap og nokre særskilt berørte grunneigarar.

Den formelle handsaminga skjer i samsvar med PBL §§ 3-7 og 12-10. Formannskapet i Volda kommune gjorde vedtak om utlegging til offentleg ettersyn i møte 02.10.17, sak PS 152/17.
Statens vegvesen la reguleringsforslaget ut til høyring og offentleg ettersyn i tida 09.10.-24.11.17.

Varsel om offentleg ettersyn vart kunngjort i avisene Møre og Mørenytt. Planen vart sendt til aktuelle organisasjonar, grunneigarar og andre berørte partar til uttale, samt kommunale og regionale organ som har sine fagområde å ivareta. Det vart avhelde eit ope møte og påfølgande open kontordag i Volda 6. og 7. november 2017.

Statens vegvesen har handsama alle merknader til planforslaget i samarbeid med Volda kommune, utført aktuelle justeringar i plandokumenta og sendt planen til kommunen for formell handsaming og endeleg reguleringsvedtak.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde motsegn til reguleringsplanen på nokre punkt. Det er no gjort nødvendige justeringar, og fylkesmannen har dermed formelt trekt si motsegn til planen.

Planforslaget er noko redusert i omfang etter offentleg ettersyn i høve det opphavlege planområdet. Tilrettelegging for kollektiv ved Volda sjukehus er teke ut av reguleringsplanen. Årsaka er at ingen av dei vurderte alternativa er optimale som permanent løysing. I tillegg er det per dags dato uklart korleis framtidig arealbruk i og ved sjukehuset vil bli.

Kommunen sitt vedtak kan påklagast til Miljøverndepartementet jf. plan- og bygningslova § 12-12. Avgjersleretten i klagesaker er delegert til Fylkesmannen. Eventuell klage stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal og sendast til kommunen.

Spørsmål kan rettast til Statens vegvesen Region midt:
Astrid Eide Stavseng, tlf. 22 07 30 00, e-post:
astrid.stavseng@vegvesen.no

Eller til Volda kommune:
Per Heltne, tlf. 700 58 700, e-post:
per.heltne@volda.kommune.no

Plandokumenta omfattar:

Planhefte
Planomtale datert 01.09.2017, sist revidert 04.04.18
Reguleringsføresegner datert 01.09.2017, sist revidert 19.02.18
Reguleringsplankart datert 01.09.2017, sist revidert 19.02.18

Tekniske teikningar
Plan- og profilteikningar
Illustrasjonar

Vedlegg
- Originalmerknader samla i eige hefte
- Støyutredning for E39 Volda-Furene, Rambøll AS, mars 2017
- Vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017
- Borne- og studenttrakkregistrering, SVV 2016
- Kulturminnerapport, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2017

2 Bakgrunn for planframlegget

2.1 Planområdet

Planområdet strekkjer seg frå Volda, ved Rotset, E39 og endar nord i Furene, ved kryss mellom fv. 653 og E39. Sjå nærare omtale i kapittel 4.



Figur 1 og 2 – Oversiktskart og prosjektområde E39 Volda-Furene (kjelde: www.finn.no)

2.2 Områderegulering

Reguleringsplanen er utarbeidd som ei områderegulering, jamfør plan- og bygningslova § 12-2. Grunnen til dette er at planen inneheld fleire område for bygningar og anlegg der detaljane i rammene for utbygging ikkje er avklart, og det er nødvendig å sette krav om seinare detaljregulering.

Areala sett av som område for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er vist så detaljert i planen at dei gir direkte grunnlag for utbygging, jf. krava i Statens byggtekniske etat (no Direktoratet for byggkvalitet) sin temarettleiar HO-2/2006 om offentlege veganlegg og byggjesak. Desse areala har ikkje krav om detaljregulering.

Områdeplan er i utgangspunktet ein plantype kommunen skal utarbeide, men kommunen kan overlate til andre myndigheiter eller private å utarbeide forslag til områderegulering, jf. pbl § 12-2, andre ledd. Volda kommune ved formannskapet har i vedtak 18.04.2017, sak PS 56/17, samtykka i at Statens vegvesen legg fram planen som ei områderegulering.

2.3 Bakgrunn for utarbeiding av planframlegget

Strekninga Volda-Furene ligg innanfor Rute 4a som er ein del av riksvegen mellom Kristiansand og Trondheim, 'Ferjefri E39'. I tillegg til ein nasjonal funksjon som europaveg, er vegen viktig regionalt og lokalt for mange kommunar og lokalsamfunn.

Europaveg 39 går i dag frå Kvivsvegen gjennom Volda sentrum, Hovdebygda, Ørsta sentrum og langs Vartdalstranda til Festøya. Vegen har stor positiv verknad for regionen og kommunane med tanke på transport og kommunikasjon, næringsliv og verdiskaping, men inneber også mange negative miljøkonsekvensar i form av støy og lokal forureining. Dårleg standard og reduserte fartsgrenser på den gjennomgåande transportåra E39 er saman med venting/overfart på ferjestrekningane medfører lav transportfart langs E39. Ferjeleiet til sambandet Volda-Folkestad ligg i sentrum.

E 39 er viktig for næringsliv og sysselsetjing, som bindeledd mellom regionar og landsdelar, og ikkje minst som bindeledd mellom Volda og Ørsta. Tettstaden Volda har om lag 6 000 innbyggjarar, medan det sentralt i Ørsta bur om lag 6 500 innbyggjarar. Per i dag er det om lag 1000 personar som til dagleg pendlar frå Ørsta til Volda, og tilsvarande om lag 800 som pendlar frå Volda til Ørsta.

Dagens E39 frå Høgskulen i Volda til Furene går gjennom sentrum av Volda. Som for dei fleste sentrumsområde er det trangt og mange kryss. Bilistane opplever også at det er uklare vikepliktsreglar i enkelte kryss og dette går utover trafikkavviklinga.

Med tilrettelegging for ny E39 og kortare vegstrekning mellom Volda og Furene, vil store deler av gjennomgangstrafikken gå utanfor sentrum i ny tunnel, og dette vil gje auka handlingsrom for sentrumsutvikling i Volda.

2.4 Mål for reguleringsplanforslaget og ferdig vegprosjekt

Samfunnsmål

I 2040 skal transportsystemet i korridoren vere effektivt, tilgjengeleg, påliteleg og ivareta behovet for kommunikasjon for bu- og arbeidsregionar (frå KVU Ferjefri E39 Skei-Bergsøya).

Effektmål

- Redusere reisetida på E39 mellom Volda og Furene
- Redusert ulykkesrisiko på strekninga mellom Volda og Furene for alle trafikantgrupper
- Betra tilrettelegging for kollektivtransport, gåande og syklande
- Ivareta miljø og landskap langs strekninga i samspel med nærområda. Her under:
  - Støytilhøve innanfor anbefalte grenseverdiar i T-1442 langs ny E39. Redusere antall personer med innendørs støynivå over 38 dB og støyplage utendørs (SPI) langs dagens E39 gjennom Volda sentrum
  - I størst mogleg grad ivareta kulturminner og biologisk mangfald

Planen skal vise alle arealinngrep som er nødvendige i samband med bygging av nemnde tiltak. Dette gjeld hovudveg med fylling og skjering, avkøyrsler, driftsavkøyrsler, eventuelle støyskjermingsområde og busslommer. Reguleringsplanen gir heimel til å gjennomføre nødvendige tiltak i tråd med plan.

2.5 Tiltaket og tilhøvet til forskrift om konsekvensutgreiing

I samband med planlegging av kommunedelplan for E39 Volda–Furene, vart det utarbeidd ei konsekvensutgreiing. Tre hovudalternativ for ny E39 trasé er utgreidd. I kommunedelplanen vart trasé A3 endeleg vedteken. Alternativ A3 har lege til grunn for arbeidet med reguleringsplanen. Sjølv om det er gjort endringar i val av trafikale løysingar, har Volda kommune vurdert desse til at det ikkje er behov for yttarlegare konsekvensutgreiing.

Denne planomtalen inneheld ei vurdering av tiltaket sine verknader for miljø og samfunn i samsvar med plan- og bygningslova § 4-2, og vil såleis langt på veg skildre og vurdere konsekvensane av tiltaket. Verknadane av planlagde deponiområde er belyst særskilt i kapittel 6.14.4.

2.6 Planstatus og rammeføresetnader for planarbeidet

2.6.1 Kommuneplan og kommunale delplanar

Kommuneplan for Volda

Kommuneplanar består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplan for Volda – Samfunnsdel 2016-2028 vart vedteken av Volda kommunestyre i mai 2016.

Gjeldande arealdel til kommunedelplanen er samansett av fleire delplanar. Den samla arealplanen vart godkjent i 1990, medan dei fleste delplanane er av nyare dato. Rullering av kommuneplanens arealdel er oppstarta, og frist for innspel til planprogrammet var i januar 2017. Administrasjonen opplyser at det ikkje er kome innspel som tilseier endra reguleringsføremål i reguleringsplan for E39 Volda-Furene. Framlegg til ny arealdel for Volda kommune skal etter planen leggast fram i august 2017.

Kommunedelplan E39 Volda-Furene

«Kommunedelplan for E39 Volda-Furene med framlegg til arealbruk for tilgrensande område» vart vedteken i Volda kommunestyre 18.12.2014, sak PS 153/14. I kommunedelplanprosessen for ny E39 vart fleire traséalternativ vurdert.

Figur 3 – Vedteke traséalternativ A3 i kommunedelplan E39 Volda-Furene

Tiltak i kommunedelplanen er vist å ta til på E39 like nord for brua over Øyrelva og føreset ei utviding av dagens rundkøyring i Sjukehuskrysset. Vidare er vegen vist i dagsone rett nordover fram mot Nytun der den går inn i ein om lag 140 meter lang betongtunnel før den går inn i fjelltunnel som startar like før Kløvertunvegen. Planen omfattar bygging av ny lokalveg til Nytun, samt omlegging av tilkomst til høgskulen og til forretnings- og bustadområdet like aust for rundkøyringa. Gang- og sykkelvegsystemet i kryssområdet er også vist omlagt, mellom anna med ei planskilt kryssing under E39 mellom rundkøyringa og tunnelportalen.



Figur 4 – Kommunedelplan E39 Volda-Furene, utsnitt frå Volda

Det føreligg godkjend fråvikssøknad frå Vegdirektoratet sommaren 2015 i samband med etablering av rundkøyring på riksveg, jf. NA-rundskriv 2015/15, *Nye føringer for hovedveger – Etablering av rundkjøringer, omkjøringsveger og miljøgater.*

I Furene er tunnelportalen vist plassert omlag 130 meter sør-aust for dei næraste bygningane på eiendom gbnr. 14/1. Portalen er vist med ei lengde på omlag 65 meter inn til fjellpåhogget. Dagsona vidare inn mot eksisterande rundkøyring er vist med ei lengde på om lag 300 meter inkludert ei 100 meter lang bru. Vegen vert kopla til E39 via ei fjerde arm i rundkøyringa i Furene.



Figur 5 - Kommunedelplan E39 Volda-Furene, utsnitt frå Furene

Kommunedelplan for Volda sentrum 2009-2021
Kommunedelplanen for Volda sentrum vart vedtatt sommaren 2009. Den omfattar Volda sentrum, områda i Vikebygda til Ørsta grense og området Mork/Furene til Ørsta grense. Vedteken kommunedelplan for E39 Volda-Furene gjeld framfor kommunedelplan for Volda sentrum for det meste av arealet som inngår i framlegg til reguleringsplan, med unntak av noko areal nordvest for Sjukehuskrysset, og eit område inntil Heltnevegen sør for Volda sjukehus, sjå figur 6.



Figur 6 - Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum 2009-2021

Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø
Kommunedelplan for idrett-, nærmiljø og friluftsliv vart vedtatt i februar 2014 og er gjeldande i perioden 2014-18. Planen er eit samordnande styringsverktøy for kommunen i ansvarsområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen gir mellom anna signal om målsetting for fysisk aktivitet som helse og trivselsfremjande tiltak, den gir grunnlag for vurdering av ulike behov innanfor utbygging av anlegg og andre aktivitetsfremjande tiltak, og den gir ei samla oversikt over anlegg og aktivitet i kommunen.

Kommunedelplan for trafikktrygging
Gjeldande Trafikktryggingsplan for Volda kommune (2007-2010) vart vedtatt i 2007. Planen omfattar ulike sider i vegforvaltning og trafikktryggleik på overordna og kommunalt vegnett. Planen fastset kommunen sine prioriteringar for aktiviteten i planperioden.

Volda kommune har sett i gong rullering av kommunedelplan for trafikktrygging.

2.6.2 Anna planlegging i området

Plan for hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda
Det er utarbeidd ein plan for hovudnett for sykkel. Kommunedelplanen viser behov for tilrettelegging langs eksisterande E39 uavhengig av utbygging av tunnel mellom Volda og Furene.



Figur 7 - Hovudnett for sykkel, utsnitt Volda sentrum med omland

Planlegging i - og tilgrensande til planområdet
For følgjande godkjende planar i Volda kommune vert avgrensing av planområda endra som fylgje av at deler av planane inngår i ny plan:

- Kommunedelplan Volda sentrum, 18.06.2009
- Kommunedelplan E39 Volda -Furene, 18.12.2014
- Reguleringsplan Røysmarka, 02.03.1995
- Endring i sjukehusområdet, 08.04.1980

Statlege planretningsliner/rammer/føringar
Følgjande dokument er aktuelle for denne planen:

- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging
- T-1442 (2016) Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga
- T-1520 (2012) Retningslinje for vurdering av luftkvalitet i areal- planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Nasjonale føringer for universell utforming, herunder NTP og handlingsplan

2.7 Tekniske føresetnader og standardvalg

Køyrevegar

Veg	Ny E39	E39 Tunnel	E39 Austefjordvegen	E39 Elvegata	Fv.45 Vikebygdvegen
Dimensjoneringsklasse:	H7-gate	T9,5	H1	Gate	Gate
Fartsgrense:	50/80 km/t	80 km/t	50 km/t	50 km/t	50 km/t
Dimensjonerande trafikk (ÅDT) / 2022	6400	6400	3300	9500	5700
Dimensjonerande trafikk (ÅDT)/ 2041:	9000	9000	4400	9500	8000
Dimensjonerande kjøretøy/kjøremåte:	VT/A	VT/A	VT/A	VT/A	VT/A

Figur 8 – Tabellen viser dimensjoneringsfaktorar som er lagt til grunn i planlegginga

Det var i kommunedelplan for E39 Volda- Furene lagt tunnelklasse C med tunnelprofil T10,5 til grunn. I bestillinga av reguleringsplan er det som utgangspunkt valt tunnelklasse D med tunnelprofil T10,5. Forskjellen på desse tunnelklassene er at tunnelklasse C kan brukast opp til ein årsdøgntrafikk på 8000, medan tunnelklasse D kan brukast opp til ein årsdøgntrafikk på 12000 og krev rømningstunnel, jf. handbok N500 Vegtunneler. Trafikkberekningar viser at årsdøgntrafikken i tunnelen vil vere omlag 9000 i år 2041, dette gjer at det er planlagt tunnelklasse D med to separate tunnelløp.

3 Planprosess og medverknad

Organisering og framdrift

Planlegginga har vore jobba med gjennom ei prosjektgruppe bestående av representantar frå Volda kommune og Statens vegvesen. Tiltakshavar, dvs. vegvesenet, har gjennomført det praktiske planarbeidet i nært samarbeid med kommunen.



Figur 9 – Illustrasjon som viser prosjektorganisering

Planprosjektleiar har koordinert planarbeidet og har hatt dialogen med kommunale og regionale instansar. Frå kommunenadministrasjonen er det hovudsakleg planseksjonen som har medverka i planarbeidet, men også barnerepresentant i plansaker og teknisk sektor har bidratt i prosessen.

Den interne samarbeidsgruppa i Statens vegvesen har vidare bestått av personar med følgjande fagansvar: Vegplanlegging, formgiving og estetikk, utbygging, drift og vedlikehald, trafikkteknikk og støy, eigedomsforhold og grunnerverv, geologi og geoteknikk. Fagansvarlege for gange og sykkel har også bidratt i arbeidet.

Planar etter plan- og bygningslova vert handsama av Formannskapet i Volda kommune. Kommunestyret vert etter plan- og bygningslova førelagt planen for vedtak. Det har vore arbeidd etter følgjande framdriftsplan for reguleringsplanarbeidet:

Milepæl	**Når/frist**
Oversending til kommunen for høyring og utlegg til offentleg ettersyn	September 2017
Høyringsperiode	Oktober-november 2017
Medverknadsprosess/open kontordag	Oktober 2017
Godkjenning av reguleringsplan i kommunen seinast	**April 2018**

Figur 10 – Framdriftsplan for planprosessen E39 Volda-Furene

Informasjon og medverknad

Plan- og bygningslova stiller klare krav til medverknad i planarbeidet. For denne reguleringsplanen gjeld det hovudsakleg berørte naboar, Høgskulen i Volda inkludert Statsbygg og Helse Møre og Romsdal med representantar for Volda sjukehus, samt regionale planmyndigheiter.

Gjennom planprosessen har dei berørte fått anledning til å medverke ved fleire høve. I tillegg til dei formelle høyringsperiodane ved varsel om oppstart og ved høyring av planforslaget til offentleg ettersyn, har ein i perioden ved utarbeiding av planmaterialet hatt møter med berørte partar, og det har vore anledning til å kome med innspel til arbeidet.

Ved varsel om oppstart og når reguleringsplanen vart lagt ut på høyring, vart alle berørte grunneigarar og øvrige partar tilskrivne per brev. Kvar einskild fekk då høve til å kome med skriftlege innspel til planarbeidet til ein fastsett frist. Kunngjeringar som gjaldt planarbeidet vart sett inn i avisene Møre og Mørenytt.

I høyringsperioden var kunngjering og aktuelle dokument tilgjengelege på heimesida til Volda kommune og på prosjektsidene til Statens vegvesen. I tillegg vart plandokumenta lagt tilgjengelege på rådhuset i Volda og i Statens vegvesen sine lokaler i Olsvika i Ålesund. Det har vore oppnemnt kontaktperson i kommunen og i Statens vegvesen som ein har kunne kontakta ved behov.

Det vart halde eit ope møte og ein open kontordag i høyringsperioden der det var høve å få orientering om planane for tiltaket. Berørte grunneigarar og naboar til planområdet vart spesielt invitert.

<u>Plan- og bygningslova sine krav til medverknad vert sikra gjennom:</u>

- Varsel om oppstart med høve til å kome med skriftleg uttale
- Høyring av reguleringsplan med høve til å kome med skriftleg uttale
- Ope møte/open kontordag i samband med høyring av reguleringsplanen
- Klagetilgang på planvedtaket

4 Skildring av eksisterande tilhøve i planområdet

4.1 Områdeskildring - planområdet sitt omfang og dagens arealbruk

Planområdet strekkjer seg frå Volda på E39 Austefjordvegen ved Mylnebrua til Morkaåstunnelen på fv. 653 i Furene.

Planområdet i Volda inkluderer Heltnevegen i aust opp til Volda Sjukehus og avgrensast i nordvest i krysset mellom Kårstadvegen og Dr. Halkjelsviksvegen.

Mot vest langs E39 (Elvegata) går planområdet til innkjørselen til Høgskulen i Volda. Det er teke med eit område frå krysset mellom Heltnevegen og Vikebygdvegen ned til Øyraelva som strekker seg bort til Mylnebrua.

Mykje av areala i Volda består av eksisterande vegar, bustad- og næringseigedomar og offentleg areal, men det er også noko dyrkamark i planområdet.



Figur 11 - Planavgrensing i Volda ved varsel om oppstart 01.04.2016

I Furene er planområdet avgrensa av E39 i nordvest og kommunegrensa i nordaust.

Planområdet i Furene består i dag av mykje dyrka mark og noko utmark. Det inkluderer også eit gardstun.



Figur 12 - Planavgrensing i Furene ved varsel om oppstart 01.04.2016

Ved framlegging av reguleringsplanen til offentleg ettersyn, er plangrensene justerte slik at dei samsvarer med arealbehovet i planlegginga.

I Volda har gode trafikale løysingar for både bilistar og mjuke trafikantar vore premissgivande for planavgrensinga.

Planområdet sikrar også at det er nok areal for gode lokalvegløysingar.

I nordvest har ein av same grunn teke inn meir areal i området ved Volda sjukehus. Utvidinga er klarert med Volda kommune og aktuell part.

I søraust er planen avgrensa ned mot Øyraelva.



Figur 13 - Planavgrensing i Volda 01.07.2017

I Furene er planavgrensinga justert ved industriområdet i Furene. Grensa er flytta til søraust-sida av eksisterande E39.

Det er i samråd med kommunen konkludert med at ny regulering i Furene, med mellom anna utfordringar knytt til kryssløysing/ tilkomstar og tilrettelegging for kollektiv, bør gjerast gjennom ein eigen reguleringsplan.



Figur 14 - Planavgrensing i Furene 01.07.2017

4.2 Trafikktilhøve

Europavegen og fylkesvegen i planområdet har i dag ei vegbreidde på 7.4 - 10.4 m. Dei kommunale vegane som er omfatta av planlegginga har ei vegbreidde på 7-8 meter.

Årsdøgntrafikken (ÅDT) på E39 gjennom planområdet i Volda er ved inngangen til 2017 registrert til om lag 2800 kjøretøy per døgn sørover på Austefjordvegen frå Sjukehuskrysset, medan det for E39 mellom Sjukehuskrysset og Volda sentrum er registrert 9000 køyrety/døgn. På Vikebygdvegen, fv. 45, er ÅDT om lag 5800 fram til avkøyring til Heltnevegen, og går vesentleg ned etter krysset.
På strekninga mellom Volda sentrum og rundkøyringa i Furene er det i dag ein trafikkmengde på 9500/døgn, medan det er om lag 9300 på strekninga frå rundkøyringa til Flyplasskrysset. Gjennom Morkaåstunelen nord for rundkøyringa er trafikken på nærare 3000 køyrety i døgnet (kjelde: Nasjonal vegdatabank NVDB).

Andelen lange køyrety er 9 % på E39 Austefjordvegen, 7 % frå Sjukehuskrysset retning sentrum og 5 % på fv. 45 Vikebygdvegen. For dei kommunale vegane er andelen lange køyrety om lag 2 %.
I Furene ligg andelen lange køyrety på 10 % på fv. 653 retning Morkaåstunnelen/Eiksundsambandet, og på 7 % på dagens E39.

Fartsgrensene varierer gjennom planområdet. På E39 sørfrå gjennom Rotsethorntunnelen er fartsgrensa 80 km/t, og deretter ei kort strekning med 70 km/t inn mot Sjukehuskrysset, før det er 50-sone like før Sjukehuskrysset og på dagens E39 retning Volda sentrum og på dei lokale, kommunale vegane som er omfatta av reguleringsplanen.

I kryssområdet i Furene er fartsgrensa på E39 70 km/timen.

Det er innhenta opplysningar om registrerte politirapporterte trafikkulukker for siste fireårsperiode. Desse syner at det har vore to ulukker med lettare skade i og ved Sjukehuskrysset (kjelde: NVDB). Vi har ikkje ulukkesoversikt over dei kommunale vegane i planområdet.

4.3 Kollektivtrafikk

I planområdet er det fleire busshaldeplassar. Den mest nytta haldeplassen har ei tosidig løysing øvst i Elvegata ved Høgskulen. Denne haldeplassen fungerer for både gjennomgangs- og lokalbussruter. Vidare er det ei busslomme på austsida av Sjukehusvegen like ved avkøyrsla til parkeringsområdet ved Ivar Aasen-bygget på Høgskulen, men denne er svært lite nytta. Ved Volda sjukehus er det også ein busstopp for av- og påstigning ikkje langt frå hovudinngangen. Bussane køyrer deretter vidare via Heltnevegen.

I Furene er det eit kollektivknutepunkt i tilknyting til nærings-/industri- og bustadområdet like inntil dagens E39.

4.4 Teknisk infrastruktur

I planområdet er det teknisk infrastruktur i form av vatn, avløp og el-tele som vil verte berørt.

Det vil verte noko omlegging av den tekniske infrastrukturen spesielt i samband med bygging av nytt kryssområde og tunnel på Volda-sida.

Figur 15 - Illustrasjonen viser vatn og avløpskart i planområdet i Volda



Figur 16 - Illustrasjonen viser vatn og avløpskart i planområdet i Furene



Figur 17 - Illustrasjonen viser kabelkart frå Mørenett i planområdet i Furene



Figur 18 - Illustrasjonane viser kabelkart frå Mørenett i planområdet i Volda

4.5 Landskapsbilde og bybilde

Planområdet fell inn under landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet (NIJOS sitt nasjonale referansesystem for landskap). På Sunnmøre har denne eit vilt preg med bratte, alpine fjellformer i samspel med U-dalar og fjordar. Området er vegetasjonsrikt med gode tilhøve for jordbruk. Byggeskikken følgjer frå gamalt av den tradisjonelle vestlandske stilen, med liggande bordkledning og relativt små hus. Typisk er at tettstader ligg ytst ved dalmunningar ved fjorden, og vegnettet har tradisjonelt følgd fjordløpa og større dalar. Ferja er viktig for ferdselen, men tunnelar bind i stadig større grad fjordar og dalar saman.

Volda er lokalisert på austsida av Voldsfjorden, og tettstaden er ein typisk skålforma fjorddal. Volda sentrum og bebyggelsen er i hovudsak samla i den sør-vestvendte dalsida som vert avgrensa av fjorden i vest og av Rotevatnet i sør-aust. Frå vatnet renn Øyraelva gjennom eit grøntdrag ned til sentrum og ut i fjorden. Området er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet (bustadfelt, landbruk, trafikk m.v.). Store delar av området er likevel ikkje utbygd, men vert dominert av dyrka mark som er tydeleg oppdelt med steingjerder og vegetasjonssoner, samt stiar og friluftsområde i tilknyting til Rotevatnet. I tillegg er kantvegetasjonen langs både Rotevatnet og Øyraelva viktige landskapselement som understreker elvekanten og strandsona i området.

Figur 19a - Bildet t.v. viser noko av busetnaden i Volda som strekker seg mellom fjorden i vest og fjella i nord, sett frå Rotsethornet. Rotevatnet ligg nede i dalrommet mot aust

Furene er del av eit dalområde som ligg mellom ein låg åsrygg på nordsida og eit fjellparti på sørsida. Furene ligg ca. 75 moh og består i hovudsak av vegar, industri- og forretningsbygg og eit oppdelt jordbrukslandskap. Forbi Furene går dagens E39. Langs E39 og like aust for planområdet ligg ei glattkøyringsbane og Ørsta/Volda Lufthamn. På nordsida av dalen dannar lia frå åsen bakanfor ein "låg vegg" i landskapsrommet. Det høgaste partiet på denne åsryggen ligg på om lag 120 moh. Lia består av blandingsskog lengst mot vest bak industriområdet, medan spreidde bustadar og Ivar Aasen-tunet dominerer lengre aust. Dei tydelege landskapsromma er først og fremst dyrka mark/kulturlandskap. Dette landskapet som består av kulturlandskap med spreidde gardsbygningar i samspel med kantvegetasjon og vegetasjonsområde, har gode visuelle kvalitetar.

Figur 19b - I Furene finn vi tradisjonelt jordbrukslandskap kombinert med industri- og næringsområde

Vegane i området er av ulik standard. For den køyrande vil opplevinga gå frå full fart i Rotsethorntunnelen, til brå retningsendring når ein kjem til rundkøyringa i Volda, og fortset noko rolegare ned til Volda sentrum. Der må føraren ta omsyn til smalare vegar og bilar som kan rygge ut frå parkeringslommer rett ut i køyrevegen. Gatenettet i Volda sentrum snor seg mellom husa og opp bakkane, og er eit typisk særpreg ved dei mindre vestlandstettstadane. Gjennomfartstrafikanten held seg langs fjorden, passerer ferjekaia og køyrer rundt tettstaden opp til meir lettleseleg trafikkbilde langs Ørstavegen mot Furene og vidare i god fart på rette vegar til Ørsta. Mot Furene ser den kjente sjåføren seg gjerne godt om for å ikkje treffe på hjorten, som har fått eigen viltovergang ved rundkøyringa i Furene. Spesielt trafikksituasjonen i Volda sentrum er utfordrande, der gåande, syklande, lokaltrafikantar, gjennomfartstrafikantar og besøkande skal dele på det avgrensa arealet som finst mellom hus og fjord. Det krev stor merksemd frå føraren, og ein reduksjon av mengda gjennomgangstrafikk vil vere med på å avlaste den noko uoversiktlege situasjonen i sentrum.

4.6 Nærmiljø og friluftsliv

Volda kommune hadde 9 102 innbyggarar per 4. kvartal 2016 (kjelde: www.ssb.no). Av statistikken går det fram at det er særskilt mange kvinner og menn i alderen 20-24 år. Dette har samanheng med at Volda er studiestad for om lag 4 000 studentar på Høgskulen i Volda. Det er forventa ein auke i folketalet til 10 400 i år 2030, og framskrivingstala syner eit innbyggjartal på om lag 11 200 i 2040.

Høgskulen i Volda og sjukehuset er dei største arbeidsplassane i kommunen, og dei stadane som har størst dagleg besøk. Det er fleire viktige gangaksar innanfor området. Det er lagt til rette fleire møteplasser og felles uteområde rundt Høgskulen og sjukehuset. Desse har høg bruksintensitet og svært mange knyter identiteten til staden opp til institusjonane.

Figur 20 – Bildet t.v. er frå Sjukehuskrysset, medan bildet t.h. er frå Volda idrettspark

Friluftsområda langs Øyraelva og Rotevatnet har mange brukarar i alle aldrar. Årneset friluftsområde ligg i strandsona langs Rotevatnet. Årneset er tilrettelagt for variert friluftsaktivitet og leik, med blant anna sandvolleybaner, turstiar, badeplass, og fasilitetar som toalett og parkering. Området er svært mykje nytta i sommarhalvåret, men også om vinteren blir området nytta til å gå på skøyter på vatnet og på ski og til fots rundt vatnet.

Frå Årneset og nedover langs Øyraelva er det opparbeidd turveg med møteplassar og benkar som er svært mykje brukt heile året. Vegane er populære til joggeturar og hundelufting, i tillegg til at dei knyter saman friluftsområdet med idrettsområda på andre sida av elva. Områda ved Rotevatnet og langs Øyraelva vert også nytta til uteskule og turterreng for både barnehagar og skular. Ved Mylnefallet, ved brua der E39 kryssar elva, er det eit kulturmiljø som representerer historia og som er viktige turmål også i pedagogisk samanheng. Volda idrettspark er viktig for barn og unge si fysiske utfalding og har betydning for skular, barnehagar og heile Volda. Her finn ein ballbaner, idrettshall og skatepark, i tillegg til turveg rundt Rotevatnet og langs elva. Ny aktivitetspark er under bygging i same området.

I samband med reguleringsarbeidet er det utført ei barnetrakkanalyse i planområdet i Volda. Fokuset har vore på ferdselsliner gjennom prosjektområdet. Gjennom arbeidet registrerte elevar ved barneskulane, ungdomsskulen og studentar ved høgskulen ferdselsliner og opphaldsområde, problempunkt og målpunkt. Hovudfunna frå barnetrakkanalysen kan oppsummerast slik:

Figur 21 – kjelde: www.barnetrakk.no

- Dei aller fleste gruppene brukar vegane rundt dagens rundkøyring ved høgskulen når dei skal til både skule og fritidsaktivitetar. Gangvegen langs Vikebygdvegen og Elvegata i aust-vest-retning er hovudtrasé, men også Sjukehusvegen er viktig for gåande og syklande. Målpunkta er hovudsakleg skulane nord for Elvegata og idretts- og friluftsområda ved Årneset/Rotevatnet.
- Aktivitetsområda som er mest nytta til leik og opphald er skuleområda ved høgskule, ungdomsskule og barneskular, turveg langs elva, ballbanar, skatebane og Årneset/Rotevatnet.
- Område som blir oppfatta som utrygge er alle kryssingspunkt over E39 (både der det er gangfelt og ved «villkryssing»), kryssing av Vikebygdvegen for gåande til Rotevatnet, Sjukehusvegen og gangfelt ved Kiwi/rundkøyring.

Barnetrakkregistreringane fortel at for gåande og syklande er hovudretninga aust-vest over rundkøyringa, men også målpunkta ved idretts- og aktivitetsområda ved Rotevatnet gir betydeleg ferdsel diagonalt mot søraust. Registreringane er med på å danne bakgrunn for utforming av kryssløysning på ny E39 mellom Volda og Furene.

I nærføring til reguleringsområdet ligg Furene næringsområde. Dette er eit industriområde som dei siste åra har fått stadig aukande del av handel- og serviceretta funksjonar. Området i Furene langs eksisterande E39 har ein sentral funksjon som knutepunkt både for kollektivtrafikk, og som knutepunkt i arbeidsreisesamanheng.
Aust for planområdet retning Ørsta ligg Ørsta-Volda lufthamn, Hovden. Det er per 8 daglege flygingar til/frå flyplassen. Ved enden av flyplassen aust for planlagt E39 ligg ei glattkøyringsbane. Denne vert nytta til køyreopplæring.

4.7 Naturmiljø og naturmangfald

Omtalen av naturverdiane i området er i hovudsak basert på konsekvensutgreiinga av kommunedelplanen for E39 Volda-Furene, supplert med oppdateringar frå kommunane, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og data i Naturbase.

4.7.1 Dagsone Volda

Naturtypar
Øyraelva oppstraums brua er registrert i Naturbase som ein viktig (B) lokalitet av naturtypen *Viktig bekkedrag*. Hovudgrunnlaget for registreringa (2007) er at det er eit elveparti med ein liten bestand av elvemusling (sjå eige avsnitt). Elva har elles kantskog av gråor, dessutan hegg, bjørk, selje, platanlønn, ask og hassel, og her veks store bregner og høgstauder. Fuktige flomlaup hadde litt sumpvegetasjon. Det er registrert ein førekomst i Artskart av den framande og uønska arten hagelupin innanfor planområdet



Figur 22 – Naturtype *Viktige bekkedrag*



Figur 23 – Registrert strekning med elvemusling

Elvemusling
Basert på funn av 35 vaksne individ i 2009 er ein strekning av Øyraelva registrert i Naturbase som ein lokalitet med elvemusling. Elvemusling er ein norsk ansvarsart, og er registrert som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015.

Fisk
Øyraelva har ein liten bestand av laks og sjøaure. Det går også ål opp i vassdraget. Ål er registrert som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015.

Vilt
Det er registrert oter i Øyraelva. Oter er registrert som sårbar (VU) i Norsk raudliste 2015.

4.7.2 Dagsone Furene

Naturtypar
Det er ikkje registrert lokalitetar av verdifulle naturtypar innnanfor planområdet eller influensområdet til tiltaket. Det er ikkje registrert framande og uønska artar innanfor planområdet i Furene.

Vilt
Det går eit svært viktig regionalt hjortetrekk gjennom Furene (sjå figur 24). Det bind saman ulike funksjonsområde, slik som beite-/yngleområde med meir snøfattige overvintringsområde. Det er vanleg at hjorten kryssar både Vartdalsfjorden og Voldsfjorden. I tillegg til det regionale trekkmønsteret er det truleg også mykje lokalt, dagleg trekk over E39 mellom beiteområde og kvileområde.



Figur 24 - Ei regionalt viktig trekkrute for hjort går gjennom Furene (Kjelde: Kommunedelplan for E39 Volda-Furene)

Tidlegare kunne hjorten trekke forbi Furene på "brei front", men den utbygginga som har skjedd dei siste tiåra (flyplass, glattkøyringsbane, næringsbygg, rundkøyring m.m.) har ført til at kryssingsområdet er betydeleg redusert. Samtidig har hjortebestanden auka.

For å lette kryssinga og redusere faren for påkøyringar vart det etablert ein viltovergang i 2009 ca. 150 meter nordaust for rundkøyringa. Volda kommune overvaka overgangen med video i 2010 og 2011. Sjølv om viltovergangen sannsynlegvis er smalare enn optimalt (21 m), vart det registrert 10 dyr som passerte på eitt døgn i månadsskiftet november/ desember 2010, og 31 dyr i løpet av en periode på 8 døgn. I 2011 vart det registrert over 1000 kryssingar. Det er ikkje registrert kryssingar av vegen innanfor ein avstand av 200 m frå viltovergangen, noko som også indikerer at den fungerer godt.

Viltkameraet er sett opp att i byrjinga av mars 2017, og planomtalen vil bli oppdatert med ev. nye registreringar før vedtak av planen.

I figur 26 nedanfor er det vist registrerte påkøyrsler i Hjorteviltregisteret for perioden frå januar 2009 til mars 2017. Med blått er vist trekkorridoren over viltovergangen i Furene. Her er det ikkje registrert påkøyrsler i perioden. Med raudt er vist to trekkorridorar ved Ekset der påkøyrslene er konsentrert. Før 2009 er det kun registrert to påkøyrsler ved Ekset, ingen der viltovergangen vart bygd. Registreringane er truleg mangelfulle så tidleg.

Andre tal frå Volda kommune viser at i jaktsesongen 1993-1994 vart det køyrt på 5 dyr i Furene-området, med ei total avskyting i kommunen på 212 dyr. Vel ti år seinare og fram mot i dag er avskytinga i kommunen auka til over 400 dyr, medan påkøyrslene totalt for området ser ut til å ha gått ned. Figur 25 viser registreringane. Dette kan indikere at viltovergangen har hatt effekt for heile området Furene/Egset.

Men samtidig tyder fellingstala i følgje kommunen på at hjortebestanden på Berkneshalvøya har gått ned dei seinare åra. I resten av kommunen har avskytinga halde seg oppe. I kva grad utbygging og auka aktivitet i Furene har vore med på å strupe bestanden på Berkneshalvøya er usikkert.

Med den trafikken som er dokumentert over viltovergangen er det uansett liten tvil om at han er med på å redusere risikoen for påkøyrsler på E39 mellom næringsområdet i Furene og flyplassområdet ved Hovden, og at han er viktig for å opprettholde det regionale trekket gjennom området.



Figur 25 - Fellingar totalt i Volda kommune og påkøyrsler ved Egset/Furene. Blå line syner felte dyr, medan raud line syner påkøyrsler på Egset/i Furene



Figur 26 - Hjortepåkøyrsler registrert i Hjorteviltregisteret frå 2009 til mars 2017

Figur 27 - Trekkruter registrert i Furene. (Kjelde: Fylkesmannen/kommunen)

4.8 Kulturminne/kulturmiljø

Det eksisterer ingen kjende automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det finnast automatisk freda kulturminne utanfor planområdet, mot Heltane, nord og sør for Volda sentrum og mot Klippa. Alle desse ligg slik til at dei korkje vert direkte eller indirekte påverka av dette tiltaket. Fleire bygningar i planområdet er registrert i SEFRAK, sekretariatet for registrering av faste kulturminner i Noreg. Nokre av desse er registrert som bygningar som skal vurderast etter kulturminnelova § 25 dersom dei kan bli råka av tiltaket. Fylkeskommunen har opplyst om at husmannsplassen på Kleppheim har ein kulturhistorisk verdi som dei ønskjer ein skal legge til rette for å ivareta i det vidare planarbeidet.

Fleire offentlege institusjonsbygg, som sjukehus, lærarskule og høgskulen er lokalisert aust for sentrum, i Røyslid. Bustadområda har også utvikla seg i denne retninga, og på Rotset.

I strandsona langs Rotevatnet finst fleire eldre naust med særeigen arkitektur. Elvadalen, med Øyraelva, er eit historisk område i forhold til industriverksemd som har vasskraft som energi- kjelde. Det finst spor etter fleire anlegg, med kanalar, murar og restar etter bruer og sagbruk. Ved Mylnefallet er det samla døme på bygg og installasjonar som representerer historia.

Kulturmiljøet ved Furene, i området ved Liaskaret og Åsen er knytt til jordbruket sitt kulturlandskap. Landbruksareala og gardsbygningane ligg i eit belte oppunder Nivskollen, mellom E39, Nakkane, og Åsen på nordsida av dalen. Området på kvar side av dalen oppfattast som ganske einskaplege kulturmiljø som ligg i sin opphavelege kontekst med fleire mindre gardsanlegg. Fleire tun vert dominert av nyare bygningar, og tunforma er berre til dels bevart.

Det vart gjennomført arkeologisk registrering i planområdet hausten 2016. Den arkeologiske registreringa resulterte ikkje i funn av hittil ukjente automatisk freda kulturminne.

Figur 28 - Bilder av naust ved Rotevatnet og frå Mylnefallet

4.9 Naturressursar

Landbruk
Volda kommune har eit landareal på 525 km². Samla er det i dag 104 landbruksføretak med til saman 15 145 dekar jordbruksareal i drift i kommunen. Den fulldyrka marka vert så godt som utelukkande brukt til engdyrking.

Geologiske ressursar og vassressursar
Lausmassar
I følge NGU sin grus- og pukkdatabase ligg det ingen utnyttbare avsetjingar av grusressursar innanfor området.

Mineralressursar
I følge NGU sin database over mineralressursar finst det ingen registrerte førekomstar av malm (metall), naturstein eller industrimineraler innanfor planområdet. Dei mineralressurs- førekomstane som ligg nærast planområdet er i Liaskarområdet. Dette er ein førekomst av ulike jernmetall. NGU si mineraldatabase gir ingen utfyllande informasjon om Liaskarførekomsten og ein kan gå ut ifrå at den ikkje er økonomisk viktig.

Vassressursar
Ettersom lausmassane i mesteparten av influensområdet består av morene er potensialet for uttak av grunnvatn lite. Det er kun i den avgrensa breelvavsetjinga ved Rotevatnet i utkanten av influensområdet at det kan finnast grunnvassressursar av ein viss storleik. I følgje NGU si grunnvassdatabase Granada ligg det ingen grunnvassbrønnar til bruk for vassforsyning i eller i nærleiken til influensområdet. Det er registrert energibrønnar nord for planområdet for traséalternativa i Volda. Det er ikkje uttak av overflatevatn til vassforsyningsføremål innanfor planområdet.

4.10 Grunnforhold
På lausmassekart frå NGU er området med veg i dagen i Volda, markert som morene. Dette blir stadfesta av grunnboringane, men det kan vere eit lausare humushaldig lag over morenen. Grunnboringane langs Sjukehusvegen viser 7,5–8,8 meter lausmasse over berg ved planlagt rundkøyring. 200 meter lengre oppe langs Sjukehusvegen er det 2–3 meter til berg, og ved Kløvertunvegen er det rundt 5 meter.

Refraksjonsseismikk utført vinteren 2017 viser at det er tilsvarande forhold langs det austlege løpet. Seismikkprofila går lengre oppover enn grunnboringane og viser at djupna til berg blir mindre på oppsida av Kløvertunvegen.

Den vestre delen av reguleringsområdet kjem litt inn på det området som er markert som marin strandavsetning på lausmassekartet frå NGU. I området med marin strandavsetning har SVV tidlegare utført boringar ved Skjærvagarden (Porsemyrvegen vest), for ny bru over Øyraelva ovanfor småbåthamna, og i utfyllingsområdet sør for småbåthamna. Ingen av boringane avdekker sensitiv eller kvikk leire.

For Furene viser lausmassekartet frå NGU myr/torv på den nedre delen av området og morenedekke oppover i Lia. Grunnboringane viser at myrlaget på flata mellom eksisterande E39 og Torvmyrvegen er opp til 2 meter djupt. Under myra er det eit lag med silt/sand og nedover mot berget blir lausmassen tolka som morene. Ved Torvmyrvegen ligg berget rundt 10 meter under terreng.

I forskjeringsområdet viser boringane opp til 16 meter lausmasse, i påhoggsområdet 10–12 meter. Lausmassen er 0,5–1,0 meter matjord/vegetasjonsdekke over fast lagra masse, tolka som morene. Refraksjonsseismikken samsvarer med boringane. Rundt terrengkote 95 viser seismikken ei grop i bergoverflata. Dette samsvarer med området der boringane viser 16 meter lausmasse.

Bergoverdekninga til tunnelen er god langs heile tunnelen og grunnundersøkingar er difor berre utført ved påhoggsområda. Bergmassen i planområdet er typisk for store delar av Sunnmøre, gneisbergartar av noko ulik samansetning. Nokre svakare soner er identifiserte og alle av dei er steile og orienterte på tvers av tunnelen, noko som er ei gunstig orientering for drivinga av tunnelen. Dei svake områda er ikkje forventa å vere svakare enn at tradisjonell driving og sikring er tilstrekkeleg.

4.11 Naturfare
Aktsemdskart for skred er generert frå hellinga til terrenget og angir område som skal vurderast for naturfarar. I denne reguleringsplanen kjem to aktsemdssoner inn i reguleringsområdet.

I Volda er det ei aktsemdssone for jord- og flaumskred som kjem ned mot påhuggsområdet, sjå figur 29. Sona er omtala nærare i kapittel 7.

Ved Furene er det ei aktsemdssone for snøskred som går ned mot påhoggsområdet (figur 30). Løsneområdet i denne fjellsida er skogkledt og vendt mot nordvest. Skogkledt fjellside indikerer at det ikkje har gått større snøskred dei siste tiåra. Snøskred frå nordvestvendt fjellside krev at det bles frå mellom sør og øst for å danne snømengder som kan lage store skred. Mykje nedbør i form av snø frå denne vindretninga er svært sjeldan og kun vindtransport av snø på bakken vil ikkje vere tilstrekkeleg for å lage store skred. Det er ikkje fare for at snøskred skal komme ned på veg oftare enn akseptkriteria tillet. Aktsemdssona er ikkje vurdert nærare i kapittel 7.



Figur 30 – Aktsemdskart for snøskredfare ved Furene (kjelde: NVE Atlas)



Figur 29 – Aktsemdskart for jord- og flaumskred nord for påhogget i Volda (kjelde: NVE Atlas)



Figur 31 – Aktsemdssone for flaumfare frå Øyraelva markert med blå skravur (kjelde: NVE Atlas)

Aktsemdskart for flaum (figur 31) viser at tilgrensande areal til planområdet potensielt kan vere utsett for flaum frå Øyraelva. Flaumfaren må vurderast nærare i samband med eventuelle detaljreguleringar til utbyggingsføremål på desse areala.

4.12 Støy

Figur 32 og 33 gir eit bilde på korleis støytilhøva knytt til vegtrafikk på i planområdet er i dag. Raud sone har støynivå L_{den} over 65 dB. Gul sone har støynivå Lden mellom 55 – 65 dB. Støyomgrepa er nærare forklart i kapittel 6.12.



Figur 32 – Vegtrafikkstøy i Furene i dag (kjelde: GisLink)



Figur 33 – Vegtrafikkstøy i Volda i dag (kjelde: GisLink)

4.13 Luft

Luftforurensning består av ei blanding av ulike gassar og partiklar. I Norge er det først og fremst svevestøv og NO_2 som gir dårleg luftkvalitet. Vegtrafikk bidreg mest til høge nivå av svevestøv. Den viktigaste kjelda til svevestøv er asfaltslitasje, hovudsakleg forårsaka av piggdekkbruk. Vegtrafikk er også hovudkjelde til utslepp av NO_2 i norske byområde.

Retningsline for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520) gir føringar for vurdering av luftkvalitet i arealplanlegging. Statens vegvesen har i tillegg sine interne krav gitt i Interne råd for bruk av retningslinje T-1520 (Statens vegvesen og Vegdirektoratet, 2013) og Handbok N500 Vegtunneler (Statens vegvesen og Vegdirektoratet, 2016).

Vedlegg 3 i Handbok N500 omhandlar forhold knytt til ytre miljø i samband med reguleringsplanarbeidet for vegtunnelar. Luftkvaliteten i områda nær tunnelmunningane skal i utgangspunktet vurderast i høve til retningsline T-1520. Eventuelle behov for avbøtande tiltak som etablering av ventilasjonstårn skal vurderast dersom tunnelmunningane befinn seg i område der menneske kan bli eksponert. Luftkvaliteten skal då vurderast i høve luftkvalitetskriteriane i tillegg til T-1520.

Det er så langt vegvesenet kjenner til ikkje tidlegare utarbeidd luftsonekart i tråd med T-1520 langs eksisterande E39 gjennom Volda sentrum til Furene eller gjennomført målingar av lokal luftforureining langs denne strekninga. I samband med denne reguleringsplanen har Statens vegvesen fått dokumentert lokal luftkvalitet ved områda nær dei planlagte tunnelmunningane i Volda og i Furene, sjå kapittel 6.13.

5 Skildring av planforslaget

5.1 Utforming av veganlegget

5.1.1 Volda

Planløysingar og aktuelle tiltak i planområdet i Volda er vist i oversiktsskissa under. I det vidare vil vi omtale og illustrere dei enkelte elementa.



Figur 34 – Oversiktsillustrasjon, ny situasjon i Volda. Fjellpåhogget vil kome ved pel ca. 160.

Utforming av E39, tunnel og veg

Det er planlagt to tunnelløp med eit 9,5 meter breitt profil i kvart løp. Vegbreidda er i dette profilet 7,5 meter, pluss 1 meter bankett på kvar side. Sjølve køyrefelta er 3,5 meter, og i tillegg er det 0,25 meter skulder på kvar side inn mot bankett. I tunnelen er det planlagt havarilommer for kvar 250 meter.
E39 til dei to påhogga er dimensjonert etter vegstandard H7 i handbok N100. Det er køyrefelt på 3,5 meter og skulder på 1,5 meter. Inn mot tunnelane må vegen tilpassast.



Figur 35 – Handbok N500, tunnelstandard T9,5



Figur 36 – Handbok N100, vegklasse H7

Utforming av kryss mellom E39, Elvegata og Vikebygdvegen

Krysset er utforma som rundkøyring med fire vegarmar. Sjølve krysset er senka ned i terrenget, om lag 6 meter. E39 frå nord er fire-felts veg og dei tre andre vegarmane i krysset er to-felts vegar. Alle vegane inn mot rundkøyringa er utforma med gateprofil og kantstein. Rundkøyringa har ein ytre diameter på 50 meter og rundkøyringa har to køyrefelt. Sentraløya i rundkøyringa har ein diameter på 26 meter.

Figur 37 – Utforming av kryss mellom E39, Elvegata og Vikebygdvegen

Utforming av planfri kryssing for mjuke trafikantar i kryssområdet mellom E39, Elvegata og Vikebygdvegen

Den planlagte kryssinga for mjuke trafikantar er utført med bruløysing over rundkøyringa som illustrert i figur 38. Løysinga er universelt utforma og vil vere inndelt i eigne felt for gåande og syklande. Breidda på ferdselsarealet varierer, men er tilstrekkjeleg til etablering av tosidig fortau og to-vegs sykkelfelt. Brua er ei stålbru med betongdekke og er tilpassa til eksisterande terreng med ein funksjonalitet som gjenspeglar ferdselsmønsteret til gåande og syklande i området. Brua har to stålsøyler i enden av kvar 'arm' og to i midten av rundkøyringa. Siktforholda er vurdert for alle trafikantgrupper. Søylene skal plasserast på betongsoklar rett over terreng, og endeleg plassering må avklarast i byggeplanfasen.

Figur 38 - Prinsipp «stjernebru» løysing for gåande og syklande i Sjukehuskrysset, illustrasjon: Rambøll AS

Utforming av kryss mellom Vikebygdvegen og Heltnevegen

Krysset er utforma som ei rundkøyring med fire vegarmar og har ein ytre diameter på 40 meter. Sentraløya har ein diameter på 26 meter og det er eitt køyrefelt i rundkøyringa med bredde 6,5 meter.

Det blir etablert ny tilkomst til bustad- og næringsområdet sør for fylkesvegen via ny arm frå rundkøyringa.

Det er planlagt fortau på alle vegarmane og kryssing i plan for mjuke trafikantar.



Figur 39 -Nytt kryss fv. 45 Vikebygdvegen og Heltnevegen

Utforming av forlenging av Kårstadvegen

Kårstadvegen er planlagt forlenga frå krysset med Dr.Halkjelsvikvegen mot aust til Heltnevegen, der ein del av Kløvertunvegen vil gå inn i Kårstadvegen. Vegen er utforma som gate og har køyrebanebreidde på 3 meter, samt skulderbreidde på 0,25 meter. Det er planlagt fortau med tre meters breidde for mjuke trafikantar. Frå Heltnevegen fram til ny veg til Nytun er det lagt til rette for fortau på begge sider av vegen, vidare langs Kårstadvegen er det fortau på eine sida. Det blir opparbeidd ny tilkomst til gbnr. 19/736 og det blir regulert ny tilkomst til gbnr. 19/239 som er eit kontor- og administrasjonsbygg tilhøyrande Helse Møre og Romsdal.



Figur 40 - Forlenging og utbetring av Kårstadvegen frå Heltnevegen

Tilrettelegging for etablering av kantstopp

I Kårstadvegen er det lagt til rette for å kunne etablere kantstopp for kollektiv.



Figur 41 - Tosidig kantstopp for kollektiv i Kårstadvegen

Høgresvingefelt på Heltnevegen

I krysset med Heltnevegen og Kårstadvegen er det lagt til rette for eit høgresvingefelt på Heltnevegen.

Høgresvingefeltet er teke høgde for i planen for å oppnå auka trafikktryggleik i krysset med fare for påkøyring bakfrå når ein kjem ned bakken i Heltnevegen.



Figur 42 -Høgresvingefelt på Heltnevegen inn mot Kårstadvegen

Utforming av nytt kryss mellom Kårstadvegen og Dr. Halkjelsviksvegen

Krysset mellom Systervegen, Kårstadvegen, Kløvertunvegen og Dr. Halkjelsvikvegen er planlagt ombygd til T-kryss.

Systervegen vil bli fysisk stengt frå Kårstadvegen, og blir omklassifisert til gang- og sykkelveg. Alle bustader i Røysmyrvegen, Systervegen, Nytunvegen og Sjukehusvegen vil få køyretilkomst frå forlenging av Kårstadvegen, sjå oversiktsillustrasjon, figur 43.



Figur 43 - Kryss mellom Kårstadvegen og Dr. Halkjelsvikvegen

Utforming av ny veg til bustadområdet ved Nytun og Høgskulen i Volda

Det er planlagt ny veg til bustadområdet på Nytun og til Høgskulen frå Kårstadvegen.

Vegen er planlagt med køyrebanebreidde på 2,75 meter og skulder på 0,25 meter. Det er lagt til rette for eit 3 meter breitt fortau på eine sida av vegen.



Figur 44 - Veg til Nytun og Høgskulen

5.1.2 Furene

Utforming av E39 tunnel og veg i Furene

I Furene vil fjelltunnelen gå over i ein 200 meter lang betongtunnel før vegen i dagen førast inn mot den eksisterande rundkøyringa ved Morkaåstunnelen i Furene. Vegen blir utforma etter Handbok N100, vegklasse H7, som fire-felts motorveg.

Betongtunnelen blir dekt til med lausmasser med helling på 1:8. Fyllinga (og anleggsområdet) vil bli planta til nord for fyllingstoppen for å sikre vilttrekk til/frå viltovergangen lengst nord i området. Sør for fyllingstoppen vil tilbakefyllinga bli sådd eller planta til avhengig av om grunneigar ønskjer å opparbeide arealet til grasmark eller ikkje. Det vil bli sett opp viltgjerde langs ny E39.



Figur 45 - Løysing i Furene vist på flyfoto med eksisterande situasjon



Figur 46 - Fylling over betongtunnelar i Furene. Fjellpåhogg for det vestre løpet vil kome ved pel ca. 3390-400 for det vestre løpet.

Utforming av rundkøyring i Furene

Eksisterande rundkøyring på E39 i Furene vil bli endra ved at det vert etablert to køyrefelt i sirkulasjonsarealet.

Diameteren på sentraløya vert redusert, og deleøyane inn til rundkøyringa vert omgjort for å tilfredsstille krava i Handbok N100 som gjeld avbøying i til- og fråfart i rundkøyringa.



Figur 47 - Ny rundkøyring i Furene

Tilhøvet til eventuell forlenging av Torvmyrvegen

Torvmyrvegen er ikkje ein del av reguleringsplanen for E39 Volda-Furene. Dei tekniske løysingane som ligg til grunn for vedtatt kommunedelplan var utforma slik at det ikkje stenger for ein eventuell seinare reguleringsplan for Torvmyrvegen. Endra planløysing i Furene krev difor at ein må syne korleis Torvmyrvegen kan utformast. Figur 48 viser Torvmyrvegen lagt i kulvert nær rundkøyringa og i kulvert under vilttrekket. I samtalar med kommunen og fylkesmannen er dette vurdert som ei gangbar løysing.



Figur 48 Eventuell forlenging av Torvmyrvegen

Figur 49 - 3D-Illustrasjon av løysing i Furene sett i fugleperspektiv frå Hovden

5.2 Arealbruksformål

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei ulike arealbruksformåla.

5.2.1 Bygningar og anlegg

Bustader, B

Formålet gjeld i hovudsak eksisterande bustadområde, område med nemningar B1-B5.

Offentleg eller privat tenesteyting, BOP

Område BOP1 er offentleg areal som vert nytta av Høgskulen til utdanningsføremål eller anna offentleg formål. Eksisterande offentlege areal i BOP1 er eigd av Volda kommune. I tillegg er tunområde på gnr. 19 bnr. 29 no inkludert i dette planområdet/formålet.
Område BOP2 er offentleg areal som ein ser som mogleg utvidingsareal til utdanningsfunksjon eller anna offentleg formål. Området er i dag i privat eige, del av gnr. 19 bnr. 1.
Område BOP3 er offentleg areal som også kan nyttast til utdanningsføremål eller anna offentleg formål. Området er eigd av Statsbygg og Helse Møre og Romsdal.

Område BOP4 gjeld mellom anna eksisterande kontor-, utdannings- og driftsfunksjonar til Helse Møre og Romsdal, Sjukehuset i Volda.

Kombinert byggje- og anleggsformål, BKB

Område BKB1 og BKB2 kan nyttast til kombinert byggje- og anleggsformål.
Innanfor området kan det etablerast bygg til offentleg og privat tenesteyting og næringsbygg (kontor). Det er ikkje ynskeleg med etablering av bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt eige behov for omsorgs- og sosialbustadar.

Område BKB3 kan nyttast til bustader, forretning og kontor.
Område BKB4 kan nyttast til bustader og kontor.
Område BKB5 omfattar næringsmiddelbedrift Johs. Jakobsen.

5.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg, SKV
Omfattar offentleg veg, felle privat veg og privat køyreveg. På plankartet og i reguleringsføresegnene er det skilt mellom offentleg og anna køyreveg.

Avkøyrsler frå offentleg veg er regulert som del av formålet med eigarform offentleg.
Vedlikehaldsansvaret ligg likevel på brukaren, jf. § 9 i «Forskrifter om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg».

Fortau, SF
Omfattar offentleg fortau.

Gang-/sykkelveg, SGS
Omfattar offentleg gang- og sykkelveg.

Annan veggrunn - teknisk anlegg, SVT
Omfattar sideareala til vegen. Areal kan nyttast til skjering, fylling, grøft, siktsone, rekkverk, murar og eventuell støyskjerming. På plankartet og i reguleringsføresegnene er det skilt mellom offentleg og anna (privat) areal.

Leskur, SP
Omfattar leskur i tilknyting til kollektivhaldeplass.

Kollektivhaldeplass, SKH
Omfattar haldeplassar for buss.

5.2.3 Grøntstruktur

Område G1 sør for fv. 45 langs Øyraelva er regulert til grøntstruktur. Arealet skal fylle fleire formål, mellom anna kantvegetasjon langs vassdrag (naturtype *Viktig bekkedrag*), buffer mellom vassdrag og utbyggingsområde og friområde/rekreasjon. Området kan leggast til rette med turvegar og mindre bygg/anlegg som tener friluftsformål. Område G2 og G3 vil vere buffersone mellom veg og bustader i sentrale kryssområde.

5.2.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde

Landbruksformål, LL
Omfattar landbruksareal i Furene.

Naturformål, o_LNA
Omfattar areal i kommunalt eige søraust for viltovergangen i Furene. Arealet er sett av som o_LNA for å vise at naturomsyn (vilt) er prioritert. Området skal ligge urørt etter tilstelling ved anleggslutt.

5.2.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag

Naturområde i sjø og vassdrag, VNV
Omfattar ei lita strekning av Øyraelva under Mylnebrua i Volda.

5.2.6 Omsynssoner

Sikringssone tunnel, H190_
Omfattar doble tunnelløp på nivå 1 mellom Volda og Furene.

Sikringssone frisikt, H140_
Formålet er å ivareta siktkravet ved inn- og utkøyring frå kryss på køyreveg. Sikttrekantane er i samsvar med handbok N100, og skal haldast fri for sikthinder som til dømes skog og bygningar.

Faresone ras- og skredfare, H810_
Omfattar ei aktsemdssone for jord- og flaumskred som kjem ned mot påhuggsområdet i Volda.
Omfattar også ei teoretisk sone for snøskred som går ned mot påhuggsområdet i Furene, sjå 4.11.

Omsynssone bevaring kulturmiljø, H570_
Omfattar ei sone med eldre bygningsmasse i form av ein tidlegare husmannsplass. Omsynssona skal sikre at det vert teke omsyn til den bevaringsverdige bebyggelsen.

Omsynssone bevaring naturområde, H560_
I Furene er det vist to omsynssoner som skal sikre at det ikkje blir gjennomført tiltak som kan vere til hinder for vilttrekk i området. Sør for ny E39 er det mindre strenge vilkår enn på nordsida.

5.2.7 Områdeføresegn

Mellombels anleggs- og riggområde
Område merka # omfattar alt areal som kan nyttast til mellombels anleggsbelte, rigg- og deponiområde, med tilhøyrande føresegner om bruk, utforming og istandsetting. Dette er areal som er naudsynt for å gjennomføre utbygginga, men som ikkje inngår i det ferdige anlegget. Arealet vil bli tilbakeført i samsvar med underliggande arealformål.

5.3 Krav om detaljregulering

Det er i føresegnene stilt krav om detaljregulering for følgjande område, jf. kapittel 2.2. Konkret arealbruk, utnytting, høgder og andre formål må avklarast gjennom eigen detaljreguleringsplan.

Formål	Nemningar
Bustadområde	B1, B3, B4
Kombinert formål	BKB1, BKB2, BKB3, BKB4,
Offentleg eller privat tenesteyting	BOP1, BOP2, BOP3, BOP4

Kombinert nærings- og bustadbygging, framtidig
Det er i reguleringsplanen lagt til rette for ny arealbruk på eit område aust for Sjukehuskrysset, sør for Vikebygdvegen. I områda med nemning BKB3 er det i dag eksisterande bustadbebyggelse og næringsaktivitet, medan områda BKB1 og BKB2 ligg i tilknyting til eksisterande bebyggelse, sør og aust for BKB3.

Områda BKB1 og BKB2 skal regulerast samtidig (gjennomføringssone H810_1).
Område BKB3 skal regulerast samla (gjennomføringssone H810_2).

Planlagt tilkomst mot sør i kryss/rundkøyring ved Heltnevegen på fv. 45 skal vere hovudtilkomst til områda. Planen skal også sikre framtidig tilrettelegging av tilkomst til friområdet ved Øyraelva og Rotevatnet. Det vert ikkje tillate utbygging før detaljreguleringsplan er vedteken og ny tilkomst er etablert.

5.4 Vurderte alternativ

I godkjent kommunedelplan og i prosessen knytt til utarbeiding av reguleringsplan, har ein vurdert fleire løysingsalternativ. Dette gjeld både for hovud- og lokalvegnett og også løysingsalternativ for mjuke trafikantar i og gjennom planområdet.

Under følgjer ein gjennomgang av dei alternativa som har vore oppe til diskusjon i reguleringsplanprosessen i tillegg til dei valde løysingane som er skildra ovanfor. Alternativa er vurdert opp mot faktorar som trafikksikkerheit, framkomst, tilgjengelegheit, økonomi og generelt i høve til målsettingane for prosjektet.

5.4.1 Volda

Vurderte alternativ for Sjukehuskrysset

Rundkøyring, jf. Kommunedelplan E39 Volda-Furene

I kommunedelplanen vart det lagt til grunn ei løysing med rundkøyring i plan og etablering av ein undergang med tilhøyrande gang- og sykkelvegsystem for mjuke trafikantar på ny E39 mellom rundkøyringa og tunnelportalen. Det vart lagt til grunn kryssing i plan på dei andre vegarmane.

Vi veit frå bornetrakkundersøkinga at dagens rundkøyring i Sjukehuskrysset med kryssing i plan, er eitt av dei punkta som flest opplever som utrygge. Bilane kan ha høg fart inn til rundkøyringa og det er usikkerheit knytt til bruken av blinklys. Ein ønsker difor primært å sjå på andre løysingar for kryssing av vegen.



Figur 50 - Utsnitt frå Kommunedelplan E39 Volda-Furene

Alternativ med rundkøyring i dagens terrenghøgd og planfri kryssing for mjuke trafikantar

For å få ei kryssing for mjuke trafikantar er det to moglegheiter, den eine er å byggje bru over vegen og den andre er å føre dei mjuke trafikantane under vegen i kulvertar. Det er krav frå Statens vegvesen si handbok N100 om stigning, sikt og kurvatur på gang- og sykkelvegar. Desse krava gjer at eit system med kulvertkryssing er arealkrevjande og krev ramper som her strekker seg heilt til Heltnevegen i aust før ein når att terrenget. Figur 51 viser ei skisse for kor lange rampane vert for ei løysing med kulvertar under vegen. Denne løysinga er vurdert opp mot valt løysing med senka veg og dei mjuke trafikantane i bru over krysset i dagens terrenghøgd.



Figur 51 - Rundkøyring i dagens terrenghøgd med kulvertløysing for mjuke trafikantar

Alternativ med toplans-kryssløysing for køyrande

Alternativ der rundkøyring i Sjukehuskrysset er senka og trafikken til og frå Volda sentrum i Elvegt. (E39)/Vikebygdvegen (fv. 45) er ført over rundkøyringa i bru. Alternativet er forkasta med begrunnelse i at rampane frå rundkøyringa opp mot kryssområdet ved Heltnevegen blir for korte til å få til ei forsvarlig fletting av trafikken. Løysinga er også veldig kompliserande for dei mjuke trafikantane med fleire bruer over kryssområdet eller ei løysing med å lede gåande og syklande mot krysset ved Heltnevegen for kryssing i plan.



Figur 52 - Fv. 45 i bru over E39

‘Hjulbru’-løysing for mjuke trafikantar i Sjukehuskrysset

Innleiingsvis i arbeidet med å finne ei god løysing for mjuke trafikantar, vart det vurdert eit konsept etter same prinsipp som Tjensvollkrysset i Stavanger, i form av ei ‘hjulbru’. ‘Hjulbrua’ koplar saman dei fire tilkomstpunkta for gåande og syklande med ein sirkulær konstruksjon som har ein indre radius på 30 meter. Over køyrevegane består konstruksjonen av åtte hovudspenn som er inntil 35 meter lange. Beresystemet er i stål, grunna lange spenn. Rekkverket på inn- og utside av brua vil inngå i hovudberinga til brua (ei stålkasse), og vil vere godt synleg for både køyrande og mjuke trafikantar.

Figur 53 - Brukonsept «hjulbru» som løysing for gåande og syklande i Sjukehuskrysset. Illustrasjon: Rambøll AS

Tidleg i prosessen kom det opp eit alternativ til ‘hjulbru’-løysinga, ei ‘stjernebru’, som vart eit reelt alternativ til denne løysinga, og naturleg å samanlikne med. I den samanhengen vart ’hjulbru’-konseptet forkasta til fordel for ‘stjernebru’-konseptet, der sistnemnde kom betre ut, hovudsakleg med omsyn til betre fleksibilitet for dei mjuke trafikantane, men også kostnadsmessig og med omsyn til landskapet.

Variant av hjulbru - i betong

Bru etter same prinsipp som vist ovanfor, men bygd i betong. Løysinga skaper mellom anna fysiske skiljer mellom gåande og syklande, og vil i tillegg vere tyngre å drifte om vinteren.


Figur 54 - Variant av hjulbru i betong. Illustrasjon: Rambøll AS

Variant av ‘stjernebru’-konseptet

Det er sett på ein variant av ‘stjernebrua’ med armar som ikkje er begrensa av 20 meter radius for sykkelvegen. Alternativet inneheld dei same konstruktive prinsippa som den tilrådde ‘stjernebrua’, men er ikkje yttarlegare bearbeidd i denne fasen. Varianten vil også ivareta god flyt for gåande og syklande på brua, og vil vere slankare, sidan det vert mindre overflateareal. Dette vil igjen medføre ein noko redusert kostnad. Varianten må alternativt vurderast nærare i skisseprosjekt-fasen i samband med byggeplanlegginga.

Figur 55 - Variant av 'stjernebrua' - eit mindre arealkrevande alternativ som kan vurderast for nærare prosjektering. Illustrasjon: Rambøll AS

Kryssløysing mellom fv. 45 Vikebygdvegen og Heltnevegen
I krysset mellom Heltnevegen og Vikebygdvegen er X-kryss forkasta av trafikktryggleiksårsaker. Det er difor vurdert kryssløysingar med rundkøyring som kryssalternativ. Rundkøyring gir større trafikktryggleik enn ei løysing med bruk av X-kryss.

Plassering og storleik på rundkøyringa vil gje ulike utslag og konsekvensar for omgivnadane. I kommunedelplanen er det vist til ei rundkøyring som har ein ytre diameter på 30 meter.

Undergang/planfri kryssing nedst i Heltnevegen
Heltnevegen har trafikktall som framskrevne er større enn 6000 i ÅDT, Det er difor vurdert kryssing av Heltnevegen i dette krysset ved å føre dei mjuke trafikantane i kulvert. Dette var ei løysing som vart gjennomgått i ei trafikksikkerheitsvurdering og forkasta grunna fare for «villkryssing».

Eventuell løysing med sykkel i tunnelen
Innleiingsvis i planarbeidet, både i oppstartsmøte med kommunen og på idéverkstaden som fann stad i februar 2016, kom det innspel om eventuell tilrettelegging for sykkelløysing i tunnelen mellom Volda og Furene.

Ei eventuell tilrettelegging for syklande i tunnelen vil vere lang, heile 3,5 km. Vidare vil den krevje separat løysing parallelt med køyrebana. Årsaken til dette er støy- og luftforureining frå køyretøya. Vegvesenet er også av den oppfatning at sykkeltunnelen ikkje vil appellere til alle brukargruppene, og det vil bli ei kostbar løysing samanlikna med å legge til rette for eit godt gange- og sykkelsamband i dagen, jf. Plan for hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda.

Forslag til lokalvegløysing i Kommunedelplan E39 Volda-Furene
I kommunedelplanen vart det fremma eit forslag til løysing for lokalvegnettet, basert på at tilkomst via Sjukehusvegen ikkje vil vere mogleg i framtida. Figur 56 syner direkte vegsamband mellom Heltnevegen og Kårstadvegen, der Sjukehusvegen forbi Nytun er kopla på og med ei forlenging av vegen til nordsida av Høgskulen. Denne løysinga inneber at krysset mellom Systervegen, Kårstadvegen, Dr.Halkjelsvikveg og Kløvertunvegen må byggast om. Det som er skissert i KDP er ei rundkøyring. Ei rundkøyring i dette krysset vil krevje mykje meir areal enn vist i skissa og den må og flyttast meir mot sørvest enn vist i skissa. Løysinga vil ikkje gi ei god løysing for kollektivtransport til og frå sjukehuset.

Figur 56 - Utsnitt frå kommunedelplan E39 Volda-Furene med forslag til lokalvegsystem mellom Heltnevegen og Kårstadvegen og retning Nytun-området og Høgskulen

5.4.2 Furene

Kommunedelplan E39 Volda-Furene
I kommunedelplanen er det lagt til grunn ei løysing med dagsone på om lag 300 meter, inkludert ei 100 meter lang bru. Tunnelportalen er vist plassert omlag 130 meter aust for dei næraste bygningane på eiendom gbnr. 14/1. Portalen er vist med ei lengde på omlag 65 meter inn til fjellpåhogget.

I prosessen med utforming av kommundelplanen var eit viktig tema om planen skulle vise ei forlenging av Torvmyrvegen eller ikkje. Omsyn til vilttrekk var ei av fleire problemstillingar som vart drøfta. Utfallet vart at Tormyrvegen vart tatt ut av kommunedelplanen, men den tekniske løysinga vart utforma slik at den i seg sjølv ikkje ville stenge for å forlenge Torvmyrvegen i tråd med skissa i figur 57.

I reguleringsplanen har ein valgt å gå bort frå løysinga i kommunedelplanen. Heile tunnelen er senka, og dette utgjer 8-10 meter lenger tunnel samanlikna med løysing vist i kommunedelplanen. Vidare er tunnelportalane trekt fram til om lag midt på brua vist i kommunedelplanen, jf. Gjennomgangen i avsnitt 5.1.2. For Furene-området vil dette vere positivt for både hjortetrekket, landskapet og tilrettelegging av landbruksarealet.



Figur 57 – Utsnitt i Furene frå Kommunedelplan E39 Volda-Furene, illustrert med eventuell forlenging av Torvmyrvegen frå flyplassområdet

6 Verknader av planframlegget – arealbruk og løysingar

6.1 Trafikkforhold og framkomst

Statens vegvesen har gjennomført ein trafikktryggingsrevisjon (TS-revisjon). Ein TS-revisjon er definert som ein systematisk og uavhengig gransking av trafikktryggingsforhold i ein vegplan. Denne skal sørge for at nye veganlegg vert bygd i samsvar med nullvisjonen, kunnskap om trafikksikker vegutforming og krav i vegnormalane, samt øvrige regelverk. Revisjonen skal luke ut uheldige løysingar, feil og manglar på dei ulike plannivåa før anlegget blir bygd.

6.2 Samfunnsmessige tilhøve

Ein stor del av befolkninga blir direkte eller indirekte råka av tiltaket, då influensområdet omfattar delar av dei tettast befolka områda i kommunen.

Reisetida mellom Sjukehuskrysset i Volda og etablert rundkøyring i Furene blir halvert ved etablering av tunnelen. I dag er reisetida om lag 5 minutt langs dagens strekning via Volda sentrum, medan reisetida vil vere om lag 2,5 minutt gjennom ny tunnel.

6.3 Naboar

6.3.1 Berørte eigedomar

Ei rekkje eigedomar blir berørt av tiltaket i større eller mindre grad. Bustadhus som må løysast inn er vist til i kapitelet under. Vidare vil etablering av vegar og gang- og sykkelvegar, samt støyskjerming medføre behov for å erverve areal frå både offentlege og private eigedomar.

6.3.2 Innløysing av bygningar/eigedom

Det er med bakgrunn i løysingar og planframlegg vurdert at minimum sju bustadhus må løysast inn ved realisering av tiltaket. Dette gjeld gbnr. 19/29, tre bustadhus på gbnr. 19/45, vidare gbnr. 19/49, 20/14 og 20/53. Bakgrunn for desse vurderingane er i hovudsak at bustadhusa kjem i konflikt med framlagde løysingar for høvesvis køyrevegar/kryssløysingar og etablering av gang- og sykkelvegar i planområdet.

Det er gjort vurderingar av korvidt ein kan behalde tunet på sørvest-sida av Sjukehuskrysset, gbnr. 19/34. Bygningane er SEFRAK-registrerte, og det har vore drøfta om det er mogleg å flytte bustadhuset lengre vekk frå vegen for å bevare tunet. På ei anna side er det kjent at behovet for omlegging av E39 i anleggsperioden vil kome nettopp i dette området, og det er usikkert om ein klarer å bevare gardstunet.



Figur 58 - Bustader og bygningar som må løysast inn er markert med raudt kryss

6.3.3 Avkøyrsler og andre nabotilhøve

Av omsyn til trafikktrygging, er det planlagt ei omlegging av tilkomst til eigedomane langs fv. 45 Vikebygdvegen mellom Sjukehuskrysset og avkøyringa til Heltnevegen. Eksisterande eigedomar og framtidige etableringar i byggeområdet sør-aust for Sjukehuskrysset vil få tilkomst frå ny samleveg planlagt som ei arm sør/sør-vest frå ny rundkøyring ved avkøyring til Heltnevegen frå Vikebygdvegen.

6.4 Byggegrenser

Byggegrensa langs Europavegen skal følgje veglova § 29, dvs. 50 meter målt frå senterline. Dette inneber inga endring i høve dagens situasjon. For kommunale vegar er tilsvarande byggegrense 15 meter. Byggegrenser langs veg kan nærare vurderast for dei områda der det vert stilt krav til detaljreguleringsplan.

For områda BKB3 og BKB4 som ligg inntil europavegen og fylkesvegen, er byggegrense vist i plankartet. Dette for å gje meir føreseielege rammer for detaljregulering sett i høve til at køyrevegen vert seinka.

6.5 Gang- og sykkeltrafikk

Prosjektet prioriterer gåande og syklande høgt, og dette gjenspeglar seg i ferdselsundersøkingar blant born og unge som har vore gjort i planprosessen, samt val av løysingar og tenleg plassering av desse. I staden for 'tradisjonelle' undergangar for mjuke trafikantar, er det i dette prosjektet lagt til rette for at ny trasé for E39 vert senka i terrenget og gåande og syklande dermed kan bevege seg planfritt og i eksisterande terrenghøgde over køyrevegane i det mest trafikkerte krysset, Sjukehuskrysset.
Langs Vikebygdvegen og Elvegata vil gang- og sykkelveg vere markert med separate baner. Sykkelbanen vil ligge ytst mot køyrevegen og fotgjengarar får inste bane. I senter på gang- og sykkelbrua vil det bli etablert såkalla 'shared space', sambruksareal, for syklistar og gåande. Ved at brukarane deler brua utan fysiske skilje vil dei gåande og dei syklande måtte vise merksemd kring ferdselen til kvarandre. For at sambruksområdet skal fungere på ein god og trafikksikker måte, må syklistane redusere farten og ta omsyn til fotgjengarane. Brua vil vere lett tilgjengeleg, og vil gje god flyt i begge aksane, nord-sør og aust-vest, mellom anna fordi det vil vere ei breiddeutviding ved bruendane i overgangen til gang- og sykkelveg i dei fire tilkomstpunkta.



Figur 59 - Skisse som syner løysing med sambruksareal ('shared space') for gåande og syklande på brua

6.6 Kollektivtrafikk

Tilrettelegging for gode kollektivløysingar har vore drøfta med kommunen og representant frå samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune ved fleire høve. Behov og ønskjer innanfor planområdet har vorte kartlagt, og løysingane i planforslaget er i tråd med desse.

Det er frå samferdselsavdelinga informert om at all busstrafikk, truleg med nokre få unntak, også i det vidare vil gå via Furene og langs eksisterande E39 til rutebilstasjonen i Volda sjølv med den nye tunnelen på plass. Det vil, som i dag, vere tosidige busslommer langs Elvegata i området ved Høgskulen. Det er også lagt til rette for kantstopp like aust for krysset på Kårstadvegen/Kløvertunvegen ved Systervegen og Dr. Halkjelsvikvegen for å betre kollektivtilbodet til bustadområda nord og nordvest for planområdet. Det er vurdert til at det innanfor planområdet ikkje vil vere behov for fleire haldeplassar på strekninga frå Høgskulen via Vikebygdvegen og Heltnevegen til Kårstadvegen.

I Furene vil det ikkje kome kollektivtiltak innanfor planområdet. I endeleg utteikna reguleringsplan har ein redusert planomfanget til ei avgrensing på sørsida av E39, sidan det no er avklart at det ikkje skal leggast til rette for tiltak på eksisterande E39 gjennom denne reguleringsplanen.

6.7 Landskap

I Volda er det valt eit prinsipp for kryssløysninga som inneber at biltrafikk blir senka ned i terrenget medan gåande og syklande blir prioritert med veg på høgde omtrent tilsvarande dagens terreng ved rundkøyring. Dette inneber at det store landskapsrommet grovt sett ikkje får store endringar, og ein unngår den visuelle barrieren som ei heva to-plansløysning ville kunne gje. Senking av køyrevegen inneber imidlertid at ein grev seg inn i terrenget, og murar og skråningar gjev store inngrep i sideterrenget. Det vil vere viktig å finne gode måtar å utforme desse på, slik at dei blir minst mogleg dominerande i landskapet. Skråningane må såast eller plantast til for å sikre eit grønt preg på anlegget, som passar til det omkringliggande området.
Murane i tilknytting til veganlegget bør primært vere av lokal naturstein som gjev rett farge og lokal identitet. Farten i rundkjøringa er låg, og detaljar i materialbruk blir lettare synleg. Det er difor viktig at dimensjonen på steinen ikkje er for stor og at kvalitet blir prioritert.

Tunnelportalane og murar i tilknytting til desse bør gjerne ha eit uttrykk som gjenspeglar området: på Voldasida vil portalen ha eit meir urbant uttrykk enn på Furene-sida. I Furene bør tunnelportalen ha eit formspråk som harmonerer med dei runde formene på portalen til Morkaåstunnelen.

Vegen i Furene ligg oppå dagens dyrkamark. Nær tunnelmunninga vil vegen ligge godt nede på dagens terrengnivå, medan den nær rundkjøring ligg om lag 3 meter over. Vegskråningar skal tilsåast slik at vegen framstår som godt integrert i terrenget og får eit lite dominerande uttrykk. Over tunnelportalen vil det bli overdekning nok til at området kan nyttast til framtidig landbruksareal. Nytt terreng over tunnel vil ha ei helling på omlag 1:8 mot dyrkamarka, slik at anlegget visuelt vil ligge godt i landbrukslandskapet. Skråninga på andre sida av tunnelen bør ha tilnærma lik helling for å gje eit balansert uttrykk på veganlegget ved tunnelen.

Reiseopplevinga gjennom tunnel i staden for gjennom Volda sentrum vil bli dramatisk endra. Ein vil spare tid ved å køyre trygt og sikkert den kortaste strekninga gjennom fjellet i ein lys og moderne tunnel. På den andre sida får ein ikkje opplevd Volda sentrum på vegen, som jo er ei heilt anna reise.

6.8 Nærmiljø/friluftsliv

Løysninga i rundkøyringa i Volda prioriterer gang- og sykkeltrafikk på øvre nivå, slik at dei mjuke trafikantane kan bevege seg i alle retningar utan å måtte skifte retning, fil eller fart. Det er nytta maksimal stigning på 1:20 på gangvegen for å ivareta universell utforming. Ved å legge gang- og sykkelbanen som eit kryss over rundkøyringa styrkar vi dei ganglinene som folk flest nyttar.

Barnetrakkregistreringane viste at hovudferdselen gjekk aust-vest gjennom rundkøyringa, og at idrettsområdet og friluftsområdet ved Årneset/Rotevatnet var viktige målpunkt for born og unge. Ved å lage ei diagonal kryssing over rundkøyringa blir det skapt ei effektiv og trafikksikker kryssing av vegane som følgjer dei mest brukte ganglinene. Dette oppfordrar til sykling framfor køyring, og born og unge kan ferdast mellom dei viktigaste friluftsområda med redusert behov for kryssing av trafikkert veg. Tilkomsten til turvegen langs elva blir betra ved at ein slepp å krysse køyreveg i plan.

Volda er ein høgskulestad med eit relativt kompakt og avgrensa sentrum, der alt skulle ligge til rette for høg sykkelandel. Potensialet for auka sykkelbruk er likevel stort her, og valet av kryssutforming i kombinasjon med eigne sykkelfelt langs Vikebygdvegen og Elvegata skulle oppmuntre til at fleire tek sykkelen i bruk til både arbeid, skule og fritid.

Lokalklimatisk kan gang- og sykkelbru over biltrafikken vere utfordrande. Vind vil trekkje ned under gangbanen og bilane kan virvle opp støv når det er tørt og forårsake vassføyk når det regnar. Bevisst utforming av rekkverk kan påvirke denne effekten.

Senking av biltrafikken til eit lågare nivå og vidare gjennom tunnel vil ta bort gjennomgangstrafikken i Volda sentrum, forutan dei som skal benytte ferjesambandet til/frå Volda til enten Folkestad eller Lauvstad. Biltrafikken opp Sjukehusvegen vil forsvinne. For bebuarane i nærmiljøet kring rundkøyringa, langs Sjukehusvegen og i Volda sentrum vil ny trafikksituasjon gje ei forbetring. Mindre støy og eksos vil vere positivt for nærmiljøa.

Ved Furene vil den nye vegen mellom rundkøyring og tunnel gå gjennom landbruksområde og vil i liten grad påvirke friluftslivet. For nærmiljøet vil ny veg fram til tunnel føre til auka støy, men samtidig vil Ørstavegen til Volda bli avlasta. Bebuarane langs denne vegen vil oppleve ei betring i nærmiljøet sitt, med tanke på mengde trafikk og medfølgjande støy og støv. Truleg kan mindre biltrafikk langs denne vegen oppmuntre fleire til å nytte sykkelen inn til Volda enn i dag.

6.9 Naturmangfald

6.9.1 Verknader i dagsonen i Volda

Utbygginga av ny E39 vil ikkje gi direkte inngrep i Øyraelva med kantsone. Indirekte påverknadsfaktorar kan vere overflateavrenning frå anleggsområdet i byggeperioden. Handtering av overflateavrenning og akutt forureining vil vere eit viktig tema for ytre miljø-planen (YM-plan) før anleggsstart. Det aller meste av anleggsområdet vil drenere inn mot tunnelen, og overflatevatn vil normalt bli ført til sjø i eigen leidning (nml §§ 11 og 12). Ved store nedbørsmengder må overskytande overflatevatn pumpast til Øyraelva. Det vil bli etablert system for avslamming av overflatevatn for å handtere slike situasjonar. Siktemålet er å hindre slamepisodar som går ut over episodar som naturleg kan oppstå i slike vassdrag, og som elvemusling og laks/aure vil tole. I flaumsituasjonar bidrar vassføringa i seg sjølv til å hindre nedslamming. I periodar med normal og lite vassføring vil det ikkje bli partikkelutslepp til Øyraelva, og ein unngår utslepp i periodar der elva vil vere meir utsett for nedslamming.

Elvemusling er ein raudlista norsk ansvarsart. Bestanden i Øyraelva er liten og svak, og har liten betydning regionalt og nasjonalt. Det vil likevel vere viktig å oppretthalde stammen i Øyraelva ut i frå lokale omsyn, og at bestanden kan ta seg opp att dersom negative påverknadsfaktorar i vassdraget kan minke i framtida. Tilsvarande gjer seg også gjeldande for laks og aure. Statens vegvesen Region midt meiner kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og verknader på naturmangfald i området er tilstrekkeleg til å vedta planen, jf § 8. I arbeidet med YM-plan og byggeplan må ein vurdere om det er behov for å

flytte elvemusling frå potensielt påverka strekning til strekning oppstraums anleggsområdet. Ein vil i YM-planen ha eit betre bilde av kapasiteten for avslamming og kva ein kan vente av partikkelutslepp. Dette må også ligge til grunn for søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Føre var-prinsippet (nml § 9) må ha tyngde i vurderingane i vegvesenet og hos Fylkesmannen.

Det vil ikkje bli vesentlege utslepp av drivevatn frå tunneldrivinga. Driving skjer i all hovudsak frå Furene-sida. Drivevatn vil bli reinsa og ført i lukka leidning til sjø. I driftsfasen vil vaskevatn frå tunnelen bli reinsa i sedimentbasseng i tunnelen, og ført i eigen leidning til sjø i Volda.

6.9.2 Verknader i dagsonen i Furene

Vilttrekk

Utbygginga vil få verknader for vilttrekket i området. Som omtala i kapittel 5.1.2 har vi gått bort i frå løysinga som er vist i kommunedelplanen, med ei lang bru mellom tunnelpåhogget og rundkøyringa. Hjort til/frå områda sør for ny E39 måtte med den løysinga gå under brua for å komme til/frå viltovergangen, eventuelt aust for tunnelportalen.

Med ny løysing er veglinja senka, og det vil bli støypt betongportalar frå fjellpåhogget og nesten fram til midten på brua som var vist i kommunedelplanen. Betongportalen vil bli dekt til med jordmasser med eit fall på 1:8. Sørskråningen over portalen kan opparbeidast til dyrka areal, medan nordskråningen vil bli planta til med stadeigne treartar.



Figur 60 – Utforming av veganlegget i Furene. Viltgjerde markert med lysegrønt

For å sikre at det ikkje blir sett i verk tiltak som kan vere til hinder for vilttrekk er arealet nærast viltovergangen sett av til Naturformål LNA. Dette arealet skal ligge urørt. Området er i hovudsak i kommunal eige, men omfattar også noko privat areal for å få ei tenleg avgrensing. I tillegg er det lagt inn to omsynssoner (Bevaring naturmiljø, H560) i planen. Nord for tunnelane (H560_1) skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området. Vegetasjonen i området skal bevarast. Plukkhogst av ved eller tømmer er tillate. Området skal ikkje grøftast eller dyrkast.

Sør for tunnelen (H560_2) skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området. Ordinær landbruksdrift er tillate.



Figur 61 – Omsynssoner H560 Bevaring naturområde ved Furene (utsnitt)

Planlagt løysing vurderer vi som vesentleg betre enn løysinga i kommunedelplanen. Dette gjeld særleg i tilfelle brua i kommunedelplanen skulle kombinerast med ein mogleg Torvmyrveg. Utbygginga av anlegget vil likevel kunne verke negativt på trekk av hjortedyr i området. Vegstykket i dagen mellom rundkøyringa og tunnelportalen vil stenge for fritt trekk nord/sør langs eksisterande E39, og det er ikkje sikkert dyr som kjem inn mot rundkøyringa frå sør og søraust og tenker seg vestover vil dreie aust og over tunnelportalen før dei går mot viltovergangen. Nokre dyr kan tenkast å dreie sørover mot Haukåsen eller Ekset og krysse der. Samtidig vil trafikken her bli halvert etter utbygging, noko som vil redusere risikoen for påkøyrsler.

Veganlegget vil komme på toppen av andre aktivitetar og utbyggingar i området, og er med på å forverre ei utvikling som over fleire år har gjort Furene til ein flaskehals for trekkande hjortevilt

(nml § 10). I lys av bestandssituasjonen representerer trekksituasjonen i Furene likevel ein relativt liten trusselfaktor mot stammane av hjortevilt både lokalt og regionalt. Men verdien av best mogleg trekkvilkår kan ikkje vurderast isolert ut i frå risiko for skade på naturmangfald. Dyrevelferd og trafikktryggleik må vege tungt når tiltaket skal vurderast og planleggast.

Vi trur planlagt løysing vil oppretthalde trekkaktiviteten over viltovergangen så langt det lar seg gjere innanfor rimelege kostnadsrammer (nml §§ 11 og 12). Statens vegvesen Region midt meiner kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og verknader på naturmangfald er tilstrekkeleg til å vedta planen, jf § 8. Sjølv om det er noko usikkert korleis tiltaket vil påverke trekkforholda for hjortevilt i Furene, gir ikkje tiltaket så stor risiko for skade på hjorteviltstammane at føre-var-prinsippet (§ 9) får tyngde.

I anleggsperioden vil byggeaktiviteten truleg forstyrre trekket i Furene. I så fall kan det bli meir kryssing andre stader, til dømes lenger sør. Trekkaktiviteten i anleggsperioden må følgjast opp, og ved behov må ein vurdere å til dømes forsterke skilting/varsling og justere fartsgrenser i område med auka trekk. Aktiviteten i anleggsområdet nord for ny E39 må ta særlege omsyn til vilttrekk til og frå viltovergangen. Lyssetting må avskjermast slik at områda utanfor anleggsområda blir opplyst i minst mogleg grad. Det er tatt inn krav i føresegnene som skal sikre desse omsyna, men plan for ytre miljø må utdjupe temaet, og eventuelt fastsette supplerande tiltak.

Avrenning/forureining

Drivevatn frå tunneldrivinga vil bli reinsa i samsvar med utsleppsløyve frå Fylkesmannen. Reinsa drivevatn vil deretter bli ført til bekk og vidare ned Sagelva til sjø ved Ekset. Når det gjeld overflate-avrenning frå anlegget er det relativt flatt i området, og det ligg godt til rette for å avgrense overflateavrenning og akutt forureining til bekken og Sagelva. Handtering av overflateavrenning og akutt forureining vil vere eit viktig tema for ytre miljø-planen før anleggsstart. Det er ikkje registrert særskilte naturverdiar i Sagelva, men det vil vere viktig å minimere utslepp av partiklar og stoff av omsyn til dei kvalitetane elva har (nml §§ 11 og 12). I driftsfasen vil vaskevatn følgje fallet mot Volda, der det blir reinsa og ført til sjø i eigen leidning.

6.9.3 Framande og uønska artar (nml 28)

I naturmangfaldlova kapittel IV, Fremmede organismer, § 28 (krav til aktsomhet) står det mellom anna at: «*Den som setter i verk virksomhet eller tiltak som kan medføre spredning eller utslipp av levende eller levedyktige organismer til steder der de ikke forekommer naturlig, skal i rimelig utstrekning treffe tiltak for å hindre dette*.»

Før anleggsstart skal framande og uønska arter kartleggast, jf. Artsdatabanken rapport «*Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*» (ev. seinare revisjonar). Ved funn skal førekomstane bli fjerna, og det skal gjennomførast tiltak som hindrar spreiing med plantemateriale, lausmassar, utstyr eller anna.

6.10 Kulturminne og kulturmiljø

Tiltaket får ingen konsekvensar for automatisk freda kulturminne då det ikkje er registrert slike tett opp mot eller innanfor planområdet.

Det vil verte ein direkte konflikt med to av dei tre SEFRAK-registrerte bygningane på gbnr. 19/34. Her vert det behov for å anleggje ein mellombels anleggsveg og påfølgjande sykkelrampe som skal etablerast vil komme rett gjennom tunet. Som følgje av dette må truleg alle dei tre bygningane på eigedomen rivast. Det er våningshuset og eit uthus som ligg i direkte konflikt med planlagt sykkelrampe medan løa vert liggande tett på ferdig anlegg.

Tiltaket vil ikkje kome i direkte konflikt med husmannsplassen Kleppheim på gbnr. 19/37, og det vert i samsvar med kommunedelplanen lagt på ei omsynssone for bevaring kulturmiljø her.

6.11 Naturressursar

Jordbruk

Utbygginga vil netto legge permanent beslag på 5,6 dekar dyrka mark. I dette er medrekna ein liten skalk med dårleg arrondering som blir liggande att nord for E39 inn mot rundkøyringa. Vi ser ikkje at det er stor verdi i å ta vare på dette arealet. Dyrkamark som forsvinn ved tunnelområdet blir til dels erstatta ved at overdekning over tunnel og sideområdet blir lagt med fall på ca 1:8 og kan nyttast til tilbakeføring av matjord/nydyrking.

Planframlegget fører elles til at om lag 83,5 dekar dyrka jord kan verte beslaglagt til rigg- og deponiområde i anleggsperioden. Etter at anlegget er ferdigstilt, skal areala førast tilbake til sitt opphavlege formål som LNF-areal. I anleggsperioden vil tiltaket få vesentleg betydning for tilgang til dyrkamark i planområdet, men tilbake i ein permanent situasjon, vil tiltaket etter vår vurdering ha mindre betydning for drifta på dei to gardsbruka som blir berørt.

Det skal sikrast at jordpakking, endra arrondering og endra jordsamansetjing ikkje reduserer kvaliteten på landbruksjorda ved tilbakeføring til LNF-areal. Ved fjerning av matjord og undergrunnsjord for mellomlagring og tilbakeføring skal det sikrast at jordsjikta blir sortert og lagt tilbake i rett rekkefølgje. For å avgrense ugrasetablering og gi betre resultat av lagringa bør lagra jord såast til manuelt med passande frøblanding.

6.12 Støy og vibrasjonar

6.12.1 Generelt

Støy

Gjeldande retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442/2016, skal leggast til grunn ved arealplanlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningslova. Retningslinja gjeld ved planlegging av ny støyande verksemd, etablering av nye bustadar eller annan busetnad med støyfølsame bruksføremål ved eksisterande eller planlagt støykjelde og ved utviding eller oppgradering

av eksisterande verksemd når endringa er så vesentleg at det er krav om ny plan etter plan- og bygningslova.

I samsvar med T-1442 skal støy bereknast, og det skal kartfestast ei inndeling i to støysoner: Raud sone nærast støykjelda (L_{den} over 65 dB), angir eit område som ikkje er eigna til støyfølsame bruksføremål, og etablering av ny støyfølsam busetnad skal unngåast. Gul sone (L_{den} 55 - 65 dB) er ei vurderingssone, der støyfølsam busetnad kan oppførast dersom støyreduserande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold. For øvrige område vil det normalt ikkje vere nødvendig å ta omsyn til støy.

Tabell 62 viser berekningsføresetnadane for dei ulike vegane både i Volda og Furene. I støyberekningane er trafikktal for år 2041 med og utan reguleringsplan/tiltaket brukt.

Vegnamn	ÅDT 2016	ÅDT 2025	ÅDT 2041	ÅDT 2041 uten tiltak	Fartsgrense	Lange kjt %	
Systervegen	3800	0	0	5100	50	0	A
Kløvertunvegen	400	460	520	520	50	0	B
Sjukehusvegen	3840	0	0	5150	50	2	C
Heltnevegen opp til ny veg	1300	5800	6720	1800	50	2	D
Heltnevegen fra ny veg og nordover	1200	1380	1570	1620	50	2	E
Vikebygdvegen vestfor Heltnevegen	5700	6800	7950	7700	50	5	F
Vikebygdvegen øst for Heltnevegen	4600	5300	6000	6000	50	5	G
E39 vest	9500	7500	9500	12750	50	7	H
E39 sør	3300	3800	4300	4300	50	9	I
Ny veg fra Heltnevegen til Kårstadvegen	0	4200	5150	0	50	2	J
E39 nord i tunnel	0	7500	9000	0	50	7	K
Ny vegparsell		500	500		50	0	L
E39 sørvest fra RK i Furene	9230	4000	4600	12500	70	7	M
E39 nordøst fra RK i Furene	9090	10450	12300	12300	70	7	N
Fv653 nordvest fra RK i Furene	2940	3380	4000	4000	80	10	O

Figur 62 - Vegtrafikkdata som er lagt til grunn for støyberekningane



Figur 63 - Vegar med benemning jf. trafikktal i figur 62 (Rambøll 2017)

Berekningane er gjennomført i henhald til støyretningsline T-1442 (2016) og er skildra i vedlagt støyrapport. Resultata er presentert i støysonekart med raud, gul og kvit soneinndeling. Det er i tillegg utført punktberekningar på den mest utsette fasaden for alle dei aktuelle bygningane.

Dei kraftigaste vibrasjonane i byggefasen kjem frå sprengingar av forskjering til tunnelen, og frå bygging av sjølve tunnelen. Vibrasjonane vil avta gradvis ettersom overdekkinga til tunnelen aukar. Største tillatte vibrasjonar frå spreningsarbeidet blir regulert av *'NS8141 Vibrasjoner og støt - Veiledende grenseverdier for bygge- og anleggsvirksomhet, bergverk og trafikk'*.

Vibrasjonar

Dei kraftigaste vibrasjonane i byggefasen kjem frå sprengingar av forskjering til tunnelen, og frå bygging av sjølve tunnelen. Vibrasjonane vil avta gradvis ettersom overdekkinga til tunnelen aukar. Største tillatte vibrasjonar frå spreningsarbeidet blir regulert av '*NS8141 Vibrasjoner og støt - Veiledende grenseverdier for bygge- og anleggsvirksomhet, bergverk og trafikk'*.

6.12.2 Furene

Berekning for Furene, vist i figur 64 under, er utført for å kartlegge støyfølsame bygningar som er berørt av planen. Ein bustad på gbnr. 14/1 er berørt av tiltaket.



Figur 64 – Støysonekart for Furene berekna 4 meter over terreng med støykjelder innanfor tiltaksområdet, år 2041 (Rambøll 2017)

Det er vurdert skjerming ved utløpet av tunnelen på sørsida av vegen, men tiltaket viser seg å ha svært begrensa effekt for den berørte bustaden. Difor må det i byggefasen vurderast lokale tiltak for bustadhuset og uteopphaldsareal.

6.12.3 Volda

Berekning for Volda, vist i figur 65 under, er utført for å kartlegge støyfølsame bygningar som er berørt av planen. Illustrasjonen viser at 30 bustader vert berørt av tiltaket.



Figur 65 – Støysonekart for Volda berekna 4 meter over terreng med støykjelder innanfor tiltaksområdet, år 2041 (Rambøll 2017)

Det er vurdert skjerming langs veg som tiltak for å redusere støy på utsette fasadar og uteopphaldsareal. Berekningshøgde er både 4 meter og 1,5 meter over terreng.

I figur 66 under er aktuelle skjermar vist med plassering og skjermhøgde 2–2,2 meter, berekningshøgde 1,5 meter over terreng. Berekningshøgda vert nytta for å vurdere uteopphaldsareal på bakkenivå, og som vi kan sjå i figuren, vil skjermane bidra til at uteareal på bakkeplan vert skjerma mot støy. Skjermplassering og utstrekning er vist med blå strek.



Figur 66 - Støysonekart for Volda målt 1,5 meter over terreng. Plassering og utstrekning av aktuelle skjermar vist med blå strek (Rambøll 2017)

Planlagt skjerming vil redusere støybelastning på fasadar og uteareal. I reguleringsplanen er den sørlegaste av skjermane på austsida av Heltnevegen regulert inn, medan resterande er skjermar som kan vurderast i byggeplanlegginga.

I vidare planlegging må dei utsatte støyfølsame bygga vist i tabell figur 67 vurderast nærmare for å sikre at krav til innandørs lydnivå frå utandørs støykilder og lydnivå på uteplassar vert ivaretekne. Lokale tiltak som isolering av fasade/vindauge og uteopphaldsareal knytt til kvar enkelt eigedom vil vere aktuelt for mange av bustadane uavhengig av støyskjermer langs veg.

	Adresse	Gnr	Bnr	Bygningstype	Antall bueiningar	Høgast L_{den} uten skjerm	Vurdering av tiltak i byggeplan
A	Joplassvegen 4	19	97	Enebolig m/hybel/sokkelleil.	2	67	Skjerm langs veg/lokale tiltak
B	Elvegata 34	19	34	Våningshus	1	69	Flytting av bygg/Skjerm langs veg/lokale tiltak
C	Myravegen 6	19	205	Enebolig	1	54	Nei, ikkje over grenseverdi
D	Vikebygdvegen 2	19	10	Våningshus	1	57	Skjerm langs veg/lokale tiltak
E	Vikebygdvegen 8	19	252	Enebolig	1	61	Skjerm langs veg/lokale tiltak
F	Vikebygdvegen 10	19	229	Enebolig	1	63	Skjerm langs veg/lokale tiltak
G	Vikebygdvegen 16	20	33	Enebolig	1	64	Skjerm langs veg/lokale tiltak
H	Vikebygdvegen 18	20	39	Enebolig	1	64	Skjerm langs veg/lokale tiltak
I	Vikebygdvegen 20	20	41	Enebolig	1	64	Skjerm langs veg/lokale tiltak
J	Heltnevegen 3 A	19	715	Studenthjem/studentboliger	12	57	Lokale tiltak
K	Heltnevegen 3 C	19	715	Studenthjem/studentboliger	12	58	Lokale tiltak
L	Heltnevegen 5 A	19	755	Studenthjem/studentboliger	16	60	Lokale tiltak
M	Heltnevegen 9	19	736	Enebolig	1	65	Skjerm langs veg/lokale tiltak
N	Heltnevegen 7 B	19	755	Studenthjem/studentboliger	16	58	Lokale tiltak
O	Vikebygdvegen 13 A-D	20	476	Andre småhus med 3 boliger	4	62	Skjerm langs veg/lokale tiltak
P	Vikebygdvegen 13 E-H	20	476	Andre småhus med 3 boliger	4	62	Skjerm langs veg/lokale tiltak
Q	Nygardsvegen 2	20	79	Bo- og behandlingssenter	1	64	Skjerm langs veg/lokale tiltak
R	Nygardsvegen 1	20	57	Enebolig	1	65	Skjerm langs veg/lokale tiltak
S	Nygardsvegen 3	20	58	Enebolig	1	56	Skjerm langs veg/lokale tiltak
T	Bakkevegen 2	20	62	Enebolig	1	62	Skjerm langs veg/lokale tiltak
U	Bakkevegen 1	20	67	Enebolig	1	60	Lokale tiltak
V	Sjukehusvegen 8 B	19	487	Enebolig	1	54	Nei, ikkje over grenseverdi
W	Kløvertunvegen 4	19	162	Boligblokk på 3 eller 4 etg	7	56	Lokale tiltak
X	Kløvertunvegen 2	19	162	Boligblokk på 3 eller 4 etg	6	55	Nei, ikkje over grenseverdi
Y	Kårstadvegen 26	19	692	Enebolig	1	52	Nei, ikkje over grenseverdi
Z	Kløvertunvegen 10	19	254	Del av rekkehus	1	57	Lokale tiltak
Æ	Kløvertunvegen 8	19	239	Bo- og behandlingssenter	0	63	Lokale tiltak
Ø	Dr Halkjelsvikvegen 2	19	622	Annet sykehus	0	55	Nei, ikkje over grenseverdi
Å	Sjukehusvegen 6 B	19	395	Annen bygning for bofellessk	30	53	Nei, ikkje over grenseverdi
Skole 1	Joplassvegen 6 A	19	753	Univ./høyskole	0	61	Lokale tiltak
Skole 2	Joplassvegen 12	19	752	Annen univ./høyskolebygg	0	57	Lokale tiltak
Furene	Ørstavegen 380	14	1	Våningshus	1	58	Lokale tiltak

Figur 67 - Punktberekningar på støyfølsame bygningar i Volda og i Furene (grunnlag frå Rambøll rapport 2017-3-22, tabell 5)

Yttarlegare skildring og informasjon er å finne i vedlagt Støyutredning for E39 Volda-Furene (Rambøll, mars 2017).

6.13 Luft

Det er utarbeidd ei detaljert vurdering av lokal luftkvalitet som er vedlagt denne planomtalen. Det er i rapporten gjort ei vurdering av lokal luftforureining i og ved tiltaksområda ut frå spreiingsberekningar, der forureininga er vurdert opp mot gjeldande regelverk (sjå kapittel 4.13).

For å kunne vurdere lokal luftkvalitet ved områda som blir berørt av ny E39 mellom Volda og Furene er det gjennomført spreiingsberekningar for svevestøv (PM_{10}, $PM_{2,5}$) og nitrogendioksid NO_2 i tråd med gjeldande regelverk og Statens vegvesen sine interne rettleiarar. Trafikkinformasjon for år 2025 i tabell figur 62 ovanfor er lagt til grunn for luftberekningane. Resultata er presentert som luftsonekart med gule og raude soner i henhald til grenseverdiane i T-1520 gitt i tabellen under. I tillegg er det som vedlegg til rapporten vist luftsonekart i henhald til dei enda strengare grenseverdiane i luftkvalitetskriteriane som gjeld for tunnelar.

Tabell 1. *Anbefalte grenser for luftforurensning og kriterier for soneinndeling ved planlegging av virksomhet eller bebyggelse. Alle tall i µg/m³ (mikrogram/m³) luft.*

Komponent	Luftforurensningssone[1]	
	Gul sone	Rød sone
PM_{10}	35 µg/m³ 7 døgn per år	50 µg/m³ 7 døgn per år
NO_2	40 µg/m³ vintermiddel[2]	40 µg/m³ årsmiddel
Helserisiko		
	Personer med alvorlig luftveis- og hjertekarsykdom har økt risiko for forverring av sykdommen. Friske personer vil sannsynligvis ikke ha helseeffekter.	Personer med luftveis– og hjertekarsykdom har økt risiko for helseeffekter. Blant disse er barn med luftveislidelser og eldre med luftveis- og hjertekarlidelser mest sårbare.

[1] Bakgrunnskonsentrasjonen er inkludert i sonegrensene.
2 Vintermiddel defineres som perioden fra 1.nov til 30. april.

Figur 68 – Tilrådde grenser for luftforureining og kriteriar for soneinndeling jf. Retningsline T-1520

Luftsonekarta utarbeidd i tråd med retningsline T-1520, viser at nedre grense for gul eller raud sone berre overstigast langs deler av vegbanen, like ved tunnelmunningane og langs dei sterkast trafikkerte vegstrekningane. Ingen bebyggelse eller busetnad er omfatta av raud eller gul sone. Figur 70 under viser utstrekninga av raud- og gul luftsone for PM_{10} ved tunnelutløp i Volda.



Figur 69 – Utstrekning av raud- og gul luftsone for PM_{10} ved tunnelutløp i Volda.

Vurderingane viser dermed at etablering av ny vegstrekning av E39 mellom Volda og Furene med to-løps tunnel ikkje vil medføre dårleg luftkvalitet i områda nær tunnelmunningane, verken sett opp mot retningsline T-1520 eller luftkvalitetskriteriane. Med grunnlag i luftforureiningssituasjonen ved områda vil det difor ikkje vere behov for tiltak som ventilasjonstårn i tunnelen eller lokale skjermingstiltak.

Yttarlegare skildring og informasjon er å finne i vedlagt rapport, Vurdering av lokal luftkvalitet (Rambøll, mars 2017).

6.14 Massehandtering og deponi

6.14.1 Mengder

Tunnelbygging vil gje eit overskot av lause masser/«gråmasser» og tunnelmasse. Mengdene er avhengig av om det skal leggast til rette for eitt eller to tunnelløp. Ein tek ved etablering av toløps-tunnel høgde for at tiltaket vil generere om lag 700 000 m3 overskuddsmasse til deponi som må ivaretakast på ein forsvarleg måte. Av desse vil om lag 550 000 m3 overskuddsmasser førast ut i Furene, og tilsvarande om lag 150 000 m3 i Volda.

6.14.2 Regulerte areal for rigg og mellomlager

Reguleringsplanen legg til rette for rigg- og deponiområde i begge endar av tunnelen, hhv. på Røysmarka i Volda på gbnr. 19/1 og eit areal i Furene, hovudsakleg på gbnr. 11/5 og 14/4. Areala på Volda-sida vil primært verte nytta til brakkerigg og nødvendig lagring av utstyr. I Furene vil det også vere behov for brakkerigg og det blir noko mellombels lagring av masser som skal tilbakeførast til bruk i opparbeiding av ny E39. Knusing av masser kan også verte aktuelt.

6.14.3 Deponi

Saman med Volda og Ørsta kommunar har Statens vegvesen sett på ulike måtar å ta hand om tunnelmassene. Ein har vurdert områder både for permanent deponi og for mellombelse lagringsområde, og også drøfta om det fins klarerte aktuelle utbyggingsprosjekt som kan nytte seg av massene.

Statens vegvesen har som målsetting at massene skal gå til samfunnsnyttige tiltak. Vidare er transportkostnader medverkande til vurderingane, likeeins vurderingar knytt til å kunne deponere i spreiddbygde område og dermed kunne ha drift og transport av masser også nattestid.

Det er avklart med kommunane at det i utgangspunktet er to område som allereie er klarerte for slik bruk, og som kan vere aktuelle for massedeponi;

- eitt område nord for Helgehorntunnelen i Ørsta kommune, Vikaura
- og eitt område like nord-aust for Rotsethorntunnelen i Volda kommune.

Vikaura i Ørsta kommune

Vikaura har tidlegare vore nytta til masselagring frå bygging av Eiksundsambandet, og det føreligg ein godkjent reguleringsplan for det aktuelle området, «Eiksundsambandet-Steinnesstranda-Sørheim-

Vikaura», vedteken i Ørsta kommunestyre 06.02.1998. Transportavstanden vil vere om lag 4 km frå tunnelopninga i Furene til avkøyring i Vikaura. I Vikaura vil ein kunne plassere om lag 400 000 m3 overskuddsmasser. Det vil frå kommunen si side ikkje bli stilt krav om ny reguleringsplan for området, men tiltaket vil kunne handsamast som ein dispensasjon frå rekkefølgjekrav om tilstelling. Kommunen stiller som ein føresetnad at utvasking av finstoff og utrasing til sjø blir hindra før vidare utfylling tek til.

Figur 70 – Utsnitt frå reguleringsplan Eiksundsambandet – Steinnestranda-Sørheim-Vikaura (1989). Reguleringsplan for Vikaura småbåthamn er også vist i utsnittet (kjelde: Planinnsyn, Ørstakart.no)

Figur 71 – Flyfoto frå Vikaura

Eventuelt tilleggslager i Steinnesstranda i Ørsta kommune

Det vil vere behov for yttarlegare lagringsplass, og ein har sett på eit areal i Steinnesstranda innanfor den same reguleringsplanen, som er regulert til deponiformål og eventuelt kan takast i bruk. Kommunen opplyser at området no ligg innanfor bandleggingssona for Ørstafjordkryssinga, og det må i tilfelle gjerast ei ny arealbruksvurdering gjennom ny reguleringsplan for å få dette endeleg avklara.

Figur 72 – Utsnitt frå reguleringsplan Eiksundsambandet – Steinnestranda-Sørheim-Vikaura (1998) som syner aktuelt areal for deponi i Steinnesstranda.

Til høgre flyfoto over same området



Rotset i Volda kommune

På Volda-sida har ein behov for å lagre om lag 150 000 m3 overskotsmasse. Vegvesenet har i dialog med Volda kommune vurdert at det kan lagrast overskotsmasser på eit område innanfor reguleringsplan Næringsområde Øvre Rotset vedteken 13.11.2014.

Område merka I/L, F/K 16 og F/K 17 i figur 74 under kan nyttast til masselager. I høve opparbeiding av arealet til industriformål, er det føresett ei tidsmessig koordinering mellom aktuelt utbygging i området og driving av tunnel.

Figur 73 – Flyfoto over Rotset i Volda

Figur 74 – Næringsområde Øvre Rotset vedteken 13.11.2014. Område merka I/L, F/K 16 og F/K 17 kan nyttast til masselager

Det kan vere aktuelt å vurdere eit areal på vestsida av Austefjordvegen, dersom det ikkje let seg gjere å plassere overskotsmasser innanfor det regulerte næringsområdet nemnt ovanfor.
Arealet er i kommunedelplan for Volda sentrum (2009) vist som kombinert føremål med industri/lager, og det må i tilfelle utarbeidast ein reguleringsplan for området, eller søkjast dispensasjon frå plankrav, dersom dette området mellombels skal nyttast til masselagring.



Figur 75 – Utsnitt frå Kommunedelplan for Volda sentrum (2009). Det aktuelle arealet ligg i sørvest og er vist med dels lilla farge og dels skravur

6.14.4 Verknader av massedeponi

All fjellmasse som blir teke ut skal i prinsippet lagrast mellombels. På dei planlagte områda på Voldasida skal det kun vere massedeponi, ikkje pukkverk. Gråmasse vil måtte lagrast permanent, men noko av denne massen ser ein også for seg kan nyttast ved utbygging av området på Øvre Rotset.

Vikaura har frå før vore i bruk som område for massedeponi i samband med bygginga av Eiksundsambandet. Terrenget her er såleis allereie påverka av lik bruk, og det eksisterande deponiområdet vil gjenbrukast og supplerast. Fjernverknaden av massedeponiet sett frå andre sida av fjorden kan virke dominerande, samtidig som dette ikkje vil vere ei stor estetisk forverring av dagens situasjon. Det vil vere viktig å halde seg konsentrert til det planlagte området og følgje krav ift. miljøbelastning mot fjorden, slik at ein reduserer negative effektar både på land og i sjø. Reinsebasseng mot fjorden er aktuelt.

I Volda vil det planlagte deponiområdet på Øvre Rotset kunne ta imot nødvendig mengde massar for mellombels lagring. Det gjeld både jordmassar og sprengingsmassar. Området kan bli noko eksponert mot vatnet, og det er viktig at ein let ein dempande vegetasjonsbuffer bli ståande att mot aust. Området er regulert og tenkt utbygd, og ein ser for seg at også 'gråmassen' kan nyttast i den samanheng. Det vil seie at behovet for permanent lagring er minimalt. Ved avslutting av deponi for mellombels lagring skal området stellast til og avsluttast slik at det er eigna for vidareføring av regulert bruksformål i samråd med kommunen. Det kan vere aktuelt å anlegge sedimenteringsbasseng for å hindre avrenning til Rotevatnet.

Ved ein mogleg bruk av området sørvest for tunnelmunninga, på andre sida av Austefjordvegen, vil det vere behov for skjerming av massedeponiet. Dette er eit meir eksponert område, og krev at det blir teke større estetiske omsyn ved etablering av deponi. Kyrkjegarden ligg i nærområdet, og dette skal ein ta omsyn til både ved utføring av deponeringsarbeidet og ved estetisk utforming. Ein bør sette att eit belte av trevegetasjon rundt området, for å dempe effekten av oppfyllingsmassane. Etter bruk og ved avslutting av det mellombelse deponiet skal området tilbakeførast til opprinneleg situasjon.

Felles for alle områda er at terrenget skal jamnast til og tilbakeførast til opprinneleg situasjon, eller tilrettelagt for planlagt reguleringsformål, ved deponiets avslutning. Der det er ønskjeleg skal vekstjord med frøbank leggast til side før etablering av massedeponiet og sidan leggast tilbake med hensikt å få etablert ein stadeigen vegetasjon i etterkant. For permanente deponi skal terrenget formast og revegeterast på ein slik måte at deponimassane ikkje ligg som skjemmande sår i landskapet.

6.14.5 Andre alternativ for disponering av overskotsmasser

Både Volda og Ørsta kommune er interesserte i å nytte seg av tunnelmasser, og har i møte skissert fleire tiltak der det kan vere aktuelle å nyttiggjere tunnelmasser, føresett at det tidsmessig skjer nokolunde parallelt. Det mest aktuelle vil likevel vere at kommunane kan disponere masser som mellombels vert lagra i deponi.

I høve reguleringsplan for Næringsområde Øvre Rotset i Volda, ønskjer kommunen å leggje til rette for industriområde der det er tiltenkt å nyttiggjere tunnelmasser (område I/L og F/K 16-17 i figur 73 over).

Volda kommune er i gang med revisjon av kommuneplanen sin arealdel, der spørsmål om areal for massedeponi/massehandtering også er tema.
Det er også i den samanheng lansert spørsmål om vidare etablering av utbyggingsareal i området Langemyra/Morkaåsen. Vert dette lagt til grunn i kommuneplan, vil det også kunne vere eit høgst aktuelt areal for massedeponi/massehandteringsareal for dei aktuelle tunnelmassene. Området vil då ha kapasitet til å lagre alle dei aktuelle massene som skal takast ut på Furene-sida.
Det vil vere behov for detaljregulering. Tilkomst til området vil eventuelt kunne kombinerast med planlagt ny tilkomstveg frå Furene.

6.15 Tunneldrift

6.15.1 Driving av tunnelen

Det er planlagt å ta ut forskjeringar og etablere tunnelportalar og lausmassetunnel frå Volda-sida. Deretter vil all driving av tunnelen gå frå Furene-sida. Ein har som målsetting å kunne laste om tunnelmasse inne i tunnelen ved å etablere ei nisje til dette formålet, og dermed unngå omlasting ute i Furene. Dette vil redusere støyande aktivitet i Furene vesentleg.

6.15.2 Avløpsvatn frå tunnelen

Ein skil mellom drivevatn, dreneringsvatn og vaskevatn frå tunnelen. Den nye tunnelen vil få eit gjennomgåande fall frå Furene til Volda på 1 % og det vil vere naturleg at vatnet vert ført til Volda-sida. Det er krav til reinsing av drivevatn og vaskevatn frå tunnel. Vegvesenet vil inngå ein avtale med Volda kommune om at sjøledning blir lagt saman med kommunen si nye kloakkledning før oppstart.
Leidninga skal nyttast til å føre reinsa vatn frå tunnel til sjø.

Drivevatn
Det må søkast om utsleppstillatelse for tunnelvatn til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Drivevatnet frå tunnelen skal ha mellombels utsleppstillatelse før oppstart av tunneldrivinga og det skal føreligge permanent utsleppstillatelse før tunnelen vert opna.

Dreneringsvatn
Dreneringsvatn frå tunnelen vert behandla på same måte som anna dreneringsvatn/overvatn på veg i dagen.

Vaskevatn
Ved vasking av tunnelen, vil vaskevatnet verte slusa til eige sedimenteringsbasseng i tunnelen for ein periode. Deretter vert vaskevatnet ført vidare via pumpeanlegg til nemnde sjøledning. Dersom det vert stilt krav til yttarlegare rensing, blir dette utført i tråd med lovverket.

7 Risiko, sårbarheit og sikkerheit - ROS analyse

Risiko er eit uttrykk for den faren ikkje-ønska hendingar representerer for eit menneske, miljø eller materielle verdiar. Risikoen er eit resultat av sannsynet (frekvensen) for og konsekvensane av ikkje-ønska hendingar. Sannsyn i denne samanhengen er eit uttrykk for kor hyppig ein kan rekne med at ei hending vil kunne skje. Konsekvens er i denne samanheng ei skildring av følgjene av ei hending. Sårbarheit er eit uttrykk for eit system si evne til å fungere og oppnå sine mål når det vert utsett for påkjenningar.

Ved vurdering av risiko, sårbarheit og sikkerheit er det gjort ein gjennomgang av sjekklista utarbeidd av Beredskapsseksjonen hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, versjon per 15.12.2016. Gjennomgangen er gjort i samarbeid med administrasjonen i Volda kommune, med brannetaten og kommunelegen.

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA – kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	Ja	Nei	Kommentar
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?	X		Aksemdsona for jord- og flaumskred når ikkje ned til tunnelpåhogget og E39. Når det gjeld områda for bustader og offentlege formål er reell skredfare ikkje vurdert. Reguleringsplanen er ein områdeplan med krav om detaljregulering for alle bustadområde og område for offentleg formål. Aktsemdsona er vist som faresone i reguleringsplanen. I føresegnene er det sett forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 innanfor faresona før områda er detaljregulert og reell fare er avklart. Ideelt sett burde reell fare vore avklart allereie i områdeplanen, men i og med at områdeplanen berre tar opp i seg etablert arealbruk meiner vi planen sikrar tryggleiksomsyna, og er i samsvar med NVE sin rettleiar 2/2011, siste avsnitt i 7.5.2-D.
	b	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	Vegvesenet sine geotekniske undersøkingar er dokumentert i ein eigen rapport omtala i kapittel 4.10. Grunnboringane viser morene i veganlegget. Vestlege delar av planområdet er markert som marine avsetningar. I detaljregulering av BKB4 og BKB5 må dette avklarast nærare.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	Delar av område BKB4 og BKB5 er omfatta av aktsemdssone for flaumfare, jf. figur 31 i avsnitt 4.11. Aktsemdssona er for grovt avgrensa i NVE sine kart til å vise i områdeplanen. I føresegnene er det sett krav om at reell flaumfare inkludert erosjonsfare må avklarast ved detaljregulering.
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekkar, overfløyming i kjellar osv?		X	Sjukehuskrysset er i dag eit kommunalt knutepunkt for kommunalt vatn og avløp. Ei senking av terrenget vil medføre at ein må legge om leidningsnettet og mogleg installere ein pumpestasjon for kloakk. Dette vert å avklare nærare gjennom teknisk plan/byggeplan. Overflatevatn frå ei senka løysing må pumpast mot Rotset /Øyraelva. Løysinga bør være redundant med separat straumtilførsel då faren for mykje regn og straumutfall ofte kan samanfalle.
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	h	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
	j	Anna (Spesifiser)?		X	
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Vassforsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?			Haukåsen vasslag (privat) har vassinntak nær utløpet av tunnelen i Furene. Kommunen vil vurdere om tunnelen vil kunne påverke vassinntaket. Vasslaget sine abonnentar kan koplast til det kommunale vassverket, då mykje av leidningsnettet er parallelt. Ein må mogleg installere ein pumpestasjon for å få tilstrekkeleg trykk til dei høgastliggande forbrukarane.
	c	Anna (spesifiser)?		X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4μT frå høgspentliner?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	Det er ikkje definerte og skilta ulukkespunkt innanfor planområdet. I krysset mellom Heltnevegen og fv. 45 Vikebygdvegen skjer det mindre ulukker ved glatt vegbane. Krysset vert utbetra gjennom framlagd planløysing og risikoen minkar.
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X		Tankbilvelt ved transport av farlige gods kan ikkje utelukkast. Ein meir trafikksikker veg vil redusere sannsyn og risiko.
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendingar?		X	

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	Ja	Nei	Kommentar
	e	Anna (spesifiser)?		X	
Miljø/ Landbruk	a	Vil planen/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?	X		Det er gjennomført berekningar for støy og luft i tråd med gjeldande retningsliner, sjå kapittel 6.12 og 6.13.
	b	Vil planen/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?	X		Anleggsperioden vil gi risiko for akutte hendingar som olje- og drivstofflekkasjar. Anlegget vil ha beredskap for å avgrense og samle opp utslepp.
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	X		For områda i Volda er det ikkje nye landbruksareal som blir regulert. I Furene vil ein midlertidig disponere om lag 83 000 m2 av LNF-areal i anleggsperioden
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Beredskap brann/ulukke	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	Dette må tilførast i samsvar med gjeldande tunnelforskrifter.
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	
	c	Anna (spesifiser)?		X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		 X X X X	For tunnelen vil dette bli sikra gjennom gjeldande tunnelforskrifter. Hovudvassforsyninga til øvre Rotset går gjennom Sjukehuskrysset. Dette inkluderer også det framtidige industriområdet på Rotset. Også kloakken frå dei store bustadområda Heltne/Bratteberg går i dag gjennom eller nær Sjukehuskrysset. Desse må leggast om før utbygging vert sett i gong.
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X		Tunnel Volda-Furene. Ny tunnel er definert som eit brannobjekt og må ha si eiga tryggleiksklarering. Dette vil bli gjennomført i samband med bygginga. Alle forhold knytt til brann i tunnel vil då bli tatt i vare. I tillegg til tryggleiks-utrustinga i tunnelen vil også tilgjengelege utrykkingsressursar verke inn på konsekvensar av tunnelbrann. I Volda er det tilgjengelege brannvernressursar om lag 600 meter frå tunnelportalen. Tilsvarande frå Ørsta-sida vil vere om lag 5,5 km til portal i Furene. Eventuell omkøyring går via dagens E39. Ambulansar lokalisert ved Volda sjukehus, sentralt i høve tunnelen. Konsekvensane av ein tunnelbrann kan vere svært store, avhengig av situasjon. Lengda på tunnelen forsterkar dette. Endeleg vurdering av om eksisterande utrykkingskapasitet er tilstrekkjeleg, må skje i samband med tryggleiksklareringa.
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X		Sjukehuskrysset er også eit svært trafikert gangkryss for elevar som skal til barne-, ungdoms- og vidaregåande skular retning sentrum. Også på ettermiddagen er det mange born som nyttar gangsystemet for å kome bort til Volda idrettspark. Reguleringsframlegget tek høgde for langt sikrare trafikale løysingar for mjuke trafikantar, samanlikna med dagens situasjon. Det vil bli gjort ekstra tiltak for tilrettelegging for dei mjuke trafikantane i anleggsperioden.
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?		X	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?		X	

8 Gjennomføring av framlegg til plan

8.1 Framdrift og finansiering

Framdriftsplanen legg opp til at reguleringsplanen skal vere godkjent i Volda kommunestyre seinast i april 2018, sjå oppsett i kapittel 3.

E39 Volda–Furene ligg inne i Nasjonal transportplan (NTP) med 900 mill. kroner i siste halvdel av perioden 2018–2029. I NTP er kostnaden basert på kommunedelplan (+–25 %) med eitt tunnelløp, der andelen statlege midlar er 600 mill. kroner. I prioriteringa er det føresett at det vert tilslutning om delvis bompengefinansiert utbygging av prosjektet.

Nye trafikktal har medført behov for å regulere for to tunnelløp. Utbygging som vist i reguleringsplanen vil ha ein kostnad på 1815 mill. kroner ut frå kostnadsanslag i Statens vegvesen med ei detaljering på +–10 %.

Eit eventuelt første byggetrinn der ein legg eitt tunnelløp til grunn, er kostnadsrekna til 1142 mill. kroner (+–10 %).

Realisering av prosjektet er avhengig av framtidig prioritering i Nasjonal transportplan (NTP), samt å få etablert ordning med bompengefinansiering i Volda kommune og Ørsta kommune. Det vert jobba med ein felles «samferdselspakke» der bompengedelen av utbygging av E39 Volda–Furene inngår, saman med ulike andre vegrelaterte tiltak i dei to kommunane.

Ein kan forvente at utbygging av tiltaket med omlegging av E39 i ny trasé i tunnel som vist i reguleringsplanen med to tunnelløp vil ta om lag 3 år frå anleggsstart.

Skulle det bli trinnvis utbygging, er bygging som inkluderer ett-løps tunnel estimert til 2,5 år byggetid.

8.2 Utbyggingsrekkefølgje

Utbygging av tiltaket bør gjerast samla, særskilt sidan lokalvegnettet vert betydeleg endra. I Volda må dei nye lokalvegane, inkludert løysingar for gåande og syklande, etablerast før ein kan starte bygging av tunnelane og kryssområdet med ny senka rundkøyring. Forlenging av Kårstadvegen til Heltnevegen, ny rundkøyring mellom Heltnevegen og Vikebygdvegen og vegarm frå denne rundkøyringa med omkøyringsveg til Elvegata, må vere etablert før ein kan starte utgraving og senking av dagens rundkøyring i Sjukehuskrysset.

Arbeidet på Volda-sida kan gå samstundes med at arbeidet vert oppstarta i Furene. Det meste av tunnelen verte drive frå Furene-sida mot Volda. I Volda vil ein sprenge seg inn om lag 300 meter i fjell slik at ein er komen forbi sjukehuset.

Eventuell trinnvis utbygging av tunnel

Reguleringsplanen legg til rette for etablering av doble tunnelløp. Dersom det vert bestemt at tiltaket skal byggast ut trinnvis, vil ein rå til at det vestlege tunnelløpet vert etablert først, grunna at dette er mest føreseieleg i høve til etablerte eigedomar på Volda-sida. Av hensyn til konstruksjon, byggeteknikk og fare for rystingar, vil det vere tilrådeleg å bygge doble tunnelløp om lag 380 meter inn på Volda-sida i det første byggetrinnet av hensyn til Volda sjukehus.

8.3 Trafikkavvikling i anleggsperioden

Trafikkavviklinga i anleggsperioden skal skje i samsvar med godkjent arbeidsvarslingsplan. Ein arbeidsvarslingsplan vil bli utarbeidd av entreprenør og skal godkjennast av Statens vegvesen.

Anlegget på Volda-sida ligg hovudsakleg innanfor eksisterande veg. Det vil verte nokre nye vegar på lokalvegnettet i Volda. I Furene vil ein også kome inn på eksisterande rundkøyring, og denne vil måtte tilpassast ei fjerde arm.

I Volda må tiltaket byggast ut utan at det blir stengt for trafikk på strekninga i lengre periodar. For å kunne starte bygging av tunnel frå Volda mot Furene må trafikken som i dag går på Sjukehusvegen leggast om slik at ein er sikra tilkomst til sjukehuset og bustadområda som vert råka av tiltaket. Kårstadvegen vert forlenga til Heltnevegen og ny rundkøyring i krysset mellom Vikebygdvegen og Heltnevegen vert etablert. Vegen sør frå denne rundkøyringa vert bygd fram til eksisterande E39 ved Mylnebrua, vidare til Elvegata vil det verte etablert ein omkøyringsveg over tunet aust for Johs. Jacobsen. Bustadområda ved Nytun får tilkomst via Systervegen til dei nyetablerte lokalvegane og den midlertidige omkøyringsvegen mot Volda sentrum. Med ein slik omkøyringsveg unngår ein fleire tiltak med mindre, midlertidige omkøyringar.



Figur 76 – Illustrasjon av midlertidig omkøyringsveg i Volda

I Furene vil det ikkje vere behov for omkøyringsvegar. Det blir etablert ei fjerde arm i rundkøyringa som vil gje tilkomst til utbyggingsområdet med tunneldriving. Riggområde og midlertidig deponi vil og få tilkomst frå denne arma i rundkøyringa. Det meste av tunnelen vert drive frå denne sida og dette arbeidet kan starte opp uavhengig av drift frå Volda-sida.

Tilhøvet til hjortetrekket i Furene

I Furene vil ein måtte ta særskilt omsyn til det etablerte hjortetrekket for å ivaretea hjortetrekket best mogleg, jf. omtale i 6.9.2 og føresegner. Aktuelle avbøtande tiltak kan vere eventuelle krav til anleggsstopp eller tidsavgrensing i trekkperiodar, redusert fartsgrense, krav om ledegjerder osv. Slike tiltak er ikkje berre viktig for hjortetrekket, men også for trafikktryggleiken, med omsyn til å redusere fare for kollisjon mellom hjort og køyrety.

8.4 Drift og vedlikehald

Drift og vedlikehald skal sikre at vegnettet er eigna til bruk for trafikantane og at vegnettet opprettheld funksjonen og den fysiske infrastrukturen i medhald av dei langsiktige måla for bruken av veganlegga.

Handbok R610 omfattar krav knytt til drift og vedlikehald av veg, bru, tunnel, sideområde og side-anlegg med utstyr og installasjonar. Drift og vedlikehald skal gjennomførast etter fastlagt strategi som inkludert driftsklasser.

Vinterdrift

Val av vinterdriftsklasse for ei samanhengande vegrute vert gjort med utgangspunkt i ÅDT på strekninga, i tillegg til forhold som mellom anna vegkategori (nasjonal/regional eller anna transportrute), trafikksamansetting (lette/tunge køyretøy/syklande/fotgjengarar) og vegstandard. Ei naturleg samanhengande transportrute skal driftast etter same vinterdriftsklasse.

For det nye veganlegget på E39 legg ein til grunn same vinterdriftsklasse som for E39 gjennom Volda i dag, vinterdriftsklasse B - DkB. Det skal med godkjende føreforhold vere bar veg (tørr eller våt). Hard snø/is tillatast utanom hjulspor i kortare tidsrom.

For dei nye gang- og sykkelvegane og stjernebrua vil det vere naturleg å vurdere høgste driftsklasse GsA, sidan området har og vil få ein aukande gang- og sykkeltrafikk.

For å oppnå kravet vil ein mest truleg etablere oppvarming av underlaget på stjernebrua for å halde gang- og sykkelarealet fritt for snø, alternativt nytte kost kombinert med saltløysing. Sidan stjernebrua og delar av g/s-vegane ligg over køyrevegane, kan det gi visse utfordringar for handtering av snø og slaps. Ein må unngå at snøhandtering ikkje medfører fare for eller nedfall av snø på trafikken under.

Sommardrift

Sommerdrifta vil i hovudsak vere reinhald, stell av grøntareal, reasfaltering og inspeksjonar/reperasjonar av drensanlegg, skilt og andre element.

Tunnel

Det vert stilt høge krav til reinhald av tunnel, og då særskilt vegbanen, bankettar og andre stader der støv og skit lett samlar seg. Godt reinhald vil gje trafikantar ei positiv oppleving, samstundes som det bidreg til lav støvkonsentrasjon og dermed best mogleg funksjon for dei installerte objekta i tunnelen.

8.5 Oppfølgande undersøkingar

Fram mot anleggsstart og i anleggsperioden vil det vere behov for å gjere oppfølgande undersøkingar. Eksisterande leidningsnett i området skal kartleggast. Behovet for framtidig leidningsnett må avklarast med kabeletatane og kommunen.

Det vil truleg vere behov for supplerande grunnboringar ved planlagt nedsenka rundkøyring i Sjukehuskrysset. I påhuggsområda for tunnelen kan det også bli behov for yttarlegare undersøking av fjellkvalitet i form av boringar. Dette vil i tilfelle bli utført rett før bygging.

Det vil truleg bli gjennomført ytterlegare kartleggingar av elvemusling som grunnlag for å fastsette korleis ein skal sikre mot uheldige verknader i anleggsperioden. Uønska og framande artar skal kartleggast og handterast i samband med bygging. Det skal gjennomførast tiltak som hindrar spreiing med plantemateriale, lausmassar utstyr eller anna. Sjå elles kapittel 8.5 under om utarbeiding av ytre miljøplan.

8.6 Omklassifisering av veg

Som følgje av at E39 blir lagt i tunnel, får eksisterande europaveg ein ny funksjon og må endre status. Statens vegvesen rår til at vegsystemet vert omklassifisert til følgjande:

Så lenge kryssing av Nordfjorden ikkje er realisert, vil riksveg 651 behalde sin status som riksveg. Det er difor nødvendig at riksvegen knyter seg til E39 på eit nytt punkt som følgje av ny veg. Med omsyn til køyretida og krav om at riksvegar i hovudsak skal leggjast utanfor sentrumsområder, rår vegvesenet til at strekninga frå Volda ferjekai til rundkøyring i Furene framleis skal vere riksveg, som ei forlenging av riksveg 651.

Vegen frå Volda ferjekai til rundkøyring i Sjukehuskrysset i Volda får ein ny funksjon. Vegen vil knyte E39 og riksveg 651 saman, og vil samstundes vere ein bindeveg som knyter Volda sentrum saman og til overordna veg. Vegen vert foreslått omklassifisert til fylkeskommunal veg som ei forlenging av fylkesveg 45.

Spørsmålet om omklassifisering skal ikkje avgjerast gjennom reguleringsplanvedtaket, men i eit eige vedtak.

8.7 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA) og Ytre miljøplan (YM) for byggefasen

Sikkerheit-, helse- og miljøplan (SHA-plan) skal utarbeidast etter Byggherreforskrifta før ein fullfører konkurransegrunnlag for utbyggingsfasen. Tilsvarande krav gjeld drift og vedlikehald. SHA-planen skal ajourførast av byggherre fortløpande etter kvart som prosjektet utviklar seg og dersom nye moment kjem opp. SHA-planen skal m.a. innehalde ei risikovurdering, og spesielt påpeike farlege forhold for dei som oppheld seg på eller nær byggeplassen. Planen skal danne grunnlag for dei HMS-krav og føresetnader som vert sett til utførande entrepenør. Her inngår også utarbeiding av ein beredskapsplan.

Ein ytre miljø-plan (YM-plan) skal utarbeidast før ein fullfører konkurransegrunnlag for utbyggingsfasen. Tilsvarande gjeld drift og vedlikehald. YM-planen skal utarbeidast som eit

hjelpemiddel heilt i starten av prosjekteringsarbeidet, i tråd med Statens vegvesen si handbok R760 «Styring av utbygging-, drifts- og vedlikeholdsprosjekt». Planen skal sikre at føringar og krav for ytre miljø blir ivaretatt. Mål og krav for tiltak og løysingar som skal gjennomførast som permanente eller mellombelse tiltak skal skildrast.

Viktige miljøtema for dette prosjektet vil vere:

- Støy
- Vibrasjonar
- Forureining av jord og vatn
    - Akutt forureining
    - Avrenning av overvatn
    - Reinsing av tunneldrivevatn
    - Utsleppsløyve etter forureiningslova
- Landskap
- Nærmiljø og friluftsliv
- Naturmiljø
    - Vurdere flytting av elvemusling i Øyraelva i anleggsperioden, jf. avsnitt 6.9.1
    - Sikre vilttrekk i Furene/Ekset i anleggsperioden, jf. avsnitt 6.9.2.
    - Kartlegge framande artar og fastsette tiltak i samsvar med Statens vegvesen sin strategi.
- Naturressursar
- Energiforbruk
- Materialval og avfallshandtering

9 Samandrag av innspel og merknader med kommentar

9.1 Merknader ved oppstart av planarbeidet

Planarbeidet vart kunngjort i avisene Møre og Mørenytt i april 2016.

Statens vegvesen mottok 13 merknader til varsel om oppstart. Under følgjer eit samandrag av merknadane, referert i kulepunkt, og med vegvesenet og kommunen sine kommentarar. Originalmerknadane ligg som vedlegg til planomtalen.

Opplysningsvesenets fond

- Opplysningsvesenets fond har ingen merknader til planen utover at dei håper planen let seg realisere.

Kommentar

- *Merknad vert teken til vitande*

Direktoratet for mineralforvaltning

- Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) viser til sin rolle som statleg fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar
- DMF viser til kommunedelplan for E39 Volda-Furene som seier at driving av tunnel mellom Volda og Furene vil gje eit behov for masseplassering på mellom 390 000 og 480 000 m3 steinmasser, men at det vil vere behov for å gjere meir detaljerte mengdeberekningar som viser naudsynt deponivolum for reine og forureina masser
- Direktoratet viser vidare til vurderingane knytt til rigg- og deponiområde og retningsliner i føresegnene som vil vere førande for vidare regulering.
- Det vert kommentert at tiltaket sine konsekvensar for samfunn og miljø skal gjerast greie for i plandokumenta.
- DMF kan ikkje sjå at planområdet kjem i nærleiken av registrerte mineralressursar.
- Dei påpeikar at massene skal sorterast og oppmodar til ein samfunnsmessig bruk.

Kommentar

- *Konsekvensane for samfunn og miljø vert gjort greie for i plandokumenta. Overskuddsmaeesne i prosjektet skal i størst mogleg grad nyttast på ein samfunnsmessig måte. Merknaden er teke til vitande.*

Aksel Farstad

- Som nabo til rundkøyringa der tunnelen skal starte på Volda-sida, påpeikar Aksel Farstad aukande biltrafikk siste åra, samt at det er veldig mange fotgjengarar og syklistar som passerer. Farstad nemner studentar til og frå bopel til høgskule og mange born som skal til og frå skule og fritidsaktivitetar med m.a. Volda stadion like i nærleiken.
- Biltrafikken vil truleg auke, og ein får ein veldig uheldig situasjon med blanding av alle trafikantgrupper.
- Farstad stiller spørsmål om ein kan ha separate løysingar, og lurer på om ein kan ha ei toplansløysing der ein legg vegen (E39) djupare, dvs. starte tunnelen før rundkøyringa eller like etter brua med vegen lagt i kulvert? Dersom ein får til noko slikt kan gangtrafikken gå over E39
- Farstad håper vegvesenet ser positivt på innspelet.

Kommentar

- *Løysingane for Sjukehuskrysset som er vist i framlegg til reguleringsplan syner ei løysing der mjuke trafikantar er heilt adskilt frå køyrande i og kring kryssområdet. Køyrevegen er senka og gang- og sykkelvegsystemet vert liggande om lag i plan med eksisterande terreng. Løysinga er i tråd med innspelet til Farstad. Merknad teken til følgje.*

Avinor

- Viser til tilsendt varsel om oppstart av reguleringsplan 05.04.2016. Avinor har i samband med kommunedelplanen for den aktuelle vegstrekninga hatt ein gd dialog med Statens vegvesen.
- Kommunedelplanen §15 som gjeld Hensynssone H190_2 – Sikringssone rundt flyplass, høyderestriksjoner, må videreføres i reguleringsplanen.
- I tillegg til høgderestriksjonane i medhald av restriksjonsplanen for lufthamna, jf. kap. 10 og 11 i Forskrift om utforming av store flyplasser1, BSL E 3-2 av 06.07.2006, er det viktig at det ikkje oppstår farleg eller villeiande belysning i samband med innflyginga til bane 06 (frå vest) ved Ørsta-Volda lufthamn Hovden, jf. § 13-3 i ovannemnde forskrift BSL E 3-2.
- Dette gjeld ikkje berre den permanente lysbruken, men også belysning i anleggsfasen. Det er særleg viktig at det ikkje rettast lys vestover mot innflyginga til bane 06. Belysninga må i størst

mogleg grad vere retta nedover mot bakken. Det må påreknast at det må nyttast lave lysmaster mellom tunnelopninga og rundkøyringa i Furene for å unngå konflikt med høgderestriksjonsflatene.
- Med bakgrunn i ovannemnde forhold ber Avinor om at føresegna til hensynssone H190_2 får følgjande ordlyd:
  Sikringssone rundt flyplass, høgderestriksjon og lysbruk (§ 11-8 a)
  Innanfor området H190_2 er det ikkje tillate å etablere mellombels eller permanent anlegg (medrekna lysmaster) høgare enn høgderestiksjonene (innflygingsflate og sideflate) for flyplassen tillet. Avinor skal ha alle tiltak og planar (medrekna lysbruk) innanfor sona til gjennomsyn og godkjenne dei før utføring kan skje.

  I ei anleggsperiode skal Avinor ved Hovden flyplass varslast på førehand, og vere kjent med all aktivitet og bruk av kraner og anleggsmaskiner. Avinor kan stille krav om at anleggsmaskiner og kraner må regulere sin aktivitet i samsvar med flytrafikken.
  Vidare kan Avinor stille krav om at lysmaster skal påmonterast hinderlys.

- Dersom Statens vegvesen ikkje innarbeider ovannemnde hensynssone H190_2 med tilhøyrande føresegn i reguleringsplanen, vil Avinor seinare vurdere å fremme motsegn til planen i medhald av Plan- og bygningsloven § 5-4.
- Avslutningsvis ber Avinor om at kommunedelplanen sine retningsliner for reguleringsplanfasen følgast opp i det vidare arbeidet. For Avinor sin del gjeld det spesielt at den nye brua i Furene må ta omsyn til en eventuell framtidig forlenging av Torvmyrvegen. Denne vegen vil vere viktig for trafikkavviklinga til/frå flyplassen og næringsområdet på Hovden.

Kommentar
- *Merknad teken til følgje. Hensynssone knytt til høgderestriksjon og lysbruk vert lagt inn i føresegnene*
- *Når det gjeld den nemnde brua i Furene som er vist i kommunedelplanen, har ein gått vekk frå denne løysinga på reguleringsnivå. Avinor har vore orientert om prosessen knytt til endra løysing, og har samtykka til denne.*

Svanhild Iversen Mo og Tormod Mo
- Svanhild og Tormod Mo bur i Nytun 25 og har fleire merknader til lokalvegsystema ved tunnelinnslaget på Volda-sida
- Mo viser til forslaget der det er tenkt ei moglegheit til å føre all trafikk inn til parkeringsplassane aust og nord for Ivar Aasen-bygget gjennom ein del av Nytun.
- Ved ei rask oppteljing fann Mo 100 parkerte bilar der, noko som vil føre til ein auke på minimum 200 passeringar i døgnet. Mesteparten på ei tid når skuleborna også vil vere gåande langs vegen.
- I tillegg kjem dagens trafikk, pluss meirtrafikk grunna stenging av Røysmyrvegen og også føring av den trafikken gjennom Nytun.
- Desse inngrepa i nærmiljøet vil utan tvil medføre ei verdiforringing av eigedomane.
- Mo er også spente på om trafikkstøyen vert sjenerande, og om det vert sett inn tiltak for å eliminere den.
- Med dette som utgangspunkt har Svanhild og Tormod Mo følgjande merknader:
  - Tilkomstvegen til parkeringsplassane ved Ivar Aasen bygget må gå i Sjukehusvegen heilt fram til noverande innkøyrsle og ikkje gjere ein sving innom Nytun
  - Det må byggast gangvegar langs dei nye vegane
  - I tillegg må det byggast lydbarriere og fysisk stenging mot nye E39
- Dette meiner Mo er absolutt beste løysinga både for dei som bur i området og for mjuke og harde trafikantar
- Mo har berre positive erfaringar med å vere nabo til Høgskulen, og håper det blir slik i framtida også.

Kommentar
- *Løysingane for området ved Sjukehuskrysset som er vist i framlegg til reguleringsplan syner etablering av ny tilkomstveg frå Nytun til Heltnevegen. Denne tilkomstvegen vil også løyse tilkomst til høgskulen sitt område ved Ivar Aasen bygget frå nord, og dels vere ei erstatning for tilkomst frå aust som vil måtte stengast. Tilkomst frå nord er også vist i kommunedelplan for E39 Volda-Furene.*
- *Reguleringsplanen ivaretek mjuke trafikantar på ein god måte, både på hovudvegane og langs dei kommunale vegane.*
- *Det vert utført støyvurderingar i denne fasen, berekna i tråd med støyretningsline T-1442. Ein legg opp til å gjere støyreduserande tiltak i byggeplanfasen.*

Gode Vegar AS v/Svein Sunde
- Svein Sunde i Gode vegar AS refererer Stortinget sin ambisjon om ferjefri E39 Skei -Grodås-Volda innan år 2032.
- Det vert også referert til føringar i plangrunnlaget for NTP 2018-2029, motorvegplanen, der det vert vist til at ein m.a. bør planlegge utbygging av nye tunnelløp med omsyn til trinnvis utbygging og på einskilde strekningar dimensjonere for hastigheit 110 km/t. I dei fleste tilfelle velgast dimensjoneringsklasse ut frå forventa trafikkmengder 20 år etter opning, medan ein i dei samfunnsøkonomiske analysene har eit tidsperspektiv på 40 år.
- Kryssløysingar – Gode vegar v/Svein Sunde seier at det særskilt i Volda sentrum må fokuserast på ei anna løysing enn den skissa som ligg i kommunedelplanen. Å blande ein aukande E39 trafikk med ein aukande lokaltrafikk i Vikebygdvegen/sjukehuskrysset synest uheldig.
- Plangrenser – Gode vegar AS v/Svein Sunde seier at plangrensa i Furene bør gå noko lenger sør langs E39 for å legge til rette for å kunne etablere ny og meir direkte line mot etablert næringsområde. Mot nord må plangrensa gå inn i Ørsta kommune fram til Torvmyrvegen i aust og kryss mot Aasentunet i vest. Flyplasstilkomsten frå sør via Torvmyrvegen må inn som ein heilskapleg del av E39 Voldatunnelen.

Kommentar
- *Kulepunkt 1 og 2 vedkomande ferjefri E39 og føringar i plangrunnlaget for NTP vert tekne til vitande.*
- *I Sjukehuskrysset er det lagt til rette for etablering av rundkøyring med både lokaltrafikk og gjennomgangstrafikk. Lokaltrafikken er den dominerande trafikken i området. Krysset og køyrevegen er senka ned i terrenget slik at dei mjuke trafikantane kryssar planskilt på bru i dagens terreng.*
- *Når det gjeld plangrenser, har ein teke med det som er teneleg for tiltaket og kringliggande område. Det er avklart med kommunen at planlegging på eksisterande E39 vest for rundkøyringa inkludert deler av næringsområdet i Furene ikkje skal inngå sm del av denne reguleringsplanen. Det er heller ikkje aktuelt å legge Torvmyrvegen inn som ein del av dette prosjektet. Det er avklart at ei*

eventuell forlenging av Torvmyrvegen mellom Hovden flyplass og næringsområdet i Furene må regulerast av Volda og Ørsta kommuner. Det er i denne reguleringsplanen teke høgde for at eventuell Torvmyrveg kan gå under E39 i kulvert.

Vikebygdvegen 4 AS og V4-MAT AS (Kiwi Volda)

Vikebygdvegen 4 AS og V4-MAT AS (Kiwi) viser til motteke høyringsbrev 05.04.2016. Underteikna Atgeir Almestad og Arne Johan Rebbestad er representantar for eigarane og drivarane av Vikebygdvegen 4 og KIWI-butikken, og er opptekne av dei konsekvensane og moglegheitene som ein ny reguleringsplan har.

- Almestad og Rebbestad viser til at for ei daglegvareforretning er gode parkerings- og trafikktilhøve heilt avgjerande for å lukkast i konkurransen om kundane. Eit utvida Sjukehuskryss vil medføre eit betydeleg redusert parkeringsareal til eigedomen vår i Vikebygdvegen, samtidig som det vil forverre dei allereie vanskelege trafikkforholda knytt til våre avkøyringar til kiwibutikken.
- Vidare vert det vist til at med den relativt betydelege trafikkauken som vil kome i Sjukehuskrysset, og då ikkje minst med auka tungtransport kombinert med kortare avstand frå den utvida rundkjøringa til Vikebygdvegen 4, vil trafikkavviklinga for Kiwi Volda bli svært vanskelig og ei vesentleg ulempe for deira kundar og dermed også for drifta av butikken.
- Utifrå dei nemnde auka problema med tilkomst og parkeringstilhøve til forretningseigedomen, har Almestad og Rebbestad på vegne av styret framlegg til ei ny avkøyringsløysing som dei meiner vil kunne gi ein tilfredsstillande tilkomst til forretninga og eigendomen. Dette utan at dei blir skadelidande for dei endringane tiltaka med endra regulering no medfører for dei med tanke på forretningsdrift og eigedomsutvikling.
- Vedlagt originalmerknaden (sjå vedlegg til planomtalen) er ei planskisse utarbeidd av AG Plan og Arkitektur AS. Denne viser både ei endra avkøyringsløysing og korleis eigedomen kan utnyttast gitt dei rammene og føresetnadane som er gjort greie for.
- Almestad og Rebbestad ser på vegne av styret med forventning fram til å medvirke i det vidare planarbeidet.

Kommentar

- *Det har i løpet av planprosessen vore avhelde fleire møter med representantane frå Vikebygdvegen 4 AS og V4-MAT AS (Kiwi) der trafikale løysingar for Kiwi-butikken og området eller har vore på dagsorden.*
- *Det er i planframlegget lagt til rette for ny tilkomst m.a. til Kiwi-butikken via samleveg frå planlagt rundkøyring i krysset mellom fv. 45 Vikebygdvegen og Heltnevegen. Planlagt tilkomst via ny kryssløysing og ny samleveg er også i tråd med overordna plan, og er lagt til grunn hovudsakleg av omsynet til trafikktryggleik på strekninga mellom Sjukehuskrysset og kryss Heltnevegen.*
- *I løysing for Sjukehuskrysset som er vist i framlegg til reguleringsplan, legg ein til grunn eit prinsipp med køyreveg og rundkøyring senka ned i terrenget med om lag 6 meter. Det er fleire positive konsekvensar ved val av ei slik løysing. Mellom anna vil mjuke trafikantar kunne bevege seg planfritt over Sjukehuskrysset i alle retningar og på dagens terreng, som alternativ til undergangar som ein av omsyn til trafikktala ville måtte etablert på alle vegarmane i rundkøyringa. Støy og støv vil også verte redusert.*
- *Som nemnt vil løysinga vere negativ for Kiwi-butikken av omsyn til at tilkomsten for køyrande vert stengt, og at butikken truleg vert mindre synleg frå køyrevegen med omsyn til impulsive kundebesøk. På ei anna side, så vil tilgjengelegheita for gåande og syklande, m.a. frå høgskulen, verte langt betre og sikrare samanlikna med dagens situasjon.*

Statsbygg

Statsbygg viser til varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for E39 strekning Volda-Furene.

- Statsbygg sine eigedomar, Campus Volda og Sjukehusvegen 6a og b, vert berørt av tunnelinnslaga. Bygningsmassen i Sjukehusvegen vil truleg måtte rivast.
- Statsbygg seier det er viktig at tilkomst til campus, både til fots, med sykkel og bil sikrast på ein god måte i den vidare planlegginga. Det er også viktig at vegutbygginga bidreg til gode løysingar som kan støtte opp under auka bruk aav buss til og frå campus.
- Statsbygg ønskjer å verte involvert i det vidare planarbeidet.

Kommentar

- *Det er korrekt at Statsbygg sine eigedomar vert berørt av planlagt tiltak. Køyretilkomsten frå Sjukehusvegen aust på campus vil måtte stengast med bakgrunn i at ny E39 vert senka 5-6 meter. Det vert lagt til rette for ny tilkomst frå nord, i området ved Nytun.*
  Tilkomstløysingane for gåande og syklande vert betydeleg betre enn i dag, med planskilte løysingar i Sjukehuskrysset og tilrettelagde ferdselsårar basert på kartlagt ferdsel i området.
  Kollektivløysingane vert i praksis som i dag, men haldeplassen på dagens Sjukehusveg utgår som følgje av vegendringane.
- *Det er per i dag uklart om Sjukehusvegen 6a vil måtte rivast som følgje av etablering av fjelltunnel i dette området og moglege setningsskadar som følgje av dette. Sjukehusvegen 6b vil bestå.*
- *Statsbygg har i stor grad vore involvert i planprosessen fram til utarbeidd planframlegg.*

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

NVE viser til brev dagsett 5.4.2016 som gjeld oppstart av reguleringsplan for ny E39 Volda-Furene.

- Ved planlegging av veg bør ein ta omsyn til vassdrag innanfor planområdet. Kantsona langs vassdrag kan vere verdifull for friluftsliv og miljø.
- Vassressurslova § 11 stiller krav om at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs alle vassdrag.
- NVE rår til å nytte arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. PBL §12-5 nr. 6, til å merke vasstreng og kantsoner. Vassdrag med kantsone kan regulerast til "Natur og friluftsliv".

Kommmentar

- *Merknad vert teken til følgje ved at arealbrukskategori Bruk og vern av sjø og vassdrag vert lagt inn i plankart og føresegner knytt til Øyraelva i Volda.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader som dei ber om vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet:

- Generelt - Målet med planarbeidet er å få eit plangrunnlag for å etablere E39 med tunnel på strekninga Volda-Furene, i samsvar med godkjent kommunedelplan.
- Hjortetrekket

- Hjortetrekket som går gjennom Furene er av dei viktigaste hjortetrekka mellom dei høgareliggande indre stroka av Sunnmøre og nabofylka innafor, og vinterbeita på kysten. Trekkruta nyttast óg til meir lokale forflyttingar gjennom heile året.
- Planen utgjer eit omfattande veganlegg midt i trekkruta for hjorten, og difor er det viktig at tilførselsområda sikrast i plan som trekkområde slik at ein unngår ulykker med skade både på materiell, dyr og menneske. Ut frå dette burde planområdet vore noko større, og omfatta skogareala vest for det nye veganlegget. Dette for å gi hjorten naudsynt skjul og ro.
- Det er svært viktig at hjorten kan oppretthalde si trekkrute gjennom området, noko som krev god planlegging av viltundergangen. Dersom viltundergangen for hjort skal fungere, er der nokre viktige suksessfaktorar:
  - faunapassasjen/viltundergangen må leggast i hjorten si etablerte trekkrute
  - det må vere vegetasjon i botnsjiktet
  - omkringliggande natur- og kulturmiljø må oppretthaldast. Eigne arealføremal vil vere omsynssone «trekkrute hjortevilt» over dyrkamark og «naturområde hjortetrekk» for skogsareala.
  - Ein må vere bevisst på lysbruken, dvs. at lyskjelda lyser opp vegbana og ikkje arealet kring brua/viltundergangen. Ei løysing kan vere integrert belysning i rekkverket på brua.
- I tillegg er det andre viktige tiltak som må planleggast:
  - planting langs veg for at hjorten skal bli minst mogleg forstyrra av trafikken
  - etablering av støyskjerm og voll
  - effektive leiegjerder på begge sider av eksisterande veg
  - ein god terreng- og landskapsplan for at gjennomføringa av tiltaka skal bli tilfredsstillande
  - brua må vere lang nok og høg nok (openheitsindeks), jf. Staten vegvesen håndbok V134, Veger og dyreliv (2005) og Staten vegvegvesens rapport nr. 78, Faunapassasjer og andre tiltak rettet mot hjortevilt langs veg (2012)
  - Anleggsperioden kan vere kritisk, og det er difor viktig at ein
    - kortar inn anleggsperioden så godt det let seg gjere
    - prøver å ta omsyn til sesongtrekk i anleggsarbeidet
    - tenkjer nøye gjennom kvar riggområdet og massedeponiet skal plasserast, og kor lenge ein kan nytte massedeponiet
    - nedsett fartsgrense i anleggsperioden i området der hjorten kan trekke over E39 m.a ved Haukåsen der ein veit at hjorten kryssar vegen

- Landbruk
  - På Furene-sida er planområdet prega av landbruk. Eit overslag viser at det er om lag 70 dekar fulldyrka jord innanfor planområdet. I tidligare kommunedelplanprosess har det gjentekne gongar blitt påpeika at tap av landbruksareal og ulemper for landbruksdrift må reduserast så godt det let seg gjere.
  - Som før påpeika, må bruløysinga vere slik at ein oppnår best mogleg samanheng i jordbruksareala.
  - Ein må også gi rom for ein gardsveg som ikkje brukar meir dyrka areal enn naudsynt.
  - I tillegg må ein sørge for at ein på ein tenleg måte kjem seg fram med landbruksmaskiner til dei ulike teigane.
  - Fylkesmannen legg til grunn at det er gjeldande kommunedelplan som ligg til grunn for detaljreguleringa, og at dei vedtekne løysingane i den planen framleis gjeld.

Kommentar

- *Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ein utfyllande merknad knytt til hjortetrekket i Furene. Innspela tek utgangspunkt i løysing vist i kommunedelplanen, der ny E39 ligg relativt høgt i terrenget og der ei om lag 100 meter lang bru med undergang skal ivareta hjorten si trekkrute.*
- *I reguleringsplanprosessen har ein i samarbeid med både fylkesmannen, kommune og berørte partar i nærområdet utarbeidd ei anna løysing for E39 som ivaretek både tilhøva for hjorten og hjortetrekket og landbruksareala på ein betre måte enn opprinneleg løysing (sjå skildring i kapittel 5). Fleire av momenta frå fylkesmannen er difor ikkje relevante i denne samanhengen.*
- *Landbruksareala i Furene er betre ivareteke i den nye løysinga, sidan løysinga ikkje er like arealkrevande som løysinga i KDP. Areala over lausmassetunnelane kan tilbakeførast til dyrkajord. Landbruket vil vere mindre skadelidande med løysinga som er lagt til grunn i reguleringsplanen.*
- *Rigg- og deponiområda er lagt inn i planen i samsvar med arealbruken vist i kommunedelplanen. Det er utarbeidd eigne føresegner knytt til anleggsdrift og type verksemd for dei ulike delområda. Dette i høve både omsynet til hjortetrekket i Furene og i høve til støy. Rigg- og deponiområda skal tilbakeførast til permanent reguleringsformål vist i plankartet.*

Coop vest eigedom AS v/Arild Meisterplass

- Coop Vest Eigedom AS v/Arild Meisterplass viser til tidlegare innspel og minner om at det er avgjerande for Coop at innkøyring til Myravegen vert oppretthalde i samband med regulering av E39 Volda-Furene.
- Coop Vest Eigedom AS har investert store summar i anlegget i Myravegen, basert på tidlegare signal om at innkøyringa vert oppretthalde til eigedomen/området. Meisterplass viser til at med nytt anlegg med ei omsetting på over 60 millionar, vil både person- og tungtrafikk til anlegget krevje gode trafikkløysingar. Han håper at Volda kommune og vegvesenet ser verdien i dette og finn gode og rasjonelle løysingar.

Kommentar

- *Innkøyring til Myravegen frå E39 vert oppretthalde med bakgrunn i at det er forsvarleg sett med omsyn til dagens og framtidig årsdøgntrafikk (ÅDT). Tilkomsten vert flytta noko lengre sør for å sikre yttarlegare avstand til rundkøyringa i Sjukehuskrysset.*
- *Tilkomsten kan verte stengt for allmenta som følgje av eventuell vesentleg auke i trafikken på Austefjordvegen/E39, eller dersom andre trafikkmessige tilhøve tilseier det.*

Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader som ein ber om vert vurdert i det vidare planarbeidet:

- Automatisk freda kulturminne – Fylkeskommunen vurderer planområdet til reguleringsplan for E39 Volda-Furene til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne, som ligg skjult under markoverflata, og vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).
- Kulturminne frå nyare tid – Innanfor planområdet er det først og fremst elva frå Rotevatnet ned til sentrum Volda og kulturminne langs elva som har verneverdi av nyare tids kulturminne, og må takast omsyn til. Fylkeskommunen vil elles påpeike den viktige endringa dette vert med tanke på korleis ein kjem til staden Volda. Før har ein kome langs etter fjorden, etter ein krokete, trong veg i

eit bratt landskap den siste biten til Volda opna seg med sitt tettbygde sentrum, med den markante kyrkja, og med bustadområda synleg opp etter dalen og skråningane bak sentrum. Dette er måten ein har brukt å komme til Volda, ganske lik måten ein kjem til mange bygder. No vert dette endra, ein kjem på ein måte inn midt i bygda, og kjem bakvegen ned mot sentrum og fjorden.
Dette er ei moglegheit for endring som Volda kommune må ta tak i og Vegvesenet legge til rette for. Med den vekst som skjer på større stader er det ønsker om fortetting, og gode møteplassar med urbane kvalitetar, og tilrettelegging for fysisk aktivitet blant ungar og folk flest.

- Fylkeskommunen har elles følgjande kommentarar for det vidare planarbeidet:
  - Det må leggast opp til ein god måte å komme frå hovudvegen og ned til sentrum på, som vektlegg mjuke trafikantar og deira bruk av sentrum.
  - Elva som leder veg ned til sentrum, og er sentral i framveksten av staden Volda og vil kunne bli liggande som ein oase til oppleving for folk, utan dominerande biltrafikk.

- Mykje av dette er retta mot Volda kommune og andre planprosessar, men kan og vere viktig bakgrunn for vegvesenet når løysingane i vegutforminga skal detaljerast:
  - Volda er ein skulestad. Dette pregar staden og fører til mange nye unge menneske kjem hit kvar haust. Det er viktig at det blir lett å orientere seg i Volda, og at folk får ein fin velkomst. Utforming av vegsystem må legge til rette for mjuke trafikantar. Omlegging av vegen opnar i seg sjølv opp for meir bustader i eksisterande sentrum, og eit meir levande miljø der.
  - Mange moderne funksjonar krev store bygg med mykje parkering. Med tilkomst slik det er føreslått, kan Volda få ei fin moglegheit til å trekke slike funksjonar vekk frå strandlina, slik at desse ikkje tek fjordutsikta frå folk. Det er og viktig at det er ei god opning ned mot eksisterande sentrum, den gamle trehusstrukturen, kyrkja og fjorden frå hovudvegen E39. Rutebilstasjon plassert ved hovudvegen høyres positivt ut.
  - Med ein ny tunnel frå Ørsta til Volda vil sjøsida bli mindre trafikkert, og kan bli utvikla til eit langt trivlegare areal å opphalde seg for born, for syklistar og eldre. Dette bør følgjast opp i kommunen sitt arbeid med andre planer.

Kommentar

- *Når det gjeld automatisk freda kulturminne, vart det gjennomført arkeologiske registreringar hausten 2016. Det er ikkje gjort arkeologiske funn i planområdet, i følgje førebels tilbakemelding frå fylkeskommunen. Endeleg rapport er ikkje klar på dette tidspunktet.*
- *For kulturminner frå nyare tid er det frå fylkeskommunen si side vist til Rotevatnet og miljøet langs Øyraelva. Vidare at ein må vere bevisst på at området vil verte hovudtilkomsten til Volda. Omsynet til estetikk og tilrettelegging for at mjuke trafikantar skal kunne bevege seg frå planområdet og til/frå Volda sentrum blir vektlagt.*
- *Planlagte tiltak vil ikkje berøre Rotevatnet eller Øyraelva reint fysisk, men det vert lagt inn ei strandsone med kantvegetasjon i fem meters breidde for å bevare vasstrengen.*
- *Det er i planframlegget lagt stor vekt på god tilrettelegging for mjuke trafikantar, og tilsvarande vekt på innbydande og estetisk gode løysingar som er universelt utforma.*

9.2 Merknader ved høyring og offentleg ettersyn

Høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplanen hadde merknadsfrist 24.11.2017, og Statens vegvesen mottok til saman 20 merknadar til høyringa. Eit nedkorta samandrag av kvar einskild merknad følgjer under. Her har ein hovudsakleg trekt ut dei momenta som omtalar ønskje om endringar i planen. Vi viser til vedlegg til planomtalen når det gjeld fullstendig innhald i merknaden, inkludert eventuelle utdjupande argument for endringsframlegga. Vegvesenet og kommunen sin kommentar følgjer under kvar merknad, samt korleis merknaden er vurdert planmessig.

Mørenett AS v/Norleif Nordal

- Mørenett har høg- og lavspentkablar innanfor reguleringsområdet på Volda-sida som må leggast om før opparbeiding av ny rundkøyring. Det er planar om ei større omlegging av hovudnettet i regionen på sikt, ved å gå frå 66 kV nett til 132 kV nett, og har sett på ei løysing for å sikre ringmating til Volda sentrum ved å legge kraftige kablar frå Ryste transformatorstasjon til Furene og vidare gjennom den nye tunnelen til Volda. Det er fleire alternativ til løysing, og Mørenett vil måtte få skriftleg løyve frå Statens vegvesen til å ev. legge ev. kablar gjennom den framtidige tunnelen.

Kommentar

- *Tematikken blir å følgje opp i vidare byggeplanlegging. Det må fattast eit eige vedtak i tilknyting til etablering av kraftige kablar gjennom tunnelen. Merknad teken til vitande.*

NVE - Noregs vassdrags- og energidirektorat

- NVE viser til at det innanfor planområdet er to vassdrag med årssikker vassføring, jf. Vassressurslova (VRL) §2. Det er Sagarelva ved Furene og Storelva (Øyraelva) i Volda. For Storelva er innspela ivareteke gjennom føremål i plankartet og føresegnene §§ 6.1 og 8.1. Sagarelva er ikkje regulert med same føremål i plankartet, og NVE rår til at plankart og føresegner vert endra til rett arealbrukskategori for Sagarelva og tilhøyrande kantsone.
- Handtering av overflatevatn i anleggsperioden er omtala i planomtalen s. 28. I periodar med mykje nedbør er det skissert at noko av overflatevatnet vil førast ut i Storelva (Øyraelva) og det skal etablerast system for avslamming før vatnet går i vassdraget. NVE kan ikkje sjå at krav til slike tiltak er nedfelt i føresegnene til planframlegget. Sjølv om det er sett krav til Ytre Miljøplan, jf. føresegnene § 11, rår NVE til at det vert sett særskilde krav til handtering av overflatevatn som skal førast til vassdrag, jf. VRL §§ 5 og 47.
- I planomtale/ROS-analyse er det vist til aktsemdskart for flaum for Storelva (Øyraelva) i Volda. To utbyggingsområde er omfatta av aktsemdssona, og føreslege krav i føresegnene §§ 4.5 og 4.6 om avklaring av reell flaumfare i samband med detaljregulering. NVE peikar på at det i ROS- analysen er vist til område B1, medan det i føresegner og planomtale er vist til områda BKB4 og BKB5.
- For at planmaterialet skal vere enklare å tyde, rår NVE til at aktsemdssona for flaum også vert innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner.
- NVE rår vidare til at det vert stilt krav til vurdering av fare for erosjon langs vassdraget.
- Grunntilhøva i planområdet er skildra i planomtalen s. 15, men omfattar berre områda nær planlagde vegtiltak. I Volda dekkjer plankartet også område der NGU sitt lausmassekart viser marine strandavsetningar. Her kan det ikkje utelukkast førekomstar av kvikkleire, noko som plandokumenta må ta høgde for.

- Det er føreslege krav om detaljregulering for utbyggingsområde som er omfatta av aktsemdssone for skred, og vist til NVE retningslinje 2/2011 og siste avsnitt i kap. 6.5.2 D. NVE reknar med det er ein skrivefeil og her er meint kap. 7.5.2 D.
- Krav om utgreiing av reell fare i samband med detaljregulering er i samsvar med NVE sine retningslinjer, men NVE rår likevel at plandokumenta vert oppdatert slik at det også blir gjeldande for potensiell flaumfare, erosjonsfare og ustabile grunnforhold.

Kommentar

- *Øvre del av Sagelva ligg i planområdet som ein ordinær jordbrukskanal som etter vårt syn inngår som ein naturleg del av LNF-formålet. Kanalen vil bli lagt om og heilt eller delvis lagt i rør både som følgje av anleggstiltaka, og med tanke på permanent situasjon. Detaljane i dette vil bli fastlagt i prosjektering og i samråd med kommune og grunneigar. Det er difor vanskeleg å vise Sagelva/kanalen med eige arealformål i reguleringsplanen.*
- *Konkrete krav til handtering av overvatn og drivevatn blir fastsett av Fylkesmannen i utsleppsløyve etter forureiningslova. Det vil vere uheldig dersom krav i reguleringsplanen ikkje samsvarar med eller strir mot Fylkesmannen sine krav. Bindinga mellom § 11.1 i føresegnene og kapittel 8.7 i planomtalen er elles gjort sterkare, jf. merknad frå Fylkesmannen.*
- *Områdenemningane i ROS-analysen er retta opp.*
- *Avgrensinga av aktsemdssona for flaum er så grov, og berører så liten del av planområdet at det ikkje gir juridisk meining å vise den i planen, jf. illustrasjonen nedanfor. Reell flaumfare må uansett avklarast i detaljregulering av områda, og i så måte uavhengig av korleis flaumfaren er synleggjort i områdeplanen.*



- *Vurdering av erosjonsfare er tatt inn som eit moment i §§ 4.5 og 4.6.*
- *Vurdering av grunntilhøve er tatt inn særskilt i §§ 4.5 og 4.6 for dei områda som ligg på marine strandavsetningar. Planomtalen er oppdatert i avsnitt 4.10.*
- *Skrivefeilen er retta opp.*
- *Plandokumenta er oppdatert i samsvar med merknaden, jf. punkta ovanfor.*

Avinor

- Høgderestriksjonane rundt Ørsta-Volda lufthamn er innarbeidd som omsynssone H190 og skildra i § 9.2 i reguleringsføresegnene etter innspel frå Avinor. Føresegna tek i vare hinderflatene (innflygingsflate og sideflate), lysbruk, bruk av kraner og anleggsmaskiner i anleggsperioden samt eventuelt krav om påmontering av hinderlys på lysmaster.

Kommentar

- *Merknad frå Avinor teken til vitande.*

Sunnmøre kulturnæringshage AS

- Sunnmøre Kulturnæringshage AS arbeider med forprosjekt for etablering av Volda Kunnskapspark i Ivar Aasen-bygget på campus. Kunnskapsparken planlegg å samlokalisere om lag 40 selskap, og vil vere både regional og nasjonal ressurs for bedrifter med utspring i fagutdanning og fagmiljø ved Høgskulen i Volda.
- Dei påpeikar at gjennomføring av reguleringsplanen medfører at svært mange parkeringsplassar for Ivar Aasen-huset fell bort. Dette aukar behovet for gode løysingar til offentleg kommunikasjon. Det lyt etablerast ny tilkomstveg til bygget, og ny hovudtilkomst med bil frå nord som vist i plankartet vil vere ei god løysing. Eksisterande tilkomst til Ivar Aasen-bygget via hovudinnkøyringa til campus i Elvegata bør oppretthaldast.
- Dei fryktar villkryssing mellom dei to haldeplassane i Elvegata, sidan det ikkje er lagt opp til gangfelt.

Kommentar

- *Sunnmøre kulturnæringshage orienterer om planlagt framtidig etablering av Volda kunnskapspark i Ivar Aasen-bygget på campus.*
- *Ønske om endra tilkomst må løysast innanfor detaljregulering for campusområdet.*
- *Når det gjeld tilrettelegging for offentleg kommunikasjon, er det gjort klare forbetringar i plassering og tilgjenge til busslommene samanlikna med dagens situasjon. Ein vil i prinsippet basere på at fotgjengarane og brukarane av offentleg kommunikasjon skal nytte den planfrie løysinga for mjuke trafikantar i Sjukehuskrysset. Det er vidare fullt mogleg å legge betre til rette for tenelege ferdselsårer med påkopling til den planfrie kryssinga i detaljreguleringsplan for campus-området. Villkryssing ønskjer ein i størst mogleg grad å unngå, ev. må ein etablere midtdeler dersom dette vert ei utfordring for trafikksikkerheita.*

Gjertrud og Jostein Rotevatn, Svanhild I. og Tormod Mo, Nytunvegen 25 og 29

- Rotevatn og Mo er svært tilfreds med at rundkøyringa er planlagt seks meter under bakkeplan. Dei poengterer at ut frå planlegging av to løp i tunnelen må gardstunet vest for innkøyringa løysast inn.
- Dei ønskjer at tilkomst til parkeringsplassen ved Ivar Aasen-bygget går sydover langs gangvegen.
- Rotevatn og Mo viser til at Nytun er tilrettelagt for tilkomst til det nye mediebygget, i tillegg til trafikkauke til og frå Røysmyrvegen. Det blir dermed merkbart auka trafikk på vegen. Dei er fornøgd med at det er teikna inn gangveg på sydsida av Nytun, men ønskjer gangveg på nordsida også, alternativt at gangvegen vert flytta til nordsida.
- Rotevatn og Mo forventar at trafikkstøyen vert kraftig redusert, men at det likevel vert vurdert trong for lydbarriere mot tunnelopninga.

Kommentar

- *Det er korrekt at med viste løysingar så må nemnde eigedom løysast inn.*
- *Ny tilkomstveg til Ivar Aasen-bygget som er vist i plankartet er å sjå på som framlegg til løysing i samråd med kommunen, og vil bli nærare vurdert ved detaljregulering av område BOP1 m.fl. når ein har meir detaljert kunnskap om kva funksjonar og bygningar dette området vil få.*
- *Når det gjeld supplerande gangveg på nordsida av køyrevegen til Nytun, er det lagt aktuelle målpunkt og samanhengande gang- og sykkelvegliner lagt til grunn for løysinga. Ut frå forventa trafikk, vil det ikkje vere behov for tosidig g/s-løysing langs Nytunvegen.*

- *For spørsmål knytt til yttarlegare støyvurdering/tiltak, viser støyberekningane at det ikkje er grunnlag for å legge til rette for dette forbi dei nemnde bustadane, jamfør støysonekartet.*

Are og Ola Halkjelsvik på vegne av Kirsti Halkjelsvik, Myravegen 6, gbnr. 19/205

- Tilkomsten til gbnr. 19/34 er markert med avkøyrsle gjennom hagen sør for bustaden i Myravegen 6. Eigar av gbnr. 19/205 ønskjer at avkøyrsle til 19/34 blir flytta til nordsida av Myravegen 6 og til gangvegen.
- Myravegen 6 vil få auka støybelastning sjølv om E39 vert senka forbi eigdeomen. Eigedomen ligg i gul sone på støysonekartet og dei føreset at tiltak blir gjort ved første utbygging. Dei påpeikar også at tiltak mot støy og ureining også må gjerast i byggefasen.

Kommentar

- *I planframlegget er tilkomst til BKB4 vist sør for Myravegen 6 med enkelt pilsymbol. Dette for å signalisere ein mogleg hovudtilkomst til området som har krav til detaljregulering. Tilkomst til BKB4 er no flytta til nordsida av 19/205 via sørlege del av g/s-veg o_SGS4. Det er lagt inn breiddeutviding for å legge til rette for blanda trafikk på ei kort strekning, der køyrande vil få vikeplikt for mjuke trafikantar.*
- *Støy og forureining, både i anleggstida og ved permanent tiltak, skal ivaretakast i samsvar med gjeldande forskrifter, jf. føresegnene. Løysingar for dette vert teke i samband med byggeplan for E39-prosjektet og i samband med vidare detaljregulering når det gjeld ny/framtidig bebyggelse på område BKB4.*

Nettbuss Furene v/verneombod og tillitsvalde

- Sjåførgruppa i Nettbuss er kritisk til løysinga som er planlagt for kollektivtrafikk i området ved Volda sjukehus, og seier at rundkøyringa på plankartet ikkje er vesentleg endra i forhold til dagens situasjon.
- Sjåførgruppa er kritiske til om sikkerheita for passasjerar, pasientar, tilsette på sjukehuset og andre som ferdast i området rundt hovudinngangen blir godt nok ivaretatt slik planløysinga er tenkt. Dei stiller spørsmål ved om det er ønskeleg å ha tunge køyrety heilt inn til hovudinngangen på sjukehuset, og nemner mellom anna ubehag med eksos og støy, og at blindsona for dei 15 meter lange bussane utgjer ein sikkerheitsrisiko. Dei har også over lengre tid erfart at feilparkerte bilar kan medføre at bussen blir ståande. Sjåførgruppa påpeikar vidare kravet til universell utforming (UU) og korrekte høgder i høve heisanretning m.v.
- Sjåførgruppa ønskjer at kollektivløysingane må vere framtidsretta, og meiner ein må tenke nye busslommer på begge sider langs ny veg mellom Kløvertunvegen og Heltnevegen eller i samband med nytt kryss i Kløvertunvegen. Dette vil medføre litt lengre gangavstand til sjukehuset, men ikkje lengre enn det som er vanleg på dei fleste sjukehus.
- Dersom det ikkje er mogleg å løyse kollektiv på andre måtar enn å nytte rundkøyring ved hovudinngangen, ser sjåførgruppa det som ei betre løysing å halde fram med dagens utkøyring mot Heltnevegen sjølv om dei meiner dette langt frå er ideelt.
- Sjåførgruppa meiner at dersom ein skal gjere kollektiv til eit alternativ til privatbil, bør ein sjå på moglegheitene for å opppnå kortare reisetider og avstandar. Dei ser føre seg ei korrespondanselomme i tilknyting til ny rundkøyring og høgskulen. Dette kunne opna for framtidige løysingar med samanbinding av gjennomgåande linjer, lokaltrafikk og knutepunkt.

Kommentar

- *Merknaden gjeld primært framlagt løysing for kollektiv ved Volda sjukehus. Tre av merknadane, frå høvesvis Helse Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og Nettbuss Furene v/tillitsvalde og verneombod, var kritiske til framlagt løysing for kollektiv ved Sjukehuset i Volda.*
- *Det vart avhelde befaring og påfølgande møte med dei aktuelle partane og kommunen den 10.01.18. Der vart det sett på ei anna mogleg løysing som alternativ til løysing framlagt i plan. Alternativet betingar at bussen køyrer ut på Heltnevegen som i dag. Løysinga vart drøfta og vurdert i oppfølgande møte 25.01.18. Området er komplekst og trongt, og det er per i dag uklart om følgjene av ei framtidig utbygging av sjukehuset vil gjere løysingsalternativet mogleg.*
- *Intensjonen med å ta med sjukehusområdet var å utbetre løysing for kollektivtrafikken samtidig med nødvendige omleggingar av lokalvegnettet i området. Statens vegvesen kan ikkje formalisere ei løysing gjennom reguleringsplan der bussen må over i motsett køyrefelt for å kome ut på Heltnevegen. Denne saka er så kompleks at den må løysast gjennom ein meir heilskapleg plan for eit større område. Kollektivløysing ved sjukehuset er difor teke ut av reguleringsplanen. Reguleringsplanavgrensinga vil ikkje medføre endringar samanlikna med dagens situasjon når det gjeld køyretilkomst frå Kløvertunvegen.*
- *Partane er orientert om at dei kan tilrettelegge for ny løysing innanfor eksisterande trafikkareal eller vidareføre praksisen som i dag, slik sjåførgruppa ser som eit betre alternativ til opprinneleg framlagt løysing.*
- *Når det gjeld korrespondanselomme, tolkar vi det slik at dette er ønskjeleg i samband med tilrettelegging for haldeplassane i Elvegata i tilknyting til høgskulen. Det er i planen teke høgde for ordinære busslommer, i tråd med kollektivtilbodet som Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn, her under at knutepunktet ligg til busstasjonen i sentrum.*

Helse Møre og Romsdal HF

- Helse Møre og Romsdal HF v/Mona Aagaard-Nielsen er opptekne av tilrettelegginga for kollektiv ved Volda sjukehus. Planlagt løysing med rundkøyring og haldeplass kan etter deira syn bli lite hensiktsmessig for busstrafikken til og frå sjukehuset, samt mogleg hinder for anna trafikk som har behov for nærleik til hovudinnganen. Dei foreslår at rundkøyring/snuplass for buss blir flytta litt lengre aust.

Kommentar

- *Utfordringa i dette området er, som sjukehuset også poengterer, at det er mange omsyn som skal takast i høve anna ferdsel og andre trafikantgrupper på eit relativt lite område. I andre innkomne merknader vert ein beden om å skrinlegge løysingsprinsippet av omsyn til trafikksikkerheit.*
- *Kollektivløysing ved sjukehuset er no teke ut av reguleringsplanen, sjå kommentar til merknad frå sjåførgruppa i Nettbuss Furene ovanfor.*

Møre og Romsdal fylkeskommune

- Fylkeskommunen påpeiker at dersom mjuke trafikantar skal ha same vilkår som dei køyrande, må tiltaka bli realisert. MRFK kan ikkje sjå at det i føresegnene er foreslått føringar som kan sikre opparbeiding av samanhengande ferdselsliner, og rår til at ein vurderer kva samanhengande gangliner som bør bli realisert samstundes med vegprosjektet, og utarbeider ei konkret rekkefølgjeføresegn som sikrar eit samanhengande ferdselsmønster på fortau, gang-/sykkelveg og sykkelveg.

- Når det gjeld samferdsel/kollektiv, refererer fylkeskommunen til dagens rutetilbod i Volda. Kollektivtrafikken tek omsyn til seks tyngdepunkt med rask framføring; Volda ferjekai, Volda rutebilstasjon-Moritzmarka, Volda vidaregåande skule/byggefeltet Klepp, Høgskulen i Volda, Volda sjukehus, byggefelta Bratteberg og Brenslene. Plasseringa av desse medfører, avhengig av trasèval, ulik reisetid. Bussane vil som hovudregel køyre dagens trasé forbi Furene mellom Ørsta og Volda for å få god betening av busstopp i Furene, på Egset og ved Volda ferjekai. For å få god og rask betening av sjukehuset og høgskulen ser fylkeskommunen føre seg ei alternativ løysing på dagens E39 i Volda sentrum (utanfor planområdet), slik at bussane slepp å køyre inn til Volda busstasjon før dei fortsett opp til sjukehuset og høgskulen, via Heltnevegen, Kløvertunvegen og Kårstadvegen tilbake til Volda busstasjon. Fylkeskommunen viser til at det i planforslaget er lagt opp til at bussane enten køyrer inn i rundkjøringa framfor sjukehuset eller stoppar med kantstopp i Kårstadvegen. Dei vurderer at bruk av rundkjøringa vil bli ein tidkrevjande flaskehals for bussane, samstundes som kantstoppa vil ha for lang avstand frå hovudinngangen for brukarane.
- Fylkeskommunen rår difor til at kollektivtrafikken til/frå sjukehuset får ei løysing der bussane køyrer frå Heltnevegen inn i Kløvertunvegen med stopp ved hovudinngangen, og at Monsvegen og Bakkevegen eventuelt kan stengast mot Heltnevegen for å få eit meir oversiktleg trafikkbilde.

Kommentar

- *Opparbeiding av ferdselsliner for mjuke trafikantar er innarbeidd i føresegnene § 11, jf. også det same for etablering av trygge gangliner i anleggsperioden.*
- *Møre og Romsdal fylkeskommune orienterer om rutetilbodet og dei prioriterte målpunkta på ruta, og at rutetilbodet primært vil følgje eksisterande E39 mellom Ørsta og Volda også i framtida.*
- *Fylkeskommunen føreslår ei løysing for kollektivtrafikken til/frå sjukehuset som teoretisk sett er god, men som ikkje vil tilfredsstille trafikksikkerheita. Stigninga i Heltnevegen er 12 % eller meir i dette partiet, og ein eventuell tilkomst frå Heltnevegen til sørsida av sjukehuset vil bli liggande i ei uoversiktleg kurve for køyrande nedover (i stor fart) på Heltnevegen. I tillegg vil ein m.a. måtte krysse g/s-vegen med syklistar som truleg også kjem i stor fart ned bakken.*
- *Møre og Romsdal fylkeskommune har vore deltakande i oppfølging av problemstilling og prosess knytt til kollektivløysing ved sjukehuset som no er teken ut av planen, og ein viser her til kommentar til merknader frå sjåførgruppe/tillitsvald i Nettbuss Furene ovanfor.*

Reidar Haug, Vikebygdvegen 16

- Haug blir berørt av prosjektet ved at dei blir nabo til ny rundkøyring i krysset mellom Vikebygdvegen og Heltnevegen. Han viser til at anleggsperioden og tiltaket vil generere meir trafikk gjennom rundkøyringa, noko som vil påverke eigedomen frå to sider med auka støy, forureining og behov for sikring. Haug reknar med at deira rettar knytt til støyskjerming og kompensering av tapt eigedom og verditap på hus og eigendom er ein eigen prosess.
- Haug viser til at situasjonen for mjuke trafikantar vil betrast med dette prosjektet på sikt, men er bekymra for dei mjuke trafikantane i byggeperioden. Mange born nyttar vegane til ulike formål, og det er avgjerande at det blir laga gode, sikre og trygge løysingar frå dag ein.
- Haug har og eit ønskje om betre informasjon vidare, og ønskjer å ha ein kontaktperson for god dialog i byggeperioden. Han håper på godt samarbeid i den vidare prosessen.

Kommentar

- *Skjerming mot støy, både i anleggstida og som permanent løysing, vert ivareteke også for denne eigedomen i samsvar med reguleringsføresegnene og i tråd med gjeldande støyretningsline i arealplanlegginga. Dette vert å detaljere i byggeplan og avklarast i avtale med grunneigar i samband med grunninnløysing.*
- *Sikkerheit for mjuke trafikantar vil bli søkt ivareteke best mogeleg gjennom utarbeiding av byggeplan og godt samarbeid med dei som bur og ferdast i området, også i anleggstida. Kontakt og dialog med berørte partar vil vere ein naturleg del av dette.*
- *Når det gjeld informasjon og dialog, vil dette vidareformidlast i dokumenta som skal vidareførast til byggeplanlegginga.*

Statsbygg

- Statsbygg meiner tiltaket er grundig utreda i plangrunnlaget og er positive til vektlegginga på gode løysingar for gåande, syklande og kollektivreisande. Statsbygg eig deler av området for Høgskulen i Volda der gbnr. 19/753 vert omfatta av planframlegget. Deler av parkeringsareal er sett av til busshaldeplass, GS-veg, anna trafikkareal og mellombels rigg- og anleggsområde. Tilkomst til campus aust for Hans Strøm bygget takast vekk. Ny lokalveg i området vil betre tilgjengelegheita på sikt, men også føre til meir trafikk og støy. Statsbygg sine verksemder i området vil påverkast i byggeperioden. Statsbygg sine eigedomar i Sjukehusvegen 6 (gbnr. 19/395, 19/396, 19/397) og Raudehuset (gbnr. 19/49) vert berørt. Deler av eigedomen sitt uteareal, tilkomst og parkering er avsett til mellombels anleggs- og riggområde.
- For at ny tilkomst til campus frå Nytun skal kunne nyttast for framtidige bygg ved campus er det viktig at vegen handterer større køyrety for varelevering m.v.
- Statsbygg føreset at bygningane i Sjukehusvegen 6 ikkje må rivast som følgje av tiltaket. Dei ber om at rigg- og anleggsområde vert så moderat som mogleg, og helst plassert lengst bort frå bygningane i det aktuelle området med omsyn til sjenanse og støy. Mellombels tilkomst og parkering for eigedomen må avtalast.
- Eventuelle støytiltak for Sjukehusvegen 6 b) drøftast når byggetiltaket skal gjennomførast.
- Statsbygg seier at ein ikkje kan unngå at fotgjengarar kryssar vegen ved busshaldeplassen i Elvegata istadenfor å nytte GS-systemet lengre aust. Dei ber SVV vurdere fysiske hinder som gjer 'villkryssing' mindre attraktivt inntil ein eventuell fotgjengerovergang er på plass vest for haldeplassane.
- SVV opplyser at byggetiltaket ikkje vil påføre meir vatn i bekken gjennom campus. Bekken toler ikkje større vassføring, dette er særskilt knytt til dimensjonering av brua inne på campus.
- Slik planen føreligg er det behov for innløysing av gbnr. 19/49, erverv av areal på gbnr. 19/395, 19/396, 19/397 og 19/753, samt avtale om leige av areal til rigg- og anleggsområde.

Kommentar

- *Når det gjeld Statsbygg sine eigedomar, vil det som følgje av tiltaket vere behov for både permanent innløysing av eigedom og for å leige nødvendig areal til mellombelse rigg- og deponiområde.*
- *Tilkomst frå Sjukehusvegen vert erstatta med ny tilkomst frå Nytun. Det vert her også lagt til rette for utvidingsareal til offentleg/privat tenesteyting som vil kunne kompensere for redusert p-areal. Lenging av Nytun vil vere positivt for utviklinga på campus, og vegen vil vere dimensjonert for det nemnde behovet.*

- *Når det gjeld Sjukehusvegen og tilhøvet til rigg- og anleggsområdet, er det eit siktemål å plassere dette med minst mogleg sjenanse for nærmiljøet, primært i høve til buande i området.*
- *Reguleringsplanen legg opp til at støytiltak for Sjukehusvegen 6 b) blir avklara gjennom byggeplan og avtalar om innløysing av grunn før prosjektet skal gjennomførast.*
- *Når det gjeld tilhøvet til etablering av fotgjengarkryssing i Elvegata, viser ein til innspel frå vegvesenet i samband med detaljregulering for Volda Campus Arena. Fysisk hinder for å begrense villkryssing i høve trafikksikkerheit i området, vil kunne vurderast.*
- *Bekken som kryssar campus vert søkt ivareteke i samsvar med gjeldande reglar. Det er utarbeidd eigen flaumsikringsplan for området ovanfor Volda sentrum, der også omsynet til denne bekken inngår. Ved overføring av flaumvatn frå denne bekken til Heltneelva vil det ut frå gjennomført flaumvurdering ikkje vere behov for ekstra tiltak her.*
- *Dialog kring innløysing av areal som følgje av plan vert starta opp når plan er godkjent og det er tilført midlar til iverksetting av tiltaket.*

Høgskulen i Volda

- Høgskulen i Volda er positive til Voldatunnelen og dei overordna løysingane som er foreslått i reguleringsplanen. Det er viktig at studentar og tilsette har ein trygg og god tilkomst til campusområdet, og dei er positive til at mjuke trafikantar er godt ivaretatt med løysingane som er vist. Høgskulen er bekymra for manglande gangtilkomst til Studentsamskipnaden og ber om at gang- og sykkelvegen på motsett side av campus vert ført heilt fram til plangrensa.
- Høgskulen etterlyser også fotgjengarfelt over Elvegata, og fryktar villkryssing i høve alternativet med å nytte «stjernebrua». Dei meiner at eit fotgjengarfelt over Elvegata vil betre tilkomsten til både busstoppet og Studentsamskipnaden.
- Høgskulen er uroa over at det ikkje er planlagd ei løysing der ekspressbussar som køyrer E39 kan setje av/ta på passasjerar utan å køyre nedom Volda rutebilstasjon.
- Ein bør vurdere eit kollektivstopp på E39-traseen mellom Rotsethorntunnelen og Voldatunnelen, slik at ein legg til rette for effektiv pendling til både høgskulen og sjukehus frå regionen. Høgskulen foreslår også ei form for «snu-løysing» via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdegen.
- Høgskulen er positive til at planen viser ny tilkomst til Berte Kanutte-bygget og det nye mediebygget via Nytun, og vidare at det er lagt til rette for tilkomst til Ivar Aasen-huset og framtidig kunnskapspark via Nytun. Dei peikar også påbehovet for tilkomst til Ivar Aasen-huset via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata.
- Høgskulen nøgd med at ein har gjort ei grundig berekning av støyforhold, og at tiltak for å sikre tilhøva for undervisning i høgskulebygga nærast sjukehuskrysset skal vurderast.

Kommentar

- *Når det gjeld gangtilkomst til Studentsamskipnaden, er g/s veg no ført heilt fram til innkjørsel/plangrense slik at ein kan kome til Studentsamskipnaden utan å krysse i Elvegata.*
- *Fotgjengarkryssing i Elvegata og vidareføring av fortau ned til brua over Øyraelva må takast opp som eiga plansak, jamfør innspel frå vegvesenet i samband med plan for Volda Campus Arena.*
- *I følgje Møre og Romsdal fylkeskommune, som har ansvar for kollektivtransporten, vil bussane gå via Volda sentrum (busstasjon/ferje m.v). og vil ha gode stopp ved viste busslommer i Elvegata.*
- *Kollektivstopp på Austefjordvegen på strekninga mellom Rotsethorntunnelen og avkøyring til Myravegen er ikkje med i planen. Dette er basert på dei løysingar for kollektivtilbodet som Møre og Romsdal fykeskommune legg til grunn, og vil heller ikkje vere innanfor varsla planområde for E39 Volda-Furene.*
- *Skulle dette bli endra over tid, vil stopp i Furene vere aktuelt. Kommunen opplyser at det alternativt vil vere rom for å etablere busslomme på Rotset, ved idrettsområdet. Alternative løysingar der bussen kan køyre av E39, setje av/ta på passasjerar, og returnere til E39, til dømes via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdvegen, er vurdert som ei lite aktuell løysing for framtida, då denne mellom anna vil seinke framdrifta for bussen.*
- *Løysingar for tilkomst til Ivar Aasen-huset via Nytun og via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata vil kunne sikrast ut frå vegsystema lagt inn i plan. Detaljar knytt til løysingar for dette og gjennomføring vil vere del av detaljregulering for området, og eigne investeringar for intern infrastruktur. Gjennomføring av slikt vegprosjekt fell utanfor E39-prosjektet.Støytiltak på undervisningsbygningane nærast E39 vert ivareteke gjennom gjeldande føresegner til plan, og detaljvurdert som del av byggeplanlegginga.*

Lillian Lotsberg

- Lotsberg skriv at intensjonen i planen om å utvikle eit forretnings- og bustadområde, blir hindra ved måten utnyttingsgraden er bestemt. Slik føresegnene står, vil maksimal utnytting vere 50 % av arealet x3. Men sidan forma på ei forretning og ein bustad er så ulik, vil ein ikkje kunne oppnå maksimal utnytting av kombinasjonen.
- Dersom utnyttingsgraden i staden vert oppgitt i % BRA og ei maksimal kotehøgde tilsvarande 4 etasjar vil ein kunne oppnå både betre bustader og betre forretningar.
- Vedlegg: Screenshot_20171123-003045.png; Screenshot_20171123-003027.png

Kommentar

- *Ei slik utnytting som Lotsberg viser til, er fullt ut mogleg å bruke for dette området med kombinert bebyggelse. Området har imidlertid blanda bebyggelse allereie i dag og det er uavklara korleis området skal utviklast vidare, - som samla utbyggingsområde eller delutbygging innanfor eksisterande eigedomstilhøve.*
- *Kommunen vel å halde fast ved utnytting for området som angitt i plan, men har i føresegnene auka utnyttingsgraden til BYA 60 %. Det vert også teke inn ein utvida del av føresegn til plan som viser til nedfelte retningsliner i kommuneplan og kommunen sine vedtekter om krav til parkeringsdekning og krav til uteareal for bustader, jf. § 4.4 andre avsnitt.*

Vikebygdvegen 4 AS og V4-Mat AS

- For Vb4/V4-Mat er det viktig å kunne bygge ny forretning og vere sikre på å få tilkomst til Vikebygdvegen fram til vegane i reguleringsplanen har blitt bygde. Dei ønskjer ei midlertidig godkjenning for avkøyring frå Vikebygdvegen til BKB3 ved ev. utbygging av ny butikk før ny endeleg tilkomst er etablert, denne kan alternativt kome mellom dagens Kiwi butikk (gbnr.19/211) og naboeigedomen gbnr. 19/252.
- Når det gjeld BKB3, støttar dei at det kombinerte utbyggingsområdet er utvida. Vb4/V4-Mat ber om at utnyttingsgraden vert vurdert auka frå 50 % til minst 60 %. Ved å legge til rette for parkeringskjellar vil det framleis vere betydeleg grøntareal i området.
- Vb4/V4-Mat meiner det er grunnlag for ei avvikande byggegrense for BKB3 samanlikna med veglova sine avstandar, sidan kryss/veg blir liggande betydeleg lågare enn bakkenivå. Dei ønskjer forutsigbarheit på dette punktet, slik at det kan leggast til grunn i detaljreguleringa.
- Vb4/V4-Mat forstår kart og føresegner slik at det er krav om felles detaljregulering for felt BKB3 jfr. § 4.3. Dei ønskjer stadfesta at kravet til felles plan kun gjeld BKB3, og at det ikkje er meininga at felt BKB1, 2 og 3 skal inngå i én felles plan, - jfr § 9.5.
- Når det gjeld BKB1 og 2 ønskjer dei ikkje bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt behov for omsorg- og sosialbustadar, samt eventuelle erstatningsbygg for bustader som må rivast som følgje av framføring av veg i/til området.
- Vb4/V4-Mat ber om at begrensinga m.o.t bustader i BKB1 og 2 vert tatt bort slik at det kan etablerast bustader tilsvarande som på BKB3. Lokalisering av omsorgs- og sosialbustader kan skje som bustader i hus som delvis også omfattar andre målgrupper. På desse to områda er utnyttingsgraden BYA 30 %, og dei ber om at utnyttingsgraden vert auka t.d. tilsvarande som for BKB3.
- I overskriftene til §§ 4.2 og 4.3 er det ikkje presisert kva feltnummer det gjeld, samt at det ikkje er presisert i teksten at § 4.2 gjeld felt BKB1 og BKB2. Dei ber om ei presisering i overskrift og i føresegnene. Dei ønskjer også å få bekrefta at det berre er § 4.3 som er styrande for BKB3 m.o.t. arealformål, utnytting mv.
- Dei reknar med at det vil vere rom for mindre justeringar av tilkomstveg til eigedomane i BKB3 ved detaljregulering av området. Dei ønskjer at vegarma nord frå samlevegen går langs eiegedomsgrensa til 19/611.
- Vb4/V4-Mat merkar seg at planen gir rom for etablering av forretningar arealmessig utover det forskrifta om detaljhandel gir rom for. Dette vil gjelde i endå større grad dersom også utbyggingsområdet iflg. kommuneplanen vidare framover langs elva også blir «Kombinert bygge- og anleggsformål». Det hadde vore bra om det frå kommunen si side vart signalisert litt klarare enn planen angir, dersom det er ønskjeleg at det vert satsa på å optimalisere moglegheitene for utbygging til forretningsformål i desse områda.
- Vb4/V4-Mat seier at dei etter kvart vil ha spørsmål knytt til erstatning både m.o.t ulempe og grunnavståing, både som drivarar av forretningsverksemd og som grunneigarar.

Kommentar

- *Spørsmål om eventuell mellombels tilkomst og utbygging med tilkomst til Vikebygdvegen fram til vegar etter godkjent plan er på plass, må handsamast gjennom direkte søknad og ei konkret vurdering i høve til planlagt utbygging på området og konsekvensar i høve til godkjent vegplan. I utgangspunktet er ein positive til å legge til rette for ei snarleg utbygging på området. Dette må i tilfelle løysast ved dispensasjon frå plan, og gir ikkje grunn til endringar i plan eller føresegner no.*
- *Utbyggingsområde for bustad/forretning/kontor BKB3, er i justert plan auka frå 50 % BYA til 60% BYA, og med tillate utbygging med inntil 3 etasjar.*
- *Byggegrenser for område BKB3 er innlagt i revidert plankart og tilpassa sikt i kryssområda.*
- *Kommunen stadfestar at kart og føresegner set krav om felles detaljregulering for felt BKB3 jfr. § 4.3. , og at det ikkje er meininga at felt BKB1, 2 og 3 skal inngå i én felles plan, jfr. § 9.5.*
- *Kommuneadministrasjonen finn med grunnlag i gjeldande overordna plan ikkje å kunne tilrå ei endring av formålet i dei aktuelle områda ut over det som går fram av gjeldande føresegner. Ein er elles samd i at lokalisering av omsorgs- og sosialbustader kan skje som bustader i hus som delvis også omfattar andre målgrupper.*
- *Utnyttingsgraden for BKB1 og BKB2 er auka frå BYA 30 % til BYA 40 %.*
- *Overskriftene til §§ 4.2 , 4.3 og 4.4 vert retta opp slik at det går klart fram kva areal det gjeld også i overskrifta.*
- *Det vil vere rom for mindre justeringar av vegføringa for den nye tilkomstvegen for eigedomane som inngår i BKB3 ved detaljreguleringa av området. Om vegen kan leggast nærare inn mot grensa til 19/611 er vurdert ut frå planlagt arealbruk innan BKB3 og omsyn til vinkel og kurvatur i rundkøyringa.*
- *Føresegnene § 4.6 gir begrensingar i forretningsdelen på områda BKB1-3. Utnyttingsgraden er derimot knytt til eit kombinert formål.*
- *I framlegg til ny kommuneplan/arealdel er det framlegg om auka arealgrense for detaljhandel i den ytre sentrumskjerna, der også desse areala inngår. Plan er ikkje vedteken enno, men vi legg likevel inn justeringar i reguleringsføresegnene no som viser til slike endra føresetnader i kommuneplanen sin arealdel, jf. føresegnene § 4.6.*
- *Når det gjeld spørsmål knytt til erstatning m.o.t ulempe og grunnavståing som ein ønskjer å få avklara, er dette problemstillingar som kommunen i samråd med Statens vegvesen vil ta tak i når det er stadfesta at tiltaket skal gjennomførast.*

Svein Holmen, Heltnevegen 9

- Holmen er redd framskrivingane av trafikktala på dei kommunale vegane i og utanfor planområdet er underestimerte, og at kryss og støytiltak innanfor planområdet kanskje er for dårleg dimensjonerte. Frå krysset og opp langs Heltnevegen er stigninga opptil 12,5%, dette meiner Holmen ikkje burde vere akseptert på ein såpass stor tilkomstveg. Han nemner også utfordringar vinterstid, og at det på glatte dagar ofte er kaos sjølv med «rennafart» heilt nedanfrå.
- Støyberekningane bygg på ÅDT 6720 (år 2041) i nedre del av Heltnevegen og ÅDT 5150 frå Heltnevegen mot Kårstadvegen. Holmen trur ruta Kårstadvegen – Heltnevegen – Sjukehuskrysset – tunnelen vil bli ei av dei mest nytta rutene for lokaltrafikk til og frå Ørsta. Holmen er redd at trafikktala er for lave i krysset Heltnevegen/Kårstadvegen. Han hevdar at vegen er justert 5-6m sørover i forhold til støykartet (skisse 1) For deira eigedom 19/736 vil då >65dB-sona kome nærare mot bustadhuset, og >50dB -sona vil dekke heile uteareal et. Dei krev støy- og innsyns-skjerming langs heile aust- og nordgrensa på tomta (skisse 2).
- Holmen viser til at han overtok eigedomen i 1992 og at dei med tida har vorte innringa av institusjonar og sterkt trafikerte vegar. Med forlenging av Kårstadvegen med stor gjennomgangstrafikk, vert eigedomen heilt omringa og avsondra frå det som er att av vanleg

bustadmiljø. Holmen seier at tunet med dette vert mindre salgbart som familiebustad og anslår eit verditap.

- I tillegg til kompensasjon for direkte påførte ulemper (støyskjerming/avkøyrsle) vil Holmen difor også krevje kompensasjon for verditap i høve marknaden. Han seier at eit slikt krav evt. vil bli fremja etter godkjenning av planen på grunnlag av meklarvurderingar.



Skisse 1



Skisse 2

Kommentar

- *Gatestandard er lagt til grunn for dimensjonering/tverrsnitt av dei aktuelle vegane, og dermed vil ikkje årsdøgntrafikken vere utslagsgivande. Kryssa er dimensjonert for vogntog.*
- *Ved berekna trafikkmengder vert uteområdet på eigedomen til Holmen dels liggande innanfor gul støysone. Det er i planframlegget no lagt inn støy-/innsynsskjerm langs både aust- og nordsida av eigedomen. Skjerm må nærare tilpassast i byggeplanleggingа i høve siktliner for kryss og avkjørsler.*
- *Tilkomst til eigedomen er no plassert lengre vest, i tråd med grunneigar sitt ønskje.*
- *Spørsmål om verditap på eigedomen som følgje av tiltaket vert å ta opp i høve avtale om grunnavståing når tiltaket skal realiserast.*

Studentsamskipnaden v/Jan Henning Egset

- Studentsamskipnaden er uroa for at tilkomsten til deira kontor i Elvegata 24 ikkje er betre ivaretatt i reguleringsplanen, og ønskjer at gang- og sykkelvegen sør for Elvegata vert ført heilt fram til plangrensa.
- Dei ønskjer også at det vert laga fotgjengarfelt over Elvegata slik at det vert tryggare å krysse vegen.
- Studentsamskipnaden eig tre hus i Vikebygdvegen som er regulert bort i planen. Dei påpeikar at det er viktig med ei rask avklaring på eventuell innløysing av eigedommane.
- Fleire av samskipnaden sine hus i området er foreslått støyskjerma. Samskipnaden går ut frå at desse tiltaka vert gjennomført tidleg i vegprosjektet og at tiltak kan utførast i periodar som gir minst mogleg belastning for leigebuarane.
- Samskipnaden peikar på at kollektivløysingar må legge til rette for at studentar som bur nær campus lettare kan nytte bussen.

Kommentar

- *I reguleringsplanen er no gang- og sykkelvegen ved busshaldeplassen på sørsida av Elvegata ført heilt fram til grensa for reguleringsplanen, slik at ein kan kome frå busstopp og «stjernebrua» til Studentsamskipnaden utan å krysse Elvegata.*
- *Fotgjengarfelt over Elvegata i dette området vert ikkje lagt inn i planen. Spørsmålet har vore vurdert i samband med reguleringsplan for Volda Campus Arena. Statens vegvesen har gitt følgjande uttale: «Statens vegvesen meiner den utlagde detaljreguleringsplanen ikkje løyser problem knytt til trafikkfarleg fotgjengarkryssing av E39 som følgje av at blant anna studentsamskipnaden er lokalisert på feil side av vegen. Ei god løysing av gangtrafikk over E39 lar seg vanskelig løyse i denne reguleringsplanen sidan eksisterande passeringslomme ikkje kan sanerast bort. Trafikksikkerheitsomsyn tilseier at det ikkje kan etablerast overgangsfelt for nær opp til passeringslomma, og heller ikkje for nær busslommer. Tilrettelagt fotgjengarkryssing bør i dette området vurderast nærare i eigen plan for etablering av ny(e) fotgjengarovergang(ar), basert på regelverket i vegtrafikklova. Planen bør vurdere ei strekning på om lag 300m frå kryss E39/Anders Vassbotnvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset.» Spørsmål om etablering av fotgjengarkryssing her er såleis ikkje tema i denne reguleringsplanen.*
- *Spørsmål om grunnavståing og eventuell innløysing av bortregulerte hus vert å ta opp når tiltaket skal realiserast, jf. elles reglane i PBL § 15-2.*
- *Det er ikkje foreslått støyskjerming for dei aktuelle bygningane. I støyrapporten ligg nokre av bygningane i gul sone og er registrert som bygningar som skal vurderast. Dette vert ei vurdering i høve behov for fasademessige tiltak, og slik vurderingar vil bli gjort i samband med utarbeiding av byggeplan. Eventuelle tiltak vil bli søkt gjennomført tidleg i vegprosjektet og i periodar som gir minst mogleg belastning for leigebuarane.*
- *Kollektivløysingar er gjort nærare greie for i tilknyting til justert plan og ein viser til dette.*

Gbnr. 19/34 - Elvegata 34 v/Are Halkjelsvik

- Halkjelsvik ber om at tilkomsten til eigedom 19/34 vert flytta nord for Myravegen 6 ved at gangveg SGS4 har blanda formål dei første metrane, og at tilkomsten kan løysast i byggeperioden.
- Halkjelsvik viser til at gbnr. 19/34 er sterkt råka av tiltaket. Bygningane er SEFRAK registrerte og nemnt særskilt i punkt 6.3.2 i planomtalen med vurderingar rundt flytting eller innløysing. 19/34 er også nemnt i punkt 6.10 der riving er sett på som alternativ på grunn av mellombels anleggsveg og påfølgande sykkelrampe. Grunneigarane er kjent med alternativa i planen, men vil kome tilbake på dette i samband med vedtak om gjennomføring og framtidig bruk av område 19/34 som del av BKB4. Uansett val vil infrastrukturen i form av vatn/avløp/straum og telekommunikasjon som i dag forsyner bygningane på 19/34 måtte endrast, og dei føreset at dette vert gjort etter nærare avtale i gjennomføringsfasen.
- Byggegrenser mot europaveg og kommunale vegar vert å ta vidare i detaljreguleringsplanlegginga.

Kommentar

- *Tilkomst til gbnr. 19/34/byggeområde BKB4 er no endra i plankartet, og plassert nord for gbnr. 19/205 (Myravegen 6), ved at gangvegen SGS4 har formål blanda trafikk dei første metrane frå kommunal veg. Ny tilkomst må etablerast i byggeperioden.*
- *I forhold til formålet på BKB4 er det lagt til rette for ei transformering av området dersom grunneigarane ønskjer dette. Ein må forutsette at infrastruktur vert ivareteke ved vegutbygging ved at nemnde infrastruktur blir framført til arealet etter nærare av avtale i gjennomføringsfasen.*
- *Når det gjeld byggegrense mot veg er denne lagt inn i plankartet. Arealbruk internt på området bør takast med i ei nærare vurdering av byggegrenser i detaljreguleringa for BKB4.*

Signe S. og Atgeir Almestad, gbnr. 19/252

- Almestad ønskjer at den innregulerte tilkomstvegen til gbnr. 19/252 og gbnr. 19/229 og eventuelt også gbnr. 19/611 som skal erstatte tilkomst frå Vikebygdvegen vert lagt i bytet mellom gbnr. 19/252 og 19/611, og ikkje fullt ut inn på Almestad si tomt slik plankartet syner.
- Almestad har også synspunkt på utnyttingsgrad i området. Dei ønskjer denne auka frå BYA 50 % til BYA 60 % sidan området er sentralt både for bustad og forretning.

Kommentar

- *Tilkomstveg til eigedomane gbnr. 19/252 og gbnr. 19/229 er no lagt i bytet mellom gbnr. 19/252 og 19/611*
- *Utnyttingsgraden for området er endra til BYA 60% jamfør også andre merknader til planen.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

- Fylkesmannen seier innleiingsvis at det har vore ein lang prosess med fleire drøftingsmøter for å kome fram til ei løysing i Furene som ivaretek nødvendige omsyn til særleg hjortetrekket og landbruk. Etter deira oppfatning har prosessen gitt eit godt resultat, og ein har no funne fram til den kanskje best moglege løysinga for vegprosjektet.
- Under tema natur- og miljøvern seier føresegnene punkt 2.3 at det skal settast opp viltgjerde rundt veganlegget i Furene, og at utstrekning og utforming av gjerdet skal fastsettast i samråd med kommunen og Fylkesmannen si miljøavdeling. Fylkesmannen minner om at ein også må sikre omsynet til viltet/hjortetrekket i anleggsperioden gjennom rekkefølgjekrava som skal sikre at det er utarbeidd ein ytre miljøplan (punkt 10.1) Dette gjeld tiltak både i planområdet og utanfor planområdet. Tilsvarande for punkt 8.3, (bevaring naturmiljø, H560), siste avsnitt, som også må gjelde i anleggsperioden. Fram til føresegnene er endra på dette punktet, har vi motsegn til planen.
- Bustad gbnr. 14/1 i Furene ligg i gul støysone. Sidan vurdert skjerming ved utløpet av tunnelen sør for vegen vil ha svært begrensa effekt for berørte bustad, må det vurderast lokale tiltak for bustadhus og uteopphaldsareal i byggefasen. Det må sikrast i føresegnene at gbnr. 14/1 får tilbod om skjerming av uteplassar og fasadeutbetringar som sikrar tilfredsstillande støytilhøve. På Volda-sida av tunnelopninga skal områda rundt detaljregulerast. Men sidan vegen er støykjelda, må det gå fram av områdereguleringa kva støytiltak som er naudsynt for at eksisterande bygningar får tilstrekkjeleg gode støyforhold, og ev. kva gnr/bnr som skal få tilbod om lokale støytiltak. Plankart og føresegner må endrast slik at støykrava blir sikra, i samsvar med det som har kome fram gjennom den støyfaglege utgreiinga. Fylkesmannen har motsegn til planen inntil føresegner og plankart er endra i samsvar med dette.
- Når det gjeld landbruk, er det i føresegnene punkt 6.1 nemnt landbruksføremål som LS. I plankartet står det LL, og dei legg til grunn at det er ein skrivefeil i føresegnene.
- I føresegnene punkt 2.1, 3. avsnitt, står det at mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet. Dette krev ei presisering. Der dei mellombelse områda gjeld dyrkajord, skal arealet tilbakeførast til dyrkajord, og ikkje berre til landbruksføremål, som er eit vidare begrep. Det må stillast krav i føresegnene til korleis dette skal gjerast for å sikre at resultatet blir fullgodt med opprinneleg areal. Dette gjeld også meir presise krav til tilsåing og helling på skjeringar og fyllingar, slik at ein sikrar at ein oppnår eit landbruksareal som er eigna til grasproduksjon der det er aktuelt. Fram til føresegnene oppfyller desse krava, har fylkesmannen motsegn til planen.
- Det går ikkje fram av planomtalen kor mykje dyrka jord som går tapt på permanent basis. Dette bør gå fram av plandokumenta.
- Når det gjeld samfunnstryggleik, viser Fylkesmannen til at den reelle skredfaren ikkje er vurdert. Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for skred. Fylkesmannen er samd med Statens vegvesen om at planen ideelt sett burde avklare den reelle skredfaren. I dette tilfellet argumenterer SVV med at den potensielle skredfaren likevel ivaretakast tilstrekkeleg gjennom m.a. krav til detaljregulering, og forbod mot tiltak innanfor aktsemdsområde inntil detaljregulering og avklaring av reell skredfare. Fylkesmannen ser at NVE sine retningsliner i «Flaum- og skredfare i arealplanar» opnar for ein slik framgangsmåte for å ivareta tryggleikskrava i byggteknisk forskrift.
- Planføresegnene knytt til omsynssone for skred omfattar ikkje tiltak i tryggleiksklasse S1. Det kjem ikkje fram av planen kvifor S1-tiltak er utelukka frå det same kravet som S2- og S3-tiltak. Dersom Statens vegvesen har avklart at den potensielle skredfaren mot planområdet er lågare enn 1/100 (tryggleikskravet for S1-tiltak), må dette kome tydelegare fram i planen. Fylkesmannen rår til at føresegna set krav om at det ikkje kan gjennomførast tiltak før området er detaljregulert og reell skredfare er avklart.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motsegn til planframlegget inntil plankart og føresegner er endra slik det går fram av merknaden.

Kommentar

- *Tilhøvet til hjortetrekket har hatt særskilt merksemd ved planlegging av vegløysing i Furene.*
- *Det er tatt inn rekkefølgjekrav i ny § 11.3 som sikrar at tiltakshavar i samarbeid med kommunen etablerer eit system som fortløpande kan vurdere og iverksette risikoreduserande tiltak langs E39 i anleggsperioden som følgje av endra trekkmønster av hjort. Rammene for eventuelle tiltak blir nærare fastlagt i plan for ytre miljø. Det er vidare tatt inn krav om avskjerming av lyssetting av anleggsområdet. Utanfor anleggsområda gjeld krava i omsynssoner H560_# også i anleggsperioden. Endringane er klarert med fylkesmannen i høve til at det er fremma motsegn til planen på dette punktet.*
- *Støyskjermar som er vurdert som aktuelle er lagt inn i plankartet. § 3.4 er endra slik at lokal skjerming blir sikra for dei eigedomane som ikkje kan skjermast med ordinær støyskjerm langs veganlegget.*
- *Skrivefeilen LS er bytta ut med riktig kode LL.*
- *Tilbakeføring av dyrka mark er presisert betre i § 3.1.*
- *Omtalen av verknader for naturressursar i avsnitt 6.11 er supplert med tal for kor mykje dyrka jord som permanent blir omdisponert.*
- *Tatt til orientering.*
- *S1-tiltak er inkludert i § 9.6 i føresegnene.*

Ørsta kommune

Ørsta kommune har handsama plansaka i Ørsta formannskap 28.11.2017, sak PS 154/17. Ein viser til vedlegg for komplett saksutgreiing.

- Ørsta kommune skriv i sitt vedtak at planområdet burde vore utvida for å redusere risiko for ulykker og betre tilrettelegginga for kollektivtransport.
- Vidare at arealformålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda-Furene må endrast til LNF naturføremål og bruken som anlegg og riggområde her må reduserast så langt som råd.

Kommentar

- *I Furene er planavgrensinga redusert samanlikna med kommunedelplanen frå 2014. Grensa i framlagd plan er lagt til søraust-sida av eksisterande E39. Utviding av planområdet er uaktuelt no. Det er i samråd med Volda kommune konkludert med at ny regulering i Furene, som mellom anna har utfordringar knytt til kryssløysing/tilkomstar og betre tilrettelegging for kollektiv, bør gjerast gjennom ein eigen reguleringsplan.*
- *I planomtalen/føresegnene delkapittel 6.9.2 går det fram at bruken som anleggs- og riggområde skal haldast på eit så begrensa omfang som råd er. Arealføremålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda – Furene er no endra til LNF – naturføremål. Bruken av dette området som anleggs- og riggområde vert å redusere så langt som råd. Omsynssone H_560 naturmiljø vil ivareta funksjonen som tilførselsområde til viltovergangen, sjå føresegnene § 9.3*

10 Reguleringsføresegner - Reguleringsplan E39 Volda-Furene

Plan-ID: 2016001
Dato for planframlegg: 01.09.2017, revidert 04.04.2018
Dato for eigengodkjenning: xx.xx.xxxx

§ 1 GENERELT

1.1 Plantype og planavgrensing

Reguleringsplanen er ein områdereguleringsplan etter plan- og bygningslova §12-2. Planavgrensing er vist på plankart datert 01.09.2017, målestokk 1:1000. Reguleringsføresegnene gjeld for områda innanfor plangrensa.

1.2 Føremål med planen

Hovudformålet med planarbeidet er å skaffe formelt plangrunnlag til å etablere ny E39 på strekninga mellom Volda og Furene.

1.3 Reguleringsføremål

Planområdet er regulert til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (pbl §12-5 nr 1)

- Bustadar, B
- Offentleg eller privat tenesteyting, BOP
- Kombinert bygge- og anleggsformål, BKB
- Bustad/forretning/kontor, FKB
- Bustad/kontor, BKB
- Forretning/kontor/industri, BKB

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 nr 2)

- Køyreveg, SKV
- Fortau, SF
- Gang-/sykkelveg, SGS
- Gangveg, SGG
- Annan veggrunn – tekniske anlegg, SVT
- Leskur, SP
- Tekniske bygningar, STB
- Kollektivhaldeplass, SKH

Grøntstruktur

- Grøntstruktur, G

Landbruks-, natur- og friluftsområder samt reindrift (pbl § 12-5 nr 5)

- Landbruks-, natur- og friluftsområde, LS

Bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl § 12-5 nr 6)

- Naturområde i sjø og vassdrag, VNV

Områdeføresegn (PBL § 12-7 nr 1)

- Anleggs- og riggområde, #1-4

Omsynssoner (pbl § 12-6)

- Sikringssone tunnel, H190_
- Sikringssone flyplass, H190_
- Bevaring naturmiljø, H560_
- Bevaring kulturmiljø, H570_
- Gjennomføringssone, H810_
- Ras- og skredfare, H310_

§ 2 PLANKRAV

For område BKB1, BKB2, BKB3, BKB4, BOP1, BOP2, BOP3 og BOP4 blir det stilt krav til detaljregulering, jf. §12-7 nr 11, før vidare byggetiltak eller deling av eigedom kan gjennomførast. For område B1 og B3 må detaljregulering vurderast ut frå omsøkt tiltak.

§ 3 FELLESFØRESEGNER

3.1 Landskapsbehandling og terrengbehandling

Området skal kartleggast for framande og uønska planteartar før anleggsstart. Ved funn skal førekomstane bli fjerna, og det skal gjennomførast tiltak som hindrar spreiing med plantemateriale, lausmassar, utstyr eller anna. Statens vegvesen sin strategi/handlingsplan for framande artar skal ligge til grunn for tiltaka.

Det nye veganlegget skal vere best mogleg tilpassa eksisterande terreng og omgjevnader. Alle skjeringar og fyllingar skal vere avslutta inn mot terreng, slik at sideområda blir estetisk godt utforma og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir så naturleg som mogleg. Alle areal knytt til veganlegget skal bli stelt til og tilsådd/tilplanta. Alle sideareal skal vere sett i stand seinast i løpet av sommaren etter at veganlegget er ferdigstilt. Mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet.

Nord for E39 ved Furene skal areala etter tilstelling gro att med naturleg revegetering.

Sør for ny E39 ved Furene skal dyrka areal tilbakeførast til dyrka mark. Der ny E39 går i tunnel følgjer grensa mellom nord og sør for ny E39 høgbrekket på overdekninga av betongtunnel/portal. Overdekninga skal sør for høgbrekket over tunnelen ha fall ikkje brattare enn 1:8 og opparbeidast til dyrka mark. Avgrensing/avslutning av dyrka areal mot lifoten og rundt portalen må tilpassast nærare og i samråd med grunneigar. Tilbakeført/nydyrka areal skal ha ein jordstruktur og dreneringsstaus som sikrar produksjonsevna til arealet. Utbygginga må gjennomførast på ein måte som minimerer/reparerer jordpakking, og hindrar innblanding av stein i dyrkingslaga. Matjord- og ev. strukturlag som blir fjerna for mellomlagring og tilbakeføring skal vere lagra kvar for seg, og bli lagt ut att i rett rekkefølgje. Matjord skal lagrast i opp til to meter høge rankar.

Matjord og andre vekstmassar i område som blir rørt av utbygginga (inkludert mellombels rigg- og anleggsområde), skal takast av. Matjord og andre vekstmassar som skal brukast til tilbakeføring av området kan mellomlagrast i tiltaksområdet. Eventuell ny jord som blir tilført anlegget skal tilfredsstille krav i Håndbok R761 – Prosesskode 1.

Murar skal vere oppført i naturstein og ha eit heilskapleg utrykk på strekninga. Bekkeløp med kantsone som blir berørt i anleggsfasen skal settast i stand mest mogleg lik dagens situasjon. I Furene kan bekkeløpet/kanalen heilt eller delvis bli lagt om eller lagt i rør dersom det er naudsynt av omsyn til veganlegget eller landbruksdrift.

3.2 Kulturminne (plan- og bygningslova § 12-7 nr 2)

Dersom det under anleggsarbeidet blir oppdaga gjenstandar eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og ein skal omgåande gi beskjed til Møre og Romsdal fylkeskommune, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

3.3 Vilttrekk

For å hindre vilt i å trekke over E39 og sikre at dei blir leia over viltovergangen skal det settast opp viltgjerde rundt veganlegget i Furene. Utstrekning og utforming av gjerdet skal fastsettast i samråd med kommunen og Fylkesmannen si miljøavdeling, jf. også figur 61 i avsnitt 6.9.2 i planomtalen.

3.4 Støy

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) skal ligge til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Målet er å oppfylle grenseverdi 55 dB (Lden) på uteopphaldsplass og utenfor vindu til rom med støyfølsam bruk. For innandørs støynivå i bustader, skular, sjukehus og pleieinstitusjoner er ambisjonsnivået 30 dB (Leq24h). Naudsynte tiltak mot støy går fram av støyutgreiing for reguleringsplan E39 Volda-Furene, Rambøll AS, datert 22.03.2017, plassering og høgde på skjermar langs veg er vist på plankarta.

Støyfølsame bygg som etter dei fastlagte støytiltaka vist i plankarta likevel får eit støynivå over Lden 55 dB på uteplass eller over Leq24h 30 dB innandørs, skal få tilbod om lokal skjerming og/eller fasadetiltak i samband med gjennomføring av reguleringsplanen. Ei oversikt over kva eigedomar som i byggeplan vil verte nærmare vurderte for mulige støytiltak, går fram av figur 67 i planomtalen. Konkret utforming og utføring av lokale støytiltak blir avklart i samråd med den aktuelle eigaren, og eventuelt gjennom byggesaksbehandling dersom tiltaket er søknadspliktig. Ved fasadetiltak skal det sikrast tilfredsstillande ventilasjon i samsvar med byggteknisk forskrift til plan- og bygningslova.

For bygningar bygd før 1987 og der kostnadane med støytiltak blir uforholdsmessig høge, kan ein avvike frå grenseverdiane for innandørs støy med opp til 5 dB, tilsvarande krava i NS 8175 klasse D.

Støytiltak skal vere ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.

3.5 Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming og tilgjenge for alle.

3.6 Frisiktlinjer ved vegkryss

Innanfor frisiktlinje ved vegkryss skal det vere fri sikt i høgde 0,5 meter over tilstøytande vegplan.

3.7 Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg

Innanfor byggeområda må utbyggar sørgje for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt/privat leidningsnett etter godkjenning av kommunen. Innanfor planområdet kan kommunen gjennomføre nødvendig vedlikehald av kommunaltekniske anlegg. Så langt som mogleg, bør det leggast til rette for at overflatevatn kan sige ned i grunnen på eiga tomt.

3.8 Byggegrense langs offentleg veg

Byggegrense langs offentleg veg følgjer veglova § 29, andre ledd der byggegrensa ikkje er vist i plankartet. Byggegrenser langs veg kan nærare vurderast ved utarbeiding av detaljreguleringsplan for dei aktuelle områda, jf. § 2.

§ 4 BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1 Bustader, B

Bruken av område B1, B2, B3, B4 og B5 skal etter utbygging av veganlegget kunne vidareførast som i dag, innanfor dei generelle rammer gitt i planføresegner, jf. fellesføresegner §2 og omsynssoner, jf. § 8.

For område B1 skal plan Del av Abeltun/Del av Langvatn og Abeltun framleis gjelde, og føresegnene i plan vidareførast.

Innanfor bustadområde B2 skal plan for Røysmarka framleis gjelde, og føresegnene i plan vidareførast. Utnyttingsgrad for området vert her sett til BYA maks 30%.

Før nybygging i områda B3 og B4 er det krav om ny detaljreguleringsplan. Ved ny plan skal det kunne tilretteleggast for konsentrert bustadbygging med blokkbebyggelse inntil 4 etg. (gesimshøgd inntil 12 m).
Innanfor bustadområde B1 vil det vere tillate å fortette gjennom utarbeiding av ny reguleringsplan. Område B1 skal då framleis nyttast til studentbustader med tilhøyrande fasilitetar. Bygningar i B1 kan i eventuell ny detaljreguleringsplan planleggast med inntil 3 etasjar (gesimshøgd inntil 9m).

Område B5 vert i plan avsett til bustadformål – frittliggande småhus. Eigedomen skal ha køyretilkomst frå Nytun. Maks grad av utnytting vert sett til BYA=30%.

4.2 Offentleg eller privat tenesteyting, BOP1-4

Område BOP1og BOP2 er avsett til formål offentleg og privat tenesteyting for å sikre utvidingsareal for Høgskulen og kommunen sine behov for ulike utbyggingsformål. Herunder også omsorgs-/ og sosialbustadar m.v. Innanfor desse områda vert det ikkje tillate med ordinære bustadar utan i kombinasjon med slike formål. Innanfor området kan det også etablerast bygg for forretning/næring samlokalisert/integrert som del av bygg til offentleg/privat tenesteyting. Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for områda før utbygging. Områda kan ikkje byggast ut før etter at ny E39 er bygd ut.

Områda BOP3 og BOP4 er avsett til formål offentleg og privat tenesteyting for å sikre sjukehuset sitt behov for vidare utbygging. Innanfor disse områda vert det ikkje tillate med ordinære bustadar utan i kombinasjon med slike formål. Innanfor området kan det også etablerast bygg for forretning/næring samlokalisert/integrert som del av bygg til off./privat tenesteyting. Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for områda før utbygging. Område BOP3 kan ikkje byggast ut før etter at ny E39 er utbygd.

4.3 Kombinert bygge- og anleggsformål, BKB1-2

Innanfor området kan det etablerast forretning, offentleg og privat tenesteyting, næringsbygg (kontor). Det er ikkje ynskeleg med etablering av bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt behov for omsorg- og sosialbustadar, og eventuelle erstatningsbygg for bustader som må rivast som fylgje av framføring av veg i/til området.

Områda ligg utanfor sentrumsområde i Volda og forskrifta om forbod mot detaljhandel gjeld. Områda skal regulerast i fellesskap, m.a for å sikre eigna trafikkløysing for området basert på ny planlagt tilkomst.
Ved planlegging av området skal det sikrast løysing for vidareføring av samleveg med gangveg til områda aust for planområdet, på gnr. 20 bnr. 12 og 523 m.fl.
Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 40 %. Bygningar på området kan ha byggehøgd på inntil 3 etg.

Det vert ikkje tillate utbygging før ny tilkomst er etablert.
Gjennom detaljreguleringsplan for området bør det vurderast å avsette ei byggegrense på minimum 10 meter mot grøntstrukturen sør for byggeområdet. Denne sona kan nyttast til uteopphaldsareal for ny bebyggelse. Dersom areal for parkering vert etablert i denne sona, bør areala utformast med vegetasjon og ta omsyn til grøntstrukturen som grenser til området.

4.4 Bustad/forretning/kontor, BKB3

Område BKB3 kan nyttast til forretning/kontor/bustad kvar for seg eller som felles utbygging.
Det skal utarbeidast samla detaljreguleringsplan for området før utbygging.
Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 60 %. Bygningar på området kan ha byggehøgd på inntil 3 etg.
Ved detaljregulering skal det avsettast minste uteopphaldsareal slik føresett i teknisk forskrift, TEK17, og kommuneplanen sin arealdel/kommunen sine retningsliner for leik og uteopphaldsareal.
Minimum 50 % av slikt areal skal vere på på bakkenivå.

4.5 Bustad/kontor, BKB4

Område BKB4 kan nyttast til bustad/kontor kvar for seg eller som felles utbygging. Det skal utarbeidast samla detaljreguleringsplan for området før utbygging. Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 40%. Bygningar på området kan ha byggehøgd på inntil 2 etg.
Ved detaljregulering skal det avsettast minste uteopphaldsareal slik føresett i teknisk forskrift, TEK17, og kommuneplanen sin arealdel/kommunen sine retningsliner for leik og uteopphaldsareal.
Minimum 50 % av slikt areal skal vere på på bakkenivå.

Delar av område BKB4 er omfatta av aktsemdssone for flaum, jf. figur 31 i kapittel 4. Aktsemdssona er for grovt avgrensa til å vise i områdeplanen. Reell flaumfare inkludert erosjonsfare må avklarast ved detaljregulering av området. Grunntilhøva må avklarast ved detaljregulering, jf. ROS-analyse.

4.6 Forretning/kontor/industri, BKB5

Område BKB5 kan nyttast til industri, kontor, forretning kvar for seg eller som felles utbygging.
Det skal utarbeidast samla detaljreguleringsplan for området før vidare utbygging på området.
Unyttingsgrad vert å fastsette gjennom detaljreguleringsplan. Bygningar på området kan ha byggehøgd på inntil 2 etg. Delar av område BKB5 er omfatta av aktsemdssone for flaum, jf. figur 31 i kapittel 4 i planomtalen. Aktsemdssona er for grovt avgrensa til å vise i områdeplanen. Reell flaumfare inkludert erosjonsfare må avklarast ved detaljregulering av området. Grunntilhøva må avklarast ved detaljregulering, jf. ROS-analyse.

4.7 Rikspolitisk bestemming for kjøpesenter

Innanfor område BKB1-3 er det ikkje tillate å etablere nye handelsverksemder som kvar for seg eller samla utgjer eit bruksareal til detaljhandel med større areal enn det som er angitt i gjeldande kommuneplan/eller fylkesdelplan for senterstruktur, utan samtykke frå Fylkesmannen. Dette gjeld også utviding av eksisterande handelsverksemder som fører til at samla bruksareal til detaljhandel blir auka ut over dette.

§ 5 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

5.1 Generelt

Innanfor trafikkområda skal det anleggast køyrevegar og gang- og sykkelsamband. I ein mellombels fase kan det anleggast køyrevegar, gang- og sykkelvegar og riggareal i tilknyting til utbygging av veganlegget.

5.2 Anlegg av trafikkområde

Anlegg av trafikkområde skal utformast etter byggeplan som detaljert viser utforming av veg, vegutstyr, skråningar og murar med meir. I samband med utarbeiding av byggeplan for vegar skal det lagast plan for nødvendige omleggingar av vatn- og avløpsleidningar. Før anleggsstart skal det utarbeidast ein plan for trafikkavvikling langs vegen i bygge- og anleggsperioden.

5.3 Køyreveg – offentleg, o_SKV

Veg merka o_SKV skal nyttast til offentleg køyreveg og byggast i samsvar med dei breidder som er vist på plankartet. Køyrevegen omfattar vegbane med skulder og kryssområde. Det er ikkje tillate med andre avkøyrsler til vegen enn dei som er vist på plankartet.

5.4 Køyreveg – felles, f_SKV

Køyreveg merka f_SKV1 er felles privat tilkomstveg på område BKB3, inkludert til eigedomane gbnr. 19/229, 19/252 og 19/611 i Volda. Køyreveg merka f_SKV2 er felles privat køyreveg til gbnr. 14/1 i Furene. Bruksrett på vegen må regulerast i privat avtale.

5.5 Køyreveg – privat, SKV

Veg merka med SKV er privat tilkomstveg.

5.6 Fortau - SF
Område merka SF skal nyttast til fortau.

5.7 Gang-/sykkelveg, SGS
Område merka SGS skal nyttast til offentleg gang- og sykkelareal. Gang-/sykkelveg merka o_SG5 og o_SG6 kan merkast opp med separate felt for syklande og gåande.

5.8 Gangveg, SGG
Område merka SGG skal nyttast til gangveg.

5.9 Anna veggrunn - tekniske anlegg, SVT
Område merka SVT kan nyttast til skjering, fylling, grøft, rekkverk, mur, viltgjerde og snøopplag langs køyrevegen. Teknisk infrastruktur som rør, kablar og slukar kan også vere plassert innanfor arealet.

Grunnerverv skal skje i samsvar med godkjent reguleringsplan. Mindre endringar innanfor område regulert til veg vil kunne førekome som følgje av uføreseielege forhold som til dømes grunnforhold eller feil kartgrunnlag.

Areal som ikkje blir nytta til vegføremål kan tilbakeførast som tilstøytande eller opprinneleg føremål etter avtale med grunneigar.

5.10 Leskur, SP
Område merka o_SP kan nyttast til leskur tilhøyrande haldeplassfunksjonen.

5.11 Teknisk bygg, STB
Område merka o_STB kan nyttast til teknisk bygg tilhøyrande veganlegget. Bygget skal ha eit stadtilpassa uttrykk som innordnar seg i landskapet.

5.12 Kollektivhaldeplass, SKH
Område merka o_SKH skal nyttast til offentleg kollektivhaldeplass.

§ 6 GRØNTSTRUKTUR (pbl § 11-7 nr 3)
6.1 Grøntstruktur G
Gjeld område G1, G2, G3.
Innanfor område for grøntstruktur merka G1 skal det ikkje settast i verk tiltak som reduserer område sin verdi som grøntdrag langs Øyraelva. Vegetasjonen langs elva og langs sumpige flomløp skal bevarast. Elles i området kan vegetasjonen skjøttast og tynnast. Enkle turvegar og mindre bygg og anlegg som tener friluftsliv/rekreasjon kan etablerast.

§ 7 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (LNF) (pbl § 12-5 nr 5)
7.1 Landbruksføremål LL
Område merka LL skal nyttast til landbruksføremål.

7.2 Naturføremål LNA
Område merka LNA er naturområde som skal sikre at vilt kan trekke inn mot viltovergangen over E39. Området skal ligge mest mogleg urørt. Nødvendige tiltak for å sikre viltomsyn er tillatt.

§ 8 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (PBL § 12-5 nr 6)
8.1 Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, VNV
Område merka VNV er elvestrekning der det ikkje er lov med tiltak som er i strid med vassressurslova kapittel 2.

§ 9 OMSYNSSONE (PBL § 12-6)
9.1 Sikringssone tunnel, H190_
Sikringssone langs tunnel har ei utstrekning som vist i plankarta. Det er ikkje tillate å utføre sprenging, boring i fjell, peleramming eller andre arbeid som kan skade tunnelen eller innreiinga av desse. Før slike arbeid kan utførast, må det innhentast løyve frå Statens vegvesen. Dette gjeld også private tiltak over tunnelen som for eksempel boring etter grunnvatn eller jordvarmeanlegg.

9.2 Skringssone rundt flyplass, høgderestriksjon og lysbruk, H190_ (PBL § 11-8 a)
Innanfor område H190_1 og H190_2 er det ikkje tillate å etablere mellombels eller permanent anlegg (medrekna lysmaster) høgare enn høgderestiksjonane (innflygingsflate og sideflate) for flyplassen tillet. Avinor skal ha alle tiltak og planar (medrekna lysbruk) innanfor sona til gjennomsyn og godkjenne dei før utføring kan skje.

I anleggsperioden skal Avinor ved Hovden flyplass varslast på førehand, og vere kjent med all aktivitet og bruk av kraner og anleggsmaskiner. Avinor kan stille krav om at anleggsmaskiner og kraner må regulere sin aktivitet i samsvar med flytrafikken. Vidare kan Avinor stille krav om at lysmaster skal påmonterast hinderlys.

9.3 Bevaring naturmiljø, H560_
Omsynssonene H560_ skal sikre at hjortevilt og andre artar har gode vilkår for å nytte viltovergangen til å krysse E39 i Furene.

Innanfor sone H560_1 skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området. Vegetasjonen i området skal bevarast. Plukkhogst av ved eller tømmer er tillate. Området skal ikkje grøftast eller dyrkast.

Innanfor sone H560_2 skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området.

Innanfor sone H560_3 skal det ikkje etablerast bygg eller anlegg som kan hindre dyreliv i å vandre fritt i området. Vegetasjonen i området skal bevarast. Området skal ikkje grøftast eller dyrkast. Nødvendige tiltak for å sikre viltomsyn er tillatt.

9.4 Bevaring kulturmiljø H570_
I område merka H570_1 skal det ved gjennomføring av tiltak som kan råke kulturmiljøet takast særlege omsyn til bevaringsverdig bebyggelse.

9.5 Gjennomføringssone H810_

Gjeld område H810_1 og H810_2. Delområde i gjennomføringssone H810_ skal planleggast under eitt gjennom utarbeiding av detaljreguleringsplan. Det vert ikkje tillate tiltak som kan vere til hinder for gode tilkomst- og infrastrukturløysingar før det er utarbeidd reguleringsplan for heile området som inngår i gjennomføringssona.

9.6 Ras- og skredfare, H310_

Faresona markerer aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Innanfor faresona er det ikkje høve til å gjennomføre tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 eller S3 før området er detaljregulert og/eller reell skredfare er avklart.

§ 10 OMRÅDEFØRESEGN (PBL § 12-7 nr 1)

10.1 Mellombelse anleggs- og riggområde

Områda kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, slik som mellombelse bygningar og anlegg, mellombels lagring og vidareforedling av massar, stadeigen vegetasjon, oppstillingsareal for bilar/maskinelt utstyr, knusing/foredling av masse m.v.

Når områda blir tatt i bruk, skal dei vere sikra på forsvarleg måte. Ved Furene skal lyssetting vere avskjerma mot tilgrensande område. Aktivitetar og anlegg med særleg skremmeeffekt på hjortevilt skal om mogleg vere lokalisert sør for ny E39. Matjord skal takast vare på for tilbakeføring av landbruksareal, jf. § 2.1.

I områda kan det ikkje settast i verk tiltak som er til hinder for gjennomføring av reguleringsplanen. Når veganlegget er ferdigstilt fell områdeføresegna bort.

§ 11 REKKEFØLGJEKRAV (PBL § 12-7 nr 10)

11.1 Ytre miljøplan

Før anleggsarbeidet blir sett i gong skal det vere utarbeidd ein plan for ytre miljø som sikrar at føringar og krav for det ytre miljøet blir ivareteke på ein systematisk måte ved gjennomføring av prosjektet. Planen skal sikre omsyna som går fram av kapittel 8.7 i planomtalen, herunder ivaretaking av gangliner for mjuke trafikantar gjennom heile perioden (nærmiljø). Opplistinga i 8.7 er ikkje uttømmande.

11.2 Støy

Støytiltaka omfatta av § 3.4 skal vere ferdigstilt før veganlegget blir opna for trafikk.

11.3 Sikring av vilttrekk i anleggsperioden

Før anleggsarbeidet tek til skal tiltakshavar i samarbeid med kommunen etablere eit system som fortløpande kan vurdere og iverksette risikoreduserande tiltak langs E39 i anleggsperioden som følgje av endra trekkmønster av hjort. Rammene for tiltaka blir fastlagt i plan for ytre miljø.

11 Vedlegg

1. **Framlegg til plankart, datert 01.09.2017**
2. **Illustrasjonar**
3. **Andre dokument**
    - Originalmerknader samla i eige hefte
    - Støyutredning for E39 Volda–Furene, Rambøll AS, mars 2017
    - Vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017
    - Borne- og studenttrakkregistrering, SVV 2016
    - Kulturminnerapport, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2017

Nivå 2 under gangbrua, mål 1:1000

Nivå 2 under brua, mål 1:1000

Teiknforklaring

Område bestemmelser

- # — Anlegg- og riggområde

a.1) Sikringssoner

- H140 — Frisikt
- H190_ — Sikringssone tunnel

a.3) Faresoner

- H310_ — Ras- og skredfare

c) Sone med angitte særlege omsyn

- H570_ — Bevaring kulturmiljø

e) Gjennomføringssoner

- H810_ — Krav om felles planlegging

1. Bygningar og anlegg

- B — Bustader
- BOP — Offentleg eller privat tjenesteyting
- BKB — Kombinert byggje- og anleggsformål
- BKB — Bustad/forretning/kontor
- BKB — Bustad/kontor
- BKB — Forretning/kontor/industri

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV — Køyreveg
- SF — Fortau
- SGS — Gang-/sykkelveg
- SGG — Gangveg
- SVT — Annan veggrunn - teknisk anlegg
- SP — Leskur
- STB — Tekniske bygningar
- SKH — Kollektivhaldeplass
- SKF — Køyrbar gang-/sykkelveg

3. Grøntstruktur

- G — Grøntstruktur

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag

- VNV — Naturområde i sjø og vassdrag

Linjetyper

- Grense for planen
- Formålsgrense
- Bru
- Grense for fareområde
- Regulert støyskjerm
- Frisiktlinje
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Byggegrense
- Grense for angitt hensynssone
- Grense for gjennomføringssone
- Grense for sikringssone
- Grense for bestemmelser

Symbol

- Brukar
- Avkjørsel - både inn- og utkøyring
- Tunnelåpning

Ekvidistanse: 1 m

0 20 40 60 80 100

Horisontal skala 1 : 1000

N

Blad 8 / Blad 7 / Blad 6 / Blad 5 / Blad 4 / Blad 3 / Blad 2 / Blad 1

A	Revidert etter innkomne merknader	jonmis			2018-02-19
Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Kartgrunnlag tatt ut 15.01.2016, Euref89 NTM Sone 6, NN2000

Statens vegvesen

VOLDA kommune

Tegningsdato	2017-09-01
Bestiller	aststa
Produsert for	Region midt
Produsert av	Region midt
Prosjektnummer	405117
Delprosjektnummer	15E00039R_050
Saksnummer	
PlanID	2016001
Målestokk A1	1:1000
Tegningsnummer / revisjonsbokstav	Blad 1/8 A

E39

Volda - Furene

Plan Volda

Reguleringsplan

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv
jonmis	xxxxxx	xxxxxx	



Teiknforklaring

a.1) Sikringssoner

H190_ Sikringssone tunnel

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

SKV Køyreveg

SVT Annan veggrunn - teknisk anlegg

STB Tekniske bygningar

Linjetyper

- Grense for planen
- Formålsgrense
- Tunnel
- Regulert senterlinje
- Grense for sikringssone

Ekvidistanse: 1 m

0 20 40 60 80 100

Horisontal skala 1: 1000

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Kartgrunnlag tatt ut 15.01.2016, Euref89 NTM Sone 6, NN2000

Statens vegvesen

VOLDA kommune

E39

Volda – Furene

Plan tunnel

Reguleringsplan

Tegningsdato	2017-09-01
Bestiller	aststa
Produsert for	Region midt
Produsert av	Region midt
Prosjektnummer	405117
Delprosjektnummer	15E0039R_050
Saksnummer	
PlanID	2016001
Målestokk A1	1:1000

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv	Tegningsnummer / revisjonsbokstav
jonmis	xxxxxx	xxxxxx		Blad 2/8


X1463200
X1463100
X1463000
X1462900
X1462800
X1462700
1200
1100
1000
900
800
700
H190_2
o_SVT31
o_SVT32
o_SVT33
o_SVT34
o_STB3
18/14
18/3
18/1-12
18/2
18/5
18/20
18/13,15
18/8
18/6
19/1
19/38
19/3
18/4,29
18/430
18/431
18/403
18/410
18/193
18/83
18/85
19/401
19/289
19/354
19/341
19/355
19/406
19/408
19/343
19/357
19/356
19/358
19/359
19/634
19/652
19/678
19/808
19/809
19/792
19/790
19/791
19/789
19/788
19/787
19/786
19/785
19/784
19/783
19/782
19/781
19/780
19/779
19/778
19/777
19/772
19/773
19/774
19/775
19/776
19/663
19/661
19/662
19/660
19/867
19/865
19/864
19/863
19/862
19/861
19/859
19/858
19/857
19/856
19/855
19/854
19/853
19/852
19/851
19/850
19/849
19/848
19/847
19/846
19/845
19/844
19/843
19/842
19/841
19/840
19/839
19/838
19/837
19/836
19/835
19/834
19/833
19/832
19/831
19/830
19/829
19/828
19/827
19/826
19/825
19/824
19/823
19/822
19/821
19/820
19/819
19/818
19/817
19/816
19/815
19/814
19/813
19/812
19/811
19/810
19/809
19/808
19/807
19/806
19/805
19/804
19/803
19/802
19/801
19/800
19/799
19/798
19/797
19/796
19/795
19/794
19/793
19/792
19/791
19/790



Blad 8
Blad 7
Blad 6
Blad 5
Blad 4
Blad 3
Blad 2
Blad 1

N

Teiknforklaring

a.1) Sikringssoner

H190_ Sikringssone tunnel

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

SKV Køyreveg

SVT Annan veggrunn - teknisk anlegg

STB Tekniske bygningar

Linjetyper

- Grense for planen
- Formålsgrense
- Tunnel
- Regulert senterlinje
- Grense for sikringssone

Ekvidistanse: 1 m

0 20 40 60 80 100

Horisontal skala 1 : 1000

N

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Kartgrunnlag hatt ut 15.01.2016, Euref89 NTM Sone 6, NN2000

Statens vegvesen

VOLDA kommune

E39

Volda - Furene

Plan tunnel

Reguleringsplan

Tegningsdato	2017-09-01
Bestiller	aststa
Produsert for	Region midt
Produsert av	Region midt
Prosjektnummer	405117
Delprosjektnummer	15E0039R_050
Saksnummer	
PlanID	2016001
Målestokk A1	1:1000
Tegningsnummer / revisjonsbokstav	Blad 4/8

Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av	Konsulentarkiv
jonmis	xxxxxx	xxxxxx	

X1464200
X1464100
X1464000
X1463900
X1463800
X1463700
Y77400
Y77500
Y77600
Y77700
Y77800
Y77900
Y78000
Y78100
2400
2300
2200
2100
2000
1900
17/7
17/11
17/2
H190_2
o_STB8
o_SVT32
o_SVT5
o_SVT31
o_SKV2
o_SVT33
H190_2





Teiknforklaring

a.1) Sikringssoner

H190 Sikringssone tunnel

2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

SKV Køyreveg

SVT Annan veggrunn - teknisk anlegg

STB Tekniske bygningar

Linjetyper

- Grense for planen
- Formålsgrense
- Tunnel
- Regulert senterlinje
- Grense for sikringssone

Ekvidistanse: 1 m

0 20 40 60 80 100

Horisontal skala 1 : 1000

N

Revisjon	Revisjonen gjelder	Utarb	Kontr	Godkjent	Rev. dato

Kartgrunnlag tatt ut 15.01.2016, Euref89 NTM Sone 6, NN2000

Statens vegvesen

VOLDA kommune

E39

Volda – Furene

Plan tunnel

Reguleringsplan

Tegningsdato	2017-09-01
Bestiller	aststa
Produsert for	Region midt
Produsert av	Region midt
Prosjektnummer	405117
Delprosjektnummer	15E0039R_050
Saksnummer	
PlanID	2016001
Målestokk A1	1:1000

- Borne- og studenttrakkregistrering, SVV 2016
- Kulturminnerapport, Møre og Romsdal fylkeskommune (under utarbeiding)

Saksopplysningar/fakta:

Statens vegvesen Region midt har i samarbeid med Volda kommune utarbeidd framlegg til reguleringsplan for strekninga Volda-Furene på E39.

Tiltaket omfattar ny E39 mellom Volda og Furene, og inngår som eitt av fleire tiltak langs riksvegrute 4a, - E39 Stavanger - Ålesund.
I forkant av planarbeidet vart det utarbeidd kommunedelplan for vegprosjektet, med tilhøyrande konsekvensutgreiing.
"Kommunedelplan E39 Volda-Furene - med framlegg til arealbruk for tilgrensande område» vart vedteken i Volda kommunestyre 18.12.2014, sak PS 153/14.
I kommunedelplanprosessen vart fleire traséalternativ vurdert før den no viste løysinga vart valt.
Planlagt vegstrekning ligg i Volda kommune, og strekkjer seg frå Rotset/Øyraelva og til kryss med dagens E39 ved rundkøyringa ved kryss fv. 653 i Furene.
Lengda på dagens E39 mellom Volda (rundkøyringa i Sjukehuskrysset) og Furene er ca. 6,5 km.
Ved ny planlagt E39 på strekninga vert samla lengde om lag 3750 meter, der omlag 500 m er veg i dagen og resten som tunell.
Planane påverkar også i grenseområda mot Ørsta kommune, der viktige viltinteresser og vegtiltak som lenging av Tormyrvegen eg tilkomst til flyplassen står sentralt.

I tillegg til ny E39 inngår utbetring og omlegging av lokalvegar og løysingar for gang og sykkel i Volda i planen. Likeeins er arealbruk for tilgrensande areal til vegen med både i sentrumsområdet og i Furene.

Gjennom reguleringsplanen skal ein vise konkret utforming av utbyggingsområdet, så detaljert at konsekvensane av tiltaket og omsyna til bruk/vern av dei areala som blir råka av utbygginga kjem klart fram.
Reguleringsplanen skal også vere så detaljert og teknisk vurdert at det gir realistisk grunnlag for fastsetting av kostnader for prosjektet, med inntil +- 10%.
Reguleringsplan er også eit nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, og gir grunnlag for eventuell ekspropriasjon av grunn.

Planprosess:
Statens vegvesen har heimel i PBL §§ 3-7 til å gjennomføre plantiltak for planlagt vegutbygging.
Då planen omfattar mykje anna infrastruktur i sentrumsområdet og tilhøyrande arealbruk tilknytt dette, er planen utarbeidd som områderegulering i samsvar med Plan og bygningslova §12-2.

Kommunen har gitt Statens Vegvesen løyve til å gjennomføre slik planlegging ved vedtak i Volda Formannskap i sak 56/17 den 18.04.2017.

Planprosessen, teknisk planlegging og utarbeiding av reguleringskart og plandokumenta elles, er såleis gjennomført av Statens vegvesen i samråd med Volda kommune.

Plan- og bygningslova stiller klare krav til medverknad i planarbeidet.
For denne reguleringsplanen gjeld dette i hovudsak berørte naboar, Høgskulen i Volda- (inkludert Statsbygg) og Helse Møre og Romsdal (med representantar for Volda sjukehus), samt regionale planmynde..
Oppstart av planarbeidet vart varsla 07.04.2016 og annonsert i avisene Møre og Mørenytt og på kommunen og vegvesenet sine heimesider, i medhald av plan- og bygningslova (PBL) § 12-8.
Det vart samstundes sendt brev med varsel om oppstart til berørte grunneigarar, organisasjonar og offentlege myndigheiter, med frist for innspel og merknader til oppstartvarselet.

I februar 2016 vart det gjennomført ein idèverkstad for prosjektet, med ei rekkje inviterte deltakarar frå administrativ og politisk leiing i både Ørsta og Volda, regionale faginstansar, representantar for næringsliv, samferdsel, beredskap og nokre særskilt berørte grunneigarar.

Gjennom planprosessen har dei berørte faginstansar og partar hatt anledning til å medverke ved fleire høve.
I tillegg til dei formelle høyringsperiodane ved varsel om oppstart, har ein i perioden med utarbeiding av planmaterialet hatt møter med berørte partar, og det har vore anledning til å kome med ytterlegare innspel til arbeidet.

Vert planframlegget no lagt ut til offentleg ettersyn vil alle berørte grunneigarar og øvrige partar, samt offentlege fagorgan bli tilskrivne. Kvar einskild har då på ny høve til å kome med skriftlege innspel til planarbeidet.

Så langt ein kan sjå er planprosessen gjennomført på ein god måte sett i høve til medverknad og høyring og i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12 - 8.

Organisering:
Planlegginga har vore organisert gjennom ei prosjektgruppe bestående av representantar frå Volda kommune og Statens vegvesen.
Tiltakshavar -Statens vegvesen-, har gjennomført det praktiske planarbeidet i nært samarbeid med kommunen.



Frå kommunenadministrasjonen er det hovudsakleg planseksjonen som har medverka i planarbeidet, men også barnerepresentant i plansaker og teknisk sektor har bidratt i prosessen.

Den interne samarbeidsgruppa i Statens vegvesen har vore støttefunksjon i planprosessen tilknytt fagområda - vegplanlegging-, geologi og geoteknikk -, trafikkteknikk og støy-, formgiving og estetikk-, eigedomsforhold og grunnerverv -, utbygging- drift og vedlikehald-. Fagansvarlege for gange og sykkel har også bidratt her.

Framdriftsplan:
Etter opprinneleg framdriftsplan var målsettinga at planframlegg skulle vere klart for utlegging til offentleg ettersyn i februar 2017, og ein godkjent plan i april 2018.

Endra føresetnader gjennom nye statlege plan-retningsliner og oppdaterte trafikktal har gitt utfordringar i planprosessen, som difor også har gitt utsettelse i tid.
Mellom anna har det måtta bli avklara om tunellen skal planleggast og eventuelt byggast med eit eller to løp. (alt. eit løp med paralell redningstunell).
Det måtte avklarast løyve til avvik i høve til gjeldande planleggingsreglar for etablering av rundkøyring på europaveg.
Kravet til 2-felt tunellløysing er basert på prognosar for trafikktal framskrive til 2041.

Dette er såleis no avklara. Vegen skal planleggast med 2 løp, men det vert teke sikte på bygging av eit løp no.
(Dette med unntak av at forskjeringa i sentrumsområdet vert sprengt ut fram til tunellpåhogg i fast fjell som del av slik førsdte utbyggingsfase.)

Desse avklaringane og endringane har gitt fylgjande ny framdriftsplan for det vidare reguleringsplanarbeidet:

Milepæl	**Når/frist**
Oversending til kommunen for høyring og utlegg til offentleg ettersyn	september 2017
Høyringsperiode	Oktober-november 2017
Medverknadsprosess/open kontordag	Oktober 2017
Godkjenning av reguleringsplan i kommunen seinast	**April 2018**

Så sjølv om planprosessen til no har drege ut grunna endra føresetnader, synest det likevel vere mogeleg å nå målsettinga om godkjenning av reguleringsplan innan april 2018.

Finansiering

E39 Volda-Furene ligg inne i Nasjonal transportplan (NTP) med 900 mill. kroner i siste halvdel av perioden 2018-2029.
I NTP er kostnaden basert på kommunedelplan (+-25 %) med eitt tunnelløp, der andelen statlege midlar er 600 mill. kroner.
I prioriteringa er det føresett at det vert tilslutning om delvis bompengefinansiert utbygging av prosjektet.
Kommunestyra i Volda og Ørsta har gjennom prinsippvedtak slutta seg til deltaking i slik bompengeløysing.
Det er etablert ei felles styringsgruppe og administyrativ arbeidsgruppe for å utforme grunnlag for ein endeleg bompengepake for Volda /Ørsta, der m.a. E39 Volda -Furene er det bærande element.

Som sagt har nye trafikktal medført behov for å regulere for to tunnelløp. Utbygging som vist i reguleringsplanen med to separate tunellløp vil ut frå dette ha ein samla kostnad på 1815 mill. kroner. Utrekna av St. Statens vegvesen med ei detaljering på +-10 %.

Basert på at ein berre vil bygge 1 tunellløp i eit eventuelt første byggetrinn, er kostnadadane for dette rekna til 1142 mill. kroner (Innanfor +-10 %).

Etter som kostnadane med klargjering av forskjering på Volda-sida er med i eit 1. byggesteg, og ein har lagt inn betydelege ressursar i valgde løysingar både i Furene-, ut frå omsyn til landskap, vilt og landbrusinteresserm.m, og i sentrum-, gjennom omfattande behov for omlegging i det lokale vegnett og anna infrastruktur og ei betre løysing for fotgjengarar og syklistar, finn ein ikkje kostnadsauken så dramatisk.

At heile forskjeringa og dei 300 første meterane på Volda -sida er med i slik 1. fase gjer også at heile eventuelt 2. byggesteg kan drivast frå Furenesida.

Realisering av prosjektet er vidare avhengig av prioritering i Nasjonal transportplan (NTP), samt at ordning med bompengefinansiering i Volda/og Ørsta kommune vert godkjent.
Det vert her jobba med ein felles «samferdselspakke» der bompengedelen av utbygging av E39 Volda-Furene inngår, saman med ulike andre vegrelaterte tiltak i dei to kommunane.
Dette vil ein kome attende til med eigen prosess/sak om seinare når reguleringsplanen er godkjent.

Om planinnhald, valde løysingar:

Sjølve tunelltraseen er det knytt lite konflikter til. Så langt det er klarlagt til no vil ikkje denne ha vesentlege konflikter med andre interesser, eller gje spesielle føringar for anna arealbruk på overflata.Eg viser såleis berre til vedlagt kart og beskriving for dette som ligg i plandokument og underliggande dokumentasjon.

Tunellane er dimensjonerte i samsvar med gjeldande vegnormalar med tilhøyrande tryggleiksforskrifter.





Jf. her omsynssone for tunellen vist i plankart og føresegner.

Når det gjeld løysinga i Furene har det vore fleire rundar der ein har vurdert ulike alternativ. Det har vore reist motsegn til planane her ut frå m.a. viltinteresser og landbruksomsyn. Motsegnene har også vore knytt opp mot vilkår om at ei løysing for vidareføring av Torvmyrvegen til Furene skal kunne sikrast som del av planløysinga.





Planløysing i FurenePåkopling til eksisterande rundkøyring som vert oppgradert.

Ved val av løysing her har ein oppnådd at motsegner knytt til viltinteresser og landbruk er trekt.
Vegen vert no liggande godt i terrenget.
 Tidleg tunellpåhogg og lang overdekt betongportal gir god landskapstilpassing, betre løysing i høve til støy, og betre arrondering av attverande landbruksareal.



I planprosessen er det også avklara at planløysinga gir mulegheit for gjennomføring av forlenging av Tormyrvegen fram til Furene. Slik muleg løysing er vist som illustrasjon til plan. Løysinga er også akseptert av Fylkesmann/Fylkeskommune.
Dette prosjektet er no ikkje ein del av reguleringsplan. Dette må fremjast som eigen plan av Volda/Ørsta kommune og skal vurderast gjennomført som del av samla bompengepakke.
Målsettinga er at reguleringsplan også for dette prosjektet skal vere på plass før byggestart på riksveg-anlegget.

I Volda sentrum er planen samla sett meir omfattande, sett i høve til anna infrastruktur og eit meir komplekst trafikkbilete.

Også her skal ein ut frå målsettinga for planarbeidet, m.a. legge til rette for:

- ein effektiv Europavegløysing som gir redusert reisetid på strekninga
- reduserer ulykkesrisikoen for alle trafikantgrupper
- sikre gode løysingar for gåande og syklande
- ivareta miljø og landskap i samspel med nærområda..(utdrag frå målsettingar i planarbeidet).

Dette er utfordrande når vegen går i gjennom eit sentrumsområde, der mykje av lokalt vegnett, lokal infrastruktur og tilgrensande bustader og anna utbyggingsareal vert sterkt påverka.

Nye trafikkteljingar i planprosessen, både for biltrafikk og for gåande /syklande viser høge trafikktal, men har og gitt auka forståing av ferdselssituasjonen i området, og eit betre grunnlag for val av løysingar.

Det kom ut frå dette tidleg til kjenne at løysingar vist i kommunedelplan burde vurderast på ny.
Særleg er det store innslag av gåande og syklande i området, mellom bustadområde og skular, mot butikkområde og mot idrettsområdet utfordrande.
Med dei høge trafikktala for bil både på E39 og på Vikebygdvegen, er det eit klart klart forskriftskrav at løysingar for fotgjengarar her må gjennomførast ved planfrie kryssingar.
I kommunedelplanen var dette skissemessig vist ved lange undergangar aust-vest under E39 og nord -sør under Vikebygdvegen. Dette ville ha gitt lange og truleg svært avvisande gangløysingar, der risiko for vill-kryssing ville bli stor.

I endeleg planforslag er det no i staden lagt til rette for ei planfri kryssløysing der E39 og kryss med Vikebygdvegen er seinka ned og det vert lagt til rette for fotgjengarar og syklistar på eit nivå over, -om lag i høgd med eksisterande terreng.



Vist løysing gir gode tilhøve både for biltrafikken og for dei mjuke trafikantane i området og vert tilrådd.

I fylgje St. Vegvesen gir løysinga heller ikkje vesentleg kostnadsauke sett i høve til dei i kommunedeplanen viste løysingar med lange fotgjengarundergangar.
Ved senking av krysset har ein også gitt grunnlag for å nå fjellpåhogg tidlegare enn før antatt, noko som gir redusert kostnad for portalane og reduserte inngrep i eksisterande bustadeigedomar og tilgrensande areal.



Tidlegare fjellpåhogg og kortare betongportal gir mindre inngrep i området

Lokalvegløysingar:
Gjennom plan skal ein vesentleg del av lokalvegnettet i området tilpassast ny riksvegløysing. Slike løysingar må gje gode og trygge tilhøve både i ein gjennomføringsfase for tunellanlegget og som permanente trafikkløysingane i områda som vert berørt.



I hovudsak vert lokalvegomlegginga slik:
Vikebygdvegen vert seinka i krysset med E39 og stig oppatt mot Heltnevegen der det vert etablert ny rundkøyring for Heltnevegen og ny samleveg mot sør, som vil bli hovudtilkomst for alle areala på sørsida av vegen her. (BKB1 og BKB3).

Det vert også etablert ny tilkomst til forretningsområdet BKB3 frå denne samlevegen.
Denne vegen vert også planlagt nytta som omkøyringsveg i samband med bygging av tunell.
Jf. skisse mellombels omkøyringsveg nedanfor.



Heltnevegen vert justert stigningsmessig frå planlagt rundkøyring . Vidare vert det i plan lagt til rette for fortau også på austsida av Heltnevegen opp til Bakkevegen. Her er det også lagt til grunn naudsynte støytiltak.

Sjukehusvegen vert etter planen stengd og mister sin funksjon som samleveg.
Kårstadvegen vert difor ført vidare austover langs Kløvertunvegenog ført ned forbi Kløvertunbygga til nytt kryss med Heltnevegen. I samband med dette krysset vert det også etablert høgresvingefelt i Heltnevegenveg.



Ny rundkøyring ved Heltnevegen x Vikebygdvegen



Høgresvingefelt ved nytt kryss mot Kårstadvegen

Gata Nytun vert gitt oppgradering med utviding mot sør, og lengd vestover til høgskuleområdet. Dette gir då mulegheit for etablering av varetilkomst til denne del av Høgskuleområdet og mot planlagt mediebygg/kulturhus, noko som har vore etterspurt i planprosessen.
Vidare er vegen i plan ført mot aust og inn på ny samleveg.

Sjukehusvegen vert stengd mot Kårstadvegen, og det vert etablert ny gangveggjennomgåande frå Kårstadvegen til fylkesvegen sør for høgskulen

I planprosessen har det også vore drøfta om eksisterande påkopling for Myravegen kunne oppretthaldast. Dette er no avklara og i planframlegget er dette vist oppretthalde omlag som i dag.
Tilkomst til sjukehusområdet er vist ivareteke som regulert intern veg som i dag.

Utbygging av tiltaka etter plan bør gjerast samla, særskilt sidan lokalvegnettet vert betydeleg endra.
I Volda sentrum må dei planlagde nye lokalvegane, inkludert løysingar for gåande og syklande, etablerast før ein kan starte bygging av tunnell og senking av rundkøyringa.
Forlenging av Kårstadvegen til Heltnevegen, ny rundkøyring mellom Heltnevegen og Vikebygdvegen og vegarm frå denne rundkøyringa med omkøyringsveg til Elvegata, må vere etablert før ein kan starte utgraving og senking av dagens rundkøyring i Sjukehuskrysset.

Arbeidet på Volda-sida kan gå samstundes med at arbeidet vert oppstarta i Furene.

Det meste av tunnelen vil måtte drivast frå Furene-sida mot Volda. I Volda vil ein av omsyn til konstruksjon, byggeteknikk og fare for rystingar, legge opp til å bygge doble tunnelløp om lag 380 meter inn i fjell i det første byggetrinnet m.a av hensyn til Volda sjukehus. (ligg

inne i kostnadsoverslaget). All vidare bygging i eit 2. byggesteg vil då seinare kunne gjennomførast frå Furene-sida.

Konsekvensar for annan arealbruk og bygningar:
I Furene skal tilgrensande areal omkring ferdig veg i hovudsak tilbakeførast til Landbruksformål.
Ein stor del av areala ved tunellpåhogget og kryss med eksisterande veg, vil ha mellombels bruk som anleggs og riggområde.
Omsynsoner knytt til innflygingssone mot flyplassen er lagt inn med tilhøyrande føresegner.
Vidare er Viltkorridoren teke omsyn til med eigen omsynssone med tilhøyrande føresegner.

I Volda sentrum rører endringane i vegsystemet ved fleire areal.
Det i dag u-bebygde område aust for Sjukehusvegen (del av 19/1) er i plan lagt ut til mellombels rigg og deponiområde for bruk i anlegsperioden.

Etterfylgjande bruksformål er vist som Offentleg og Privat tenesteyting (BOP), og med fylgjande føresegner.

3.2 Offentleg eller privat tenesteyting, BOP

Område BOP1og BOP2 er avsett til formål offentleg og privat tenesteyting for å sikre utvidingsareal for Høgskulen og kommunen sine behov for ulike utbyggingsformål. Herunder også omsorgs-/ og sosialbustadar m.v.
Innanfor desse områda vert det ikkje tillate med ordinære bustadar utan i kombinasjon med slike formål.
Innanfor området kan det også etablerast bygg for forretning/næring samlokalisert/integrert som del av bygg til offentleg/privat tenesteyting.
Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for områda før utbygging.
Områda kan ikkje byggast ut før etter at ny E39 er bygd ut.

Areala vest for Ny veg vert som i dag regulert til Offentleg og Privat tenesteyting (BOP), og med sikte på sikring av areala for Høgskulen og Kommunen sine bygg i området (Åsen-bygget). Restarealet av tunområdet på gnr 19 bnr 29, (som ikkje går med til veg/gangveg) vert etter plan inkludert i dette området.

Områda ved Kløvertun og ved tidlegare Sunnmørsheimen vert vidareført til Offentleg og Privat tenesteyting (BOP) som i dag, med sikte på å sikre framtidig utviklingsareal for Sjukehuset-, høgskulen og ev andre offentlege behov.
Føresegner:
Områda BOP3 og BOP4 er avsett til formål offentleg og privat tenesteyting for å sikre sjukehuset sitt behov for vidare utbygging.
Innanfor disse områda vert det ikkje tillate med ordinære bustadar utan i kombinasjon med slike formål.
Innanfor området kan det også etablerast bygg for forretning/næring samlokalisert/integrert som del av bygg til off./privat tenesteyting.
Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan for områda før utbygging.

Bustadområda nord for Vikebygdvegen, B1, B2, B3 og B4 vert vidasreført som i dag. Ved større endring/utbygging på områda B1, B3 og B4 vert det stilt krav om ny reguleringsplan.

Dagens foretningsområde sør for Vikebygdvegen (Kiwi) vert søkt vidareført til foretningsformål i kombinasjon med kontor og bustad.

Området er i dag oppdelt i forretningstomta, eit eldre gardstun og fleire bustader. Etter innspel i planprosessen og ut frå endra føresetnader i vegsystem for området har ein funne det rett å legge ut heile området til kombinert formål Foretning, kontor ,bustad.
Eit sentrumsnært og attraktivt område med kort avstand til viktige funksjonar . Det vert såleis lagt til rette for relativ høg utnytting på området.

jf føresegnene:
Område BKB3 kan nyttast til forretning/kontor/bustad kvar for seg eller som felles utbygging.
Det skal utarbeidast samla detaljreguleringsplan for området før utbygging.
Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 50 %. Bygningar på området kan ha byggehøgd på inntil 3 etg.

Området mellom Jakobsen Kjøttvare og Myravegen vert i plan også lagt ut til samla byggeområde Bustad/Kontor med krav om detaljregulering før utbygging.
Det er gitt fylgjande føresegner:

3.4 Bustad/kontor, BKB

Område BKB4 kan nyttast til bustad/kontor kvar for seg eller som felles utbygging.
Det skal utarbeidast samla detaljreguleringsplan for området før utbygging.
Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 40%.
Bygningar på området kan ha byggehøgd på inntil 2 etg.
Delar av område BKB4 er omfatta av aktsemdssone for flaum, jf. figur 31 i kapittel 4.
Aktsemdssona er for grovt avgrensa til å vise i områdeplanen. Reell flaumfare må avklarast ved detaljregulering for området.

På området er det eit eldre tun som ein opprinneleg hadde ynskje om å ta vare på som eit kulturminne.
Bustadhuset står heilt inn i planlagt veg og må uansett rivast eller flyttast. Vidare gjer andre inngrep i området med vegar, gangvegløysing og mellombels veg, at inngrepa i området vert store.
I planprosessen har ein såleis førebels konkludert med at det er komplisert og svært omfattande å skulle flytte om på alle husa her for å ivareta dette som kulturminne.
Det vert i staden lagt til rette for utvikling av området gjennom ny detaljregulering til eit nytt bustad og kontorareal.

Areala langs Øyraelva vert lagt ut som friområde/Grøntstruktur i samsvar med kommunedelplan.

Områda sør for ny planlagt tilkomstveg, BKB1 og BKB2 er i samsvar med kommunedelplan lagt ut til Kombinert bygge- og anleggsformål, BKB, med fylgjande føresegner:
Innanfor området kan det etablerast forretning, offentleg og privat tenesteyting, næringsbygg (kontor).
Det er ikkje ynskeleg med etablering av bustadar her, med unntak av bustadar for å dekke kommunen sitt behov for omsorg- og sosialbustadar, og eventuelle erstatningsbygg for bustader som må rivast som fylgje av framføring av veg i/til området.
Områda ligg utanfor sentrumsområde i Volda og forskrifta om forbod mot detaljhandel gjeld.
Områda skal regulerast i fellesskap, m.a for å sikre eigna trafikkløysing for området basert på ny planlagt tilkomst.
Området kan ha ein utnyttingsgrad på BYA 30 %. Bygningar på området kan ha byggehøgd på inntil 3 etg.

Det vert ikkje tillate utbygging før ny tilkomst er etablert.
Gjennom reguleringsplan for området bør det vurderast å avsette ei byggegrense på minimum 10 meter mot grøntstrukturen sør for byggeområdet. Denne sona kan nyttast til uteopphaldsareal for ny bebyggelse. Dersom areal for parkering vert etablert i denne sona, bør areala utformast med vegetasjon og ta omsyn til grøntstrukturen som grenser til området.

Bustadhus som må rivast ved gjennomføring av plan:

Ei rekkje eigedomar blir berørt av tiltaket i større eller mindre grad. Bustadhus som må løysast inn er vist i kartskisse nedanfor.
Vidare vil etablering av vegar og gang- og sykkelvegar, samt støyskjerming medføre behov for å erverve grunn frå både offentlege og private eigedomar.
Sju bustadhus må løysast inn ved realisering av alle tiltak etter plan.
Dette gjeld bustad og låven på gbnr. 19/29, dei tre bustadhus på gbnr. 19/45 som Studentsamskinaden eig, vidare gbnr. 19/49 ("Doktorbustaden"), bustadhusa på 20/14 og 20/53.
Bakgrunn for desse vurderingane er at bustadhusa kjem i konflikt med framlagde løysingar for køyrevegar/kryss og planlagde gang- og sykkelvegar i planområdet.

Det vil bli gjort nærare vurderingar av korvidt ein kan behalde tunet på sørvest-sida av Sjukehuskrysset, gbnr. 19/34. Bygningane er SEFRAK-registrerte, og det har vore drøfta om det er mogleg å flytte bustadhuset lengre vekk frå vegen for å bevare tunet.
Omlegging av E39 i anleggsperioden vil kome nettopp i dette området, og det er også av den grunn usikkert om ein klarer å bevare gardstunet.



Figur 58 - Bustader og bygningar som må løysast inn er markert med raudt kryss

Avkøyrsler og andre nabotilhøve

Av omsyn til trafikktrygging, er det planlagt ei omlegging av tilkomst til eigedomane langs fv. 45 Vikebygdvegen mellom Sjukehuskrysset og avkøyringa til Heltnevegen. Eksisterande eigedomar og framtidige etableringar i byggeområdet sør-aust for Sjukehuskrysset vil få tilkomst frå ny samleveg planlagt som ei arm sør/sør-vest frå ny rundkøyring ved avkøyring til Heltnevegen frå Vikebygdvegen.

Omklassifisering av vegar

Som følgje av at E39 blir lagt i tunnel, får eksisterande europaveg ein ny funksjon og må endre status. Statens vegvesen har rådd til fylgjande omklassifisering som fylgje av dette:

"Så lenge kryssing av Nordfjorden ikkje er realisert, vil riksveg 651 behalde sin status som riksveg. Det er difor nødvendig at riksvegen knytast til E39 på eit nytt punkt som følgje av ny veg. Med omsyn til køyretida og krav om at riksvegar i hovudsak skal leggjast utanfor sentrumsområder, rår vegvesenet til at strekninga frå Volda ferjekai til rundkøyring i Furene framleis skal vere riksveg, som ei forlenging av riksveg 651.

Vegen frå Volda ferjekai til rundkøyring i Sjukehuskrysset i Volda får ein ny funksjon. Vegen vil knyte E39 og riksveg 651 saman, og vil samstundes vere ein bindeveg som knyter Volda

sentrum saman og til overordna veg. Vegen vert foreslått omklassifisert til fylkeskommunal veg som ei forlenging av fylkesveg 45.

Spørsmålet om omklassifisering skal ikkje avgjerast gjennom reguleringsplanvedtaket, men i eit eige vedtak. Vegvesenet ynskjer synspunkt på forslaget i samband med høyring av denne planen."

Deponiområde i Volda:
I Volda vil det planlagte deponiområdet på Øvre Rotset kunne ta imot nødvendig mengde massar for mellombels lagring. Det gjeld både jordmassar og sprengingsmassar. Området kan bli noko eksponert mot vatnet, og det er viktig at ein let ein dempande vegetasjonsbuffer bli ståande att mot aust. Området er regulert og tenkt utbygd, og ein ser for seg at også 'gråmassen' kan nyttast i den samanheng. Det vil seie at behovet for permanent lagring er minimalt. Det kan vere aktuelt å anlegge sedimenteringsbasseng for å hindre avrenning til Rotevatnet.
Det kan og vere aktuelt å nytte eit området sørvest for tunnelmunninga, på andre sida av Austefjordvegen. Her vil det vere behov for skjerming av massedeponiet. Dette er eit meir eksponert område, og krev at det blir teke større estetiske omsyn ved etablering av deponi. Gravplassen ligg i nærområdet, og dette skal ein ta omsyn til både ved utføring av deponeringsarbeidet og ved estetisk utforming. Etter bruk og ved avslutting av det mellombelse deponiet skal området tilbakeførast til opprinneleg situasjon.

Felles for alle områda er at terrenget skal jamnast til og tilbakeførast til opprinneleg situasjon ved deponiets avslutning. Der det er mogleg skal vekstjord med frøbank leggast til side før etablering av massedeponiet og sidan leggast tilbake med hensikt å få etablert ein stadeigen vegetasjon i etterkant. For permanente deponi skal terrenget formast og revegeterast på ein slik måte at deponimassane ikkje ligg som skjemmande sår i landskapet.





aktuelle områder for mellombels massedeponi på Rotset

Vurdering og konklusjon:
Det har vore ein lang og omfattande planprosess for prosjektet, gjennom kommunedelplan og no utforming av reguleringsplan.
Endringar i overordna føringar og tekniske krav har gitt lengd planperiode og mange nye utfordringar å ta omsyn til.
Prosessen har blitt gjennomført på ein god måte av St.Vegvesen, der alle faginstansar og partar har blitt involvert , og der deira innspel er grundig vurdert og søkt teke omsyn til.
Med grunnlag i denne gode prosessen har det blitt endringar i høve til overordna kommunedelplan som har gitt betre løysingar, og der ein no kan fremje ein plan utan varsla motsegner.

Også der bustadhus no må rivast i høve gjennomføring av plan, synest det i hovudsak å vere etablert god kommunikasjon med røyrde partar og forståing for dei val som her er gjort.
For kommunen vil gjennomføring av tiltak etter plan ha mange positive effektar.
Omlegging av E39 vil i seg sjølv gje ein heilt ny situasjon i området og ei avlasting av Volda sentrum for gjennomgangstrafikk.
Vidare vil ein gjennom prosjektet kunne få ein betydeleg oppgradering av gangvegsystemet i heile området og ei stor oppgradering og tilrettelegging av lokalvegnettet.
Gjennom tiltenkt arealbruk på dei tilgrensande areala i området vil vi også legge til rette for ei vidasre utvikling tilknytt Høgskuleområdet og Sjukehusområdet. Det vert lagt til rette for vidare utbygging for foretningsareal, offentleg -privat servicefuksjonar og bustadutvikling i dette sentrale området.
Omsyna til natur og friluftsområda langs Øyraelva og Idrettsområdet er i plan teke godt omsyn til.
Også bruk av område på Rotset til massedeponi kan vere positivt for kommunen, der ein gjennom slik bruk kan få tilrettelagt viktig næringsområde for etterbruk når massene vert fjerna.
Den mest utfordrande for situasjonen både i sentrum og i Furene vil vere anleggsperioden. Her vil det vere særs viktig å få etablert gode rutinar knytt til å ivareta både omsynet til vilt (Furene) og lokaltrafikk og gang/sykkeltrafikk i sentrumsområdet.
Dette er tilhøve som må visast særleg omsyn i byggeplanleginga. Jf . nedfelte føresetnader i reguleringsføresegner.

Eg finn at planframlegget bør kunne fremjast og leggast ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.

Offentleg ettersyn vert kunngjort i pressa og på kommunen og statens vegvesen sine heimesider.
Planframlegget vert då lagt ut til høyring i min 6 veker. I høyringsperioden er vil aktuelle plandokument vere tilgjengeleg på heimesida til Volda kommune og på prosjektsidene til Statens vegvesen.
I tillegg vert plandokumenta lagt til gjengelege på rådhuset i Volda og i Statens vegvesen sine lokale i Olsvika i Ålesund. Det vil bli oppnemnt kontaktperson hjå kommunen og hjå Statens vegvesen.
Det vert i høyringsperioden lagt opp til å halde eit ope møte der det vert orientert nærare om planen.
Aktuelle lokale og regionale organ får plandokumenta tilsendt for høyring.
Berørte grunneigarar og naboar til planområdet blir også spesielt tilskrivne og varsla, og vert invitert til planlagt orienteringsmøte.

I høyringsperioden vil det også bli gjennomført ein open kontordag på rådhuset i Volda der ein vil få høve til drøfte aktuelle spørsmål knytt til planlegginga.
I høyringsperioden vil aktuelle dokument også vere tilgjengeleg på heimesida til Volda kommune og på prosjektsidene til Statens vegvesen.
Det vil bli lagt opp til eit ope møte i høyringsperioden der det vert høve til å få orientering om planane for tiltaket. Berørte grunneigarar og naboar til planområdet vil bli spesielt invitert.
Tilsvarande vil det i høyringsperioden bli gjennomført ein open kontordag på rådhuset i Volda der ein vil kunne ha høve til drøfte aktuelle tema knytt til planlegginga med St.Vegvesen og kommunen.

Økonomiske konsekvensar:
Dei økonomiske konsekvensane av tiltaket er i hovudsak gjennomgått i plandokumentet.
Samla kostnad for eit første byggesteg vil vere. 1142 mill kr.
Basert på ei førebels kalkyle i kommunedelplan på 900 mill kr., vart det i NTP for perioden 2019 - 28 sett av 600mill kr. i statlege midlar. Dette under føresetnad av at resten 300 mill kr vart finansiert ved bompengar.
Kommunestyra i Volda og Ørsta har gjort prinsippvedtak om slik bompengefinansiering.
Det er vidare i samråd med St. Vegvesen teke initiativ til utvikling av ein bompengepakke for Volda/Ørsta.
Det er etablert ei felles styringsgruppe og administyrativ arbeidsgruppe for å utforme grunnlag for ein endeleg bompengepake for Volda /Ørsta, der m.a. E39 Volda -Furene er det bærande element.
Dette arbeidet går paralelt med planprosessen. For å sikre statleg andel i finansieringa må også bompengesøknad vere innsendt og godkjent.
Dette kjem opp som eiga sak seinare.
Så langt er det klart at auka kostnader for prosjektet truleg vil gje behov for både auka statleg finansiering og auka bompengeandel.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Gjennom planløysinga vil ein oppnå eit betre hovudvegsystem og betre løysingar for lokaltrafikk, og gåande/syklande noko som vil vere positivt.
Fylkesmannen sitt skjema for ROS-vurdering er nytta og ligg ved plandokumentet.
Ras og flaum avklaring er gjennomført som del av planprosessen og teke omsyn til i tilhøyrande omsynssoner.
Det er gjennomført naudsynte vurderingar knytt til støy og luftkvalitet i området- Støyutredning for E39 Volda-Furene, Rambøll AS, mars 2017 og vurdering av lokal luftkvalitet, Rambøll AS, mars 2017.

Omsyn til avrenning frå veg og tunell både i anleggsfase og i høve til drift vert særleg teke omsyn til som del av plan/byggeplan.

Tunnellen er definert som eit eige brannobjekt og må ha si eiga tryggleiksklarering. Dette vil bli gjennomført i samband med bygginga. Alle forhold knytt til brann i tunnel vil då bli tatt i vare. I tillegg til tryggleiksutrustinga i tunnelen vil også tilgjengelege utrykkingsressursar verke inn på konsekvensar av tunnelbrann. I Volda er det tilgjengelege brannvernressursar om lag 600 meter frå tunnelportalen. Tilsvarande frå Ørsta-sida vil vere om lag 5,5 km til portal i Furene. Eventuell omkøyring går via dagens E39. Ambulansar lokalisert ved Volda sjukehus, sentralt i høve tunnelen. Konsekvensane av ein tunnelbrann kan vere svært store, avhengig av situasjon. Lengda på tunnelen forsterkar dette. Endeleg vurdering av om eksisterande utrykkingskapasitet er tilstrekkjeleg, må skje i samband med tryggleiksklareringa.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Går som melding til Statens Vegvesen og planseksjonen -sektor Utvikling . med sikte på utlegging til offentleg ettersyn

Statens vegvesen, Region midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår ref.
12/03750-14

Vår dato:
13.11.2017

Deres ref.
16/28947-68

Deres dato:
06.10.2017

Vår saksbehandler:
Einar K Merli - 976 51 687

Volda kommune - E39 Volda-Furene - Varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen - Uttalelse fra Avinor

Vi viser til Deres brev av 06.10.2017 vedrørende varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan for E39 Volda-Furene, i Volda kommune.

Vi registrerer at vegvesenet for Furene har valgt å gå bort fra løsningen i kommunedelplanen og i stedet senket og forlenget tunnelen. Den nye løsningen gir mulighet for en fremtidig forlengelse av Torvmyrvegen i kulvert nær rundkjøringen og i kulvert under vilttrekket.

Høyderestriksjonene rundt Ørsta-Volda lufthamn er innarbeidet som hensynssone H190 og beskrevet i § 8.2 i tilhørende reguleringsbestemmelser etter ønske fra Avinor.
Bestemmelsen ivaretar hinderflatene (innflygingsflate og sideflate), lysbruk, bruk av kraner og anleggsmaskiner i anleggsperioden samt eventuelt krav om påmontering av hinderlys på lysmaster.

Avinor har ingen ytterligere merknader til planen i forbindelse med offentlig ettersyn.

Med vennlig hilsen
Avinor AS

Einar K Merli
Arealplanlegger
Masterplaner og arealdisponering

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Volda kommune

Postboks 150 NO-2061 Gardermoen
Tlf: +47 815 30 550 / Fax: +47 64 81 20 01
post@avinor.no / avinor.no
NO 985 198 292 MVA

HELSE MØRE OG ROMSDAL

Klinikk for drift og eiendom

Statens vegvesen Region Midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Vår ref.: 2017/3954 -5- 40810/2017 MAN Dykkar ref.: 16/28947-68 Dato: 22.11.2017

Uttale til reguleringsplan for E39 Volda - Furene

Viser til varsel om offentleg ettersyn datert 06.10.17.

Helse Møre og Romsdal HF er særleg oppteke av planforslaget når det gjeld utforming av rundkøyring og haldeplass ved Volda sjukehus. Planlagt løysing kan etter vårt syn bli lite hensiktsmessig for busstrafikken til og frå sjukehuset. Vidare trur vi at løysinga også kan vere til hinder for annan trafikk som har behov for nærleik til hovudinngangen.

Helseføretaket ber derfor om at det blir vurdert alternativ løysning for rundkøyring og haldeplass. Konkret føreslår vi at rundkøyring/snuplass for buss blir flytta litt lengre aust enn det som no går fram av planforslaget.

Helse Møre og Romsdal HF ser fram til vidare samarbeid for ei god løysing og deltek gjerne i det vidare arbeidet.

Vennleg helsing

Mona Aagaard-Nilsen
klinikksjef drift og eigedom

Kopi:
Seksjon for teknologi og utvikling Volda
v/Magnulf Gjersdal

Telefon: Molde/Kristiansund: 71 12 00 00 **Postadr.:** 6026 Ålesund
Ålesund: 70 10 50 00 **Internett:** www.helse-mr.no **Org.nr.:** 997005562
Volda: 70 05 82 00 **E-post :** postmottak@helse-mr.no

HØGSKULEN I VOLDA
Leiinga

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Statens vegvesen Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	17/01040-3	Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen, karen.jacobsen@hivolda.no	23.11.2017

Merknad til reguleringsplan E39 Volda - Furene - Volda kommune

Viser til mottatt varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan i sak Reguleringsplan E39 Volda – Furene – Volda kommune den 6. oktober.

Høgskulen i Volda vil takke for god informasjon frå Statens vegvesen og Volda kommune i samband framlegging av reguleringsplanen. Høgskulen er positive til Voldatunnelen og dei overordna løysingane som er foreslått i reguleringsplanen.

For høgskulen er det viktig at studentar og tilsette har ein trygg og god tilkomst til campusområdet. Høgskulen er positive til at dei mjuke trafikantane er godt ivaretatt ved at ein har valt å senke køyrebanen og lage ei «stjernebru» i plan for gåande og syklistar. Dette bind studentboligane på Heltne og Myrane fint saman med campusområdet.

Høgskulen er bekymra for at tilkomsten til Studentsamskipnaden ikkje er betre ivaretatt i reguleringsplanen. Særleg risikofylt er det for rørslehemma studentar å måtte krysse Elvegata for å kome frå campus til Studentsamskipnaden. I reguleringsplanen stoppar gang- og sykkelvegen ved busshaldeplassen på motsett side av campus. Denne bør førast heilt fram til reguleringsplanens grense slik at ein kan kome til Studentsamskipnaden utan å krysse Elvegata.

Ein er også bekymra for at det ikkje er innarbeida eit fotgjengarfelt over Elvegata. Mest truleg vil mange ta kortaste vegen mellom campus og busstoppet på sørsida av Elvegata, i staden for å gå opp til «stjernebrua» for å kome over vegen. Dette kan gje mange farlege situasjonar. Eit fotgjengarfelt over Elvegata vil betre både tilkomsten til busstoppet og Studentsamskipnaden.

Høgskulen er uroa over at det ikkje er planlagd ein løysing der ekspressbussar som køyrer E39 kan setje av/ta på passasjerar utan å køyre nedom Volda rutebilstasjon. Sjølv om det er sagt at mykje trafikk fortsatt skal gå via dagens E39, bør ein ta høgde for at dette kan bli endra i framtida. Ein bør vurdere eit kollektivstopp på E39-traseen mellom Rotsethorntunnelen og Voldatunnelen, slik at ein legg til rette for effektiv pendling til både høgskulen og sjukehus frå regionen. Dersom dette er vanskeleg å få til grunna den senka vegbanen i rundkjøringa bør ein vurdere ei løysing der bussen kan køyre av E39,

setje av/ta på passasjerar like ved sjukehuskrysset og returnere til E39 på ein effektiv måte, til dømes via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdegen.

Høgskulen er nøgd med at reguleringsplanen inneheld ein ny tilkomst til campus via Nytun. Denne tilkomsten er nødvendig for å kunne oppretthalde varetransporten til baksida av Berte Kanutte når det nye mediebygget kjem på tomta mellom Berte Kanutte og Strømhuset.

Høgskulen noterer seg at det også er markert moglegheit for tilkomst til Ivar Aasen-huset via Nytun. Det er planlagd ein Kunnskapspark i Ivar Aasen-huset når høgskulen flyttar til det nye mediebygget. Det er viktig at tilkomsten til Kunnskapsparken er enkel, då målet er at Kunnskapsparken skal bli ein møteplass der det kjem tilreisande frå heile regionen. Ein bør derfor også lage ein tilkomst til Ivar Aasen-huset via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata. Høgskulen reknar med at dette er noko ein vil ta med når ein startar detaljplanlegginga.

Til slutt er høgskulen nøgd med at ein har gjort ein grundig berekning av støyforhold, og at ein vil vurdere tiltak for sikre tilhøva for undervisninga i høgskulebygga nærast sjukehuskrysset.

Høgskulen takkar for invitasjonen til å kome med merknadar til reguleringsplanen, og ser fram til ein god dialog i den vidare planlegginga og gjennomføringa.

Med helsing
Karen Lomeland Jacobsen
Høgskuledirektør

Dokumentet er elektronisk signert.

Kopi til: Drift v/Leif Roar Strand, Drift v/Margrete Apelseth, Leiinga v/Johann Roppen, Leiinga v/Jens Standal Groven

Kirsti Halkjelsvik

Myravegen 6

6103 Volda

Volda den 18. november 2017

Statens vegvesen

Region Midt

Postboks 2525

6404 Molde

Reguleringsplan E39 Volda-Furene til offentleg ettersyn. Merknad for gbnr 19/205 i Volda.

Etter fullmakt på vegne av Kirsti Halkjelsvik bebuar i Myravegen 6, 6103 Volda, gbnr 19/205 har vi merknader til reguleringsplanen. Det er i planperioden gjennomført 3 møter mellom representantar for eigedomen, Volda Kommune og Statens vegvesen. Sjå referat frå møte 20.10.2017 der reguleringsframlegget vart presentert med vekt på bruk og støybelastning av arealet BKB4.

Etter første møte er gangvegsløysinga utvikla og endra til stjerneform. Dette påverkar begge eigedomane på område BKB4. Tilkomsten til gbnr 19/34 er flytta i planforslaget og markert med avkøyrsle gjennom hagen på sørside av bustaden i Myravegen 6. Dette vil forringe bruken av eigedomen ved at det blir gjort inngrep på den siste skjerma delen på eigdomen. Tilkomst i eigedomsgrense syd er heller ikkje noko reelt alternativ på grunn av stigning/høgdeforhold, siktlinjer ved bru og omfattande infrastruktur i form av jordkabel til høgspent. I siste møte vart tilkomsten til gbnr 19/34 teke opp på nytt. Å plassere denne tilkomsten nord for Myravegen vert å sjå på som ei mindre endring som kan innarbeidast, ved at gangvegen SGS4 har blanda formål dei første metrane frå kommunal veg. Dette vil kunne avgrense tillaten trafikkbelastning på avkøyrsle til gbnr 19/34 utan at dette er i konflikt med reguleringsformålet for heile BKB4. Dette vert å løyse i byggeperioen. Eigar av gbnr 19/205 føreset at avkøyrsle til 19/34 blir flytta til nordsida av Myravegen 6 og til gangvegen. Anna løysing vil forringe bruk og verdi av eigedommen.

Myravegen 6 vil få auka støybelastning på grunna av trafikkauke sjølv om E39 vert senka forbi eigdeomen. Prognosane viser at eigedom vil ligge i gul sone på støysonekart og vi

føreset at tiltak blir gjor ved første utbygging. Eigedomen vil bli sterkt påverka av støy og ureining i byggefasen med ein omkøyringsveg svært nær grense. Tiltak må også gjerast i byggefase, sjå referat frå møte 20.10.207

Med Helsing

Are Halkjelsvik

Ola Halkjelsvk

Fra: Firmapost
Sendt: 27. oktober 2017 11:05
Til: Firmapost-Midt
Emne: VS: 15/00660-26 - E39 Volda - Furene - Volda kommune: Varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen

---

Fra: Norleif Nordal [mailto:Norleif.Nordal@Morenett.no]
Sendt: 27. oktober 2017 10:53
Til: Firmapost <Firmapost@vegvesen.no>
Emne: 15/00660-26 - E39 Volda - Furene - Volda kommune: Varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen

Mørenett AS har ein del høg- og lavspentkablar på Volda-sida innan for reguleringsområdet og desse må leggast om før opparbeiding av ny større rundkøyring, noko som allereie er nemnd i tilsende planforslaget.

Til orientering vil vi nemne at Mørenett AS har planar om større omlegging av hovudnettet vårt i regionen om ein del år, der vi går vekk frå 66 KV nett og over på 132 kV nett. I den samanheng har vi sett på ei løysing for å sikre ringmating til Volda sentrum ved å legge kraftig kablar frå Ryste transformatorstasjon til Furene og vidare gjennom den nye tunnelen til Volda. Eit alternativ er å legge 3-4 stk 22 kV kablar på strekninga. Eit anna alternativ er å legge eit sett med 132 kV kablar på same strekninga. Uansett alternativ må vi ha skrifteleg løyve frå Statens vegvesen til å legge desse gjennom den framtidige tunnelen.

Vennleg helsing

Mørenett

Norleif Nordal
Prosjektingeniør
Mørenett AS

+47 913 49 904
norleif.nordal@morenett.no

Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon.
Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.

Fra: Sentralbord Fellespost
Sendt: 6. oktober 2017 11:40
Til: Kristina Ytrestøyl Hovdenakk
Emne: VS: Dokument 16/28947-68 E39 Volda - Furene - Volda kommune: Varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen

Fra: noreply.saksbehandling@vegvesen.no [mailto:noreply.saksbehandling@vegvesen.no]
Sendt: 6. oktober 2017 10:41
Til: Sentralbord Fellespost <sentralbord@tussa.no>
Emne: Dokument 16/28947-68 E39 Volda - Furene - Volda kommune: Varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen

Til Tussa Nett AS

Vedlagt oversendes dokument **16/28947-68 E39 Volda - Furene - Volda kommune: Varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan** i sak **Reguleringsplan E39 Volda - Furene - Volda kommune** fra **Statens vegvesen**. Se vedlegget for innholdet i utsendelsen.

Eventuelle henvendelser vedrørende behandlingen kan rettes til firmapost@vegvesen.no eller i vårt kontaktskjema.

Dette er en systemgenerert e-post, og skal ikke besvares.

Til Tussa Nett AS

Vedlagt sender vi dokument **16/28947-68 E39 Volda - Furene - Volda kommune: Varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan** i sak **Reguleringsplan E39 Volda - Furene - Volda kommune** frå **Statens vegvesen**. Sjå vedlegget for innhaldet i utsendinga.

Eventuelle førespurnader som gjeld behandlinga kan rettast til firmapost@vegvesen.no eller i kontaktskjemaet vårt.

Dette er ein systemgenerert e-post du ikkje kan svare på.

Attn. Tussa Nett AS

Enclosed you will find the document **16/28947-68 E39 Volda - Furene - Volda kommune: Varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan** from the Norwegian Public Roads Administration.

If you have queries regarding this case, please contact firmapost@vegvesen.no.

This is an automatically generated email – please do not reply.

Sjåførgruppa i Nettbuss stiller seg kritisk til løysinga som er planlagt for kollektivtrafikk i området ved Volda Sykehus. I planens punkt 5.1.1 står det: Rundkjøringa ved sykehuset blir utvida slik at busser, taxi og liknende kan bruke denne for å sette av passasjerer ved sykehusinngangen og returnere same vegen.

Slik vi ser det er rundkjøringa på plankartet ikke vesentlig endra i forhold til slik den er i dag. Vi er kritisk til om sikkerheten for våre passasjerer, pasienter, ansatte på sy.kehuset og andre som ferdes i området rundt hovedinngangen, blir godt nok ivaretatt slik planløysinga er tenkt.

Vi begrunner dette i noen punkt:

1: Er det ønskelig å ha tunge kjøretøy heit inntil hovedinngangen på et sykehus? Det er snakk om busser på opptil 15 meter lengde med stor svingradius, lange overheng og store blindsoner på alle sider. Pga. at vi skal returnere ned Kløvertunvegen, vil vi ved utkjøring fra sykehuset få en tilnærmet 180 graders sving til høyre der vi kjem til å ha bruk for hele det inntegnet veiarealet, her vil det være nok med en feilparkert bil så står vi der. Svinger av dette omfang mot høyre fører til at det er utfordrende å ha kontroll på blindsone på høyre side og overhenget bak, det kan være en sikkerhetsrisiko for andre trafikanter og fotgjengere i området.

2: Er det ønskelig at vi skal stoppe og sette av og ta på passasjerer med eksosrøret mer eller mindre inn gjennom inngangsdøra på sykehuset? Vi har selvfølgelig rutiner for å unngå tomgangskjøring på lengere stopp men på korte stopp (under ett minutt) vil motoren gå. På lenger stopp når det er kaldt vil det i de fleste tilfeller starte en tilleggsvarmer (Webasto) , denne avgir ofte en sur diesel røyk. Dette mener vi helt klart vil føre til ubehag for de som oppholder seg i området rundt inngangen, og ikke minst for pasienter som ligger på rommene rett over. Et lite paradoks er at området er skilta med røyking forbudt.

3: Støy. Det er helt klart at støyforurensinga vil øke både for de ansatte og pasientene på sykehuset, pga. vi kjem mye nærmere enn vi er i dag. Det er her snakk om et tidsrom som strekker seg fra ca.0700 til ca.2300 di fleste dager i uka.

4:Universell utforming. Det er et krav om universell utforming av busstopp i dag, slik vi har forstått det. Her planlegges det et busstopp (VED ET SYKEHUS) der vi ikke kan se det er inntegnet kant med korrekt høyde . Om det skulle bli laget en kant der, så vil det være komplett umulig å få bakdør inntil da vi står i en venstresving. Sannsynligvis vil det og bli utfordrende å benytte rullestolheis, da denne vil treffe kanten med ett hjørne, den vil da ikke få stødig nok anlegg mot bakken og sikringsklaff vil trulig ikke løses ut.

5: Vi har over lenger tid erfart store utfordringer med feilparkerte biler i området rundt sykehuset. Vi kan ikke se at denne planen kommer til å utgjøre noen forandring. Det vil være nok at en person «skal bare» og parkerer i rundkjøringen, så er vi fastlåst.

6: Forslag. Denne planen skal dekke framtidige kollektivløsninger i overskuelig tid. Da mener vi det er lite framtidsrettet å ikke tenke nye busslommer på begge sider langs ny vei mellom Kløvertunvegen og Heltnevegen eller i forbindelse med nytt kryss i Kløvertunveien. Det vil helt klart resultere i litt lenger gangavstand til sykehuset, men den blir ikke lenger enn det

som er vanlig på de fleste sykehus. Det er mulig den kan kortes ned med en enkel gangvei over Kløvertun området? Hvis det ikke er mulig å løyse på andre måter enn å benytte rundkjøringa ved hovedinngangen, så ser vi det som ei bedre løsning å fortsette med dagens utkjøring mot Heltneveien selv om vi ser at den er langt fra ideell.

7: Vi mener og at når det nå skal planlegges for framtiden, så burde det også tenkes muligheter for å kunne utnytte kortere reisetider og avstander, også for kollektivtrafikk. I den sammenheng stiller vi oss undrende til at det ikke er lagt inn i planen ei ny busslomme/korrespondanse lomme i tilknytning til ny rundkjøring og høgskolen. Dette kunne åpne for framtidige løysinger med sammenbinding av gjennomgående linjer, lokaltrafikk og skape et knutepunkt som er framtidsretta og bidrar til å få flere til å velge kollektivt framfor privatbil.

Verneombud Nettbuss Furene	Yrkestrafikkforbundet	Norsk Jernbaneforbund
Tormod Slåttelid	Stig Vinjevoll	Bjørn Olsen

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Statens vegvesen - Region midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår dato: 12.11.2017
Vår ref.: 201601933-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 06.10.2017
Dykkar ref.: 16/28947-68

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

Fråsegn til offentlig ettersyn - Områdereguleringsplan E39 Volda - Furene - Volda kommune

Viser til oversending datert 06.10.2017. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan E39 Volda – Furene i Volda kommune. Føremålet med planframlegget er å skaffe formelt plangrunnlag til å etablere ny E39 i tunnel mellom Volda og Furene. I Volda inneber planframlegget også endringar i lokalvegnett og regulering av areal til utbyggingsføremål.

I NVE sitt innspel til varsel om planstart datert 20.05.2016 peika vi på omsyn til vassdrag i planområdet.

Innanfor planområdet (over bakkenivå) er det to vassdrag med årssikker vassføring, jf. Vassressurslova (VRL) § 2. Det er Sagarelva (094.62Z) ved Furene og Storelva (Øyraelva - 094.6A) i Volda. Vi konstaterer at for Storelva er innspela våre ivareteke gjennom føremål i plankartet og føresegnene §§ 5.1 og 7.1, medan Sagarelva ikkje er regulert med same føremål i plankartet. NVE rår til at plankartet og føresegnene vert endra til rette arealbrukskategori for Sagarelva og tilhøyrande kantsone.

Handtering av overflatevatn i anleggsperioden er omtala i planomtalen s. 28. I periodar med mykje nedbør er det skissert at noko av overflatevatnet vil førast ut i Storelva (Øyraelva) og det skal etablerast system for avslamming før vatnet går i vassdraget. Vi kan ikkje sjå at krav til slike tiltak er nedfelt i føresegnene til planframlegget. Sjølv om det er sett krav til Ytre Miljøplan, jf. føresegnene § 10, rår NVE også til at det vert sett særskilde krav til handtering av overflatevatn som skal førast til vassdrag. Vi viser til VRL §§ 5 og 47 som grunnlag for å fremje slike råd.

I planomtale/ROS-analyse er det vist til aktsemdskart for flaum for Storelva (Øyraelva) i Volda. Det er vist til at to utbyggingsområde er omfatta av aktsemdssona, og føreslege krav i føresegnene §§ 3.4 og 3.5 om avklaring av reell flaumfare i samband med detaljregulering. NVE vil peike på at det i ROS-analysen er vist til område B1, medan det i føresegner og planomtale er vist til områda BKB4 og BKB5. For at planmaterialet skal vere enklare å tyde, rår vi til at aktsemdssona for flaum også vert innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner. Vi rår også til at det vert stilt krav til vurdering av fare for erosjon langs vassdraget.

I plankartet er det føreslege regulert omsynssone for ras- og skredfare (H310_) i høve til aktsemdskart for jord- og flaumskred, med tilhøyrande krav i føresegnene om avklaring av reell skredfare i samband med detaljregulering av områda.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor	Region Midt-Norge	Region Nord	Region Sør	Region Vest	Region Øst
Middelthunsgate 29	Vestre Rosten 81	Kongens gate 14-18	Anton Jenssensgate 7	Naustdalsvegen. 1B	Vangsveien 73
Postboks 5091, Majorstuen			Postboks 2124		Postboks 4223
0301 OSLO	7075 TILLER	8514 NARVIK	3103 TØNSBERG	6800 FØRDE	2307 HAMAR

Grunntilhøva i planområdet er skildra i planomtalen s. 15, men omfattar berre områda nær planlagde vegtiltak. I Volda dekkje plankartet også område der NGU sitt lausmassekart viser marine strandavsetningar. I område med marine avsetningar kan det ikkje utelukkast førekomstar av kvikkleire, noko som plandokumenta må ta høgde for.

Det er føreslege krav om detaljregulering for utbyggingsområde som er omfatta av aktsemdssone for skred, og vist til NVE retningslinje 2/2011 og siste avsnitt i kap. 6.5.2 D. NVE reknar med det er ein skrivefeil og her er meint kap. 7.5.2 D.
Krav om utgreiing av den reelle faren i samband med detaljregulering er i samsvar med NVE sine retningslinjer, men vi rår likevel at plandokumenta vert oppdatert slik at det også blir gjeldande for potensiell flaumfare, erosjonsfare og ustabile grunnforhold.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Volda kommune

Jostein Rotevatn
Gjertrud Rotevatn, Nytun 29
Tormod Mo
Svanhild Iversen Mo, Nytun 25

Volda 21.11.2017.

Merknad til reguleringsplan for E39 Volda – Furene.

På allmøte 6. nov. 2017 vart vi gjort kjend med nye moment i reguleringsplanen. Vi er svært tilfreds med at rundkøyringa no er planlagt 6 meter under bakkeplan. På bakgrunn av at ein no må planlegge for to løp i tunnelen vert rundkøyringa og innkøyringa til tunnelen veldig breid. Dette fører til at gardstunet vest for innkøyringa må løysast inn. Vi ser det då som meiningslaust at tilkomsten til parkeringsplassen skal gjere ein sving innom Nytun. Det enklaste for alle partar må vel vere at tilkomsten går sydover langs gangvegen i retning parkeringsplassen.
Vi ser av planen at Nytun er tenkt tilrettelagt for tilkomst til det nye mediebygget. Visst det vert realisert vil det føre til merkbart auka trafikk i vegen. Dette kjem i tillegg til trafikkauken pga at biltrafikken til og frå Røysmyrvegen også skal leiast gjennom Nytun.
Det er teikna inn gangveg på sydsida av Nytun, og det er bra. Men vi ynskjer flytting av vegen mot syd for å få gangveg på nordsida også, der bustadhusa ligg, borna går til og frå skulen og vaksne ferdast dagleg. Alternativet er at gangvegen vert flytta til nordsida.
Vi forventar at trafikkstøyen vert kraftig redusert når biltrafikken vert lagt så lavt i terrenget, men vi håper at det likevel vert vurdert trong for lydbarrière.

Viser også til tidlegare innsende merknader frå Svanhild og Tormod Mo datert 19. mai 2016.

Oppsummert har vi fylgjande merknader:
Pkt.1: Tilkomstvegen til parkeringsplassen ved Ivar Aasen-huset må gå langs gangvegen som skal byggast frå Nytun til sjukehuskrysset, og ikkje gjere ein sving innom Nytun.
Pkt.2: Gangvegen langs Nytun må ligge på nordsida av vegen, evt på begge sider.
Pkt.3: Trong for lydbarrière mot tunnelopninga må vurderast.

Med vennleg helsing

Jostein Rotevatn
Sign

Gjertrud Rotevatn
Sign

Tormod Mo
Sign

Svanhild Iversen Mo
Sign

STATSBYGG

STATENS VEGVESEN

Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

DATO	DERES DATO
17.11.2017	06.10.2017
REFERANSE	**DERES REFERANSE**
2017/5178-4	16/28947-67

SAKSBEHANDLER
Anette Røssum Bastnes, Rådgivnings- og tidligfaseavdelingen

Uttalelse til varsel om offentlig ettersyn - reguleringsplan E39 Volda - Furene.

Viser til varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan for E39 Volda – Furene med frist for uttalelser 24. november 2017. Statsbygg hadde møte med Statens vegvesen (SVV) 17.11.2017 for mer inngående informasjon om planforslaget, der noen av opplysningene gjengis i punktene under.

Planforslaget er omfattende og legger til rette for å etablere ny E39 i tunnel mellom Volda og Furene. Tiltaket utløser også behov for endringer i lokalvegnettet i Volda for alle trafikantgrupper.

Statsbygg mener tiltaket er grundig og godt utredet i plangrunnlaget. Det er positivt at det som del av tiltaket er lagt vekt på gode løsninger for gående, syklende og kollektivreisende.

Statsbygg eier deler av området for Høgskulen i Volda der gbnr. 19/753 (sør for Hans Strøm bygget) berøres av planforslaget. Deler av parkeringsarealene avsettes til bussholdeplass, GS-vei, annet trafikkareal og midlertidig rigg- og anleggsområde. I tillegg berøres Statsbyggs eiendommer i Sjukehusveien 6 (gbnr. 19/395, 19/396, 19/397) og Raudehuset (gbnr. 19/49). Sjukehusveien berøres ved at ny vei tar noe areal i sør og øst, og muligens noe i vest. Deler av eiendommenes uteareal, adkomst og parkering avsettes til midlertidig anleggs- og riggområde. Virksomhetene vil påvirkes i byggeperioden. Ny lokalvei i området vil bedre tilgjengelighet på sikt, men også føre til mer trafikk og støy. I tillegg berøres campus ved at adkomsten øst for Hans Strøm bygget tas bort.

I avsnittet under fremgår Statsbyggs mer spesifikke merknader til planforslaget.

- Byggeperioden: SVV har opplyst at byggeperioden kan bli kortere enn 3 år på Volda-siden, at det legges opp til at første byggetrinn tilrettelegger for to tunnelløp slik at det ikke blir dobbelt opp med anleggsarbeider, samt at tunneldrivingen skjer i hovedsak fra Ørsta-siden for å skåne et tettere befolket område. Statsbygg er positiv til disse signalene, som vil minke ulempene i byggefasen for våre leietakere.
- Opparbeidelse av veisystem: SVV opplyser at de i prinsippet skal opparbeide alt veisystem som inngår i reguleringsplanen. Statsbygg opplever dette som positivt, i særlig grad at Nytun opparbeides som mulig ny adkomst da campus mister en adkomst som følge av tiltaket. For at denne traseen skal kunne benyttes for fremtidige bygg ved campus er det viktig at den håndterer større kjøretøy for varelevering mv.
- Rigg- og anleggsområde ved Sjukehusveien 6: SVV oppgir at det mest sannsynlig ikke vil være behov for å rive byggene, men at det må utføres nærmere undersøkelser når tiltaket skal gjennomføres. Statsbygg forholder seg til disse opplysningene som har stor betydning for virksomheten og leietagerne i byggene. Statsbygg ber om at eventuelt rigg- og anleggsområde

STATSBYGG
ADRESSE Postboks 8106 Dep, 0155 OSLO
E-POST postmottak@statsbygg.no

TLF. 815 55 045
NETT statsbygg.no
ORG.NR. 971.278.374

BYGG MED MENING

gjøres så lite som mulig, at aktiviteten i liten grad er sjenerende/støyende, og at det plasseres lengst bort fra våre bygg. Ved gjennomføring av tiltaket må også løsning for midlertidig adkomst og parkering for eiendommen avtales.

- Støytiltak for Sjukehusveien 6 b): Statsbygg er positive til å drøfte eventuelle støytiltak for Sjukehusveien 6 b) når byggetiltaket skal gjennomføres, slik som reguleringsplanen legger opp til.
- Fotgjengerfelt ved bussholdeplassen: SVV har opplyst at de har stilt krav om at fotgjengerfelt vest for bussholdeplassen må løses i reguleringsplan for Volda campus. Det vil være en problemstilling knyttet til at fotgjengere krysser veien istedenfor å benytte GS-systemet lenger øst. Statsbygg er opptatt av at dette får en god løsning, men ser at det kan løses som del av fremtidig reguleringsplan lenger vest. Det kan forøvrig vurderes som del av SVVs tiltak å oppføre fysiske hindre som gjør kryssing mindre attraktivt inntil eventuell fotgjengerovergang er på plass.
- Bekken som krysser campus: SVV opplyser at byggetiltaket ikke vil påføres mer vann i bekken gjennom campus. Statsbygg vil informere om at bekken ikke tåler større vannføring, som særlig er knyttet til dimensjonering av broen inne på campus. Statsbygg er opptatt av at tiltak i omkringliggende områder gjøres med forsiktighet slik at dette ikke blir kritisk.
- Innløsninger og erverv: Slik planen foreligger er det behov for innløsning av gbnr. 19/49, erverv av nødvendig areal for tiltaket på gbnr. 19/395, 19/396, 19/397 og 19/753, samt avtale om leie av nødvendig areal til rigg- og anleggsområde. Statsbygg er positiv til dialog med SVV for å avtale disse forholdene når behov for arealene konkretiseres.

Vi ber om at våre merknader tas med i videre reguleringsplanprosess og påfølgende gjennomføring.

Med hilsen
Nina Ødegaard
avdelingsdirektør

Anette Røssum Bastnes
seniorarkitekt

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.

Statens Vegvesen
Region Midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Volda, 16.11.2017

Fråsegn i sak med PLANID 2016001 – Reguleringsplan E39 Volda – Furene.

Syner til varsel av 6.oktober om offentleg ettersyn av reguleringsplan for E29 Volda – Furene.

Sunnmøre Kulturnæringshage AS arbeider med forprosjekt for etablering av Volda Kunnskapspark i Ivar Aasen-huset på campus når huset blir disponibelt til annan bruk 2.halvår 2020. I motsetning til alle andre bygg og tomter på campus som er eigd av Statsbygg er Ivar Aasen-huset og tomta det står på eigd av Volda kommune. Forprosjektet som skal være ferdig i 2018 er finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda kommune, Høgskulen i Volda og Sunnmøre Kulturnæringshage AS. Etter forprosjektet legg ein opp til eit hovudprosjekt for Volda Kunnskapspark som skal leie fram til opning i 2021.

Etter planen vil Volda Kunnskapspark samlokalisere om lag 40 selskap innan kunnskapsintensiv tenesteproduksjon. Bygget vil og huse offentleg tilgjengelege laboratorium for rask prototyping (FABlab), arbeidsallmenning for studentbedrifter og andre oppstartsbedrifter samt ulike spesialrom for bedriftene i kunnskapsparken. Kunnskapsparken vil være både ein regional og nasjonal ressurs og kunne operere tverrfaglege inkubatorar/akseleratorar for bedrifter med utspring i fagutdanning og fagmiljø ved Høgskulen i Volda.

Ved gjennomføring av reguleringsplanen slik den føreligg, vil svært mange av dagens eksisterande parkeringsplassar for Ivar Aasen-huset falle bort. Dagens tilkomst til Ivar Aasen-huset vil og bli fjerna, og det lyt etablerast ny tilkomstveg til bygget. Etter vårt syn vil ny hovudtilkomst med bil til Ivar Aasen-huset via Nytun langs grensa mot gnr/bnr 19/29 være ei god løysing. Vi ser det og som ein fordel at eksisterande tilkomst til Ivar Aasen-bygget via hovudinnkøyringa til campus i Elvegata blir oppretthalden.

Bortfall av parkeringsplassar og den planlagde aktiviteten i bygget aukar behovet for gode løysingar i høve offentleg kommunikasjon. Når det ikkje er lagt opp til gangfelt mellom dei to busstoppa i Elvegata fryktar vi at reisande med buss vil krysse vegen og skape trafikkfarlege situasjonar framfor å gå opp til gangvegløysinga i krysset, ettersom dette vil kunne opplevast som å gå motsett veg i høve kvar ein skal.

Sunnmøre Kulturnæringshage AS takkar for invitasjonen til å kome med merknadar til reguleringsplanen, og ser fram til ein god dialog i den vidare planlegginga og gjennomføringa.

Beste helsing,



Martin Foldal
Dagleg leiar
Sunnmøre Kulturnæringshage AS

ØRSTA KOMMUNE

Plan og miljøavd. for vidare ekspedering

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2016/523	15449/2017	L12	SELBERVIK	01.12.2017

Melding om vedtak i Ørsta formannskap 28.11.17, sak 154/17

E39 VOLDA - FURENE - PLANFRAMLEGG TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Saksprotokoll - Ørsta formannskap - 28.11.2017

VEDTAK:
Ørsta formannskap vil peike på at planområdet burde vore utvida for å redusere risiko for ulykker og betre tilrettelegginga for kollektivtransport.

Arealføremålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda – Furene må endrast til LNF – naturføremål og bruken som anlegg og riggområde her må reduserast så langt som råd.

Handsaminga (7 r.f.)

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 7 mot 0 røyster

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Magnar Selbervik	Arkivsak:	2016/523
		Løpenr.:	14436/2017

Utvalsaksnr.	Utval	Møtedato
154/17	Ørsta formannskap	28.11.2017

E39 VOLDA - FURENE - PLANFRAMLEGG TIL OFFENTLEG ETTERSYN

TILRÅDING TIL VEDTAK:
Ørsta formannskap vil peike på at planområdet burde vore utvida for å redusere risiko for ulykker og betre tilrettelegginga for kollektivtransport.

Arealføremålet i viltkorridoren nord for ny E39 Volda – Furene må endrast til LNF – naturføremål og bruken som anlegg og riggområde her må reduserast så langt som råd.

Saksvedlegg:

I	07.04.2016	05.04.2016	39 Volda-Furene. Varsel om oppstart av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen	Statens vegvesen Region midt
I	09.10.2017	06.10.2017	E39 Volda - Furene - Volda kommune: Varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen	STATENS VEGVESEN Region Midt

Uprenta saksvedlegg:
Arkeologisk rapport
Barnetrakk
Inspel og merknader
Plankart
Reguleringsplan
Støyvurdering
Tekniske teikningar
Vurdering av lokal luftkvalitet

Saksopplysningar:
Statens vegvesen har utarbeidd eit forslag til reguleringsplan for E39 Volda-Furene i samarbeid med Volda kommune. Planen er utarbeidd som ein områdeplan og er ei oppfølging av tidlegare vedteken kommunedelplan. Planområdet er avgrensa til areal i Volda kommune. Planarbeidet vart varsla starta opp den 05.04.2016 og referert i Formannskap og Samfunnsutval utan merknad.

Formannskapet i Volda kommune vedtok den 02.10.2017 å legge reguleringsplanen ut til offentleg ettersyn. Til planarbeidet følgjer det også ei arkeologisk utgreiing, støyvurdering og vurdering av konsekvensar for luftkvalitet. Disse fagrapportane er ikkje knytt opp som vedlegg, men hovudtrekka går fram av sjølve planomtalen (kapittel 4.8, 4.12 og 4.13).

Formålet med reguleringsplanen er å sikre eit formelt plangrunnlag til å etablere ny E39 i
tunnel mellom Volda og Furene. Strekninga inngår som ein av fleire tiltak på ein framtidig «ferjefri E39». Målet med planen er å redusere reisetida på E39, redusere risiko for ulykker, betre tilrettelegginga for kollektivtransport, gåande og syklande.

Ny E39 Volda- Furene ligg inne i Nasjonal transportplan med ein samla kostnad på 900 millionar kroner i siste halvdel av perioden 2018-29, der statlege midlar utgjer 600 millionar kroner. Reguleringsplanen no er basert på nye trafikktal utvida til to tunnelløp og ein samla kostnad på 1815 millionar kroner. Ei utbygging i to trinn der ein først etablerer eit tunnelløp er kostnadsrekna til 1142 millionar kroner. Realisering er i følgje planomtalen (8.1) avhengig av både framtidig prioritering i Nasjonal transportplan og etablering av ei ordning med bompengefinansiering lokalt.

I motsetnad til kommunedelplanen som var vedteken med ei bru mellom tunellen og rundkøyringa (viadukt) for å i vareta moglegheit for viltkryssing under brua frå vest,

er planen no justert med ein forlenga betongportal på 200 meter. Ei slik løysing i kombinasjon med ledegjerdet vil leie vilt frå vest over betongportalen inn mot viltovergangen.

Reguleringsplanen omfattar ikkje næringsområdet nord for E39 i Furene då det er føresett utarbeidd eigen reguleringsplan knytt til kryssløysingar, tilkomst og tilrettelegging for kollektivtrafikk. Planen omfattar elles ei planfri kryssing for mjuke trafikantar ved ny rundkøyring i Volda og endringar i tilgrensande lokalvegnettet utan av vi omtalar dette nærare her.

Vurdering og konklusjon:
Reguleringsplanen omfattar areal som grensar fysisk til Ørsta kommune, ligg innanfor høgderestriksjonane knytt til innflyginga ved flyplassen og i det regionalt viktige vilttrekket i Furene. Planen omfattar også intensjonar om mellomlagring av overskotsmasse frå tunellen i Ørsta kommune. Planområdet er vidare sentralt i høve tilrettelegging for kollektivtransport og mjuke trafikkantar. Vi legg her til grunn at Avinor uttalar seg i høve høgderestriksjonane ved flyplassen.

Ein ny tunell mellom Sjukehuskrysset i Volda og Furene vil flytte biltrafikken ut av Volda sentrum og gje auka handlingsrom for sentrumsutvikling der. Det er opplyst at ein ny tunell vil redusere køyretida mellom Sjukehuskrysset i Volda og rundkøyringa i Furene frå 5 minutt til om lag 2 minutt og 30 sekund og tilsvarande knyte Ørsta og Volda sentrum nærare saman.

Ein forlenga betongtunell i Furene gjev grunnlag for å senka vegbana og leia vilttrekket frå vest over betongkulverten som vert revegetert. Når ein må utvide vegen til 2 felt i kvar retning vurderer vi at ei slik løysing i kombinasjon med forlenga ledegjerde ivareta vilttrekket frå vest betre enn ei viaduktbru (viltundergang). Det er lagt opp til at utstrekning av ledegjerdet skal avgjerast i samråd med kommunen og Fylkesmannen. Det er likevel synt ei minimumsløysing i figur 60 som også omfattar eksisterande gjerdet ved glattkøyringsbana i Ørsta kommune.

I planen er heile viltkorridoren synt som LNF – landbruksføremål (LL), med omsynssoner for bevaring naturmiljø H560, delvis anlegg og riggområde, og sikringssone tunnel og flyplass. LNF – landbruksføremål er motstridande med omsynssone naturmiljø og ivaretek ikkje funksjonen til viltkorridoren. Arealet nord for ny E39 må gjevast arealføremål LNF- naturføremål (LN).

Det vil vere stor inngrep i anleggsperioden som er oppgitt til 3 år, og omsynssone anlegg og riggområde må reduserast så langt som råd i tilførselsområdet nord for ny E39. Omsynssone for anlegg og riggområde slik det no er vist i planen går utover det som har vore avklara i kommunedelplanen. Det bør også presiserast føremålet med omsynssone H 560 naturmiljø er å ivareta funksjonen som tilførselsområde til viltovergangen.

Summen av samla belastning i området med planlagde nye inngrep gjer at behovet for i sikre tilføringsområda vert enno større enn tidlegare, jf også naturmangfaldlova sin § 10. Vilt og innlandsfisknemnda har tidlegare peika på dette behovet ved gjentekne høve. Fylkesmannen også har peika på burde planområdet vore utvida og omfatta skogareala nord for E39 Morkaåsen slik at ein sikra dei resterande

tilføringsområda på kvar sida av viltovergangen. Dette for å unngå at vilttrekket spreier seg til andre kryssingspunkt over vegen i området Furene- Mork og dermed gjev auka risiko for alvorlege ulykker. Grunna manglande kapasitet har vi ikkje fått lagt fram ny sak for vilt og innlandsfiskenemnde no.

Næringsområdet nord for E39 har dålege kryssløysingar for både bilistar, kollektivtrafikk og mjuke trafikantar. Med å utelate dette frå planområdet løyser ikkje reguleringsplanen utfordringane med å redusere risiko for ulykker og betre tilrettelegginga for kollektivtransport som er list opp som effektmål for reguleringsplanen og vegprosjektet.

Kommunane sine eigne registreringar syner årleg ca 4-5 ulykker grunna kollisjon med hjort i Furene på 90- talet og tidleg 2000.

Torvmyrvegen er etter avklaringar ikkje ein del av reguleringsplanen no, men det er utarbeidd ei prinsippskisse (figur 48 og 49) som syner ei mogleg framtidig løysing i kulvert under ny E39 og viltovergangen. Om ein ikkje etablerer kulverten under den nye E39 no vil ei eventuell framtidig realisering slik prinsippskissa syner måtte medføre ei stenging av E39 i anleggsperioden.

I følgje planomtalen vil bygging av tunellen gje eit masseoverskot på om lag 700 000 kbm. Av dette er 550000 kbm planlagt teke ut mot Furene, resten frå Volda sentrum. Tunellmassen utgjer ein ressurs som i kan nyttast til gjennomføring av andre utbyggingsprosjekt.

Det har vore møter om bruk av massane og Statens vegvesen ønskjer å nytte Vikaura nord for Helgehorntunellen i Ørsta kommune som mellombles masselager. Dette er eit arealet som vart nytta tilsvarande i samband med bygging av Eiksundsambandet og er såleis alt prega av liknande arealbruk. Arealet er no tilkøyrt store mengder finstoff (restemasse frå knuseverk) som ikkje har gjeve forhold for revegetering og binding av massane. Store mengder finstoff har difor vorte vaska ut i Ørstafjorden og slamma ned nærast sjøområda over tid. Dette har vore påpeika som ei forureining ovanfor både Fylkesmannen og Statens vegvesen utan at vi kan sjå det har vore sett i verk tilfredsstillande tiltak for å rydda opp/hindre vidare avrenning.

Planomtalen omtalar også eit areal ved innløpet til Eiksundtunellen på Sørheim. Dette er eit areal som i dag er utan inngrep og med viltregistreringar. Arealet er og med i eine alternativet for ei framtidig Ørstafjordkryssing. Administrasjonen har peika på ønskje om å kunne gjere nytte av overskotsmassen direkte til konkrete utbyggingsprosjekt som td. Mosflata, Rystelandet og Olafjøra. Areal til bruk av overskotsmasse som mellomlager og/eller varig utfylling ligg likevel ikkje inne i reguleringsplanen no, og må avklarast gjennom eigne planar/dispensasjonssaker.

Wenche Solheim
rådmann

Rolf-Magnus Sundgot
seksjonsleiar tekniske tenester

Møre og Romsdal fylkeskommune

Statens vegvesen Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
16/28947	06.10.2017	124724/2017/REGULERINGSPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	28.11.2017

Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan - E39 Volda-Furene - fråsegn ved offentleg ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Barn og unge
I planarbeidet har barn og unges ferdsel vore kartlagt gjennom ei barnetråkks-registrering. Denne informasjon har vore formgivande for blant anna den store kryssløysninga, sør for Volda sjukehus (kartblad 1/8). Funna i barnetråkksregistreringa viser at mange mjuke trafikkantar blir slusa gjennom området allereie i dag. Planforslaget legg opp til å skilje gåande og syklande frå køyrande, med to ulike nivå i sjølve rundkøyringa og på denne måten legge betre til rette for mjuke trafikkantar.

Innanfor planområdet, kartblad 1/8, er det i tillegg teikna inn fortau, gang-/sykkelveg og sykkelveg langs både eksisterande og nye køyrevegar. For at mjuke trafikkantar skal ha same vilkår som dei køyrande, så må desse tiltaka bli realisert. Ved ein gjennomgang av føresegna kan vi likevel ikkje sjå at det er føreslått føringar som kan sikre slik opparbeiding.

Mjuke trafikantar har behov for at ferdselslinene er samanhengande, uavhengig av når dei enkelte tiltaka innanfor planområdet vert planlagt utbygd. Vi rår i denne samanhengen til at ein vurderer kva samanhengande gangliner som bør bli realisert samstundes med vegprosjektet. Vi rår her til at ein utarbeider konkrete rekkefølje-føresegn som sikrar eit samanhengande ferdselsmønster på fortau, gang-/sykkelveg og sykkelveg.

Samferdsel
Kollektivtrafikk generelt
Følgande bussliner køyrer til/frå Volda sentrum:

- 101 Ålesund-Ørsta-Volda
- 340 Ørsta -Volda- Sjukehuset - Bratteberg
- 351 Nordfjordeid - Volda- Ålesund
- 338 Hareid - Ulsteinvik – Volda
- 337 Larsnes – Volda
- I tillegg kjem diverse skoleruter

Kollektivtrafikken må ta omsyn til 6 tyngdepunkt som alle ønskjer rask framføring. Plasseringa av desse medfører, avhengig av traseval, at vil nokre få kortare og andre vil få lengre reisetid. Tyngdepunkta ein må ta omsyn til er:

- Volda ferjekai – korrespondanse ferjer til Lauvstad og Folkestad
- Volda rutebilstasjon – Moritzmarka

- Volda vidaregåande skole (byggefeltet Klepp)
- Høgskulen i Volda
- Volda sjukehus
- Byggefelta Bratteberg og Brenslene

Bussane vil som hovudregel køyre dagens trase forbi Furene mellom Ørsta og Volda. Dette er viktig for å få:

- God betening av busstopp i Furene
- Betening av busstoppa på Egset
- God betening av Volda ferjekai

Kollektivtrafikkavvikling ved sjukehus og høgskule
For å få god og rask betening av sjukehuset og høgskulen kan vi tenke oss ei alternativ løysing på dagens E39 i Volda sentrum (utanfor planområdet), slik at bussane slepp å køyre inn til Volda buss stasjon før dei fortsett opp til sjukehuset og høgskulen, via Heltnevegen, Kløvertunvegen og Kårstadvegen tilbake til Volda buss stasjon.

Når det gjeld busstopp ved sjukehuset så vert det i forslaget lagt opp til at bussane køyrer inn i rundkjøringa framfor sjukehuset, eller stoppar med kantstopp i Kårstadvegen. Bruk av rundkjøringa vurderer vi å ville bli ein tidkrevjande flaskehals for bussane, samstundes som kantstoppa vil ha for lang avstand frå hovudinngangen for brukarane. Ei betre løysing vil kunne vere at bussane køyrer frå Heltnevegen inn i Kløvertunvegen, med stopp ved hovudinngangen. Om ønskeleg kan Monsvegen og Bakkevegen bli vurdert stengt mot Heltnevegen for å få eit meir oversiktleg trafikkbilde.

KONKLUSJON

- Planforslaget bør sikre opparbeiding av viktige og samanhengande ferdselsårar for mjuke trafikantar, gjennom rekkefølgjeføresegn for fortau, gang-/sykkelveg og sykkelveg.

- Vi rår til at kollektivtrafikken ved sjukehuset blir løyst med avkøyring frå Heltnevegen, inn i Kløvertunvegen, med stopp ved hovudinngangen

Vi viser elles til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre merknader vert vurdert i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar
Samferdsel: Rådgivar Henny Totlandsdal, tlf. 71 28 02 63

Kopi:
Volda kommune
NVE - Region vest
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

KOPI

Vår dato
24.11.2017
Dykkar dato
06.10.2017

Vår ref.
2016/2074/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Statens vegvesen Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 16/11 Avd: UTV
Løpenr: Shs: Perhol
28 NOV 2017
Arkivdel: PlanD
Klassering P:
Klassering S:

Volda kommune
Detaljregulering - reguleringsplan E39 Volda - Furene
Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt
Reguleringsplan for E39 Volda-Furene ligg no føre til offentleg ettersyn. Det har vore ein lang prosess med fleire drøftingsmøter for å komme fram til ei løysing på Furene-sida som ivaretek nødvendige omsyn, særleg når det gjeld hjortetrekket og landbruk. Etter Fylkesmannen si oppfatning har prosessen gitt eit godt resultat, og vi meiner at ein no har funne fram til den kanskje beste moglege løysinga for vegprosjektet.

Natur- og miljøvern
Traséløysinga som er valt, med at fjelltunnelen i Furene går over i ein 200 meter lang betongtunnel før vegen i dagen førast inn mot den eksisterande rundkøyringa ved Morkaåstunnelen, sikrar vilttrekket til/frå viltovergangen lengst nord i området. Vi har likevel nokre merknader til føresegnene:

Føresegnene punkt 2.3 seier at det skal settast opp viltgjerde rundt veganlegget i Furene, og at utstrekning og utforming av gjerdet skal fastsettast i samråd med kommunen og Fylkesmannen si miljøavdeling. Dette er bra. Vi minner likevel om at ein også må sikre omsynet til viltet i anleggsperioden. Rekkefølgjekrava som skal sikre at det er utarbeidd ein ytre miljøplan (punkt 10.1) før anleggsarbeidet blir sett igang må difor også stille krav som sikrar omsynet til hjortetrekket i anleggsperioden. Dette gjeld tiltak både i planområdet og utanfor planområdet. Vi viser også til punkt 8.3, (bevaring naturmiljø, H560), siste avsnitt, som også må gjelde i anleggsperioden. Fram til føresegnene er endra på dette punktet, har vi **motsegn** til planen.

Støy
I planomtalen står det at ein bustad ved Furene, gnr. 14/1, er berørt av tiltaket og hamnar i gul støysone. Vidare står det at det er vurdert skjerming ved utløpet av tunnelen på sørsida av vegen, men at tiltaket viser seg å ha svært begrensa effekt for

berørte bustad, og at det difor i byggefasen må vurderast lokale tiltak for bustadhus og uteopphaldsareal. Det må sikrast i føresegnene at dette gbnr får tilbod om skjerming av uteplassar og fasadeutbetringar som sikrar tilfredsstillande støytilhøve.

Når det gjeld på Volda-sida av tunnelopninga, skal områda rundt detaljregulerast. Men sidan det er vegen som er støykjelda, må det gå fram av (denne) områdereguleringa kva støytiltak som er naudsynt for at eksisterande bygningar får tilstrekkjeleg gode støyforhold, og evt. kva gnr/bnr som skal få tilbod om lokale støytiltak. Plankart og føresegner må endrast slik at støykrava blir sikra, i samsvar med det som har kome fram gjennom den støyfaglege utgreiinga som er gjennomført.

Vi har **motsegn** til planen inntil føresegner og plankart er endra i samsvar med dette.

Landbruk
Føresegnene punkt 6.1 nemner landbruksføremål som LS. I plankartet står det LL, og vi legg til grunn at det er ein skrivefeil i føresegnene.

I føresegnene punkt 2.1, 3. avsnitt, står det at mellombelse område skal tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet. Dette krev ei presisering. Der dei mellombelse områda gjeld dyrkajord, skal arealet tilbakeførast til *dyrkajord,* og ikkje berre til landbrukføremål, som er eit vidare begrep. Det må dessutan stillast krav i føresegnene til korleis dette skal gjerast for å sikre at resultatet blir fullgodt med opprinneleg areal.

Det må også stillast meir presise krav til tilsåing og helling på skjeringar og fyllingar, slik at ein sikrar at ein oppnår eit landbruksareal som er eigna til grasproduksjon der dette er aktuelt.

Fram til føresegnene oppfyller desse krava, har vi **motsegn** til planen.

Det går dessutan ikkje fram av planomtalen kor mykje dyrka jord som går tapt på permanent basis, men berre kva som kan bli beslaglagt i anleggsperioden. Det bør gå fram av plandokumenta kva som er tapet av dyrka jord.

Samfunnstryggleik
Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdssone for skred. Den reelle skredfaren er ikkje vurdert. Fylkesmannen er samd i Statens vegvesen om at ideelt sett burde planen avklare den reelle faren for skred. I dette tilfellet argumenterer Statens vegvesen med at den potensielle skredfaren likevel ivaretakast tilstrekkeleg gjennom m.a. krav til detaljregulering, og forbod mot tiltak innanfor aktsemdsområde inntil detaljregulering og avklaring av reell skredfare. Fylkesmannen ser at NVE sine retningsliner i «*Flaum- og skredfare i arealplanar*» opnar for ein slik framgangsmåte for å ivareta tryggleikskrava i byggteknisk forskrift.

Vi merker oss at planføresegnene knytt til omsynssona for skred ikkje omfattar tiltak i tryggleiksklasse S1. Det kjem ikkje fram av planen kvifor S1-tiltak er utelukka frå det same kravet som S2- og S3-tiltak. Dersom Statens vegvesen har avklart at den potensielle skredfaren mot planområdet er lågare enn 1/100 (tryggleikskravet for S1-tiltak), må dette

kome tydelegare fram i planen. Elles rår vi til at føresegna set krav til at *ingen tiltak* kan gjennomførast før området er detaljregulert og reell skredfare er avklart.

Konklusjon
Vi viser til merknadene ovanfor, og har **motsegn** til planframlegget inntil plankart og føresegner er endra slik det går fram ovanfor.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf.: 71 25 84 89

Kopi:

Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Avinor AS	Postboks 150	2061	Gardermoen
Landbrukskontoret i Ørsta/Volda	Dalevegen 6	6153	Ørsta

Are Halkjelsvik

Rasmusvegen 8

6104 Volda

Volda den 24. november 2017

Statens vegvesen

Region Midt

Postboks 2525

6404 Molde

Reguleringsplan E39 Volda-Furene til offentleg ettersyn. Merknad for gbnr 19/34 i Volda.

På vegne av og etter fullmakt frå grunneigarane av Elvegata 34, 6103 Volda, gbnr 19/34 har vi merknader til reguleringsplanen. Det er i planperioden gjennomført 3 møter mellom representantar for eigedomen, Volda Kommune og Statens vegvesen. Sjå referat frå møte 20.10.2017 der reguleringsframlegget vart presentert med vekt på bruk og støybelastning av arealet BKB4.

Etter første møte er gangvegsløysinga utvikla og endra til stjerneform. Dette påverkar begge eigedomane på område BKB4. Tilkomsten til gbnr 19/34 er flytta i planforslaget og markert med avkøyrsle gjennom hagen på sørside av bustaden i Myravegen 6. Dette vil forringe bruken av begge eigedomane. Tilkomst i eigedomsgrense syd over Myravegen 6 er heller ikkje noko reelt alternativ på grunn av stigning/høgdeforhold, siktliner ved bru og omfattande infrastruktur i form av jordkabel til høgspent. I siste møte vart tilkomsten til gbnr 19/34 teke opp på nytt. Å plassere denne tilkomsten nord for Myravegen 6 vert å sjå på som ei mindre endring som kan innarbeidast, ved at gangvegen SGS4 har blanda formål dei første metrane frå kommunal veg. Dette vil kunne avgrense tillaten trafikkbelastning på avkøyrsle til gbnr 19/34 utan at dette er i konflikt med reguleringsformålet for heile BKB4. Dette vert å løyse i byggeperioden. Eigarane av gbnr 19/34 føreset at avkøyrsle til gbnr 19/34 blir flytta til nordsida av gbnr 19/205 og at denne vert etablert i gjennomføringsperioden.

Gbnr 19/34 er sterkt råka av tiltaket. Bygningane er SEFRAK registrerte og nenmt særskilt i punkt 6.3.2 planomtale med vurderingar rundt flytting eller innløysing. 19/34 er også nevnt i punkt 6.10 der riving er sett på som alternativ på grunn av mellombels anleggsveg og

påfølgande sykkelrampe. Grunneigarane er kjent med alternativa i planen, men vil måtte kome tilbake på dette i samband med vedtak om gjennomføring og framtidig bruk av område 19/34 som del av BKB4. Uansett val vil infrastrukturen i form av vatn/avløp/straum og telekommunikasjon som i dag forsyner bygningane på 19/34 måtte endrast. I forhold til formålet på BKB4 må ein forutsette dette vert ivareteke ved utbygging ved at nemnde infrastruktur blir framført til arealet etter nærare av avtale i gjennomføringsfasen.

På siste møte orienterte representant frå kommune overordna om føringane i forhold til byggegrenser mot Europaveg og kommunale vegar. Dette vert å ta vidare i detaljregulering der bygningar som garasjar kan nyttast som støydempande tiltak mot veg og skjerme bygningar på eigedomen slik at denne på beste vis kan nyttast til formålet.

På vegne av grunneigarane Gnr 19/Bnr 34

Med beste helsing

for

Are Halkjelsvik og Inge Lid

HØGSKULEN I VOLDA

Avdeling for - skriv avdeling her
Avdeling for - skriv avdeling her

Klikke her og skriv
Klikke her og skriv
Klikke her og skriv
Klikke her og skriv

DERES REF:	VÅR REF:	DATO:
Klikk her og skriv	Klikk her og skriv	Klikk her og skriv

Merknad til reguleringsplan E39 Volda – Furene – Volda kommune

Viser til mottatt varsel om offentleg ettersyn av reguleringsplan i sak Reguleringsplan E39 Volda – Furene – Volda kommune den 6. oktober.

Høgskulen i Volda vil takke for god informasjon frå Statens vegvesen og Volda kommune i samband framlegging av reguleringsplanen. Høgskulen er positive til Voldatunnelen og dei overordna løysingane som er foreslått i reguleringsplanen.

For høgskulen er det viktig at studentar og tilsette har ein trygg og god tilkomst til campusområdet. Høgskulen er positive til at dei mjuke trafikantane er godt ivaretatt ved at ein har valt å senke køyrebanen og lage ei «stjernebru» i plan for gåande og syklistar. Dette bind studentboligane på Heltne fint saman med campusområdet.

Høgskulen er bekymra for at tilkomsten til Studentsamskipnaden ikkje er betre ivaretatt i reguleringsplanen. Særleg risikofylt er det for rørslehemma studentar å måtte krysse Elvegata for å kome frå campus til Studentsamskipnaden. I reguleringsplanen stoppar gang- og sykkelvegen ved busshaldeplassen på motsett side av campus. Denne bør førast heilt fram til reguleringsplanens grense slik at ein kan kome til Studentsamskipnaden utan å krysse Elvegata.

Ein er også bekymra for at det ikkje er innarbeida eit fotgjengarfelt over Elvegata. Mest truleg vil mange ta kortaste vegen mellom campus og busstoppet på andre sida av Elvegata, i staden for å gå opp til stjernekrysset for å kome over vegen. Dette kan gje mange farlege situasjonar. Eit fotgjengarfelt over Elvegata vil betre både tilkomsten til busstoppet og Studentsamskipnaden.

Høgskulen er noe uroa over at det ikkje er planlagd ein løysing der ekspressbussar som køyrer E39 kan setje av/ta på passasjerar utan å køyre nedom Volda rutebilstasjon. Sjølv om det er sagt at mykje trafikk fortsatt skal gå via dagens E39, bør ein ta høgde for at dette kan bli endra i framtida.

Postboks 500
6101 Volda
tlf. 70 07 50 00

Besøksadresse
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
hivolda.no

Ein bør vurdere eit kollektivstopp på E39-traseen mellom Rotsethorntunnelen og Ørskogfjellet, slik at ein legg til rette for effektiv pendling til både høgskulen og sjukehus frå regionen. Dersom dette er vanskeleg å få til grunna den senka vegbanen i rundkjøringa, bør ein vurdere ei løysing der bussen kan køyre av E39, setje av/ta på passasjerar like ved sjukehuskrysset og returnere til E39 på ein effektiv måte, til dømes via rundkøyringa i krysset Heltnevegen/Vikebygdegen.

Høgskulen er nøgd med at reguleringsplanen inneheld ein ny tilkomst til campus via Nytun. Denne tilkomsten er nødvendig for å kunne oppretthalde varetransporten til baksida av Berte Kanutte når det nye mediebygget kjem på tomta mellom Berte Kanutte og Strømhuset.

Høgskulen noterer seg at det også er markert moglegheit for tilkomst til Ivar Aasen-huset via Nytun. Det er planlagd ein Kunnskapspark i Ivar Aasen-huset når høgskulen flyttar til det nye mediebygget. Det er viktig at tilkomsten til Kunnskapsparken er enkel, då målet er at Kunnskapsparken skal bli ein møteplass der det kjem tilreisande frå heile regionen. Ein bør derfor også lage ein tilkomst til Ivar Aasen-huset via hovudinnkjørselen til campusområdet frå Elvegata. Høgskulen reknar med at dette er noko ein vil ta med når ein startar detaljplanlegginga.

Til slutt er høgskulen nøgd med at ein har gjort ein grundig berekning av støyforhold, og at ein vil vurdere tiltak for sikre tilhøva for undervisninga i høgskulebygga nærast sjukehuskrysset.

Høgskulen takkar for invitasjonen til å kome med merknadar til reguleringsplanen, og ser fram til ein god dialog i den vidare planlegginga og gjennomføringa.

Med vennleg helsing

Karen Lomeland Jacobsen
Høgskuledirektør

Postboks 500
6101 Volda
tlf. 70 07 50 00

Besøksadresse
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
hivolda.no

Statens Vegvesen
Postboks 8142 DEP
0033 OSLO

Volda, 20.03.2015

Fråsegn i sak med PLANID 2016001 – Reguleringsplan E39 Volda – Furene.

Syner til mottatt varsel av 6.oktober om offentleg ettersyn av reguleringsplan for E29 Volda – Furene.

Sunnmøre Kulturnæringshage AS arbeider med forprosjekt for etablering av Volda Kunnskapspark i Ivar Aasen-huset på campus når huset blir disponibelt til annan bruk 2.halvår 2020. I motsetning til alle andre bygg og tomter på campus som er eigd av Statsbygg er Ivar Aasen-huset og tomta det står på eigd av Volda kommune. Forprosjektet som skal være ferdig i 2018 er finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda kommune, Høgskulen i Volda og Sunnmøre Kulturnæringshage AS. Etter forprosjektet legg ein opp til eit hovudprosjekt for Volda Kunnskapspark som skal avsluttast i 2020.

Etter planen vil Volda Kunnskapspark samlokalisere om lag 30 selskap innan kunnskapsintensiv tenesteproduksjon. Bygget vil og huse offentleg tilgjengelege laboratorium for rask prototyping (FABlab), arbeidsallmenning for studentbedrifter og andre oppstartsbedrifter samt ulike spesialrom for bedriftene i kunnskapsparken. Kunnskapsparken vil være både ein regional og nasjonal ressurs og kunne operere tverrfaglege inkubatorar/akseleratorar for bedrifter med utspring i fagutdanning og fagmiljø ved Høgskulen i Volda.

Ved gjennomføring av reguleringsplanen slik den føreligg, vil svært mange av dagens eksisterande parkeringsplassar for Ivar Aasen-huset falle bort. Dagens tilkomst til Ivar Aasen-huset vil og bli borte, og det lyt etablerast ny tilkomstveg til bygget. Slik vi ser det vil ny tilkomst med bil til Ivar Aasen-huset via Nytun langs grensa mot gnr/bnr 19/29 være ei betre løysing enn ny tilkomst via hovudinnkøyringa til campus i Elvegata ettersom tilkomst via Nytun ikkje vil kome i konflikt med planlagd gang- og sykkelveg på aust- sør- og vestsida av eigedomen.

Bortfall av parkeringsplassar og den planlagde aktiviteten i bygget aukar behovet for gode løysingar i høve offentleg kommunikasjon. Når det ikkje er lagt opp til gangfelt mellom dei to busstoppa i Elvegata fryktar vi at reisande med buss vil krysse vegen og skape trafikkfarlege situasjonar framfor å gå opp til gangvegløysinga i krysset, ettersom dette vil opplevast som å gå motsett veg i høve dit ein skal.

Beste helsing,

Martin Foldal
Dagleg leiar

Fra: Jørgen Einar Amdam[Jorgen.Amdam@hivolda.no]
Sendt: 14.11.2017 09:47:42
Til: V-Postmottak
Tittel: VS: VS: Utkast til høringsvar reguleringsplan E39 Volda - Furene

---

Fra: Jens Standal Groven
Sendt: 14. november 2017 09:42
Til: Johann Roppen
Kopi: Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen; Jan Henning Egset; 'Martin Foldal'; Jørgen Einar Amdam; Rune Sjurgard
Emne: VS: VS: Utkast til høringsvar reguleringsplan E39 Volda - Furene

Hei,
Sjå vedlegg til orientering. Vi synest det er viktig at de veit om vårt svar (mogleg med nokre justeringar som vi tar internt). Dette er viktig for framtida til Høgskulen og Volda og vi foreslår at vi held kvarandre godt orientert.

Eg tok på meg å formidle vår direktør sitt høyringssvar til reguleringsplan Volda Furene (vedlagt utkast, vi sender endeleg dokument via vanlege kanaler).

Samskipnaden har no formidla at dei i grove trekk er heilt på linje med Karen sitt gode framlegg til høringssvar.

Martin har nokre eigne merknader (sjå vedlegg).

Takk for innspel og så snakkast vi om det er noko meir.

Fra: Martin Foldal [mailto:mf@sknh.no]
Sendt: 13. november 2017 19:44
Til: Jan Henning Egset <je@sivolda.no>; martin@sknh.no; Jens Standal Groven <jensg@hivolda.no>
Emne: Re: VS: Utkast til høringsvar reguleringsplan E39 Volda - Furene

Sjå vedlegg.
Eg har i utgangspunktet eit anna syn enn HVO på tilkomsten til Ivar Aasen-bygget. Trur det kan bli litt kronglete med tilkomst via innkøyringa til Høgskulen, og Vegvesenet vil neppe bli begeistra for at gang/sykkelvei langs Elvegata får bilvei på begge sider?

Beste helsing,
Martin Foldal
dagleg leiar

Mobil 9222 4165

Sunnmøre Kulturnæringshage AS
Storgata 8
6100 Volda

Telefon: 70 33 06 60
Telefaks: 70 33 06 61
Video IP: 213.128.190.166
Video: sknh@vcn.no
Internett:www.sknh.no
FB: http://www.facebook.com/knutepunktforkreative
Twitter:https://twitter.com/framdrift

On 13. november 2017 at 15:17:02, Jens Standal Groven (jensg@hivolda.no) wrote:

> Sjå vedlegg, kom gjerne med inbspel til meg.
> Mvh Jens
>
> Sendt fra Windows 10-telefonen min

Fra: Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen
Sendt: søndag 12. november 2017 kl. 22:03
Til: Johann Roppen; Jens Standal Groven; Leif Roar Strand; Jacob Kjøde
Emne: Utkast til høringsvar reguleringsplan E39 Volda - Furene

Hei

Eg har lage eit utkast til høringssvar til reguleringsplanen for Voldatunnelen.

Eg har gjort det relativt kort. Kom gjerne med innspel til ting som bør med eller dersom noko bør utdjupast.

Mvh Karen

For journalføring:

Per Heltne: Det som gjeld regulering E 39/Voldatunnelen

Asbjørn Moltudal: Det som gjeld innspel til samferdselsavdelinga/rutetilbod

Send også ut som orienteirngssak for FSK 14. november

Fra: Johann Roppen [jr@hivolda.no]
Sendt: 3. november 2017 13:41
Til: Rune Sjurgard; Jørgen Einar Amdam
Kopi: Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen; Jens Standal Groven
Emne: Ang busstilbod til Høgskulen

Hei!

Ei sak som har gått litt under radaren - i det minste min radar – er busstilbodet til og frå Høgskulen og for så vidt også sjukehuset.

Slik planen for ny E39 no ser ut er det ikkje lagt til rette for buss på ein forsvarleg måte i framtida og det kjem vi til å gi beskjed om i form av ei høyringsfråsegn. Vi håper Volda kommune og Helse Møre og Romsdal støttar oss i dette og reknar med at også samferdselavdelinga i fylket ser at slik planen no er det i alt for liten grad planlagt for kollektivtrafikk.

Men på kort sikt er det heller ikkje eit godt nok busstilbod til og frå HVO. Manglande buss til og frå flyplassen er for så vidt vel kjent, men er ikkje mindre presserande av den grunn. Verre er det at busstilbodet som faktisk finst er så frykteleg vanskeleg å orientere seg om at ikkje ein gong sjåførane alltid veit korleis dei skal køyre. Det har eg sjølv erfart - og fått dokumentert i form av refundert drosjerekning frå busselskapet.

Tilsette og studentar som prøver å pendle til og frå høgskulen opplever også at busstilbodet er svært upraktisk å nytte. Ein tilsett som bur i Fosnavåg fortel at turen tek 45 min om han køyrer eigen bil. Med buss vil turen ta 1,5-2 timar. Så dette er også ei regional sak.

Eg meiner difor det er viktig at Volda kommune – som er høyringsinstans i samferdselsaker i fylket – også involverer HVO i prosessar/høyringar/planlegging som gjeld samferdsel, som til dømes på våre faste samråd.

Eg har inntrykk av at Ålesund kommune som vertskommune for NTNU Ålesund har vore svært aktiv og pressa på for å få betre busstilbodet til og frå Campus Ålesund. Samferdselutvalet i fylket har vel ei nøkkelrolle i å vurdere det samla busstilbodet i fylket og med samordna og gode innspel bør vi kunne styrke busstilbodet i Volda og regionen.

Med venleg helsing
Johann Roppen
Rektor
Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 20
www.hivolda.no

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Statens vegvesen - Region midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår dato: 12.11.2017
Vår ref.: 201601933-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 06.10.2017
Dykkar ref.: 16/28947-68

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

Fråsegn til offentlig ettersyn - Områdereguleringsplan E39 Volda - Furene - Volda kommune

Viser til oversending datert 06.10.2017. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av reguleringsplan E39 Volda – Furene i Volda kommune. Føremålet med planframlegget er å skaffe formelt plangrunnlag til å etablere ny E39 i tunnel mellom Volda og Furene. I Volda inneber planframlegget også endringar i lokalvegnett og regulering av areal til utbyggingsføremål.

I NVE sitt innspel til varsel om planstart datert 20.05.2016 peika vi på omsyn til vassdrag i planområdet.

Innanfor planområdet (over bakkenivå) er det to vassdrag med årssikker vassføring, jf. Vassressurslova (VRL) § 2. Det er Sagarelva (094.62Z) ved Furene og Storelva (Øyraelva - 094.6A) i Volda. Vi konstaterer at for Storelva er innspela våre ivareteke gjennom føremål i plankartet og føresegnene §§ 5.1 og 7.1, medan Sagarelva ikkje er regulert med same føremål i plankartet. NVE rår til at plankartet og føresegnene vert endra til rette arealbrukskategori for Sagarelva og tilhøyrande kantsone.

Handtering av overflatevatn i anleggsperioden er omtala i planomtalen s. 28. I periodar med mykje nedbør er det skissert at noko av overflatevatnet vil førast ut i Storelva (Øyraelva) og det skal etablerast system for avslamming før vatnet går i vassdraget. Vi kan ikkje sjå at krav til slike tiltak er nedfelt i føresegnene til planframlegget. Sjølv om det er sett krav til Ytre Miljøplan, jf. føresegnene § 10, rår NVE også til at det vert sett særskilde krav til handtering av overflatevatn som skal førast til vassdrag. Vi viser til VRL §§ 5 og 47 som grunnlag for å fremje slike råd.

I planomtale/ROS-analyse er det vist til aktsemdskart for flaum for Storelva (Øyraelva) i Volda. Det er vist til at to utbyggingsområde er omfatta av aktsemdssona, og føreslege krav i føresegnene §§ 3.4 og 3.5 om avklaring av reell flaumfare i samband med detaljregulering. NVE vil peike på at det i ROS-analysen er vist til område B1, medan det i føresegner og planomtale er vist til områda BKB4 og BKB5. For at planmaterialet skal vere enklare å tyde, rår vi til at aktsemdssona for flaum også vert innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner. Vi rår også til at det vert stilt krav til vurdering av fare for erosjon langs vassdraget.

I plankartet er det føreslege regulert omsynssone for ras- og skredfare (H310_) i høve til aktsemdskart for jord- og flaumskred, med tilhøyrande krav i føresegnene om avklaring av reell skredfare i samband med detaljregulering av områda.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor	Region Midt-Norge	Region Nord	Region Sør	Region Vest	Region Øst
Middelthunsgate 29	Vestre Rosten 81	Kongens gate 14-18	Anton Jenssensgate 7	Naustdalsvegen. 1B	Vangsveien 73
Postboks 5091, Majorstuen			Postboks 2124		Postboks 4223
0301 OSLO	7075 TILLER	8514 NARVIK	3103 TØNSBERG	6800 FØRDE	2307 HAMAR

Grunntilhøva i planområdet er skildra i planomtalen s. 15, men omfattar berre områda nær planlagde vegtiltak. I Volda dekkje plankartet også område der NGU sitt lausmassekart viser marine strandavsetningar. I område med marine avsetningar kan det ikkje utelukkast førekomstar av kvikkleire, noko som plandokumenta må ta høgde for.

Det er føreslege krav om detaljregulering for utbyggingsområde som er omfatta av aktsemdssone for skred, og vist til NVE retningslinje 2/2011 og siste avsnitt i kap. 6.5.2 D. NVE reknar med det er ein skrivefeil og her er meint kap. 7.5.2 D.
Krav om utgreiing av den reelle faren i samband med detaljregulering er i samsvar med NVE sine retningslinjer, men vi rår likevel at plandokumenta vert oppdatert slik at det også blir gjeldande for potensiell flaumfare, erosjonsfare og ustabile grunnforhold.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Volda kommune

Statens vegvesen, Region midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår ref.
12/03750-14

Vår dato:
13.11.2017

Deres ref.
16/28947-68

Deres dato:
06.10.2017

Vår saksbehandler:
Einar K Merli - 976 51 687

Volda kommune - E39 Volda-Furene - Varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen - Uttalelse fra Avinor

Vi viser til Deres brev av 06.10.2017 vedrørende varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan for E39 Volda-Furene, i Volda kommune.

Vi registrerer at vegvesenet for Furene har valgt å gå bort fra løsningen i kommunedelplanen og i stedet senket og forlenget tunnelen. Den nye løsningen gir mulighet for en fremtidig forlengelse av Torvmyrvegen i kulvert nær rundkjøringen og i kulvert under vilttrekket.

Høyderestriksjonene rundt Ørsta-Volda lufthamn er innarbeidet som hensynssone H190 og beskrevet i § 8.2 i tilhørende reguleringsbestemmelser etter ønske fra Avinor.
Bestemmelsen ivaretar hinderflatene (innflygingsflate og sideflate), lysbruk, bruk av kraner og anleggsmaskiner i anleggsperioden samt eventuelt krav om påmontering av hinderlys på lysmaster.

Avinor har ingen ytterligere merknader til planen i forbindelse med offentlig ettersyn.

Med vennlig hilsen
Avinor AS

Einar K Merli
Arealplanlegger
Masterplaner og arealdisponering

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Volda kommune

Postboks 150 NO-2061 Gardermoen
Tlf: +47 815 30 550 / Fax: +47 64 81 20 01
post@avinor.no / avinor.no
NO 985 198 292 MVA

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Regine Solberg Aklestad	Arkivsak nr.:	2017/2238
		Arkivkode:	C44

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/18	Forvaltningsutvalet	06.03.2018
36/18	Formannskapet	13.03.2018
32/18	Kommunestyret	22.03.2018
63/18	Formannskapet	17.04.2018

BYGNINGSMILJØ OG ESTETISK RETTLEIAR - VEDTAK

Handsaming:
Planleggar Regine Solberg Aklestad orienterte og svara på spørsmål frå kommunestyret.

Erlend Krumsvik, Krf, kom med slikt framlegg til endring i Retningsliner og rutinar for utvikling under punkt 6.1 Halkjelsvika, i Bygingsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum:

Kulepunkt 3 blir erstatta med nytt punkt:

Gamalt punkt:
Føresegnene bør presisere at ved fortetting eller ny bebyggelse skal denne underordne seg det eldre trehusmiljøet i volum, materialbruk og og formspråk. Nye byggverk bør verke til å styrkje gaterom og plassdanningar i sentrumsområda. Hovudtrekk i bygningsvolum, bygningsbreidder og -høgder mot gata bør vidareførast. Orienteringa av nye bygningar bør følgje eit etablert mønster. ***[går ut]***

Nytt punkt:
Føresegnene skal motivere til høgare utnyttingsgrad av areal i sentrum, og ny bebyggelse bør skje i form av høgare hus, i kombinasjon med formålstenlege parkeringsløysingar som frigir plass i sentrumsområdet. ***[Nytt punkt]***

Kulepunkt 7 blir sletta:
Føresegner bør presisere at ein ynskjer å ta i vare uthus og sjøgløtt i området. ***[går ut]***

Kulepunkt 9 blir sletta:
Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig. ***[går ut]***

Kulepunkt 9 blir sletta:

Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane. ***[går ut]***

Nytt punkt:
Ein reguleringsplan skal være avklarande, og kommunestyret ynskjer vurdert bygningshøgde på inntil 8 etasjer i sentrumssona, som samspelar med eldre trehusbebyggelse og hamneområde. ***[Nytt punkt]***

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett og sendt til formannskapet for vidare handsaming.

Røysting (27 røysteføre):

Utsettingsframlegget vart vedteke med 18 røyster, 9 røysta imot.

Vedtak i kommunestyret - 22.03.2018:
Saka vert utsett og sendt til formannskapet for vidare handsaming.

Handsaming:
Planleggar Regine Aklestad møtte under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå forvaltningsutvalet vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 13.03.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Handsaming:
Regine Aklestad orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Forvaltningsutvalet - 06.03.2018:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Vedleggsliste:
Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum, datert 15.02.2018 (link: https://indd.adobe.com/view/2a2d00b2-5334-4549-9b29-baade7bac047)
Innspel til «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum».

Uprenta saksvedlegg:
Planprogram kommuneplanen sin arealdel
«Bygningsmiljø og estetisk rettleiar», høyringsutkast datert 24.11.2017

Samandrag av saka:

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står det at det skal utarbeidast føresegner og retningsliner for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune. Arbeidet med dokumentet "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar" starta i juni 2017. Desember 2017 vart dokumentet sendt ut på høyring. Administrasjonen har gått gjennom innspel og oppdatert dokumentet. Administrasjonen ynskjer at dokumentet handsamast både av forvaltningsutvalet og formannskapet, før det går vidare til kommunestyret. Administrasjonen ynskjer at dokumentet skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Saksopplysningar/fakta:

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står det at det skal utarbeidast føresegner og retningsliner for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune. Arbeidet med dette dokumentet starta juni 2017 og har vore leia av planleggar ved sektor for utvikling i Volda kommune. I oppstarten vart det oppretta ein arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Volda kommune, kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune og historikar frå Høgskulen i Volda. Parallelt med prosjektet har ein utarbeidd ein kulturminneplan for kommunen, og prosjektgruppa for kulturminneplanen har også vore involvert i dette arbeidet. Personale ved biblioteket har vore til stor hjelp med å finne informasjon knytt til dokumentet. I tillegg har ein vore i kontakt med andre lokale einskildpersonar for å samle informasjon.

Mål for arbeidet
Arbeidsgruppa har definert målsettinga med arbeidet slik:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningsliner.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dokumentet skal vere eit grunnlag for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. I utforminga av dokumentet er det lagt vekt på at rettleiaren skal kunne nyttast som råd og hjelp til tiltakshavar, arkitektar og prosjekterande. Etter handsaming i kommunestyret vil dokumentet publiserast m.a. på kommunen sine heimesider. Det kan også vere aktuelt å trykke opp dokumentet, slik at det kan delast ut til politikarar, utbyggarar, publikum og andre interesserte.

Innhald
Dokumentet inneheld fylgjande hovudkapittel:
1 Innhald
2 Innleiing
3 Tilskot
4 Historisk utvikling av tettstaden Volda
5 Volda-landskapet
6 Verdifulle bygningsmiljø
7 Estetisk rettleiar for restaurering og tilpassing
8 Bygningar av nasjonal og regional verdi
9 Kjelder
10 Nyttige nettsider

Kapittel 6 Verdifulle bygningsmiljø inneheld utvalte område med særlege kvalitetar knytt til bygningsmiljø. Kapittelet inneheld ei omtale av dei ulike områda, kjenneteikn, planstatus og retningsliner og rutinar for utvikling.

Høyring
Dokumentet vart sendt på høyring 12.12.2017. Det kom inn sju innspel til rettleiaren. Volda kommune takkar for innkomne innspel og gode tilbakemeldingar. Innspel med kommentar frå administrasjonen er samla i vedlegg 2. Kort oppsummering:

- Jorun Marie Kvernberg: innspel knytt til Anders Vassbotnvegen 23 og Kylnevegen 2.
  Kommentar frå administrasjonen: Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kapittel 8.3 Bygningar med høg lokal verdi.
- Røysgarden sameige: innspel knytt til Røysgarden.
  Kommentar frå administrasjonen: Ingen endringar i dokumentet.
- Roar Driveklepp: innspel knytt til kapittel 6.11 Uthus
  Kommentar frå administrasjonen: Kapittel 6.11 Uthus i rettleiaren vert oppdatert i samsvar med innspel.
- Roar Driveklepp: innspel knytt til kapittel 6.1 Halkjelsvika, angåande forretning og andre publikumsretta funksjonar på gateplan.
  Kommentar frå administrasjonen: Punktet «Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller anna publikumsretta funksjonar på gateplan i området…» er forandra til «Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller andre publikumsretta funksjonar på gateplan i Snippa og Halkjelsgata.» I tillegg har ein lagt til punktet «Nye fortettings- eller utviklingsprosjekt bør også ha publikumsretta funksjonar på gateplan.»
- Anne-Sofie Egset og Jakob Kjøde jr.: Innspel knytt til Gamlevegen 2.
  Kommentar frå administrasjonen: Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kapittel 8.3 Bygningar med høg lokal verdi.
- Stiftinga Gamlegymnaset i Volda: generelle kommentarar.
  Kommentar frå administrasjonen: Ingen endringar i dokumentet.
- Møre og Romsdal fylkeskommune: generelle kommentarar.
  Kommentar frå administrasjonen: Ingen endringar i dokumentet.

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal: generelle kommentarar.
  Kommentar frå administrasjonen: Ingen endringar i dokumentet.
- Andre justeringar frå administrasjonen: I kapittel 6.1 har ein teke med ei kort omtale av reguleringsplan for Moritzmarka, som ikkje var med i høyringsutkastet. Ein har i tillegg oppdatert avgrensinga av området (i kartskissa i same kapittel) i samsvar med dette.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen kjente konsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:
Rettleiaren har ingen kjente økonomiske konsekvensar.

Etter handsaming i kommunestyret kan det vere aktuelt å trykke opp dokumentet, slik at det kan delast ut til utbyggarar, publikum og andre interesserte.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen kjente konsekvensar.

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Eiga liste

Klageinstans:
Fylkesmannen

BYGNINGSMILJØ OG ESTETISK RETTLEIAR

VOLDA SENTRUM

15.02.2018

FORORD

Volda sentrum har mange kvalitetar det er viktig å take vare på. Volda var, er og blir i endå større grad i framtida sentrum i ein region med over 70.000 innbyggarar og som aukar presset på arealbruk og omstilling. Volda er sentrum for offentleg verksemd, men også eit viktig sentrum for privat service – «alle vegar fører til Volda». Omstillingspress krev fortetting og ombygging, korleis skal vi gjere dette slik at vi utviklar gode bygningsmiljø og gjere Volda endå meir attraktiv for innbyggarar og besøkande? Å gi gode og klare svar på desse og anna estetiske spørsmål er det overordna målet med denne rettleiaren.

I rettleiaren har arbeidsgruppa formulert desse måla:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningsliner.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dette er viktige mål og eg meinar rettleiaren gir gode svar. På vegne av oss innbyggarar og politikarar i kommunen er eg stolt og glad for innsatsen som arbeidsgruppa har gjort for å hjelpe oss i dette viktige arbeidet.

Jørgen Amdam
Ordførar

1 INNHALD

	Forord	s. 2
1	**Innhald**	**s. 2**
2	**Innleiing**	**s. 2**
2.1	Bakgrunn for arbeidet	s. 2
2.2	Avgrensing av arbeidet	s. 2
2.3	Kva er eit bygningsmiljø?	s. 3
2.4	Kvifor ta vare på bygningsmiljøet?	s. 4
2.5	Gjennomføring og metode	s. 4
2.6	Mål for arbeidet	s. 4
2.7	Lovverk	s. 4
3	**Tilskot**	**s. 5**
4	**Historisk utvikling av tettstaden Volda**	**s. 6**
4.1	Volda fram til 1910	s. 6
4.2	Volda i mellomkrigstida	s. 8
4.3	Volda etter 1945	s. 10
4.4	Volda i 2017 og gjeldande planar	s. 12
5	**Voldalandskapet**	**s. 14**
5.1	Karakteristiske element	s. 14
5.2	Historisk utvikling av tilknytinga til landskapet	s. 14
6	**Verdifulle bygningsmiljø**	**s. 16**
6.1	Halkjelsvika	s. 16
6.2	Hauane	s. 18
6.3	Elvadalen	s. 20
6.4	Rotsetfjøra	s. 22
6.5	Sveitserrekkja	s. 24
6.6	Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen	s. 26
6.7	Brenslene, Granlida og Furebakken	s. 28
6.8	Skuleløypa	s. 30
6.9	Skifertak	s. 32
6.10	Løer	s. 34
6.11	Uthus	s. 36
7	**Estetisk rettleiar for restaurering og tilpassing**	**s. 38**
7.1	Restaurering og tilpassing	s. 38
7.2	Tilbygg på eldre hus	s. 39
7.3	Fortetting og nye bygg	s. 40
7.4	Huset sin tilstand og moglegheiter	s. 40
8	**Bygningar av nasjonal og regional verdi**	**s. 41**
8.1	Bygningar med nasjonal verdi	s. 41
8.2	Bygningar med regional verdi	s. 42
8.3	Bygningar med lokal høg verdi	s. 44
9	**Kjelder**	**s. 49**
10	**Nyttige nettsider**	**s. 50**

2 INNLEIING

2.1 Bakgrunn for arbeidet

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står mellom anna fylgjande to arealstrategiar:

- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.

- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

I planprogrammet står det også at det skal utarbeidast føresegner og retningsliner for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune. Dokumentet skal leggast til grunn for kommuneplanen sin arealdel.

2.2 Avgrensing av arbeidet

For å avgrense arbeidet inneheld dette heftet ein gjennomgang av bygningsmiljø i eller knytt til tettstaden Volda. Det er lagt vekt på å undersøkje eksisterande bygningsmiljø med spesiell verdi.

2.3 Kva er eit bygningsmiljø?

Eit bygningsmiljø er ein samling av bygningar som er plassert slik at dei kan oppfattast under eitt. Det kan til dømes vere ein einskapleg bygningsmasse rundt eit gateløp, ein plass eller eit grøntområde. Bygningsmiljø kan vere alt frå ei mindre husgruppe på nokre få bygningar i eit lokalt miljø, til meir spreidd bygdebebyggelse og deler av eller heile byar eller tettstadar. I ordet bygningsmiljø er det vanleg å legge eigenskapar som ”einskapleg”, ”harmonisk” eller ”med felles trekk”.

Bygningar og bygningsmiljø er fysiske element i det offentlege rom som fortel historier om ulike tidsepokar. Bygningane gjer historiene levande og lettare å forstå for oss som lever i dag, og for dei som kjem etter oss.

2.4 Kvifor ta vare på bygningsmiljøet?

Bygningsmiljøet avspeglar både det fysiske landskapet, lokale og nasjonale hendingar, lovverk og trendar. Dagens byar og bygder ber med seg spor etter historia. Desse spora karakteriserar staden og gir den særpreg og eigenart. Bygningar og bygningsmiljø er med på å gjere historier levande.

Bygningsmiljøet i Volda er ein del av kulturarven, og representerar viktige verdiar og felles ressursar for samfunnet i dag – og i framtida. Opplevingsverdien, identitetsverdien, symbolverdien og kunnskapsverdien er viktige sider av kulturarven si samfunnsmessige verdi. Kulturarven kan også nyttast til å auke stadens omdømme og konkurransekraft, til å tiltrekke besøkande og til merkevarebygging.

2.5 Gjennomføring og metode

Arbeidet med dette dokumentet starta juni 2017 og har vore leia av planleggar ved sektor for utvikling i Volda kommune. I oppstarten vart det oppretta ein arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Volda kommune, kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune og historikar frå Høgskulen i Volda. Parallellt med dette prosjektet har det vore arbeidd med ein kulturminneplan for kommunen, og prosjektgruppa for kulturminneplanen har også vore involvert i dette arbeidet. Det har vore to heildags-prosjektmøte med arbeidsgruppa, i tillegg til mindre arbeidsmøte og e-postutveksling. Det har også vore gjennomført synfaringar i dei ulike områda, med representantar frå prosjektgruppa.

Bakgrunnsdokument og kjeldemateriale er i hovudsak funne på biblioteket i Volda, kommunen sine arkiv, internett og i ulike kartdatabasar. Ein har også nytta Facebook og vore i kontakt med einskildpersonar for å få tak i informasjon knytt til arbeidet. Kjeldelista står bakerst i dokumentet. Figurar og bilete er produsert av Regine S. Aklestad der ikkje anna er nemnd.

Dokumentet vart lagt ut til høyring 12.12.2017 og vedteke av kommunestyret xx.xx.xxxx.

2.6 Mål for arbeidet

Arbeidsgruppa har definert målsettinga med arbeidet slik:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningsliner.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dokumentet skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. I utforminga av dokumentet er det lagt vekt på at rettleiaren skal kunne nyttast som råd og hjelp til tiltakshavar, arkitektar og prosjekterande.

2.7 Lovverk

Plan- og bygningslova (pbl) set rammar for offentleg og privat arealplanlegging, og for kva eigarar kan gjere av bygging og andre tiltak på eigedomene sine.

I fylgje plan- og bygningslova skal alle kommunar ha ein kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Arealdelen er ein overordna plan for heile kommunen. Reguleringsplanar er meir detaltjerte planar for mindre område. I arealplanane vert områda regulert til arealformål med føresegner. Områda kan i tillegg regulerast med omsynssonar. Det kan til dømes vere sone med særleg omsyn til bevaring av natur- eller kulturmiljø.

Kulturminneloven er det sentrale lovverket for å ta i vare kulturmiljø og kulturminne. Det sterkaste verkemiddelet er fredning. Ein rekkje faste kulturminne er freda direkte i lova (automatisk freda kulturminne). Ein kan også frede utvala kulturminne ved enkeltvedtak (vedtaksfreda kulturminne).

Hauane, Volda.

3 TILSKOT

Det er mogleg å søkje om midlar til vedlikehald, utbetring og utvikling av bygningar ved både statlege, regionale og private ordningar. Ordningane varierar frå år til år, nokre vert borte og andre kjem til. Her er likevel ein liste over eit utval aktuelle ordningar:

Kulturminnefondet
Tilskotsordninga er eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne. Også frivillige lag og organisasjonar, anten de eig kulturminna sjølv eller forvaltar dei på vegne av andre, kan søkje.
kulturminnefondet.no/

Kultur- og miljølegatet og Landbrukslegatet i Norges Vel
Midlane fordelast av Norges Vel, og satsingsområde er bevaring av gamle hus og gjenstandar dersom dei inngår i næringsverksemd (turisme eller næringsliv).
www.norgesvel.no/kultur-og-miljoelegatet.303192.no.html
www.norgesvel.no/landbrukslegatet.303190.no.html

Rydd et kulturminne
Midlane fordelast av Norsk kulturarv, og går til skjøtsel av kulturminne.
www.kulturarv.no/aksjoner/rydd-et-kulturminne

«Ta et tak»-aksjonen
Midlane fordelast av Norsk Kulturarv og rettar seg mot våningshus og driftsbygningar.
www.kulturarv.no/aksjoner/ta-et-tak-aksjonen

Enovatilskotet
Enova deler ut tilskot til etterisolering, oppgradering av bygningskroppen, montering av tettelister eller andre prosjekt knytt til reduksjon av energibehov i bygningar.
www.enova.no/privat/alle-energitiltak/

Tilskot til kulturminne og kulturmiljø av regional og høg lokal verdi
Møre og Romsdal fylkeskommune gir tilskot til vedlikehalds- og istandsettingsarbeid av kulturminne og kulturmiljø av regional og høg lokal verneverdi. Tilskot kan tildelast private eigarar av kulturminne og kulturmiljø. Også private stiftingar, foreiningar/organisasjonar/sameige/frivillige, museum og kommunar kan søkje.
https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-kulturminne-og-kulturmiljoe

Tilskot til forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand for bygningar og anlegg
Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr tilskot til forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand for bygningar og anlegg. Tilskotet kan nyttast til å få fram godt grunnlagsmateriale for vidare tiltak til bygningar. Bygg og anlegg som er listeført med lokal verdi i kommunale kulturminneplanar eller som inngår i regulerte verneområde kan søkje på tilskotet.
https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-forundersoekingar-eller-arkitektfagleg-bistand-for-bygningar-og-anlegg

Tilskot til freda bygningar og anlegg
Statstilskot frå Riksantikvaren til vedlikehald, istandsettingsarbeid og restaurering av freda bygningar og anlegg. Tilskot kan tildelast private eigarar av kulturminne freda etter Kulturminnelova, private stiftingar, foreiningar/organisasjonar/sameige, frivillige og liknande, og museum som eig freda bygningar.
https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-freda-bygningar-og-anlegg

Tilskot til skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne
Møre og Romsdal fylkeskommune har ei ordning som gjeld skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne og kulturmiljø som er av høg verneverdi. Tilskot kan tildelast private eigarar av kulturminne og kulturmiljø samt stiftingar, foreiningar/organisasjonar/sameige/frivillige, museum og kommunar.
https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-skilting-skjoetsel-og-tilrettelegging-av-kulturminne

Tilskot til forprosjekt med tema reiseliv og kulturarv
Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til realisering av prosjekt der kombinasjonen reiseliv og kulturarv går saman som tema på ein god måte, samt å spreie kunnskap om kulturarven.
https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-forprosjekt-med-reiseliv-og-kulturarv-som-tema

Kulturminnefondet har også ei oppdatert oversikt over ulike tilskotsordningar:
kulturminnefondet.no/soknad/andre-tilskuddsordninger/

4 HISTORISK UTVIKLING AV TETTSTADEN VOLDA

4.1 Volda fram til 1910

Utvikling av eit sentrum

I Halkjelsvika er det gjort reidskapsfunn tilbake til steinalderen. Halkjelsvika er nemnd i Snorre Sturlason sine kongesoger fordi Vika vart nytta i samband med slaget i Hjørungavåg i 988. Ovanfor Halkjelsvika var det svært god jordbruksjord, og det var lett å rydde og dyrke åkrar. Kyrkjestaden er fleire hundre år gamal, og ein meiner det var kultstad her også før kristninga av landet. Den eldste kyrkja i Volda sto like ved tunet på Halkjelsvik, og kyrkja fungerte som navet i Volda. Kyrkja er ein av grunnane til at Volda vaks fram som eit bygdesamfunn.

Nedre Rotset var tidleg eit trafikknutepunkt, handels- og tingstad, men frå midten av 1800-talet flytta dette senteret seg gradvis til Halkjelsvika. Truleg var hamnetilhøva betre der. I tillegg var kyrkja ein viktig møteplass, og handelen føregjekk også på søndagar.

Volda vart bygd opp rundt primærnæringane jordbruk og fiske (sjølvberging), men i andre halvdel av 1800-talet var bygdene på Vestlandet i overgang frå naturalhushald til pengehushald. Halkjelsgata vaks fram som handelssenter. I Halkjelsvik var det også nokre handverkarar, mellom anna skreddar og skomakar. I 1801 var det om lag 8 våningshus og 30 menn i Halkjelsvika, medan det i 1900 var 78 våningshus og 688 innbyggjarar her. Ein viktig grunn til den raske utviklinga var ekspansjon i handel og kommunikasjon. I denne perioden var det også framvekst av industri og etablering av industribedrifter i Volda.



Rit av Halkjelsvik av Rasmus Mork. — Rasmus Mork skriv at i hans ungdomstid såg Halkjelsvik slik ut (f. 1837, d. 1930): — 1. Stova hans Åmund-Anders, far til Lars Mork og Leite-Sevrina. (Visstnok hadde Åmund-Anders meir enn eitt hus). 2. Røys-Rasmus sine 2 stover. 3. Morits-løa. 4. Rasmus-løa. 5. Øyrabrua. 6. Reinholdt-stova. 7. BjønnsJo-stova. 8. Teltbu. 9. Kyrkjegarden og kyrkja. 10. Guri-stova. 11. Veg frå Øyrabrua til kyrkja. 12. Morits-stova. 13. Johan Blichfeldt-stova. 14. Vegen til Ørsta. 15. Vikeneset. 16. Naust utanfor Skjåberghaugen. 17. Skjåberghaugen. 18. Naustet hans P. Berja. — Johan Blichfeldt hadde eit grisehus mellom huset sitt og Morits-stova.

Skisse av Volda sentrum rundt 1850. Illustrasjonen er henta frå boka "Halkjelsvik-gardane 1792–1992", s. 6.

Noreg sitt første trykkeri på landsbygda vart starta opp i 1808 og låg på Ekset (Aarflots prenteverk). To år etter vart avisa Møre etablert. Lokalavisa reknast i dag for å vere Noreg si eldste lokalavis.

I 1846 fekk sorenskrivaren for Søre Sunnmøre sorenskrivarembete fast tilhaldstad i Volda. Da flytta den fyrste sorenskrivaren inn i sorenskrivarbustaden i Skrivarvegen på Rotset. I 1905 sto ein ny sorenskrivarbygning ferdig og innflyttingsklar på Skjerva. Her held Søre Sunnmøre tingrett framleis til.

Industri var i stor grad lokalisert i Elvadalen (Øyraelva). Rundt forrige århundre var der mellom anna mekanisk verkstad, Voldens Aktiegarveri, Møre Støberi og elektrisitetsverk ved Øyraelva. Volda hadde også spinneri og meieri. Åslids Møbelfabrikk vart starta i 1907. Fjordfiske var viktig både som livberging, attåtnæring og hobby.

Ein stor del av einebustadane i Volda sentrum er bygde i perioden 1880–1930. Eigedomsgrenser, vegar og bebyggelse var noko av det som styrte utbygging og utvikling. Dei første tomtene som vart nytta til bustadføremål var på områder som var mindre tenelege til jordbruk. Vest for Halkjelsvika vart bustadområdet på Hauane og Vikeneset etablert. Områda Engeset/Klepp, Gamlevegen, Anders Vassbotnvegen og rundt Røysbakken var også nytta til bustadbygging.

På 1800-talet var sjøen hovudvegen mellom bygdene, særleg for tungtransport. Kaia var knutepunkt og bygdebørs. I 1853 vart Volda dampskipsstoppestad for ruta mellom Bergen og Trondheim, og også stoppestad for lokaldampskipa som gjekk i rute på Sunnmøre frå 1858. I 1891 fekk Volda eit eige dampskip "Laxen" til rutefart på fjorden. I 1908 vart det opna køyreveg mellom Fyrde (Austefjorden) og Volda sentrum. Vegbygging var ei av dei viktigaste oppgåvene i samferdselsutbygginga frå 1800-talet. Langs hamn og vegkryss vart det fortetting med bygningar.

Volda sett frå Øyra-brua, 1901. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 33.

Skulestaden Volda

På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart det starta opp fleire skular i Volda. I 1861 vart Voldens høiere Almueskole etablert. Bygget var plassert ved Øyraelva. Aage Stabels private middelskule vart oppretta i 1891, og var i drift til 1910. Volda private millomskule og gymnas vart skipa i 1910, og vart det første treårige gymnaset på landsbygda i Noreg. I 1966 vart gymnaset fylkeskommunalt, og skulen er i dag Volda vidaregåande skule.

Voldens Privatseminarium vart grunnlagt i 1895. Det vart seinare til Volda lærarskule og er i dag ein del av Høgskulen i Volda.

Primære element for perioden ca. 1800–1910:

- Hamn
- Nye vegar
- Halkjelsvik: senterstruktur med kyrkje
- Industri i Elvadalen (Øyraelva)
- Etablering av skulestaden (mellom anna landsgymnas)
- Bustadbygging på Hauane

Volda, 1895. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 11.



Kart over Volda sentrum 1905. Illustrasjonen er henta frå boka "Løyndom og Røyndom", s. 26.

4.2 Volda i mellomkrigstida

Volda utvkla seg tidleg til ein stad med administrative funksjonar for Søre Sunnmøre. Her var det sorenskrivar, fyr- og hamnevesen, dampskipsstoppestad, kyrkje, telegraf- og rikstelefonsentral, postkontor, lensmannskontor, bokhandel og apotek. Utviklinga av tenester for eit større omland heldt fram i mellomkrigstida.

I 1930 var det 179 våningshus og 1272 innbyggjarar i Volda, og bebyggelsen rundt Halkjelsvika auka. I mellomkrigstida vaks også institusjonane. Volda Handelsskule, seinare Volda vidaregåande skule HK, vart skipa i 1933, og var den første av sitt slag i Noreg utanom byane. I 1938 sto sjukehuset ferdig, og var ein svært viktig tilvekst for bygda. I samband med etablering av institusjonane vaks folketalet.

Fjordfiske heldt fram i mellomkrigstida, og fiskarar herfrå drog ofte til fjernare farvatn. I 1928 hadde Statens Hamnevesen utarbeidd ein plan for eit moderne hamneanlegg med molo, kaier og bryggjer langs stranda.

Transport og trafikk

I åra mellom dei to verdskrigane endra transport- og trafikkbiletet seg. Til Nordvestlandet kom bilane for alvor først frå 1920-åra. Landtrafikken fekk no høgaste prioritet, men det var ikkje slutt på å bruke båt. Løysinga var å skape sterkare samankopling mellom sjø- og landtransport. Aukande biltrafikk aktualiserte bilferje over fjorden mellom Volda og Folkestad, likeeins ny innkøyringsveg frå Ørsta langs sjøen om Vikeneset. Kaia på Vikeneset vart utbygd i 1930-åra. Volda-Folkestad Bilferje L/L vart skipa i 1936. Dette ferjesambandet var svært viktig for samferdsla på Søre Sunnmøre. Utan ferjene hadde det blitt lite bilar i kyst- og fjordbygdene.

Gamle haldeplassen for busstrafikk var plassert i krysset mellom Kyrkjegata og Halkjelsgata. Dette var eit knutepunkt for biltrafikken til og frå sentrum, og til Ørsta gjekk vegen ovanfor kyrkja og over Hauane. Mot Vikebygda og Åmdal gjekk vegen framover Anders Vassbotn vegen, og vegen til Rotset og Austefjorden gjekk "inn over brua". Arbeidet med den nye vegen langs stranda mot Ekset vart starta på 1930-talet, men det var ikkje før rundt 1950 at vegen vart sluttført.

Volda kyrkje

I 1858 vart det bygd ei stor trekyrkje i Halkjelsvik. Natt til 7. april 1929 brann kyrkja ned, og det vart bestemt at den nye kyrkja skulle byggast i stein. Den nye kyrkja vart vigsla i 1932.

Flyfoto av Volda, 1934. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 215.



Sverre Pedersen sin illustrasjon av Volda sentrum etter den nye byplanen, 1935. Illustrasjonen er henta frå boka "Løyndom og Røyndom", s. 192.

Reguleringsplan
Professor Sverre Pedersen utarbeidde ein reguleringsplan for Volda som vart stadfesta i 1940.

Planen viser eit bymessig sentrum med markerte aksar, almenningar og grøntstruktur. Lærarskuleelva er "byelva" og Øyraelva industriområde. Planen vart på langt nær gjennomført, men nokre grep er framleis synleg; mellom anna ved kyrkja.

Primære element for perioden ca 1910–1945:
- Hamn/kai (ferje)
- Vegbygging
- Ny kyrkje
- Sjukehus
- Skular (m.a. lærarskulen)
- Reguleringsplan av Sverre Pedersen
- Fortetting langs hovudvegane og sentrale hamneområde.

Halkjelsgata, 1927. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 196.

Volda lærarskule. Kaarstad-huset vart oppført i 1922. Illustrasjonen er henta frå blogg.hivolda.no.

4.3 Volda etter 1945

Volda hald fram med å vekse også etter krigen, og sentrumsområdet breide seg ut over. Jordbruksareal som tidlegare hadde omkransa sentrum, vart nedbygde. Fleire offentlege utbyggingar skjedde i området nord for kyrkja, til dømes samfunnshuset og rådhuset. Skulestaden Volda var også i vekst. I 1963 fekk gymnaset eit nytt og moderne bygg og i 1971 starta Distriktshøgskulen opp. I 1986 vart eit nytt og moderne sjukehus teke i bruk. Tilstrøyminga av studentar har hatt ein formande faktor på bygda. Arbeidsplassar knytt til skule, forskning og sjukehus har skapt tilflytting til staden.

Rundt 1950 kom det eit nytt hamneanlegg (Holmen) og sidan 60-talet har det skjedd store endringar i høve sjøsida. Ein del masser vart utfylt i området i samband med bygging av det nye sjukehuset i perioden 1986-1988.

Privatbilismen kom til for alvor i større omfang i 1960-åra, og vegnettet vart stadig utvida. Bustadområda vart etter kvart plassert lengre frå sentrum – oppetter dei grøne sidene. På 70-talet auka folketalet, og byggefeltet Røyslid-Heltne vart utbygd. På 80-talet vart bustadfeltet i Bratteberg opparbeidd.

Stadion på Rotset vart teken i bruk i 1956. Det tidlegare industriområdet i Elvadalen vart gradvis tatt i bruk som friluftsområde. Dei viktigaste tiltaka langs elva i høve dette vart gjennomført mellom 1989 og 1997.

Viktige møteplassar i sentrum var Uppheimplassen (til dømes som samlingsplass etter 17. mai-toget), plassen foran Sørheim-huset (til dømes til tenning av julegrana) og Sivert Aarflot-plassen nedanfor kyrkjegarden (til d ømes markering av 10-års jubileet for fred i 1955).

Planarbeid
I perioden etter 1945 kom den offentlege planlegginga inn for fullt. Reguleringsplanar frå 1955, 1965, og 1975 var retningsgivande for utviklinga.

Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm vart stadfest i 1987. Føremålet med planen var å gje rettleiing for vern av eksisterande bebyggelse og utforming av ny bebyggelse. Planområdet var avgrensa av sjøen i sør, Industrigata i aust, Storgata og Smiths gate i vest, og vestover langs Vikenesvegen til riksvegen. Delar av planen er framleis gjeldande.

Utsikt frå Klepp, 1962. Illustrasjonen er henta frå boka "Volda er Volda", s. 36.



Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm. Områder med oransje skravur er spesialområder som skal bevarast.

I 1989 vart planen for Vakrare Volda – Miljøutviklingsplan for Volda sentrum godkjent av kommunestyret. Planen skulle vere "retningsgjevande for vidare utbygging og detaljplanlegging i Volda sentrum".

Sidan 80-talet har daglegvarehandelen i aukande grad vorte lokalisert utanfor sentrumskjernen. Det er også ein tendens med større forretningar i staden for fleire mindre "lokale" butikkar. I Volda sentrum har gamle hus fått nye funksjonar, i 2006 opna til dømes kjøpesenteret Spinneriet i gamle fabrikklokalar.

Primære element for perioden etter ca 1945:

- Hamn/kai (vidare oppgradering av hamn/kai - ferje)
- Vegar (Sjøgata, Elvadalen, busshaldeplass), utfylling i sjø. Nytt vegsystem knytt til regionen.
- Nye bustadområde
- Flyplass (region)
- Skular (m.a. Høgskulen)
- Nytt sjukehus
- Elvadalen friluftsområde
- Kjøpesenter
- Planar m.m.: plan i 1955,1965 og 1975 Ridderstrømplanen 1987, Vakrare Volda 1988/89

Søre Sunnmøre sjukehus. Illustrasjonen er henta frå boka "Volda er Volda", s. 19.

Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen 1960. Illustrasjonen er henta frå boka "Volda er Volda", s. 31.

4.4 Volda i 2017 og gjeldande planar

1. januar 2017 var det 9102 innbyggjarar i Volda kommune, og 6520 innbyggjarar budde i tettstaden Volda. Folketalet i tettstaden er i vekst.

Hausten 2017 hadde Høgskulen i Volda 3705 registrerte studentar, og studentane er viktige ressursar i bygda. Det er høg andel av offentlege arbeidsplassar i kommunen, og både Høgskulen og Volda sjukehus er viktige arbeidsplassar.

Bebyggelsen trekk seg stadig lengre oppover fjellsidene, og området Engeset/Klepp er av dei områda som har hatt stor utbygging dei siste åra. Her er det bygd både einebustadar og fleirmannsbustadar i ulike størrelsar. I sentrumskjernen kan ein sjå fleire innslag av blokkar med leiligheiter. Det kan sjå ut som ein trend her, som elles i landet, at pensjonistar sel einebustadene sine, og kjøper ein sentrumsnær leiligheit i staden.

Sentrale funksjonar som butikkar, kjøpesenter, rådhuset, biblioteket, kyrkja, idrettsområde, høgskulen og sjukehuset ligg i og rundt sentrumskjernen, og det er korte avstandar mellom mange målpunkt. Det er fyrst og framst bustadar som trekk seg oppover fjellsidene og vert bygd lengre og lengre frå sentrumskjernen. Frilutsområda og fjella bak bebyggelsen er viktige rekreasjonsområde og vert mykje brukt. På flyfotoet under kan ein sjå at det framleis er jordbruksareal i og nær sentrumskjernen.

Kommunedelplan for Volda sentrum
Gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum (2009–2021) har som mål å utvikle Volda til ein attraktiv tettstad i regionen, med eit levande og konkurransedyktig sentrum. Planen legg vekt på ein miljøvennleg byutvikling med korte avstandar mellom arbeidsplassar, bustadar, handels- og kulturfunksjonar. Den legg opp til ulike bustadtypar; både konsentrerte sentrumsbustadar, og frittliggande einebustadar. Det er lagt vekt på å sikre samanhengande grønstruktur frå fjord til fjell, og legge til rette for at alle innbygjarane skal ha god tilgang til friluftslivsområde. Planen inneheld ny E39 frå sjukehuskrysset til Furene, og fleire nye gang-, sykkel- og turvegar.

Utviklingsplanen for Volda sentrum
I 2015 laga Gehl Architects ein utviklingsplan for Volda sentrum. Arkitektene var opptekne av å setje menneske i fokus for utviklinga av staden. Dei meiner utvikling av gode møteplasssar og moglegheit for å kunne bevege seg til fots eller med sykkel i sentrumsområdet er viktig i vidare utvikling av Volda. Planen tek for seg mellom anna tema som parkering og trafikk, fortetting, belysning, grønnstruktur, skilting, kunst og byromsutstyr. Gehl valde seg ut fem fokusområde, som dei ville gi ekstra merksemd; Sørheimhuset, Voldaparken, Volda hamn, Hamnegata og Elvadalen. I kommuneplanen sin samfunnsdel (2016–2028) er det sett som mål å realisere tiltak i samsvar med Utviklingingsplanen for Volda sentrum. Arbeidet med å realisere tursti langs Elvadalen er mellom anna i gang.

Flyfoto av tettstaden Volda, 2017. Illustrasjonen er henta frå google.no.

Utsikt frå Rotset. Bebyggelsen i tettstaden Volda trekkjer seg stadig lengre oppover fjellsidene. Mange av innbyggjarane har god utsikt utover fjorden.

Tettstadsanalyse Volda sentrum
Tettstadsanalysen for Volda sentrum vart laga i 2007. Dokumentet tek for seg ei analyse av staden, inkludert mellom anna historisk utvikling, natur og landskap og organisering av bebyggelse. Dokumentet inneheld også visjonar for vidare utvikling. I visjonsdelen er mellom anna kulturminne og historiske element, "sentrumskjernen" (Halkjelsgata, Røysgata og Snippa), taklandskap, sjøgløtt, sjøfronten, "byromsutvikling", sentrumsbustadar, fortetting og næringsutvikling i sentrum peika på som viktige utviklings- og satsingsområde for tettstaden.

Reguleringsplanar
Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm vart stadfest i 1987. Delar av planen er framleis gjeldande. Andre aktuelle reguleringsplanar i dette dokumentet er mellom anna Elvadalen (1997), Nedre Klepp (1982), Rotsetfjøra (2001), Røyslid – Heltne I og II (1969/72), Røysmarka (1995) og Volda sentrum (1965). Reguleringsplanane er tilgjengelege på www.kommunekart.com

Elvadalen. Idéillustrasjon frå Utviklingsplanen for Volda sentrum, Gehl Architects.

Kulturminneplanen
Kommunedelplan for kulturminne 2017–2021 er under arbeid. Planen skal bidra til å fremme forståing av kva verdi kulturminna har for vår felles historie og identitet, og vil vere med på å vidareføre kulturarven. Planen vil gje innbyggjarane ny kunnskap og informasjon om kulturminna i dei ulike bygdelaga, og gje kommunen betre grunnlag for å ta vare på desse.

Kommuneplanen
Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken mai 2016, og er førande for denne rettleiaren. Sjå meir om samfunnsdelen i kap. 2.1. Kommuneplanen sin arealdel er under arbeid. Planen skal mellom anna ta stilling til framtidig arealbruk i kommunen. Denne rettleiaren vil mellom anna fungere som eit grunnlagsdokument for arealdelen.

Framtidig utvikling
Det er vanskeleg å seie korleis utviklinga vil verte i framtida. Statens vegvesen har planar om ny tunnel mellom Rotset og Furene. Dei held også på med planar om ny ferjekai og bru over Øyraelva.

Høgskulen i Volda ynskjer å utvikle campusområdet, og er i gang med planar om eit nytt mediebygg. Ved siden av høgskulen er det også planar om eit nytt idrettsbygg, symjehall og fleire store studentbustadar.

Volda sentrum er tettbygd, men det finst samtidig større fortettings- og transformasjonsområde (mellom anna Mega-tomta, Rolls Royce-tomta, rundt busstasjonen og langs Elvadalen). Både tettstadsanalysen og utviklingsplanen for Volda sentrum er tydelege på at bevaring av historiske element og særprega bygningsmiljø er viktige ressursar i arbeidet med å utvikle staden.

5 VOLDALANDSKAPET

5.1 Karakteristiske element



Figur over og tekst under er henta frå "Tettstadsanalyse Volda sentrum", s. 25.

Vikeneset (1)
Vikeneset dannar ei naturleg avgrensing av hamneområda mot nord og utgjer sjølve innfallsporten frå nord. Sør for neset har ein ei fint avrunda bukt som strekkjer seg langs sentrum og sør til Andaneset ved foten av Rotsetfjellet.

Andaneset (2)
Utgjer avgrensing av hamneområdet mot sør.

Rotsethornet (3)
Ved tilkomst frå fjorden er det særleg Rotsethornet som markerer seg med si karakteristiske avrunda form. Rotsethornet er elles eit markert landskapselement som er synleg frå dei fleste delane av tettstaden.

Rotevatnet (4)
Rotevatnet er eit markert element og ein viktig landskapskomponent.

Øyraelva, Elvadalen (5)
Sentralt i fjorddalen går Øyraelva som ein blå streng mellom Rotevatnet og fjorden.

Fjorden (6)
Elva og kystlinja høyrer framleis til dei viktigaste landskapselementa å orientere seg etter.

Dalsidene i sør (7)
Dalsidene på sørsida er bratte og skuggefulle på grunn av Rotsethornet. Det er ingen busetnad opp langs denne fjellsida.

Dalsidene i nord (8)
Dalsidene på nordsida av tettstaden har ei helling på opp mot 20 grader. Dei bygde områda strekk seg opp til om lag 200 m.o.h. Noko av bebyggelsen ved Klepp bryt horisontlina sett frå sentrum.

Fjellrekkje (9)
I nord er tettstaden avgrensa av ei fjellrekkje.

5.2 Historisk utvikling av tilknytinga til landskapet

Både historiske fortellingar, menneskeskapte element og landskapsformasjonar (og samspelet mellom desse) er med på å gi staden særpreg, identitet og opplevelsesrikdom. Historia til ein stad er knytt til landskapet, og landskapsformasjonane i Volda har hatt stor innverknad på utviklinga av staden.

Volda var tidleg eit handels- og tingstad. Det at Volda låg ved fjorden og var lett tilgjengeleg med båt var ein forutsetning for denne utviklinga. Her var også gode tilhøve for jordbruk og fiske. Seinare hadde Øyraelva ei nøkkelrolle for framveksten av industribedriftar. Etter kvart som bilane vart ein viktigare transportform og andre næringar tok over, vart sjøen mindre brukt i det daglege. Befolkingsvekst førte til at sentrumsområdet stadig vart utvida. Jordbruksområde har fått nye formål, og bustadområda kryp stadig lenger oppover fjellsidene.

I dag er fjorden og fjella viktige frilufts- og rekreasjonsområdar for innbyggjarane. I tillegg har fjorden og landskapet ein viktig rolle i opplevinga av å bu eller å opphalde seg på staden. Tettstaden er omkransa av grøne områdar. Fjellformasjonane omkransar bygda, sjølv om noko av bebyggelsen ved Klepp bryt horisontlina sett frå sentrum.
Mange av bygningane i området vender seg mot fjorden, og bustadar med fjordutsikt vert til dømes sett på som ein kvalitet i dagens bustadannonsar. Voldsfjorden er eit svært sentralt element i landskapsbiletet, og ein har utsyn over fjorden frå dei fleste stadene i sentrum. Bustadane oppover fjellsidene ser sentrumsområdet "ovanfrå" frå bustadane sine. Dette gjer at til dømes takfasadene på husa i sentrum er synlege for mange.

Figurane under viser den historiske utviklinga illustrert ved hjelp av prinsipp og kartutsnitt.

Volda – nærleik til sjø:

Tettstaden vender seg mot fjorden, og skogkledde åsar "rammar" inn bebyggelsen. Nærleiken til sjøen var grunnlaget for store deler av aktiviteten.

Volda – kontakten til sjøen er mindre viktig:

Volda har gått frå å vere ein stad som vender seg mot sjø og fjord og aktivitetar knytt til denne, til ein tettstad der sjøen ikkje lenger er "sentral" for ferdsel og sysselsetjing. Bustadområde har etter kvart klatra opp gjennom dei grøne åsane.

Nærleik til sjø? Bustader i sentrum?



Forretningane langs Sjøgata vender "ryggen" til gata og fjorden. Fjorden var hovudferselseåren til Volda frå gamalt av og til ut i 1950-åra. I dag er det lite "fysisk" kontakt med sjøen og hovudvegen gjennom senturm skjer også av denne kontakten.



Bebyggelse ⟷ Ferdselsåre

Illustrasjonen viser prinsipp for utviklinga i tettstaden: kontakten med sjøen har blitt mindre viktig, tettstaden har vokst og bebyggelsen trekker seg oppover i terrenget. Illustrasjonar og tekst over er henta frå "Tettstadsanalyse Volda sentrum", s.20–21.

Tettstadsanalysen peiker på kontakten til fjorden som eit særtrekk og ein stor kvalitet for staden, og meiner dette må vidareutviklast, takast vare på og framhevast i framtida. Dette gjeld mellom anna ved eventuell utvikling av havneområdet og torget.

I tettstadsanalysen vart også sjøgløtt trukke fram som eit viktig element i sentrumsområdet. Sjøgløtta mellom bygningane i sentrumsgatene knyter kontakt mellom tettstaden og fjorden, og er viktige for opplevinga av tettstaden. Desse sjøgløtta er viktige å ta vare på ved nybygg eller fortetting.

Overgangssonane frå bustadområde til natur- og kulturlandskapet er visuelt sårbare for inngrep og krev stor merksemd i plansamanheng. Tettstadsanalysen peikar på at byggjegrensar må setjast slik at nye brot i horisontlina vert unngått.

Sjøgløtt mellom husa gjev tettstaden betre kontakt med fjorden, og er en kvalitet for sentrumsområdet.

6 VERDIFULLE BYGNINGSMILJØ

Det er mange ulike bygningsmiljø i Volda, og mange har sine særeigne kvalitetar. Dette kapittelet inneheld ikkje ein komplett liste over dei verdifulle bygningsmiljøa, men eit utval. Det er lagt vekt på å velje ut bygningsmiljø med spesiell verdi.

6.1 Halkjelsvika

I Halkjelsvika er det funne reidskap som truleg er frå steinalderen, og kyrkjestaden her er fleire hundre år gamal. Halkjelsgata består i dag av eit tett trehusmiljø i eit gamalt handels- og sentrumsområde. Dei fleste husa i området er bygd på 1800-talet og er SEFRAK-registrert. I dette området finn ein nokre av dei eldste trehusa i Volda. Området inneheld i hovudsak forretningsbygg, bustadar og mindre uthus. Halkjelsgata har status som eit kulturmiljø med regional verdi i Regional delplan for kulturminne.

Halkjelsgata, 1927. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 197.

Kartsisse av området.

Sørheimhuset.

Røysgata.

Kjenneteikn:

- Trehus og smale gateløp med smale fortau. Tydelege gaterom.
- Bygningar i menneskeleg skala. Tett og intim bygningsmasse, mange detaljar.
- Forretningsbygg med store vindauger mot gata og bustadar i andre etasje.
- Bygningane vender seg mot gata med inngangar og utstillingsvindauge.
- Liggande kledning.
- Taka er ofte ein viktig del av bygget. Variasjon i tak; saltak, valmtak og halvvalm. Takvinklane varierer, dei har ikkje eins former, men er av same material; skifer, og dannar eit heilskapleg landskap. Taka er godt synlege frå mange stader i Volda.
- Mindre uthus i tilknyting til bustadhusa.
- Mindre grøntområder foran og mellom husa. Små grassplener, staudebed, rosebuskar.
- I Halkjelsgata står ein gamal trafostasjon.

Planstatus
Reguleringsplan for Volda sentrum av Ridderstrøm frå 1987 er framleis gjeldande for nokre områder. Delar av området i Halkjelsvika er i denne planen markert som spesialområde: "område med bygningar og miljø som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell eller miljømessig verdi skal vernast".

I punkt 33 i planen står det at "Formålet med regulering til spesialområde er å verne det særprega gate- og bygningsmiljøet som ein heilskap. Eksisterande gater, plasser, byggegrenser og uterom skal som hovudregel førast vidare i noverande form. Bygningar, særprega vegetasjon, utomhusanlegg, gjerder, trapper og lignande som utgjer delar av ein heilskap bør takast omsyn til ved nyanlegg eller ombygging gjennom planlegginga av utomhusarealet på førehand."

Også i reguleringsplan for Moritzmarka (planid 2000003) er deler av området markert som spesialområde.

Utfordringar og moglegheiter
Forretningsbygningane i Halkjelsvika kan vere utfordrande for næringsdrivande som gjerne har behov for meir funksjonelle og moderne lokale. Bygningane er ofte små (lite forretningsareal) og held ikkje krav til dagens standard når det gjeld til dømes universell utforming. Samtidig representerar bygningsmiljøet i Halkjelsvika noko unikt for Volda, og er ein del av Volda sin identitet. Miljøet her skil seg frå andre bygningsmiljø i sentrum og har andre kvalitetar. For å tilpasse seg utfordringar knytt til arealbehov, er det fleire døme på forretningar i området som har slått saman fyrste etasje i fleire bygningar.

For å halde aktiviteten i området oppe er det viktig at ein held fram med forretningar og publikumsretta funksjonar på gateplan (ikkje bustadar på gateplan). Det er også rom for noko fortetting i området. Nye bygningar må tilpasse seg eksisterande bygningsmiljø.

Plassen foran Sørheimhuset.

Halkjelsgata.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Føresegner i Ridderstrømplanen bør vidareførast.
- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel.
- Føresegnene bør presisere at ved fortetting eller ny bebyggelse skal denne underordne seg det eldre trehusmiljøet i volum, materialbruk og og formspråk. Nye byggverk bør verke til å styrkje gaterom og plassdanningar i sentrumsområda. Hovudtrekk i bygningsvolum, bygningsbreidder og -høgder mot gata bør vidareførast. Orienteringa av nye bygningar bør følgje eit etablert mønster.
- Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller andre publikumsretta funksjonar på gateplan i Snippa og Halkjelsgata.
- Nye fortettings- eller utviklingsprosjekt bør også ha publikumsretta funksjonar på gateplan.
- Føresegner bør presisere at ein ynskjer å ta i vare uthus og sjøgløtt i området.
- Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaer og fasadeenringar.
- Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig.
- Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.

6.2 Hauane

Bustadane på Hauane er blant dei eldste i Volda. Dei fleste husa i området er bygd i perioden 1880–1930, og området fortel ei historie om framveksten av Volda som skulestad og tettstad. Området inneheldt i hovudsak bustadhus, men også nokre forretningar, til dømes langs Seljabakken. Den fyrste gata i Volda med bustadhus tett-i-tett på begge sider var truleg Smithsgata (eller "Tausakjerringsgata"). Mange av dei som flytta hit hadde bakgrunn frå gardsdrift, og husdyrhald i mindre skala var vanleg. Dei fleste husa vart bygd med uthus, og høner, sauer, griser og hestar var blant bebuarane i området. I dei små hagane finn ein også gamle frukttre og bærbuskar.

"Tausakjeringsgata", ca. 1910. Foto: Steinkopf Wold. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 63.

Kartsisse av området.

Smithsgata eller "Tausakjeringsgata".

Skifertak på skifertak.

I dag framstår området som eit sjarmerande og attraktivt småhusområde, med kort avstand til mange sentrumsfunksjonar. Mange har vore flinke til å ta vare på husa sine, og området inneheld mange fysiske og synlege element som fortel Volda si historie. Området framstår ikkje som heilt autentisk, da det har vore gjort ombyggingar og moderniseringar til ulike tider. Dei fleste bygningane er i seg sjølv ikkje verneverdige, men som ein del av eit heilskapeleg bygningsmiljø har enkelthusa stor verdi.

Kjenneteikn:

- Trehus og smale gateløp.
- Terrengtilpassing og variasjon.
- Tett bygningsmasse, mange detaljar.
- Grønt mellom husa. Kompakte, intime og frodige hagar med prydbeplanting, tuntre, frukttre, bærbuskar og mindre plenflekkar. Ein god del eldre beplanting. Mykje duft i blomstringstida.
- Bustadar med ein og to etasjar. Nokre hus også med kjellar.
- Liggande kledning.
- Taka er ofte ein viktig del av bygget. Saltak med skifer både på hus og uthus.
- Grindbygde uthus.

Planstatus
Ein stor del av husa og uthusa i området er SEFRAK-registrert. Området er regulert til bustadområde i Kommunedelplan for Volda sentrum. I dette området er det krav om godkjent detaljregulering for arbeid som krev byggeløyve, oppføring av meldepliktige bygg og andre varige konstruksjonar og anlegg, og frådeling til slike føremål.

Utfordringar og moglegheiter
Tett bygningsmasse og smale gateløp gjer at området har risiko for brannspreidning. Renovasjon, vintervedlikehald og parkeringsmoglegheiter er utfordringar knytt til smale gateløp i området.

Eldre trehus treng jamleg oppgradering og vedlikehald, og det er i stor grad opp til huseigarar å ta vare på husa sine. Ein finn både kjellarar i dårleg stand og andre tekniske utfordringar i området. Det er i stor grad takka vere bebuarar og eigarar i området at bygningsmiljøet fremstår med den kvaliteten det har i dag.

Gatemiljøa og bygningane i området fortel historia om korleis det var å bu i Volda rundt 1900. Området er unikt i Volda, og har kvalitetar ein ikkje finn andre stader. Dette er eit område der ein ynskjer å ta vare på mest mogleg av eksisterande bygningsmiljø.

Hauane ligg sentrumsnært og er eit attraktivt bustadområde. Ein opplever både aktivitet, utvikling og ynskjer om fortetting i området. Grunna problemstillingar som brannspreidning, renovasjon, parkering og fortetting er dette eit område med behov for ein områderegulering der ein kan sjå på desse problemstillingane samla.

To uthus tett i tett.

Døme på hus med valmtak.

Typiske fargar på sveitserhus.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Formålet med sona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Ein ynskjer i dette området å ta i vare eksisterande bygningsmasse, og det skal ikkje vere tillate å rive hovudbygning eller uthus.
- Føresegner bør presisere at ved fortetting eller ny bebyggelse skal denne underordne seg det eldre trehusmiljøet i volum, materialbruk og og formspråk. Hovudtrekk i bygningsvolum, bygningsbreidder og -høgder bør vidareførast.
- Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig
- Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaer og fasadeenringar.
- Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.
- Fylkeskommunen ynskjer å undersøke om enkelthus i området bør vernast.
- Området har behov for regulering. Det bør vere krav om områderegulering for å sjå området i ein heilskap. Da dette er eit sentrumsnært område med moglegheit og ynskje om fortetting bør områdereguleringa prioriterast i neste planstrategi.

6.3 Elvadalen

Elvadalen er namnet på området langs Øyraelva, som går frå Rotevatnet og renn ut i Voldsfjorden. Tidlegare låg det verksemder og hus tett i tett langs elva, og samfunnet rundt var tufta på utnytting av energi frå rennande vatn. Særleg frå midten av 1850-talet og fram til andre verdskrig var det stor aktivitet i området. Elva var energikjelde for drift av mellom anna kvernar, sagbruk, elektrisitetsverk og anna næringsverksemder. No er det berre spor etter nokre av elementa frå denne tida, men desse spora fortel om ei viktig periode i framveksten av tettstaden.

Elvadalen er eit grøntområde midt i sentrum. I dag går det ein tursti langs elva, og området er eit viktig rekreasjons- og friluftsområde. Volda jeger- og sportsfiskarlag er til dømes aktive langs (og i) elva.

Området nyttast som gjennomfartsåre både for skuleborn og andre. Ved nokre av inngangane er det sett opp kart og informasjonsskilt. Langs stien, til dømes ved Mylnefallet og nokre av kvernhusa, er det sett opp skilt der ein kan lese om historia til området. Turstien er med på å gjere dei historiske elementa langs Elvadalen lettare tilgjengeleg.

Mylnefallet.

Støyperiet.

Kvernhus.

Kartsisse av området.

Kvernhus
Dei fleste gardane i Volda hadde kvernhus langs elva. I kvernhusa var det mest aktivitet om hausten da bøndene malte kornet sitt. Havre var den vanlegaste kornsorten. Framleis kan ein sjå fleire av kvernhusa langs elva.

Mylnefallet
I 1935 vart det bygd sagbruk og elektrisitetsverk i området ved Mylnefallet. Produksjon av elektrisk straum ga ikkje berre lys i heimane, det kunne også drive store motorar som vart knytt til sagbruk. Sagbruka kunne drivast direkte frå turbinen i kraftverket, uten å gå vegen om straumproduksjon. Elva vart også nytta som transportveg for tømmeret. Sogelaget i Volda har restaurert bygningane ved Mylnefallet.

Støyperiet
Støyperiet i Volda starta opp drifta i 1904, og var da den fyrste i sitt slag mellom Bergen og Trondheim. På støyperiet lagde dei mellom anna jernomnar, komfyrar, vaffeljern og gorojern. Etter krigen produserte dei maskindelar til båtmotorar. Verksemda held fram til 1967, og i dag er det entrepenørverksemd i bygningane.

B. O. Humberset Mekaniske Verkstad
B. O. Humberset Mek. Verkstad flytta til Volda i 1913. I smia og verkstadet produserte dei mellom anna hjul, kjerrer, sleder, vogner, gardsreiskap, verkty, bussar og lastebilar. I tillegg vart det utført smedarbeid, og nokre av lysekrunene i Volda kyrkje er til dømes laga der. Etter kvart vart reparasjon av bilar det viktigaste arbeidet, og Humberset Bil eksisterar framleis.

Utfordringar og moglegheiter
Sogelaget i Volda har lagt ned mykje tid og ressursar i området. Volda kommune er avhenging av at lag- og organisasjonar, grunneigarar, næringsliv, frivillige og eldsjeler arbeidar saman for å ta vare på viktige historiske element i bygda. Både bygningar og friluftsområdet treng jamleg vedlikehald og tilsyn. Kommunen har ansvar for turstien og grøntområdet.

Det er døme på kvernhus som ikkje lenger er synlege i området. Sjølv om grunneigarar ikkje har moglegheit til å halde dei gamle kvernhusa ved like, er det ein kvalitet om gamle grunnmurar eller andre spor er synlege i terrenget, og ikkje vert nedgreve.

I Utviklingsplanen for Volda sentrum var det foreslått å forlenge turstien i Elvadalen ned til brua ved Bjørdal trevarefabrikk. Denne turstien er nå ferdig prosjektert og vil når den kjem på plass truleg gjere området enda meir tilgjengeleg for folk.

Grøntområdet langs Elvadalen er eit pressområde, og det er lett for at grunneigarar og andre "et" bit for bit av området. Ved å studere bådre reguleringsplanar og ortofoto kan ein sjå at grøntområdet langs Elvadalen stadig mister areal.

Fleire av dei gamle industribygga langs elva har mista sin opprinnelege funksjon, og det er mogleg å sjå for seg ein transformansjonsprosess i området. Ved å nytte gamle bygningar til nye føremål kan ein få til særeiga og unike kvalitetar.

B. O. Humberset Mekaniske verkstad.

Bjørdal trevarefabrikk.

Planstatus
I reguleringsplan for Øyra er området rundt Humberset bil regulert til industri. Den gamle verkstadbygninga (oransje bygg på biletet over) er SEFRAK-registrert. Det er også uthuset i forkant.

I reguleringsplan for Elvadalen er området ved gamle Bjørdal trevarefabrikk regulert til industri/service.

I kommunedelplan for Volda sentrum er området rundt støyperiet regulert til bustader og friområde. To av bygningane ved Møre støyperi er SEFRAK-registrert.

Området ved Mylnefallet og store deler av Elvadalen er regulert til friområde.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel.
- Ein ynskjer i dette området å ta i vare eksisterande bygningsmasse, og det skal ikkje vere tillate å rive eller fjerne bygningar.

6.4 Rotsetfjøra

I Naustvegen i Volda, med industribygg på begge sidar og heilt nede i sjøkanten ligg tre bustadhus og fleire naust. Det er også spor etter vårar ned i sjøen. Husa ligg tett intil kvarandre, og er små og kompakte. Alle husa er SEFRAK-registrert, og dei fleste er frå 1800-talet. På 1800-talet var Naustvegen ein av hovudvegane i Volda, og bustadane her var sentralt plassert i nær tilknyting til mellom anna Garvarbuda og Skrivargarden.

Husa er opprinneleg arbeidarbustadar. Nausta fortel ei historie om da fiskartradisjonen sto sterkt i bygda. Husa vender seg mot sjøen og har sterkt tilknytting og samspel med sjøen. Bygningsmiljøet skil seg ut frå anna bygningsmiljø og ein finn ikkje liknande bygningsmiljø i Volda sentrum.

Kartsisse av området.

Naustvegen.

Gamle arbeidarbustadar imed nær tilknytting til fjorden.

Kjenneteikn:

- Små trehus tett inntil kvarandre. Kompakt og intimt område.
- Lite sturktur. Variasjon.
- Husa vender seg mot sjøen, men har likevel ulike retningar/vinklar.
- Saltak, men ulike takvinklar.
- To etasjar.
- Hovudhus med naust eller sjøbud.
- Husa er satt inn i terrenget (ikkje omvendt).
- Fargerikt område. Ulike fargar på bustadhusa, raude naust, turkis sjøbud.
- Liggande kledning på hovudhus. Blanding på nausta.
- Siv og strandplantar. "Natur" mellom husa.
- Bølgeskvulp og saltvatn. Særeiga miljø. Lydar og luktar skil seg vesentleg ut frå lydar og luktar i anna bustadområde i Volda. Her kjem ein tett på naturen.

Planstatus
Området inngår i reguleringsplan for Rotsetfjøra I1 og Sp 1-6 (Planident 2001009), og er regulert til industri.

Bustadane nord for området (mellom Ristevegen og Naustvegen) er regulert til spesialområde; bevaring av bygningsmiljø.

Utfordringar og moglegheiter
Industriområda på begge sider av bustadhusa er potensielle transformasjons- og utviklingsområde, og dei tre bustadhusa ligg på den måten midt i eit potensielt utbyggingsområde. Særmerkte kvalitetar ved dei tre bustadhusa gjer at ein likevel ynskjer å ta vare på desse, sjølv om områda på begge sidar transformerast. I framtidige utviklingsprosjekt skal ein planlegge for at sjølina vert tilgjengeleg for alle.



Utsnitt reguleringsplan for området. Området er markert med oransje. Eksisterande spesialområde er markert med gult.

Naust i strandkanten.

Nyoppussa sjøbud.

Bølgeskvulp og fjøresteinar.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel.
- Formålet med sona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Ein ynskjer i dette området å oppretthalde og forsterke særtrekk ved området. Eksisterande bygningsmasse skal vidareførast eller førast tilbake til opphaveleg stand, og det skal ikkje vere tillate å rive eksisterande bygningar innanfor området.
- I framtidige utviklingsprosjekt ynskjer ein å gjere sjølina tilgjengeleg for alle.
- Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.

6.5 Sveitserrekkja

Sveitserstilen er ein trehusstil inspirert av bondebustadar i Sveits. Stilen vart populær i Noreg frå 1840-åra, og passa godt i eit land med god tilgang på trevirke. Stilen var fleksibel utan for mange arkitektoniske reglar, og huseigar og byggmeister kunne saman finne fram til formar og praktiske løysingar.

Bustadar i sveitserstil var ofte romslegare enn tidlegare, og skulle vere "sunnare" med meir lys og luft. Det vart vanleg med brattare takvinklar og større høgd inne i romma. Husa fekk større glassflater, ofte delt opp av ein kross. Husa vart også ofte bygd på høge kjellarmurar, og kjellarane kunne dermed nyttast på ein heilt anna måte enn dei tidlegare lave "krypkjellarane". Dekorative bogar og utskjeringar er også eit kjenneteikn. Husa hadde ofte tre fargar satt saman for å framheve konstruksjonsdetaljar og vindusomramming. Sveitserhusa var gjerne malt i lys oker, kvitt eller andre lyse fargar. Detaljar og utskjeringar hadde mørke fargar, brune, grå eller grøne. Nokre av husa fekk veranda, som var heilt nytt i norsk byggeskikk.

I Gamlevegen i Volda ligg fire hus i Sveitserstil på rekkje og rad. Husa er bygd rundt 1910, og eigarane har teke godt vare på den gamle stilen. Alle fire husa har bratte takvinklar. Verandaene er innebygde, noko som ofte var vanleg langs kysten. Husa har også høge kjellarmurar. Lik høgde og volum på bygningane, avstanden mellom dei, skifertaka, vindauge med krossinndeling, utskjeringar og takvinklar er element som gjer at desse fire husa på mange måtar "heng saman"; dei framhevar kvarandre og utgjer eit samla bygningsmiljø.

Husa ligg i eit villastrok med gangavstand frå sentrum og med utsikt ut over Voldafjorden. Tomtene er store og hagane framfor huset utgjer ein viktig del av miljøet. Området framstår som grønt, frodig og velstelt. Hagane ligg i ein jamn helling opp frå vegen, og "lyftar" opp husa. Hagane er godt synlege frå vegen og inneheld mellom anna gamle frukttre, buskar og solitære staudar.

Kartsisse av området.

Over: "Sveitserrekkja" i emning, truleg 1910/11. Fotograf ukjend. Illustrasjonen er henta frå Voldaminne 2016 s. 18. Under: Sveitserrekkja frå same retning i dag.

Kjenneteikn:

- Høge kjellarmurar.
- Utskjeringar i møne og dekorativt listverk.
- Eigne fargar på listverket.
- Krysspostvindauge (delt opp i kross).
- Stor takhøgd på etasjane. To etasjar.
- Symmetriske fasadar. Ark midt på foran.
- Saltak med skifer. Taket stikk langt fram over ytterveggane.
- Innebygde glasverandaer.
- Store plenar foran husa. Gamle frukttre, buskar og solitære staudar. Framstår som eit grønt, frodig og luftig område.

Planstatus
Området inngår i reguleringsplan for Nedre Klepp frå 1982 (planident: 1982004), og er regulert til frittståande bustader.

Der står det følgjande i § 4 om materialbruk og fargebruk: “For bygningar i same område kan bygningsrådet kreve lik materialbruk og taktekking. Det skal arbeidsast for harmonisk material- og fargebruk på bygningar i området.”

I § 5 om grøntanlegg, vegetasjon og frisikt står det at "Forhagar og grøntanlegg skal opparbeidast på ein tiltalande måte.(...) Eksisterande vegetasjon bør bevarast så langt råd er."

Dei fire hovudbygningane med tilhøyrande uthus er SEFRAK-registrert.

Utfordringar og moglegheiter
I sentrumsnære områder er det i mange tilfelle ynskjeleg med fortetting. For dei fire husa i Gamlevegen er dei store hagane foran husa ein viktig del av bygningsmiljøet, og det er difor viktig at ikkje desse hagane vert bebygd.

Dei store, grøne hagane foran huset er ein viktig del av bygningsmiljøet.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Formålet med sona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Ein ynskjer i dette området å ta i vare eksisterande bygningsmasse, og det skal ikkje vere tillate å rive hovudbygning eller uthus.
- Det er ikkje aktuelt med fortetting i området.
- Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig.
- Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaar og fasadeendringar.
- Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.

6.6 Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen

Funksjonalismen er ein stilretning som oppsto i Europa rundt 1920-talet, og er prega av eit forenkla formspråk med store flatar, rette liner og geometriske formar. Husa vart gjerne bygd i mur, hadde flate tak og store vindauge. Dei hadde som regel knapp detaljering og lite eller ingen dekor, men form- og fargevariasjonane var mange. Arkitekturen var ein reaksjon på dårlege butilhøve i store, industrialiserte byar, og tankar om "lys, luft og hygiene" låg til grunn for den nye uttrykksforma. Etter krigen var det husnød i Noreg, og Den Norske Stats Husbank vart oppretta i 1946. Husbanken gav lån til oppføring av nye bustadar, men satte krav til kvalitet og standard. På denne tida fekk stram funksjonalisme gjennomslag i stor skala i Noreg.

Utbygginga i Vevendelvegen og Storgata starta så vidt før krigen, og dei eldste husa er frå 1938–39. Under krigen sto det stille på byggefronten, men kort tid etter krigen starta bygginga igjen, og dei fleste husa i området er bygd i perioden 1946–53. Husa har tydelege funksjonalistiske trekk, men murbygg og flate tak fungerte ikkje så godt på landsbygda. Funkishusa her er tilpassa lokale tilhøve og er bygd i trematerialе og med saltak. Minst 15 av husteikningane er signert av arkitekt Johs. Nes. Statens distriktsarkitekt for Romsdal, Sunnmøre og Sunndalen har teikna i underkant av ti hus i området.

Dei enkelte bygningane har ikkje så stor verdi kvar for seg, men saman skapar desse bygningane eit spesielt gatemiljø, og fortel ei historie om bustadbygging (og samfunnsbygging) i Volda etter krigen.

Kartsisse av området.

Hus på rekke og rad oppover Storgata.

Kjenneteikn:

- Strukturert bustadområde med tilnærma like bygningar på rekke langs ein hovudveg. Lik avstand mellom husa.
- Repetisjon og gjentaking.
- Bygningar plassert midt på tomtene, med hagar både foran og bak husa. Framstår som eit grønt bustadområde. Hagane består ofte av mindre plenflekkar, buskar og nokre mindre tre/frukttre.
- Funkishus med to etasjar. Kubiske og enkle geometriske formar. Nokre stadar også murt/støypt sokkeletasje. Murelementene er kvite.
- Trehus med mange ulike fargar representert; her finn ein både gule, raude, blå, kvite og grøne hus. Husa har som regel ei eige farge på listene. Fargevariasjonen er eit særtrekk ved området, og gjer gata fargerik og "levande".
- Liggande panel. Enkelt listverk. Ingen fasadedekor.
- Hovudsakeleg saltak med skifer.
- Vindaugeband og store glassflater utan sprosser. Vindauga kan vere plassert heilt ut i hushjørna.
- Enkle, glatte eller geometrisk inndelte dørar med lite eller ingen dekor
- Boge nedst på vindski. Vindskiene er ofte synleggjort med eiga farge.

Fargepallett funksjonalismen
Funkishus var ofte fargerike; tomatraud, blekgul, skarp blå, eplegrøn, kopperfarge eller sitrongul. "Skjørt og bluse"- husa er typiske for perioden; fyrste etasje i kvitmalt mur og resten av huset i ein klar grøn, gul eller raud farge. Palletten under viser typiske fargar og er henta frå nettsida til Bygg og bevar:

4010-G10Y	2040-B	S 3050-R80B	S 1060-Y10R
1502-Y	8005-G50Y	5040-Y80R 4050-Y20R	S 1060-Y10R S 2005-G50Y

Planstatus
Området inngår i reguleringsplan for Volda sentrum 65 frå 1965 (planident: 1965001), og er regulert til frittståande bustader.

Utdrag frå føresegnene:
§7: Våningshusa skal vere villamessig og kan byggjast inntil 2 fulle høgder. Uthus, garasjer eller fløybygningar i 1 høgd.

§16: Forhagar, mellomrom mellom frittståande blokker, gardsrom med vidare, må få ei vakker og tiltalande utforming. (...) Forhagar og grøntareal kan berre innhegnast etter samtykke frå bygningsrådet. På same vis er det med delegjerder i tomtegrensa.

§ 18.1 Bygningane skal ha sadeltak, valmtak eller der planen viser det flatt tak. Takvinkelen må ikkje vera større enn 35 grader. (...) Ein tillet ikkje nedskjæring eller glass i takflata unnatake taklukar.

Vindauge i hushjørna.

Boge nedst på vindski.

Fargevariasjonen er ein kvalitet i området

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Formålet med sona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Ein ynskjer i dette området å ta i vare eksisterande bygningsmasse, og det skal ikkje vere tillate å rive hovudbygning eller uthus.
- Tilbygg, påbygg og nye bygningar kan tillatast, føresett at tiltaket stetter opp om målsettinga om å bevare eit heilskapeleg og harmonisk bygningsmiljø. Størrelse, høyde, proporsjonar, form og materialbruk skal underordne seg resten av bebyggelsen. Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaer og fasadeendringar.
- Det bør ikkje tillatast verandaar i andre etasje.
- Gaterommet må takast i vare. Gateløpet og gjentaking er ein viktig del av uttrykket, og det er uheldig om det vert "hull" i husrekkjene. Dersom ein bygning tillatast reve og erstatta av eit nytt bygg, må det plasserast der det gamle sto.
- Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig.
- Det er aktuelt å setje opp ei informasjonstavle i tilknytting til ein benk i området.

6.7 Brenslene, Granlida og Furebakken

Typehusa eller kataloghusa kom for alvor tidleg på 1960-talet. Planlegging og produksjon av bustadhus vart i større grad eit industriprodukt. Prefabrikasjon av hus var vanleg, og same hustypar vert bygd over store delar av landet. Husbanken var ein vanleg finansieringskjelde. Dei satte også krav til både eksteriør og interiør.

Brenslene, Granlida og Furebakken er tre gater i eit større bustadområde. Desse tre gatene (med hus på kvar side av gateløpa) er plukka ut då dei er av dei fyrste husa som vart bygd i området, og fordi ein her framleis kan sjå typiske trekk frå stilperioden.

Sjølv om nokre av husa her er bygd på eller forandra representerar framleis området husbankfinansiert bustadbygging på 70-talet. Dei enkelte husa i området har ikkje spesielt stor verdi i seg sjølv, men gatene har ein tydeleg eigenart, og skil seg frå bustadområde frå andre tidsepokar. Mange av husa er kataloghus frå ulike ferdighusprodusentar. Ferdighusprodusenten Nøkkelhus har teikna om lag ti av husa i området, og fem av dei er av typen "401 AM". Ein finn også fire utgåver av ferdighuset "Joker" frå Bo Bygg. Selbu, Stranda Bruk, Systemhus Bodø, og G. Block Watne er andre ferdighusprodusentar som går igjen i området.

Brenslene, Granlida og Furebakken er tre gater med tydeleg struktur, orden og repeterande element. Husa ligg i same vinkel og avstand frå veg. Avkjørslar kjem med om lag same avstand mellom. Husa ligg i bratt terreng, og mange av husa tek opp ein etasje. Murane er låge og tomtene bratte. Mange av husa har staude- eller buskbed i skråningane framfor huset, og området opplevast grønt, frodig og variert.

Bygningane er rektangulære, har ofte stripemotiv og gjerne ein blanding av ståande og liggjande kledning. Vindauga har ulike størrelsar, men skapar til saman lange band, eller syner ein annan form for rytmisk plassering. 70-talet vert gjerne kalt "den brune perioden", og husa skulle gjerne sjå ut som om dei var tjæra. Husa i dette området vart beisa i mørke nyansar av brunt, grått eller andre mørke naturfargar.

Kartsisse av området.

Mørke naturfargar på hus.

Kjenneteikn:

- Einebustadar med ein etasje og med murt/støypt sokkeletasje.
- Saltak. Flat takvinkel (ned til 22–27 grader).
- Heile flater i vindauga, utan sprosser. Vindauga har ulik størrelsar, men skapar til saman lange band, eller syner ein annan form for rytmisk plassering.
- Låge murar, bratte tomter. Staude- og buskbed foran husa, mindre plenflekkar.
- Blanding ståande og liggjande kledning.
- Naturinspirerte fargar, ofte mørke fargetonar. Ulike brunfargar.
- Verandaer med liggjande rekkverk.

Planstatus
Området inngår i reguleringsplan for Røyslid – Heltne I og II. (planident: 1969001 og 1973002), og er regulert til einebustader.

Utdrag frå føresegnene:
§4: Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldingar ha for auga at husa får ei god utforming med høveleg materialbruk, og at dei harmoniserar med bygningar og terreng omkring.

Farge på hus skal godkjennast av bygningsrådet.

Der det naturlege terrenget etter planeringa gjer det naudsynt med støttemur mot gate eller grannetomt, kan bygningsrådet gje påbud om at planeringshøgder skal gjerast lågare eller løftast, eller at det vert nytta skråningar som gjer at høgda på støttemurane vert mindre.

§8: Bygningsrådet skal sjå til at gjerde mot gate vert mest mogleg einsarta for alle tomter langs ein vegstrekning.



Kataloghus frå Gunnar Block Watne, 1976.

Gaterommet må takast i vare
Gateløpet og gjentaking er ein viktig del av uttrykket, og det er uheldig om det vert "hull" i husrekkjene. Dersom ein bygning tillatast reve og erstatta av eit nytt bygg, må det plasserast der det gamle sto.



Gateløpet med repeterande element er ein viktig del av uttrykket.

Området opplevast grønt.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Formålet med omsynssona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap.
- Tilbygg, påbygg og nye bygningar kan tillatast, føresett at tiltaket stetter opp om målsettinga om å bevare eit heilskapeleg og harmonisk bygningsmiljø. Størrelse, høyde, proporsjonar, form og materialbruk skal underordne seg resten av bebyggelsen. Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaer og fasadeendringar.
- Gaterommet må takast i vare.
- Det er aktuelt å setje opp ei informasjonstavle i tilknytting til ein benk i området.

6.8 Skuleløypa

Volda har ein lang historie som undervisnings- og skulestad, og ein heil del bygningar i sentrumsområdet er knytt til ulike undervisningsinstitusjonar. Ein stor del av bygningane ligg langs ei line frå Engeset, langs Engesetvegen, Kårstadvegen og vidare til Vikebygdvegen. Bygningane er frå forskjellige tidsepokar, dei har hatt ulike funksjonar og forskjellig standard. Dei fleste er i bruk til undervisningsføremål i dag, andre ikkje. Nokre har stor verdi, andre har mindre verdi. Til saman fortel denne bygningsmassen og dette området historia om skulestaden Volda. På desse sidene vert nokre av skulebygga kort presentert.

Gamlegymnaset
Gamlegymnaset vart bygd i 1851, og vart oppført som ein sjefsgard for kapteinar i det Bergenhusiske Infanteriregiment. I 1891 starta Aage Stabell opp privat mellomskule i bygninga. I 1902 vart bygninga utvida med ein etasje. I 1910 vart Volda private Millomskule og Gymnasium oppretta, som det første treårige landsgymnaset på landsbygda i Noreg. Det store trehuset var på den tida eit viktig landemerke i bygda, i dag er bygninga mindre synleg i eit tettbygd strok. Bygninga fortel historia om utviklinga av Volda som skulestad. Gamlegymnaset er SEFRAK-registrert, og har status som kulturmiljø med regional verdi i Regional delplan for kulturminner.

Kartsisse av området. Bygningar markert med svart er knytta til ulike undervisningsinstitusjonar.

Gamlegymnaset.

Kaarstadbygget.

Gamle Øyra skule, Gamleseminaret
I 1893 flytta Johanne og Henrik Kaarstad til Volda for å starte p*rivat eit 1-årig kurs for lågare lærarprøve*. Dei fekk leigekontrakt med Volda kommune, og førebuingskurset kunne nytte lokala til Gamle Øyra skule i Gamlevegen. Dette var starten på "Voldens Privatseminarum", som Kaarstad grunnla saman med Aage Stabell i 1895 (seinare Volda lærarskule), (sjå bilete av skulen s. 45).

Gamlegymnastikken
Gamlegymnastikken vart bygd i 1921 og husa gymnastikksal for Gymnaset i Volda. I toppetasjen hadde elevane musikkrom. I dag er det frimurarlogen i Volda som eig huset. Huset er regulert til bevaring etter plan- og bygningslova. Gamlegymnastikken er også SEFRAK-registrert, og har status som kulturmiljø med regional verdi i Regional delplan for kulturminner.

Kaarstadbygget
Kaarstadbygget vart oppført i 1922, og er det eldste skulebygget som framleis høyrer til på Campus. Dei fyrste 40 åra dreiv lærarskulen eit eiga småbruk, og for læraskuleelevane var arbeid på småbruket ein naturleg del av skuletida. Seinere vart det opparbedd ein hage framfor bygget, og hagebruk var også eit element i undervisninga. Med sin karakteristiske gulfarge er Kaarstadbygget eit signalbygg og eit synleg landemerke i bygda. Bygninga er også eit kjennemerke for lærarutdanninga i Volda. Kaarstadbygget er verna i verneklasse 2 gjennom landsverneplanen til Kunnskapsdepartementet. Vernet omfattar bygninga si eksteriør og parken framfor bygninga. Formålet med vernet er å bevare ein representant for dei private lærarseminara i distrikts-Noreg, og ein bygning som var sentral i utviklinga av Volda som utdanningsstad.

Idrettsbygget
Idrettsbygget vart ferdigstilt av Statsbygg i 1963 og er teikna av arkitekt Ivar Bjordal. Den grøne bygninga fungerar som eit signalbygg, og er godt synleg frå mange stader i bygda. Bygninga inneheld både gymnastikksal og symjehall. Volda kommunen tok ikkje betalt for tomta til symjehallen, mot at ungdommar i Volda skulle kunne få svømme der gratis.

Hans Strøm-huset
I 1969 vart Volda valt som eit av tre stader i Noreg som skulle ha distriktshøgskule (dei to andre var Kristiansand og Stavanger). I 1984 fekk distriktshøgskulen eit eiga bygg; Hans Strøm-huset. Huset er kalt opp etter teologen, naturvitenskapsmannen og topografen Hans Strøm, som var soknepresten i Volda frå 1764–1779. Bygninga er regulert til offentleg bygning i kommunedelplan for Volda sentrum.

Idrettsbygget.

Hans Strøm-huset.

Berte Kanutte-huset.

Øyra skule.

Berte Kanutte-huset
Berte Kanutte-huset sto ferdig i 1998, og vart bygd av Statsbygg som eit høgskulesenter med fellesfunksjonar som sentraladministrasjon, bibliotek, auditorium og kantine. Bygninga er teikna av Nuno Arkitekter. Bygninga er kalla opp etter salmediktaren Berte Kanutte Aarflot, som budde i Ørsta på 1800-talet. Bygninga er regulert til offentleg bygning i kommunedelplan for Volda sentrum.

Øyra skule
Våren 2017 flytta barneskuleelevane i Volda sentrum inn i nye lokalar. Nye Øyra skule inneheld mellom anna barneskule, kulturskule og SFO. Bygninga er regulert til offentleg bygning i kommunedelplan for Volda sentrum.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Dei ulike bygningane har i dag ulike eigarar, ulik verdi og ulik planstatus. Det vil dei også ha i framtida. Nokre av bygningane er med i lista over bygningar med nasjonal, regional eller høg lokal verdi, sjå kapittel 8.

6.9 Skifertak

"Frå Kleppåsen er utsynet over bygningsmassen i Volda sentrum slåande flott. På avstand står bygda vår fram med ein heilskap, og eventuelle slitne fasadar er vekke for auga. For kva er det vi ser? Hustaka. Der dei fleste framleis er tekte med skifer. Steinheller som skiftar farge og valør i regn og sol. Steintaka er meir enn eit vakkert estetisk uttrykk; dei har gitt bygningar lang levetid og halde ved like lokale handverkstradisjonar. No forsvinn dei karakterskapande skifertaka i Volda litt etter litt. Decra-pannene av stål og akryl er i ferd med å ta over".

Teksta er henta frå artikkelen "Skifertaka – eit særpreg for lokal byggeskikk av Kari Hasle (Voldaminne 2012, s. 72).

På slutten av 1800-talet skaut utbygginga av einebustader i Volda sentrum fart. Dei aller fleste sveitserhusa og andre tømmerhus bygd etter 1900 i Volda fekk skifertak. God skifer er svært sterk og sug mindre vatn enn teglstein. Skiferhellene var rekna som meir brannsikre enn torvtak og teglpannetak, og det er grunn til å tro at brannen i Halkjelsgata i 1890 og bybrannen i Ålesund i 1904 førte til auka fokus på brannsikring hos bygdefolket. Etterspurnaden etter skifertak vart stor rundt 1900-talet, og skiferbrota byrja i større grad å forme den til lappstein, fasettskifer og rektangelskifer med rund og firkanta form i nedkant.

Det meste av skiferen i Volda kjem frå Voss eller Alta. Den grålege skiferen er levert i ulike format og fasongar. Skiferen er kjent som eit svært haldbart materiale, men kvaliteten varierer. Her i Volda er erfaringa at Alta-skiferen er den med lengst haldbarheit.

Tak på tak.

Taket er ofte ein viktig del av fasaden.

Lite skifertak

I følgje Odd Arve Orten, som har spesialisert seg på legging av skifertak, kan eit skifertak med god kvalitet ha ei levetid på 130 år. Skifertaka er framleis vurdert som eit brannsikkert materiale, og også enklare å vedlikehalde enn til dømes eit decra-tak der mosen lett slår rot. Orten har også merka ei lita endring i tida, medan det i ein periode har vore mange som har skifta til decra-tak, er det nå ein positiv trend der fleire yngre husbyggarar helst vel skifertak.

Skifertaka i Volda er eit særpreg for bygda, og eit tydeleg fysisk element som er med på å skilje Volda frå andre tettstader. Både i tettstadsanalysen for Volda sentrum, Utviklingsplanen for Volda sentrum, Kommunedelplanen for Volda sentrum og Samfunnsdelen er det framheva at ein ynskjer å ta vare på og framheve fysiske element som særpregar Volda.

Planstatus
Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm frå 1987 er framleis gjeldande for nokre områder i sentrum. Områda rundt Halkjelsgata, Snippa, Røysgata og Kyrkjegata er i denne planen markert som spesialområde: "område med bygningar og miljø som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell eller miljømessig verdi skal vernast".

I punkt 36 i planen står det at "Ved ombygging, utbetring og reparasjon av eksisterande bygning skal bygningas form, material, detaljar og fargar m.v. verte oppretthaldne og fornya eller ført attende til opprinneleg tilstand. " Vidare står det i punkt 37 at "Ved vedlikehald og utbetring bør eksisterande bygningar og bygningsdelar i størst mogleg grad takast vare på. Når det er naudsynt med utskifting kan det lagast kopiar av noverande eller eldre form."

Utsikt frå Kleppåsen mot Hauane. Takflatene i sentrum er godt synlege frå monge stader i Volda.

Eins materialval er med på å samle takflatene. Sjølv om formene ikkje er like, fremstår dei som eit heilskapeleg landskap.

Skifermønster.

Skiferstablar.

Tak på uthus står i stil med hovudhuset.

Retningsliner og rutinar for utvikling

- I den nye arealplanen vil ein plukke ut område der ein ynskjer å ta vare på skifertaka. Omlegging av tak skal vere søknadpliktig i desse områda. Områda som er foreslått er Hauane, Halkjelsvika, Sveitserrekkja, Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen (sjå illustrasjonskart over områda i kap. 6.1, 6.2, 6.6 og 6.7).
- Opprette stimuleringsmidlar; kommunen kunne ha ein tilskotsordning der huseigarar kan søkje om stimuleringsmidlar. Må initierast politisk.
- Opprette ein "skiferbank/skifermarknad", der folk kan hente eller kjøpe brukt skifer.
- Studentoppgåve: registrere skifertak.
- (Gjen-) opprette byggeskikkpris. Dele ut årleg pris til huseigarar som tek i vare husa sine på ein god måte. Må initierast politisk.

Link til Riksantikvaren sitt informasjonsark om skifertak: https://www.byggogbevar.no/media/1027/infoark_354_skifer_2014-1.pdf

6.10 Løer

Volda vart bygd opp rundt primærnæringane jordbruk og fiske. Ovanfor Halkjelsvika var det god jordbruksjord, og det var lett å rydde og dyrke åkrar. Alt i 1385 vart Halkjelsvik nemnt som prestegard, og i fleire hundre år var dei fleiste innbyggjarane i Volda på ei eller anna måte tilknytta jordbruket. Fleire av gardsbruka i Volda sentrum vart frådelt prestegårdsjorda frå siste del av 1800-talet. Ut over på 1800-talet vaks nye næringar fram, folketalet steig og bøndene fekk moglegheit til å produsere mat til fleire enn seg sjølv. Pengesamfunnet vaks fram.

Som eit resultat av moderniseringa av landbruket frå 1850 og utover vart dei mange små uthusa på gardane erstatta av einskapsløa. Einskapsløene effektiviserte drifta og bonden fekk samla både dyr, avlingar og reiskap under eitt og same tak. Køyrebruene er rekna for å vere eit særeige svensk-norsk fenomen.

Med køyrebru til andre etasje kunne ein utnytte tyngdekrafta og sleppe høyet ned til dyra. Vidare kunne ein måke gjødsel frå fjøsen ned i kjellaren. Driftsbygningane vart mala raude, da raudfargen var den billigaste målinga.

Etter krigen vart mange gardsbruk nedlagde. I 1939 var det meir enn 210 000 gardsbruk i drift i Noreg, i 2016 var det om lag 41 000 jordbruksbedriftar. Det finnes framleis løer på landbrukseigedomar i landet, men mange er også reve, erstatta av nyare driftsbygningar eller står tomme og til nedfalls.

Stavkyrkja som sto i Volda sentrum vart riven i 1858, omtrent samtidig med moderniseringa av landbruket. Fleire av løene i Volda sentrum har difor materiale i seg frå denne kyrkja.

Dei fleste løene i Volda sentrum er bygd i tiåra etter 1850. Fleire løer har forsvunne sidan 1980-talet, men framleis finn ein fleire gardstun i sentrum med raude

Skjerva.

Moritsgarden.

Røysløda.

løer. Nokre av dei er teke godt i vare, andre ber preg av lite bruk. Løa på Røystunet er eit døme på korleis ein løe kan fyllast med nytt innhald. Der er siloen gjort om til ein innandørs klatrevegg. Klatresiloen er sentralt plassert like ved Høgskulen i Volda og nyttast aktivt av Sunnmørsk klatreklubb.

Riksantikvar Jørn Holme kallar løene katedralar i bygde-Noreg. Gardsbruka og løene i Volda sentrum er fysiske teikn på landbruket som ei avgjerande næring i samfunnet. Gardsbruka symboliserar mellom anna bondeliv, matproduksjon, buskap, arbeidsfellesskap og hardt arbeid. I tillegg fortel dei ein heil del om lokal byggeskikk.

Raude løer skil seg ut frå andre bygningar i eit sentrumsområde, og framstår som mjuke kontrastar til grå asfalt og store betongbygningar. Gardsbruka og løene i Volda sentrum gir bygda eit særpreg samanlikna med andre bygder.

Grindbygg
Løene her i området vart reist som grindbygg. Grindbygga høyrer til ein 3-4000-årig byggetradisjon som er særmerkt for Vestlandet. Grindbygget med reiste stavar er ein svært fleksibel konstruksjon som tillet store volum med lite byggemateriell, og som gir fridom for individuell tilpassing til terreng og behov. Konstruksjonen er rekna for å vere svært hardfør mot ver og vind. Grindbygde hus var ein dominerande konstruksjon i større og mindre uthus og driftsbygningar til langt inn på 1900-talet i vest-Norge, og vi finn eit særleg mangfald i fridom og utnytting av denne byggemåten i sunnmørsbygdene. Ved sidan av stavkyrkjene har grindbygga ord på seg for å vere det viktigaste norske bidraget til internasjonal byggeskikk og kulturarv.

Planstatus
Ingen av løene i Volda er i dag verna eller freda. Fleire løer er regulert vekk til trafikkføremål, bustad- og næringsområde.



Grindkonstruksjon. Figuren er henta frå "Vi formar staden var", s. 18.

Over: Røysløda. Under: Bastiangarden.

Klatresiloen.

Over: Skjerva. Under: Engeset.

Utfordringar og moglegheiter
Mange av løene i Volda står i dag tomme, og er kostbare, store bygningar å halde ved like. Det finst mange døemer på korleis ein kan tenkje nytt kring denne type bygningar. Klatresiloen er eit døme. I Josybuda på Kalvatn og Rekkedal gjestehus i Ørsta har eigarane satsa på selskapslokale i løene. I Røros har dei hatt eit "uthusprosjekt" der hittil 400 løer og uthus har vore istandsett. I England finst det mange døemer på løer som er bygd om til feriehus og utleigeleiligheiter/hytter. Sjå kap 10 Nyttige nettsider for meir inspirasjon knytt til nybruk av løer.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- Både Røysgarden og Moritsgarden ligg innafor området i Halkjelsvika som er foreslått med omsynssone eller bestemmelsessone i ny arealplan.
- Røysgarden er i tillegg tatt med i lista over i bygningar med høg lokal verdi, sjå kap. 8.3.
- Initiere eit uthusprosjekt i Volda (for både løer og uthus).
- Sette opp informasjonsskilt på nokre av løene.

6.11 Uthus

Utviklinga av Volda som tettstad skaut fart på slutten av 1900-talet, og mykje av den gamle trehusbebyggelsen er frå perioden 1880–1930. Det er i Halkjelsvika, på Hauane og Vikeneset vi finn dei eldste bustadområda. I områda Engeset/ Klepp, Gamlevegen, Anders Vassbotnvegen og rundt Røysbakken er det også ein del bustader frå denne perioda. Eit særpreg i desse bustadområda er dei mange uthusa.

Mange av dei som flytta til einebustadar rundt 1900 hadde bakgrunn frå gardsdrift og hushald med stor grad av sjølvberging. Med små uthus i bustadområda kunne familiar vidareføre tradisjonen med husdyrhald og sjølvberging i ein mindre skala. I uthusa i Volda kunne ein finne sauar, høner og grisar. Vedlageret og utedoen var også ofte plassert her. Mange nytta uthusloftet til å tørke kle eller fisk, rulle tøy eller veve. Om sommaren vart nokre av uthusa også nytta til bustadføremål.

Uthusa i Volda er eit særpreg for bygda, og viss ein ser til nabobygder som til dømes Ørsta, Ulsteinvik eller Fosnavåg, vil ein finne langt færre uthus. Ein grunn til dette kan vere at mange bustadar i Volda vart bygd akkurat i den perioden det var vanleg med slike små uthus. Ein anna grunn kan vere at mange i Volda leigde ut rom til studentar og andre, og eit uthus med lagerfunksjon og ekstra rom kunne vere god avlasting for sjølve bustaden.

Det er vanskeleg å seie kor mange uthus som er igjen i Volda i dag, men mange har med åra verte fjerna eller bygd om. Nokon uthus står til forfall. Andre er teke godt vare på av eigarane. Uthusa har i dag funksjonar som til dømes utebud, vedlager, garasje, vinterhage eller leikehytte. Ein finn også uthus i Volda sentrum i dag som fungerar som hønsehus.

Dei gamle uthusa har i dag ulike funksjonar, som til dømes garasjer.

Uthusa i Volda finst i ulike fargar.

"Plakatbuda" er kanskje det mest kjente uthuset i sentrum.

Kjenneteikn:

- Små bygningar i tilknytting til hovudhus.
- Saltak. Gjerne same tak som hovudhuset, t.d. skifer.
- Fleire dører vanleg.
- Ulike fargar på uthusa, men ofte same farge som hovudhuset. Har også ofte eigen farge på døra, eller på listverk.
- Ståande eller liggande kledning.
- Ofte gamle vindauge med småruta glas.

Utfordringar og moglegheiter:

Uthusa treng jamleg vedlikehald for å overleve. Det er også større sjanse for at eigarane ynskjer å halde husa ved like, viss husa har ein praktisk funksjon.
Sjå kap 10 Nyttige lenker for meir inspirasjon knytt til nybruk av løer.

Planstatus
Ein treng i utgangspunktet ikkje søke om å rive bygningar under 50 m^2, viss ikkje noko anna er bestemt i reguleringsplanen.

Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm frå 1987 er framleis gjeldande for nokre områder i sentrum. Områda rundt Halkjelsgata, Snippa, Røysgata og Kyrkjegata er i denne planen markert som spesialområde: "område med bygningar og miljø som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell eller miljømessig verdi skal vernast".

I punkt 34 i planen står det at "Uthus og mindre hus kan tillatast rivne eller flytta innan området dersom dette etter bygningsrådet sitt skjøn ikkje vil verke forringande for heilskapen i området."

Nokre av uthusa i Volda er registrert i SEFRAK-registeret.

Folk strøymer til "plakatbuda" for å sjå kva film som er sett opp på speleplanen. Biletet er henta frå boka Volda er Volda s. 252.

Uthus tett i tett.

Uthusa er med på å gje bustadområda tette og kompakte uttrykk.

Uthusa hadde som regel fleire funskjonar, og fleire dører var vanleg.

Retningsliner og rutinar for utvikling
- I den nye arealplanen skal føresegner i Ridderstrømplanen vidareførast.
- Føresegnene for Hauane bør innehalde at det ikkje skal vere tillate å rive uthus i området.
- "Plakatbuda" kan sjåast på som ein sentralt plassert "representant" for uthusa i Volda, og er teke med i lista over i bygningar med høg lokal verdi, sjå kap. 8.3.
- Sette opp informasjonsskilt på nokre av uthusa, til dømes på plakatbuda.
- Initiere eit uthusprosjekt i Volda for både løer og uthus. Stimulere eigarar til å ta i vare uthusa sine.
- Studentoppgåve; Kartlegge uthusa i Volda.
- For at eigarar skal ha interesse av å ta i vare uthusa er det også viktig at uthusa kan ha ein nyttig funksjon. Oppgradering av uthus (inkludert til dømes utskifting til meir funksjonelle vindauge og dørar) bør vurderast som positivt.

7 ESTETISK RETTLEIAR FOR RESTAURERING OG TILPASSING

Bygningar og bygningsmiljø er levande historier, og vi har eit ansvar for å fortelje og bringe historiane vidare. Bygningars fasade tilhøyrar det offentlege rom. Bygningars originale stil og detaljering har ein eigenverdi, og gjer historier levande for oss. På den måten kan vi lære om dei som var her før oss.

7.1 Restaurering og tilpassing

Eldre bebyggelse er gjerne pussa opp fleire gongar, og inngrep kan ha forflata fasadeuttrykket. Figurane under syner to vanlege døme. Figuren er henta frå heftet "Byen under fjellet", Holmestrand kommune.



Sveitserstil i 1910. (Krysspostvindauge og rik detaljering.)

Oppussing 1975. (Etterisolering, vippevindauge og tømmermannskledning)



Kledd tømmerbygning 1830. (Empirevindauge.)

Oppussing 1950. (Funkisvindauge og dørar.)

For å oppnå eit vellukka resultat ved restaurering, bør opphavleg byggjestil gjenskapast. Figuren nedanfor syner viktige detaljar som det må takast omsyn til for å ta i vare bygninga sin stil og særpreg.



7.2 Tilbygg på eldre hus

Det kan vere ein krevjande øving å bygge på eit eldre, velproporsjonert hus utan at huset sin karakter og utsjånad vert svekka. Utviding bør skje med same formmessige uttrykk som eksisterande bygg, det vil til dømes seie same takvinkel, vindaugetype, panel og detaljar.

Ein moglegheit er å bygge på huset i høgda eller lengderetninga, men dette kan lett sprengje huset sine proporsjonar.



Påbygg i lengderetning eller i høgda kan lett sprengje huset sine proporsjonar. Figuren er henta frå heftet "Byen under fjellet", Holmestrand kommune.



Tilbygg som dette kan lett gi huset ei haltande og ikkje lettfatteleg form. Figuren er henta frå rettleiaren "Vi formar staden vår".

Ein ofte meir vellukka variant er å byggje tilbygget som ein sidebygning inntil hovudhuset, eller forbunde med eit mellombygg. Sistnemnte gjer større fridom når det gjeld stilkrav, men må vere i harmoni med resten av bygget når det gjeld form, materialbruk og farge.

Hovudprinsippet er at tilbygget ikkje endrar proporsjonane på hovudhuset i nemneverdig grad, og at opphavleg hovudform kjem klart frem. I den samanheng er det viktig at det er lett å oppfatte hjørna på det opphavelege huset. Også utforming av verandaer, murar og hageanlegg kan påverke hovudbygningen på ein god eller dårleg måte. Gode skisser er eit godt hjelpemiddel når ein skal vurdere ulike alternativ. Be gjerne kvalifiserte fagfolk om råd. Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr tilskot til forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand for bygningar og anlegg, sjå kapittel 3 Tilskot.



Døme på tilbygg for å auke bustaden sitt bruksareal. Figuren er henta frå heftet "Byen under fjellet", Holmestrand kommune.



Tilbygg bør plasserast med omtanke i høve til opphaveleg bygningskropp. Bygninga sitt hovudvolum bør vere tydeleg ved at hjørnekassa framleis er synleg. Figuren er henta frå rettleiaren "Vi formar staden vår".

7.3 Fortetting og nye bygg

Fortetting kan vere eit godt grep i høve sentrumsutvikling og klimavenleg bygdeutvikling. Samtidig må nye bygningar i eit bevaringsverdig bygningsmiljø stette opp om miljøet sin eigenart. Ny arkitektur må ta opp i seg formar frå eksisterande arkitektur. Nybygg må vidareføre byggeskikken og tilpassast det eksisterande bygningsmiljøet i høgde, volum, utforming og materialbruk. Tilpassa arkitektur treng ikkje vere kopi av den gamle; arkitekturen kan vere moderne, men tilpassa.

Teikningsmateriell og utgreiingar knytt til nybygg, tilbygg eller ombygging i eit bevaringsverdig bygningsmiljø, skal halde ein standard som gjer greie for prosjektet i seg sjølv og i høve til opphavlege bygningar og miljøet ikring. Teikningar og utgreiingar skal vise at tiltaket tek tilstrekkeleg omsyn til omkringliggande bygningsmiljø når det gjeld storleik, proporsjonar, material- og fargebruk.

Gaterommet må takast i vare
Dei gamle gateløpa er ein viktig del av historien og bygningsmiljøet, og det er uheldig om det vert "hull" i husrekkjene. Nye bygg på ledige tomter skal oppretthalde og forsterke eksisterande gaterom. Dersom ein bygning tillatast reve og erstatta av eit nytt bygg, må det plasserast der det gamle sto.



7.4 Huset sin tilstand og moglegheiter

Vedlikehald er god investering
Aktivt vedlikehald gir lengre levetid, og ein unngår unødige reparasjonar og utskiftingar.

Grunnmur/sokkel: sjå etter at drenering rundt grunnmuren fungerar og at kjellar og kryprom har ventilar (lukar eller ventilar i murveggen).

Yttervegg/kledning: Veggfelt og kledning under vindauge og nedst mot muren bør sjekkast for råteskadar.

Tak og beslag: Undersøk om taket er tett. Sjå etter lekkasjar rundt takluker, piper, kilrenner, takrenner og nedløp. Undersøk om det er mogleg å etterisolere loftet. Linker til nettside og informasjonsark om vedlikehald av skifertak: https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/tak/artikler/vedlikehold-og-gjenbruk-av-skifertak og https://www.byggogbevar.no/media/1027/infoark_354_skifer_2014-1.pdf

Originalen er ofte betre enn kopien
Gamle og skeive bygningsdelar og overflatar er med på å gi fasadar kvalitet. Dette preget vert borte ved fullstendig renovasjon av fasadane. Heilt nye fasadar gjer at bygningar fort kan sjå for perfekte og glatte ut, sjølv om ein har kopiert den gamle stilen. Spor etter bruk og "tidens tann" er viktige delar av huset si historie. Gamle hus bør få lov til å vere litt gamle. Ved restaurering eller vedlikehald kan det vere ein kvalitet å bevare gamle bygningsdelar, viss det er mogleg. Delar som dørar, listverk, trappar, rekkverk og vindauge kan til dømes gjerne vere i brukbar stand, og nyttast opp igjen.

Ved renovasjon eller utbetring kan det vere lurt å undersøkje korleis huset såg ut opphaveleg. Sjekk kommunen sitt byggesaksarkiv, sjå på gamle bilete eller undersøk om det finst dokumentasjon av huset sin tidlegare utsjånad.

Be gjerne andre kvalifiserte fagfolk om råd. Det kan vere ein byggmeistar eller arkitekt som har gode lokalkunnskap. Det er mogleg å søkje om midlar til arkitektveileiing, sjå meir om dette i kapittel 3 Tilskot.

8 BYGNINGAR MED NASJONAL, REGIONAL ELLER HØG LOKAL VERDI

I dette heftet er det lagt vekt på å framheve viktige bygningsmiljø - samlingar av bygningar som på ein eller anna måte høyrer saman, harmonerar med kvarandre eller oppfattast under eit. Det er likevel vanskeleg å sjå bort i frå enkeltbygningar i eit slikt arbeid. Nokre bygningar fungerar som signalbygg, fortel ei bestemt historie eller syner viktige særtrekk ved byggestilen. I dette kapittelet er slike enkeltbygningar eller mindre bygningsmiljø trekt fram.

Kapittel 8.1 og 8.2 inneheld ei oversikt over bygningar med nasjonal eller regional verdi, i tettstaden Volda. Desse bygningane står på Møre og Romsdal fylkeskommune si liste over kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi (Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi). Kommunane i Møre og Romsdal er oppmoda til å innarbeide kulturminna og kulturmiljøa på denne lista i sine kommuneplanar, og gje dei vernestatus (viss dei ikkje allereie har det). Omsynssone er også eit aktuelt virkemiddel.

Kapittel 8.3 inneheld ei liste med bygningar med lokal høg verdi. Lista er ikkje uttømmande, men synleggjer enkeltbygg som på ei eller anna måte har lokal høg verdi. Bygningar i denne lista inngår i ulike planar/ reguleringsplanar. Det er i dette arbeidet ikkje lagt opp til å endre planstatusen til desse enkeltbygningane.

8.1 Bygningar med nasjonal verdi

Volda kyrkje
Kulturminne, kyrkjehistorisk minne.
Korskyrkje i stein, bygd i 1932. Arkitekt Arnstein Arneberg. Kyrkjebygg frå perioden etter 1850 med særleg høg verdi, eit av 38 i Møre og Romsdal.
Vernestatus: listeført kyrkje.

Skrivargarden, Skjerva
Kulturminne. Opprinneleg funksjon: offentleg forvaltning.
Sorenskrivarkontor frå 1905. Fram til 1985 var det bustad for sorenskrivaren i store delar av huset, men i 1985 vart huset bygd om slik at det vart rettssalar i andre etasje og kontor for dei tilsette i første etasje. Slik er det også i dag.
Eit av få jugendbygg på Søre Sunnmøre med mansardtak.
Er statleg listeført og med i nasjonal landsverneplan.

Volda prestegard
Kulturmiljø. Prestegard; offentleg administrativ teneste. Prestegarden vart flytta hit i 1730-åra. Presten Hans Støm kom til Volda i 1763, og det er han som skal ha sørga for den fine hagen kring huset. Den nye hovudbygninga vart bygd i 1818. Det står også eit stabbur (frå ca. 1900) og eldhus på eigedomen. Stabburet vart vedtaksfreda i 1992 etter kulturminnelova av 1978, og området ved Volda prestegard er regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.

Ristetunet, Nedre Rotset
Samansett kulturmiljø; gardstun og teknisk/industrielt minne. Både Garvarbua (1838) og Ristetunet med hovudbygning (1838), stabbur (ca. 1750) og borgstove (1655 eller eldre) vart vedtaksfreda i 1927. I tilknyting til Garvarbuda er det også ein landingsvor som er freda. Enkjefru Andrea Schjelderup dreiv handel, gjestgjeveri og reiarlag her fram til 1820. Kjøpmann Olai Olsen overtok garden i 1838. Han dreiv med handel og bakeri, og bygde garvarbuda. I 1876 vart huset selt til garvar Carl Nikolai Rødseth. I dag er det Stiftinga Volda Sogelag som eig Garvarbuda, medan resten av tunet er privateigd.

8.2 Bygningar med regional verdi

Halkjelsvik tettstad
Kulturmiljø; handelsplass, eldre tettstad.
Tett trehusmiljø i gamalt sentrumsområde.
Datering: Uviss tid. Regulert til bevaring.

Gamlegymnaset
Kulturmiljø; undervisningsanlegg, skulehistorisk minne. Datert 1851/1902. Bygt som kapteinsgard i 1851, i bruk som mellomskule frå 1891, påbygt i 1902 og utvida til gymnas i 1907. Regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.

Gamlegymnastikken
Kulturminne; undervisningsanlegg, skulehistorisk minne, idrettsbygg. Gamlegymnastikken husa gymnastikksal for Gymnaset i Volda. I toppetasjen hadde dei musikkrom. I dag er det frimurarlogen i Volda som eig huset. Datert 1921. Regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.

Volda elektriske mylne
Teknisk kulturminne; mølle/kvernhus. Datering: Uviss tid. Ei av åtte bygdemøller, er i aktiv drift.

Skrivargarden, Rotset
Kulturminne; gardstun, embetsmannsgard. Sete for sorenskrivar for Søre Sunnmøre. Den "gamle" skrivargarden. Datering: 1816.

Kaarstadbygget
Kulturminne; undervisningsanlegg, skulehistorisk bygning med høg regional verdi. Datert: 1922. Arkitekt Øivin Berg Grimnes, Ålesund.
Det eldste bygget på dagens campus og er med sin karakteristiske gulfarge eit kjennemerke for lærarutdanninga i Volda.

8.3 Bygningar med høg lokal verdi

Kløvertun
Kløvertud sto ferdig I 1967, og vart bygd av Volda sanitetslag som ein "heim for senil demente". Bygninga har verneklasse 2 i landsverneplan for Helse- og omsorgsdepartementet. Føremålet med vernet er å bevare bygget som eit representativt døme på mindre institusjonsbygg innanfor psykriatrien. Bygninga har helsehistorisk verdi som typisk døme på ein vanleg institusjonstype i etterkrigstida, og som døme på dei frivillige organisasjonandes verdi for sektoren. Bygninga bør regulerast med ei omsynssone i ny arealplan.

Samfunnshuset
Huset sto ferdig hausten 1955. Fleire arkitektar var involvert i arbeidet, mellom anna Harald Løkeland frå Bergen og Ivar Bjordal frå Molde. Huset kosta knapt 800.000 kr da det var ferdig, og inneheldt moderne kinoframvisar og gode lokalitetar for større teaterframsyningar i tråd med riksteateret sine krav. Innviingsfesten markerte starten på ein svært aktiv periode for kulturlivet i bygda. Huset er under oppgradering, og får mellom anna nytt skifertak.

Idrettsbygget
Idrettsbygget vart ferdigstilt av Statsbygg i 1963 og er teikna av arkitekt Ivar Bjordal. Den grøne bygninga fungerar som eit signalbygg, og er godt synleg frå mange stader i bygda. Bygninga inneheld både gymnastikksal og symjehall.

Berte Kanutte-huset
Berte Kanutte-huset sto ferdig i 1998, og vart bygd av Statsbygg som eit høgskulesenter med fellesfunksjonar som sentraladministrasjon, bibliotek, auditorium og kantine. Bygninga er teikna av Nuno Arkitekter. Bygninga er kalla opp etter salmediktaren Berte Kanutte Aarflot, som budde i Volda på 1800-talet.

Volden høyere almueskole, Gamlevegen 2
Volden høyere almueskole var opphavleg oppført der elveløpet til Øyraelva no går i 1861. Etter at huset vart teke av flaumen, vart det ført oppatt utanfor skulebakken i 1865. I 1896 kjøpte Hemrik og Johanne Kaarstad huset av Volda kommune. Kaarstad brukte huset som privatbustad og dreiv ei stund også lærarskule her. I 1947 selde familien Kaarstad huset til Kinamisjonen som eigde det til 1956. Då kjøpte Kjellaug Kaarstad Tjensvoll og Lars Tjensvoll huset tilbake. Huset er i dag bustadhus og teke godt i vare.

Rønnestadbygget/Cubusbygget
Huset vart teikna av sivilarkitekt Olav Alme som forretningsbygg til Steinsvik-Rønnestad. Huset sto ferdig i 1976. Bygninga har med formar og fargar tydelege referansar til Volda kyrkje, som står rett bak.

Gamle Sparebanken
Volda og Ørsta sparebank ynskte seg eit nytt og sentrumsnært bygg. Huset sto ferdig i 1934 og det var arkitekt Rohde i Bergen som teikna huset. Ingeniør Nes var hovudentrprenør. Huset er prega av den ny-klassisistiske stilretninga. Arkitektene har også teke omsyn til kyrkja som vart bygd eit par år tidlegare; dei to monumentale bygningane står godt til kvarandre. Banken trakk jamn trafikk av kundar heile dagen. Telegrafen heldt til i andre etasje. Telegrafen var ein viktig kvinnearbeidsplass i bygda.

"Gamlebanken" på Rotset
Voldens og Ørstens Sparebank vart oppretta 1854, som den tredje sparebanken på Sunnmøre. Den fyrste tida leigde banken ulike lokale som opprinneleg var tenkt til andre føremål. I 1886 flytta banken for fyrste gong inn i eigne lokale; da kjøpte banken eit hus på Nedre Rotset. Heller ikkje dette huset var bygd til bank, og noko ominnreiing måtte til. Det største tiltaket var å bygge attåt eit eldsikkert kvelv med tjukke betongmurar. Både huset og kvelvet står enno, sjølv om huset er noko ombygd. I 1934 flytta banken til eit heilt nytt bankhus like ved kyrkja.

Røysgarden
Halkjelsvik prestegard vart i 1792 selt på tvangs-auksjon og delt i tre mindre bruk; ein av dei var Røysgarden. Tunet skil seg ut frå andre bygningsmiljø i sentrumsområdet. Her er det luft mellom bygningane, store, ruvande tre, grøne grassflatar og mjuke formar. I 1911 vart løda modernisert, og fekk brattare køyrebru og ark. Løa har i seinare tid vore nytta til ulike kulturarrangement. Røysgarden med den signalraude løa og området rundt framstår som velstelt, og er med på å gi sentrumsområdet eit særpreg.

Svendsenbuda, Strandgata 8
Svendsenbuda er den einaste sjøbuda som står igjen i Volda sentrum, og er eit av få teikn på bygda si historiske tilknytting til sjøen. Tidlegare låg det sjøbuder på rekke og rad langs fjordkanten, og små og store båtar låg tidvis til kai langs brygga. Dei fyrste sjøbudene ved Vikeneset kom opp rundt 1880.
I dag er det butikk og hyblar i den gamle sjøbuda.

Plakatbuda
Uthuset står sentralt plassert i krysset mellom Halkjelsgata og Røysgata. Utuset høyrde til Kroken-huset frå 1893. I Kroken-huset har det vore drive handel av ulikt slag, og plakatbuda vart hovudsakeleg nytta til lager. Med sin sentrale plassering gjorde den eine veggen på uthuset nytte som "plakatvegg". Her kunne ein til dømes sjå speleplanen for kinoen. Uthuset har framleis funksjon som plakatbud.

Røyshuset - Røystunet
I 1932 vart Moritsgarden delt i to delar, og same året sto det ein ny løde på Røystunet. I 1933 vart hovudhuset ferdig. Hovudbygninga skil seg ut frå andre hovudhus på gardsbruk frå den tida. Huset kan sjåast på som eit forsøk på ein alternativ byggeskikk for norske gardhus. Huset ligg lavt i terrenget, og ligg lunt til mellom store trekronar og ein tett bøkehekk. Skifertaket mot høgskulen er ein synleg fasade på huset. Huset er teke godt i vare.

Evensenhuset, Røysbakken 23
Evensenhuset vart bygd til ekteparet Nils Sr og Johanna Evensen, og sto ferdig i 1912. Evensen dreiv Møre Støyperi AS, som låg like i nærleiken. Støyperiet var ein viktig bedrift i lokalsamfunnet med monge arbeidsplassar. Konstruksjon og planløysing har referansar til sveitserstilen, medan oppbygning av fasade og detaljering er henta frå jugendstilen. Drakane på taket særmerker huset. Hagen er tett beplanta med frukttre og bærbuskar. Frå huset er det god utsikt ned til sentrum.

Doktervegen 21, Roligheten
Huset er bygd av Henrikke Georgine og Gustav Gerhardsson Wiig, og sto ferdig i 1916. Sveitserhus med bratte takvinklar, skifertak, høg kjellarmur og innebygd veranda. Større glassflater, delt opp i kross, og med utskjeringar på listverk. Fargane på huset framhevar konstruksjonsdetaljane. Huset er teke godt i vare, og er godt synleg i sentrumsområdet.

Anders Vassbotnvegen 4
Bustadhus bygd av Elisa Karoline og Edvard Eliasson Bjørdal i 1922. Edvard var medeigar i Volda ullspinneri. Huset har tre etasjer og står på høge kjellarmurar. Skifertak. Hagen er grøn og frodig, og inneheld mellom andre gamle frukttre. Det står også eit uthus i hagen. Huset er teke godt i vare.

Gamletunet, Vikebygdvegen 15
Sivert Andreas Langvatn kjøpte garden i 1923, og bygde nytt bustadhus som sto ferdig i 1932. Trehuset har mange detaljar, og skil seg ut blant andre hus i Volda. Kvart enkelt vindauge er nesten eit smykke i seg sjølv; glasbitar i ulike størrelsar er sett saman i forskjellige mønstre, nokre med buede formar. Detaljar rundt vindauga er framheva med grøn og raud måling. Huset har vore omtalt med kallenamnet "amerikahuset", men bakgrunnen til namnet er noko uklar. Huset har vore gjennom ein omfattande restaurering. Huset er godt synleg frå hovudvegen.

Espehuset, Anders Vassbotnvegen 23.
Huset vart bygd i 1932 av skomakar Elias Abelson Espe (Volda) og den andre kona hans, Martha Pauline Ellingsdotter Indresøvde (Larsnes). Standsmessig fint hus, trekonstruksjon forblenda med teglstein og med etterlikning av bindingsverk i møna. Framand hustype i Volda, og også nasjonalt var det særs få teglforblenda hus før 1940. Arkitekt var Elmer Dalen, Martha sin systerson. Han gjekk mellom andre i bygningslære i Amerika. Familien deira var (med-) eigarar både i kalkverk på Larsnes og teglsteinsverk på Åndalsnes. Dette forklarar truleg dei uvanlege vala i materiale og stil.

Kylnevegen 2
Bygd av Sivert Johannes Olsson Høydal i 1935 og er eit av dei tidlegaste funkishusa i Volda. Tydelege funksjonalistiske trekk. Tilpassa lokale tilhøve, og er bygt i tremateriale og saltak (ikkje mur og flatt tak som er typisk for funksjonalismen). Er teke godt i vare.

9 KJELDER

Bergseth, M. og Aarset, H. (2005). Vi formar staden vår. Tilgjengeleg frå: (del 1:) http://www.helgeaarset.no/pdf/vi_formar_staden_del1.pdf (og del 2:) https://www.ulstein.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=5&FilId=1612 (lest 15.06.2017).

Bjørhovde, H. (2017). Riksantikvarens fy-liste: Ønsker seg færre murklosser med flatt tak. Tilgjengeleg frå: https://www.aftenposten.no/osloby/i/PQG9J/Riksantikvarens-fy-liste-Onsker-seg-farre-murklosser-med-flatt-tak (lest 21.08.2017).

Bjørneset, T. M. (2016). Evensenhuset på Røysbakken. I Sollid, J.A.K. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2016 (s. 21*–30). [Volda: Volda sogelag].

Byantikvaren. (2017). Bylandskap. Tilgjengeleg frå: https://byantikvaren.no/bylandsskap/ (lest 15.06.2017).

Elvadalen. (2017). Velkommen til Elvadalen. Tilgjengeleg frå: https://elvadalen.wikispaces.com/home (lest 17.08.2017).

Grøndahl, C. E. W. (2016). Finn fargene! Fargekoder til gamle hus. Tilgjengeleg frå https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/maling/artikler/finn-fargene (lest 17.10.2017).

Halkjelsvik, K. (1992). *Halkjelsvik-gardane 1792–1992.* (Tilgjengeleg på Volda folkebibliotek).

Hasle, K. (2010). Uthusa i sentrum. *Voldaminne Årsskrift 2010 (s. 161*–170). [Volda: Volda sogelag].

Hasle, K. (2012). Skifertaka – eit særpreg for lokal byggeskikk. I Bårdseth, G. A. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2012 (s. 72*–83). [Volda: Volda sogelag].

Hasle, K. (2014). Volda Private Millomskule og Gymnasium. I Bårdseth, G. A. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2014 (s. 167*–180). [Volda: Volda sogelag].

Hasle, K. (2016). Lagnadstime for løene. I Sollid, J.A.K. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2016 (s. 31*–41). [Volda: Volda sogelag].

Helse- og omsorgsdepartementet (2017). Kompleks 9900152 Volda psyk. senter. Tilgjengeleg frå http://www.lvph.no/pdf_vedtak/106_Volda_psykiatriske_senter.pdf (lest 17.08.2017).

Helse- og omsorgsdepartementet (2017). Landsverneplan for Helse- og omsorgsdepartementet. Tilgjengeleg frå http://www.lvph.no/dokumenter/Verneklasse_2_bekreftet_utvalg_pr_2016_(1029321).PDF (lest 17.08.2017).

Holmestrand kommune. (2001). Byen under fjellet. Grønne verdier og Bygningsmiljø. Estetisk veiledning.

Høgskulen i Volda. (2016). Henrik Kaarstad-huset. Tilgjengeleg frå: http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/campusoversikt/henrik-kaarstad-huset (lest 08.08.2017).

Indresøvde, E. (2014). "Rådhuskvartalet" vert forma. I Bårdseth, G. A. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2014 (s. 181–192)*. [Volda: Volda sogelag].

Indresøvde, E. (2015). Kven var arkitekten for Samfunnshuset i Volda? I Sollid, J. A. K. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2015 (s. 197–203)*. [Volda: Volda sogelag].

Indresøvde, E. (2016). Sveitserstilen i Volda. I Sollid, J. A. K. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2016 (s. 15–20)*. [Volda: Volda sogelag].

Iversen, I. O. (2016). Hus og farge: Et historisk tilbakeblikk. Tilgjengeleg frå: https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/maling/artikler/hus-og-farge-et-historisk-tilbakeblikk (lest 17.10.2017).

Lokalhistoriewiki.no. (2017). Hans Strøm. Tilgjengeleg frå: https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Hans_Str%C3%B8m (lest 17.08.2017).

Lokalhistoriewiki.no. (2017). Skulestaden Volda. Tilgjengeleg frå: https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Skulestaden_Volda (lest 15.06.2017).

Kjelland, A., Høidal E. og Myklebust, O. (2012). Busetnadssoga for Volda. Band 4a Øyralandet - Volda sentrum. [Snøhetta forlag a.s.]. ISBN 978-82-93047-00-1.

Kornberg, L. (2001). *Hilsen fra Volden. Ei bildebok frå gamle Volda 1862–1938.* [Aarflots Prenteverk AS, Volda]. ISBN 82-996162-0-4.

Kornberg, L. (2004). *Volda er Volda. Biletbok slik det ein gong var 1935–1975.* [Aarflots Prenteverk AS, Volda]. ISBN 82-996162-3-9.

Kulturminnesøk. (2017). Kulturminnesøk. Tilgjengeleg frå: https://kulturminnesok.no/ (lest 08.08.2017).

Mandal kommune. (2007). Veileder for bevaringsområdene. Mandal. Tilgjengeleg frå: https://www.mandal.kommune.no/component/content/article?id=718:bygge-i-bevaringsomrade (lest 23.10.2017).

Møre. (2015). Volda 2015 Engeset. Tilgjengeleg frå: http://mre.no/volda/engeset/19.2234 (Lest 08.08.2017).

Møre og Romsdal fylkeskommune. (2017). Om skulen. Tilgjengeleg frå: http://www.volda.vgs.no/VoldaVGS/Om-skulen (lest 15.06.2017)

Nerbøvik, J. (2001). Løyndom og røyndom. To fotografar i Volda 1898–1979. [Volda]. ISBN 82-994080-3-2.

Regjeringen. (2017). Kompleks 575 Høgskulen i Volda. Tilgjengeleg frå: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/hoeringsdok/2010/201001140/575_hoegskulen_i_volda.pdf (lest 17.08.2017).

Roppen, J. (2016). Då lærarskulen hadde eige småbuk. Tilgjengeleg frå: https://blogg.hivolda.no/jr/2016/03/22/da-laerarskulen-hadde-eige-smabruk/ (lest 07.08.2017).

Røyrane E. og Apneseth, O. (2015). *Noregs låver.* [Skald forlag]. ISBN 9788279592044.

Statistisk sentralbyrå. (2017). Landbruksundersøkinga, 2015/2016, førebelse tal. Tilgjengeleg frå: https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/lu (lest 17.08.2017).

Søre Sunnmøre Tingrett. (2017). Historie. Tilgjengeleg frå: http://www.domstol.no/no/Enkelt-domstol/sore-sunnmore-tingrett/om-sore-sunnmore-tingrett/historie/ (lest 08.08.2017).

Tvinnereim, J. og Melle, O. (2003). Fjordbygder i forandring. [Snøhetta forlag a.s.]. ISBN 82-303-0069-0.

Volda kommune. (2007). Tettstadsanalyse Volda sentrum. Tilgjengeleg frå: https://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=5&FilId=272 (lest 15.06.2017).

10 NYTTIGE NETTSIDER

Bygg og bevar
Nettsida Bygg og Bevar inneheld artiklar om korleis gamle hus kan haldast ved like og settast i stand. Nettsida er eit samarbeidsprosjekt mellom Klima og miljødepartementet og Byggenæringens Landsforening.
https://www.byggogbevar.no/

Kommunekart
Kartteneste. Her finn ein kommunedelplanar og reguleringsplanar for Volda kommune.
www.kommunekart.com/

Kulturminnesøk
Tjeneste frå Riksantikvaren. Inneheld informasjon om over 170 000 kulturminne og kulturmiljø.
kulturminnesok.no/

Møre og Romsdal fylkeskommune
Informasjon om mellom anna kulturvern og tilskotsordningar.
https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/Kulturvern

Riksantikvaren
Nettside med mellom anna publikasjonar og faktaark, råd om bygningsvern og informasjon om tilskotsordningar.
https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Raad-om-bygningsvern

SEFRAK-registeret
SEFRAK er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og anna kulturminne.
http://www.miljostatus.no/kart/?lang=no&extent=312354|7083536|332452|7096229&layers=51:100;&basemap=KART&opacity=70&saturation=100

Volda kommune
Kommunen si heimeside. Informasjon om reguleringsplanar, kulturminneplan og politiske prosessar.
https://www.volda.kommune.no/

Inspirasjon tema uthus og løer:

Vegårdshei:
"Sentrumsprosjekt gav bustadvekst på landsbygda: Transformering av låve til leilegheiter"
Bilete og tekst er henta frå: www.husbanken.no/forbildeprosjekter/prosjekt/?id=215367

Lommedalen:
"Byttet ut enebolig på Røa med låve i Lommedalen. Slo til med en ombygd låve fra 1800-tallet."
Bilete og tekst er henta frå: http://botrend.no/2016/06/03/byttet-ut-enebolig-pa-roa-med-lave-i-lommedalen/

Røros:
"Siden 1996 har Uthusprosjektet utført ca. 400 prosjekter i verdenskulturminnet Røros, hvor uthus har blitt tilbakeført til et nivå hvor det i ettertid skal holde med vanlig vedlikehold."
Bilete og tekst er henta frå: http://uthusprosjektet.no/

Bath, England:
"Ombygd låve, sjarmerende landsby i nærheten av Bath, perfekt for å utforske landskapet."
Bilete og tekst er henta frå: www.homeaway.no/feriebolig/p1018400

Bantham, England:
"Ombygd låve, område med enestående naturlig skjønnhet, en mil fra surfestrand."
Bilete og tekst er henta frå: www.homeaway.no/feriebolig/p1633178

Sørum:
"Dyrene er for lengst kastet ut av låven på Asak Søndre Gård i Sørum. Nå er det konferansegjester det går i for ekteparet Stine og Hans-Ove Kirkeby. I vår åpnet de konferansegården «Smakfulle rom» med fokus på matopplevelser og personlig service."
Bilete og tekst er henta frå: www.hotellmagasinet.no/artikler/konferanse-stedet-smakfulle-rom-har-moterom-pa-laven/366706

Voss:
"Fra gård til hotell: Svein Ringheim og kona Jorunn måtte ta et valg. Slektsgården deres oppe i lia ovenfor Voss måtte det gjøres noe med. Kona ville bruke bygninga til noe annet enn gårdsdrift. Nå er det et særpreget lite hotell og en restaurant med gjester fra hele verden."
Bilete og tekst er henta frå: www.hotellmagasinet.no/artikler/fra-gard-til-hotell/368075

Hakadal:
"Kultursiloen gir rom for blomstrende og kulturelle aktiviteter." " Kulturuka på Kirkerud, 15.-20 august, ble igjen en suksess. Jazz i siloen med bandene French Quarter Four og Afternoon Jazz Orchestra med Torstein Kubban (kornett) spilte for et entusiastisk publikum."
Bilete og tekst er henta frå: www.kirkerudgard.no/

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon: +47 70 05 87 00

INNSPEL TIL «BYGNINGSMILJØ OG ESTETISK RETTLEIAR – VOLDA SENTRUM»

Høyringsperiode 12. desember 2017–12. januar 2018

Volda kommune takkar for innkomne innspel og gode tilbakemeldingar

Innspela har vore diskutert i arbeidsgruppa. Dette dokumentet inneheld ei oversikt over innkomne innspel og kommentarar/tilråding frå kommunen.

Oversikt over innkomne innspel:

Jorun Marie Kvernberg	s. 1
Røysgarden sameige	s. 2
Roar Driveklepp	s. 4
Anne-Sofie Egset og Jacob Kjøde jr.	s. 6
Stiftinga Gamlegymnaset i Volda	s. 6
Møre og Romsdal fylkeskommune	s. 7
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	s. 7
Andre justeringar	s. 8

Innspel med kommentar frå kommunen

Jorun Marie Kvernberg

Hei!

Kjekt å sjå at huset vårt er med i lista over bygningar med høg lokal verdi! Opplysningane som stod om det var ikkje heilt korrekte. Eg skriv eit forslag til ny tekst under, så kan du ringe meg (91318235) eller Øyvind (99516483, sambuar) om du lurer på noko.

--

Anders Vassbotnvegen 23, Espehuset.

«Huset vart bygd i 1932 av skomakar Elias Abelson Espe (Volda) og den andre kona hans, Martha Pauline Ellingsdotter Indresøvde (Larsnes). Standsmessig fint hus, trekonstruksjon forblenda med teglstein og med etterlikning av bindingsverk i møna. Framand hustype i Volda, og også nasjonalt var det særs få teglforblenda hus før 1940. Arkitekt var Elmer Dalen, Martha sin systerson. Han gjekk m.a. i bygningslære i Amerika. Familien deira var (med-)eigarar både i kalkverk på Larsnes og teglsteinsverk på Åndalsnes. Dette forklarar truleg dei uvanlege vala i materiale og stil.»

PS

1) Neste hus på lista, Kylnevegen 2, har fått tittelen "Espehuset". Det er ombytt, det er vårt hus som kallast dette.

2) I familien har det vore sagt at teglsteinen er frå Nederland, utan at me kan vite dette sikkert.

3) Det stemmer det med broren, Johan Indresøvde, men nevøen Elmer var truleg viktigare i denne samanhengen.

Både Johan og Elmer var eigarar av verket på Åndalsnes i kvar sine periodar. Martha var også med nevøen sin til Amerika.

Opprinneleg tekst: «Bygd av skomaker Elias Abelss. Espe og sto ferdig i 1932. Standsmessig fint hus, bygd i teglstein og med etterlikning av bindingsverk. Framand hustype i Volda, og er truleg inspirert av arkitektur frå England, Nederland eller Nord Tyskland. Kona til Espe; Martha Pauline Ellingsdotter Indresøvde, hadde ein bror ved Nes Teglverk i Åndalsnes, og teglsteinen er truleg henta derfrå. Denne broren budde også i periodar i Amerika, og det er mogleg at teikningane l huset også kom derfrå.»

Kommentar:
Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kapittel 8.3 Bygningar med høg lokal verdi.

Røysgarden sameige

Først ønskjer vi å understreke at det er eit imponerande og viktig arbeid som ligg bak dette utkastet til rettleiar for bygningsmiljø og estetikk for Volda sentrum. Vi stiller oss fullt og heilt bak eit slikt initiativ for å ta vare på essensielle og unike verdiar i sentrum. I og med at vi eig eit gamalt gardstun som er lokalisert midt i smørauget av det gamle sentrum, så røyver dette dokumentet oss særleg sterkt og kan få konsekvensar for både oss og våre etterkomarar.

Gardstunet vårt er eit avgrensa areal av den gamle Røysgarden som enno ikkje er avgitt til bygningar og asfalt . Vi er samde i at tunet representerer verdiar frå ei tid som var, og at det på ein måte gir ei grøn lunge midt i det som lenge har vore Volda handelssentrum. Vi registrerer også at nemnda bak denne rettleiaren kommenterer tunet og vedlikehaldet av det i positive ordelag. Det er gledeleg at dette vert lagt merke til. Og i det vi understrekar at eit slikt vedlikehald vil halde fram så lenge det er praktisk mogleg for oss, så vil vi likevel kome med nokre kommentarar til framtidig bruk av tun-arealet:

Det er energi- og ressurskrevjande å halde eit slikt tun frå forfall når det ikkje lenger er drift eller driftsgrunnlag på sjølve garden. Vi må her også tenkje på etterkomarar og deira ansvar opp i dette.

Tidlegare, i samband med rulleringa av kommunedelplanen sin arealdel, har vi spelt inn merknader når det gjeld kva status løetomta i tunet skal ha. Det er viktig for oss at ikkje heile tunet vert bandlagt for alltid i den forma det ligg i dag. Og i denne samanhengen vil vi også spele inn det same ønsket i høve denne rettleiaren. Løetomta ønskjer vi å halde på som forretningstomt, ev. med ein blanda funksjon, t.d. forretning/bustad/kultur. Ein slik status kan også opne opp for å innlemme, ev. bruke delar av grindbygget som løa representerer, inn i nye og moderne prosjekt. Eit grindbygg er forholdsvis enkelt å flytte og/eller restaurere.

Når det gjeld resten av tunet, så skjønar vi at i alle fall store delar av det, glir godt inn i Ridderstrøm-planen med sine presiseringar og avgrensingar, men vi ser helst at heller ikkje det vert bandlagt for alltid, og at dei strengaste verne-kriteria ikkje bør leggjast på dette heller.

Kommentar:

I kommunedelplan for Volda sentrum er Røysløda regulert til forretning, sjå kartutsnitt frå Ridderstrømplanen under. Denne rettleiaren legg ikkje opp til endra arealbruksføremål for området, innspel om endra arealbruk tek ein direkte i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Ved ein eventuell utvikling av området er det positivt om Røysløda (eller delar av den) kan nyttast og innlemmast i nye og moderne prosjekt.

Resten av tunet ligg innafor «Spesialområde» i Ridderstrømplanen. Volda kommune ynskjer at føresegner for spesialområdet skal vidareførast i ei omsynssone/bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Gardstunet opplevast grønt og frodig, og er viktig miljøskapande element i området. Kommunen ynskjer å ta i vare dei kvalitetane dette området representerer.



Figur: Utsnitt frå Ridderstrømplanen. Spesialområda er markert med oransje.

Ingen endringar i dokumentet.

Roar Driveklepp

Arkivsak nr 2017/2238 Hovringsutkast dal. 24.11.2017
for Bygningsmiljo og estestisk reuleiar for Volda sentrum

Merknad 1) Punkt 6.11 Uthus, om å «.....ta vekk punkt 34 i planen»
2) Punkt 6.1 Halkjelsvika. «.....at det skal vere forretning og.....på gateplan»

Eg er eigar av Gnr.19 Br.nr.598 (Halkjelsgate 13 og tomta inntil Apotekbygget)
I reguleringsplanen for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm stadfesta i 1987, er det regulert eit nybygg på tomta og muligheit for tilbygg til Halkjelsgt.13, samt at reguleringa viser at uthusa er vekkregulert. Vi arbeider no med å utvikle og få bygge ut dette området etter gjeldande regulering. For at ikkje ei utbygging i dette området skal stoppe opp, må punkt 34 fortsatt gjelde.
Sjå merknad nedenunder.

Merknad 1) I gjeldande reguleringsplan punkt 34, står det at *«Uthus og mindre hus kan tillatast rivne eller flytta innan område».*

Vi meiner at « å ta *vekk punkt 34 i planen» (* som då vil innebære at alle uthus og småhus i Volda sentrum kan verken rivast eller flyttast innan område), kan lage store problem for ei utbygging i fleire områder i sentrum.
Viser til Kommunedelplanen, som er sitert på s.12, *«....har som mål å utvikle Volda sentrum til ein attraktiv tettstad med eit levande og konkurransedyktig sentrum».* Då må ein ikkje her i dei nye retningslinjene bli så ivrig på å verne, at det vil hindre utbygging i Volda sentrum.
Konklusjon: Punkt 34 i gjeldande reguleringsplan må fortsatt stå.

Merknad 2) Underpunkt 6.1 Halkjelsvika «retningsliner og rutinar for utvikling» Sitat: *«Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller anna publikumsretta funksjonar på gateplan.... »*

Ein bør ikkje sette slike krav i føresegnene, på den måten at det ikkje er mulig med unntak f. eks. i gater eller store deler av gater der det frå for ikkje er forretning. F. eks Røysgata, der vår utbyggingstomt er, ligg i ytterkant av Volda sentrum sitt forretningsområdet, har frå før kun eitt publikumsretta lokale.

Konklusjon: ordet «skal» må byttast ut med «bør oppfordrast til»* slik at det må vere *muligheit for vurdering i kvar enkel sak.

Ein ser at utbygging av kjøpesenter også gjer at det vil vere mindre behov for enkeltståande forretningslokale. I mange tettstader, også i Volda, flyttar forretningene ut av desse og inn i senter der fleire er samla. Sjølv om lokale har vorte omregulert til bolig i Volda, er det ikkje færre av dei i dag.

Kommentar:

Merknad 1:

I punkt 34 i Ridderstrømplanen står det at "Uthus og mindre hus kan tillatast rivne eller flytta innan området dersom dette etter bygningsrådet sitt skjøn ikkje vil verke forringande for heilskapen i området." Uthusa i Volda er, som det vert peika på i rettleiaren, eit av Volda sine særtrekk. Viss ein ser til nabobygder som til dømes Ørsta, Ulsteinvik eller Fosnavåg, vil ein finne langt færre uthus. Samtidig har mange av desse uthusa mista sin opprinnelege funksjon, og det er viktig at ein ser positivt på nye måtar å nytte uthusa på, jmf. siste punkt i rettleiaren:

- For at eigarar skal ha interesse av å ta i vare uthusa er det også viktig at uthusa kan ha ein nyttig funksjon. Oppgradering av uthus (inkludert til dømes utskifting til meir funksjonelle vindauge og dørar) bør vurderast som positivt.

Plakatbuda er eit av dei mest kjente uthusa i Volda, dette huset har ein sentral plassering og fungerar framleis som eit lite landemerke i sentrumsområdet. Plakatbuda er trukke fram som ein bygning med lokal høg verdi i kap. 8.3 Bygningar med lokal høg verdi.

Uthus er små bygningar, og det er mogleg å flytte dei viss dei skulle vere til hinder for anna utvikling. Volda kommune er einig i innspel om at dette punktet framleis kan gjelde.

Konklusjon merknad 1: Kapittel 6.11 Uthus i rettleiaren vert oppdatert i samsvar med innspel.

Merknad 2:

I Utviklingsplanen for Volda sentrum (2015) var Plassen ved Sørheimhuset framheva som eit fokusområde. Arkitektane framhevar «aktive fasadar» i planen. Fasadane på husa er gatene sine veggar og betyr mykje for korleis gata vert nytta. Aktive fasadar er til dømes butikkar med mange inngangar og utstillingsvindauge med variasjon. Ei gate med mange utstillingsvindauge har meir «liv i seg» enn ei gate med einsfarga husveggar utan vindauge. I ei gate er også butikkane avhengig av kvarandre, og ein må dra i lag. Fleire publikumsretta verksemder på same plass, tiltrekkjer seg fleire folk og fleire kundar. Forretningslokala i Halkjelsgata og Snippa er viktig miljøskapande element, og ein ynskjer å utvikle og nytte dette som aktive handlegater også i framtida.

Dei fleste butikklokala i området i dag ligg i gatene Snippa og Halkjelsgata. I Røysgata er det, som nemnt i innspel, hovudsakeleg bustadar. Administrasjonen er einig i at det ikkje er naturleg å krevje at det skal vere forretningar eller andre publikumsretta funksjonar på gateplan i heile området. Administrasjonen foreslår difor å forandre fylgjande punkt under «Retningsliner og rutinar for utvikling» i kapittel 6.1 Halkjelsvika frå:

- «Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller anna publikumsretta funksjonar på gateplan i området, og at ein ynskjer å ta i vare uthus og sjøgløtt i området.»

til

- Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller andre publikumsretta funksjonar på gateplan i Snippa og Halkjelsgata.
- Nye fortettings- eller utviklingsprosjekt bør også ha publikumsretta funksjonar på gateplan.
- Føresegner bør presisere at ein ynskjer å ta i vare uthus og sjøgløtt i området.

Konklusjon merknad 2: Kapittel 6.1 Halkjelsvika vert justert i samsvar med dette.

Anne-Sofie Egset og Jakob Kjøde jr

Vi har følgjande tilbakemelding på det som er skreve om Gamlevegen 2 i punkt 8.3:

Volden høyere almueskole var opphavleg oppført der elveløpet til Øyraelva no går i 1861. Etter at huset vart teke av flaumen, vart det ført oppatt utanfor skulebakken i 1865.
I 1896 kjøpte Hemrik og Johanne Kaarstad huset av Volda kommune. Kaarstad brukte huset som privatbustad og dreiv ei stund også lærarskule her. I 1947 selde familien Kaarstad huset til Kinamisjonen som eigde det til 1956. Då kjøpte Kjellaug Kaarstad Tjensvoll og Lars Tjensvoll huset tilbake. Huset er i dag bustadhus og teke godt i vare.

Kommentar:
Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kapittel 8.3 Bygningar med høg lokal verdi.

Stiftinga Gamlegymnaset i Volda

Rettleiaren står fram som eit svært viktig arbeid for Volda kommune, og innhaldet har vore inspirerande og tankevekkande lesnad. Rettleiaren er med på å tydeleggjere og synleggjere Volda sine mange vakre bygningar og miljø, og kan slik fint bidra til å styrke merksemda kring særpreg og identitet i lokalsamfunnet. Arbeidet er fagleg grundig og godt grunngjeve. Difor verkar målsetingane om å medverke til betra informasjon, kommunikasjon og fagkunnskap knytt til temaet estetikk i byggesaker å vere vel ivaretekne.

Stiftinga for Gamlegymnaset i Volda er svært positive til at rettleiaren framhevar og ser skulane i Volda sentrum som eit samla verdifullt bygningsmiljø, under tittelen *Skuleløypa.* Ei slik konkret tydeleggjering av mangfaldet og omfanget av historiske og noverande undervisningsbygg i lokalsamfunnet er viktig for å forstå utviklinga av bygda, og for forståinga av Volda som skulestaden i regionen. At også mangfaldet av ulike typar av undervisningsbygg er teke med her, som til dømes Idrettsbygget og Gamlegymnastikken, ser vi som viktig.

Med denne rettleiaren har Volda kommune eit framifrå verktøy til å kunne ta vare på dei mange eksisterande bygningane og vidareutvikle bygningsmiljøa som gir særpreg og identitet til Volda som tettstad. Utgangspunktet vi har er godt og meir spennande enn ein kanskje skulle tru ved første augekast, og no gjeld det berre at sakshandsamarar og politikarar i kommunen syner *vilje til å prioritere* i tråd med dei føringane som rettleiaren framhevar . Med denne rettleiaren har vi eit fagleg solid grunnlag for å gjere staden vår visuelt meir attraktiv for innbyggjarar og besøkande.

Kommentar:
Ingen endringar i dokumentet.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader
Volda kommune legg i innleiinga av rettleiaren vekt på kor viktig eit godt bygningsmiljø er for å kunne vere attraktiv for innbyggarar og besøkande, ikkje minst for ein kommune som tek mål av seg å vere i sentrum av ein framtidig region.

Dokumentet skal bidra til at kommunen kan ta vare på lokalt særpreg og identitet, samstundes som den gir føringar for fortetting og transformasjon. Det er utarbeide med både føresegner og retningsliner for kommunens for vidare arbeid som lokal plan og bygningsmynde.

Rettleiaren beskriv historisk utvikling, landskap, det eksisterande bygningsmiljøet og trekk fram døme som er beskrive med kjenneteikn, planstatus, utfordringar, mogeligheiter, og retningsliner for utvikling m.m. Dokumentet blir avslutta med ei opplisting av bygningsmiljø av nasjonal, regional og lokal verdi. Opplistinga synleggjer dei objekta og miljøa som vert trekt fram og prioritert. Rettleiaren er slikt sett både informativ og eit verktøy for kommunens planlegging og byggesaksforvaltning.

Rettleiaren for bygningsmiljøet i Volda bygger opp under plan- og bygningslovas føremålsparagraf § 1-1, femte ledd, som framhevar viktigheita av estetisk utforming av omgivnadene. Vi ser som regional planmynde fram til og sjå rettleiaren vert nytta for å utvikle bygningsmiljøet, frå overordna planer og ned til konkrete tiltak.

Kommentar:
Ingen endringar i dokumentet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda kommune har utarbeidd ein eigen rettleiar for bygningsmiljø og estetikk for Volda sentrum. Eit viktig mål med dette arbeidet er å bidra til å styrke tettstadens særpreg og identitet, samt ivareta viktige kvalitetar ved kulturlandskap og bygningsmiljø. Rettleiaren skal vidare leggast til grunn for

arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, framtidige reguleringsplanar og i behandling av enkeltsaker.

Rettleiaren gir ein god og oversiktleg presentasjon av bakgrunn og mål for arbeidet, aktuelle tilskotsordningar, og viktige historiske utviklingstrekk fram mot status for dagens sentrumsmiljø med vekt på vidare plan- og utviklingsarbeid. Rettleiaren omfattar også ein informativ, områdevis gjennomgang av verdfulle bygningsmiljø. Søkelyset er her m.a. retta mot karakteristiske kjenneteikn ved områda, planstatus, utfordringar og muligheiter, samt retningslinjer og rutinar for vidare utvikling. Det er vidare tatt med eit eige kapittel om estetiske retningslinjer for restaurering og tilpassing. Avslutningsvis er det gitt ein nærare presentasjon av bygningar med nasjonal, regional eller høg lokal verdi. Det er også tatt med ei omfattande kjeldeliste og referansar til nyttige nettsider.

Fylkesmannen ser det som svært positivt at kommunen gjennom ein slik rettleiar gir auka merksemd på eit stort og viktig tema. Arbeidet er elles nær kopla til, og utgjer eit nyttig supplement til kommunedelplan for kulturminne. Samla sett gir dette eit godt og nyttig kunnskapsgrunnlag for vidare plan- og utviklingsarbeid. Vi vonar at dokumentet blir aktivt brukt i alle plan- og bygningssaker. I tillegg vil dette arbeidet, slik det blir presentert i form og innhald, også vere av stor allmenn interesse.

Kommentar:

Ingen endringar i dokumentet.

Andre justeringar

I kapittel 6.1 Halkjelsvika er Ridderstrømplanen frå 1987 omtala. Reguleringsplan for Moritzmarka er også gjeldande for delar av området, og prosjektgruppa har teke inn ein kort omtale planen i oppdatert dokument. I reguleringsplanen for Moritzmarka er ikkje Moritzløda med markert som spesialområde. Prosjektgruppa har på grunnlag av dette justert avgrensinga av området i kartskissa for området s. 16.



Figur: Utsnitt frå reguleringsplan for Moritzmarka. Spesialområda er markert med «Sp».

Kommentar:

Justeringar i samsvar med dette er teke inn i planen

Notat knytt til dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar»

Vedlegg til sak PS 32/18

Sak PS 32/18 «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar – vedtak» var oppe i kommunestyret 22.03.2018. I kommunestyremøtet vart det stilt spørsmål til administrasjonen om «kvifor administrasjonen ikkje har tatt høgde for tidlegare vedtak i bygningshøgde på framtidig reguleringsplan for Volda sentrum?» Vidare vart det i kommunestyremøtet ein diskusjon spesielt knytt til kapittel 6.1 i dokumentet om området «Halkjelsvika». I kommunestyremøtet vart det vedteken at saka skulle sendast tilbake for handsaming i formannskapet.

I planprogrammet for arealdelen vart det vedteken eit punkt i kapittel 5.2 Busetting ein arealstrategi om at «Det kan leggast til rette for bygging av høgare hus i sentrumskjernen, gjerne i kombinasjon med forretningsbygg.» I det same planprogrammet vart det i kapittel 5.1 vedteken ein arealstrategi som seier at «Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.» Der står det også at det er behov for å utarbeide føresegner og retningsliner for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune.

Dokumentet bygningsmiljø og estetisk rettleiar er svaret på den bestillinga. I den har ein avgrensa eit område i kapittel 6.1 Halkjelsvika. Dette er ikkje heile sentrumskjernen, dette er ein **avgrensa del** av sentrum, den delen av sentrumskjernen som hovudsakeleg består av eldre trehusbebyggelse.

Figur frå side 16 i rettleiaren. Figuren syner området i Halkjelsvika som hovudsakeleg består av eldre trehusbebyggelse.

I Ridderstrømplanen fra 1987 var området markert som spesialområde. Ridderstrømplanen er framleis gjeldande for deler av området. I tillegg ligg reguleringsplan for Morizmarka delvis innafor området, der også deler av dette området er markert som spesialområde.

Reguleringsplan for Volda sentrum av Einar Ridderstrøm. Område med oransje skravur er spesialområde regulert til bevaring.

Halkjelsvik tettstad er med i Møre og Romsdal fylkeskommune sin Regional delplan for kulturminne, der området har status som et kulturmiljø med regional høg verdi. Det er få andre tettstader/byer i fylket med så godt bevart trehusmiljø i eit gamalt handels- og sentrumsområde, og Volda har difor eit regionalt ansvar for å ta i vare denne kvaliteten. Møre og Romsdal fylkeskommune har kartfesta området. Til kommuneplanen sin arealdel ynskjer dei at fylgjande område takast inn i planen med omsynssone «Bevaring kulturmiljø»:

Figuren over viser området Møre og Romsdal fylkeskommune ynskjer takast inn i kommuneplanen sin arealdel med omsynssone «bevaring kulturmiljø». Området er markert med skravur, områdeavgrensinga er vist med stipla blå og gul line.

Administrasjonen i Volda meiner omsynssona Møre og Romsdal fylkeskommune har foreslått inneheld område som ikkje naturleg høyrer til i eit bevaringsverdig bygningsmiljø. I dokumentet

Bygningsmiljø og estetisk rettleiar har administrasjonen delt mellom områda 6.1 Halkjelsvika og 6.2 Hauane. Administrasjonen meiner også dokumentet synleggjer særtrekk ved dei ulike bygningsmiljøa og kvifor desse områda bør takast i vare.

Eit bygningsmiljø er ein samling av bygningar som er plassert slik at dei kan oppfattast under eitt. Det vil seie ein bygningsmasse kring eit gateløp, ein plass eller liknande, som på ei eller anna måte oppfattast under eitt. I ordet bygningsmiljø er det vanleg å legge eigenskapar som «einskapleg», «harmonisk» eller «med felles trekk».

Viss ein ynskjer å ta i vare eit bygningsmiljø, må ein identifisere nokre av dei særtrekka bygningsmiljøet består av, og ta omsyn til dei ved vidare utvikling. Det betyr ikkje at eit område er freda, at det ikkje er mogleg å bygge nytt, eller at ein må kopiere andre bygningar i området. Ein bygning oppført i 2018 skal helst sjå ut som den er teikna i 2018. Men dette er noko arkitektar kan mykje om; korleis dei kan teikne hus i 2018 som tilpassar seg eksisterande bygningsmiljø, og tek opp i seg enkeltelement som vidareførar, eller framhevar særtrekk i bygningsmiljøet rundt.

I Halkjelsvika finn ein i dag bygningar som oppfattast under eitt, det er eit område som framstår som einskapleg, harmonisk og som har felles trekk. Det handlar mellom anna om materialbruk, variasjon i takvinklar, smale gateløp, tett, intim bygningsmasse og eit bygningsmiljø i menneskeleg skala. I dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar» har ein framheva Halkjelsvika som eit bygningsmiljø med høg verdi. Ein skal vite at nye bygningar i dette området kjem til å påverke kvaliteten i området, på ei eller anna måte. Ei har i rettleiaren sagt at dette er eit område der ein bør vere spesielt merksam på at ved fortetting eller oppføring av nye bygningar bør desse tilpasse seg eksisterande bygningsmiljø og ta i vare kvalitetane i området.

I eit av kulepunkta på side 17 står det at «Føresegnene bør presisere at ved fortetting eller ny bebyggelse skal denne *underordne* seg det eldre trehusmiljøet i volum, materialbruk og formspråk». I diskusjonen i kommunestyret vart det m.a. reagert på dette punktet, og stilt spørsmål til kvifor nye bygningar skal vere lågare enn eksisterande bebyggelse. I ordet «underordne» har administrasjonen i denne samanhengen meint at ny bebyggelse skal «rette seg etter» trehusbebyggelsen. Det betyr ikkje at ny bebyggelse må vere lågare i fysisk høgde, slik ein oppfatta at ordet vart tolka i kommunestyret, men at ny bebyggelse skal rette seg etter eksisterande bebyggelse, tilpasse seg heilskapen i området og underordne seg viktige visuelle og kulturelle kvalitetar i miljøet rundt.

I rettleiaren står det at gateløpa er viktige og at høgder mot gata **bør** vidareførast. Ein har ikkje sagt noko bestemt om tal etasjar eller bestemte høgder på hus, og ein kan i dette området tenkje seg at nye bygningar til dømes kan ha ulike trinn, eller etasjar bakover. Det er ulike måter å gjere det på. I denne rettleiaren ynskjer ein ikkje å sette noko bestemt tal på etasjar, det må gjerast i reguleringsplanane, men i denne rettleiaren ynskjer ein å framheve særtrekk ved området og poengtere at det er viktig at nye bygg tilpassar seg eksisterande bebyggelse.

I kommunestyremøtet vart det framheva at det er viktig å legge til rette for utvikling i Volda sentrum. I eit bygningsmiljø er det i hovudsak ikkje enkelthus som i seg sjølv er spesielt viktige, men bygningsmassen sett under eitt. I Halkjelsvika er gateløpa viktige, og difor også bygningane på begge sidene av vegen. Røysgata har til dømes trehusbebyggelse på begge sidar av vegen. Nokre av tomtene i Røysgata har fortettings-/utviklingspotensiale. Nye bygningar i denne gata kan vere med på å heve kvaliteten i området, og ein ynskjer å legge til rette for utvikling og nye bygg i området. Nye bygningar i Røysgata vil også vere med på å påverke gateløpet og bygningsmiljøet, og det er difor viktig at nye bygningar i denne gata tek i vare kvalitetar i området og tilpassar seg eksisterande bygningmiljø.

I etterkant av kommunestyremøtet 22.03.2018 har prosjektgruppa i administrasjonen sett på områdeavgrensinga på nytt. På bakgrunn av innspel frå kommunestyret, føresegner i gjeldande planar og ei ny vurdering av bygningane i området foreslår administrasjonen ei endring i områdeavgrensinga, sjå figur under. I denne avgrensinga er deler av Halkjelsgata teke ut av avgrensinga. Husa som er teke ut ligg tett inntil/på andre sida av vegen for Spinneriet, og området opplevast mindre einskapeleg enn til dømes Halkjelsgata lenger vest.

Figuren syner framlegg til ny avgrensing for området i kap. 6.1 Halkjelsvika.

Viss formannskapet ynskjer å nytte denne avgrensinga, må dei sjølv formulere eit nytt vedtak om dette.

Kartutsnitta i denne rettleiaren er ikkje juridisk bindande, og meir nøyaktige områdeavgrensingar med føresegner må fastsettast og vedtakast juridisk i kommuneplanen sin arealdel.

Når det gjeld generelt sentrumskjernen (ikkje berre Halkjelsvika, men heile sentrumskjernen, eller Volda sentrum) og høgder på hus, har ein eit ynskje om å fortette i sentrum og få fleire bustader i sentrumsområdet, jmf. m.a. dokumentet «Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum». Fortetting handlar også om byggehøyder. I dag er det fleire bygningar i sentrum som ikkje har realisert potensialet, det vil seie at det finst eksisterande bygningar som kunne vore høgare innafor gjeldande reguleringsplanar. Ein bør også vurdere om det er fleire område som kunne tolt høgare hus enn det som ligg inne i dagens planar. Kommuneplanen sin arealdelen er ein overordna plan for heile Volda kommune, ikkje ein reguleringsplan eller sentrumsplan, og det er ikkje gjort nokre detaljerte volumstudie i dette arbeidet. Ein kan i arealdelen seie noko generelt om at ein ynskjer fleire bustadar i sentrum og at ein ynsker å bygge meir i høgda, men ein kjem ikkje til å gå detaljert inn i kva enkelthus eller enkeltområde det gjeld. Arealdelen må fylgjast opp med ein områderegulering for indre sentrumssone/sentrumskjernen. Dette planarbeidet er sett opp på lista over planoppgåver i planstrategien for 2016-2020. I det arbeidet bør det vere ein bestilling å studere høgder på bygningar nærare, gjere nokre volumstudie og undersøkje kva område som egnar seg til høgare bygningar enn det det er lagt opp til i dagens planar.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2017/74
		Arkivkode:	1519-2017001

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
64/18	Formannskapet	17.04.2018
	Kommunestyret	

PLANID 1519-2017002 - PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807. HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN.

Administrasjonen si tilråding:

Reguleringsplan for Volda Campus arena- planID 2017002, slik det går fram av plankart og føresegner datert 13.03.2018 og ut frå planomtale av same dato, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.

Vedleggsliste:
Planomtale, sist datert 13.03.2018, med dokumentasjon for planprosess og gjennomgang av innspel ved planoppstart.
Plankart datert 13.03.2018
Reguleringsføresegner - sist datert 13.03.2018
Illustrasjonsplan datert 5.10.2017
Sjekkliste ROS
Sol/Skuggeanalyse
Illustrasjonar eksisterande bebyggelse
Illustrasjonar landskap og omgjevnader
Snitt A-E
Fjernverknader -utsnitt frå 3D-modell

Uprenta saksvedlegg:
Merknader og etterfylgjande korrespondanse ved offentleg ettersyn
Tidlegare planutkast
Arkeologisk rapport
Støyrapport
Formannskapssak 33/17, 21.02.2017.
Referat frå oppstartsmøte
Søknad om løyve til oppstart av planarbeid i privat regi. Volda campus arena as

Kommunestyre sak 143/16 - 24.11.2016
Asplan Viak konsekvensanalyse
Høgskulen i Volda - fråsegn -brev av 9.02.2017
Oppvekstsjefen - orienteringssak 4.02.2017
Reguleringsplan Røysmarka.
Kommunedelplan Volda sentrum
Kommunedelplan E39 - Volda -Furene

Saksopplysningar/fakta:
Reguleringsprosess for aktuelt område vart starta opp ved gjennomført førehandskonferanse med kommunen i møte den 9.02.2017. Kopi av referat frå førehandskonferansen ligg ved saka.
Vidare vart planspørsmålet handsama av Volda Formannskap i sak PS 33/17, den 21.02.2017. Det vart der gjort slikt vedtak:

1. *Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.*
2. *Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningsliner for planarbeidet.*
3. *Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.*

Med grunnlag i dette vart det varsla oppstart av planarbeidet den 20.03.2017, med komplettering av naboliste/ny varsling den 23.03.2017 og 7.07.2017.

Planframlegg er utarbeidd som privat detaljreguleringsplan av Volda Campus Arena as. P.Mulvik er hyra inn som planfagleg utførande. Volda kommune har seinare etter vedtak i kommunestyret teke på seg kostnadane med finansiering av planarbeidet.

Planframlegg har vore utarbeidd i samsvar med prosessreglar og krav til planinnhald /utforming i PBL kap. 12.
Utarbeidd planframlegg vart over sendt kommunen for handsaming med sikte på utlegging til offentleg ettersyn ved brev av 6.10.2017.
Volda Formannskap handsama saka den 21.11.2017, som sak PS 199/17, der det vart gjort slikt vedtak:
Detaljreguleringsplan Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen slik det går fram av plankart datert 5.10.2017, og reguleringsføresegner datert 16.11.2017 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Offentleg ettersyn vart etter det gjennomført av kommunen, der kunngjering av plan og utsending av varsel til aktuelle fagorgan og partar vart gjennomført den 28.11.2017.
Frist for høyring vart sett til 12.01.2018.

Innspel /merknader ved offentleg ettersyn:

Direktoratet for mineralforvaltning, brev av 30.11.2017:
DMF kan ikkje sjå at planen rører registrerte førekomstar av mineralske ressursar av Regional, nasjonal, eller internasjonal verdi, bergrettar eller masseuttak i drift, og vi har

Dermed ingen merknader til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Volda Campus Arena- Idrettshall på Joplassen i Volda kommune.

Kommentar:
Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

NVE, brev av 20.12.2017:
«NVE varslar motsegn til planen, jf. § 5-4 i Plan- og bygningslova (PBL). Grunnlaget for motsegna er manglande vurderingar knytt til naturfare og vassdragsmiljø;

1. *Grunnforholda er ikkje tilstrekkeleg utgreidd/vurdert i høve til fare for områdeskred av kvikkleire*
2. *Det er mangelfull dokumentasjon/vurdering knytt til flaum- og erosjonsfare langs bekken som renn gjennom planområdet*
3. *Planlagt omlegging av bekk er ikkje vurdert i høve til om det er knytt allmenne interesser til vassdraget*

Dersom det vert gjort ei tilstrekkeleg utgreiing av desse punkta og konklusjonane vert innarbeidd i plankart og føresegner, fell grunnlaget for motsegna.

Vi viser til NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging», og då særleg vedlegg 2 om grunnlaget for fremjing av motsegn.

I NVE sitt innspel til varsel om planstart datert 21.04.2017 gav vi råd om arealbruksføremål og peika på trong for vurderingar i høve til flaum og erosjon for bekken som renn gjennom planområdet. Vi peika også på at grunnforholda måtte avklarast i planarbeidet.

Potensiale for ustabile grunnforhold:
Krav til tryggleik mot skred er gitt i Byggteknisk forskrift (TEK17) med tilhøyrande rettleiar. NVE rettleiar 7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» utdjupar rettleiaren til TEK17 og skildrar korleis skredfare i område med kvikkleire og andre sprøbrotmateriale skal utgreiast og takast omsyn til i arealplanlegginga.
På siste reguleringsplannivå må alltid reell fare avklarast. Problemstillinga er litt omtala s. 15 i planomtalen, og noko meir omtala på s. 20 der det er skissert avbøtande tiltak i høve til punkt avdekka i Risiko- og sårbaranalysen (ROS). På s. 20 er det vist til vurderingar og undersøkingar som er gjort i samband med bygging av nye Øyra skule like ved planområdet, der det vart konkludert med stabile grunnforhold. Det er difor føreslege krav om grunnundersøkingar i samband med prosjektering av tiltaka.
Sjølv om lausmassekart viser marine strandavsetningar for både skuletomta og planområdet, vil NVE peike på at det er ein vesentleg skilnad på dei to byggeområda. Skuletomta ligg over høgde for marin grense i området, medan planområdet ligg under, jf. NVE Atlas. Vi meiner difor det ikkje er tilstrekkeleg å vise til desse undersøkingane utan grundigare vurdering av fagkyndige.
I området som vert regulert skal det byggast idretts- og symjehall og tiltaket må plasserast i tiltakskategori K4. Tryggleik i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 må dokumenterast. Metodikk for korleis dette kan dokumenterast er skildra i NVE rettleiar 7/2014. Sjå spesielt kapittel 4.3 og 4.5.
Vi meiner difor at grunntilhøva i planområdet må vurderast grundigare av føretak med tilstrekkeleg geoteknisk kompetanse. NVE fremjar motsegn til planen til det vert lagt fram dokumentasjon på at området er trygt i høve fare for kvikkleireskred.

Flaum- og erosjonsfare:
Bekken Djupegrova renn gjennom planområdet og det er stadfesta utfordringar knytt til flaum og erosjon langs denne. Planframlegget viser til, og støttar seg i stor grad på eit

prosjekt som Volda kommune har starta for sikring av Volda sentrum mot flaum og skred. Det er i føresegnene ikkje stilt krav til sikring mot flaum, anna enn rekkefølgjekrav i § 6.1 b); «Djupegrova» (VNV) skal omleggast og førebyggast seinast i samband med oppføring av symjehall».
NVE har tilgang til Multiconsult sin rapport «130544 Kartlegging av flomfare og flomtilpasningstiltak i Melshornsida» datert 29.06.2017. I dette arbeidet er det utarbeidd flaumsonekart for den aktuelle Djupegrova (Orgyelva) som viser at delar av planområdet er flaumutsett ved ein 200-års flaum.
Planframlegget må ta høgde for den kunnskapen som er kjend i området, og kommunen må avklare om data frå Multiconsult kan nyttast som grunnlagsmateriale for planen. Etter vårt syn føreligg det nok informasjon til at flaumsone må visast som omsynssone i plankartet (jf. PBL § 12-6), med tilhøyrande føresegner som sikrar området for utbygging i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-2.
Rekkjefølgjekravet som er føreslege i føresegnene § 6.1 b) vil etter vårt syn ikkje sikre planområdet mot flaum slik flaumfaren er vurdert i Multiconsult sin rapport. Eventuell omlegging og forbygging av bekken i planområdet, krev også ei grundigare utgreiing i høve til flaumkapasitet enn slik det er gjort i planomtalen.
Planframlegget må synleggjere flaum- og erosjonsfare på ein betre måte. NVE fremjar motsegn til planen til det vert lagt fram dokumentasjon på korleis området kan sikrast. Plankart og føresegner må justerast med krav om sikring før utbygging i området.

Vassdragstiltak:
Planframlegget stadfestar at Djupegrova må leggast om før utbygging, jf. planomtalen s. 15. I plankartet er det føreslege regulert areal til «Bruk og vern av sjø og vassdrag» for eit endra bekkeløp, med tilhøyrande føresegner i § 4.4.
NVE meiner det ikkje er gjort greie for om det er knytt allmenne interesser til vassdraget, og korleis desse vert eventuelt vert teke i vare ved ei omlegging av bekkeløpet. Vi stiller også spørsmål ved formuleringa i § 4.4.1 b) som har krav om at bekken/forbygginga skal sikrast med klatresikkert gjerde.
Vassressurslova (VRL) § 11 sitt krav om kantvegetasjon har vi vanskar for å sjå vert stetta med forslaget til føresegner, og det kan stillast spørsmål ved om vassdraget vert gjeve nok plass i planområdet.
Planen må gjere betre greie for eventuelle allmenne interesser knytt til bekken Djupegrova og korleis desse vert teke i vare ved tiltak som er føreslege.»

NVE, brev av 16.02.2018:
«NVE trekker motsegn til planframlegg for Volda Campus Arena - Volda kommune
Vi viser til e-post 31.01.2018 med tilhøyrande framlegg til justering av plandokumenta for reguleringsplan Volda Campus Arena. Vi viser også til dialog som NVE har hatt med sakshandsamar i kommunen i etterkant av oversendinga.
NVE fremja motsegn til planframlegget i brev datert 18.12.2017. Grunnlaget for motsegna var manglande vurderingar knytt til naturfare og vassdragsmiljø;

1. *Grunnforholda er ikkje tilstrekkeleg utgreidd/vurdert i høve til fare for områdeskred av kvikkleire*
2. *Det er mangelfull dokumentasjon/vurdering knytt til flaum- og erosjonsfare langs bekken som renn gjennom planområdet*
3. *Planlagt omlegging av bekk er ikkje vurdert i høve til om det er knytt allmenne interesser til vassdraget*

Kommunen har i notat datert 30.01.2018 lagt fram meir utfyllande vurderingar i høve til våre merknader, og lagt ved framlegg til justerte plandokument.

1. *Basert på gjennomførte grunnundersøkingar i nærleiken av planområdet der det ikkje er funne kvikkleire, vurderer kommunen at området er trygt i høve til fare for områdeskred av kvikkleire.*
   Sidan det er morenemassar i grunnen, vil det vere trong for prosjektering av byggegrunn og kommunen foreslår omsynssone med krav i føresegnene. Dette kravet er etter kommunen si vurdering berre knytt til byggegropsproblematikk.
   NVE meiner kommunen no har gjort ei grundigare vurdering i høve til grunntilhøva, og har ikkje merknader til kommunen si vurdering om at potensiale for kvikkleire er lågt. Vi ber likevel kommunen vurdere om krav om grunnundersøkingar bør gjelde heile planområdet. Kravet bør ikkje vere knytt til marin grense, men trong for utskifting av telefarlege massar i byggegropa, og undersøkingane bør gjennomførast som grunnlag for prosjektering.
2. *Kommunen har eit pågåande prosjekt med kartlegging av flaumfare og flaumtilpassingstiltak i området. Multiconsult har kartlagt flaumsona for 200-års flaum med klimapåslag for elva som renn gjennom planområdet, og foreslå å endre plankartet med flaumsona som omsynssone. I tilhøyrande føresegner som set krav om tryggleikstiltak for flaum før det kan gjennomførast tiltak.*
   NVE meiner at planframlegget med slik justering tek tilstrekkeleg omsyn til flaum og erosjonsfare.
3. *Kommunen har i notatet også gjort greie for dei allmenne interessene knytt til vassdraget.*
   NVE er nøgd med at det er gjort ei slik vurdering, og ber om at den vert innlemma i planomtalen før planvedtak. NVE vurderer at det ikkje er trong for ytterligare vurderingar etter Vassressurslova.

Med bakgrunn i vurderingane og grepa som er gjort i plankart og føresegner, finn vi at grunnlaget for motsegna no har falle bort. Vil rår til at det blir gjort mindre justeringar i plandokumenta, jf. kommentarar ovanfor. NVE trekker varsla motsegn til detaljreguleringsplan for Volda Campus Arena.»

Kommentar:
Det vart varsla motsegn til plan ved offentleg ettersyn.
I dialog med NVE har ein gjort naudsynte vurderingar og justeringar i panomtale og føresegner, og omsynssoner flaum og marine avsetningar er lagt inn i plankart.

Eg viser til NVE sitt brev av 16.02.2018 der dei går gjennom dei ulike manglar frå tidlegare merknad, og den dialog kommunen har hatt med NVE vedkomande endringar for å imøtekome desse. Med grunnlag i desse endringane, som no er innarbeidd i justerte plandokument, datert 13.03.2018, er motsegner trekt og planen kan i høve dette godkjennast av kommunen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal , brev av 16.01.2018

Offentleg ettersyn - Motsegn
Fylkesmannen viser til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 01.04.2015. Forsøket er avslutta og blitt ei permanent ordning frå 01.01.2018. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremmer motsegn på vegne av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). I tillegg har også Fylkesmannen motsegn til planen. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:
Norges vassdrags- og energidirektorat:

1. Grunnforholda er ikkje tilstrekkeleg utgreidd/vurdert i høve til fare for områdeskred av kvikkleire.
2. Det er mangelfull dokumentasjon/vurdering knytt til flaum- og erosjonsfare langs bekken som renn gjennom planområdet.
3. Planlagt omlegging av bekk er ikkje vurdert i høve til om det er knytt allmenne interesser til vassdraget.
Dersom det vert gjort ei tilstrekkeleg utgreiing av desse punkta og konklusjonane vert innarbeidd i plankart og føresegner, fell grunnlaget for motsegna bort.
Fråsegna er sendt kommunen direkte og vi ber om at også dei faglege råda blir gjennomgått.
Fylkesmannen:

Faren for ustabil grunn er ikkje tilstrekkeleg avklart, jf. TEK17 § 7-3.
Flaum- og erosjonsfaren er ikkje tilstrekkeleg ivaretatt, jf. TEK17 § 7-2, og eventuelle tiltak må visast i planen og at ein sikrar gjennomføring i føresegnene.

Fylkesmannen sine faglege råd og nærare grunngjeving for motsegnene.

Natur- og miljøvern
Det er gjort greie for at tiltaket medfører omlegging av elva Djupegrova. Denne drenerer ned til Øyraelva, der det er registrert elvemusling. Dette er ein art som er raudlista, og den er ein ansvarsart for Noreg. I anleggsarbeidet må ein unngå at slam følger vassdraget ned til Øyraelva.

Samfunnstryggleik
Planområdet ligg i eit område med marin strandavsetning under marin grense, og ROS-analysen avdekker at det kan vere moglegheit for ustabil grunn i planområdet. Denne potensielle faren er ikkje avklart i planen. Vi minner om at den reelle faren skal avklarast på reguleringsplannivå, og skal ikkje utsettast til byggesaksnivå. Planområdet må oppfylle byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3 sitt krav til tryggleik mot skred (inkludert kvikkleireskred). Tiltaket legg til rette for mykje personopphald, og TEK17 vil soleis stille strenge krav til tryggleik mot ustabil grunn. Fylkesmannen meiner faren for ustabil grunn ikkje er tilstrekkeleg avklart, og har motsegn til planen, jf. TEK17 § 7-3. Vi viser elles til NVE sin rettleiar (2014) «Sikkerhet mot kvikkleireskred».
Det går eit mindre vassdrag gjennom planområdet. ROS-analysen viser til ein mellombels rapport som tilrår førebygging av elva. Planføresegnene har derfor satt rekkjefølgjekrav til omlegging og førebygging av elva. Fylkesmannen meiner flaum- og erosjonsfaren frå elva ikkje er tilstrekkeleg sikra gjennom planen. Plankartet må vise flaum- og erosjonsutsett areal som ei omsynssone, og det må vidare knytast føresegner til omsynssona som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-2. Dersom det er naudsynt å gjennomføre tiltak for å sikre planområdet tilstrekkeleg mot flaum og erosjon, må planen skildre sikringstiltaka, og sikre gjennomføringa av naudsynte tiltak. Fylkesmannen har motsegn til planen inntil flaum- og erosjonsfaren er tilstrekkeleg ivaretatt, jf. TEK17 § 7-2.

Konklusjon
Det er reist motsegn til planen frå NVE og Fylkesmannen som er knytt til at naturfare (kvikkleireskred, flaum- og erosjonsfare) ikkje er tilstrekkeleg utgreidd/vurdert. Vidare er det frå begge etatar knytt faglege merknader til høyringsutkastet. Dersom noko skulle vere uklart ber vi om at kommunen tar kontakt for nærare avklaring.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal , brev av 2.03.2018
«Trekking av motsegn
I vårt brev av 16.01.2018 fremja Fylkesmannen og NVE motsegn mot framlegg til reguleringsplan for Volda Campus Arena —idrettshall på Joplassen. NVE trekte si motsegn i eige brev av 16.02.2018.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing
Fylkesmannen fremja motsegn til planen på grunn av mangelfulle avklaringar av potensialet for utstabil grunn, flaum- og erosjonsfare i planområdet. Det er no gjort betre vurderingar knytt til desse potensielle farane. Med bakgrunn i dei nye avklaringane, og dei endringane som er gjort i plankart og -føresegner, kan Fylkesmannen trekke våre motsegner innanfor fagområdet samfunnstryggleik.
Konklusjon
Med dette ligg det ikkje lenge føre motsegner frå NVE eller frå Fylkesmannen, og reguleringsplanen kan eigengodkjennast for vår del.»

Kommentar:
Merknaden og den varsla motsegna er grunngitt i dei same tilhøve som var peika på av NVE. Ved brev av 2.03.2018 har Fylkesmannen med grunnlag i kommunen sin dialog mot NVE og NVE sin aksept av justert plangrunnlag trekt motsegn til plan.
Med grunnlag i desse endringane, som no er innarbeidd i justerte plandokument, datert 13.03.2018, er motsegner trekt og planen kan i høve dette godkjennast av kommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune, brev av 19.01.2018:

«Møre og Romsdal Fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:
Tettstadutvikling
Jf. dei føreslåtte reguleringsføresegna kan det innanfor BOP1 og 2 oppførast bygningar og installasjonar for offentleg eller privat tenesteyting, som til dømes; idrettshall, symjehall, kontor, undervisning m.m.
For Volda sentrum vil det vere vesentleg at det ikkje blir opna opp for funksjonar på Campus, som bør vere lokalisert nede i sentrum, til dømes kino. Føresegn § 4.1.1a må derfor etter vår vurdering vere avgrensa til aktuelle funksjonar og ikkje nytte m.m. Vi viser i denne samanhengen til at formålslista i kart og planforskrifta visar til fleire funksjonar enn det som planfagleg er ønskeleg og at ein derfor må prioritere arealformål på bakgrunn av utgreiingane i planarbeidet.
I vurderinga av innkomne innspel i planomtalens punkt 9.1.1. er ein arealbruk vurdert å ikkje svekke Volda sentrum. Det er argumentert med at funksjonane det er opna opp for berre er relatert til skule/undervisning, funksjonar som naturleg tilhøyrar campus. Ettersom reguleringsføresegna ikkje er avgrensa i forhold til denne påstanden vurderer vi planforslaget å ikkje vere eintydig. Etter vår vurdering må planarbeidet både vere tilstrekkeleg utgreidd og føresegna bli meir konkret utforma.
Ved ein gjennomgang av planomtalens kapittel 7 Verknader av planforslaget, kan vi i denne samanhengen ikkje sjå at funksjonar det er opna opp for på Campus er utgreidd i forhold til funksjonar som vil vere viktig for sentrumskjernen i Volda. Vi må derfor på planfagleg grunnlag fremje motsegn til planforslaget inntil planforslaget er eintydig utforma og tilstrekkeleg utgreidd.
Konklusjon
Vi har på planfagleg og formelt grunnlag motsegn til planforslaget inntil føresegna konkret avgrensar kva funksjonar byggeområda på Campus opnar opp for.
Vi har på same grunnlag motsegn inntil forholdet mellom desse funksjonane på Campus og kva det er viktig å ha lokalisert i Volda sentrum, er tilstrekkeleg utgreidd.

Møre og Romsdal fylkeskommune , brev av 15.02.2018*:*
- avgrensa off. ettersyn
«Vi fremja ved offentleg ettersyn motsegn til planforslaget grunna etter det vi oppfatta

som manglande avgrensingar av reguleringsføresegn § 4.1.1a. i forhold til funksjonar som bør vere lokalisert i sentrum. Vi har i ettertid motteke forslag til revidert føresegn som presiserer ramma i føresegna nærare.
Konklusjon
Vi har gjennomgått saka på ny og trekk vår motsegn til planforslaget.

Kommentar:
Motsegna var fremja på grunnlag av ei ikkje fullstendig uttømande ordlyd i reguleringsføresegnene §4. – AREALBRUK, pkt 4.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG
Der det i § 4.1.1 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)heitte fylgjande:

a) Innanfor BOP1 og 2 skal det oppførast bygningar og installasjonar for offentleg eller privat tenesteyting som t.d: idrettshall, symjehall, kontor, undervisning m.m.

Det er i merknaden sett krav om at denne føresegna vert meir konkret utforma, slik at det ikkje gjennom upresis nemning som m.m. opnar for bruksformål/funksjonar som M.R.Fylkeskommune meiner heller bør lokaliserast til sentrumskjernen.
Kommunen har i dialogen med Fylkeskommunen gjort framlegg om fylgjande endring av denne føresegna:

a) *Innanfor BOP1 og 2 kan det oppførast bygningar og installasjonar for offentleg eller privat tenesteyting – idrettshall og symjehall.*
Idrettshall og symjehall kan også gje plass for naturleg tilhøyrande fasilitetar som klubblokale, treningssenter, fysioterapi, kontor, undervisning, og tilhøyrande lagerfunksjonar, samt parkeringskjellar.

Endringa er som det framgår av brev av 15.02.2018 akseptert, og inneber at motsegna vedkomande dette er trekt.

Statens vegvesen, brev av 20.12.2017
«*I vår uttale datert 03.04.2017 til varsel om oppstart av reguleringsarbeid blei det varsla motsegn til planen dersom ikkje planavgrensinga for detaljreguleringsarbeidet vert utvida mot sør, slik at også europaveg 39 vert teke inn i planen. Dette vert grunna med at etablering av Volda Campus Arena kan utløyse svekka trafikksikkerheit på hovudvegen. Nytt planframlegg syner at planavgrensinga er i samsvar med vegvesenet sitt ønske.*
Statens vegvesen meiner den utlagde detaljreguleringsplanen ikkje løyser problem knytt til trafikkfarleg fotgjengarkryssing av E39 som følgje av blant anna studentsamskipnaden er lokalisert på feil side av vegen. Ei god løysing av gangtrafikk over E39 lar seg vanskelig løyse i denne reguleringsplanen sidan eksisterande passeringslomme ikkje kan sanerast bort. Trafikksikkerheitsomsyn tilseier at det ikkje kan etablerast overgangsfelt for nær opp til passeringslomma, og heller ikkje for nær busslommer. Tilrettelagt fortgjengarkryssing bør i dette området vurderast nærare i eigen plan for etablering av ny(e) fotgjengarovergang(ar), basert på regelverket i vegtrafikklova. Planen bør vurdere ei strekning på om lag 300m frå kryss E39/Anders Vassbotnvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset.

Kommentar:
Problemstillinga knytt til manglande fotgjengarfelt i dette området ved Joplassvegen er godt kjende, og har vore gjenstand for drøftingar mellom kommunen og Statens vegvesen over tid. Innspel frå Høgskule, frå Studentsamskipnaden og andre vedkomande dette er registrert ved fleire høve.
At Statens vegvesen no vil ta sikte på ei avklaring av slik fotgjengarkryssing i eigen plan, der også tilgang til planlagde buss-stopp vert inkludert er positivt. Dette vil då vere basert på at dagens veg vert omklassifisert når Voldatunellen er bygd og E39 vert flytt dit.
Jf. Vegvesenet sin uttale der det heiter:

«Tilrettelagt fortgjengarkryssing bør i dette området vurderast nærare i eigen plan for etablering av ny(e) fotgjengarovergang(ar), basert på regelverket i vegtrafikklova. Planen bør vurdere ei strekning på om lag 300m frå kryss E39/Anders Vassbotnvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset.»

Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

Koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker, notat datert 11.01.2018.

«I pkt. 6.4 i framlegg til detaljregulering, står det om barn og unge:
Mykje av bakgrunnen for planarbeidet er å styrkje barn og unge sine vilkår når det gjeld fysisk fostring i og utanfor skuletida. Det er difor lagt vekt på å etablere gangvegar eller fortau slik at elevane kan ferdast trygt mellom skule og idrettshall. Anlegget er venta å bli eit populært samlingspunkt også for barn og unge.
Det er positivt at det er planlagt ein eigen inngang frå vest, slik at skuleelevane kan gå direkte inn i garderobedelen utan først å måtte gå rundt bygget og ned ein etasje. Det er samtidig viktig at det her vert lagt til rette for sykkelparkering under tak, i nærleik til denne inngangen.
Slik framlegget ligg i dag, er parkeringsplassar på terreng lagt i umiddelbar nærleik til hovudinngangen. I og med at hallen vil verte nytta av skulane i nærområdet på dagtid i virkedagane, er det grunn til å tru at det vil generere eit mindre parkeringsbehov. Det er viktig at det vert tatt omsyn til barn og unge som ferdast til og frå på ettermiddag/kveld og i helgar/feriar. Det er naudsynt med sykkelparkering under tak, samt at det leggast til rette for lading av el-syklar og –rullestol ved hovudinngangen. Området må samtidig vere oversikteleg overfor mjuke trafikantar, slik det vert trygt å ferdast til og frå for barn og unge og på ettermiddag/kveld.

I Statens vegvesen si handbok V122: Sykkelhåndboka, står det i pkt. 5.2 om dimensjonering:
For å unngå at sykler parkeres vilkårlig bør man tilrettelegge sykkelparkering med tilstrekkelig kapasitet og på en slik måte at det innbyr til bruk.
I handbok V122 er det samtidig satt ei norm for minimum tal parkeringsplassar for sykkel for ulike institusjonar. Norm for parkeringsplassar for sykkel for kultur- og idrettsarenaer er satt til 2 plassar pr. 10 seter.

Området som er avsett til uteopphald må ha universell utforming. Det er positivt om ein legg til rette for aktivitet også ute, samt sitjeplassar og leikeapparat også ved hovudinngangen.
I samband med søknad om oppføring av bygg skal det utarbeidast illustrasjonsplan for utforming av utearealet. Uteopphaldsarealet skal vere opparbeida i samsvar med illustrasjonsplan godkjent av kommunen før ein kan gi bruksløyve.

Når det gjeld busstopp, er det viktig at det vert plassert på ein slik måte at ein sikrar ein trygg overgang for barn og unge.»

Kommentar:
Gangvegar mot skulane vert oppretthaldne i plan. Det er sett rekkefylgjekrav som sikrar opparbeiding av desse.
Parkeringsplassar ved inngangsparti vert foreslått fjerna slik at det berre vert lagt til rette for HC-parkering og sykkelparkering her.
Krav om sykkelparkering er teke inn i plan i samsvar med dimensjonering gitt i framlegg til kommuneplan, arealdelen.

Er elles samd i at det vil vere gunstig å få etablert meir ope uteareal, særleg i området ved inngangspartiet, med sikte på tilrettelegge for attraktive uteområde med aktivitetsmulegheiter framfor parkeringsplass for bilar.
Ut frå slike omsyn burde ein søkje å få etablert meir parkering på andre deler av området, for å avlaste området ved planlagde inngangsparti for bilparkering, og heller gje betre plass for parkeringsplassar for sykkel , og for å legg til rette for aktivitet også ute, med t.d. sitjeplassar og leikeapparat i området ved hovudinngangen.
I samband med søknad om oppføring av bygg skal det etter føresegnene pkt 6.2,utarbeidast plan for utforming av utearealet. Uteopphaldsareala skal vere opparbeida i samsvar med illustrasjonsplan godkjent av kommunen før ein kan gi bruksløyve.

Mørenett AS, e-post 4.12.2017:
For å straumforsyne denne idrettshallen må det settast av plass til ny nettstasjon. Før bygg med straumbehov større enn 1250 A (over 800 kW) skal nettstasjonen plasserast innvendig i bygning vegg i vegg med tavlerom.
Dersom straumbehovet er mindre enn 1250 A kan eit alternativ vere å sette opp ein frittståande nettstasjon, men også denne må plasserast så nær tavlerommet som mogleg.
Det er viktig å ta høgde for også ein muleg framtidig symjehall ved dimensjonering av straumbehovet.»

Kommentar:
Merknaden vert teke omsyn til. I føresegnene til plan vert det teke inn bestemmelse med krav til innpassing av rom for trafo i utbyggingsprosjekt på området i samråd med straumleverandør/nettverkseigar. Slike bygg/anlegg skal som hovudregel plasserast i planlagde bygg.
Jf endring i reguleringsføresegnene § 6.2.

STATSBYGG , brev av 22.12.2017
«Statsbygg ga den 24.4.2017 uttalelse til varsel om oppstart av planarbeid. Merknadene er besvart av forslagsstiller i planomtalen. Vi omtaler disse forholdene som del av våre merknader til planforslaget i punktene under.
Statsbygg eier deler av campusområdet der Høgskulen i Volda (HVO) er leietaker. Høgskulen er nærmeste nabo til eiendommen som skal detaljreguleres. Høyskolen har hovedadkomst og parkering via E39 og Joplassvegen. En bekk med viktig grøntdrag følger deler av høyskolens område og krysser videre tomta som inngår i planarbeidet.
Tilbudene det legges til rette for med idrettshall og svømmehall gir en utvidelse av aktiviteter i campusområdet, og det er positivt at trafikale forhold, tilgjengelighet for gående, syklende og kollektivreisende har fokus i planarbeidet. Dette er tema som er viktige for at det totale campusområdet skal fungere som en god helhet.

Våre merknader til planforslaget:

Planområde:
I uttalelse til planoppstart ba Statsbygg om at planområdet utvides med adkomsten via E39 og Joplassvegen dersom tiltak på denne infrastrukturen var nødvendig som følge av planforslaget. I planomtalen oppgir forslagsstiller at tilrettelegging for buss har medført oppgradering av snuplass og kryss, og at plangrensa derfor er utvidet i samsvar med innspillet. Statsbygg er positive til endringen.

Eiendomsforhold:
Oppgradering av snuplassen i Joplassvegen berører Statsbyggs eiendom. Forslagsstiller legger opp til at Joplassvegen fortsatt skal være kommunal vei. Statsbygg ønsker dialog med

kommunen for å avgjøre hvordan eiendomssituasjonen bør løses, eventuelt drøfte et makeskifte slik at kommunen eier infrastrukturen som skal være offentlig.

Adkomst og snuplass for buss:
Snuplassen i nordlig del av Joplassvegen er utvidet for å gi bedre forhold for buss. Snuplassen ligger i samme område som i dag, men det går noe mer areal med til trafikkformål mot ny hall. Statsbygg ser at dette er et nødvendig tiltak for å gi bedre tilrettelegging for buss inn på området. I uttalelsen til planoppstart ba Statsbygg om at snuplass for buss i Joplassvegen må planlegges slik at det også kan være av-/påstigning for buss til HVO/Berte Kanutte-bygget. Dette forholdet anses ivaretatt i planen.
I gjeldende reguleringsplan for området, som også er gjeldende situasjon, er Joplassvegen adkomst til campusfunksjoner på nordsiden av snuplassen (Berte Kanutte-bygget mv). Slik snuplassen er tegnet inn i plankartet er denne adkomsten tatt bort. Statsbygg ber om at planforslaget endres slik at dagens adkomst til campusområdet på nordsiden opprettholdes.

Parkering:
I uttalelse til planoppstart påpekte Statsbygg at det er stort press på parkeringsplassene som tilhører HVO og at dette ikke må forringes som følge av den planlagte utbyggingen. Forslagsstiller svarer dette ut i planomtalen med at parkeringsdekningen er løst på egen grunn når det gjelder daglig bruk og at ved større arrangementer vil disse plassene bli supplert med eksterne plasser i samsvar med kapittel 6.5. Det vil si at behovet for ca. 500 plasser ved store arrangementer dekkes ved 80 plasser innenfor planområdet (uten parkeringskjeller), mens 420 plasser dekkes ved å bruke plassene på høyskoleområde. Antallet eksisterende parkeringsplasser som planomtalen viser til på campus vil være lavere ved at en del plasser forsvinner ved gjennomføring av ny E39
Volda – Furene. Grusbanearealene som beskrives som aktuelle å aktivere som parkeringsareal anses å ikke være en ønsket arealbruk for campus. Statsbygg ser at forslagsstiller legger opp til i stor grad å bruke HVOs parkeringsplasser utenom dagtid, men sambruken og mulige konsekvenser for campusområdet er i liten grad vurdert. Statsbygg anmoder om at bruken av HVOs parkeringsplasser avklares og avtales med HVO, slik at løsningene blir akseptable for alle parter. Statsbygg ber videre om at det innarbeides tiltak som gjør parkeringsarealene innenfor planområdet mindre dominerende som del av hovedadkomsten til campusområdet (beplantning mv).

Byggehøyder:
Statsbygg bemerket i uttalelsen til planoppstart at byggehøyder må ta hensyn til eksisterende bebyggelse ved høyskolen. Forslagsstiller oppgir i planoppstart at byggehøyder er låst med kotehøyder i plan ut fra krav til nettohøyde i hallen og estimert høyde på takkonstruksjoner. Statsbygg forstår at hallen må ha en viss høyde innvendig for å ivareta funksjonen, men er opptatt av at terrengarbeider og utvendig utforming og materialbruk gjøres slik at volumet er mindre dominerende. Statsbygg vil bemerke at vedlegg snitt_a-e ikke er i samsvar med planomtale.
Planomtalen beskriver lavere sidebygninger som skal dempe for den ellers massive bygningskroppen. Snittet viser bare en massiv bygningskropp.

Bekken:
Bekken som krysser planområdet er en viktig del av grønnstrukturen gjennom campus. Statsbygg er opptatt av at bekken får en god utforming og opplevelsesverdi, og at den ikke bygges ned som følge av tiltaket. Videre vil vi understreke viktigheten av å planlegge tiltak som bidra til gjenetablering av biologisk mangfold, herunder gjenetablering av naturlig elvekant der det er mulig fremfor ensidig bruk av plastring med naturstein. Omleggingen av elva som vises i planforslaget må etableres på en måte som ikke gir flomproblemer for omkringliggende områder. Det er satt rekkefølgekrav til omlegging av bekken kun dersom

svømmehallen etableres. Slik bekken går i dag ser det vanskelig ut å bygge idrettshallen uten å legge om bekkeløpet. I så fall, må omlegging av bekken også være rekkefølgekrav ved etablering av idrettshallen.

Adkomst bussholdeplass:
I planen reguleres også bussholdeplass på E39. I planomtalen vurderer tiltakshaver innspill fra Statens vegvesen om gangbru fra holdeplass til idrettshallen, men konkluderer med at gangfelt bør etableres. Statsbygg kan ikke se at gangfelt er lagt inn i planforslaget.

Forhold gående/syklende:
I planforslaget er det lagt opp til nye gangveger fra idrettshall/svømmehall til nærområdene i vest. Gangvegene legges delvis inntil den omlagte bekken. Gode forbindelser for gående og syklende er vesentlig for at byggeområdet skal fungere godt som del av det større campusområdet og dets omgivelser. Statsbygg er opptatt av at de nye gangvegene sikres etablert sammen med byggetiltaket.

Byggeperioden:
Joplassvegen er hovedadkomst til campusområdet. Statsbygg understreker at det må være en tilfredsstillende adkomst til campus i byggeperioden.
Vi ber om at våre merknader innarbeides i nødvendig grad i plandokumentene og tas med i videre reguleringsplanprosess og påfølgende gjennomføring.

Kommentar:
Avklaring av eigedomstilhøve mellom Statsbygg og kommunen som fylgje av endringar som planløysinga vil gje, blir å ta opp til drøfting når planen er godkjent. Planutforminga og dei endringar dei medfører synest det vere semje om.
Planframlegget vert justert slik at det vert adkomst til campusfunksjoner på nordsiden av snuplassen (Berte Kanutte-bygget mv). Jf. Justert plankart/illustrasjonsplan.

Parkering:
Etablering av busstilkomst og utviding av bussrundkøyring er godt motteke av Statsbygg. Felles bruk av parkeringsplasser bør drøftast gjennom med grunnlag i vedteken plan. Kommunen er elles samd med Statsbygg i at ein bør søkje å gjere parkeringsareala innafor planområdet mindre dominerande som del av hovedadkomsten til campusområdet (ivareta grøntstruktur, elveløp og beplanting mv).

Både planlagt idrettsbygg, intensjonen om symjehall og eit nytt mediabygg vil generere auka parkeringsbehov som må stettast. Innføring av betalingsparkering for området er under utgreiing og vil truleg redusere plassbehovet noko. Kanskje bør ein også sjå på andre meir perifere areal til parkering for å avlaste det sentrale området ved enden av Joplassvegen, det viktigaste inngang og vrimleområdet for studentar på campus.
Ynskje om eit meir bilfritt område på terreng i tilknyting til hovudtilkomst og i front av dei viktigaste hovudinngangane til Strøm/Åsen, Berte Kanutte og det planlagde mediebygget, talar for ei slik løysing.

Snitt som angir byggehøgde er sett på ut frå merknaden. Merknaden tyder på ein missforståing. Planomtalen kap.6.3 omtalar i tredje avsnitt side 17 høgdene på hallen og at avtrappinga gjeld vestsida (mot eksisterande busetnad). Denne avtrappinga (langs sjølve idrettshallen si vestre side) framgår av snitt C og D. For øvrig er sjølve idrettshallen i full høgde. Elles er også det lavare mellombygget og svømmehallen med på å bryte opp og halde nede volumet.

Også i kap7.4 i planomtalen er dei arkitektoniske grepa med å bryte opp volumet med lavare mellom- og sidebygg omtalt – men det er altså framleis sidebygget på vestsida som er omtalt – i tillegg til det lavare mellombygget.
Det vil vere ynskjeleg både ut frå terrengmessige tilhøve og for verknadane av bygningskroppen sett i høve til annan bebyggelse og uteområda, vere ynskjeleg å få senka bygget best mogeleg i terrenget. Det er imidlertid berre mindre justeringar som vil vere aktuelt, då ein også må ta omsyn til universell utforming og terrengtilpassing mot veg og parkeringsareal. Dette må såleis vurderast nærare i byggesøknad.

Omsyn til bekken gjennom området er ivareteke gjennom plan, med tilhøyrande planomtale og føresegner. Jf. Omsynssone flaum m.m.
Bekken er ein viktig del av grøntstrukturen gjennom campus og skal vere det også for området ved idrettshall/symjehall.
Kommunen er til liks med Statsbygg opptatt av at bekken får en god utforming og opplevelsesverdi, og at den ikkje blir bygd ned som følge av planlagde byggetiltak.
Nærare detaljering av utforming av bekken ved omlegging innan for området må skje i nært samarbeid mellom kommunen og Statsbygg/Høgskulen, der både omsyn til biologisk mangfald, og ivaretaking av naturlig elvekant vert vurdert. Detaljar knytt til utforming, materialbruk og dimensjonering som ikkje gir flomproblem for omkringliggende område, må også avklarast i fellesskap.

Slik bekken går i dag ser det vanskelig ut å bygge idrettshallen utan å legge om bekkeløpet. I så fall, må omlegging av bekken også være rekkefylgjekrav ved etablering av idrettshallen. Jf. Justerte reguleringsføresegner.

Bussløysing ved hovudvegen inngår i reguleringsplan for E39 og vert ivareteke der.
I føresegnene er det lagt inn rekkefylgjebestemmingar som sikrar at dei nye gangvegane vist i plan vert etablert saman med byggetiltak på området.

I byggeperioden bør tilkomst til idretthallområdet kunne leggast heilt i sørkanten av Joplassvegen, og såleis vere minst mogeleg i konflikt med dagleg trafikk på campusområdet. Ei større utfordring vil det nok bli i byggefasen for nytt mediebygg og eventuell symjehallutbygging dersom idrettshallen då allereie er bygd.

Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i plan.

Høgskulen i Volda, brev av 11.01.2018:
Høgskulen i Volda er positive til bygging av Volda Campus Arena på Joplassen fordi dette styrker aktivitetstilbodet i høgskuleområdet, og bidrar til at Volda blir ein meir attraktiv studiestad.

Høgskulen i Volda har følgjande kommentarar til reguleringsplanen:

Tilkomst og snuplass for buss
Høgskulen er positiv til at det er planlagt utviding av snuplassen i nordleg del av Joplassvegen slik at det blir betre forhold for buss, og at denne også kan nyttast til av-/påstiging for kollektivtrafikk til høgskulen og VCA. I dag er Joplassvegen tilkomst til sentrale campusfunksjoner på nordsida av snuplassen, men i plankartet er denne tilkomsten borte. Høgskulen ber om at planforslaget vert endra slik at dagens tilkomst til campusområdet og baksida av Berte Kanutte blir vidareført.

Parkering

I reguleringsplanen er det lagt opp til at VCA i stor grad nyttar høgskulen sin parkering utanom dagtid for å dekke kravet til parkeringsplassar. Høgskulen har stort press på sine parkeringar på dagtid og vurdere å innføre betalingsparkering på campus. Høgskulen ber om at kommunen stiller krav til forslagsstiller om å inngå avtale med høgskulen om bruk av parkeringsplasser og at den må inkludere eit samarbeid om eventuell betalingsparkering på campus og ved VCA.
I reguleringsplanen er det også lagt opp til å kunne aktivere grusbanene på høgskulens område nedanfor Henrik Kaarstad-huset for å dekke inn parkeringsbehovet ved store arrangement. Høgskulen motset seg dette. Tilkomsten til grusbanene er ikkje tilpassa særleg trafikk, og høgskulen fryktar smitteeffekt og villparkering på andre tidspunkt dersom det vert opna for parkering ved store arrangement.
Vidare skriv forslagsstillar at ein eventuell parkeringskjeller i utgangspunktet fordrar at dei andre aktørane i undervisningsclusteret som omkransar hallen bidrar til ei slik realisering. Leiinga vil melde at vi ikkje ser det som aktuelt å delta i bygging av parkeringskjeller. Av miljøomsyn meiner vi at den utfordringa høgskulen i dag har med parkering må løysast ved å redusere bilkøyring gjennom betalingsparkering og tilrettelegging for sykkel/kollektiv transport.

Tilkomst busshaldeplass E39
Høgskulen er bekymra over at gangfelt over E39 ikkje er tatt med i reguleringsplan for VCA. Tilkomsten til og frå den nye busshaldeplassen nord for Johs. Jacobsen AS er ikkje god. Det vil vere freistande for dei mjuke trafikantane å krysse E39 direkte. Dette vil gjelde både reisande til arrangement i VCA, studentar og tilsette på veg til HVO og trafikken mellom campus og studentsamskipnaden. Problemet ligg i planområdegrensa mellom reguleringsplan for E39 og reguleringsplan VCA og er ikkje handtert i nokon av desse.

Gang og sykkelvegar
Høgskulen er opptatt av tilrettelegging for at fleire skal gå eller sykle til campus, og ber om at ein sikrar ein heilskap for området ved at nye gangvegar vert kopla til nettverket på og rundt campus.

Estetikk
Høgskulen har i dag hovudinngang i enden av Joplassvegen og planlegg nytt mediebygg på tomta mellom Berte Kanutte og Strøm. Vi synes det er positivt at hovudinngangen til VCA er vendt mot høgskulen sitt område, og håpar estetikk vert vektlagt ved endelig utforming av bygget og uteområdet slik at området mellom bygningane vert hyggeleg og innbydande for studentar, tilsette og besøkande.
Høgskulen er uroa over volumet på bygningen slik det kjem fram i reguleringsplanen og vonar det er muleg å gjere det mindre dominerande ved å grave seg ned i terrenget og nytte visuelle verkemiddel i utforminga. Vi planlegg blant anna ein takterrase på det nye mediebygget som skal nyttast til fjernsynssendingar, og håper utsikta til VCA, Volda og Voldafjorden vil vere god reklame for bygda.

Byggeperiode
Då bygging av VCA kan komme samtidig som bygging av nytt mediebygg er det viktig med god planlegging av anleggsområdet, og at tilkomsten til høgskulen er tilfredsstillande i byggeperioden.

Høgskulen takker for invitasjon til å kome med merknadar til reguleringsplanen, og ser fram til ein god dialog i den vidare planlegginga og gjennomføringa.

Kommentar:

Planframlegget er justert litt ved planlagt bussrundkøyring for å ivareta eksisterande tilkomst til inngangen ved er Berte Kanutte og mot eksisterande bru.
Kommunen ser det som naturleg at Høgskulen/Statsbygg også har ei aktiv rolle i drøftingane om parkeringsdekning for området.
Samla sett vil det vere behov for meir parkeringsareal og avklaring av sambruk/vekselbruk av parkeringsareal i området ved dei planlagde utbyggingar som ein no legg opp til. (Idrettshall/symjehall og nytt meidabygg).
Ynskje om å tilrettelegge meir av uteområda som grøntareal/park/aktivitetsareal og ikkje berre trafikk/parkeringsareal er også i alle si interesse.
Bussløysingar tilknytt hovudvegnettet må avklarast som del av reguleringsplan for E39 og kjem ikkje inn under denne reguleringsplanen.
Tilrettelegging for gåande/syklande er etter kommunen si vurdering godt ivareteke gjennom plan. Jf. Også tiltenkt sykkelparkering.
I byggeperioden bør tilkomst til idretthallområdet kunne leggast heilt til nedrekant av Joplassvegen.
Merknaden gir ikkje grunnlag for endringar i plan.

Adv. Bjørn Kr. Hove, på vegne av eigar av gnr 19 bnr 779 og 884, brev av 14.12.2017:

Det vises til Volda kommunes vedtak 21. november 2017, samt tidligere innspill på vegne av Erik Røys 27. oktober 2017. Sistnevnte innspill fastholdes og gjøres til del av nærværende merknad, idet innen nå meddelt frist, dertil skal fremholdes følgende;
Ved forslaget vil Erik Røys' boligeiendom bli omkranset av gangveier. Selve beliggenheten nær inntil blant annet Høgskolen, gjør at gangtrafikken er betydelig og til korresponderende ulemper for boligeiendommen - både ute og inne. Som tidligere nevnt går det en gangvei over Høgskolearealet på oppsiden av våningshuset. Dessuten nyttes eiendommens gårdsvei som gangvei både av studenter og andre, i betydelig grad. Om der nå også skal komme en gangvei umiddelbart på nedsiden av våningshuseiendommen og helt inntil denne, vil Erik Røys' tunområde tilføres ulemper som ikke står i forhold til det som objektivt oppnås ved en slik løsning.
Det minnes i denne sammenheng om oreigningsloven § 2, 2. ledd og bestemmelsens imperativ. Videre at det ved reguleringsplanprosesser skal foretas slik gagn - skadevurdering som nedfelt ved bestemmelsen. Oreigningsloven § 2 annet ledd har slik ordlyd:
«Vedtak eller samtykke kan ikkje gjerast eller gjevast utan det må reknast med at inngrepet tvillaust er til meir gagn enn skade.»
Vedrørende praktiseringen av bestemmelsen minnes om at det under skadevurderingen skal legges en subjektiv vinkling til grunn (altså vil alle ulemper/skadeeffekter som subjektiv rammer Erik Røys og hans boligeiendom måtte vektlegges), mens gagnet skal vurderes på objektivt grunnlag- altså hva en objektivt oppnår ved løsningen. Ved gagnvurderingen skal sees bort fra søkerens spesielle interesser og alene vektlegges det som kan anses som en allmenn interesse.
De subjektive følgene (ulempene/skadene) av en slik ytterligere gangvei helt inntil Røys' tunområde/bolighus sier seg selv. De er subjektivt vurdert betydelige og skal vektlegges fullt ut under relevant vurdering.
Så vidt gjelder de objektive fordeler, gjør Erik Røys gjeldende at tjenlige gangveiløsninger kan oppnås ved alternativt trasevalg. Eksempelvis kan gangstiløsningen legges bak låven og så knyttes til den eksisterende gangveien på oppsiden av våningshuset over høgskolearealet og derfra videre ned til planlagt symje- og idrettshall. Et slikt alternativ vil være fullt ut tjenlig og dertil være en planfaglig god løsning. At det måtte bli en bagatellmessig lengre vei å gå for en del av de som slik skal nytte gangveien, gjør ikke at foreslått løsning kan legges til grunn som «tvillaust meir (til) gagn enn skade».
En noe kortere gangvei må vurderes som å være søkerens subjektive interesse, som det etter § 2, 2.ledd skal sees bort fra.

En viktig del av planprosesser er å lokalisere samt løse arealbrukskonflikter. Den løses her ved slik alternativ trase.
Foreslått løsning lar seg ikke forsvare ved konkret anvendelse av § 2, 2. ledd og skal samsvarende nektes.
Vedrørende forståelsen av § 2, 2. ledd vil jeg bl.a. vise til Sandane/Keiseruds Kommentarutgave til Oreigningsloven (Tano 1990).

Kommentar:
I samband med planoppstart og planutforming var det frå same eigar også gitt tilsvarande innspel til planarbeidet, i høve gangveg mellom planlagt Idrettshall og Øyra skule. I Formannskapssak 199/17 (vurdering i høve utlegging til offentleg ettersyn) vart dette vurdert slik:
«*Gangvegsystem:*
Langs hovudvegen vert g/s-vegane vidareført som i dag. Det er vidare lagt til rette for fortausløysing på begge sider av Joplassvegen opp til og langs planlagt bygg. Desse når då også det interne gangsambanda i campusområdet.
Vidare er det planlagt ny gangveg frå bygget mot Porsemyrvegen/Volda Ungdomsskule og i nordre kant mot Øyra skule.
Dette vil kunne gje gode og direkte tilkomstar for desse viktige brukargruppene i idrettshallen.
I høve denne eine gangvegen , planlagt gangveg langs nordre kant, -mot Øyra skule, har kommunen motteke merknad frå nabo. Det gjeld Adv. Bjørn Kristian Hove, som på vegne av hus/tomte-eigar Erik Røys uttaler fylgjande i e-post den 27.10.2017:
Eg torer på slik bakgrunn be opplyst kvar i planprosessen ein no er?
Parten min motset seg framleggets løysing med gangveg over hans areal. Gangvegen vil utover å gå utover ei regulert boligtomt dessutan innebere nærføringsulemper utover det akseptable. I slik samanheng syner parten min til at der alt er ein gangveg på oppsida av våningshuset – mellom tunet der og Berte Kanutte-huset – og at den gangvegen like naturleg tek i vare aktuelt føremål.
Eg ber dette notert i saka og teke til følgje under den vidare planprosessen."

Kommunen gav i høve brevet førebelse tilbakemelding, jf e-post den 27.10.2017.

I sak 199/17 vart spørsmålet vurdert slik av kommunen:
«Når vi no har motteke endeleg framlegg til plan for området må ein også sjå nærare på denne løysinga og den eventuelle konflikt som gangvegløysinga kan medføre for naboar.
Av omsyn til kortast muleg gangavstand og minst mogeleg høgdeskilnad i slik ganglinje mellom skule og hall, finn eg det rett å tilrå at planlagt gangveg vert oppretthalden som vist.
Tunområdet på 19/779 er godt skjerma med vegetasjon/hekk, og tilsvarande løysing kan etablerast også for den ubebygde tomta, slik at nærføringsulempene vert minst mogeleg.»

PLASSERING
PLANLAGT GANGVEG

Bilete frå området.
Kommunen held fast på løysinga med den regulerte gangvegen mot Øyra skule.
Gangvegen er viktig for å sikre god, kort og flat, gangtilkomst mellom Øyra skule og planlagt idrettshall/symjehall.
Mot eksisterande bustadeigedom er den planlagde gangvegen godt skjerma med hekk, og dette kan også om naudsynt forsterkast for å sikre mot mogelege ulemper frå vegen i form av støy og innsyn.
Den ubebygde tomta kan også skjermast mot eventuelle ulemper frå gangveg her.
Gangvegen vil bli liggande langs nordgrensa av denne eigedomen og det vil kunne bli etablert skjerma sone for uteplass både mot aust /sør og vest ved god planlegging av utbygging på denne tomta. T.d. vil trafikkareal og garasje vere naturleg å plassere mot planlagt gangveg.
Kommunen fin fordelane ved gangvegen større enn dei ulempene slik veg vil ha for tilgrensande eigedomar og held fast på vist planløysing.
Merknaden gir ikkje grunn til endring i plan.

Vurdering opp mot kommuneplan:
Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.
Behovet for auka hall-kapasitet er sterkt påpeike i kommunedelplan for Fysisk aktivitet.
I fylgje M.R. Idrettskrets har Volda kommune den dårlegaste hallkapasiteten i fylket sett i høve til folketal og aktivitet.
Gjennom plan vil ein kunne legge til rette for slik tiltrengt utviding av hallkapasitet, som vil kunne dekkje idretten sine behov tilknytt hallaktivitetar, samtidig som ein vil gje gode tilbod til barne og ungdomstrinnet ved skulane i sentrum.
At planframlegget også legg til rette for mogeleg etablering av ny symjehall er særs viktig då bassenget ved Øyra skule er sanert bort, og eksisterande symjehall eigd av Statsbygg truleg vert lagt ned i løpet av få år.
Tilrettelegging for hall og ny symjehall vil elles kunne bidra til å -"Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda, og å Utbetre kroppsøvingsfasilitetar ved Øyra skule og Volda ungdomsskule." slik det er lagt som viktige føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel.
Dette vil også vere viktig bidrag i høve til målsettinga i samfunnsplan om å :

- Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar for alle.
- Utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt.
- Ivareta og styrke eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid, omsorg, integrering med meir.

Slike anlegg vil klart også kunne bidra til at det vert enda meir attraktivt å busetje seg i Volda, og etablering vil også igjen vil ha positiv effekt på lokalt næringsliv og handel, der både utbygginga i seg sjølv og større arrangement med mykje publikum truleg vil slå positivt ut for utvikling i lokalt næringsliv.

Helse og miljøkonsekvensar:
Området er i overordna plan lagt ut til byggeformål.
Ingen kjende konflikter i området. Tiltaket vil medføre auka trafikk i/til området og vil gje auka press på parkeringssituasjonen i området. Det er i plan lagt til rette for den auka parkeringsbehovet på dagtid ved etablering av nytt parkeringsareal. Parkeringsbehov på kveld og helg er tenkt samordna med vekselbruk av eksisterande parkeringsareal ved høgskulen. Jf. Planomtalen.
Utbygging av tiltak etter plan vil kunne bidra til betra folkehelse, gjennom tilrettelegging for fysisk aktivitet og butrivsel.
Gode gangsamband sikrar trafikktrygge ferdselsårar mellom ulike aktivitetar i området.
Bekken gjennom området vert teke vare på og gitt sentral plass i utforming av uteområde rundt planlagde bygg.
Nærare avklaring bli gjort gjennom plan og utbyggingsprosess, jf planføresegner.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vegløysing og annan infrastruktur:
Utbyggingsområdet er knytt til den eksisterande Joplassvegen, som også i dag er hovudtilkomst til Høgskuleområdet.
Vegen er etter planframlegget lagt om for å få tilfredsstillande kryssutforming mot Elvavegen (noverande E39). Vidar er vegen utvida i nord med utvida rundkøyringslomme tilpassa busstrafikk.
Her er det også lagt til rette for buss-stopp og p-areal for buss ved hallen.
Det er vist nytt gangvegsystem med direkte tilknytingar i retning Øyra skule (og mot Vidaregåande skule) og mot Ungdomsskulen.
Kommunal vassforsyning til området må oppgraderast - og overvatnet må anten førast via fordrøyningsanlegg til Djupegrova eller med nytt avløp til Øyraelva. Dette må avklarast nærare ved prosjektering av tekniske anlegg i samband med byggjesak/rammeløyvesøknad.
Spillvatnet vert å knyte til offentleg nett langs sørlege plangrense, og her er det tilstrekkeleg dimensjonert for å takle aktuell utbygging.
Nærare avklaring av tilhøva knytt til vassforsyning og overvatn vert å kome attende til i samband med utarbeiding av endeleg teknisk plan for utbyggingsområdet. Dette er sett som vilkår i reguleringsføresegnene, jf pkt 4.1.1 l).
Det må også nærare avklarast om det vil vere behov for utbyggingsavtalar med kommunen i høve opprustingar av eksterne leidningsnett og elveløp, samt for omlegging av Joplassvegen/kryss med E39. Kommunen har i K-sak 19/18 den 1.03.2018 sagt fylgjande om dette:
«Det kan vere usikkerheitsfaktorar knytt til infrastrukturtiltak knytt til uteområde rundt hallen, og at det kan verte aktuelt at kommunen ev kan ta delar av dette som kommunalt prosjekt.»

Avfallshandtering
Ved søknad om rammeløyve /tiltak skal det visast korleis avfallshenting vert løyst. Vilkår knytt til dette er tatt inn i reguleringsføresegnene pkt 6.2 pkt. d, med slik ordlyd, før utlegging av plan:
Ved søknad om byggeløyve skal det visast løysing for søppelhandtering frå hallen og området tilknytt denne. Ordninga skal fortrinnsvis vere ved arrangement under bakken eller lokalisert inne i bygg.

Rekkefølgjekrav
I føresegnene §6, er det teke inn fylgjande forslag til rekkefylgjekrav:

a) SKV2 inkl. kryssløysing mot E39 samt snuplass/rundkøyring og parkeringsplassar skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
b) ««Djupegrova» (VNV) skal omleggast og forbyggast i den grad det er naudsynt for å ivareta tryggleiksomsyn knytt til flaum/flaumskred for byggetiltak på områda BOP1 og BOP2, og seinast i samband med oppføring av symjehall på området.
c) Tilstrekkjeleg vassforsyning inkl. brannsløkkevatn skal vere tilgjengeleg før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
d) Uteopphaldsareal BUT skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
e) Viste gangtilkomstar etter plan skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for bygg i områda BOP1 og/eller BOP2.
f) Før nybygg på områda BOP1 og BOP2 kan takast i bruk skal det vere på plass naudsynte avtalar om eventuell vekselbruk av p-plassar på dei to områda og høgskuleområdet/ Campus Arena.
g) Før byggeløve vert gjeve skal det også vere avklara korleis tiltak knytt til opparbeiding av ekstern infrastruktur utløyser behov for utbyggingsavtalar med kommunen.
h) Innanfor omsynssone flaum vist i plankartet kan det ikkje settast i gang byggetiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (TEK 17 §7-2) før sikringstiltak som ivaretek omsyna til tryggleik for flom, jf PBL §28-1, og TEK 17 § 7-2, er gjennomført med overføring av flaumvatn til Heltneelva
i) Ved byggesøknad skal det ligge føre teknisk plan, der også plan for omlegging og forebygging av Djupegrova inngår. Omlegging og forbygging av bekken skal vere gjennomført i samsvar med godkjent plan før bygging av idrettshall eller symjehall kan settast i gang. Jf. framlegg til justerte føresegner, datert 13.03.2018.

Parkeringsløysing:
Innan sjølve planområdet er det vist areal for til saman 35p-plassar for personbilar
I planomtalen er det sagt fylgjande om parkeringsbehov/dekning:

"I Kulturdepartementet sin rettleiar for planlegging og bygging av idrettshallar står følgjande om parkering:

> *«En tommelfingerregel kan være at antallet parkeringsplasser for bil innenfor en radius på 500m skal være 20% av antallet personer i anlegget. Det største behovet for parkeringsplasser vil normalt være på kvelder og i helger. Det bør vurderes om andre parkeringsplasser i området, for eksempel ved nærliggende skoler og bedrifter, kan benyttes for å dekke behovet for parkering ved de største arrangementene i anlegget»*

På dagtid i virkedagane vil hallen i utgangspunktet verte nytta av skulane i nærområde. Dette betyr at brukarane av hallen i desse tidsroma i det vesentlege vil vere elevar, studentar og lærarar som har parkert ved skulen sin. På dagtid vil såleis hallen i liten grad generere eit parkeringsbehov.
Hallen vil imidlertid generere eit behov på kveldstid og i helgar/feriar dvs. når ordinær drift og parkeringsbehov i nærområdet i det vesentlege er fråverande. Med dette ligg det føre eit reelt grunnlag for å vurdere parkeringsbehovet basert på avvikande samtidsbruk.
lnnanfor planområdet er det såleis satt av to parkeringsområde (SPP1 og 2) på terreng like ved hovudinngang, samt høve til etablering av parkeringskjellar under idrettshallen.
SPP1 er dimensjonert for 2 bussar og 2 HC-plassar, medan SPP2 er dimensjonert for ca 33 bilar.

Ein eventuell parkeringskjellar vil kunne ta ca 120 bilar. Samla parkeringskapasitet innanfor planområdet vil dermed kunne bli slik:
Med parkeringskjellar: 35 på terreng nord for hallen+ 120 i kjellar = 155 stk.
Utan parkeringskjellar: 35 på terreng nord for hallen +45 på terreng sør for hallen = 80 stk.
Ut frå avvikande samtidsbruk vil ikkje ein parkeringskjellar vere nødvendig for hallprosjektet isolert, men er teken med i plan som ei skissert løysing basert på ein ambisjon om vesentleg tilrettelegging for bilfri overflate i campus- og skuleområdet.

Eit garasjeanlegg vil t.d gjere det mogleg å konsentrere mykje av tilsettparkeringa for det samla undervisningsclusteret som omkransar hallen. Realisering av garasjeanlegget vil såleis i utgangspunktet fordre at dei andre clusteraktørane ynskjer å bidra til ei slik realisering t.d ved innføring av betalingsparkering eller anna direkte eller indirekte deltaking.
Legg ein til grunn kulturdepartementet si tilråding om 20% dekning, vil det ved store arrangement og 2500 personar i hallen vere behov for 500 parkeringsplassar.
Basert på oversikta ovanfor vil det då mangle ca 345 plassar dersom det vert bygd parkeringskjellar, eller 420 om denne ikkje vert bygt.

Figur nedanfor gjev ei oversikt over eksterne område som vil kunne nyttast, og som totalt sett har ein kapasitet på over 600 personbilar. Med dette er behovet for parkering ved store arrangement dekt med god margin uavhengig av om det vert bygt parkeringskjellar eller ikkje. Frå alle desse områda er det også opparbeidd eller planlagt opparbeidd fortau/gangveg til hallområdet som sikrar ein trygg tilkomst.
Det er elles ei målsetjing både lokalt og sentralt å fremje bruk av miljøvennleg transport. Eit godt utbygt gangvegsystem i kombinasjon med ei sentral, sentrumsnær plassering, legg tilhøva godt til rette for at heimepublikum kan la bilen stå ved større arrangement."

figur - Ekstern parkering

Administrasjonen sluttar seg i hovudsak til dei vurderingar som her er lagt til grunn med omsyn til parkeringsbehov og korleis dette kan løysast. Vekselbruk kan her gje svært stor effekt i høve arealutnytting og kapasitet.
I plan er det lagt grunnlag for mogeleg parkeringskjellar. I samarbeid med kommunen og Høgskulen og særleg ved innføring av betalingsparkering i området ville dette kunne vore ei god løysing som utløyste meir kapasitet og frigjorde areal på bakkenivå.
Ut frå ei kostnadsvurdering er det ikkje mogeleg å setje krav om parkeringskjellar for Idrettshallen. Det er heller ikkje avklara o det vert innført betalingsparkering i høgskuleområdet.

Kommunen finn at vist parkeringsareal i plan gjev tilstrekkeleg eigenparkering for idrettshallen sine behov på dagtid.
Ved utbygging av symjehall vil ein også kunne vurdere etablering av meir parkeringsareal sør for idrettshallen.
Alternativt bør ein vurdere å utvide parkeringsarealet for området med meitr areal i området aust for Åsenbygget og andre stader i campusområdet.
Dette bør ein sjå nærare på i vidare prosjektering .

Lokalisering av hallen i dette sentrumsnære området gir grunnlag for gode kommunikasjonar og gangavstand både i høve til skular, andre idrettsanlegg og store buområde, og kan såleis legge grunnlag for å gå og sykle til området og redusert bilbruk i kvardagen. Tilrettelegging for auka sykkelbruk er teke inn i føresegnene til plan. Slikt anlegg bør ligge sentralt ved hovudinngang, ha tilstrekkeleg kapasitet og vere under tak.

Samla sett finn vi at det i plan er lagt grunnlag for tilfredsstillande trafikkavvikling og parkeringsløysing, ved m.a. tidsmessig vekselbruk av samla p-areal elles i området.

Økonomiske konsekvensar for kommunen
I planomtalen står det m.a. fylgjande om dette, jf pkt 7.4:
«Prosjektering, bygging og drift av ein evt. symjehall inkl. omlegging av «Djupegrova» er ei kommunal oppgåve. Det same gjeld framføring av vatn med tilstrekkjeleg kapasitet og trykk. Det vil også vere naturleg at kommunen bidreg økonomisk til oppgradering av Joplassvegen med kryss og snuplass - samt overtaking for drift og vedlikehald.

Når det gjeld eventuell bygging av symjehall på området må dette utgreiast som eiga sak. Planframlegget no legg berre eit arealmessig grunnlag for slik utbygging. Areala vist i illustrasjonsplan er henta frå standard-modellar for slike anlegg. «

Det vert no prioritert å få i gang ein eigen prosess med sikte på utforming av forprosjekt for ny symjehall, for å få betre avklara arealbehov og kostnader, samt mulegheitene for synergiar knytt til felles utbygging. Ma. kan det vere store mulegheiter knytt til energi-økonomisering i to slike anlegg bygd inntil kvarandre.

I høve søknaden finn ein også grunn til å vise til kommunestyret sitt vedtak den 24.11.2016, i sak PS 143/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
2. *Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
3. *Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.*

4. *Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv.*

Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.

5. *Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Joplassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
6. *Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*
7. *Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtalen vert inngått."*

I forslag til planutforming er det teke høgde for dei føresetnader som her er gitt.
Det er såleis avklara i prosessen at etablering av hall i området vil kunne dekkje kommunen sine behov knytt til Øyra skule og Ungdomsskulen.

Vidare er det opna for at ein hall i dette området også skal kunne nyttast av Vidaregåande skule og at Fylkeskommunen vil kunne gå aktivt inn i prosjektet.
Høgskulen si rolle i høve til prosjektet er ikkje endeleg avklara, men det er klargjort at etablering av Idrettshall i det aktuelle område er akseptabelt sett i høve til Høgskulen sin campusplan.

Kommunestyret har seinare i sak 19/18 den 1.03.2018 gjort fylgjande vedtak knytt til økonomien i prosjektet:
«Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gjev Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr. 45 000 000,- i Sparebank 1 Søre Sunnmøre, i samsvar med lånetilsegn datert 10.01.2018.
Garantien vert gitt på slike vilkår:

1. *Garantien er ein sjølvskyldnargaranti*
2. *Garantien gjeld for inntil 25 år*
3. *Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet*

Volda kommune garanterer for forskotering av spelemidlar pålydande 29,6 mill kr. Midlane vert finansiert med bruk av disposisjonsfond og vert utbetalt når tilskot er innvilga.

Volda kommune har som intensjon å etablere ein 20 års leigeavtale med Volda Campus Arena. Ein føresetnad for ein slik avtale og garanti for lånet er at Møre og Romsdal fylkeskommune forpliktar seg til tilsvarande langsiktig leigeavtale på 20 år.

Volda kommune garanterar for spelemidlar pålydande kr 29.6 mill - jfr Retningslinjer om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet pkt 2.2.4.»

I same kommunestyresak er det i teksten sagt fylgjande om eksterne infrastrukturtiltak som det vil vere behov for tilknytt etablering av idrettshal/symjehall:

«Det kan vere usikkerheitsfaktorar knytt til infrastrukturtiltak knytt til uteområde rundt hallen, og at det kan verte aktuelt at kommunen ev kan ta delar av dette som kommunalt prosjekt.»

Dei tiltak som her må etablerast for å gje god funksjonalitet og tryggleik for brukarar av området, og etterkome rekkefylgjekrava i plan er m.a fylgjande:
Omlegging /justering av Joplassvegen x Elvegata.
Etablering/omlegging av gangtilkomst til hovudinngang Idrettshall/symjehall.
Etablering av snuplass /rundkøyring for buss.
Etablering av parkeringsareal for sykkel, personbilar og buss i samsvar med plan.
Omlegging og flaumsikring av bekken Djupegrova gjennom planområdet.

Etablering av gangveg mot Øyra skule.
Etablering av gangveg mot Volda Ungdomsskule/Opprusting av del av Røystunveg med gangveg.
Parkmessig opparbeiding av uteområde.
Naudsynt opprusting av vassforsyning til området. (dimensjonering for brannsikring m.v.)
Naudsynt oppgradering av tilførselsnett for overvatn og spillvatn.

Samla kostnad for slik opparbeiding er ikkje utarbeidd, då alle tekniske føresetnader ikkje er avklara enno. Det er sett i gang utgreiing knytt til dette. Volda Campus Arena AS har i dei kostnadsoverslaga som har vore presentert for hallen ikkje med infrastrukturkostnader. Rådmannen oppfattar det slik at selskapet førest at kommunen tek ansvar for desse kostnadene. Dette må handamast i eiga sak og regulerast i ei eiga avtale med Volda Campus Arena AS. Uavhengig av kven som skal koste infrastrukturen er det viktig at desse anlegga inngår i felles entreprise, og ev med delt kontrakt dersom kommunen skal vere utbyggjar.

Kommunen sine kostnader knytt til drift av anlegget vert ei eiga sak sett i høve til leigekontrakt/brukstid i ferdig hall. Her vil også Fylkeskommunen og høgskulen sin bruk av hallen nærare avklarast før ein kjenner endelege kostnader.
I forslag til bruksavtale frå Volda Campus Arena er kommunen sin leige vurdert slik:

«Kommunale skular sin bruk er avgrensa til tidsramma måndag til fredag, frå kl. 08.00 til kl. 15.00 i skuleåret sine veker. Kommunale skular får rett til å bruke hallen 80 brukstimar pr. veke og Minisal/aktivitetssal 14 brukstimar per veke.
I samarbeid med eigar skal kommunale skular kome fram til ein bindande plan for brukar sin bruk av anlegget det påfølgande skuleåret, innan veke 25 kvart år. Udisponert tid innan kommunale skular si tidsramme tilfalle eigar i sin heilheit. Om skulen får eit endra behov for leige av hallen må avtalen reviderast før avtaleperioden er utløpt.
For den tida brukar sikrar seg ein rett til, på vegner av dei kommunale skulane, gjev brukar eit årleg driftstilskot på totalt 1.508.000 kroner. Drifttilskotet skal årleg justerast ifølge kommunal deflator. Pengane utbetalast med fire like beløp per år, utbetalt forskotsvis årleg i februar, mai, august og november.
Det er også ein intensjon at det skal bli inngått ein avtale der Volda kommune sikrar den organiserte barne- og ungdomsidretten i Volda retten til bruk av idrettshallen utanom ordinær skuletid.»
Forslag til leigeavtale vil verte fremja som eiga sak for kommunestyret.

Vurdering og konklusjon:
Administrasjonen finn for sin del at planframlegget i all hovudsak har teke høgde for dei føresetnadane kommunen la til grunn i kommunestyresak 143/16, den 24.11.2016, og ved planoppstart, jf. referat frå oppstartmøte og Formannskapsak 33/17 frå møte den 21.02.2017.

Planutforming er i samsvar med gjeldande retningsliner, og prosess tilknytt planarbeidet er gjennomført i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12- 8.

Dei aktuelle behov for nærare utgreiing og avklaring av i høve infrastrukturtiltak er det i stor grad teke høgde for i justerte reguleringsføresegner.
Usikkerheita knytt til parkering er knytt til den samla utbygginga på området.
All avklaring av tilhøva knytt til vassforsyning og overvatn har det ikkje vore muleg å få fullstendig utgreidd før fremjing av plan, og vert å kome attende til i samband med utarbeiding av endeleg teknisk plan for utbyggingsområdet.

Framlegg til endringar nemnt ovanfor er teke inn i justert planframlegg 13.03.2018.

Planen vert med desse endringane tilrådd fremja for slutthandsaming i samsvar med plan og bygningslova §12-12.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Går som melding til sektor Utvikling - plan, for kunngjering av plan.

Kopi:
Statsbygg
Høgskulen
Mørenett
P. Mulvik as
Volda Campus arena as
Oppvekstsjefen
Teknisk sektor
post@hoveco.no……

FORSLAGSSTILLAR:
VOLDA CAMPUS ARENA AS

PLANOMTALE:
FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Volda Campus Arena – idrettshall på Joplassen gbnr.19/807 m.fl. – Volda.

PlanID: 1519-2017002

DATO 13.03.2018



mulvik
www.mulvik.no

Innhold

1 SAMANDRAG 3
2 BAKGRUNN 3
2.1 Målet med planen 3
2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold 4
2.3 Tidlegare vedtak i saka 4
2.4 Utbyggingsavtalar 4
2.5 Krav om konsekvensutgreiing 4
3 PLANPROSESSEN 4
3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram 4
4 PLANSTATUS OG RAMMER 5
4.1 Overordna planar 5
4.2 Gjeldande reguleringsplan 6
4.3 Tilgrensande planar/planar under arbeid 7
4.4 Temaplanar 7
4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar 7
5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE 7
5.1 Lokalisering 7
5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk 8
5.3 Stadens karakter 9
5.4 Landskap 9
5.5 Kulturminne og kulturmiljø 10
5.6 Naturverdiar 10
5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde 10
5.8 Landbruk 10
5.9 Trafikkforhold 10
5.10 Barn sine interesser 11
5.11 Sosial infrastruktur 11
5.12 Universelt tilgjenge 11
5.13 Teknisk infrastruktur 11
5.14 Grunnforhold 12
5.15 Støyforhold 12
5.16 Luftforureining 13
5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon) 13
6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET 13
6.1 Planlagt arealbruk 13
6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål 14
6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming 17
6.4 Bumiljø/bukvalitet 19
6.5 Parkering 19
6.6 Tilknyting til infrastruktur 20

6.7 Trafikkløysing 20
6.8 Planlagde offentlege anlegg 21
6.9 Miljøoppfølging 21
6.10 Universell utforming 21
6.11 Uteopphaldsareal 21
6.12 Landbruksfaglege vurderingar 21
6.13 Kollektivtilbod 21
6.14 Kulturminne 22
6.15 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett 22
6.16 Avbøtande tiltak/løysingar ROS 22
6.17 Plan for avfallshenting 25
6.18 Rekkefølgjekrav 25
7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET 25
7.1 Overordna planar 25
7.2 Landskap og omgjevnader 25
7.3 Staden sin karakter 25
7.4 Estetikk 25
7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi 26
7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova 26
7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde 26
7.8 Trafikkforhold 26
7.9 Sosial infrastruktur 27
7.10 Universell tilgjengeligheit 27
7.11 Energibehov – energibruk 27
7.12 ROS 27
7.13 Teknisk infrastruktur 27
7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen 28
7.15 Konsekvensar for næringsinteresser 28
7.16 Interessemotsetnader/konflikttema 28
7.17 Avveging av verknader 29
8 KONSEKVENSUTGREIING 30
9 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART 30
9.1 Innspel (samandrag med kommentar) 30
9.1.1 Innspel 1: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 24.04.2017) 30
9.1.2 Innspel 2: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 24.04.2017) 30
9.1.3 Innspel 3: NVE (datert 21.04.2017) 30
9.1.4 Innspel 4: Røystunet burettslag (datert 30.04.2017) 31
9.1.5 Innspel 5: Statsbygg (datert 24.04.2017) 32
9.1.6 Innspel 6: Statens Vegvesen (datert 06.02.2017) 32
9.1.7 Aksel Farstad – gbnr. 19/97 33
10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR 33

Vedlegg:

1. 2413 Plankart
2. 2413 Reguleringsføresegner
3. 2413 Sjekkliste ROS
4. 2413 Referat frå oppstartsmøte
5. 2413 Vedtak om planoppstart
6. 2413 Varslingsbrev med vedlegg
7. 2413 Varslingsannonse
8. 2413 Innspel/merknader til varsel om planoppstart
9. 2413 Sol-/skuggeanalyse (illustrasjon)
10. 2413 Arkeologisk rapport
11. 2413 Støyrapport
12. 2413 Landskap og omgjevnader
13. 2413 Eksisterande bebyggelse
14. 2413_901 Illustrasjonsplan (illustrasjon)
15. 2413_101 Snitt A (illustrasjon)
16. 2413_102 Snitt B (illustrasjon)
17. 2413_103 Snitt C (illustrasjon)
18. 2413_104 Snitt D (illustrasjon)
19. 2413_105 Snitt E (illustrasjon)
20. 2413_Fjernverknader_3D-modell (illustrasjon)

1 SAMANDRAG

På vegne av Volda Campus Arena AS i Volda fremjar ein med dette framlegg til detaljreguleringsplan for idretts- og symjehall på gnr.19 bnr.807 m.fl på Joplassmarka i Volda kommune. Planen med namnet «Volda Campus Arena – idrettshall på Joplassen gbnr.19/807 m.fl» har planID «1519-2017002», er utarbeidd i samsvar med overordna plan og så langt mogleg innkomne merknader. Det er nytta arkitektfagleg kompetanse m.a for å sikre at rammene i planen møter oppdragsgjevar sine behov utan unødig ulempe for omgjevnadane. Etter vårt syn er prosjektet optimalisert både gjennom val av bygningsform, plassering/ orientering på tomta, høgder m.m. Verknader av tiltaket er synleggjort gjennom ulike illustrasjonar.

Undervegs i prosessen har det vore samtalar og møte både med utviklingsavdelinga i kommunen, Statens vegvesen og Statsbygg for å finne gode løysingar. Vi vurderer med dette saka som tilstrekkjeleg opplyst og ser fram mot ei positiv vidare handsaming.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Kapasitet og tilstand til eksisterande idretts- og symjeanlegg i Volda har utløyst behov for eit nyanlegg, og det har vore arbeidd lenge for å finne ein eigna stad for dette både i offentleg og privat regi. Gjennom skipinga av VCA ønskjer idretten i Volda å etablere eit slik anlegg på Joplassen/Røysmarka då dette arealet ligg sentralt plassert i høve både barneskulen, ungdomsskulen og høgskulen. I tillegg er plasseringa ved

E39 gunstig med tanke på tilkomst både for bil, buss og gåande. Anlegget er meint å skulle dekkje idretten sitt eige behov samt å kunne leigast ut til kommunen, fylkeskommunen, høgskulen og andre.

Volda Campus Arena vil bli ein moderne idretts-/fleirbrukshall med to speleflater og publikumskapasitet på 2000-2500. Anlegget vil oppfylle krav til eliteseriespel i handball og internasjonale krav for volleyball. Øvrige fasilitetar tilknytt hallen vil vere: møterom- kontor - undervisningsrom – klubblokale. I tillegg er det avsatt areal til ein evt. symjehall i kommunal regi. Anlegga blir primært brukt til skule/undervisning på dagtid og fritidsaktivtetar på kveldstid og i helgane.

Selskapet Volda Campus Arena AS er etablert med formål om etablering og drift av idrettsarena for hallidrettane i Volda. Selskapet si verksemd er ideell og økonomisk resultat/overskot i ei kvar form eller omfang skal tilkome selskapet sitt formål. Selskapet er eigd Volda Handballklubb (50%) og KFUM Volda Volley (50 %) som tilsaman har 500-600 medlemmar

Prosjektet legg til rette for at skulane i området kan oppretthalde eit godt og lovpålagt tilbod til elevane. Idrettshallen skal planleggast, byggast ut, eigast og driftast av VCA, medan ein eventuell symjehall vert eit kommunalt prosjekt.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagsstillar er Volda Campus Arena AS (VCA) med Per Mulvik AS som plankonsulent og Nordplan AS som arkitekt. VCA eig gbnr.19/807 medan Volda kommune eig hovuddelen av det øvrige arealet innanfor plangrensa. Mindre område er i privat eige.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

- 24.11.2016: K-sak 143/16: Vedtak i k-styret om mogleg vidare kommunal medverknad.
- 09.02.2017: Oppstartsmøte/førehandskonferanse.
- 21.02.2017: PS 33/17: Vedtak i f-skapet om oppstart av planarbeid.

2.4 Utbyggingsavtalar

I samband med opparbeiding av tekniske anlegg (veg,vatn og avløp) vil det bli inngått utbyggingsavtale med kommunen etter nærare avtale. Kunngjering av dette vil kome på eit seinare tidspunkt.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Sidan både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, er det ikkje behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte
Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 09.02.2017. Referat frå møtet er vedlagt.

Varsel om oppstart
Varsel om oppstart vart kunngjort i Møre og ved varslingsbrev datert 07.03.2017 med merknadsfrist 24.04.2017. Varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt.

Grunna manglar i heimelshavarlista vart det 23.03.2017 sendt ut utvida varsling med frist 01.05.2017. Etter krav frå SVV om utvida planområde, vart det 07.07.2017 halde synfaring/møte for eigarane av gbnr. 19/97 som då vart naboar til tiltaket.

Innspel til varsel om planoppstart
Varsel om oppstart gav 6 innspel (vedlagt) som alle er vurdert og kommentert i planomtalen. Ein har også oppsummert og kommentert eigarane av 19/97 sine synspunkt ved synfaringa sjølv om det ikkje er levert inn formell skriftleg merknad.

Vidare saksgang
Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høyringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med planlagt framdrift.

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	09.02.2017
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte partar.	konsulent	Varslingsbrev: 07.03.2017 / 23.03.2017 Kunngjeringsannonse: 11.03.2017 Merknadsfrist: 24.04.2017 / 01.05.2017
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Mai 2017
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Mai – oktober 2017
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	Oktober 2017
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/ høyring (frist 12 veker).	kommunen	Oktober-november 2017
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	November - desember 2017
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	kommunen	Desember 2017- januar 2018
Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.	*kommunen/konsulent*	

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar
Planområdet ligg i PlanID: 2007010 - «Kommunedelplan for Volda sentrum» innanfor sona for unntatt rettsverknad. Det er dermed reguleringsplanen som har rettsverknad/er gjeldande for området.



Figur 1 Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan inkl. plangrense ved varsling

4.2 Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande plan for området er «Røysmarka – planID 1995002» der planområdet i hovudsak inngår i O7 avsett til offentleg bygg/undervisning. I tillegg er det lagt inn trasear vestover for å sikre gangsamband med skulane. I gjeldande plan er desse traseane regulert til bustadføremål, offentleg friområde og køyreveg.



Figur 2 Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan inkl. plangrense ved varsling

Gjeldande plan set krav om utarbeiding av bebyggelsesplan før utbygging som skal vise plassering og utforming av bygningar, avkøyrsler, køyrevegar, gang- og sykkelvegar, parkeringsplassar, grøntareal m.m samt høgdeoppriss av nye bygningar i forhold til omkringliggande bygningar. Planen skal vidare ivareta omsynet til trafikkstøy frå E39 der naudsynte fysiske tiltak innarbeidast i plan. Sidan omgrepet

bebyggelsesplan er gått ut vurderast gjeldande plan som ein områdeplan med krav om detaljregulering før utbygging.

4.3 Tilgrensande planar/planar under arbeid

Området f.o.m Elvegata/Rv651/E39 og sørover ligg innanfor reguleringsplanen «Elvadalen» med planID 1997004. Aust for planområdet arbeider Statens vegvesen med reguleringsplanen «Furene-Volda». I dialog med SVV er grensa mellom planane, samt formålsgrenser og planformål avklart og samkøyrt.

4.4 Temaplanar

Det føreligg etter vår kjennskap ingen temaplanar med relevans for saka.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker nytta ved utforming av vegar og kryss.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering

Planområdet ligg på gnr.19 bnr.807 m.fl på Joplassen/Røysmarka like aust for sentrumskjernen i Volda.



Figur 3 Oversiktskart med avmerkt planområde.



Figur 4: Varsla plangrense (blå), justert grense (raud)

Avgrensing og storleik på planområdet Varsla planområde utgjorde om lag 14,4 daa med slik avgrensing: Formålsgrense for O7 i gjeldande områdeplan med stripetillegg vestover for å sikre nødvendig areal til sambinding mot skular og offentleg gangvegsystem. I tillegg til eigedomane 19/807, 821 og 978 innanfor O7 omfattar planområdet også gbnr.19/821, 978 samt delar av bnr. 600,601,602,604,883,884,887,889 m.fl.

Grunna krav frå SVV og i samråd med Statsbygg er plangrensa seinare utvida til også å femne om Joplassvegen med snuplass, samt del av E39/ Elvegata.

Justert område utgjer omlag 17,8 daa og ny nabo på gbnr.19/97 er etter avtale med kommunen orientert ved møte/synfaring.

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Sjølve planområdet er i hovudsak ubebygt dyrkamark, medan nordre korridor vestover mot Øyra Skule kryssar gbnr.19/884, Røystunvegen og bustadtomta gbnr.19/883. Korridoren mot ungdomsskulen i sør kryssar ein flik av bustadtomta gbnr.19/829, friområdet på gbnr.19/887 og Røystunvegen mot Porsemyrvegen. Friområdet er opplyst å tene som leikeplass for Sameiget Røystunet, men er ikkje utstyrt som leikeplass og ber heller ikkje preg av å vere i bruk.

Planområdet grensar mot bustadar i vest, høgskulebygg i nord og trafikkareal elles.



Figur 5: Ortofoto av varsla planområde og omgjevnader

5.3 Stadens karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterande bebyggelse

Vedlegg nr.12 og 13 viser eksisterande landskap og bebyggelse rundt planområdet med Berte Kanuttebygget i nord med si karakteristiske form, ubehandla lerkekledning og taktekking av sink. Vest for Berte Kanutte er nye Øyra barneskule no ferdigstilt med kvit betongfasade og flatt tak.
Vest for sjølve planområdet – og inntil plangrensa - er det bustadar i form av eine-, 2- og 4-mannsbustadar med saltak og liggande kledning.

Joplassvegen i aust er teken inn i planområdet, og aust for tilgrensande parkeringsplassar for HiVolda ligg høgskulebygga «Hans Strøm» og «Ivar Aasen» - oppført som distriktshøgskule på 70-talet. Dette er enkle bygningar med flatt tak og fasader av betongelement.

Mellom Berte Kanutte og Lettbygget er det elles under planlegging eit høgskulebygg (Mediebygget) med eit moderne arkitektonisk uttrykk med m.a stort innslag av glas i fasaden.

5.4 Landskap

Topografi og landskap

Planområdet fell svakt mot sørvest med mellom 1:20 og 1:15. Gjennom tomta renn «Djupegrova» som munnar ut i «Øyraelva» ved enden av Røysbakken.

Figur 6: Dronefoto frå aust mot vest med krysset E39/Joplassvegen i nedre biletkant. I bakgrunnen frå venstre mot høgre: Volda ungdomsskule, Øyra barneskule og Berte Kanuttebygget (HiVolda).

Figur 7: Dronefoto frå nord mot sør med Berte Kanuttebygget i nedre biletkant, «rundkøyringa» i enden av Joplassvegen og Statsbygg sine parkeringsplassar til venstre. Tvers over bilete bekken «Djupegrova» med kantvegetasjon.

Solforhold/lokalklima
Området vender mot sørvest, er svært solrikt og utan lokalklimatiske forhold ein treng å ta særleg omsyn til.

Estetisk og kulturell verdi
Gjennom området renn elva «Djupegrova» som kan tilleggast ein estetisk verdi - utover dette ingen.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø
Ifølgje tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. I samband med utviding av Høgskulen vart det i 1994 gjennomført arkeologiske registreringar utan funn. På bakgrunn av dette har MR-fylke trekt tilbake kravet om arkelogiske registreringar

5.6 Naturverdiar
Kartbasar som www.naturbase.no avdekkjer ingen registrerte artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet, men som nevnt ovanfor kan «Djupegrova» sjåast på som ein naturverdi.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde
Sjølve planområdet har, etter det vi kjenner til, ingen særleg verdi som rekreasjonsområde.

5.8 Landbruk
I følgje www.skogoglandskap.no består planområdet av fulldyrka jord med lauvskog langs elvestrengen gjennom planområdet (Djupegrova).

5.9 Trafikkforhold
Avkøyrsle/tilkomst til planområdet
Planområdet både grensar til og omfattar delar av E39/Elvegata samt Joplassvegen. Sjølve byggjeområdet får avkøyrsle frå Joplassvegen og krysset Joplassvegen/E39 vert oppgradert.

Vegsystem
Joplassvegen er ein 125m lang kommunal blindveg tilknytt E39/Elvegata og opparbeidd i samsvar med gjeldande plan fram til snuplassen («rundkøyringa») ved Berte Kanuttebygget. Rundkøyringa er dimensjonert for liten lastebil og regulert snuplass i enden av Joplassvegen er ikkje opparbeidd.

Joplassvegen tener som hovudtilkomst for tilsette og studentar ved Høgskulen, samt bustadeigedomen gbnr.19/97. Vegbreidda er 6m med 3m gang- og sykkelveg skilt frå køyrebana med ein 3m brei grøntrabatt. Vegen munnar elles ut i E39/ Elvegata som vidare austover er under omregulering i samband med SVV si planlegging av Voldatunnelen. E39 har fartsgrense 50km/t.

Trafikkmengde
I følgje Statens vegvesen har E39 ein ÅDT (årsdøgnstrafikk) på ca 9000 forbi planområdet og SVV ventar inga endring i dette som følgje av planlagd omlegging av E39. ÅDT for Joplassvegen er ikkje kjend, men som blindveg er trafikkmengda begrensa sjølv om det i periodar er fullt på parkeringsplassane.

Ulykkessituasjon/trafikktryggleik for mjuke trafikantar
I følgje SVV sin base er det ingen registrerte ulukker i eller ved krysset Joplassvegen/E39, men i rundkøyringa omlag 150m lenger aust har det vore hendingar med ingen eller lettare personskade. I 2015 var det ein kollisjon utan personskade i krysset mellom Anders Vassbotnvegen og E39. Med gang- og sykkelveg både langs E39 og Joplassvegen vurderast tryggleiken for mjuke trafikantar som god og SVV sine planar for ny rundkøyring vil venteleg auke tryggleiken der yttarlegare.

Kollektivtilbod
Det går ringrute og skulerute langs E39 sør for planområdet med busstopp for austgåande rute omlag 80m vest for krysset Joplassvegen/E39 og for vestgåande om lag 80m aust for krysset. Planendringa for E39 Volda-Furene inkluderer busslomme på begge sider av vegen i aust.

5.10 Barn sine interesser
Hovuddelen av planområdet har etter vår kjennskap ingen særleg verdi for barn og unge, men eit område på gbnr.19/887 regulert til offentleg friområde vert opplyst å fungere som nærleikeplass for bebuarane på gbnr.19/882 (Røystunet borettslag). Området er imidlertid verken opparbeidd eller utstyrt som leikeplass.

5.11 Sosial infrastruktur
Skulekapasitet/barnehagedekning
Ikkje relevant utfrå planlagt formål.
Butikk
Like aust for planområdet finnast nærbutikk – forøvrig kort veg til sentrum.

5.12 Universelt tilgjenge
Planområdet er ikkje universelt tilgjengeleg i dag, men ligg topografisk godt til rette for dette.

5.13 Teknisk infrastruktur
Vatn og avløp
I trasè for gang- og sykkelveg langs E39 ligg kommunale leidningar for både vatn, spillvatn og overvatn, men i følgje kommunen leverer vassleidningen for lite trykk og mengde til planlagt formål. Også overvassleidningen har for liten kapasitet og kommunen melder om at overvatn frå planområdet anten må førast i eiga leidning til «Øyraelva» eller via fordrøyningsanlegg til «Djupegrova». Spillvassleidningen kan tilknytast.

Trafo
Mørenett har som høyringspart ikkje kome med innspel. Ein legg difor til grunn at straumforsyning til området er eller blir ivaretatt.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m
Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknyting til fjernvarmenett.

5.14 Grunnforhold

Stabilitetsforhold

NGU sine lausmassekart syner at delar av planområdet ligg i sona for marin strandavsetning med stort sannsyn for marin leire.
Med grunnlag i tidlegare registreringar og dokumenterte grunnboringar i området vurderer vi området avklara set i høve til fare for kvikkleireskred. jf utsjekk i høve til rettleiar 7/2014, kap. 4.5 pt. 1-10, pkt 6.
- krav til vidare grunnundersøking - er berre knytt til byggegropsproblematikk og trong for utskifting av massar, som må knytast opp mot prosjektering/grunnlag for fundamentering, og såleis vil vere vilkår knytt mot byggesøknad.



Figur 8: Lausmassekart - NGU

Skredfare
NVE sine aktsemdkart syner at planområdet ikkje er utsett for skredfare.

5.15 Støyforhold

I følgje SVV sitt støyvarselkart ligg delar av planområdet i raud og gul sone for vegtrafikkstøy. Det er difor utarbeidd støyrapport (vedlagt) med tiltak innarbeidd i planframlegget. Resultatet av berekningane er vist som omsynssoner i plankartet som gul og raud støysone for hhv. 55-65dB og over 65dB.

Figur 9: Utsnitt frå SVV sitt støyvarselkart

5.16 Luftforureining

Det er ingen kjende kjelder til luftforureining i eller ved området. Også vegstøv frå E39 vurderast til å liggje godt under grenseverdiane i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Gjennomgang av ROS-sjekklista avdekte behov for avklaring av følgjande tema:

Vassforsyning:
a: Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?

Brann/ulukkesberedskap:
a: Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde/trykk)?
Naturgitte forhold:
d: Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?
e: Er området utsett for flaum eller flaumskred?
Omgjevnad:
c: Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?

For skildring og framlegg til løysing viser ein til kap.6.16 i planomtalen.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

Følgjande reguleringsformål inngår i planområdet:

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)	8,88
Uteopphaldsareal)BUT)	0,61
Sum areal denne kategori:	9,49
§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	0,73
Fortau (SF)	0,55
Gang-/sykkelveg (SGS)	0,17
Gangveg/gangareal (SGG)	0,73
Køyreveg (SKV)	3,02
Parkeringsplassar (SPP)	1,43
Sum areal denne kategori:	6,65
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	Areal (daa)
Grøntstruktur (G)	0,92
Sum areal denne kategori:	0,92
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	

Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)	0,73
Sum areal denne kategori:	0,73
Totalt alle kategoriar:	17,80

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)
Innanfor BOP1 sine formålsgrenser, linjer for planlagd bebyggelse og byggjegrenser kan det førast opp bygning for offentleg eller privat tenesteyting som idrettshall evt. med parkeringskjellar eller parkeringsplassar på terreng sør for hallen.

I forprosjektet er 1. og 2. etg avsett til speleflate, garderober og øvrige fasilitetar relatert til bruk av idrettshallen, medan 3. og 4. etg. kan innehalde t.d kontor, undervisningsrom m.m.

Innanfor BOP1 er det elles høve til opparbeiding av avkøyrsle til ein eventuell parkeringskjellar frå Joplassvegen, samt gangvegar og annan infrastruktur som naturleg høyrer til. Dette vert å detaljere i prosjekteringsfasen.

Innanfor BOP2 er det tilsvarande høve til oppføring av symjehall med både undervisningsbasseng og konkurransebasseng, samt garderober og tribuneanlegg. Hallen opparbeidast og driftast i kommunal regi. Bygningane skal elles ha «flate» tak og maksimal gesimshøgde i samsvar med plankart og føresegner.

Det leggast elles til grunn at BOP1 og 2 kan førast opp uavhengig av kvarandre – dvs. i to byggjesteg – og fungere uavhengig av kvarandre. Det leggast m.a ikkje opp til sambruk at garderober.
Innanfor formåla kan det også etablerast gangvegar i tilknytning til og forlenging av regulerte gangvegar med breidder som gjer det mogleg å brøyte/frese med traktor.

Plankartet viser byggjegrenser samt linjer for planlagd bebyggelse (sosi-kode 1213). Bygga skal ligge innanfor byggjegrensene, men kan fråvike linjer for planlagd bebyggelse med inntil 1 meter dersom detaljprosjekteringa syner behov for dette.

Uteopphaldsareal (BUT)
Området BUT er avsett til offentleg uteopphaldsareal. Arealet har breidde over 10m, svak helling, er adskilt frå biltrafikk og elles solrikt plassert vest for symjehallen. God avstand til E39 sikrar også at arealet er fritt for trafikkstøy. Ved ei evt. realisering av symjehall må Djupegrova leggast om og vil då bli opna opp og gjort meir synleg/ tilgjengelig enn i dag, og slik sett fungere som eit viktig element i uteopphaldsarealet. BUT kan utstyrast med benkar, leikeapparat o.a. som naturleg høyrer til og skal opparbeidast med tilgjenge i samsvar med prinsippa for universell utforming.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
Område langs køyrevegar avsett til grøft, snøopplag, trafikkøy m.m.

Fortau (SF)
Det er regulert inn fortau langs E39 tilpassa SVV si tilgrensande regulering. Grunna omlegging og utviding av krysset Joplassvegen/E39 er det foreslått fortau også langs første del av Joplassvegen der det i dag er gangveg adskilt frå køyreveg med grøntrabatt. Dette for å reduserer bandlegging av tilstøytande friareal.

Vidare er det også regulert inn fortau mellom Porsemyrvegen og Røystunvegen av omsyn til ungdomsskuleelevane sin tryggleik til og frå hallen. Vegtraseen er basert på gjeldande reguleringsplan med tillegg for fortau på nordsida.
Fortau opparbeidast med fast dekke, avvisande kantstein mot køyreveg og med breidder som vist på plankart. Ved kryssingspunkt/gangfelt skal kantsteinen ha vishøgde 2cm.

Gang-/sykkelveg (SGS)
SGS1 er eksisterande gang-/sykkelveg langs E39 frå vest med ei mindre omlegging inn mot krysset. Vegen er regulert med breidde som i gjeldande plan men med trasè i samsvar med dagens opparbeiding.

Gangveg/gangareal (SGG)
Øvrige gangvegar med formål å sikre skuleelevar og andre ein kort og trygg tilkomst til/frå hallen. Vegane opparbeidast i 3m breidde, asfaltert og tilrettelagt for brøyting med traktor.

Køyreveg (SKV)
Trafikktryggleiken er høgt prioritert i planarbeidet. Undervegs avdekte ein mellom at dagens passeringslomme ovanfor krysset E39/Joplassvegen er feilplassert. For å bøte på dette – og slik auke tryggleiken i krysset – har vi både utvida og trekt krysset lenger mot aust slik at krava i vegnormalane (N100) blir stetta.

Ei vinkelrett tilknyting til E39 gjev også optimal oversikt ut frå krysset som saman med delvis kanalisering, fortau på begge sider samt gangfelt gjev trygge forhold også for mjuke trafikantar.

Eksisterande snuplass/rundkøyring i enden av Joplassvegen er ikkje dimensjonert for buss, så i samråd med Statsbygg foreslår ein å utvide denne. Av omsyn til trafikktryggleik er det ønskjeleg å unngå ryggande bussar eller andre store køyrety - difor er slike rundkøyringar å foretrekke.

Vegen mellom Porsemyrvegen og Røystunvegen er regulert inn basert på gjeldande plan med tillegg for fortau på vestsida. Traseen avvik frå opparbeidd veg, og er også noko breiddeutvida inn mot Porsemyrvegen grunna feil i gjeldande plankart. Vegen er no dimensjonert for lastebil.

Køyrevegar o_SKV1-4 er offentlege, medan avkøyrsle til ev. parkeringskjellar eller parkeringsplassar på terreng – SKV5 - skal vere privat. Vegane opparbeidast med fast dekke og breidder som framgår av plankartet og normalprofil:



Figur 10: Normalprofil Joplassvegen/o_SKV2

Parkeringsplass (SPP)
Det er sett av to område til parkering ved inngangssona: SPP1 mellom BOT1 og SKV2/Joplassvegen er avsett for to bussar og to p-plassar for rørslehemma, medan SPP2 er avsett til syklar og ca 33 ordinære biloppstillingsplassar. Areala er private og skal asfalterast og oppmerkast.

Grøntstruktur (G)
Gjeld sideområde langs gangvegar til snøopplag, grøft m.m samt areal vest for hallen til ev. etablering av vegetasjonsskjerm mot bebyggelse.

Elv/bekk (VNV)
På skrå gjennom planområdet renn bekken «Djupegrova/Orgylelva».Bekken går open frå lukka kanal ved Sjukehusvegen, gjennom Campusområdet ved Høgskulen og til utløp i Storeelva(Øyraelva) ved Røysbakken.
Djupegrova/Orgjølelva er ein bekk/elv som er sterkt påverka av kommunale utbyggingstiltak, bustadutbygging og vegar. Store delar av vassvegen er også lagt i røyr/kulvert forbi ulike utbyggingsområder og gjennom vegar/gater.

På ein del strekningar er vassdraget viktig del av park og naturområde, t. d. gjennom Sjukehusparken og som her gjennom campusområdet for Høgskulen i Volda.
Bekken har ved fleire utbyggingar over tid blitt lagt om og tilpassa planlagt utbygging, t.d. både i Sjukehusområdet og i Campusområdet.
Intensjonen er i planarbeidet og i utbygging innan området å sikre vassdraget som eit viktig miljø og parkmessig trivselselement i området.

Det er ikkje knytt særskilte ålmenne interesser eller naturomsyn til vass-strengen. Det er ikkje fisk i bekken.
Bekken har fyrst og fremst sin funksjon og betydning som park/naturelement og trivselsfremjande element i eit utbygd område og som del av sti/gangveg som ligg langs delestrekningar av bekken.
For å gje bekken eit meir definert avgrensing og tilpassing til den parkmessige tilnerminga , vil bekken bli plastra med forebygging i naturstein gjennom heile planområdet.

Volda kommune har fått utarbeidd framlegg til flom-sikringsplan for områda ovanfor Volda sentrum. Multiconsultrapport - 130544 «Kartlegging av flomfare og flomtilpasnings-tiltak i Melshornsida» datert 29.06.2017. Rapporten omfattar også dette bekkeløpet.

Etter NVE-sitt ordinære aktsemdskart for flaum ligg planområdet ikkje i flomsone.
Den nye utgreiinga frå Multiconsult tilseier imidlertid at planområdet er utsett for flaumfare basert på utrekna 200-års flaum med påslag (40%). Omsynssona knytt til denne kartlegginga er teke inn i justert plankart.

I rapporten frå Multiconsult vert det konkludert med at beste løysinga for å sikre områda langs bekken, er å avlaste bekken for flaumvatn ved overføring av flaumvatn til Heltneelva, som så vert vidare forbygd/sikra. Når overføring av flaumvatn til Heltne-elva er gjennomført vil Djupegrova/Orgylelva berre få tilført vatn frå rørinntak i massefangsdam ovanfor bebyggelse, og tilsig frå tilgrensande nedbørsfelt nedanfor dette.

Bekken vil då ha relativt stabil vassføring langt under dagens flaumnivå.
Konklusjonen i rapporten er såleis at med slike tiltak vil det ikkje vere behov for sikringtiltak i området ut over vanleg drift og vedlikehald. (/eksisterande bruer og kulvertar har då tilfredsstillande kapasitet.).

Rektangulær kulvert ved Berte Kanuttebygget oppstrøms planområdet måler 2,0x0,7m =1,4m2, medan tverrsnittet under brua i Røystun-vegen nedstrøms måler 1,5x1,0m =1,5m2.
Med grunnlag i dette vert vist figur 11 lagt til grunn for omlegging og førebygging av bekken i kombinasjon med planlagt utbygging på området og nye gangvegar.
Gangvegar og elvestreng skal opparbeidast i samanheng med materialar som gjev høg estetisk og miljømessig kvalitet. For uteopphaldsarealet (BUT) vil dette verte eit viktig trivselsskapande element.



Fig. 11. Prinsippsnitt gjennom SGG/VNV

6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

Plassering og bygningshøgde
Bygningane plasserast innanfor byggjegrenser og linjer for planlagd bebyggelse med maksimal byggjehøgd som framgår av føresegner og plankart. Maksimal byggjehøgd er angitt med koter. Ein viser elles til figur 12 og vedlagte illustrasjonar herunder terrengsnitt som illustrerer verknadane av tiltaket.
Linjer for planlagd bebyggelse er lagt innanfor gjeldande områdeplan si byggjegrense mot E39 og ny grense mot Joplassvegen justert i samsvar med endra vegtrasè. Elles gjeld at heishus i nødvendig grad kan overstige maksimal tillaten kote for gesims og at det innanfor formåls- og byggjegrenser tillatast fråvik frå regulert linje for planlagd bebyggelse med +/- 1m dersom detaljprosjekteringa syner behov for dette.
Bygningane er elles plassert på tomta utfrå tilgjengeleg areal (herunder omsynet til «Djupegrova»), tomta si form og fall på terreng. Dermed er det største volumet (idrettshallen) plassert lengst sør på tomta der det er best plass, medan det mindre arealkrevjande symjeanlegget er plassert nord på tomta. Dette gjev også nok areal til omlegging av Djupegrova som i dag kryssar området.

Innanfor arealet avsett til symjehall er det plass til både øvings- og konkurransebasseng, samt tribuner og eigne garderober. Dette legg til rette for ei stegvis utbygging og samtidig bruk av dei to hallane.
For å spare flateareal i idrettshallen, har ein utnytta fallet på tomta til å fordele hovudfunksjonane i to etasjar. I første etasje er det planlagt garderobar, lager m.m i tillegg til sjølve speleflata.



Figur 12: Usnitt av illustrasjonsplan ved full utbygging



Illustrasjon utbygging i byggesteg

Det er også planlagt eigen inngang til dette nivået frå vest, slik at skuleelevane kan går direkte inn i garderobedelen utan først å måtte gå rundt bygget og ned ein etasje. Dette vil også spare reingjeringskostnader og generell slitasje.

Hovudinngangen er lagt til andre etasje saman med cafè, klubblokale og mediaproduksjonsrom m.m. Plasseringa på nordsida av hallen er gjort for å kunne sjå hallen i samanheng med ein eventuell svømmehall mot nord. Ved ei ev. realisering av svømmehall vert inngangen liggande i eit innhjørne i lè for ver og vind frå vest. Parkeringsplassar på terreng er lagt i umiddelbar nærleik til inngangspartiet.

Over cafè og klubblokale i tredje og fjerde etasje er det tenkt utleige for ulike formål som t.d idrett, kontor, undervisning og annan offentleg/privat tenesteyting.

Hallen er elles dimensjonert i samsvar med internasjonale krav til volleyballbaner som m.a betyr 12,5m netto innvendig høgd. Hovudvolumet har difor den høgda som trengs for dette mot sør, aust og nord, medan ein mot bustadhusa i vest legg til eit volum utanpå der høgda er trappa ned med ca 2 etasjar. Dette vil dempe høgdeverknaden mot busetnaden der.



Figur 13: Snitt – symjehall til venstre, lavt mellombygg og idrettshall med garasjekjellar til høgre (illustrasjon)

I sørvest er volumet trekt inn for ikkje å komme for nær bustadhuset på nabotomta, medan ein mot E39 går ut med full høgde då dette er signaturfasaden mot passerande der ein gjerne ser føre seg ein opplyst klatrevegg bak ein flott glasfasade.

Ein ser vidare føre seg bruk av solide og bestandige materialar – t.d ei mørkare trekledning - i dei to nedste etasjane medan ein vidare opp tenkjer kledning med eit mest mogleg skalanøytralt utrykk som t.d ein heilt slett vegg utan mønster eller inndeling. Bruk av kvitt gjer skalaen så abstrakt at bygget vil verke mindre og lavare enn det er, og glas i fasaden gjev god kontakt mellom det som skjer inne i bygget og det som skjer ute. Dette vil også bryte opp dei store fasadane og få bygget til å sjå opnare og mindre ut.

Grad av utnytting (%-BYA)
For begge områda er det lagt til grunn slik grad av utnytting:
BOP1 og 2: %-BYA=100%.
Parkeringsplassar er avsett som eige formål og inngår ikkje i berekninga av utnyttingsgrad.

Antal arbeidsplassar, antal m2 næringsareal
Talet på arbeidsplassar generert av tiltaket avheng av kva funksjonar bygget vert fylt med og dette er ikkje avklart på noverande tidspunkt. Utover areal avsett til idrettsformål med tilleggsfunksjonar som garderover, kiosk,lager m.m, opererer forprosjektet med ca 330m2 til undervisning og 250m2 til kontorlandskap. Desse tala vert imidlertid høgst truleg endra i prosjekteringsfasen.

6.4 Bumiljø/bukvalitet

Barn og unge

Mykje av bakgrunnen for planarbeidet er å styrkje barn og unge sine vilkår når det gjeld fysisk fostring i og utanfor skuletida. Det er difor lagt vekt på å etablere gangvegar eller fortau slik at elevane kan ferdast trygt mellom skule og idrettshall. Anlegget er venta å bli eit populært samlingspunkt også for barn og unge.

Sol-/skuggeanalyse

Vedlagte sol/skuggeanalyse er basert på ei utbygging innanfor rammene i planframlegget, og syner kva verknadar tiltaket har på kringliggjande busetnad ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni. Basert på analysen har ein så lang det er mogleg redusert volum og høgd for å dempe verknadane.

6.5 Parkering

Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

I Kulturdepartementet sin rettleiar for planlegging og bygging av idrettshallar står følgjande om parkering:
«En tommelfingerregel kan være at antallet parkeringsplasser for bil innenfor en radius på 500m skal være 20% av antallet personer i anlegget. Det største behovet for parkeringsplasser vil normalt være på kvelder og i helger. Det bør vurderes om andre parkeringsplasser i området, for eksempel ved nærliggende skoler og bedrifter, kan benyttes for å dekke behovet for parkering ved de største arrangementene i anlegget»

På dagtid i virkedagane vil hallen i utgangspunktet verte nytta av skulane i nærområde. Dette betyr ar brukarane av hallen i desse tidsroma i det vesentlege vil vere elevar, studentar og lærarar som har parkert ved skulen sin. På dagtid i virkedagane vil såleis hallen i liten grad generere eit parkeringsbehov.

Hallen vil imidlertid generere eit behov på kveldstid og i helgar/feriar dvs. når ordinær drift og parkeringsbehov i nærområdet i det vesentlege er fråverande. Med dette ligg det føre eit reelt grunnlag for å vurdere parkeringsbehovet basert på avvikande samtidsbruk.

Innanfor planområdet er det såleis satt av to parkeringsområde (SPP1 og 2) på terreng like ved hovudinngang, samt høve til etablering av parkeringskjellar under idrettshallen.
SPP1 er dimensjonert for 2 bussar og 2 HC-plassar, medan SPP2 er dimensjonert for ca 33 bilar. Ein eventuell parkeringskjellar vil kunne ta ca 120 bilar.

Samla parkeringskapasitet innanfor planområdet vil dermed kunne bli slik:
Med parkeringskjellar: 35 på terreng nord for hallen + 120 i kjellar = 155 stk.
Utan parkeringskjellar: 35 på terreng nord for hallen + 45 på terreng sør for hallen = 80 stk.

Ut frå avvikande samtidsbruk vil ikkje ein parkeringskjellar vere nødvendig for hallprosjektet isolert, men er teken med i plan som ei skissert løysing basert på ein ambisjon om vesentleg tilrettelegging for bilfri overflate i campus- og skuleområdet.

Eit garasjeanlegg vil t.d gjere det mogleg å konsentrere mykje av tilsettparkeringa for det samla undervisningsclusteret som omkransar hallen. Realisering av garasjeanlegget vil såleis i utgangspunktet fordre at dei andre clusteraktørane ynskjer å bidra til ei slik realisering t.d ved innføring av betalingsparkering eller anna direkte eller indirekte deltaking.

Legg ein til grunn kulturdepartementet si tilråding om 20% dekning, vil det ved store arrangement og 2500 personar i hallen vere behov for 500 parkeringsplassar.

Basert på oversikta ovanfor vil det då mangle ca 345 plassar dersom det vert bygd parkeringskjellar, eller 420 om denne ikkje vert bygt.

Figur 14 gjev ei oversikt over eksterne område som vil kunne nyttast, og som totalt sett har ein kapasitet på over 600 personbilar.

Med dette er behovet for parkering ved store arrangement dekt med god margin uavhengig av om det vert bygt parkeringskjellar eller ikkje.

Figur 14: Ekstern parkering

Frå alle desse områda er det også opparbeidd eller planlagt opparbeidd fortau/gangveg til hallområdet som sikrar ein trygg tilkomst.

Det er elles ei målsetjing både lokalt og sentralt å fremje bruk av miljøvennleg transport. Eit godt utbygt gangvegsystem i kombinasjon med ei sentral, sentrumsnær plassering, legg tilhøva godt til rette for at heimepublikum kan la bilen stå ved større arrangement.

6.6 Tilknyting til infrastruktur

Vatn og avløp

I gangvegtraseen langs E39 ligg kommunale PVC-leidningar for vatn, spillvatn og overvatn med slike dimensjonar: 160mm, 250mm og 250mm. Kommunen opplyser i ein e-post at det vil bli mykje omlegging av leidningsnettet i området pga E39 Voldatunnellen relatert til overvasshandtering og auka mengde/ trykk på vassforsyninga inn i området. Slik sonene er bygt opp i dag, vil det ikkje vere tilfredsstillande vasstrykk inn i området. Kommunen opplyser vidare at dei vil vurdere moglege løysingar der dei to prosjekta blir sett i samanheng, og kome tilbake på dette. Vi har difor sett krav i føresegnene om at løysingar m.o.t vassforsyning og overvasshandtering vert å avklare i samarbeid med kommunen. Når det gjeld spillvatn er tilbakemeldinga at eksisterande leidning kan tilknytast slik den ligg.

6.7 Trafikkløysing

Køyretilkomst

Tilkomst til planområdet vert via Joplassvegen som munnar ut i E39. Krysset vert utvida for buss, og trekt lenger aust slik at plasseringa vert korrekt i høve passeringslomma langs E39. Viser elles til kap. 6.2.

Utforming av vegar

Regulert kryss mot E39 er dimensjonert iht. vegnormalane med delvis kanalisering – jfr. kap.6.2.

Stigningsforhold

Joplassvegen fell svakt (3%) sørover mot krysset/E39, og justeringa mot aust endrar ikkje ved dette. Tilkomst frå Joplassvegen til parkeringskjellar vil kunne ha maksimal stigning 1:10.

Frisikt

I krysset mellom Joplassvegen og E39 er det vist frisiktlinjer i plankartet i samsvar med N100. Frisiktlinjene ligg innanfor vegformål og er difor ikkje vist med soner i plankartet.

Mjuke trafikantar
Aust for krysset er det langs E39 innregulert fortau i samråd med SVV si planavdeling. Sjølve krysset er delvis kanalisert med gangfelt som knyter fortauet saman med eksisterande gang- og sykkelveg på vestsida. Langs Joplassvegen er det dei første 40 metrane frå krysset og nordover regulert inn fortau i 3m breidde. Vidare nordover er det gangveg som før.

Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold
Alle vegar, med unntak av avkøyrsle til parkeringskjellar, regulerast som offentleg.

6.8 Planlagde offentlege anlegg
Planframlegget vil medføre behov for oppgradering av VA-anlegg i området – jfr. pkt. 6.6 – og omlegging av krysset mellom Joplassvegen/E39 samt oppdimensjonering av snuplass/rundkøyring i enden. Realisering av symjehall vil også bli ei kommunal oppgåve.

6.9 Miljøoppfølging
Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

6.10 Universell utforming
Krav:
Bygningar og uteareal opparbeidast i samsvar med gjeldande reglar for universell utforming.
Løysing:
I samsvar med Tek17.

6.11 Uteopphaldsareal

Offentleg uteopphaldsareal
Det er avsett eit område på ca 630m2 for uteopphald i nordvestre del av planområdet. Arealet stettar krav til breidde, helling, solforhold m.m. og skal opparbeidast som grasbakke/plen ev. med fast dekke der naturleg. Området kan elles utstyrast med benkar, leikeapparat etc. etter behov. Arealet tener også som erstatningsareal for friområda som gjennom planframlegget vert omdisponert.

Tilkomst og tilgjenge
Arealet skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming i samsvar med gjeldande lovverk – synleggjort i byggjesaka. Det skal vere tilkomst til området både utanfrå og innanfrå bygningar.

Sesongbruk
Ikkje relevant ut frå planlagd bruk.

Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav
Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast situasjonsplan for tiltaket.

6.12 Landbruksfaglege vurderingar
Reguleringsformålet er i samsvar med overordna plan.

6.13 Kollektivtilbod
Gjennom oppgradering av kryss og snuplass blir Joplassvegen tilrettelagt for buss. Det er også regulert inn oppstillingsplass for to bussar like ved hovudinngangen. Med dette ligg tilhøva godt til rette for ev. kollektivtrafikk internt i planområdet. Forøvrig er det under regulering busslommer på begge sider av E39 om lag 80m aust for krysset.

6.14 Kulturminne

Inga endring som følgje av plan.

6.15 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett

Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast VA-plan for tiltaket.

6.16 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Gjennomgang av ROS-sjekklista avdekte behov for utgreiing av følgjande tema: **Naturgitte forhold:**

d: Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?

Kommentar:
Delar av planområdet ligg i NGU sine lausmassekart i sona for marin strandavsetning som kan innebere ustabile grunnforhold.
Det er i høve vurdering av grunntilhøva i planområdet vist til gjennomførte grunnboringar for Øyra skule (bygd i 2015-17), som også ligg i same området og delvis innanfor marin grense.
Det er ikkje så stor høgdeskilnad mellom desse prosjekta.
Planlagt idrettshall ligg med grunnplan ca på kote 46. Øyra skule har grunnplan på ca kote 46.85
Grunnboringane og rapport tilknytt desse er gjennomført på heile skuleområdet mellom ca. kote 52 og 42.
I området med marine strandavsetning i nært tilgrensande område har Statens VV tidlegare utført boringar ved Skjærvagarden (Porsemyrvegen vest), for dei to nye bruene over Øyraelva på E39, og i samband med planlegging av ny bry på dagens E39 ved Industrigarta. Det er også gjort omfattande grunnboringar av St.VV i samband med tunellpåhogg for Voldatunellen.
Alle desse grunnundersøkelsane er gjort utan at det er avdekka sensitiv grunn eller kvikk leire. Det er også registrert at det er relativt stabile masser i området, og at masselaget over fjell er relativt lite.
Volda ungdomsskule vart bygd i dette området i 1960. Det er heller ikkje då avdekka kvikkleireforekomstar.
Ut frå tidlegare registreringar/observasjonar og dokumenterte grunnboringar i området vurderer Kommunen såleis risiko og konsekvens knytt til mogeleg kvikkleireforekomst som liten, og vurderer området avklara sett i høve til fare for kvikkleireskred. jf utsjekk i høve til rettleiar 7/2014, kap. 4.5 pt. 1-10, pkt 6.
krav til vidare grunnundersøking - er berre knytt til byggegropsproblematikk og trong for utskifting av massar, knytt opp mot prosjektering/grunnlag for fundamentering, og såleis bør kunne vere vilkår knytt mot byggesøknad.

Det er i føresegnene teke inn krav om vidare grunnundersøking i samband med prosjektering av bygg på området for å avklare grunnen sin stabilitet og bereevne i samsvar med PBL §28-1 og TEK 17 § 7-2, før byggeløyve vert gitt.



Område med tidlegare gjennomførte grunnboringar.

e: Er området utsett for flaum eller flaumskred?

Kommentar:
Volda kommune har under utgreiing kapasitet, tilstand og framlegg til sikringstiltak for sentrumselvane – herunder bekken «Orgylelva»/»Djupegrova» som går gjennom aktuelt planområdet.
Konklusjonane her går fram av rapport utarbeidd av Multiconsult for Volda kommune, Jf. Multiconsultrapport - 130544 – «Kartlegging av flomfare og flomtilpasningstiltak i Melshornsida» datert 29.06.2017.
I Multiconsultrapporten er det utarbeidd flaumsonekart for den aktuelle elva/bekken - Djupegrova (Orgyelva) - som viser at delar av planområdet er flaumutsett ved ein 200-års flaum pluss 40%.



Avdekka flaumsone er lagt inn i plankartet som omsynssone flaum, og gitt eigne føresegner knytt til avklaring av flaumfare i samsvar med tilråding i Multuconsultrapport 13054.
Jf. Også rekkefylgjeføresegner.

Det er i rapporten tilrådd løysing for sikring mot flaum langs denne bekken ved at bekken vert avlasta for ekstra flaumvatn. Dette er planlagt gjort ved overføring av flaumvatn til Heltneelva som så vert vidare forbygd/sikra.
Når overføring av flaumvatn til Heltne-elva er gjennomført vil bekken her ha relativt stabil vassføring, med nivå lang mindre enn dagens flaumnivå.
Det skal etablerast massefangstdam med kanal til Heltne-elva ovanfor byggeområda. Vassføring mot Orgylelva vert då styrt ved dimensjonert rørinntak i massefangstdammen, og tilføring av overvatn frå nedanforliggande nedslagsfelt.
I følgje Multiconsultrapporten vil ei slik overføring av flaumvatn frå Orgylelva til Heltneelva redusere behovet for forbygning langs Orgylelva heilt, og det vil ikkje vere naudsynt å utføre arbeid i Orgylelva ut over det som kan vurderast som vanleg driftsvedlikehald.

Løysing:
Omsynssone flaum vert teke inn i plankart i samsvar med registrering i Multiconsult rapport 13054.
Det vert gitt føresegn til plan/omsynssone flaum, som sikrar gjennomføring av flaumsikringstiltak i samsvar med Multiconsultrapport 13054, og som ivaretek omsyn til tryggleik i samsvar med reglane i plan og bygningslova §28-1 og TEK 17.
Omlegging av bekken gjennom området for tilpassing til planlagt utbygging er teke inn i plan og krav om forbygging er nedfelt i føresegnene.

Vassforsyning:

a: Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?
Kommentar: kommunen melder at eksisterande vassleidningar til området har for lite trykk og kapasitet til å forsyne området. Som omtalt ovanfor planlegg kommunen oppgradering av det kommunale VA-nettet i området, og vassforsyning vert difor å sjå i samanheng med dette arbeidet. Jfr. punktet ovanfor.
Løysing: Krav om at vassforsyning vert del av teknisk plan ved søknad er teke inn i føresegnene. Dette vert å avklare i samarbeid med kommunen.

Brann/ulukkesberedskap:

a: Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde/trykk)?
Kommentar: Viser til punktet ovanfor. Problemstillinga vert å avklare saman med kommune ved detaljprosjektering.
Løysing: Som over. Avklarast gjennom teknisk plan i samarbeid med kommunen.

Omgjevnad:

c: Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?
Kommentar:
Ved avlasting av bekken for flaumvatn ved overføring til Heltne-elva, vil vassmengda bli så redusert at det ikkje er fare for flsum nedstrøms planområdet.
Bekkeløp, bruer og kanalar vil også på denne strekninga ha tilfredsstillande dimensjonering. Det skal i samband med planlagt utbygging utarbeidast teknisk plan der også avlaup for drensvatn vert nærare avklara. Det skal her også vurderast om overvatn/drensvatn frå planområdet må fordrøyast før det evt. tilknytast elva. Eller alternativt førast til Øyraelva i eige rør.
Dette vert å sjå i samanheng med dei store endringane av VA-infrastrukturen som er under planlegging i kommunal regi som følgje av regulering/planlegging av Voldatunnelen. Det er i føresegnene teke inn at overvasshandtering tilknytt byggeprosjektet vert del av teknisk plan ved søknad om tiltak i sam-arbeid med Volda kommune.

6.17 Plan for avfallshenting

Ved søknad om løyve til tiltak skal det visast korleis avfallshenting vert løyst. Det er ikkje sett av eige formål for renovasjon i planen.

6.18 Rekkefølgjekrav

Jfr. føresegnene §6:

a) SKV2 inkl. kryssløysing mot E39 samt snuplass/rundkøyring og parkeringsplassar skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
b) Del av planområdet ligg innanfor omsynssone flaum. Det kan ikkje setjast i gang bygging innan desse områda før naudsynte tiltak er gjennomført, som tek i vare krava om tryggleig for byggegrunn, jf PBL§ 28-1, og TEK 17, §7-2
c) «Djupegrova» (VNV) skal omleggast og forbyggast så langt dette er naudsynt i høve utbygging av Idrettshall og symjehall. Forbygging skal utformast i samsvar med profil vist i fig. 11, jf pkt 6.2 i planomtalen.
d) Tilstrekkjeleg vassforsyning inkl. brannsløkkevatn skal vere tilgjengeleg før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
e) Uteopphaldsareal BUT skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar

Planframlegget er i all hovudsak i samsvar med overordna plan/gjeldande områdeplan både m.o.t formål og utstrekning, men utviding og flytting av krysset mellom E39 og Joplassvegen gjev ein mindre reduksjon av regulert friområde på austsida som forøvrig er avklart med kommunen. Vidare bandlegg også regulert gangveg mellom Røystunvegen og idrettshallen delar av eit friområde.
Ingen av desse areala er opparbeidde eller på annan måte tilrettelagt for bruk og i tillegg er dei anten smale og/eller utsette for trafikkstøy frå E39 som gjer dei mindre eigna til opphald.
Uteopphaldsarealet BUT er regulert som offentleg og saman med dei positive verknadane av tiltaket elles kompenserande for denne reduksjonen.

7.2 Landskap og omgjevnader

Stor bygningsmasse vil alltid medføre endringar i landskap og for omgjevnadar sjølv med god terrengtilpasning og arkitektoniske grep for å bryte opp volum og høgd.

Sol-/skuggeanalysen viser skuggeverknad på fleire av tomtene i vest ved vårjamndøgn kl.09. Lav vårsol har slik verknad nærmast uavhengig av bygningshøgde. Seinare på dag og utover våren avtar skuggefeltet, men for gbnr.19/829 er det også i juni eit innslag av skugge bak huset kl.09.

For å illustrere fjernverknader/verknadar i høve landskap og omgjevnader, er det elles utarbeidd diverse 3D-illustrasjonar og terrengsnitt som syner forholdet mellom planlagde og eksisterande bygg, terreng m.m.

7.3 Staden sin karakter

Etter vår vurdering representerer prosjektet ei naturleg utviding av campusområdet som består av fleire store bygningar frå ulike tidsepokar og med ulik arkitektur. Tiltaket vil underbygge og forsterke inntrykket av eit sterkt og offensivt campus med ambisjonar for framtida.

7.4 Estetikk

Bygningsform og volum er eit produkt av brukarbehov og nasjonale/internasjonale krav til innhald, funksjon, areal, høgd m.m for slike bygg. Dette gjev bygningar med stort volum. Omsynet til estetikk er likevel så

langt mogleg ivaretatt gjennom terrengtilpasning og arkitektoniske grep som t.d å bryte opp volumet med lavare mellom- og sidebygg. Vidare er det sett krav i føresegnene om at det skal gjerast greie for material- og fargeval ved søknad om tiltak.

Bruk av glasfasader og mørkare treverk nedst, samt lyse og glatte overflater lenger oppe, vil dempe høgdeverknadane og «jorde» bygningane til terrenget. Det leggast også til grunn i føresegnene at bygningane skal ha høg materialkvalitet og spegle vår tids arkitektur.

7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi

Inga endring.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ut frå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

Langs bekken «Djupegrova», som deler planområdet i to, er det i dag tett skog som gjer den nærmast usynleg og utilgjengeleg. Når det no uansett er kravd forbygging gjennom området, ligg det godt til rette for ei omlegging slik vi har vist i plan. Ei slik omlegging legg tilhøva til rette for symjehall samtidig som bekken vert opna opp og gjort tilgjengeleg for ålmenta.

Bruk av kvalitetsmaterialar – herunder naturstein – vil saman med ei heilskapleg utforming langs regulerte gangstiar gjere bekken og områda rundt til eit estetisk tiltalande og viktig miljø- og naturelement.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde

I kraft av anlegget sin funksjon er innandørsaktivitetane i fokus. For aktivitetar utandørs finnast det andre anlegg både ved skulane like ved og på stadion ca 500m lenger søraust. Uteopphaldsarealet avsett ved symjehallen vil nok mest bli nytta ved større arrangement og kan utstyrast med t.d benkar og leikeapparat.

7.8 Trafikkforhold

Vegforhold

Dei trafikale løysingane inn i planområdet blir som omtalt framanfor sterkt forbetra i høve dagens situasjon.

Oppgradering av Joplassvegen med kryss og snuplass dimensjonert for buss, legg tilhøva godt til rette også for store arrangement. I høgare divisjonar nyttar ein gjerne spelarbussar til/frå konkurransar, og desse vil lett kunne ta seg inn i området og nytte oppstillingsplassane ved hallen.

Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik

Trafikkauken som følgje av utbygginga vurderast som marginal bortsett frå ved større arrangement. Dirigering internt i området og ved dei eksterne parkeringsområda vil då sikre god flyt i trafikken. Utviding av krysset med vinkelrett tilknyting til E39, delvis kanalisering med gangfelt, samt flytting av krysset til korrekt plassering i høve forbikøyringsfeltet styrkar tryggleiken både for bilistar og mjuke trafikantar i høve dagens situasjon. Breiddeutviding og radius 15m i kurvene sikrar god flyt inn og ut av krysset også for buss.

Kollektivtilbod

Tilrettelegging for buss i planområdet gjer det mogleg også for lokalt rutebilselskap å legge ruta innom planområdet dersom dette skulle verte eit ønskje i framtida. Forøvrig er det busslommer langs E39 like ved både for vest- og austgåande rute. SVV har under regulering tosidig busslomme ca 80m aust for krysset.

7.9 Sosial infrastruktur

Eit framtidsretta idrettsanlegg som dette vil gjere skulestaden Volda meir attraktiv både for arbeidssøkande, studentar og andre som ser etter ein attraktiv stad å busetje seg. Gode fritidstilbod er for mange ein avgjerande faktor ved etablering og busetjing.

Dette vil igjen bidra til styrking av viktige funksjonar innan barnehage, skule og andre offentlege og private tenester i kommunen. For skulane i området vil VCA gjere det mogleg å oppretthalde eit lovpålagt tilbod om fysisk fostring i topp moderne lokale like utanfor skuleporten. Styrking av folkehelsa gjennom eit godt idrettstilbod vil også kunne slå positivt ut på kommunen sine helse- og sosialutgifter.

7.10 Universell tilgjengeligheit

Gjeldande krav til universell utforming av bygg og uteområde leggast til grunn for tiltaket.

7.11 Energibehov – energibruk

Det leggast til grunn bruk av elektrisk oppvarming.

7.12 ROS

Gjennomgang av ROS-sjekklista avdekte behov for avklaring av følgjande tema:

Naturgitte forhold:

d: Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?

e: Er området utsett for flaum eller flaumskred?

Omgjevnad:

c: Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?

Vassforsyning:

a: Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?

Brann/ulukkesberedskap:

a: Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde/trykk)?

Drøftingar med framlegg til løysing framgår av kap.6.16, og ei gjennomføring av tiltaka vil ha positive verknader også for områda i kring. Gjennomføring av flaumsikringsplan for området, jf Multiconsult rapport 13054, og forbygging og omlegging av «Djupegrova» vil, minimere risikoen for flaum i planområdet og for nedanforliggande områder. Oppgradering av sløkkevasskapasiteten vil styrke brannberedskapen i heile området.

7.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Kommunal vassforsyning til området må oppgraderast – og overvatnet må anten via fordrøyningsanlegg til Djupegrova eller med nytt avløp til Øyraelva. Dette vert ein del av prosjekteringa av tekniske anlegg i samband med byggjesaka. Spillvatnet vert å knyte til offentleg nett langs sørlege plangrense.

7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Prosjektering, bygging og drift av ein evt. symjehall inkl. omlegging av «Djupegrova» er ei kommunal oppgåve. Det same gjeld framføring av vatn med tilstrekkjeleg kapasitet og trykk. Det vil også vere naturleg at kommunen bidreg økonomisk til oppgradering av Joplassvegen med kryss og snuplass – samt overtaking for drift og vedlikehald.

7.15 Konsekvensar for næringsinteresser

Jfr. punkt 7.9. Det er grunn til å tru at eit anlegg som dette vil gjere Volda enda meir attraktiv å busetje seg i, noko som igjen vil ha positiv effekt på lokalt næringsliv og handel. Større arrangement med mykje publikum vil truleg også slå positivt ut for lokalt næringsliv.

7.16 Interessemotsetnader/konflikttema

SVV si tilgrensande regulering inkluderer busslommer på begge sider av E39 like aust for krysset E39/ Joplassvegen, men i merknad til planoppstart krev SVV at trygg tilkomst over E39 vert etablert innanfor VCA sin reguleringsplan t.d som gangbru med direktetilkomst til idrettshallen.

Etter å ha mottatt utspelet inviterte kommunen v/plansjef og rådmann til drøfting 21.april, og 09.juni fekk vi til eit møte/synfaring med SVV sin plansamordnar. Det vart då framlagt synspunkt på merknaden samt forslag til veg- og kryssløysingar som fekk god mottaking.

Konklusjonen vår etter møta er at gangbru over E39 av mange årsaker utgår som alternativ:

Ansvar:
Mellom anna meiner vi at trygg kryssing av E39 bør inngå som del av SVV sitt eige planarbeid i tilknytning til busslommene og ikkje påleggast ein ideell organisasjon som VCA med ekstremt stramme økonomiske rammer.

Behov:
Vi meiner vidare at ei slik gangbru heller ikkje står i forhold til behovet. Med unntak av gangbrua mellom kjøpesentra på Moa, er det vel kun ved Color Line Stadion i Ålesund at det finnast noko tilsvarande lokalt. Verken trafikkmengde eller forventa publikumstilstrøyming kan imidlertid samanliknast :

- ÅDT Ålesund: 23700
  ÅDT Volda: 9000
- Kapasitet C.L.Stadion: 11000
  Kapasitet VCA: 2500

Høgder og stigning:
Krav til 4,7m fri høgde over køyrebana saman med krav til universell utforming tilseier – utfrå gjeldande terreng - behov for ein svært lang «påkøyringsrampe» sør for E39. Om ein legg til grunn maksimal stigning 1:15 og kvilerepos for kvar meter i samsvar med Tek 17§8-6 nærmar det seg 80 meter……

Konklusjon:
Verken av omsyn til behov, kost-/nytte, estetikk eller praktisk bruk er gangbru eit godt alternativ. Vi tilrår i staden gangfelt i tilknytning til busslommene i samsvar med tilråding i handbok V127 tabell 2.1:



Tabell 2.1 Anbefalinger for nye og eksisterende gangfelt

Skiltet fartsgrense	ÅDT	< 2000		2000 - 8000		> 8000	
	Kryssende i makstimen	< 40	> 40	< 20	> 20	< 10	> 10
	Akseptabelt fartsnivå						
30	35 km/t						
40	40 km/t						
50	45 km/t						
60	45 km/t						

E39/Elvegata - Volda

ÅDT: 9000
Fartsgrense: 50 km/t
Kryssande i makstimen: >10

Ikke anbefalt gangfelt. Fremkommeligheten til gående med spesielle behov (barn, eldre og personer med nedsatt funksjonsevne) må imidlertid vurderes spesielt. Gangfelt kan eventuelt anlegges dersom det er et akseptabelt fartsnivå på stedet. Alternativt kan man vurdere tilrettelagt kryssing (se kapittel 6), eller finne alternative kryssingssteder.

Gangfelt anbefales som en del av gangnett, og som et fremkommelighetstil tak for gående på svært trafikkerte veger. For veger der akseptabelt fartsnivå overstiges, er det anbefalt å bruke fartsdempende tiltak.

Nye gangfelt anlegges ikke ved fartsgrense 60 km/t eller høyere. Dersom akseptabelt fartsnivå på 45 km/t ikke overstiges kan gangfelt anlegges (f.eks. ved rundkjøringer eller signalregulerte kryss). For veger med høyt fartsnivå og hvor forholdene ligger til rette, anbefales planskilte løsninger (se håndbok N100).

Figur 13: Utsnitt frå handbok V127 «Kryssingssteder for gående» – tabell 2.1

Når det gjeld øvrige punkt i merknaden vurderer vi desse som imøtekomne:
Plangrensa er utvida og kryss/snuplass dimensjonert for buss. I tillegg har vi korrigert forholdet mellom kryss og forbikøyringsfelt slik at innbyrdes plassering harmonerer med krava i vegnormalane.Totalt sett meiner vi difor at trafikktryggleiken i området er godt ivaretatt både for mjuke og mindre mjuke trafikantar.

7.17 Avveging av verknader

Etter vår vurdering tek planframlegget i stor grad omsyn til merknadane slik det er gjort greie for framanfor:

1) Gjennom god terrengtilpasning, arkitektur som bryt opp bygningvolumet i ulike nivå, samt føringar for det arkitektoniske og estetiske uttrykket – ligg det til rette for eit godt prosjekt for idretts- og skulemiljøet i Volda som samtidig ivaretek estetiske omsyn.
2) Planframlegget er relativt detaljert der m.a maksimal byggjehøgd er satt i plankart og føresegner saman med avgrensing i plan gjennom formålsgrenser, byggjegrenser og linjer for planlagd bebyggelse. Dette gjev føreseielege rammer for utbygginga.
3) Den trafikale situasjonen er sterkt forbetra m.a ved etablering av snuplass for buss i enden av Joplassvegen samt oppgradert kryss mot E39. Justering av krysset mot aust, slik at forholdet mellom kryss og passeringslomme langs E39 blir korrekt, er også eit tiltak som aukar tryggleiken.
4) At bygningane skal ha høg arkitektonisk kvalitet m.o.t material- og fargevalg er nedfelt i reguleringsføresegnene.
5) Forøvrig er rammene for utbygginga definert slik i framlegget at ulempene for naboar er minimert til eit nivå som må kunne aksepterast.

8 KONSEKVENSUTGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART

I samband med søknad om oppstart av planarbeid kom det inn 6 innspel. Samandrag med kommentar følgjer her og alle innspel er i si heilheit vedlagt.

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 Innspel 1: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 24.04.2017)

Oppsummering av merknad:

a) Fastsetje ein arealbruk som ikkje svekker Volda sentrum.
b) Sikre tilstrekkjeleg og eigna uteopphaldsareal.
c) Gjennomføre arkeologisk registrering.

Kommentar:

a) Arealbruken konkurrerer ikkje med tilbod i sentrum, men gjev tvert i mot eit viktig supplement. Bruken av anlegget er relatert til skule/undervisning og idrett – funksjonar som naturleg høyrer til campus.
b) Det er avsett eit offentleg uteopphaldsareal som eige formål nord på tomta. Området ligg godt skjerma for støy frå E39, har ei solrik plassering vest for symjehallen og stettar elles alle krav m.o.t minimumsbreidde, helning, tilgjenge m.m.
c) Kravet om arkeologisk registrering er seinare trekt tilbake då slik registrering er gjennomført tidlegare.

9.1.2 Innspel 2: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 24.04.2017)

Oppsummering av merknad:

a) Om mogleg bør ein ta vare på elva gjennom området og ikkje legge den i rør.
b) Ved evt. utandørs idrettsbaner må det gjerast ei støyfagleg utgreiing.

Kommentar:

a) Parallelt med planarbeidet har Multisconsult på oppdrag frå Volda kommune gjennomført ei tilstandsvurdering av sentrumselvane der ein for Djupegrova tilrår forbygging gjennom planområdet. Ved samtidig å legge om elveløpet som vist i plan får ein både plass til symjehall samtidig som plassering av elveløpet langs/inntil gangvegar og uteopphaldsareal synleggjer og løftar fram elva som eit viktig naturelement. Elva er i dag lite tilgjengeleg grunna tett vegetasjon på begge sider og vil med dette bli opna opp og gjort meir tilgjengeleg for ålmenta.
b) Det er ikkje planlagt utandørs idrettsbaner. Vedlagte støyrapport gjeld vegtrafikkstøy frå E39.

9.1.3 Innspel 3: NVE (datert 21.04.2017)

Oppsummering av merknad:

a) Bekken sitt skadepotensiale for flaum og erosjon må vurderast også oppstraums planområdet.
b) Viser til NVE sin kvikkleirerettleiar då planområdet ligg under marin grense. Dersom grunnforholda er kjende som uproblematiske må dette grunngjevast konkret i ROS-analysen.

Kommentar:

a) Jfr. kommentaren ovanfor. Endeleg rapport frå Multiconsult vert å legge til grunn i prosjekteringa av forbygninga og nytt elveløp. Mellombels rapport skisserer også tiltak lenger opp i fjellsida med

overløp frå elva som sikrar ei maksimalvassføring uansett nedbør. Det vert opplyst at det skal etablerast ein massefangdam øvst i Orgylelva (ovanfor bustadfeltet Solhøgda) med overføringskanal austover mot Heltneelva. Inntaket skal utformast slik at ei minstevassføring vert sleppt mot
Orgylelva gjennom eit rør. Ifølgje Multiconsult vil ei slik overføring av flaumvatn frå Orgylelva til Heltneelva redusere behovet for forbygning langs Orgylelva betrakteleg, og det vil ikkje vere naudsynt å utføre arbeid i Orgylelva utover det som kan vurderast som vanleg driftsvedlikehald.

b) *I samband med bygging av nye Øyra skule like ved planområdet og innanfor same koteintervall vart det i 2013 gjennomført grunnundersøkingar. Desse viste djupne til berg på mellom 4,0-7,8m og at det under terrengnivå er eit topplag med laust lagra massar over eit lag faste massar som går over til svært faste massar (antatt morene) over antatt berg. I konklusjonen står det at massane under topplaget er telefarlege og vassømfintlege, men at dei ikkje vil by på setnings- eller stabilitetsproblem. Det er m.a.o ikkje påvist kvikkleire i området noko også kommunen sin prosjektleiar har stadfesta. Viser elles til ROS-analysen og krav i føresegner vedk. geoteknisk undersøkingar i samband med prosjekteringa.*

Kommentar etter innspel/varsel om motsegn ved offentleg ettersyn:
Merknaden i brev av 20.12.2017 er teke omsyn til og planomtale, plankart og føresegner er oppdatert for å ivareta dei omsyn til tryggleik mot skred og flom som er peika på.

9.1.4 Innspel 4: Røystunet burettslag (datert 30.04.2017)

Oppsummering av merknad:

a) Det må takast omsyn til eksisterande busetnad langs Røystunvegen med støyskjerming og m.o.t innsyn, trafikk og parkering.
b) Må også takast omsyn til mjuke trafikantar frå Porsemyrvegen og opp til planområdet og at det kan bli noko auka biltrafikk i området.
c) Frå Røystunvegen til Campus Arena må det vere sikra gangveg.
d) Plassering av parkeringsareal må vere lengst mogleg vekk frå busetnad i Røystunvegen og helst i kjellar under hallen.
e) Vestsida av hallen (mot eksisterande busetnad i Røystunvegen) kan nyttast til grøntareal ev. gangveg.

Kommentar:

a) Fylkesmannen har i sitt innspel kravd støyvurdering dersom det leggast opp til utandørs idrettsbaner. Sidan det kun leggast opp til innandørs anlegg, vurderast difor ikkje støy frå desse som relevant utgreiingstema. Det leggast ikkje føringar for plassering av vindauge – og vindauge mot vest må påreknast.
b) Vegstubben mellom Porsemyrvegen og Røystunvegen er regulert inn samsvar med gjeldande plan med tillegg for fortau på nordsida. Med dette er omsynet til skuleelevar og andre til/frå hallen teke i vare. Tiltaket vil elles ikkje generere meir biltrafikk i dette området då det ikkje er planlagt køyrbar tilkomst til hallen eller parkering frå denne sida.
c) Det er innregulert gangveg frå Røystunvegen til hallen i samsvar med innspel.
d) Parkeringsarealet på terreng er lagt til austsida av hallen og det er også lagt til rette for ein eventuell parkeringskjellar i samsvar med merknad. Dersom det ikkje vert bygt parkeringskjellar vil det kunne bli parkeringsplassar på terreng også sør for hallen.
e) Vestsida av hallen er avsett til grøntareal og gangveg i samsvar med merknad. Arealet kan også nyttast til oppføring av vegetasjonsskjerm etter nærare avtale.

9.1.5 Innspel 5: Statsbygg (datert 24.04.2017)

Oppsummering av merknad:

a) Adkomst via E39 og Joplassvegen er ikkje del av planområdet men bør takast inn dersom det vurderast behov for tiltak på denne infrastrukturen.
b) Adkomst og parkering til HVO sitt område må ikkje forringast. Det er stort press på HVO sine parkeringsplassar.
c) Byggehøgder må ta omsyn til eksisterande bebyggelse ved høgskulen.
d) Dersom det planleggast snuplass for buss i Joplassvegen må det planleggast slik at den også kan være av/påstigning for kollektivtrafikk til HVO/Berte Kanuttehuset.

Kommentar:

a) Krav om tilrettelegging for buss til planområdet har medført behov for oppgradering av snuplass og kryss. Plangrensa er difor utvida i samsvar med innspel.
b) Parkeringsdekninga er løyst på eigen grunn når det gjeld dagleg bruk. Ved større arrangement vil desse bli supplert med eksterne plassar i samsvar med kap. 6.5. Adkomst til området vert elles vesentleg oppgradert og ikkje forringa av planframlegget.
c) Byggehøgder er låst med kotehøgder i plan utfrå krav til innvendig nettohøgd i hallen samt estimert høgde på takkonstruksjonar (fagverk)
d) I samråd med Statsbygg er eksisterande snuplass/rundkøyring i enden av Joplassvegen - utvida og dimensjonert for buss i samsvar med merknad.

9.1.6 Innspel 6: Statens Vegvesen (datert 06.02.2017)

Oppsummering av merknad:

a) Joplassvegen og krysset mot E39 er truleg underdimensjonert m.o.t auka busstrafikk for framtidig bruksformål med konsekvens at bussar på veg inn i Joplassvegen kan bli ståande med bakenden ut i E39 om møtande buss er på veg ut i krysset. Dette må utgreiast i planen.
b) Forbikøyringsfeltet sin funksjon må oppretthaldast uansett framtidig status på hovudvegen.
c) Varsla plangrense mot sør må utvidast til også å gjelde E39 for å få vurdert ei tilfredsstillande trafikkløysing inn og ut av Joplassvegen.
d) Ny busslomme sør for E39 – slik SVV har under regulering – bør ikkje skje utan at det samtidig byggjast ei tilfredsstillande løysing for mjuke trafikantar si kryssing av hovudvegen. Ei slik løysing kan vere gangbru med direktetilkomst til det nye idrettsbygget med tilførselsrampe på eller ved eksisterande passeringsfelt. Sanering av passeringsfeltet vil medføre ei vesentleg svekking av trafikksikkerheita i området.
e) Det vil truleg bli meir bil- og busstrafikk inn i området, og behovet for tilpassa snuplass for buss og parkeringsplassar for bil inne på området må takast i vare. Rutebussen bør få fast haldeplass inne på området. Det vert då ikkje aktuelt at busspassasjerar kryssar E39 til/frå busslomma.
f) Planavgrensinga må utvidast mot sør slik at ny trafikksituasjons vert samordna med pågåande reguleringsarbeid for Furene-Volda og at trafikksikkerheita i området dermed vert teken i vare på tilfredsstillande måte. Varslar motsegn om ikkje denne utvidinga blir gjort.
g) Forholda kring trafikkstøy må avklarast.
h) N100 «veg- og gateutforming» må leggjast til grunn i planlegginga.

Kommentar:

a) Innspelet er tatt til følgje og krysset dimensjonert for buss i samsvar med N100.
b) Dagens forbikøyringsfelt er feilplassert (speilvendt) i høve eksisterande kryss. På bakgrunn av dette er nytt kryss trekt lenger aust slik at forbikøyringsfeltet sin funksjon ikkje berre er oppretthalden men også forbetra i høve dagens situasjon.
c) Utvida plangrensa i samsvar med merknad, samt kryssutviding for buss og korrekt plassering i høve forbikøyringsfeltet, vil gje ei tilfredsstillande trafikkløysing inn og ut av Joplassvegen.
d) Forslaget om gangbru er diskutert internt, i møte med SVV sin sakshandsamar samt med plansjef og rådmann i Volda kommune. Utfrå ei totalvurdering er forslaget lagt bort: kostnader, estetikk/

arkitektur, praktisk bruk, behov og at ein – som SVV sjølv skriv – bør behalde passeringsfeltet ved krysset (jfr. pkt. d ovanfor).

SVV tilrår sjølv i handbok V127 tabell 2.1 bruk av gangfelt der vegen har fartsgrense 50 km/t, ÅDT>8000 og fleire enn 10 kryssande i makstimen. Det står m.a følgjande:
På veger med fartsgrense 50 km/t er gangfelt
anbefalt ○ på viktige kryssingssteder ○ som del av et gangnett.
○ Som et fremkommelighetstiltak på svært trafikkerte veger.

Busslommene inngår i SVV sitt planområde for Furene-Volda og gangfeltet må difor regulerast inn i den planen – jfr. V127 kap. 3.1.3.

e) Snuplassen i enden av Joplassvegen er oppdimensjonert for buss og i tillegg er det sett av to oppstillingsplassar for buss samt ca 35 biloppstillingsplassar ved inngangspartiet. Det er slik sett fysisk tilrettelagt for at rutebussen kan leggje ruta si innom området.
f) Planområdet er utvida mot sør iht. innspel og plankartet tilpassa SVV sine tilstøytande formålsgrenser og planformål. Dette er gjort i samarbeid med SVV v/J.Misund som også har meldt tilbake at SVV har tilpassa plangrensa si til vår.
g) Støy frå vegtrafikk er utgreidd i eigen rapport (vedlagt) og tiltak innarbeidd i planframlegget. h) N100 er lagt til grunn i planlegginga.

9.1.7 Aksel Farstad – gbnr. 19/97

Etter utviding av plangrensa austover, vart det halde møte/synfaring for eigarane av gbnr. 19/97 der ein presenterte prosjektet. Ein har ikkje motteke skriftleg innspel frå desse i etterkant, men det synest naturleg å kort oppsummere tilbakemeldingane som vart gitt under synfaringa.

a) Er generelt positive til tiltaket, men parkeringskapasiteten for HVO opplevast som sprengt med det til følgje at det vert parkert både langs vegar og på rabattar.
b) Ønskjer at den store blodbøken vest for tomta vert bevart.
c) Var kritisk til SVV sine planar om inngrep i hagen i samband med reguleringsplanen «Furene-Volda»

Kommentar:

a) HVO sine parkeringsplassar vert ikkje yttarlegare belasta som følgje av VCA sine planar. Det leggast opp til parkering på eigen grunn på terreng og i ein eventuell parkeringskjellar. Ved større arrangement leggast det til rette for ekstern parkering m.a ved ungdomsskulen.
b) Blodbøken er iht. avtale innmålt, vist på illustrasjonsplan og blir truleg ikkje råka av vegomlegginga.
c) SVV informerer om at planframlegget deira no er justert i samsvar med grunneigar sine ønskje.

10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Oppsummering av innkomne merknader gjev inntrykk av at prosjektet er relativt lite kontroversielt. Som omtalt innleiingsvis har det vore arbeidd lenge for ny idrettshall i Volda, og det er mange som har behov for eit nytt og moderne anlegg:

- Idretten i Volda har i mange år hatt underdekning av areal for hallidrett.
- Nyoppførte Øyra barneskule er utan innandørs kroppsøvingsareal.
- Ungdomsskulen har behov for fornya og større kroppsøvningsanlegg.
- Symjeanlegget frå 1961 ved idrettsbygget er i dårleg stand og skal fasast ut i 2020

Valget av Joplassmarka er ikkje tilfeldig:

- Nærleik til skulane: Vi meiner lokaliteten representerer ei framtidsretta og berekraftig arealutvikling der sambruk mellom skule og idrett kan utløyse gode synergiar og stimulere til høg aktivitet både for barn og vaksne. Anlegget vil kunne bli ein viktig møteplass både på dag- og kveldstid.
- Trafikale tilhøve: Joplassen ligg sentralt ved etablerte gang- og sykkelvegar som gjer tilkomsten trygg for mjuke trafikantar. Plasseringa inntil E39 gjev også god, kort og trygg tilkomst til området både for bil, buss og utrykningskøyrety. Nærleik til den framtidige voldatunnelen er også gunstig.
- Utrykningsruter: Det er vidare ein stor fordel – særleg ved større arrangement – at hallen ligg plassert nær både brannstasjon og sjukehus dersom uhellet skulle vere ute.
- Kollektivtrafikk: Sentrumsnær plassering og busslommer for aust- og vestgåande rute like ved, opnar for redusert bilbruk til/frå hallen. Saman med eit godt utbygd nett av gangvegar ligg tilhøva godt til rette for at t.d heimepublikum kan la bilen stå ved større arrangement.

Konklusjon:
Idretten spelar ei viktig rolle for lokalsamfunna og ikkje minst for skulestaden Volda. Volda har i regional samanheng hatt ein leiande posisjon i hallidrettane - særskilt innan handball og volleyball. Det er stor underdekning på hallkapasitet som i dag berre dekkjer 1/3 av etterspurnaden.

Hallplanar har pågått i Volda i ca 25 år, og prosjektet er framfor alt viktig og sentralt for barn og unge sine oppvekstvilkår, der igjen for busetnad og næringsutvikling samstundes som ei slik satsing også er viktig og avgjerande for Volda sitt omdøme og posisjon som regional motor for utdanning.

Denne sentrale plasseringa legg på ein unik måte til rette for eit godt samspel mellom eit vidt spekter av brukarar. Anlegget vil kunne bli ein viktig sosial møteplass både for unge og vaksne, bidra til gode og trygge oppvekstvilkår, god folkehelse og ei framtidsretta positiv samfunnsutvikling i Volda.

Vi vurderer med dette saka som tilstrekkjeleg opplyst og ser fram til ei vidare positiv handsaming.

Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

BOP	Offentleg eller privat tenesteyting
BUT	Uteopphaldsareal

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

SKV	Køyreveg
SF	Fortau
SGS	Gang-/sykkelveg
SGG	Gangveg/gangareal
SVT	Annan veggrunn – teknisk anlegg
SPP	Parkeringsplassar

§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

G	Grøntstruktur

§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

VNV	Naturområde i sjø og vassdrag

§12-6 - Omsynssoner

H210	Raud sone etter rundskriv T-1442
H220	Gul sone etter rundskriv T-1442
H320	Flomfare
H390	Marin grense

Linjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- Eiendomsgrense som skal oppheves
- RpStøyGrense
- RpFareGrense
- Byggegrense
- Planlagt bebyggelse
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert parkeringsfelt
- Regulert fotgjengerfelt
- Måle og avstandslinje

Punktsymboler

- Avkjørsel - både inn og utkjøring

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:	Volda kommune
Dato for basiskart:	18.02.2016
Koordinatsystem:	UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag:	NN1954

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: 1:1000 (A2)
0 12.5 25 37.5 50 m

N

Volda kommune

Detaljregulering for
Volda Campus Arena - idrettshall
Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID:
1519-2017002

Forslagstillar:
Volda Campus Arena AS

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA	SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato Revisjon			
Dato Revisjon			
Dato 13.03.2018 Revisjon Justert etter off. ettersyn			
Kommunestyret sitt vedtak			
Ny 2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå .....til			
2. gongs handsaming			
Offentleg ettersyn frå.....til			
1. gongs handsaming			
Kunngjering av oppstart av planarbeid			
Oppstartsmøte.....			

PLANEN ER UTARBEIDD AV:	TEGNNR.	DATO	SIGN.
Per Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda www.mulvik.no	2413_001	05.10.2017	JMO

Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak Dato Plansjef

Detaljreguleringsplan for
Volda Campus Arena - idrettshall

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1519-2017002		dd.mm.åååå	Volda kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:
Plangrensa er vist på plankartet, sist revidert 05.10.2017.

§1. – GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor grensa skal areala nyttast slik som planen (plankart og føresegner) fastset.

§2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§3. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

3.1. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5 NR.1)

- 1160 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)
- 1600 Uteopphaldsareal (BUT)

3.2. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5 NR.2)

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2012 Fortau (SF)
- 2015 Gang-/sykkelveg (SGS)
- 2016 Gangveg/gangareal (SGG)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- 2082 Parkeringsplassar (SPP)

3.3. GRØNTSTRUKTUR (PBL §12.5 NR.3)

- 3001 Grøntstruktur (G)

3.4. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL §12-5 NR.6)

- 6610 Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

3.5. OMSYNSSONER (PBL §11.8 A.1 , §12-6)

- 140 Frisiktsone (H140)
- 210 Raud støysone (H210)
- 220 Gul støysone (H220)
  Omsynssone Marine avsettingar – rasfare (H310)
  Omsynssone flaumfare – (H320)

§4. – AREALBRUK

4.1. – BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1.1 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP):

a) Innanfor BOP1 og 2 skal det oppførast bygningar og installasjonar for offentleg eller privat tenesteyting – idrettshall og symjehall.
Idrettshall og symjehall kan også gje plass for naturleg tilhøyrande fasilitetar som klubblokale, treningssenter, fysioterapi, kontor, undervisning, og tilhøyrande lagerfunksjonar, samt parkeringskjellar
b) BOP1 og 2 kan byggast ut i separate byggjesteg.
c) Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggjegrenser og formålsgrenser.
d) Bygningar skal plasserast innanfor linjer for planlagt bebyggelse (sosi-kode 1213), men avvik på inntil +/-1m tillatast under føresetnad av at bygningen framleis ligg innanfor regulert byggjegrense, formålsgrense og avstandskrav iht. Pbl § 29:4.
e) Bygningane skal ha flate tak og maksimal gesimshøgde skal ikkje overskride kote-høgdene som er vist på plankartet avgrensa med linjer for planlagd bebyggelse:
    a. BOP1: c+65,2 (hovudtak), c+54,5 (sidebygg vest)
    b. BOP2: c+63,2 (hovudtak), c+54,5 (mellombygg), c+59,3 (ev. sambinding mellom symje- og idrettshall)
f) Ev. heis- og trappehus samt ventilasjonsbygg på tak kan overstige maksimal gesims-høgd. Storleiken på desse bygningsdelane skal avgrensast til bygget sin funksjon.
g) Grad av utnytting av tomta er bestemt av «tillate prosent bebygd areal» BYA slik:
    BOP1 og 2: maks.%-BYA=100%
h) Avbøtande tiltak for å stette krav til innandørs støy i samsvar med vegleiar 1442-retningsliner for støy i arealplanlegging skal leggast til grunn for utbygging på området. JF. Sweco AS sin rapport knytt til vegtrafikkstøy (vedlegg nr.11, datert 20.09.2017).
i) Bygningar og anlegg skal ha høg materialkvalitet og gjenspegle vår tids arkitektur med vektlegging på det samla arkitektoniske utrykket i høve ei harmonisk område-oppfatning.
j) Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/ anlegg. Farge- og materialvalg skal grunngjevast ved søknad.
k) Parkering for bil og buss er avsett som eige formål som ikkje inngår i grunnlaget for BYA. Ev. parkeringsplassar på terreng skal inngå.
l) Overvasshandtering og vassforsyning vert å avklare gjennom teknisk plan i sam-arbeid med kommunen før det vert gjeve løyve til tiltak. Bekken «Djupegrova» skal ikkje tilførast meir vatn utan godkjenning frå Volda kommune.

4.1.2 Uteopphaldsareal (BUT):

a) BUT opparbeidast i samsvar med prinsipp for universell utforming, med grasdekke/ fast dekke, minimum ein benk og eit areal på2x2m med fast dekke.
b) Det tillatast oppført trimapparat, mindre anlegg for leik/leikeapparat og andre trivselsfremjande installasjonar som naturleg høyrer til.
c) Arealet skal stette utformingskrav som gjeld for leikeplass m.o.t maksimal stigning, breidde m.m. og sikrast med gjerde mot Djupegrova.
d) BUT er offentleg.

4.2. – SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.2.1 Køyrevegar (SKV)

a) Vegar opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
b) SKV1-4 er offentleg, SKV5 privat.

4.2.2 Fortau (SF)

a) Fortau opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.

b) Skjering og fylling tillatast lagt utom formålsgrensa.
c) SF er offentleg.

4.2.3 Gang-/sykkelveg (SGS)

a) Gang- og sykkelveg opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
b) Skjering og fylling tillatast lagt utom formålsgrensa.
c) SGS er offentleg.

4.2.4 Gangveg/gangareal (SGG)

a) Gangvegar opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
b) Skjering og fylling tillatast lagt utom formålsgrensa.
c) SGG er offentleg.

4.2.5 Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)

a) Område langs vegar avsett til grøft, rabatt, trafikkøy, skjering, fylling, terrengmur, sikringsgjerde, autovern og øvrig teknisk anlegg knytt til vegen.
b) SVT er offentleg.

4.2.6 Parkeringsplassar (SPP)

a) Parkeringsplass for bilar, bussar og syklar skal opparbeidast i samsvar med plan.
b) SPP1 skal opparbeidast for to bussar og to personbilar tilpassa rørslehemma.
c) SPP2 skal opparbeidast for 32 personbilar og syklar.
d) Areala skal ha fast dekke og oppmerka plassar.
e) Skjering- og fyllingsutslag, terrengmurar etc. kan leggast utanfor regulert område.
f) SPP er privat.

4.3. **– GRØNTSTRUKTUR**

4.3.1 Grøntstruktur (G)

a) Grøntområde langs gangvegar, bekk og tilgrensande eigedomar. Opparbeidast som grasbakke og/eller som vegetasjonsskjerm etter avtale med tilgrensande grunneigar.
b) G1-5 er offentleg, G6 er privat.

4.4. **– BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE**

4.4.1 Naturområde i sjø og vassdrag (VNV)

a) Omlegging av bekken «Djupegrova».
b) Bekkeløpet skal forbyggast med naturstein og sikrast med klatresikkert gjerde.
c) VNV er offentleg.

§5. – OMSYNSSONER

5.1. **– OMSYNSSONER**

5.1.1 Frisiktsone (H140):

a) Innanfor frisiktsona skal det vere fri sikt på minimum 0,5m over nivået til tilstøytande vegar. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikta er ikkje tillate. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i sona dersom dei ikkje hindrar fri sikt.
b) Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

5.1.2 Raud og gul støysone (H210/H220):

a) For å sikre tilfredsstillande innandørs støynivå i samsvar med gjeldande retningsliner for trafikkstøy i Reguleringsplan, T-1442, må støyutsett fasade gje ein samla lydreduksjon på R`w + Ctr=32dB – jfr. støyrapport frå Sweco AS datert 20.09.2017.

b) Varig opphald, eller areal tilrettelagt for uteopphald, leik og aktivitet, tillatast ikkje i raud sone utan støyskjerming.

5.1.3- Omsynssone marine avsetningar.
Før det vert gitt byggeløyve i området skal det gjennomførast vidare grunnundersøking som avklarar omsynet til tryggleik i høve til mogeleg kvikkleireskred, og som avklarar tryggleiken mot skred i samsvar med PBL §28-1 og TEK 17 kap. 7.

5.1.4 – omsynssone Flaum
Innanfor omsynssone flaum vist i plankartet kan det ikkje settast i gang byggetiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (TEK 17 §7-2) før sikringstiltak som ivaretek omsyna til tryggleik for flom, jf PBL §28-1, og TEK 17 § 7-2, er gjennomført med overføring av flaumvatn til Heltneelva
(Jf. Føresetnader om tiltak i Multiconsult-rapport Rapport 130544 Kartlegging av flomfare og flomtilpasningstiltak i Melshornsida»).
Alternativt at det vert dokumentart ved fagleg utgreiing at tryggleiksomsyna i høve flaum/tryggleik for bygging i området er tilfredsstillande ivareteke ved alternativ løysing innanfor reglane i PBL §28-1, jf TEK 17 §17-2.

§6. – FELLESFØRESEGNER

6.1. REKKEFØLGJEKRAV

a) SKV2 inkl. kryssløysing mot E39 samt snuplass/rundkøyring og parkeringsplassar skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
b) ««Djupegrova» (VNV) skal omleggast og forbyggast i den grad det er naudsynt for å ivareta tryggleiksomsyn knytt til flaum/flaumskred for byggetiltak på områda BOP1 og BOP2, og seinast i samband med oppføring av symjehall på området.
c) Tilstrekkjeleg vassforsyning inkl. brannsløkkevatn skal vere tilgjengeleg før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
d) Uteopphaldsareal BUT skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for BOP1 og/eller BOP2.
e) Viste gangtilkomstar etter plan skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for bygg i områda BOP1 og/eller BOP2.
f) Før nybygg på områda BOP1 og BOP2 kan takast i bruk skal det vere på plass naudsynte avtalar om eventuell vekselbruk av p-plassar på dei to områda og høgskuleområdet/ Campus Arena.
g) Før byggeløve vert gjeve skal det også vere avklara korleis tiltak knytt til opparbeiding av ekstern infrastruktur utløyser behov for utbyggingsavtalar med kommunen.
h) Innanfor omsynssone flaum vist i plankartet kan det ikkje settast i gang byggetiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (TEK 17 §7-2) før sikringstiltak som ivaretek omsyna til tryggleik for flom, jf PBL §28-1, og TEK 17 § 7-2, er gjennomført med overføring av flaumvatn til Heltneelva
i) Ved byggesøknad skal det ligge føre teknisk plan, der også plan for omlegging og forebygging av Djupegrova inngår. Omlegging og forbygging av bekken skal vere gjennopmført i samsvar med godkjent plan før bygging av idrettshall eller symjehall kan settast i gang.

6.2. PLANKRAV

a) Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggast fram nødvendig dokumentasjon herunder teknisk plan som m.a skal vise løysingar for kraftforsyning, vassforsyning og avløps-handtering frå planområdet. For heile planområdet skal det utarbeidast plan for overvassdisponering og lokal handtering av overvatn vurderast i samarbeid med kommunen.
Innpassing av trafo og andre anlegg knytt til kraftforsyning skal samordnast med straumleverandør/nettverkseigar og skal fortrinnsvis lakaliserast inne i eller i tilknyting til planlagde bygg

b) Til søknad om rammeløyve skal det følgje med utomhusplan som m.a skal vise:
   1. Bebyggelse og øvrige anlegg si plassering og høgd.
   2. Kotelinjer for framtidig og eksisterande terreng.
   3. Fylling/skjæring, forstøtningsmurar m.m
   4. Parkeringsareal/-løysingar – herunder sykkelparkering.
   5. Utforming og plassering av fellesområde, benkar, belysning, skilt m.m.
   6. Korleis krav til universell utforming utomhus vert stetta.
   7. Materialbruk på gangareal (type kantstein, dekke m.m)
   8. Ledelinjer, stigningsforhold på gangareal.

c) Til søknad om rammeløyve skal det gjerast greie for korleis omsynet til estetikk og god arkitektur er teke i vare der det m.a gjerast greie for material- og fargeval på fasadane.
d) Ved søknad om byggeløyve skal det visast løysing for søppelhandtering frå hallen og området tilknytt denne. Ordninga skal fortrinnsvis vere ved arrangement under bakken eller lokalisert inne i bygg.
e) Til søknad om rammeløyve skal det ligge føre utgreiing knytt til korleis sikring mot tilslamming av bekken gjennom området, og tilføring av slam til Øyraelva kan ivaretakast i byggeperiode og etter utbygging.

6.3. **TERRENGBEHANDLING**

a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.
b) Ev. utgravde massar skal leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.
c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

6.4. **VEGETASJON**

a) Eksisterande vegetasjon skal bevarast der det er hensiktsmessig.
b) Byggjearbeid skal utførast med omsyn til terreng og vegetasjon.

6.5. **AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE**

a) Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitteforhold forlengast.

Volda den…….

for - rådmann- Per Heltne
Fagansvarleg plan
e.f.m

HØGSKULEN I VOLDA
Leiinga

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	15/01055-9	Jacob Kjøde, jk@hivolda.no	09.02.2017

Konsekvensanalyse av lokalisering av idrettshall

Høgskulen i Volda (HVO) har engasjert Asplan Viak til å gjere ein konsekvensanalyse av plassering av ein ny idrettshall på Joplassen (gnr/bnr 19/807). Rapporten frå Asplan Viak er no klar og i oppsummeringa står det at:
«Konsekvensanalysen viser at plasseringen av idrettshallen (VCA) på Joplassen ikke har en vesentlig negativ innvirkning på HVO:s planer om et nyt mediebygg eller framtidig utvikling av campusområdet. Plasseringen og gjennomføring av selve anleggsperioden vil heller ikke ha vesentlig negativ konsekvens for driften av HVO, men det må etableres en tet dialog mellom HVO og VCA AS for å finne fram til gode midlertidige adkomstløsninger og etablering av riggområde.»

Høgskulen i Volda sluttar seg til denne konklusjonen og har ingen innvendingar mot at det blir bygd ein idrettshall på Joplassen. HVO meiner at ein ny idrettshall kan vere med på å gjere Volda til ein meir attraktiv stad. Plasseringa nær opp til campus kan og bidra til å knyte HVO og lokalsamfunnet nærare saman.

Når det gjeld framtidige utviklingsområde for campus, vil vi peike på at tomta gnr/bnr 19/29 er svært interessant for høgskulen. Vi vil oppmode Volda kommune om å erverve denne tomta slik at den kan bli tilgjengeleg for høgskulen i framtida. I eit lengre perspektiv vil vi be Volda kommune om å ha god dialog med høgskulen om reguleringa av Røysmyrane (gnr/bnr 19/1).

Med helsing

Jacob Kjøde
høgskuledirektør

Dokumentet er elektronisk signert.

Vedlegg:: Konsekvensanalyse_av_lokalisering_av_Idrettshall_07.02.17.pdf

asplan viak

KONSEKVENSANALYSE AV LOKALISERING AV IDRETTSHALL

Oppdragsgiver: Høgskulen i Volda

07.02.2017

INNLEDNING

Volda Campus Arena AS, VCA AS, ønsker å bygge en idrettshall (VCA) på Joplassen tett opp mot Høgskulen i Voldas campusområde. Høgskulen i Volda (HVO), har engasjert Asplan Viak til å gjennomføre en overordnet vurdering av mulige konsekvenser for dagens campusområde og framtidige utviklingsmuligheter, herunder nytt mediebygg, dersom planene for idrettshall (VCA) blir gjennomført.

Analysen bygger på grunnlagsmateriale fra HVO samt befaring og arbeidsmøte den 19 januar 2017. På møtet deltok Karin Edlund og Anne Sandnes fra Asplan Viak og Leif Roar Strand, driftssjef og Jacob Kjøde, direktør, ved HVO. Hensikten med arbeidsmøtet var å drøfte forslag til arbeidsopplegg, herunder sentrale problemstillinger som ønsket belyst samt oppdragets rammer/ forutsetninger. Under befaringen deltok også representanter ifra Volda Kommune og Volda Campus Arena.

OPPSUMMERING

Konsekvensanalysen viser at plasseringen av idrettshallen (VCA) på Joplassen ikke har en vesentlig negativ innvirkning på HVO:s planer om et nytt mediebygg eller framtidig utvikling av campusområdet.

Plasseringen og gjennomføring av selve anleggsperioden vil heller ikke ha vesentlig negativ konsekvens for driften av HVO, men det må etableres en tett dialog mellom HVO og VCA AS for å finne fram til gode midlertidige adkomstløsninger og etablering av riggområde.

Mhp konsekvenser i driftsperioden må nybygget tilpasses eksisterende situasjon og framtidig utvikling av campus.

BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING AV ANALYSEN

Problemstillingene i denne konsekvensanalysen bygger på et oppgavenotat fra HVO, "*Engasjement av konsulent til å vurdere konsekvensane av plassering av idrettshall*", men har etter oppstartsmøte og befaring blitt justert for å best mulig besvare HVO`s behov. I tillegg til dialog og registeringer ved befaring samt politisk vedtak (se s.3), er "*Campusutvikling Høgskolen i Volda –Stedsanalyse og strategisk arealkart*." fra 2015 brukt som bakgrunnsmateriale. Volda kommune har ønske om å bygge opplæringsbasseng i forbindelse med idrettshallen (VCA), men det er knyttet mye usikkerhet til prosjektet, og er derfor ikke en del av denne konsekvensanalyse (se s.3 politisk vedtak).

Oversiktskart med navn på de plasser som er aktuelle i konsekvensanalysen.



asplan viak

Oppsummering befaring og møte Joplassen 19.01.2017

Tilstede:
HVO: Jacob Kjøde, Leif Roar Strand
AV: Karin Edlund, Anne Sandnes
VCA AS: Arild Bakke
Per Mulvik AS: Ottar Skare, ansvarlig detaljregulering
Volda Kommune: Jørgen Vestgarden – utviklingssjef, Per Heltne – Fagansvarlig plan Volda kommune

- Det skal gjennomføres en detaljregulering av gnr/bnr 19/807, gnr/bnr 19/978 og gnr/bnr 19/821.

- Hallen plasseres sannsynligvis i nedre del av Joplassen, med en ca størrelse på 60 x 60 m, men dette er uavklart.

- VCA AS har sendt inn anmodning om Oppstartsmøte.

- VCA AS er i prosess med brukeravklaringer og finansiering.

- VCA AS har vurdert andre lokaliseringer i Volda, men Joplassen er den eneste realistiske (iht. VCA AS) med bakgrunn i at Volda kommune vil inngå en leieavtale for barne- og ungdomsskolen i nærheten.

- HVO presiserer at også de ser flere positive sider ved idrettshallen (VCA) men at det er viktig å få fram alle aktuelle konsekvenser for HVOs videre utvikling

- VCA AS vil i prinsippet kunne bygge parkeringskjeller, men det er ikke lagt inn i dagens økonomiske kalkyle.

Politiske vedtak ifm ny idrettshall i regi av VCA AS

Kommunestyret har den 24.11.2016 vedtatt at:

- Kommunestyret er positive til at VCA AS bygger og driver idrettshall i Volda sentrum og er innstilt på med investeringstilskudd og leiearealer til gym for barne- og ungdomsskolen.

- Det er en forutsetning at det planlegges slik at det er rom for et opplæringsbasseng i sambruk med idrettshallen (VCA) dersom tomta tillater det (uavklart om det også skal planlegges for 25 m konkurransebasseng)

- Dersom VCA AS velger å bygge på Joplassen er Volda kommunestyret innstilt på å stille tomteareal til disposisjon dersom prosjektet ikke kommer i konflikt med HVO.

1.

Vil plasseringa av ny idrettshall på Joplassen få konsekvenser for et nytt mediebygg mhp parkeringsløsninger?

I henhold til HVO er det tilstrekkelig parkeringsdekning på skolen men ved større sammenkomster er det mangel på plasser og problem med villparkering.

På Joplassen er det per i dag 80 parkeringsplasser. Når mediehuset er på plass vil ca. halvparten av disse plassene forsvinne. Statsbygg er eier og byggherre og kommer ikke til å erstatte tapte parkeringsplasser ved bygging av mediehuset. Hvis ingen tiltak gjøres eller brukeratferden endres vil det nye mediebygget og idrettshallen bidra til økt trafikkbelastning på Joplassen. Det er ikke aktuelt å bygge parkeringskjeller i mediebygget. VCA AS har intensjoner om å bygge parkeringskjeller i idrettshallen med avgiftsbelagt parkering, men det er ennå ikke avklart i forhold til finansiering. En parkeringskjeller i idrettshallen kan romme ca. 120 plasser. I henhold til VCA AS vil det uansett bli lagt opp til parkering på terreng rundt hallen. Hvor disse parkeringsplassene skal plasseres er ennå uklart. Asplan Viak anbefaler at plasseringen til idrettshallen med utomhusarealer sees i sammenheng med at adkomsten også vil være en adkomst til hele campusområdet.

Mange av studentene og ansatte antas bo i gangavstand til HVO. Ved innføring av avgiftsbelagt parkering vil sannsynligvis mange velge at ta sykkel eller gå til høgskulen i stedet for å ta bilen. Dette vil frigjøre parkeringsplass til de som bor langt vekk og er avhengige av å bruke bil, samt ha positiv innvirkning på folkehelse og miljø. HVO vurder å innføre avgiftsbelagt parkering i 2017.

Parkering blir sannsynligvis ikke et problem da HVO har sitt store behov på dagtid, mens brukere av idrettshallen (VCA) først og fremst vil ha behov for parkering på kveldstid og i helgene. Det er elevene fra de omkringliggende skolene som primært kommer til at bruke idrettshallen (VCA) dagtid. Ved større arrangement må det aksepteres at det blir parkert utover oppmerkede parkeringsplasser i kortere perioder. I henhold til Volda Kommune er det ikke mangel på gateparkering i gangavstand fra HVO. VCA AS er nå i prosess vedr. behovsavklaring med brukerne både på dag og kveldstid.



Prinsippdiagram - Antatt behov for parkeringsplasser under døgnet.



Prinsippdiagram - Parkeringssituasjon ved Joplassen.

2.

Vil plasseringa av ny idrettshall på Joplassen få konsekvenser for studiemiljøet, trygghet, interntransport og parkering i byggetida?

Byggeperioder innebærer alltid en ekstra trafikkbelastning, støy, mindre attraktive uterom og andre miljøkonsekvenser.

Statsbygg og HVO har planer om at mediebygget skal åpne 2020, byggestart er antatt 1,5 år før. VCA AS har mål om at planarbeidet med idrettshallen (VCA) er gjennomført i 2017 og at bygget skal stå ferdig i 2018. Det betyr at det kan oppstå delvis overlappende byggeperioder som innebærer en ekstra belastning på nærområdene. Overlappende byggeperioder kan imidlertid også ha fordeler da det for eksempel kan etableres sambruk av riggarealer samt en kortere byggeperiode totalt sett.

En faktor som forenkler trafikksituasjonen er at utbyggingen av Voldatunnelen starter tidligst 2020 i henhold til Volda Kommune. Dette betyr at adkomst fra Sjukehusvegen i øst fortsatt kommer være tilgengelig ved utbygging av idrettshallen (VCA) og mediebygget.

3.

Hva er fordeler og ulemper ved en alternativ plassering av en idrettshall ved Nedretun kontra Joplassen?

Det har tidligere vært aktuelt at plassere Idrettshallen innenfor HVOs arealer. Den plassering som har vært mest aktuell er den ved Nedretun. I dag brukes plassen som grusplan av Øyra Skule. Under vurderes fordeler respektive ulemper ved Nedretun kontra Joplassen. De forhold der vil bli vurdert er adkomst, uterom, sambruk og samspill.

Joplassen: Adkomst

+ Direkte avkjørsel fra hovedveien E39
+ Kort vei til busstopp

- Gangveier til og fra skolene må tilrettelegges.
- Kan i perioder med store samlinger på HVO bli mye trafikk og fullt på Joplassveien og parkeringsplassene



Nedretun: Adkomst

+ Gode eksisterende og planlagte gangveier fra skolene.
+ Kort vei til busstopp

- Mer gjennomfartstrafikk på mindre veier



Joplassen: Uterom

+ Potensiale for sambruk av sørvestvendt uterom.
+ Mer definert uterom skjermet fra trafikken.
+ Være med til å markere campusområdet fra E39.

- Hvis store arealer nord for idrettshallen blir brukt til parkering så vil bilene bli trukket lenger inn på campus.



Nedretun: Uterom

+ Mulighet for vestvendt adkomst i samspill med stort uteareal.

- Beslaglegger areal som idag brukes som en utvidelse av skolens uteareal.
- Bryter den diagonale gangaksen og den visuelle kontakten gjennom campus



Joplassen: Sambruk & Samspill

+ Gangavstand til Øyra Skule (har ikke egen gymsal)
+ Kort gangavstand til Volda ungdomsskule
+ Mulighet til sambruk av parkeringsplasser

- For lang avstand til Volda videregående skule i forhold til skolens krav.



Nedretun: Sambruk & Samspill

+ Kort gangavstand til Øyra Skule, Volda ungdomsskule og Volda videregående skule.
+ Mulighet til sambruk av parkeringsplasser

4.

Er det behov for trafikale tiltak for å forbedre mobiliteten på campus?

Det er en stor gevinst, både i et miljø- og folkehelseperspektiv, at flest mulig går over fra bil til gange og sykkel i hverdagen. For å oppnå dette trengs ofte en kombinasjon av gulrot og pisk. I dag har HVO et stort antall parkeringsplasser som opptar store arealer som kunne vært brukt til andre formål. Parkeringsplassene er per i dag gratis og villparkering på sykkelveier og gangstier blir ikke bøtelagt. De lett tilgjengelige parkeringsplassene gjør at mange velger å ta bilen til HVO og bidrar samtidig til dårligere forhold for de som allikevel velger å gå eller sykle. HVO vurderer å innføre avgiftsbelagt parkering i 2017, et tiltak som sannsynligvis vil få flere til å gå og sykle. Tidsbegrenset parkering kan også være aktuelt.

Det er store høydeforskjeller i Volda og omegn som gjør sykkelen mindre attraktiv. Med el-sykkelen som alternativ vil ikke lenger høydeforskjellen utgjøre samme hinder som i dag. For at folk skal bruke el-sykkel samt sykkel så er det behov for bedre og sikrere sykkelparkeringsmuligheter på campusområdet. Tiltak som klimatisert sykkelparkering nært inngangene ville gjort det mer attraktivt å sykle. Garderober med dusjmulighet bidrar også til økt sykkelbruk. Lånesykler på campus kan også være et attraktivt tilbud.

Dagens situasjon ved Joplassen med biler parkert på gang- sykkelsti. Foto fra befaring,

5.

Hvilke andre konsekvenser kan en idrettshall ved campus ha for HVO?

I utgangspunktet er idrettshallen et positivt bidrag til campus på HVO, sett bort fra selve byggeperioden samt en eventuell begrensning av HVO:s framtidige bruk for utvidede arealer. Det kommer til å være attraktivt for mange studenter å bruke idrettshallen (VCA) , noe som bidrar til bedre helse og samhold blant studentene. En ny idrettshall tett på campus kan også virke som et tiltrekkende tilbud for framtidas studenter som vurderer at søke til HVO. En idrettshall utgjør også en god møteplass mellom alle innbyggere i Volda, både de som studerer og de som ikke gjør det. Mer liv og røre rundt campusområdet kveldstid kan også føre til en økt opplevelse av trygghet for studentene.

6.
Er HVO avhengig av arealet på gnr/bnr 19/807 (Joplassen) for framtidig utvikling?

HVO disponerer store arealer og har relativt lav tetthet og utnyttelsesgrad. Det er påvist flere gode eksempler på mulige utviklingsområder i rapporten «*Campusutvikling Høgskolen i Volda –Stedsanalyse og strategisk arealkart.*» fra 2015. Ved befaringen ble det også opplyst av kommuneplanleggeren at Volda Kommune er i gang med en prosess for å erverve tomta 19/29 (Rotevatn-tomta). Denne tomta kan da bli disponibel for HVO ved behov i framtida.

Oversiktskart som viser potensielle utviklingsområder i framtiden for HVO.

HOH.

110
100
90
80
70
60
50
40
30
20
10
0

TEIGGRENSE
GANGVEG
DJUPEGROVA
VEGGLIV
SYMJEHALL
VEGGLIV
VEGGLIV
IDRETTSHALL
VEGGLIV

c+63,2
c+59,3
c+54,5
c+65,2
c+46,2
c+43,0

0
50
100

PROFIL NR.	0.00
TERRENG H.	49.53 · 49.02 · 48.82 · 48.53 · 48.25 · 47.89 · 47.62 · 47.23 · 46.81 · 46.43 · 46.16 · 45.89 · 45.55 · 45.30 · 45.05

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516
Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering Volda Campus Arena - gbnr.19/807

Oppdragsgivar:
Volda Campus Arena AS
c/o SR Volda AS
6100 Volda

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt E

Teikna av: JMO
Dato: 30.09.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2413	105	1:500	



Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering Volda Campus Arena - gbnr.19/807

Oppdragsgivar:
Volda Campus Arena AS
c/o SR Volda AS
6100 Volda

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt_D

Teikna av: JMO
Dato: 30.09.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2413	104	1:500	



PROFIL NR.	0.00
TERRENG H.	45.15

45.56	45.55	45.46	46.42	46.54	47.07	47.47	47.78	48.08	48.49	48.95	50.07	50.24	50.33

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516
Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering Volda Campus Arena - gbnr.19/807

Oppdragsgivar:
Volda Campus Arena AS
c/o SR Volda AS
6100 Volda

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt_C

Teikna av: JMO
Dato: 30.09.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2413	103	1:500	



Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering Volda Campus Arena - gbnr.19/807

Oppdragsgivar:
Volda Campus Arena AS
c/o SR Volda AS
6100 Volda

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt_B

Teikna av: JMO
Dato: 30.09.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2413	102	1:500	



Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering Volda Campus Arena - gbnr.19/807

Oppdragsgivar:
Volda Campus Arena AS
c/o SR Volda AS
6100 Volda

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Snitt_A

Teikna av: JMO
Dato: 30.09.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2413	101	1:500	

2413_Fjernverknader – utsnitt frå 3D-modell

1

2413_Fjernverknader – utsnitt frå 3D-modell

Figur 1: Frå aust mot vest. Krysset E39/Joplassvegen samt blodbøk i nedre biletkant. I bakgrunnen frå venstre mot høgre: Volda Ungdomsskule, Øyra barneskule (under oppføring) og Berte Kanuttebygget.

Figur 2: Frå nord mot sør med "rundkøyringa" i enden av Joplassvegen. Berte Kanutte i nedre biletkant med ferdigstilt Øyra barneskule ovanfor. Bekken «Djupegrova» med kantvegetasjon tvers over biletet.

Figur 1: bustadhus/garasje på gbnr.19/97

Figur 2: Hans Strømbygget (HIVolda)

Figur 3: Lettbygget (HIVolda)

Figur 4: Berte Kanuttebygget (HIVolda)

Figur 5: Ristebygget bak B.Kanutte (HIVolda)

Figur 6: Bustadhus vest for planområdet – sett mot sørvest frå marka framfor B.Kanuttebygget.

Figur 7: Berte Kanuttebygget – fasade sør

Figur 8: Bustadhus vest for planområdet (sørlege del)

Figur 9: Friområde langs elvebarde

Figur 30: vestover mot Volda ungdomsskule/studentbustadar

Figur 21: Nordover Røystunvegen

Figur 12: Berte Kanuttebygget sett frå planområdet (mot nord)

Figur 13: Garasje nord på gbnr. 19/985 (Røystunet borettslag)

Figur 14: Fasade aust (mot planområdet) gbnr. 19/985

Figur 15: Garasje sør på gbnr.19/985

Figur 16: Korridor vestover mot nye Øyra skule

Figur 17: Nedover/sørover Røystunvegen. Planområdet til venstre.

20.mars kl.06/09

20.mars kl.12/15

20.mars kl.18/21

21.juni kl. 06/09

21.juni kl.12/15



21.juni kl. 18/21

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanleggинga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanleggинga her:
http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformasjon til bruk i arealplanleggинga:
http://www.gislink.no

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: ***Detaljregulering for Volda Campus Arena – idrettshall - planID: 1519-2017002***

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X		Delar av området ligg i sona for marin strandavsetning – jfr.NGU lausmassekart. Grunnundersøkingar like ved i 2014 avdekte stabil byggegrunn, men krav om kartlegging som grunnlag for prosjektering er teke inn i føresegnene.
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X		Mellombels rapport frå Volda kommune tilrår forbygging av elva «Djupegrova» gjennom området. Omlegging og krav til forbygging er teke inn i plan og føresegner.
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osb?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
	j	Anna (Spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?	X		Ved ev. tilknyting av overflatevatn til «Djupegrova» krev kommunen fordrøyning alternativt eige avløp til Øyraelva. Dette er teke inn i føresegnene og vert å avklare i teknisk plan ved søknad.
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Vass-forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?	X		Kommunen opplyser at eksisterande vass- og overvassleidningar manglar kapasitet, men at det vert arbeidd med oppgradering. Dette vert å avklare saman med kommunen som del av teknisk plan.
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			
		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Kraft-forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspentliner?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		X	
	e	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		X	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	X		Formålet er i samsvar med overordna/gjeldande plan og med dette avklart i tidlegare fase.
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/- ulukkes- beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X		Jfr. punkt ovanfor. Kommunen arbeider med endringar i VA-nettet i samband med Voldatunnelen. Vert avklart i byggjefasen.
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Verksemds risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 1/9 - 2017 av sign:

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km2):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?



Teiknforklaring

- Fleirbrukshall
- Symjehall
- Takoverbygg inngang
- Mellombygg/garderober symjehall
- Sykkelparkering
- (Klatrevegg)
- Trafikkareal
- Overheng buss
- Gangvegar
- Parkeringsplassar
- Grønnstruktur
- Eksist. vegkant (og vegflate)
- Eksist. kant gang/sykkelveg (og flate)
- Omlagt elv/bekk (evt.kulvert)
- Eksist. bygningar (takflate)
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje i veikryss
- Parkeringsfelt bakkeplan
- Parkeringsfelt garasje
- Plangrense
- Måle-/avstandslinje
- Teiggrense
- Eksist. vegdekkekant
- Eksist. elv/bekkekant
- Kulvert
- Sikringsgjerde
- Mur-/plastringsfot

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering Volda Campus Arena - gbnr.19/807

Oppdragsgivar:
Volda Campus Arena AS
c/o SR Volda AS
6100 Volda

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Illustrasjonsplan

Teikna av: JMO
Dato: 05.10.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2413	901	1:1000	

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Sandvik Skeide	Arkivsak nr.:	2017/2249
		Arkivkode:	19/ 182

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
65/18	Formannskapet	17.04.2018

PLANID 2018002. DETALJREGULERINGSPLAN FOR GBR. 19/182. SPØRSMÅL OM OPPSTART AV PRIVAT REGULERINGSPLANARBEID

Administrasjonen si tilråding:
Formannskapet gir i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, samtykke til at det vert varsla oppstart av privat reguleringsplanarbeid for gnr. 19, bnr. 182 mfl.

Vedlegg:
1. Planinitiativ frå HA Plan AS, datert 3.3.2018.
2. Referat frå oppstartsmøte, datert 9.4.2018.

Saksopplysningar/fakta:
HA-Plan AS har på vegne av Fjellvegen 2 AS teke initiativ til oppstart av reguleringsplanarbeid for gnr. 19, bnr. 182.

Det vart halde oppstartsmøte 22.3.2017 på Volda rådhus. I møtet vart saka presentert og skjema for oppstartsmøte vart gått gjennom. I møtet konkluderte ein med at spørsmålet om oppstart av planarbeid skal leggast fram for formannskapet for godkjenning.

Lokalisering av området
Eigedommen ligg nord for Kårstadvegen mellom vegane Fjellvegen og Teinene, like bak Kårstadbygget.

Lokalisering av området

Planstatus

Arealet er lagt ut til bustadføremål i kommunedelplan for Volda sentrum (planID 200710). Arealet inngår i reguleringsplan for Engeset – Klepp (planID 1984002), der det er vist som offentleg føremål.



Utsnitt frå kommunedelplan for sentrum



Utsnitt frå reguleringsplan for Engeset – Klepp

På eigedommen står det i dag to eldre bygningar som treng vedlikehald. Bygningane har tidlegare vore nytta til hyblar.

Delar av eksisterande bygningsmasse på gnr. 19, bnr. 182.

Mål for planarbeidet
Fjellvegen 2 AS ønskjer å sanere eksisterande bygningsmasse, og legge til rette for bustadføremål (konsentrert utnytting).

Førebelse skisser for tomta viser 3 moderne leilighetsbygg med parkeringskjellar. Det er også vist gjesteparkering og leikeareal.



Førebels situasjonsplan og 3D visualisering, utarbeidd av Margarida Pais arkitektur

Avgrensing av planområdet
Planområdet er på om lag 7.2 daa, og er avgrensa som vist på ortofotoet nedanfor.

Avgrensing av planområdet

Vurdering:
Veg og parkering
Tomta ligg mellom Fjellvegen og Teinene. Begge vegane er bratte, og framstår som uoversiktlege både for køyrande og mjuke trafikantar. Ein ser det som svært uheldig å tilføre meir biltrafikk til Teinene.

Kårstadvegen er ein viktig samleveg, med til tider stor trafikk. Det må i reguleringsplanen leggjast til rette for fortau/gangveg langs Fjellvegen og Kårstadvegen. Planen må vise kryssløysingar for Fjellvegen, Kårstadvegen og Kapteinsvegen.

Det er svært viktig i det vidare planarbeidet å ha fokus på gode trafikkløysingar for området. Det må setjast av tilstrekkeleg areal til parkering og areal for snølagring i reguleringsplanen.

Vatn og avløp
Pr. i dag kjenner ikkje kommunen til kapasiteten for leidningsnettet når det gjeld overvatn og spillvatn i området. Problemstillinga må avklarast nærare. Teknisk sektor har stor arbeidsmengde og signaliserer at dei ikkje har kapasitet til å få avklart situasjonen med det første.

Det er viktig for tiltakshavar å få ei avklaring med tanke på vidare prosess.
Fjellvegen 2 AS sine planar, med sanering av eksisterande bygningsmasse og tilrettelegging for leiligheiter, vil tilføre sentrumskjernen attraktive bustader. Rådmannen stiller seg positiv til omsøkte planarbeid. Kommunen vil måtte ta tak i problemstillinga knytt til VA i området. Her må det vere ein dialog mellom teknisk sektor og utbyggjar for å tilpasse framdrift i høve til prioritert arbeid på VA-området. Kommunen har utfordringar med store anlegg som må planleggjast og gjennomførast i samsvar med rammeplan.

Barn og unge
Barn og unge sine interesser skal vurderast.

Planprogram og KU
Tiltaket er vurdert etter «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje utløyser krav om planprogram eller konsekvensutgreiing jf. § 4 i forskrifta.

Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)
Som del av planarbeidet skal det utarbeidast ROS-analyse. Fylkesmannen sitt ROS-skjema kan nyttast.

I følgje NVE sine skredkart, kan området vere utsett for jord- og flaumskred. Multiconsult AS har på vegne av tiltakshavar vurdert skredfaren. Multiconsult AS har konkludert med at sannsynet for snøskred, jord- og flaumskred samt steinsprang på tomta er mindre enn 1/5000. Det inneber at det kan førast opp bygg innanfor sikkerhetsklasse S3, med meir enn 10 bueiningar.

Støy frå Kårstadvegen skal utgreiast, og takast omsyn til.

Konklusjon:
Rådmannen rår til at det vert sett i gong reguleringsplanarbeid for gnr. 19, bnr. 182 mfl.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:
HA-PLAN AS, Strandgata 44 A, 6270 BRATTVÅG
Fjellvegen 2 AS, Fjellvegen 2, 6102 VOLDA
Lampholmen AS, Ystenesgata 9, 6003 ÅLESUND

Volda kommune,
postmottak@volda.kommune.no

Dato: 03.03.2018
Vår ref.: Hallgeir Wuttudal
Dykkar ref.:

Planinitiativ vedr. detaljplan for Fjellvegen 2 og 4 i Volda – gbnr. 19/182

Underteikna er engasjert til å bistå Lampholmen AS/ Brudeholmen AS som er konsulent for utbyggar Fjellvegen 2 AS.

a) Formålet med planen.

Dagens bruk: Sliten og nedslitt boligmasse som står overfor rehabiliteringsbehov som eigarane ikkje finn forsvarleg. Bygga blir i dag nytta til enkle hyblar av ein tilårskomen standard og området med si gode beliggenhet vil få ei betydelig standardheving gjennom omregulering og utvikling. Nye boliger/ leiligheter vil ha fokus på godt design, miljø og framtidas energiløysningar.

Ved gjennomgang av eigedomen sin noverande reguleringsmessige status, bygningsteknisk forfatning, beliggenheit og lokalmarkedets behov og etterspørsel etter ulike boligtyper ønsker dagens eigarar å tilrettelegge for ei sanering av eksisterende bygningsmasse og omregulere eigedommen til boligformål med fortetting og framtidsretta utnytting av eigedomen som ligger svært attraktivt til.
Positive verknader: Volda treng fleire attraktive leiligheiter innanfor sentrumskjerna. Området blir meir attraktivt. Kan bli bustader for t.d. folk som jobber på høgskule og sjukehus. Folk som bur i einebustader kan flytte inn i desse leiligheitene slik at dei ledige bustadane kan seljast til yngre folk.
Negativt: Utbygginga vil truleg føre til noko trafikkauke.

b) Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet.

Planområdet omfattar gbnr. 19/182 med adresse Fjellvegen 2 og 4, og er oppgitt til å vere på 3459 m2.
Området ligg nord for Kårstadvegen mellom vegane Fjellvegen på vestsida og Teinene på austsida.
Avgrensing av planområdet: Mot vest i eigedomsgrensa midt i Fjellvegen, mot nord følgje nordleg grense for friområdet, og mot aust midt i vegen Teinene, samt areal ved Kårstadvegen/Engesetvegen for å vise kryssløysingar for Fjellvegen og Teinene inkl. frisiktsoner.
På området står det i dag 2 bygningar.

Avstander til aktuell infrastruktur (Tatt utgangspunkt i køyrerute, ikkje kortaste gåavstand).

1. Busshaldeplass: 10 meter
2. Lærerhøgskulen (Kårstadbygget): 10 meter
3. Sjukehuset i Volda: 890 meter
4. Rådhuset i Volda: 708 meter
5. Øyra barneskole: 340 meter
6. Volda sentrum/ Busstasjonen: 800 meter
7. Trollsletta Barnehage: 434 meter
8. Oppigården barnehage 780 meter

Strandgata 44 A, 6270 Brattvåg
Telefon 70 21 80 11 Mobil 412 87 040
Epost: hallgeir.wuttudal@stayon.no
Foretaksregisteret: NO 913 237 293 MVA

9. Øyra Barnehage: 1000 meter
10. Rotset barnehage 1500 meter
11. Volda ungdomsskole: 939 meter
12. Ørsta: 10 km
13. Festøy fergekai: 46,5 km

c) Planlagt bebyggelse, anlegg og andre tiltak.

Tomta er planlagt nytta til 3 bygg, totalt ca. 2684 m2 (BRA), parkeringskjellarar, leikeareal, gjesteparkering m.m.
Etter ønske frå kommunen vil det bli regulert fortau langs Fjellvegen og gang- og sykkelveg langs Kårstadvegen.
Det skal visast kryssløysingar for Fjellvegen og Teinene med tilhøyrande frisiktsoner.

Prosjektet: Gjennom reguleringsprosess ønsker dagens eiere å tilrettelegge for utbygging av et moderne bærekraftig boligprosjekt med godt design, moderne løsninger med parkeringsløsninger under bygg/ene. Ved å legge parkeringsareal under boligene frigjøres verdifullt areal til gode utemiljø/ leikeareal i prosjektet. Gjennom reguleringsprosessen vil fellesskapet oppnå tiltak hvor gående får gangveger/ fortau langs Kårstadvegen og Fjellvegen.

Fremtidig utnyttelse: For tilsvarende prosjekt har man i nyere tid lagt opp til utnyttelse på inntil 50 % av netto tomteareal med ulike etasjeantall med parkering i underetasje/ parkeringskjeller under boligdel og man får frigjort store områder til å etablere interne lekeplasser/ mingleområder/ gode fellesarealer for alle aldersgrupper.

d) Utbyggingsvolum og byggehøgder.

Bygg nord: 3,5 etasjer bustader (1514 m2 BRA) + 0,5 etasje parkeringskjellar.
Bygg midt: 3,5 etasjer bustader (630 m2 BRA) + 0,5 etasje parkeringskjellar.
Bygg sør: 3,0 etasjer bustader (540 m2 BRA) + 1,0 etasje parkeringskjellar.

Byggehøgde kan bli inntil 12,0 m over gjennomsnittleg terrengnivå rundt bygga.

e) Funksjonell og miljømessig kvalitet.

Utbygginga blir utført iht. TEK 17.
Miljøgunstige energiløysingar.
Leike- og uteopphaldsareal.
Tilrettelegging for renovasjon.

f) Tiltaket sin verknad på, og tilpasning til, landskap og omgjevnader.

Omgivnadane består av eldre bygg. Framfor tomta ligg Kårstadbygget (gamle lærarskulen). Nye bygg vil få eit meir moderne uttrykk.

g) Forholdet til kommuneplan, eventuelle gjeldande reguleringsplanar og retningslinjer, og pågåande planarbeid.

På gjeldande reguleringsplan er tomta regulert til offentleg formål.
På kommuneplanen er området avsett til bustadformål.
Vi kjenner ikkje til pågåande planarbeid i området.

h) Vesentlege interesser som blir berørt av planinitiativet.

Nye bygg er planlagt å bli litt høgare enn eksisterande bygningsmasse slik at nokre bebuarar kan få redusert utsikt.
Litt trafikkauke kan også bidra til auke av støy- og eksosutslepp, samt fare for trfikkulykker. Bygging av fortau og oppstramming av eksisterande vegkryss vil truleg kompensere for dette.

i) Korleis samfunnssikkerheit skal ivaretakast, m.a. ved å forebygge risiko og sårbarheit.

Det er utført skredfarekartlegging som konkluderer med at sannsynet for snøskred, jord- og flomskred samt steinsprang på tomta er mindre enn 1/5000. Dette medfører at det kan anleggast bygg innanfor sikkerheitsklasse S3 med meir enn 10 bueiningar.
Sjekklista frå fylkesmannen ved ROS-analyse vil bli gjennomgått og aktuelle punkt vil bli avklart under reguleringsprosessen. Dette gjeld m.a.: Vassforsyning til forbruk og sløkking og eventuelle trafikkale ulykkespunkt.

j) Kva for berørte offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart.

Vi antar foreløpig at desse organa skal varslast:

- Statens vegvesen.
- Fylkesmannen i M&R.
- M&R Fylkeskommune.
- Volda kommune (teknisk, repr. for barn og unge, eldrerep. og evt. fleire).
- NVE.
- Mørenett.
- Naboar.
- Eventuelle lag og organisasjonar som blir berørt av tiltaket (dette må undersøkast nærare før utsending).

Lista blir eventuelt komplettert med høyringsorgan som kommunen ynskjer skal bli varsla.

k) Prosesser for samarbeid og medverknad frå berørte fagmynde, grunneigarar, festarar, naboar og andre berørte.

Planoppstarten vil bli varsla i lokalavisa og utlagt på heimesida til Volda kommune.
Behov for eventuelt orienteringsmøte for naboar før og etter varsling vil bli avklart med kommunen.
Møter og avklaringar med andre berørte vil bli utført etter behov etter at merknadane til planoppstarten har kome inn.

l) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutredninger, og korleis krava i tilfelle vil kunne bli ivareteke.

Vurdering av KU:
Tiltaket kjem truleg inn under forskrift om konsekvensutgreiing § 3 *Planar som skal vurderast nærare*, bokstav b) *detaljregulering på inntil 15 daa som inneber endring av kommuneplan eller områderegulering*. Desse tiltaka skal vurderast etter vedlegg III. Tiltaket inneber ei endring av reguleringsplanen Regulert areal ligg under 15 daa.

Det skal vurderes om planer kan få vesentlige virkninger etter tredje ledd dersom det er sannsynlig at planen vil kunne komme i konflikt med eller medføre;

a) *områder som er vernet, midlertidig vernet eller foreslått vernet etter naturmangfaldlova kap. V eller etter markaloven § 11,*

Vurdering: Tiltaket kjem ikkje i konflikt med område som er verna etter naturmangfaldslova. Området er allereie utbygd med bygningar.

b) *kulturminner eller kulturmiljø som er fredet, midlertidig fredet eller foreslått fredet etter kulturminneloven eller vernet etter plan- og bygningsloven, eller hvor det finnes eller er stor sannsynlighet for å finne automatisk fredete kulturminner som inngår i et kulturmiljø med stor tidsdybde*

Vurdering: Området på gbnr 19/182 omfattar ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Området er allereie utbygd og der er lite potensiale for funn.

c) *laksebestander i områder som er omfattet av ordningen med nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder,* **Vurdering**: Ikkje relevant.

d) *en forekomst av en utvalgt eller truet naturtype, verdifull naturtype av verdi A eller B, truet eller prioritert art, eller mot økologisk funksjonsområde for en prioritert art,*

Vurdering: Det omsøkte området inngår ikkje i punkta under bokstav d).

e) *naturområder som er særlig viktige for utøvelse av friluftsliv,*

Vurdering: Ikkje relevant.

f) *særlig verdifulle landskap, store sammenhengende naturområder med urørt preg eller vernede vassdrag,*

Vurdering: ikkje relevant for området.

g) *utøvelsen av samiske utmarksnæringer, eller er lokalisert i reindriftens særverdiområder eller minimumsbeiter og vil kunne komme i konflikt med reindriftsinteresser,*

Vurdering: Ikkje relevant

h) *større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftslivsområder eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet,*

Vurdering: Ikkje relevant.

i) *vesentlig økt belastning av luftforurensning, støy eller lukt, eller vesentlig forurensning til vann, grunn eller sedimenter eller vesentlig stråling,*

Vurdering: Ikkje relevant for området.

j) *vesentlig økning av utslipp av klimagasser,*

Vurdering: tiltaket vil ikkje medføre vesentleg auke i utslepp av klimagassar.

k) *risiko for alvorlige ulykker, ras, skred eller flom,*

Vurdering: Dette er avklart i vedlagt rapport frå Multiconsult.

l) *konsekvenser for befolkningens helse eller helsens fordeling i befolkningen,* **Vurdering:** ikkje relevant.

m) *vesentlig påvirkning av miljømessig sårbarhet, naturens tålegrense eller områder der fastsatte grenseverdier er overskredet,* **Vurdering:** ikkje relevant.

n) *omfattende bruk av eller båndlegging av naturressurser eller medføre store mengder avfall,*

Vurdering: ikkje relevant.

o) *vesentlige miljøvirkninger i en annen stat,* **Vurdering:** ikkje relevant.

p) *vesentlige konsekvenser for befolkningens tilgjengelighet til uteområder, bygninger og tjenester, eller*

Vurdering: ikkje relevant.

q) *statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av lov 27. juni 2008 nr. 71 eller gjeldende rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold plan og bygningsloven av 14. juni 1985*

Vurdering: Ikkje relevant.

Oppsummering:

Tiltaket gjeld utviikling av eit allereie utbygt område. Ein vurderer at tiltaket ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn etter vedlegg III, der det ikkje er krav om planprogram og konsekvensutgreiing.

Med helsing

Ha-Plan AS, Strandgata 44 A, 6270 Brattvåg.

siv.ing. Hallgeir Wuttudal

Vedlegg:

1. Oversiktskart over planområdet.
2. Foreløpige illustrasjonar av bygg på tomta.
3. Notat frå Multiconsult: Skredfarekartlegging – Fjellvegen 2 – Volda, datert 24.01.2018.
4. Utsnitt av gjeldande reguleringsplan.
5. Oversikt over eksisterande VA-anlegg i området (dette blir ettersendt når vi får oversiktskartet frå kommunen).

19/182

Dato: 20.11.2017 Målestokk: 1:1000 Koordinatsystem: UTM 32N

AREAL SOM ØNSKES OMREGULERT

ALT. B2= 1XS+2k

VOLDA

SITUASJONSPLAN
FLYFOTO
SNITT _ALT B

margarida pais
arkitektur

ALT.B, SEPARAT INNKJØRSEL OG UTKJØRSEL MED INTERN RAMPE MELLOM U1 OG U2



ALT.B, SEPARAT INNKJØRSEL OG UTKJØRSEL MED INTERN RAMPE MELLOM U1 OG U2

margarida pais arkitektur

margarida pais
arkitektur

Multiconsult

NOTAT

OPPDRAG	**Skredfarekartlegging - Fjellvegen 2 - Volda**	DOKUMENTKODE	10203017-RIGberg-NOT-001
EMNE	Jord- og flomskred	TILGJENGELIGHET	Åpen
OPPDRAGSGIVER	**Fjellvegen 2**	OPPDRAGSLEDER	Ole Håvard Barstad
KONTAKTPERSON	Asbjørn Skotte	SAKSBEHANDLER	Ole Håvard Barstad
KOPI		ANSVARLIG ENHET	10234013 Bergteknikk Midt

SAMMENDRAG

Fjellvegen 2 AS er i oppstartsfasen av en omreguleringsprosess for eiendommen gnr. 19 bnr. 182 i Volda kommune. Det er tidligere gjort en skredfarekartlegging av området omkring Håmyra (418800-RIGberg-NOT-001). Tidligere rapport vurderer sannsynligheten for jord- og flomskred og frikjenner ikke området gnr. 19 bnr. 182 for skredfare for tiltak i sikkerhetsklasse S3 etter TEK17. Multiconsult er derfor blitt bedt om å gjøre en vurdering av skredfaren på denne tomten basert på tidligere rapporter og befaring i Fjellvegen 2 i Volda.

1 Innledning

Fjellvegen 2 AS er i oppstartsfasen av en omreguleringsprosess for eiendommen gnr. 19 bnr. 182 i Volda kommune. Eiendommen er bebygget og er per dags dato regulert til offentlig formål. Gjennom omreguleringsprosessen ønsker de å få eiendommen regulert til bolig med en utnyttelse på inntil 50 %, parkering under terreng og 2 til 4 bygningskropper over terreng med 30 - 40 selvstendige boenheter.

Det er tidligere gjort en skredfarekartlegging av området omkring Håmyra (418800-RIGberg-NOT-001). Tidligere rapport vurderer sannsynligheten for jord- og flomskred og frikjenner ikke området gnr. 19 bnr. 182 for skredfare for tiltak i sikkerhetsklasse S3 etter TEK17.

Multiconsult er derfor blitt bedt om å gjøre en vurdering av skredfaren på denne tomten basert på tidligere rapporter og befaring i Fjellvegen 2 i Volda.

2 Befaring

Det henvises til tidligere rapport ang. skredfarevurdering omkring Håmyra (418800-RIGberg-NOT-001) med tanke på vegetasjon, topografi og løsmasser.

Ny befaring ble gjennomført 16. januar 2018 på tomten samt oppover langs begge sider av Håmyrelva opp til Håmyra.

00	24.01.2018	Skredfarekartlegging Fjellvegen 2 i Volda	Ole Håvard Barstad	Sverre Hagen	Sverre Hagen
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV



Figur 2-1: 3D foto av området. Fjellvegen 2 er markert i rødt og elva er markert i blå stiplete linje. (Norge i 3D). Tidligere undersøkt område er markert med gult.

3 Risikovurdering med hensyn på skred

3.1 Krav og føringer i Plan- og bygningsloven

I Plan- og bygningslovens § 4-3 Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyser heter det at «ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyser gjennomføres for planområdet eller selv foreta en slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Områder med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jfr. § 11-8 og 12-6. Planmyndighet skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap».

Plan- og bygningslovens § 28 (byggegrunn/miljøforhold) sier at «grunn kan bare deles eller bebygges dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur eller miljøforhold». Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller ulempe som følge av tiltak. For grunn som ikke er tilstrekkelig sikker, skal kommunen om nødvendig nedlegge forbud mot opprettelse eller endring av eiendom eller oppføring av byggverk, eller stille særlige krav til byggegrunn, bebyggelse eller uteareal. Begrepet «tilstrekkelig sikkerhet» er videre kvantifisert i tekniske forskrifter til Plan- og bygningsloven, TEK 17, § 7-3. Kravene til skredsikkerhet er basert på at jo større konsekvensene er for skred, jo lavere nominell sannsynlighet for skred kan aksepteres. I tillegg er det diverse andre lovverk og standarder, som f. eks. NS 5615 Risikovurderinger av

anleggsarbeider som ligger til grunn for inndeling av risikonivåene. Skredhendelser som følge av menneskelige inngrep og aktivitet kan i slike tilfeller utgjøre like stor eller større risiko enn naturgitte forhold. Det forutsettes at slike inngrep og aktiviteter ivaretas i tiltakets prosjekteringsfase, byggefase og bruksfase etter gjeldende standarder og lovverk. I tillegg må sikring i eksponerte sprengte skjæringer også vurderes og nødvendig sikring må utføres i alle fasene av tiltakets levetid. I § 7-32 Sikkerhet mot skred heter det under pkt. 2 at «for byggverk i skredområde skal sikkerhetsklasse mot skred fastsettes. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkningen av skred slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen under ikke overskrides»:

Sikkerhetsklasse for skred	Konsekvens	Største årlige nominelle sannsynlighet
S1	Liten	1/100
S2	Middels	1/1000
S3	Stor	1/5000

Når det gjelder sikkerhetsklasse, henvises til Temaveiledning Utbygging i fareområder fra Statens bygningstekniske etat (Melding H0-1/2008).

Plan- og bygningslovens § 28 (byggegrunn/miljøforhold) sier at «grunn kan bare deles eller bebygges dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold».

Begrepet" tilstrekkelig sikkerhet" er videre kvantifisert i" tekniske forskrifter til Plan- og bygningsloven" TEK 17, § 7-3. Kravene til skredsikkerhet er basert på at jo større konsekvensene er for skred, jo lavere nominell sannsynlighet for skred kan aksepteres.

Sikkerhetsklasse S1 omfatter tiltak der et skred vil ha liten konsekvens. Dette kan eksempelvis være byggverk der det normalt ikke oppholder seg personer og der det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser. Eksempler på byggverk som kan inngå i denne sikkerhetsklassen er garasje, uthus og båtnaust, mindre brygger, lagerbygning med lite personopphold

Sikkerhetsklasse S2 omfatter tiltak der et skred vil føre til middels konsekvenser. Dette kan eksempelvis være byggverk der det normalt oppholder seg maksimum 25 personer og/eller der det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser. Eksempler på byggverk som kan inngå i denne sikkerhetsklassen er enebolig, tomannsbolig og eneboliger i kjede/rekkehus/boligblokk/fritidsbolig med maksimum 10 boenheter, arbeids- og publikumsbygg/brakkerigg/overnattingssted hvor det normalt oppholder seg maksimum 25 personer.

Sikkerhetsklasse S3 omfatter tiltak der et skred vil føre til store konsekvenser. Dette kan eksempelvis være byggverk der det normalt oppholder seg mer enn 25 personer og/eller der det er store økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser. Eksempler på byggverk som kan inngå i denne sikkerhetsklassen er eneboliger i kjede/rekkehus/boligblokk/fritidsbolig med mer enn 10 boenheter, arbeids- og publikumsbygg/brakkerigg/overnattingssted hvor det normalt oppholder seg mer enn 25 personer, skole, barnehage, sykehjem og lokal beredskapsinstitusjon

4 Skredfarevurdering

4.1 Tidligere skredhendelser

Det er ikke registrert skredhendelser i de aktuelle områdene på www.skrednett.no. Det ble heller ikke under befaringen registrert spor i terrenget som indikerer tidligere aktivitet av jord- og flomskred, trolig på grunn av at området nå er bebygd og hager er opparbeidet. Det er likevel blitt opplyst av kommunen at det var en stor flom i Håmyrelva i 1929 der vannet gikk over elvebredden ved Teinene (trolig pga en snøpropp lenger oppe) hvor flomvannet bevegde seg nedover Teinene og mot krysset mellom Røyslidvegen og Kårstadvegen. Det er også henvist til bilde fra denne flommen tatt samme år (Figur 4-2). Det ble også nevnt at det sannsynligvis var betydelig mindre skog ved de aktuelle områdene på 1920-tallet. NGU har foretatt prøvegravinger i området for å avdekke utbredelsen av denne skredhendelsen. Resultatene er beskrevet nedenfor og i Figur 4-2.

Ned fra skråningen rundt Håmyrelva strekker det seg to områder med kode 313 og i dalbunn 314. Dette betyr snø- og jord/flom-skredavsetning, tykt eller sammenhengende (313) respektive tynt eller usammenhengende (314). Disse er angitt på kartet i figur 4-1, der NGU på overflaten og i skjæringer finner skredavsetninger som de sedimentologisk og i forhold til topografi tolker som avsetninger etter minst to sørpeskredhendelser. Koder 40-43 viser områder med marine avsetninger.

Merk at Fjellvegen 2 ligger helt på grensen av skredavsetningene. Dette indikerer at det ikke har vært skredaktivitet på gnr 19 bnr 182, men helt på grensen til tomten.

Jord- og flomskred



Figur 4-1: Kart fra NGU som viser tolkninger av prøvegravinger. Fjellvegen 2 er markert med rød firkant og ligger utenfor området hvor det er løsmasser som er tolket som skredavsetninger. Kode 313 indikerer tykt eller sammenhengende snø, jord- og flomskredavsetninger. 314 indikerer tynt eller usammenhengende snø, jord- og flomskredavsetninger.



Figur 4-2: Håmyrelva brøt over Teinene i 1929. Bildet er tatt der Røyslidvegen 1 står nå. (Volda kommune).

4.2 Snø-, jord- og flomskred

NGU tolker tidligere skred som et sørpeskred. Skredet har trolig utviklet seg til mer flomskred, da løsmasser fra morenen er blitt revet med langs skredløpet. At det løsnet som sørpeskred er en tolkning, men at det foregått erosjon og avsetning fra en flomskredlignende prosess ned dalsiden er støttet av direkte observasjoner. Stratigrafien på avsetningene og det totale berørte området indikerer at det var gjentatte hendelser fra det samme løpet. NGU har ingen dateringer og har ikke gjort noen bedømming om fare for gjentagelse.

Siden 1900-tallet har terrenget i området grodd igjen og trolig blitt mer stabilt med tanke på faren for at jordmasser skal bli revet med av det som kan starte som et sørpeskred. Et sørpeskred kan tolkes å bli utløst ved at det danner seg en "propp" av snø/is øverst i vassdraget der det kan samles vannmettede snø/is-masser ("slush") på baksiden. Når proppen løsner vil det kunne komme mye oppsamlet vann/sørpe strømmende nedover. Dersom en slik situasjon skulle oppstå gjelder det å ta hull på proppen før det samler seg for mye vann på baksiden. Ut fra opplysninger som var gitt til Lena Rubensdatter fra NGU fra lokalkjente i Volda, hadde kommunen hatt rutiner på dette tidligere (ukjent hvor langt tilbake i tid).

Basert på tidligere hendelser, prøvegravinger og tolkninger fra NGU og dagens vegetasjon vurderer Multiconsult at sannsynligheten for snøskred og jord- og flomskred på tomten til å være mindre enn 1/5000.

4.3 Steinsprang

Det er ikke registrert spor etter steinsprang i området da denne tomten ligger i et område med lav helningsvinkel og ligger langt fra nærmeste bergskrent. Basert på tidligere hendelser, befaring og kartdata vurderer Multiconsult at sannsynligheten for steinsprang på tomten til å være mindre enn 1/5000.

5 Konklusjon

Basert på befaring, tidligere hendelser, prøvegravinger og tolkninger fra NGU og dagens vegetasjon vurderer Multiconsult at sannsynligheten for snøskred, jord- og flomskred samt steinsprang på tomten til å være mindre enn 1/5000. Dette medfører at det kan anlegges bygg innenfor sikkerhetsklasse S3 med mer enn 10 boenheter.

19/182

Dato: 20.11.2017 Målestokk: 1:500 Koordinatsystem: UTM 32N



REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

1. Innleiing

Møtestad: Møterom 385 ved Volda rådhus	Dato: 22.3.2018
Deltakarar:	
Frå kommunen:	Frå forslagsstillar:
- Heidi Istad, planleggar	- Andre Eiksund, Fjellvegen 2 AS
- Lars Fjærvold, ingeniør VA	- Asbjørn Skotte, Fjellvegen 2 AS
- Berit Sandvik Skeide, planleggar	- Margarida Pais, siv.ark, MP Arkitektur
	- Hallgeir Wuttudal, siv.ing, HA Plan
	- Michel Tollås, byggmester, Lampholmen AS

2. Generelle opplysningar

Namn/arbeidstittel (adresse/stadnamn): PlanID 2018002. Detaljreguleringsplan for gnr. 19, bnr. 182 mfl.
Plantype: ☐ Områdereguleringsplan ☒ Detaljreguleringsplan ☐ Reguleringsendring
Eigedom (gnr./bnr.): 19/182 mfl.
Plankonsulent: HA-PLAN AS
Adresse: Strandgata 44 A, 6270 Brattvåg
Fakturaadresse: Fjellvegen 2 AS, Fjellvegen 2, 6102 Volda
E-post: hallgeir.wuttudal@stayon.no
Tlf.: 70 21 80 11 / 41 28 70 40
Forslagsstillar: Fjellvegen 2 AS
Nasjonal planID: 2018002
Sakshandsamar i kommunen: Berit Sandvik Skeide
E-post: berit.sandvik.skeide@volda.kommune.no
Tlf.: 47 66 93 70

3. Føremål med planarbeidet

Legge til rette for sanering av eksisterande bygningsmasse og omregulere eigedommen til bustadføremål.

4. Planstatus

Plan	Merknad/kommentar:
Kommuneplanen sin arealdel - Avsett til bustadføremål i kommunedelplan for Volda sentrum (planID 2007010) *Reguleringsplan* - Tomta er regulert til offentleg føremål i reguleringsplan for Engeset – Klepp (planID 1984002) 	Problemstilling knytt til skred er kvittert ut. Multiconsult har vurdert området, på vegne av tiltakshavar, januar 2018. Konklusjon, sitat frå rapport: «Basert på befaring, tidligere hendelser, prøvegravinger og tolkninger fra NGU og dagens vegetasjon vurderer Multiconsult at sannsynligheten for snøskred, jord- og flomskred samt steinsprang på tomten til å være mindre enn 1/5000. Dette medfører at det kan anlegges bygg innenfor sikkerhetsklasse S3 med mer enn 10 boenheter».

5. Avklaring av planprogram

Utløyser planen krav om planprogram, jf.§ 4-1 i PBL? Har planen vesentlege verknader for miljø og samfunn?	Merknad/kommentar:
☐ Ja ☒ Nei	

6. Avklaring av konsekvensutgreiing (KU)

Utløyser planen krav om KU, jf. § 4-2 i PBL?	Merknad/kommentar:
☐ Tiltaket krev KU ☐ Plankonsulent må gjere ei vurdering av om prosjektet utløyser krav om KU ☒ Tiltaket krev ikkje KU	Administrasjonen vil legge fram sak for formannskapet vedr. oppstart av planarbeid.

7. Felles handsaming av plan- og byggesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggesak?	Merknad/kommentar:
Nei.	

8. Viktige planfaglege tema for arbeidet - førebels vurdering

Følgjande tema må omtalast nærare av konsulent:	Merknad/kommentar:
Barn og unge sine interesser i planområdet *Teknisk infrastruktur og trafikktilhøve* *Sosial infrastruktur* *Miljøfaglege tilhøve (luft, støy, radon, geoteknikk)* *Universell utforming* *Natur og ressursgrunnlag (landskap, naturmangfald)* *Estetikk/typologi/byggeskikk* *Verneinteresser (biologisk mangfald, fornminne)* *Risiko og sårbarheit (ROS) (flaum, rasfare)* *Levekår og folkehelse* *Medverknad* *Konsekvensar for miljø og samfunn*	

9. Moment det er semje eller usemje om

Moment	Merknad/kommentar:
Teknisk infrastruktur og trafikktilhøve: Lars Fjærvold frå teknisk informerte om VA i området. Kommunen kjenner ikkje til kapasiteten for overvatn og spillvatn. Dette må avklarast nærare. Vassforsyning er ok. Det vil vere uheldig å tilføre meir trafikk til Teinene. Kårstadvegen skal i framtida ha samlevegstatus. Veg med fortau skal inngå i planen. Avfallsløysing. VØR må ha tilkomst for stor bil. Snø/snøopplag. Kvar skal snøen plasserast ? *ROS-analyse* Det må gjennomførast ei ROS-analyse. Fylkesmannen sitt skjema kan nyttast. https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/Sjekkliste/ *Støy* Kårstadvegen er ein av dei viktigaste samlevegane i sentrum, med tidvis stor trafikk. Kommunen krev at det vert gjennomført ei støyvurdering. *Parkering* Det må setjast av tilstrekkeleg areal til parkering. Gjeldande vedtekter vart delt ut i møtet. Det vart også vist til pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel, der det vert lagt inn krav om plassar for sykkelparkering (2 stk. pr. bustad/leiligheit)	

og krav om ladepunkt for elbil. Det vart delt ut kopi av forslag i møtet *Leikeareal* Det vart vist til pågåande arbeid med kommuneplanen sin arealdel, der det vert foreslått at leikeplass skal vere på minst 200 m^2, som kan dekke opp til 25 bueiningar.	

10. Avgrensing av planområdet

Oppstart av planarbeidet skal varslast etter følgjande avgrensing.



11. Gjennomføring

Aktuelle rekkefølgekrav:	Merknad/kommentar:
☒ Tiltaket forutset utbygging/utbetring av kommunal-teknisk anlegg	VA
☒ Tiltaket forutset utbygging/utbetring av annan infra-struktur	Gangveg/fortau

12. Oppstart av planarbeidet

	Merknad/kommentar:
☒ Kommunen rår til oppstart av reguleringsplanarbeid	
☐ Kommunen rår ikkje til oppstart av reguleringsplanarbeid	
☐ Tiltakshavar kan be om at oppstart av reguleringsplan-arbeid vert lagt fram for politisk handsaming	
Planavgrensinga skal godkj. av kommunen før planarbeidet vert kunngjort.	

Annonsetekst, varslingsbrev, varslingsliste og ev. planprogram skal avklarast med kommunen før utsending

13. Komplett planforslag - innhald og materiell

Materiell:	Merknad/kommentar:
Plankart i målestokk 1:1000	
Reguleringsføresegner i PDF og Word-format	
Planomtale med ev. KU i PDF og Word-format	
ROS-analyse	
Planprogram i PDF og Word	
Illustrasjonar og modellar	
Kopi av annonse planoppstart med påført dato	
Kopi av varslingsbrev	
Varslingsliste	
Dokumentasjon av samråds- og medverknadsprosess	
Merknader med konsulent sine kommentarar	
Kopi av utgreiingar, møtereferat, innspel etc.	
Plankart i gjeldande SOSI-format, jf. til ei kvar tid gjeldande Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister	

14. Gebyr

Kommunen sine gebyrsatsar finn ein her:
https://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=18&FilId=4881

1.1 Handsamingsgebyr:
a) Handsamingsgebyr Kr 17 000
Før saka vert teken opp til adm handsaming

1.2 Arealgebyr for reguleringsplanar:
Viss planutvalget avviser planen, skal det betalast 50% av arealgebyret. Sjå under. Viss saka vert krevd lagt fram for kommunestyre, skal det betalast fullt gebyr uavhengig av utfallet av saka.

2.1 Arealgebyr:
a) Fast gebyr inntil 5000 m^2 Kr 25 600
b) For kvar påbyrja 1000 m^2 for areal mellom 5001-30000 m^2 Kr 1 650
c) For kvar påbyrja 10 000 m^2 ut over 30 000 m^2 Kr 3 300

2.2 Konsekvensutgreiing:
Der kommunen er ansvarleg godkjenningsmynde ev. utgifter til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg Kr 25 600

Ved innsending av planforslag, skal konsulent oppgje fakturamottakar.

15. Stadfesting

Informasjonen frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde og andre vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Eventuelle endringar i planen etter offentleg ettersyn, skal gjerast av konsulent.

Volda, 9.april 2018 Berit Sandvik Skeide

PS 66/18 Breibandsutbygging i Volda kommune

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2018/532
		Arkivkode:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
67/18	Formannskapet	17.04.2018

MEKKO KERAMIKKVERKSTAD - SØKNAD OM TILSKOT FRÅNÆRINGSFONDET

Administrasjonen si tilråding:

1. Det vert løyvd kr. 20.000,- til Mekko keramikkverkstad 2018 frå næringsfondet(kraft).

2. ***Utgiftsføring: teneste 325, hovudpost "overføring til andre"***
Finansiering: teneste 325, hovudpost "finansieringsinntekter" Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961)
3. Midlane skal nyttast i samsvar med søknad d.s. 03.03.2018, og vert utbetalt mot framlagt dokumentasjon på kostnader i samsvar med søknaden.

Vedleggsliste:

1. Søknad frå Mekko keramikkverkstad i Halkjelsgata 22 d.s.03.03.2018 om støtte til bygging av nytt ovnsrom

Uprenta saksvedlegg:
Ingen

Samandrag av saka:
Mekko keramikkverkstad i Halkjelsgata 22 søkjer i skriv d.s.03.03.2018 om støtte til bygging av nytt ovnsrom.

Rådmannen tilrår løyving frå Næringsfondet/kraftfondet på kr. 20.000,-

Saksopplysningar/fakta:
Mekko keramikkverkstad i Halkjelsgata 22 søkjer i skriv d.s.03.03.2018 om støtte til bygging av nytt ovnsrom.

Om innhaldet i søknaden syner eg til vedlagde skriv frå Mekko keramikkverkstad.Verkstaden leiger lokale i Halkjelsgata 22 og endringar på huset som har vore gjort dei siste åra, har fått konsekvensar for bruken av ovnane på verkstaden. Det har medført ombygging og nye omnar til ein kostnad på om lag kr. 36.000,- for Mekko keramikkverkstad. Eg syner til nærare utgreiing slik det går fram av søknaden.

Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ombygginga har vore viktig i helse- og miljøperspektiv ikkje berre for bedrifta, men også for dei som bur i 2. etasje i huset.

Økonomiske konsekvensar:
Ei innvilga støtte til dette tiltaket vil ikkje belaste kommunen sitt driftsbudsjett, då midlane vert løyvd frå næringsfond (kraft).

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Vurdering og konklusjon:
Kommunestyret har i Budsjettet for 2018 disponert årets løyving på fondet og det har såleis vore rådmannen som gjennom regelverket har fulgt opp tildelinga. Dersom det elles vert disponert midlar frå fondet, er det formannskapet som etter vedtektene kan gjere det.
Ein ser at midlane som er løyvt til StudiebygdA kjem ikkje til å verte nytta i 2018 og det er såleis høve til å omdisponere midlane som er løyvt til det føremålet.

Etter vedtektene (§4) skal samla støtte for eit prosjekt vanlegvis ikkje overstige 50% av kapitalbehovet for prosjektet, men det kan gjevast inntil 75% støtte ved prosjekt som er særleg viktig for kvinner og ungdom og ved nyetableringar.

Eg syner til at Mekko keramikkverkstad er ein kvinnearbeidsplass og er eit viktig bidrag for «miljøet» i Halkjelsgata. Prosjektet det vert søkt om støtte til, har vore naudsynt for å oppretthalde drifta og det er i samsvar med kommunen sine ynskje om utvikling i sentrum og kva ein ynskjer seg i dette området i sentrum av t.d. nisjebutikkar. Bedrifta har tidlegare ikkje motteke midlar frå næringsfondet/kraftfondet og eg vil tilrå at kr. 20.000,- av midlane avsett til StudiebygdA vert omdisponert til tilskot til Mekko keramikkverkstad for å kunne dekke kostnader i samsvar med søknaden d.s. 03.03.2018

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Volda 3.3.18

Til Volda Kommune/Næringsfondet
att/Asbjørn Moltudal

Søknad om støtte til bygging av nytt ovnsrom

Underteikna har no i 13 år drive Mekko keramikkverkstad i Halkjelsgata 22.
Eg leverer arbeida mine til rundt 20 faste galleri/butikkar i Norge, i tillegg deltek eg på utstillingar og messer rundt omkring i landet. I oktober i fjor vart eg også meddrivar av KRAFT kunstnerfelleskap i Ålesund.

Dei siste åra har det blitt gjort ein del endringar på huset eg leiger i Halkjelsgata, og ei av desse endringane har fått konsekvensar for bruken av ovnane mine. Eg er avhengig av skikkelig avluftingsrør knytt til ovnane som fører varme og avgassar ut i friluft. Avluftingsrøra på ovnane var tidligare kopla til pipeløpet, men det vart oppdaga ei sprekk i pipa, og dei som gjorde reparasjonsjobben fann det best å stenge av pipeløpet frå 2 etg og ned i kjellaren. Konsekvensen for meg vart då at eg mista avluftings-muligheita mi, og med lødemurar tjukke som fjell i dette rommet vart det umulig å fortsette i same romet sidan det vart umulig å bore hol i lødemuren for å kome ut i friluft med røra.
(Gassane som blir produserte under brenning av keramikk er bla CO2, og dei vil ein ikkje ha vandrande rundt i eit hus der det bur folk i 2.etg.)

Eg var nødd til å få bygd eit nytt rom lenger inne i kjellaren der det var grunnmur av betong.

-Romet måtte bestå av doble lag gips i tak og veggar for å vere brannsikkert. (Romet er no ferdig bygd og huseigar Pål Røssevold Hagen stod for kostnadane for gipsplatene.)
-Boring av 3 hol i grunnmuren (betong/stein) for å få på plass skikkelige avluftingsrør som toler 650 grader C, ein ventil og ei ekstern vifte.
-Det vart behov for å flytte dei kraftige ledningane til ovnane (3-fas 25 amp) , samt få generell elektrisitet i det nye romet.

Kostandane på dette prosjektet vert store for meg og kjem ganske kasta på, og eg henvender meg no til Volda kommune/Næringsfondet for å be om støtte for å klare dette. Eg vil få nevne at eg aldri har søkt hverken Volda Kommune eller andre instansar forøvrig om støtte gjennom mitt virke no gjennom 15 år som kunsthandverkar, og eg skulle gjerne sleppe no også, men eg ser at det kan gå ille om eg ikkje får hjelp i denne situasjonen.

Her er ei oversikt over mine kostander:
- Ørsta Vedlikehald: 24000kr (Boring i grunnmur for 3 hol, varmebestandige rør kopla til 2 ovnar samt utføring gjennom yttervegg rør i rør, div ventilar/beslag inkl arbeisdtimar)
- Norvest Elektro : 12000kr -Diverse elektrisk arbeid inkl arb. timar
- TOTALT 36000KR.

Eg søker difor Volda Kommune om støtte på 36 000kr for å få gjennomført dette prosjektet.

Med vennlig helsing
Ingeborg Rørvik Lejon
Mekko keramikkverkstad
Halkjelsgata 22, 6100 Volda

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2018/471
		Arkivkode:	047

Utvalsaksnr	**Utval**	**Møtedato**
68/18	Formannskapet	17.04.2018

FORMANNSKAPET SIN DISPOSISJONSPOST - RAMME TIL ORDFØRAR OG RUTINER FOR HANDSAMING AV SØKNADER OM STØTTE UTANOM ETABLERTE ORDNINGAR

Administrasjonen si tilråding:

1. Ordføraren får fullmakt til å nytte inntil kr 50 000 årleg til representasjon og marknadsføring.

   Retningsliner innanfor ramma:
   I samband med representasjon kan ordførar gi gåver på inn til 5.000 kr. i kvar sak. Om det er behov for større gåver skal det godkjennast av formannsskapet.
   I samband med marknadsføring som er klart i samsvar med Volda kommune sine interesser kan ordførar gi støtte på inn til 5000 kr. i kvar sak. Større tiltak skal godkjennast av formannskapet.

2. Volda kommune har ikkje tilskotsordningar utover kulturmidlar og næringsfondet. For søknader som fell utanfor dette, kan kommunen velje å gi administrativt svar eller leggje søknaden fram for formannskapet. Ordførar sorterer slike saker i lag med administrasjonen, og saker som kan vere aktuelle blir lagt fram for formannskapet utan innstilling. Formannskapet vurderer om det vil setje saka på sakskartet for handsaming, om det skal skrivast sak eller om saka skal svarast på administrativt.

3. Formannskapet kan forøvrig gi løyvingar frå fondet til formål som det finn formålstenleg.

Administrasjonen assisterer ordførar og fører oversikt over løyvde beløp, samt rapporterer forbruk på formannskapet sin disposisjonspost i samband med månadleg budsjettkontroll.

Saksopplysningar/fakta:
Årleg kjem det ein del førespurnader til ordførar om å delta eller stå for opning av ulike arrangement og om annonsestøtte til tidsskrift og aviser. Ordførar i Volda har pr i dag fullmakt til å gje gåver i representasjonsmessig samanheng på ein kostnad på maks 2500 kr. Denne summen har stått uendra sidan 1999 (F-sak 174/99), og det er derfor behov for å auke denne summen. Ordføraren har pr i dag ikkje ei tilsvarande økonomisk ramme til marknadsføring.

Det blir derfor foreslått at ordførar får fullmakt til å nytte inntil kr 50 000 årleg til representasjon og marknadsføring, med eit maksbeløp på inntil 5000 kr pr sak. Dersom det er snakk om større løyvingar, skal desse godkjennast av formannskapet.

Kvart år får Volda kommune søknader om tilskot som fell utanfor ordninga med tilskot frå næringsfondet og frå kulturmidlane. Fram til no har slike søknader fått avslag (administrativt) med grunngjeving i at det ikkje er sett av midlar til dette i budsjettet.
Det blir foreslått å gjere ei endring i rutina, slik at ordførar sorterer slike saker i lag med administrasjonen, og saker som kan vere aktuelle blir lagt fram for formannskapet utan innstilling. Formannskapet vurderer om det vil setje saka på sakskartet for handsaming, om det skal skrivast politisk sak eller om saka skal svarast på administrativt.

For saker der det ikkje er etablert ordning med tilskot, så ligg det heller ikkje føre rettar eller plikter, jfr forvaltningslova sine føresegner om enkeltvedtak etter forvaltningslova. For slike saker er det ikkje klagerett.

Denne saka er av ein slik karakter at ho ikkje vert vurdert etter i høve helse og miljø, samt kommuneplanen.

Økonomiske konsekvensar:
Formannskapet sin disposisjonspost vert redusert tilsvarande dei beløpa som blir løyvd. Det vil verte ført oversikt over løyvde beløp og rapportert om dette i samband med månadsrapporteringa.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Nei

Vurdering og konklusjon:
Det er behov for å auke rammene for dei midlane ordførar kan nytte til representasjon og marknadsføring, og å få etablert ei ordning for søknader om støtte som fell utanom dei etablerte ordningane.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/548
		Arkivkode:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
69/18	Formannskapet	17.04.2018
	Kommunestyret	

OVERFØRING AV INVESTERINGAR FRÅ 2017 TIL 2018

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner overføringar av investeringsprosjekt frå 2017 til 2018 slik det går fram av tabell i saksframlegget. Samla netto investeringsramme utgjer kr. 55 328 794 og vert finansiert med låneopptak.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:
I budsjettarbeidet inn mot 2018 vart det gjort eit arbeid for å rydde opp i investeringsprosjekt og få ein realisme med det som var budsjettert og gjennomføringsevne. Det vart gjort ei vurdering på kva prosjekt som skulle vidareførast til 2018 og stipulert restbeløp vart lagt inn som «nye» tiltak/prosjekt inn mot budsjett 2018. Når rekneskapen for 2017 no er gjort opp ser vi at det er prosjekt som står att med ei restramme i 2017 som må overførast til 2018. Samla sett ber vi om å få overføre ei investeringsramme på vel 55,3 mill kr utan mva. Dette må finansierast med låneopptak.

Saksopplysningar/fakta:

Det er følgjande prosjekt og budsjettrammer som vi no ønskjer overført til budsjett 2018:

Prosjekt	Konto	Overføring til 2018
Interkommunale IKT investeringar	Kjøp av tenester frå andre kommunar	944 293,45
Interkommunale IKT investeringar	Bruk av lån	-944 293,45
Interkommunale IKT investeringar		
Oppgradering Win Tid/Min Tid	Kjøp av driftsmiddel	42 108,00
Oppgradering Win Tid/Min Tid	Moms-utgift investering med kompensasjon	10 527,00
Oppgradering Win Tid/Min Tid	Moms-kompensasjon investering	-10 527,00
Oppgradering Win Tid/Min Tid	Bruk av lån	-42 108,00
Oppgradering Win Tid/Min Tid		**0,00**
Volda u-skule, opprusting	Konsulenttenester	240 000,00
Volda u-skule, opprusting	Moms-utgift investering med kompensasjon	60 000,00
Volda u-skule, opprusting	Moms-kompensasjon investering	-60 000,00
Volda u-skule, opprusting	Bruk av lån	-240 000,00
Volda u-skule, opprusting		
Ny Øyra skule (ki)	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	16 467 998,00
Ny Øyra skule (ki)	Moms-utgift investering med kompensasjon	4 116 999,00
Ny Øyra skule (ki)	Moms-kompensasjon investering	-4 116 999,00
Ny Øyra skule (ki)	Bruk av lån	-16 467 998,00
Ny Øyra skule (ki)		
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 000 000,00
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	Moms-utgift investering med kompensasjon	250 000,00
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	Moms-kompensasjon investering	-250 000,00
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	Bruk av lån	-1 000 000,00
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging		
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 000 000,00
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	Moms-utgift investering med kompensasjon	250 000,00
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	Moms-kompensasjon investering	-250 000,00
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	Bruk av lån	-1 000 000,00
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen		
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	4 520 394,00
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)	Konsulenttenester	1 613 376,00
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)	Moms-utgift investering med kompensasjon	-1 613 376,00
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)	Bruk av lån	-4 520 394,00
ROP (rus og psykisk helse) 7 stk (midl.bustadar)		
Oppgradering Prestagata 33	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	859 014,00
Oppgradering Prestagata 33	Moms-utgift investering med kompensasjon	268 739,00
Oppgradering Prestagata 33	Moms-kompensasjon investering	-268 739,00
Oppgradering Prestagata 33	Bruk av lån	-859 014,00
Oppgradering Prestagata 33		
EPC opsjon etablering 3. etg - Ivar Åsen bygget	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	500 000,00

Prosjekt	Konto	Overføring til 2018
EPC opsjon etablering 3. etg - Ivar Åsen bygget	Moms-utgift investering med kompensasjon	125 000,00
EPC opsjon etablering 3. etg - Ivar Åsen bygget	Moms-kompensasjon investering	-125 000,00
EPC opsjon etablering 3. etg - Ivar Åsen bygget	Bruk av lån	-500 000,00
EPC opsjon etablering 3. etg - Ivar Åsen bygget		
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	500 000,00
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering	Moms-utgift investering med kompensasjon	125 000,00
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering	Moms-kompensasjon investering	-125 000,00
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering	Bruk av lån	-500 000,00
Barneavlastinga - ombygging/oppgradering		
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	688 183,00
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	Moms-utgift investering med kompensasjon	272 067,10
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	Moms-kompensasjon investering	-272 067,00
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	Bruk av lån	-688 183,00
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket		
Friluftsliivstiltak (rt)	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	637 080,00
Friluftsliivstiltak (rt)	Moms-utgift investering med kompensasjon	159 270,00
Friluftsliivstiltak (rt)	Moms-kompensasjon investering	-159 270,00
Friluftsliivstiltak (rt)	Bruk av lån	-637 080,00
Friluftsliivstiltak (rt)		
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	12 278 531,00
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)	Moms-utgift investering med kompensasjon	3 485 831,00
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)	Moms-kompensasjon investering	-3 485 831,00
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)	Bruk av lån	-12 278 531,00
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)		
Næringsområde Øvre Rotset	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	6 377 998,00
Næringsområde Øvre Rotset	Moms-utgift investering med kompensasjon	1 693 099,00
Næringsområde Øvre Rotset	Moms-kompensasjon investering	-1 693 099,00
Næringsområde Øvre Rotset	Bruk av lån	-6 377 998,00
Næringsområde Øvre Rotset		
Kommunal del sentrumsutvikling	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	6 666 954,00
Kommunal del sentrumsutvikling	Moms-utgift investering med kompensasjon	1 676 170,00
Kommunal del sentrumsutvikling	Moms-kompensasjon investering	-1 676 170,00
Kommunal del sentrumsutvikling	Bruk av lån	-6 666 954,00
Kommunal del sentrumsutvikling		
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	500 000,00
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	Moms-utgift investering med kompensasjon	125 000,00
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	Moms-kompensasjon investering	-125 000,00
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	Bruk av lån	-500 000,00
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp		
Sambindingsveg over Håmyra	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	932 587,00
Sambindingsveg over Håmyra	Moms-utgift investering med kompensasjon	233 147,00

Prosjekt	Konto	Overføring til 2018
Sambindingsveg over Håmyra	Moms-kompensasjon investering	-233 147,00
Sambindingsveg over Håmyra	Bruk av lån	-932 587,00
Sambindingsveg over Håmyra		
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	600 559,00
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	Moms-utgift investering med kompensasjon	150 140,00
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	Moms-kompensasjon investering	-150 140,00
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	Bruk av lån	-600 559,00
Full rehabilitering av Skinnvikbrua		
Nødnett (RIH)	Kjøp av driftsmiddel	389 610,00
Nødnett (RIH)	Moms-utgift investering med kompensasjon	97 402,00
Nødnett (RIH)	Moms-kompensasjon investering	-97 402,00
Nødnett (RIH)	Bruk av lån	-389 610,00
Nødnett (RIH)		
Feiing	Kjøp av driftsmiddel	183 484,00
Feiing	Bruk av lån	-183 484,00
Feiing		
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	2 238 627,00
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	Moms-utgift investering med kompensasjon	297 877,00
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	Moms-kompensasjon investering	-297 877,00
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset	Bruk av lån	-2 238 627,00
Etablering 2 bustadsmodular - Rotset		
Utviding av Mork barnehage	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 461 422,00
Utviding av Mork barnehage	Moms-utgift investering med kompensasjon	377 678,00
Utviding av Mork barnehage	Refusjon frå andre (private)	-235 000,00
Utviding av Mork barnehage	Moms-kompensasjon investering	-377 678,00
Utviding av Mork barnehage	Bruk av lån	-510 318,00
Utviding av Mork barnehage	Bruk av ubundne investeringsfond	-716 104,00
Utviding av Mork barnehage		
Mork skule - kapasitetsutviding	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	438 756,53
Mork skule - kapasitetsutviding	Moms-utgift investering med kompensasjon	119 921,87
Mork skule - kapasitetsutviding	Moms-kompensasjon investering	-119 921,87
Mork skule - kapasitetsutviding	Bruk av lån	-438 756,53
Mork skule - kapasitetsutviding		

Helse og miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:
Overføringa av investeringsmidlar krev nytt låneopptak. Rente og avdrag for dette låneopptaket ligg allereie i gjeldande økonomiplan då vi i budsjettarbeidet vurderte desse midlane som nytta i 2017.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Investeringsbudsjettet til Volda kommune er framleis ambisiøst med store investeringsprosjekt. Det er viktig at vi heile tida har fokus på prioritering og gjennomføringsevne. Eit av tiltaka for å få til dette er at det vart lagt fram ei eiga sak til kommunestyret (22.03.18) der dei største prosjekta er sett opp etter prioritet med prosjektleiar og forventa ferdigstilt. For å få ferdigstilt desse prosjekta er det viktig at vi overfører restrammene frå år 2017 til år 2018 slik det går fram av tabellen over. Vi rår difor til at kommunestyret godkjenner denne overføringa og dermed eit låneopptak på kr. 55 328 794.

Rune Sjurgard	Kari Mette Sundgot
Rådmann	Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2016/706
		Arkivkode:	251

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
70/18	Formannskapet	17.04.2018
	Kommunestyret	

STARTLÅN 2018 - OPPTAK AV LÅN

Administrasjonen si tilråding:
Volda kommunestyre godkjenner låneopptak knytt til startlånsmidlar i Husbanken pålydande 5 million kroner for år 2018.

Vedleggsliste:
Tildelingsbrev frå Husbanken, datert 22.01.18

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:
Det vert vist til vedlagt tildelingsbrev frå Husbanken som viser at Volda kommune har fått innvilga kr 5 mill i startlånsmidlar. Tidlegare år har dette låneopptaket vore ein del av økonomiplan vedtaket. For 2018 vart dette gløymt så låneopptaket må godkjennast i eiga sak. Til informasjon vart det i år søkt om 7 mill kroner. Som det går fram av tildelingsbrevet har ikkje Husbanken fordelt alle midlar og kommunane kan søke om meir innan 1. september om det er behov for dette.

Saksopplysningar/fakta:

Helse og miljøkonsekvensar:
Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.

Økonomiske konsekvensar:

Kapitalkostnadar knytt til startlån vert finansiert av dei som får startlån og låneopptaket har dermed ikkje økonomisk kostnad for kommunen. Volda kommune har eit tapsfond ståande som vil dekkje risikoen om lånetakar ikkje gjer opp for seg. Samtidig så må vi presisere at risikoen for kommunen berre utgjer 25 % då Husbanken tar 75 % risiko.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har alle år tatt opp startlån for å vidareformidle dette til innbyggjarar. Dette er eit tilbod som er viktig for fleire for å få sin eigen bustad. Talet på søkjarar kan variere frå 5 til 15 pr. år. I 2017 kom der ei endring der startlån ikkje lenger vert rekna som eigenkapital. Denne endringa har medført at bustadar vert fullfinansiert med startlån. Dermed mindre tildelingar, men med høgare lånebeløp. Satsingsgruppa frå Husbanken si side for 2018 er flyktningar i kommunale bustadar. Målet er at denne gruppa skal kunne eige sin eigen bustad. Vi rår til at kommunestyret godkjenner låneopptaket pålydande 5 mill kroner i Husbanken knytt til startlån.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Husbanken
Retur: Husbanken
Postboks 1404, 8002 BODØ

Deres dato	Deres referanse
22.01.2018	
Vår dato	**Vår referanse**
07.03.2018	2018/3344- 2
	610/14638287

VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE
Saksnr. 16/706 Avd. Øko
Løpenr. Shs. Faksen kopi:
6 APR 2018 Bodleks
Arkivdel:
Klassering P:
Klassering S:

Tildeling av startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing av bustad for 2018

Husbanken viser til søknad om vidaretildelingsmiddel for 2018.

Kommunar med dei største bustadsosiale utfordringane blir prioritert når Husbanken behandlar søknaden om startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing av bustad. Ramma for tilskot til etablering og tilskot til tilpassing er avgrensa, og kommunar med dei største bustadsosiale utfordringane blir prioritert.

Husbankens vedtak

Husbanken har bevilga kommunen

- **5.000.000,- kr** i startlånsmidlar
- **200.000,- kr** i tilskot til etablering

Husbanken tildeler heile søknadsbeløpet med ein gong. Om behovet for startlån endrar seg i løpet av året kan de søkje om ytterlegare midlar. Søknadsfristen er **15. september.**

Husbanken har ikkje bevilga tilskot til tilpassing fordi:

- Kommunen sine bustadsosiale utfordringar gir ikkje grunnlag for prioritering i denne omgang.

Kva må de gjere for å få startlånet utbetalt?

Tilskot vil bli utbetalt innan kort tid, dersom Husbanken har motteke

- underskrevet låneavtale
- stadfesta på kommunestyret sitt lånevedtak

Dersom kommunen er oppført i registeret for godkjenning og kontroll, må òg Fylkesmannens godkjenning leggjast ved som dokumentasjon. Dokumenta skal sendast til:

Husbanken, Postboks 1404, 8002 BODØ

De har tre månaders frist frå bevillinga er gitt. Etter dette fell bevillinga bort.

Kunngjering

Kommunane skal kunngjere tilskot til etablering og tilskot til tilpassing. Korleis de kunngjer ordningane finn de på side 21 i «Veileder frå Finansdepartementet - om etablering og forvaltning av tilskuddsordninger i staten". Vi ønskjer òg at startlånet vert kunngjert, slik at denne ordninga blir betre kjent blant kommunen sine innbyggjarar.

Vår kontaktperson	Besøksadresse	Sentralbord	Kontonr.
Vigdis Ulleberg	Peter Egges plass 2, Trondheim	22 96 16 00	6345.05.03594
Tlf. 73 89 23 04			Org.nr.
vigdis.ulleberg@husbanken.no	post@husbanken.no	www.husbanken.no	942 114 184

Overføring mellom føremåla

Frå 2016 kan kommunane kunne overføre mellom tildelte midlar på tilskot til etablering og tilskot til tilpassing.

Kva skal startlånet og tilskot til etablering brukast til?

Eit av Husbankens mål er å medverke til at fleire langvarig vanskelegstilte på bustadmarknaden skal kunne eige sin eigen bustad. Eit nasjonalt mål er å hjelpe fleire vanskelegstilte barnefamiliar til å kjøpe eigen bustad. Dette gjeld særleg familiar som leiger kommunal bustad, men også familiar som har ein ustabil busituasjon i ein ueigna privat utleigebustad. Startlån og tilskot brukt i refinansiering er gode verkemiddel for å unngå at barnefamiliar mister bustaden på grunn av høge buutgifter.

Startlån og tilskot til etablering er også viktige verkemiddel for å busetje flyktningar. Flyktningar som leiger bustad og som har ein stabil økonomisk situasjon, bør få høve til å kjøpe sin eigen bustad. Flyktningar reknast som vanskelegstilte på bustadmarknaden, og skal prioriterast ved tildeling av startlån og tilskot.

Det konkrete målet for 2018 er at kommunane skal gi minst 50% av alle startlån og tilskot til etablering til barnefamiliar.

Frå 2017 kan ein og gje tilskot til etablering til utbetring av bustad som er nødvendig for at bustaden fortsatt skal være mogleg å bu i og egna for bebuar over tid. Målretta bruk av startlån, tilskot og bustønad, der verkemidla blir sett i samanheng, er viktig for å nytte seg av potensialet i ordningane. De bør nytte dykk av mogelegheita for lang nedbetalingstid på startlånet ved utmåling av tilskot. Ved risiko for redusert inntekt i kortare eller lengre periodar i framtida, vil bustønad vere eit risikodempande verkemiddel saman med mogelegheit for forlenga nedbetalingstid og/eller avdragsfrihet i ein periode. Meir informasjon finner de i «veileder for saksbehandling av startlån i kommunene» (HB 7.C.17).

Kva skal tilskot til tilpassing brukast til?

Tilskotet skal medverke til at personer med behov for tilpassa bustad får finansiering til dette, samt auke tilgjengelegheit i bustadmassen. Det skal leggjast vekt på at behovet for tilpassinga er av varig karakter. Tilskotet kan heilt eller delvis dekkje godkjente kostnader ved tilpassinga, og kan bli gitt både til nye og eksisterande bustader.

Familiar med funksjonshemma barn skal vere høgt prioritert ved tildeling av tilskot. Det er vidare klart at søkjar som har eit dokumentert behov skal prioriterast framfor dei som ønskjer å leggje til rette for eit framtidig behov. Dei som har størst behov skal prioriterast. For meir informasjon om korleis kommunen skal prioritere tilskotet, sjå «Rettleiar for tilskot til tilpassing» (HB 8.B.27).

Rente- og avdragsvilkår

Startlån er gitt med flytande rente som annuitetslån med totalt 25 års løpetid, jamfør vedlagte betalingsplan. Dersom kommunen ønskjer fastrente, ta kontakt med Husbanken etter utbetaling.

Avsetting til tapsfond

I 2018 kan det berre unntaksvis setjast av midlar til eit tapsfond. Husbanken vil gå grundig gjennom kommunen sin låneportefølje før ein søknad blir løyvd. Kommunar som har behov for å setje av midlar i eit tapsfond må søkje Husbanken om dette innan **01.09.18.**

Rapportering og kontroll

Kommunen skal rapportere om bruken av startlån og tilskot.

- Saker som ikkje er registrert i StartSak eller StartSkudd skal fortløpande rapporterast i StartRap.
- Alle kommunar må sende inn årsrapportering for 2018 i StartRap i februar 2018. Rapporten skal òg innehalde opplysningar om tap, tapsfond, rentepåslag og gebyr.

Dei som er usikre på korleis det rapporterast i StartRap, finn informasjon om dette rettleiaren «Veileder for rapportering på startlån og tilskot til tilpasning og etablering» (HB 7.C.19)
Husbanken og Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan kontrollere at kommunane tildeler og forvaltar midlane i samsvar med forskrift om startlån, og forskrift om tilskot til etablering og tilpassing av bustad med meir.

Ikkje mogelegheit til å klage

Husbankens avgjerd er ikkje eit enkeltvedtak, og dette vedtaket kan difor ikkje klagast på.

Informasjon

Ta gjerne kontakt med dykkar regionale kontor for meir informasjon. De kan òg lese meir om ordningane på www.husbanken.no.

Aktuelt regelverk

- Startlån skal vidaretildelast i samsvar med forskrift om startlån.
- Rente- og avdragsvilkåra er regulert i forskrift om rente- og avdragsvilkår for lån i Husbanken og utfyllande avgjerder i retningslinjer om rente- og avdragsvilkår (HB 4.B.5).
- Tilskota skal vidaretildelast i samsvar med forskrift om tilskot til etablering og tilpasning av bolig, med mer.
- Retningslinjer om tilskot til tilpasning av bolig med mer (HB 8.B.28).
- Retningslinjer om tilskudd til etablering i egen bolig (HB 8.B.29).

Helsing
HUSBANKEN

Per Ove Jensen
Avdelingsdirektør

Vigdis Ulleberg
Rådgiver

Vedlegg
Låneavtale og betalingsplan

Undertegnede **Volda kommune,** org.nr. **939760946,**
erkjenner å skylde Husbanken, org.nr. 942114184,

kr 5 000 000 ,- femmillionerkroner.

Rente- og avdragsvilkårene fastsettes av Kommunal- og moderinseringsdepartementet og Husbanken etter retningslinjer vedtatt av Stortinget. For tiden fastsettes renten på grunnlag av renteutviklingen i markedet. Stortinget kan endre retningslinjene.

Rentevilkår

Flytende rente - nominell rente 1,584 % pr. år. - effektiv rente 1,593 % pr. år.

Den oppgitte renten er gyldig fram til neste justering. Den flytende renten i Husbanken kan endres inntil seks ganger i året. Renten beregnes og forfaller til betaling etterskuddsvis. I beregning av effektiv rente inngår for tiden termingebyr. Effektiv rente beregnes i samsvar med Forskrift om låneavtaler.

Husbanken kan ensidig endre renten på grunnlag av renteutviklingen i markedet og/eller etter vedtak av departementet eller Stortinget. Ved renteendringer reguleres terminbeløpet slik at avtalt løpetid opprettholdes. Renteendringer varsles minst 6 uker før iverksettelse. Renteendringer, som skjer før lånet er utbetalt, må låntaker selv holde seg orientert om på www.husbanken.no eller ved å kontakte Husbanken.

Nedbetalingsvilkår

Lånet gis som annuitetslån uten avdragsfri periode og med en total løpetid på 25 år. Etter avtale med Husbanken kan nedbetalingsvilkårene eventuelt endres. Ytterligere opplysninger om nedbetaling av lånet framgår av vedlagte betalingsplan.

Renter og avdrag betales uoppfordret innen forfallsdager som banken bestemmer. Lån med flytende rente kan til enhver tid innfris helt eller delvis uten at det påløper ekstra kostnader.

Gebyrer

Hver termin belastes med et gebyr. Gebyret er for tiden kr 30,-.

Husbanken kan ensidig endre og innføre nye gebyrer når endringen er saklig begrunnet ut fra endringer i bankens kostnader eller i omlegging av bankens gebyrstruktur. Endringer varsles minst 6 uker før iverksettelse.

Forsinket betaling

Innbetalinger anses først å være skjedd når beløpet er godskrevet Husbankens konto. Betales ikke renter og avdrag i rett tid, skal det fra forfall svares forsinkelsesrente fastsatt med hjemmel i forsinkelsesrenteloven av 17. desember 1976.

Låntakerens plikter

Låntakeren forplikter seg til å oppfylle de vilkår som fremgår av bevilgningsbrev og låneavtale.

Husbankens rett til å kreve full innfrielse

Husbanken har rett til å kreve full innfrielse straks hvis

- låntaker vesentlig misligholder låneavtalen
- det er gitt uriktige eller ufullstendige opplysninger til Husbanken som låntaker forsto eller burde ha forstått kunne ha vesentlig betydning for Husbanken

Dersom låntaker ikke straks betaler Husbankens kostnader, herunder gebyrer ved eventuell inndrivelse av gjelden (purregebyr og lignende), kan banken belaste lånekontoen for utgiftene eller kreve utgiftene dekket på annen måte.

Utbetalingsfullmakt

Husbanken har ugjenkallelig fullmakt til å utbetale lånet til kommunen på konto nr. 3991.07.81727.

Aksept av lånevilkår

Vedlagt betalingsplan er en del av låneavtalen. Undertegnede bekrefter å ha mottatt betalingsplan.

Denne låneavtalen er utferdiget i to eksemplarer hvorav låntaker beholder det ene. Undertegnede aksepterer med dette vilkårene i denne avtalen.

---------- ----------

(Sted) (Dato)

---------- ----------

(Stempel og underskrift av ordfører) (Gjentas med blokkbokstaver)

Dersom andre enn ordføreren undertegner avtalen, skal det legges ved dokumentasjon som viser at vedkommende kan forplikte kommunen.

Ved retur av låneavtalen skal kommunen legge ved:
Utskrift av kommunestyrets lånevedtak datert ……., sak nr……
Kopi av Fylkesmannens godkjenning datert ……., hvis kommunen i henhold til kommuneloven §60 nr. 1 er oppført i registeret om betinget godkjenning og kontroll.

Vedlegg: Betalingsplan

Dato: 06.03.2018 HTVU

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksnr
14638287 4

STARTLÅN VIDEREUTLÅN - ANNUITETSLÅN - FLYT

Lånebeløp i kr	5,000,000		
		Effektiv rente i %	1.593
Løpetid i år	25	Gebyr pr. termin i kr	30.00
Avdragsfri periode i år	0	Totalkostnad	6,081,926.05
Terminer pr år	2	Herav renter og gebyrer	1,081,926.05

For tiden er den flytende renten 1,584%. Denne betalingsplanen forutsetter uendret rente resten av lånets løpetid.
Rente- og avdragsvilkårene fastsettes av departementet og Husbanken etter retningslinjer vedtatt av Stortinget.
For tiden fastsettes renten på grunnlag av renteutviklingen i markedet.

Betalingsplanen viser terminbeløp/årlige beløp for et lån som blir utbetalt inneværende måned. Endelig betalingsplan utstedes først ved utbetaling av lånet.

Tabellen nedenfor viser hva som må betales i renter, avdrag og evt. gebyrer for hver termin i hele lånets løpetid.

TERMIN/ÅR	RENTER/GEBYR	AVDRAG	Å BETALE	RESTGJELD
01.10.2018	45,380	81,787	127,167	4,918,213
01.04.2019	38,875	82,650	121,525	4,835,563
01.10.2019	38,432	83,094	121,526	4,752,469
01.04.2020	37,721	83,804	121,525	4,668,665
01.10.2020	37,005	84,520	121,525	4,584,145
01.04.2021	36,186	85,338	121,524	4,498,807
01.10.2021	35,758	85,768	121,526	4,413,039
01.04.2022	34,885	86,640	121,525	4,326,399
01.10.2022	34,388	87,137	121,525	4,239,262
01.04.2023	33,512	88,013	121,525	4,151,249
01.10.2023	32,997	88,527	121,524	4,062,722
01.04.2024	32,251	89,275	121,526	3,973,447
01.10.2024	31,499	90,026	121,525	3,883,421
01.04.2025	30,660	90,866	121,526	3,792,555
01.10.2025	30,149	91,376	121,525	3,701,179
01.04.2026	29,263	92,263	121,526	3,608,916
01.10.2026	28,690	92,834	121,524	3,516,082
01.04.2027	27,801	93,725	121,526	3,422,357
01.10.2027	27,209	94,316	121,525	3,328,041
01.04.2028	26,424	95,102	121,526	3,232,939
01.10.2028	25,634	95,891	121,525	3,137,048

14638287 4 forts. ANNUITETSLÅN

TERMIN/ÅR	RENTER/GEBYR	AVDRAG	Å BETALE	RESTGJELD
01.04.2029	24,773	96,752	121,525	3,040,296
01.10.2029	24,175	97,351	121,526	2,942,945
01.04.2030	23,274	98,251	121,525	2,844,694
01.10.2030	22,621	98,904	121,525	2,745,790
01.04.2031	21,717	99,809	121,526	2,645,981
01.10.2031	21,043	100,482	121,525	2,545,499
01.04.2032	20,218	101,307	121,525	2,444,192
01.10.2032	19,387	102,138	121,525	2,342,054
01.04.2033	18,502	103,023	121,525	2,239,031
01.10.2033	17,811	103,714	121,525	2,135,317
01.04.2034	16,895	104,631	121,526	2,030,686
01.10.2034	16,157	105,368	121,525	1,925,318
01.04.2035	15,236	106,289	121,525	1,819,029
01.10.2035	14,476	107,050	121,526	1,711,979
01.04.2036	13,607	107,918	121,525	1,604,061
01.10.2036	12,734	108,791	121,525	1,495,270
01.04.2037	11,823	109,702	121,525	1,385,568
01.10.2037	11,033	110,492	121,525	1,275,076
01.04.2038	10,100	111,425	121,525	1,163,651
01.10.2038	9,271	112,254	121,525	1,051,397
01.04.2039	8,334	113,192	121,526	938,205
01.10.2039	7,480	114,044	121,524	824,161
01.04.2040	6,566	114,960	121,526	709,201
01.10.2040	5,646	115,879	121,525	593,322
01.04.2041	4,709	116,816	121,525	476,506
01.10.2041	3,814	117,711	121,525	358,795
01.04.2042	2,863	118,662	121,525	240,133
01.10.2042	1,937	119,588	121,525	120,545
01.04.2043	982	120,545	121,527	0

Lengden på første termin avhenger av utbetalingsdato og vil variere fra 6 til 7 måneder. Renten beregnes etterskuddsvis.

Av renter og avdrag som ikke betales i rett tid, betales det forsinkelsesrente.

Post: Postboks 2438 Sluppen
7005 TRONDHEIM
Besøk: Peter Egges plass 2
Kontonr: 6345 05 03594 Tlf: 22961600
Org. nr: 942 114 184 Fax:
firmapost.trondheim@husbanken.no

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2016/1854
		Arkivkode:	U01

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
71/18	Formannskapet	17.04.2018
	Kommunestyret	

SUNNMØRE KULTURNÆRINGSHAGE - TILSKOT TIL ETABLERING AV SMIA UTVIKLING I HORNINDAL.

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommune sluttar seg til konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i rapporten «Ny næring på gamle tufter».

2. Volda kommune yter tilskot til Sunnmøre kulturnæringshage på kr. 435.000,- for 2018 og kr. 834.000,- for 2019 til prosjekt «Smia utvikling».

3. Løyvinga vert å dekke over disposisjonsfond for Volda kommune.

4. Hornindal kommune stiller gratis kontorstad på kommunehuset til disposisjon for Smia utvikling.

5. Volda kommune føreset at Hornindal kommune yter sin del av tilskotet.

Vedleggsliste:

05.04.2018	Sluttrapport Ny næring endelig versjon
10.04.2018	Søknad om tilskot til etablering og drift av Smia Utvikling 2018-2019

Samandrag av saka:
Sunnmøre Kulturnæringshage søkjer kommunane Hornindal og Volda om tilskot til å etablere Smia Utvikling. Dei søkjer om kr. 490.000,- for inneverande år og kroner 940.000,- for 2019.

I samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar, har **Sunnmøre Kulturnæringshage** med tilskot frå kommunane gjennomført eit forprosjekt for å kartlegge moglegheitene for etablering av ei avdeling på Grodås. Forprosjektet har vore finansiert av kommunane Hornindal, Volda, Ørsta og Stranda, og har tatt utgangspunkt i notatet «Ny næring på gamle tufter». Den praktiske gjennomføringa av forprosjektet er utført av Metafor ved Else Ragni Yttredal og Kirsti lndreeide.

Saksopplysningar
Rapporten frå forprosjektet ligg no føre og Sunnmøre Kulturnæringshage legg tilrådingane i rapporten til grunn og foreslår oppretting av ei avdeling av Sunnmøre Kulturnæringshage i kommunehuset Smia på Grodås.

Avdelinga skal i fyrste omgang ha ei 100% stilling som skal fokusere på naturbaserte næringar, dvs. utvikling av næringsverksemd i skjeringsfeltet mellom landbruk, natur, kultur og turisme.

Sunnmøre Kulturnæringshage føreslår at avdelinga på Grodås skal heite «Smia utvikling» og einінga skal fungere som ei førstelineteneste ut mot næringsdrivande. Einінga vil ha næringshagefunksjonar og hoppid.no tenester for innbyggarane og gi tilbod om kontorplass og samlokalisering for bedrifter. Vi foreslår at einінga har driftsstart i august 2018 og at ein fram til desember 2019 har fokus på tenester til næringsdrivande og gründerar i Volda og Hornindal.

Vurdering og konklusjon:
Bakgrunn for prosjektet er arbeidet med bygging av nye Volda kommune. I dette arbeidet vart det tidleg klart at Hornindal og Volda kommunar har sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal. Dette er interesser som også andre nabokommunar har, og ein tek sikte på å invitere andre kommunar in i Smia utvikling på sikt.

Forprosjektet har hatt følgjande målsettingar:

1. «I tett samarbeid med aktørar å utvikle kunnskap om tilhøva i området (kva som er etablert – erfaringar m.m.) og systematisk analysere sterke og svake sider og moglegheiter og truslar.

2. Kartlegge og mobilisere aktuelle utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging.

3. Saman med utviklingsaktørar i området, utvikle strategiar for utvikling og innovasjon og utvikle detaljert prosjektplan for hovudprosjektet fram til 1. januar, 2020.

4. Setje i gang konkrete tiltak på område der dette er føremålstenleg.» (Sitat frå forprosjektskisse.)

Rapporten syner at mangesysleriet og små bedrifter er viktige for regionen både innafor naturbasert næring og elles. Allereie tidleg i prosjektet utkrystalliserte det seg eit behov for ein type «førstelineteneste» som skulle arbeide direkte ut mot bedriftene «bottom-up». Det ser elles ut til å vere stor semje om at ei slik einіng skal prioritere:
1. Kompetanseheving, nettverk og motivasjon og
2. Støttefunksjonar. Utfyllande informasjon knytt til alt over å finne i hovuddelen av rapporten

Forprosjektet foreslår ei vidareføring av arbeidet for å fremje naturbaserte næringar gjennom å etablere ei utviklingseining med fokus på «naturbaserte næringar» i breitt.
Omfatta av omgrepet «naturbaserte næringar» er bedrifter innafor landbruk, natur, kultur og reiseliv og bedrifter i skjeringsfeltet mellom desse.

Utviklingseininga skal fungere som ei «førstelineteneste» ut mot næringsdrivande.

Slik det kjem fram i rapporten vil eit hovudmål vere å sikre eksisterande og utvikle nye arbeidsplassar innanfor naturbaserte næringar. Ein vurderer at dette prosjektet vil vere viktig for å skape ny utvikling og vere ein sentral aktør saman med lokalt næringsliv for å skape ny aktivitet i kommunane. Det er lagt opp til at Smia Utvikling skal vere ei underavdeling av Sunnmøre kulturnæringshage i Volda. Ambisjonen er å starte opp avdelinga frå august 2018. Ein ser føre seg at ein opererer med ei oppstartsfase i 2018 og 2019 og at ein går over i driftsfasen frå 2020.

Etter rådmannen sitt syn gjev prosjektrapporten eit godt bilete av saka, og ein vil rå til at ein gjev tilslutnad til dei konklusjonar og tilrådingar som ligg i rapporten. Ein vil likevel peike på at prosjektet bør ha som mål at det skal vere sjølvfinansierande frå og med 2020. Fram mot 2020 vil ein innstille på at det vert ytt kommunalt tilskot.

Det vert i rapporten tilrådd at prosjektet skal ha hovudtilhaldsstad på kommunehuset Smia i Hornindal. Ein har frå Hornindal kommune si side vore positive til dette, og har gjeve tilsagn om at ein her vil stille kontorlokalitetar til fri disposisjon. Ein ser at dette prosjektet vil vere med å gje eit meir allsidig tilbod på Smia, og ein vil kunne oppnå gode synergiar i fagmiljøet fram mot 2020.

Kommuneplan - Samfunnsdelen:
Med tanke på kommunen sin samfunnsplan og målsetting om å kunne tilby ein variert arbeidsmarknad ligg dette prosjektet ligg godt til rette for å oppfylle strategien om å *«Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-,skog- og fjordbruk, og næringar knytt opp mot desse».*

Prosjektet kan også medverke til bygge opp om Nye Volda kommune si målsetting om styrking av regionen som handels-, kultur og opplevingsdestinasjon.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen synbare

Økonomiske konsekvensar:
Det vert frå Sunnmøre kulturnæringshage søkt om tilskot på kr. 490.000,- for inneverande år og kr. 940.000,- for 2019. Beløpet samsvarar med budsjettframlegget som er skissert i rapporten. Etter å ha drøfta saka med rådmannen i Hornindal, vil ein rå til at beløpet vert fordelt mellom Volda og Hornindal kommune etter folketal. Det betyr at for Volda sitt vedkomande vil søknadsbeløpet utgjere kr. 435.000,- for 2018 og kr. 834.000,- for 2019. Hornindal kommune skal bere kostnadane knytt til kontorlokalitetar for Smia Utvikling.

Ein vil rå til at Volda kommune løyver midlar til tiltaket, og at beløpet vert å dekkje over disposisjonsfondet. Det er ein føresetnad for løyvinga at Hornindal kommune yter sin del av tilskotet.

Rådmannen legg opp til at ein no bind seg til å sikre finansiering for 2018 og 2019, men at ein i samband med løyvinga for 2019 saman med Hornindal må vurdere om prosjektet er såpass knytt til kommunesamanslåinga at ein kan vurdere å bruke av samanslåingsmidlane i 2019. Det må i såfall vedtakast av Fellesnemnda. Ein føreset å kome attende til spørsmålet i samband med budsjetthandsaminga for 2019.

Når det gjeld vidare drift etter 2020 føreset ein at det hausten 2019 vert lagt fram sak om vidare finansiering og drift. Ein må då også kunne pårekne at ein vil kunne hente inn inntekter frå andre enn Nye Volda kommune for å sikre drifta vidare. I den samanheng syner eg til kommentaren over om at ein bør ha som mål at drifta skal vere sjølvberande frå og med 2020.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen synlege.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Sunnmøre Kulturnæringshage
Hornindal kommune
Fellesnemnda til orientering

SUNNMØRE KULTURNÆRINGSHAGE

Volda kommune

Hornindal kommune

Volda, 16 februar 2018

Søknad om tilskot til etablering og drift av Smia Utvikling 2018-2019

I samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar, har Sunnmøre Kulturnæringshage med tilskot frå kommunane gjennomført eit forprosjekt for å kartlegge moglegheitene for etablering av ei avdeling på Grodås. Forprosjektet har vore finansiert av kommunane Hornindal, Volda, Ørsta og Stranda, og har tatt utgangspunkt i notatet «Ny næring på gamle tufter». Den praktiske gjennomføringa av forprosjektet er utført av Metafor ved Else Ragni Yttredal og Kirsti Indreeide.

Rapporten frå forprosjektet ligg no føre. Vi legg tilrådingane i rapporten til grunn og foreslår oppretting av ei avdeling av Sunnmøre Kulturnæringshage i kommunehuset Smia på Grodås. Avdelinga skal i fyrste omgang ha ei 100% stilling som skal fokusere på naturbaserte næringar, dvs. utvikling av næringsverksemd i skjeringsfeltet mellom landbruk, natur, kultur og turisme.

Vårt namneforslag til avdelinga på Grodås er «Smia utvikling» og einiga skal fungere som ei førstelineteneste ut mot næringsdrivande. Einiga vil ha næringshagefunksjonar og hoppid.no tenester for innbyggarane og gi tilbod om kontorplass og samlokalisering for bedrifter. Vi foreslår at einiga har driftsstart i august 2018 og at ein fram til desember 2019 har fokus på tenester til næringsdrivande og gründerar i Volda og Hornindal. I løpet av 2019 skal vi utvikle forretningsmodellen for einiga til å omfatte Ørsta, Stranda og Stryn slik at desse kommunane kan bli invitert med i ei utvida satsing frå 1 januar 2020 i tråd med planane skissert i den vedlagte forprosjektrapporten

Vi har ikkje tatt stilling til fordeling av storleiken på tilskotet mellom kommunane Hornindal og Volda men søkjer om tilskot på tilsaman kr. 490.000,- for 2018 og kr. 940.000,- for 2018. Jfr. budsjett i forprosjektrapporten.

Beste helsing,

Martin Foldal
Dagleg leiar

Vedlegg: Notat: Ny næring på gamle tufter
Forprosjektrapport Smia utvikling

Sunnmøre Kulturnæringshage AS
Storgata 8
6100 Volda
telefon 70 33 06 60
telefaks 70 33 06 61

Nettstad: www.sknh.no
Bank: 3991.05.95117
Org.nr. NO 997 676 262 MVA

NY NÆRING PÅ GAMLE TUFTER

LANDBRUK OG NATUR SOM UTVIKLINGSOMRÅDE

Ja 22.9.16

BAKGRUNN

Dei pågåande kommunereformprosessane har vist at kommunane Hornindal, Stryn, Volda og Ørsta og moglegvis også Stranda har store sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal. I området er kjende reiselivsdestinasjonar som Geiranger, Hellesylt, Stryn, Loen, Hjørundfjord m.m. Kvivsvegen og Eiksundsambandet har opna området på ein ny måte med moglegheiter, men og utfordringar. Framtidig utbygging av E69 og FV-60 vil auke sentraliteten til området.

Innanfor landbruket er talet gardsbruk på rask veg nedover, sjølv om mange unge gardbrukarar har investert stort i nye driftsbygningar for storfehald. Dei attståande bruka er til dels organisert med lange transportvegar for gras og spreiing av gjødsel og drifta blir konsentrert til dei mest lettdrivne areala og med gjengroing av meir marginale. Effektivisering reduserer talet arbeidsplassar.

Samstundes har området lange og gode tradisjonar for saue- og geitehald som i dei store både innmarks- og spesielt utmarksareala til området kan supplere storfehald og spesielt fremme kulturvern og hindre attgroing. Det er mange småbruk i området med brukbare driftsbygningar som berre blir brukt som buplassar eller ferieplassar.

Området har også rike tradisjonar for foredling av landbruksprodukt som øl, spekemat, anna gardsmat, selskapsverksemd, overnatting på utleigehytter m.m. Handverksprega produksjon har sterke røter knytt til båtbygging, møbel og næringsmiddel og god tilgang til kompetansemiljø mellom anna ved Høgskulen i Volda.

MÅL

I dette prosjektet vil vi ta utgangspunkt i moglegheiter og truslar knytt til dagens og framtidig bruk av naturressursar i breitt og tradisjonar og taus kunnskap som finst i området. Tanken er at det ligg potensial i å kombinere ulike typar kompetanse, å kople kunnskap om skog- og landbruksaktivitetar og tradisjonelt handverk med reiseliv og kunnskap innan til dømes ny teknologi, marknadsføring og finansiering.

Prosjektet skal fungere som hjelpar og pådrivar for innovasjon og næringsutvikling. Dei overordna måla for prosjektet er å:

1. Stimulere til nyskaping gjennom å kombinere ulik kunnskap og aktivitet for på den måten å skape innovasjonar innan reiseliv, produksjon, samarbeid, marknadsføring, organisering og finansiering.
2. Organisere utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging og implementering.
3. Bidra til å vedlikehalde og skape ny næring med utgangspunkt i kulturlandskapet og naturressursane i området og på den måten vedlikehald kulturlandskapet.
4. Ved årsskiftet 2019/20 å ha sett i gang minst 10 konkrete innoverande samarbeidstiltak og med minst 10 nye bedriftsetableringar.

Prosjektet er tenkt gjennomført i eit forprosjekt og eit hovudprosjekt. Sentrale mål for forprosjektet er:

1. I tett samarbeid med aktørar å utvikle kunnskap om tilhøva i området (kva som er etablert – erfaringar m.m.) og systematisk analysere sterke og svake sider og moglegheiter og truslar.
2. Kartlegge og mobilisere aktuelle utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging.
3. Saman med utviklingsaktørar i området, utvikle strategiar for utvikling og innovasjon og utvikle detaljert prosjektplan for hovudprosjektet fram til 1. januar, 2020.
4. Setje i gang konkrete tiltak på område der dette er føremålstenleg.

Kjerneområde for prosjektet er minimum Hornindal og Volda, det vil vere store fordelar om prosjektet også omfattar Stranda, Stryn og Ørsta frå starten av eller ved nær kopling til prosjektet. Kunnskap og tiltak utvikla i prosjektet bør ha stor overføringsverdi til andre kommunar med tilsvarande naturtilhøve og samfunnssituasjon.

Prosjektperiode er fram til 1.1.2020 (når kommunane Hornindal og Volda formelt blir slått saman), den nye kommunen må ta stilling til vidareføring. Prosjektet blir formelt etablert ved årsskiftet 2016/17 og med 2017 som forprosjektfase med formål som skildra ovanfor.

MOGLEGE AKTIVITETAR – NOKRE TANKAR

Tankane bak dette initiativet er allereie diskuterte og det har kome fram nokre idear:

1. Utvikling av eit kvalitetsmerke for produkt og bedrifter innanfor turisme/matproduksjon/ (kunst)handverk; bruk av merke til marknadsføring, f.eks. på felles nettside. Også hjelp med å presentere desse bedriftene på andre arenaer (reiselivsmesser,…). Det finst gode eksempel på slike kvalitetsmerke og samarbeid i utlandet, f.eks. www.vulkanland.at (utvikling av merket var også resultat av ein liknande brei prosess, der aktørane først identifiserte styrker i regionen). Dette bør gjerast i samarbeid med organisasjonar som Visit Nordfjord.
2. Regionen og området har lange tradisjonar innan opplevingsretta reiseliv i form av guiding ved fjellklatring og –vandring. Det kan vere aktuelt å satse på nokre nisje innanfor turisme, der det allereie finst kompetanse i regionen. Eit eksempel kan vere fototurisme. Det finst organiserte fototurar i mange delar av verda; på den andre sida finst det relevant kompetanse på høgskulen og i kulturnæringshagen. Ved høgskulen er etablert spesialutdanning innan fjellføring og friluftsliv, det er høg kompetanse innan organisering av reiseliv i slike område og i tett samarbeid med fagmiljø i Austerrike, USA, Canada m.m.
3. Ved bruk av "Pokemon"-teknologi er under utvikling appar til mobiltelefonar m.m. til guiding knytt til koordinatsystem og med høve til å legge inn eit vell av informasjon. Det er aktuelt å utvikle app-ar innanfor fleire område:
    a. For turistar, med forskjellige tema (kultur, natur, matkultur…)
    b. For direkte marknadsføring av lokal matproduksjon: oversikt over lokale matprodusentar.
4. Ved HVO er det relevant å knyte lærarutdanning, sosialarbeidarutdanning, medieutdanning m.m. til aktivitetar og utdanning knytt til dyr, til landbruk og skogbruk men og ferdsel og bruk av fjell, vatn og fjord – til fots og med båt – og som gjer at det bør vere mogleg å ha lang sesong i kombinasjon med sommar- og vinterreiseliv og utdanning. I prosjektet vil det vere naturleg å utvikle spesialiserte og praktiske utdanningstilbod i tett samarbeid med næringsdrivande tilrettelagt for nasjonale og utanlandske studentar i Volda men og for andre utdanningsstadar i tillegg til tilbod for "vanlege" opplevingsturistar.
5. I samarbeid med kommunen er det etablert ein kulturnæringshage i Volda med stor suksess og som det er naturleg å bygge vidare på i dette prosjektet. Det er planar for snarleg etablering av ein forskingspark knytt til dette feltet.

ORGANISERING OG FRAMDRIFT

Tiltaket må organiserast som eit ope, initierande og innoverande samarbeid der vi gjer kvarandre betre.

Vi foreslår ein oppstartsperiode fram til 1.1.2020 – noko som fell saman med prosessen med å slå saman Hornindal og Volda til ei kommune. Denne prosessen vil i seg sjølv virke stimulerande, spesielt på offentleg og kommunal verksemd, og gjer det mogleg å tenke nytt administrativt og politisk. Organisering og framdriftsplan skal utarbeidast nærare i forprosjektet våren 2017.

Kjernen i prosjektet vil vere utviklingsgruppa som vi ønskjer å etablere på Grodås så snart som mogleg og med kompetanse innan landbruk, skogbruk, utmarksnæringar, reiseliv m.m. Gruppa bør ha minst to fagfolk med høg fag- og utviklingskompetanse og store evner til nettverksbygging. I så stor grad som mogleg skal dei skjermast mot forvaltningsoppgåver for å stimulere utviklingsarbeid.

Styringsgruppe/organisering vil vere avhengig av kva kommunar som blir med på prosjektet, minimum vil vere midlertidig fellesnemnd for Hornindal/Volda fram til formell fellesnemnd blir etablert hausten 2017. Prosjektet bør ha ei referansegruppe samansett av dei mest sentrale samarbeidspartane og bidragsytarane i prosjektet. I tillegg vil det vere aktuelt med spesiell organisering av ulike tiltak/delprosjekt etter behov.

FINANSIERING

I dag brukar til dømes Hornindal og Volda rundt 2 mill. kr. til forvaltning og utviklingsarbeid innan landbruk, skogbruk og utmark, andre kommunar tilsvarande. Nokre av desse ressursane og spesielt kunnskapen til fagfolka kan brukast i dette utviklingsprosjektet. I tillegg må eit slikt prosjekt ha friske midlar.

Volda/Hornindal bør setjast av minst ein mill. kr. i året til dette utviklingsarbeid finansiert til dømes over kommunereformmidlane (regionsentertilskotet). Desse midlane skal primært brukast til kjerneverksemda i prosjektet.

I tillegg kjem midlar løyvd frå private og offentlege institusjonar til konkrete tiltak og prosjekt. Konkrete tiltak skal så langt som mogleg vere sjølvfinansierande ved å bruke tilgjengelege finansieringskjelder og eigeninnsats. Kjerneprosjekt kan/bør finansierast med prosjektmidlar og det bør søkast om andre offentlege midlar til dette.

FRAMDRIFTSPLAN

- Det er fleire som går på tur i fjella
- Nærleik til fjord og fjell
- Informasjon frå kommunen
- Informasjon om støtteordningar
- Arena for erfaringsutveksling og kompetansedeling
- Nydyrkingstilskot

5 VEDLEGG 2: RAPPORT FRÅ IDÉMØTE PÅ SMIA 9. JANUAR, 2018

Rapport

frå Idèmøte på Smia 9. jan 2018

Samandrag og oppsummering av gruppearbeid og individuelle svar på spørsmål om ei regional utviklingseining lokalisert på Smia i Hornindal.



«Ny næring på gamle tufter»

Ei smie for
nye næringar
på gamle tufter?

Deltakarar på møtet

Etternamn	Fornamn	Organisasjon/bedrift	Kommune
Sortehaug	Fride	Volda Kommune	Volda
Moltudal	Asbjørn	Volda kommune	Volda
Foldal	Martin	Sunnmøre Kulturnæringshage	Volda
Krumsvik	Erlend	Sunnmøre Kulturnæringshage	Volda
Nesdal	Jan Endre	Hornindal Kommune	Hornindal
Viddal	Liv Bente	Ørsta Kommune	Ørsta
Skåra	Børild	Landbrukskontoret Ørsta Volda	Volda-Ørsta
Bjørdal	Inge	Stranda kommune	Stranda
Falck	Stefan N.	Volda Næringsforum	Volda
Lødemel	Bjørn	Hornindal Næringslag	Hornindal
Lindvik	Marita	Visit Nordfjord AS	Stryn
Sundal	Odd Harald	Fellesnemnda Nye Volda	Volda
Hjellbakk	Anders	Hornindal Bondelag	Hornindal
Viddal	Nina	Vingard Bjørke. Fjordbobler.	Ørsta
Rørstad	Maria N.	Hoel & Rørstad AS	Ørsta
Saure Hoel	Torbjørn	Hoel & Rørstad AS	Ørsta
Viddal	Espen-Hodne	Gardsbruk	Ørsta
Bonsaksen	Bente	Fjellgarden Øvre Ljøen, Hellesylt	Stranda
Ljøen	Elsa	Ljøen Camping	Stranda
Ljøen	Erling	Ljøen Camping	Stranda
Lødemel Stokkeland	Torunn	Kultur	Hornindal
Behrentz	Johan	Sunnmøringen	Stranda
Myklebust	Roy Aron	Fjordingen	Stryn
Yttredal	Else Ragni	Metafor	Arrangør
Indreeide	Kirsti Pernille	Metafor	Arrangør

Det vert også laga ei liste med e-post og telefon på alle deltakarane og andre som vil vere med på arbeidet med prosjektet vidare. Denne lista vert sendt som eige vedlegg.

«Ny næring på gamle tufter»

Programmet for dagen

Velkomen til SMIA!
v/Fride Sortehaug, Varaordførar i Volda

Info om prosjektet «Ny næring på gamle tufter»
v/ Prosjektleiar Else Ragni Yttredal (ligg ved)

Kva meiner du?
Individuelle svar på desse spørsmåla:

1, Kva bør ein næringshage med fokus på naturbaserte næringar gjere for bedrifter og einskildpersonar for å bidra til vidareutvikling og nyskaping?

2, Kva type fellestiltak og prosjekt bør næringshagen prioritere for å løfte fram naturbaserte næringar i breitt?

3, Kva organisasjonar eller nettverk kan vere nyttige for å utvikle nye næringar i bygdene?

Gruppediskusjonar ut i frå dei sama spørsmåla og presentasjon i plenum.

Innspela frå dette møtet vil legge grunnlaget for det til det vidare arbeidet med «Ny næring på gamle tufter».

«Ny næring på gamle tufter»

Kva meiner du? Idésamling

Oversikt over svar på spørsmål 1 og 2

Stikkord. Sortert. Både individuelle svar og gruppearbeid er inkludert.

1, Kva bør ein næringshage med fokus på naturbaserte næringar gjere for bedrifter og einskildpersonar for å bidra til vidareutvikling og nyskaping?

2, Kva type fellestiltak og prosjekt bør næringshagen prioritere for å løfte fram naturbaserte næringar i breitt?

Same tema gjekk igjen både i individuelle svar og i gruppearbeid. Det var også slåande at svara på dei to første spørsmåla var omtrent dei same og kan gruppererast om lag slik:

1, Skaffe oversikt over

- Bedrifter – heimebesøk
- Personar
- Kompetanse
- Ressursar – kvar kan vi få svar?
- Idear
- Marknad
- Feltet «naturbasert næring»

2, Kompetanseheving for næringsdrivande:

- Studieturar
- Kurs. T.d. om økonomi/rekneskap, prosjekt, digital kompetanse, marknad, korleis drifte eit selskap, skogbruk, næring/reiseliv, småkraft, natur, historia vår, lokal mat
- Mentorordning
- Gode døme
- Samarbeidsgrupper – sparring

«Ny næring på gamle tufter»

3, Støttefunksjon for næringsdrivande

- Strategiutvikling
- Søknadar. Til dømes byggesøknadar
- Arbeid opp mot offentlege verksemder
- Kunnskap om støtteordningar, bedrift, beiteordningar, kulturlandskapspleie
- Kunnskap om marknad/ marknadsføring marknadsundersøking
- Papirarbeid
- Fagpersonar (sjå også under kompetansebehov over)
  - Geologi – omregulering
  - Idéavklaring
  - Kompetanse på prosess
  - Digital kompetanse
  - Hopp-ID
  - Forretningsutvikling

4, Motivere og inspirere

5, Nettverk og samordning

- Virke som katalysator mellom bedrifter
- Vere lim mellom naturbaserte næringar og reiselivet
- Kurs – nettverk

«Ny næring på gamle tufter»

Noko meir vekt vart lagt på to ting når det er snakk om fellestiltak:

6, Merkevarebygging

7, Felles strategiar og planar

I tillegg kom innspel på konkrete prosjekttema:

8, Hjorteslakteri – gjere noko i forhold til hjort som ressurs

9, Den Trondhjemske Postveg som ei vandre-/sykle-/kajakk-rute inn i prosjektet «Nasjonale turstiar»

Samandrag av svar på spørsmål 3

3, Kva organisasjonar eller nettverk kan vere nyttige for å utvikle nye næringar i bygdene?

Dei organisasjonar og nettverk som i størst grad var lista opp i svara var: Bondelag, Hoppid.no, Hanen, Bonde- og småbrukarlag, Innovasjon Norge, destinasjonsselskap, reiselivslag, næringslag og næringskontor.

Dette syner at mange av dei som var med på møtet ser på dei tradisjonelle næringsorganisasjonane knytt til landbruk, reiseliv, lokal mat og anna lokalt næringsliv som viktige nettverk i utviklingsarbeidet.

«Ny næring på gamle tufter»

Oppsummering

Det ut til at dei som var på møtet i Hornindal var svært samde om at ei framtidig utviklingsavdeling i Hornindal skal jobbe med:

- **Kompetanseheving, nettverksbygging og motivering.**
- **Støttefunksjonar for næringsdrivande innanfor naturbaserte næringar.**

I tillegg ser vi føre oss at eit hovudprosjekt må bidra til:

- **Å skaffe oversikt over desse arbeidsfelta, bedrifter i området, idear og så vidare.**
- **Å avklare vidare om og på kva måte eventuelt ei eining i Hornindal skal bidra til å byggje ei felles merkevare.**

Vi kjem til å ta med oss desse innspela saman med det vi har gjort tidlegare for å sjå kva ei slik utviklingsavdeling i Hornindal skal vere.

«Ny næring på gamle tufter»

«Ei sky av ord»

Denne ordskya illustrerer dei stikkorda som vart brukt mest når ein samlar alle individuelle svara frå alle tre spørsmåla.

«Ny næring på gamle tuftera

Kontaktinfo

«Ny næring på gamle tufter»

Prosjektmedarbeidar
Kirsti Pernille Indreeide
E-post: kpi@online.no
Mobil: 94 16 28 63
Kontoradresse: Dalssida 3, 6214 Norddal

Sunnmøre Kulturnæringshage
Martin Folldal, Dagleg leiar
E-post: mf@sknh.no
Web: www.sknh.no
Mobil: 92 22 41 65
Kontoradresse: Storgata 8, 6100 Volda

Metafor
Else Ragni Yttredal, Prosjektleiar
E-post: ery@metaforen.no
Web: www.metaforen.no
Mobil: 41 61 34 03
Kontoradresse: Dalssida 3, 6214 Norddal

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Lars Fjærvold	Arkivsak nr.:	2016/718
		Arkivkode:	M41

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

NYTT REINSEANLEGG VOLDA SENTRUM OG MORK/EGSET

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunen gjennomfører ei mellombels oppgradering av Vikeneset innanfor dei rammer som er vedtatt i budsjettet for avløp i 2018.*

2. *Administrasjonen detaljprosjektera eit reinseanlegg/slamanlegg for Mork/Furene/Ekset og får dette kostnadsrekna. Detaljprosjektert tiltak med kostnad leggjast fram for kommunestyret for godkjenning.*

3. *Administrasjonen detaljprosjektere og kostnadsreknar avløpsreinseanlegg på Klippa. Detaljprosjektert tiltak med kostnad skal leggjast fram for kommunestyret for godkjenning*

4. *Administrasjonen avklarar avkjøringa på Klippa med Vegvesenet.*

5. *Det vert oppstarta regulering av området ved Klippa for reinseanlegg.*

6. *Administrasjonen arbeidar parallelt med å skaffe avtale om grunn med grunneigarar.*

Vedleggsliste:
- Statens Vegvesen – Innspel om avkjørsle på Klippa
- 01 – Asplan Viak – Hovudreinseanlegg Volda
- 02 – Asplan Viak – Tileggsutreidning 2
- 03 – Asplan Viak – Tileggsutreidning 3
- 04 – Norconsult – Hovudreinseanlegg Volda detaljstudie
- 05 – Sjøleidningsstudie
- 06 – Dykkerservice – Sjøleidningsstudie 2
- 07 – Sweco – Mork

Uprenta saksvedlegg:

- Kommunestyresak 2016/1517-28 Planprogram for hovudplan vatn og avløp. Godkjenning av planen som del av kommuneplanen

Samandrag av saka:
Vikeneset står stille og administrasjonen meiner det ikkje er mogleg å ha drift på det noverande anlegget. Ei mindre oppgradering kan gi same reinsegrad som ein hadde då Vikeneset blei bygd. Investeringa vil skje innanfor det gjeldande budsjettet og vil kunne være i bruk til nytt hovudreinseanlegg kjem på plass.

Det har vert gjennomført tre studiar av nytt reinseanlegg kor ein kjem fram til ulike løysingar og kostnadar for hovudreinseanlegg. Grunna usikkerheit i alle rapportane og sprikande tal ynskjer administrasjonen å detaljprosjektere eit anlegg på Klippa, då dette blir vurdert som mest framsynt og føremålstenleg. Kostnadar og endeleg løysing godkjennast av formannskap og kommunestyret.

Det har også vore ein studie for avløpsreinsing på Mork/Ekset kor rapporten konkluderte med at ein bør gå for avløpsreinsing på Mork i skogholtet ovanfor Nilletun. Administrasjonen stiller seg bak denne tilrådinga og ynskjer å gå vidare med detaljregulering og prosjektering av dette alternativet.

Mikroplast er eit viktig og sentral tema i dagens miljødebatt. Speiding av mikroplast må takast på alvor. Eit nytt hovudreinseanlegg vil ta ut betydeleg større mengder mikroplast enn dagens eksisterande anlegg, men det vil ikkje ta ut alt. Her meiner administrasjonen at haldningskampanjer og opplæring vil være meir økonomisk og ha høgre kost nytte effekt enn å investere i dyre reinseløysingar for å ta ut nokre prosent ekstra mikroplast.

Saksopplysningar/fakta:
Status Vikeneset
Avløpsreinseanlegget på Vikeneset har stadige havari og kommunen slit med å halde reinseanlegget i gang. Anlegget står per dags dato stille og administrasjonen kan ikkje sjå at det er tenleg å gjennomføre ei omfattande overhaling igjen. Siste overhaling ga drift på halve anlegget før det havarerte ca. en månad seinare.

Administrasjonen har undersøkt moglegheita for å mellombels oppgradere anlegget til ein får på plass eit nytt reinseanlegg og komme til den konklusjon at dette er mogleg.
Ved å installere to skrusiler vil ein kunne oppnå same reinsegrad som anlegget har i dag, men med mindre nedetid. Flyttar ein inngangsdøra og flyttar ein vegg vil ein også kunne oppnå tilnærma rein og skitten sone, samt installere avtrekksvifter. Tiltaket er vurdert til å kunne dekkast innanfor gjeldande budsjett.

Reinseløysinga som blir valt vil kunne nyttast vidare andre stader i kommunen kor det skal installerast avløpsreinsing når det nye hovudreinseanlegget kjem på plass.

Kort om avløpsreinsing:
Volda kommune ligg i dag i forureiningslovas kapittel 13. Dette betyr at kommunen sjølv bestemmer kva som skal reinsast og kor god og mykje reinsing ein gjer.

Om reinseanlegget mottar avløpsvatn frå meir enn 10.000 personar vil ein havne i kapittel 14 og fylkesmannen blir forureiningsmynde. I Møre og Romsdal har det vert vanleg å få dispensasjon frå enkelte krav i kapittel 14, då ein stort sett har gode resipientar (sjø) i vårt distrikt.

Forureiningsforskrifta	Reduksjon SS	Reduksjon BOF_5
Kapittel 13 (pe<10.000)	20%	Ingen krav
Kapittel 14 (pe>10.000)	50%	20%

Tabell 1Reinsekrav ved ulike tal på Pe(Person ekvivalentar)

I tabellen over ser ein dei ulike krava til reinsing. SS er suspendert stoff, eller prosent av alt fast stoff som kjem inn som blir fjernet før det slippes ut i fjorden. BOF_5 er kor mykje biologisk oksygen som reduserast i løpet av 5 dagar.

I dag har kommunen eit krav om å redusere SS med 20% (passande reinsing). Ein har ikkje noko tal på kor mykje ein eigentleg reduserer då anlegget ikkje er bygd for å kunne ta prøver.

Historikk:
Saka om nytt reinseanlegg har vore oppe i kommunestyret og formannskapet fleire gonger og som kommunestyret i mars sjølv påpeika har tala og lokasjon for eit nytt avløpsreinseanlegg variert frå gong til gong.

1. I den første utredninga vart det gjennomført ei konseptutgreiing av Asplan Viak kor ein utreda ei mindre oppgradering av Vikeneset på noverande lokasjon.
2. I andre utredning blei Klippa vidare undersøkt, samt ei større oppgradering av Vikeneset.
3. Når hovudplan for vatn og avløp vart lagt fram var det gjennomført ei ny utreiing av Norconsult, kor ein prøvde å få fram betre talgrunnlag for endeleg lokasjon og budsjett for nytt hovudreinseanelgg. I denne utredinga ba administrasjonen også om ei vurdering av Juliberget.
4. Sweco gjennomførte ei utreiing av avløpsreinsing på Mork/Furene, med reinsing på Mork, eller pumping mot Klippa. I rapporten kjem disse to alternativa ca. likt ut kostnadsmessig.

Utfordringar med rapportane
Utfordringa med dei ulike rapportane er at kvar rapport har sett på meir omfattande løysingar og ulike måtar å løyse sjølve reinseprosessen på. I den fyrste rapporten så ein på ei enkel oppgradering av Vikeneset med metodar som ikkje stettar krav til reinsing. I den neste rapporten blei det sett på alternativ som stetter kravet til reinsing, men kostnadane var for uspesifisert. I den siste rapporten om hovudreinseanlegg skulle konsulenten sjå på kostnadane som allereie var utgreia, og sjå om det var mogleg og få ut meir konkrete tal. Konklusjonen var at ein meinte dette ikkje var mogleg utan å detaljprosjektere og gjennomføre grunnundersøkingar. Dei så også på ei løysing som stetter kravet om sekundærreinsing med flokkasjon. Dette er ei løysing administrasjonen ikkje vil tilrå å gå vidare på då ein ikkje treng så omfattande reinsing i Voldsfjorden. Dette alternativet er også dyrare og kanskje ikkje den optimale metoden for å nå eit mål om sekundærreinsing. Denne kalkulerte kostanden vart tatt med i hovudplanen og dermed økte prisen ein tredje gong.

I Møre og Romsdal fylke har den store trenden vert å installere bandsilar for å nå reinsekravet om primærreinsing og det er stort sett ein til dels to aktørar som dominera marknaden. Dessverre har ein sett at desse nye anlegga faktisk ikkje når dei måla som ein har sett, og ein har ikkje alltid klart å løyse utfordringane med denne teknologien. Administrasjonen ser også at konsulentane har køyrt seg fast i dette båndsilsporet og har ikkje heilt seg oppdatert på nye produkt og reinseløysingar. Administrasjonen har derfor sjølve måtte undersøke andre alternativ til reinseløysing. Ein ser at det er andre reinsemetodar som vert nytta andre stader i landet, som truleg er betre og meir vedlikehaldsvennlege enn bandsilane som blir kjøpt inn i distriktet vårt. Administrasjonen er til dels skuffa over konsulentarbeidet som er gjort, og

forstår frustrasjonen til politikarar og innbyggarar i kommunen som kan synest at prosessen har liten progresjon med auka utgiftsrammer. Administrasjonen tek kritikk for ikkje å ha fylgt opp konsulentarbeidet tett og godt nok. Ein del av forklaringa er at halvparten av administrasjonen har vorte skifta ut frå første til siste rapport, og nye personar har kome inn som har hatt behov for tid til å sette seg inn i arbeidet som har vert gjort og nye reinseløysingar og prinsipp.

Mork/Furene

I konsulentrapport frå Sweco er det beskrive reinseanlegg eller slamavskillarar ovanfor rehabiliteringssenteret på Mork, med innsamling av avløpsvatn frå heile Mork/Furene ved å bygge pumpestasjonar. Administrasjonen støtter opp under at dette er ei god løysing, og dette er den best tenelege måten og få reinsa avløpsvatnet i dette området på. Administrasjonen stiller seg litt kritiske til kostnadane knytt til bygging av reinseanleggm og meiner at ein må sjå på tala knytt til å bygge reinseanlegg igjen versus og bygge slamavskillarar. Dette kan ein gjere gjennom detaljprosjektering og tettare oppfølging av konsulent.

Ei reinseløysing på Mork måtte også sjåast opp mot eit nytt hovudreinselanlegg for Volda sentrum. Men etter som kostnaden for å knyte seg opp mot eit slikt anlegg på Klippa er tilnærma lik kostnaden å bygge nytt anlegg på Mork ser administrasjonen ingen grunn til å ikkje bygge eit eige anlegg på Mork.

Eit anna argument som ein må ta med i betraktninga er at både Volda og Ørsta veks og reinsekrava utviklar seg stadig. Det er derfor ikkje utenkeleg at om 20-30 år vil befolkninga i desse to tettstadande verte so høg og reinsekrava innskjerpa slik at både Ørsta og Volda må bygge reinseanlegg som stetter krava til sekundærreinsing. Å bygge eit felles reinseanlegg for desse to bygdene vil då ikkje være urealistisk då arealet til eit slik anlegg vil vere vesentleg større enn dei ein legg opp til med primærreinsing i dag. Mork/Furene vil då vere ein naturleg stad å plassere eit slikt reinseanlegg. Ved å bygge eit eige anlegg der no, vil ein sikre seg naudsynt areal til eit slik anlegg i framtida. Ein signaliserer også til allmennheita om det ikkje er like attraktivt å regulere areal kring dette området til bustadutbygging.

Under ser ein kostnadar for ulike alternativ for reinsing av området Mork/Ekset/Furene. Første alternativ er eit reinseanlegg med bandsilar på Mork, med pumping av avløpsvatn frå Ekset til Mork.

Morkavika m/silanlegg				
	eks. mva		inkl. mva	
Silanlegg	kr	18 700 000	kr	23 375 000
Leidningsnett og APS	kr	5 995 500	kr	7 494 375
Sum	kr	24 695 500	kr	30 869 375

Tabell 2 Morkavik med silanlegg

Andre alternativ er overføringsleidningar frå Mork og Ekset til Klippa. Dette alternativet forutsetter at hovudreinseanlegget for Volda sentrum blir på Klippa.

Overføringsleidning frå Ekset/Mork til Klippa				
	eks. mva		inkl. mva	
Leidningsnett	kr	14 384 000	kr	17 980 000
APS	kr	4 100 000	kr	5 125 000
Div utgifter	kr	8 254 000	kr	10 317 500
Sum	kr	26 738 000	kr	33 422 500

Tabell 3 Overføringsleidning mot Klippa

Tredje alternativ er slamavskiljarar på Mork og pumping av avløpsvatnet frå bustadfeltet på Ekset mot Mork, medan den neste delen mot sjøen får eige slamavskiljar.

Slamavskillar Ekset og Mork				
	eks. mva		inkl. mva	
Slamavskiljarar	kr	9 497 000	kr	11 871 250
Leidningsnett og APS	kr	3 078 000	kr	3 847 500
Sum	kr	12 575 000	kr	15 718 750

Tabell 4 Slamavskillar Ekset og Mork

Tala over er henta frå rapporten Sweco har utarbeida for Volda kommune med ulike alternativ for reinseløysing på Mork/Ekset. Administrasjonen meiner ein nå kan gå for reinsing på Mork og pumpe avløpsvatnet frå Ekset til Mork. Det må sikrast grunn for utbygging. Avtalar med grunneigarar må på plass for legging av pumpeleidningar og endeleg val av reinseløysing må veljast. Administrasjonen ser føre seg å legge opp til passande reinsing i dette området altså 20% SS i samsvar med kapittel 13 i forureiningslova.

	Reinseanlegg	Slamavskiljar
Prosjektkost	24,7	12,5
Driftskostnad 40år	10,7	26,6
Sum	35,4	39,1

Tabell 5 Totalkostnad inkl. driftskostandar over 40år, eks. mva.

Tiltak på Mork/Furene/Ekset er også vurdert i hovudplan for vatn og avløp. Administrasjonen har også spelt inn arealbehov til avløpsreinsing til arealdelen i kommuneplanen som er under arbeid.

Volda sentrum

For Volda sentrum har det som tidligare nevnt i avsnittet om historikk vorte nevnt fleire løysingar for val av plassering og storleik på bygg. Ein må tenke langsiktig når ein no skal velje plassering og val av type prosess. Å gå for ei løysing med bandsilar som ein veit har vere problematisk i dei fleste kommunar kor dette er kjøpt inn, syner dette som ei dårleg løysing. Kommunen er med i driftsassistansen i Møre og Romsdals avløpsforum, kor dette har vært heftig debattert og ein veit på bakgrunn av dette at disse bandsilane er utfordrande. Kostnadane som ligg til grunn for dei ulike alternativa er for vage og sprikande. Det ein veit er at sjølve kostnaden med å bygge eit reinseanlegg anten på Vikeneset, Klippa eller Juliaberget vil vere den same, men tomteopparbeiding, grunnkjøp og liknande vil variere.

Administrasjonen ynskjer ikkje å gå vidare med Juliaberget då ein ikkje ser dette som ein framtidsretta løysing. Tomta er bratt og konsulent har vurdert at skråningsutslaget ikkje er gjennomførbart. Å bygge sekunderreinseanlegg i framtida vil krevje fjellanlegg, noko som er svært kostbart. Vikeneset blir ikkje rekna som stort nok for ei utbygging og ei utfylling vil vere risikabelt. Klippa er framtidsretta og ein legg opp infrastruktur mot Mork og eit framtidig sentralreinseanlegg for Volda/Ørsta. Men det er viktig å merke seg at det fortsatt vil være bygningsmasse på Vikeneset for å huse pumpestasjon og sandfang før pumping vidare uavhengig av valt løysing. Ein må også ta inn over seg at eit nytt reinseanlegg truleg vil bli hovudbasen for avløpstenesta i Volda. Dette inneberer at bilar og utstyr, som skal nyttast til avløpsføremål rundt om kring i kommunen, vil vere lokalisert her. Å vedlikehalde og vaske slike køyretøy på Vikeneset med publikum og fergekø tett oppi ser ikkje administrasjonen som heldig.

For å få ei vidare framdrift i saka rår administrasjonen til at ein detaljprosjekterer reinseanlegg på Klippa. Når dette er gjennomført, og ein har avklart alle spørsmål knytt til grunnforhold, avkjørsle og liknande kjem ein attende til kommunestyret med valt løysing for godkjenning av endeleg plassering, utforming og liknande. Deretter lyser ein ut oppdraget

med atterhald om finansiering. Når ein har fått prisen tek ein også denne opp til politisk handsaming.

Tiltak om nytt hovudreinseanlegg ligg inne i hovudplan for vatn og avløp. Også her er naudsynt areal spelt inn til arealplanen.

Tala i tabellane under er henta frå Asplan Viak's rapportar om nytt hovudreinseanlegg.

Vikeneset begrenset ombygging med bandsil. Alternativ 0				
	eks. mva		inkl. mva	
Rivingsarbeider	kr	500 000	kr	625 000
Utvendige leidningar	kr	600 000	kr	750 000
Bygg inkl. VVS personaldel	kr	4 500 000	kr	5 625 000
Prosessventilasjon og lukt	kr	500 000	kr	625 000
Elektro og automasjon	kr	1 000 000	kr	1 250 000
Maskin og prosessutstyr	kr	4 000 000	kr	5 000 000
Planlegging og adm.	kr	1 500 000	kr	1 875 000
Reserve	kr	1 500 000	kr	1 875 000
Sum	kr	14 100 000	kr	17 625 000
Dette alternativet har ikkje dame/herregarderobe.				
Alternativet gir ikkje moglegheit for utviding.				

Tabell 6 Begrenset utbygging Vikeneset

Vikeneset omfattende ombygging med båndsil. Alternativ 1				
	eks. mva		inkl. mva	
Totalsum	kr	21 000 000	kr	26 250 000

Tabell 7 Utbygging med båndsilar Vikeneset

Det må nemnast at tilsvarande løysing som alternativ 1 er bygd i Ørsta og so langt administrasjonen veit kom det prosjektet på over 30mill, og tomta har ei enklare og betre plassering en Vikeneset. So 26,5 er truleg noko lavt estimert.

Klippa Alternativ 2 A				
	eks. mva		inkl. mva	
Reinseanlegg	kr	21 000 000	kr	26 250 000
Pumpestasjon	kr	5 000 000	kr	6 250 000
Leidningsnett	kr	4 800 000	kr	6 000 000
Utslippsleidning	kr	750 000	kr	937 500
Sum	kr	31 550 000	kr	39 437 500

Tabell 8 Utbygging på Klippa

Norconsult har estimer kostnaden til alternativ 2A til 52,5mill.

Det må også nemnast at Asplan Viak har sett på ei mogleg plassering lengst ned mot sjøen på Klippa. Alternativet er estimert til 20 millionar kronar dyrare enn eit anlegg plassert i same høgd som Sanitetshuset ligg i dag. Men denne tomta på Klippa vil kunne utvidast ved framtidige behov, og administrasjonen ynskjer å ha dette med som eit alternativ i det vidare arbeidet.

Mikroplast

I kommunestyret i Mars vart det tatt opp moglegheita for å reinse vekk mikroplast frå avløpsvatnet. Dette er mogleg og dette har miljøverndepartementet til utgreiing. Miljødirektoratet har også utarbeidd ei side for Mikroplast, http://www.miljostatus.no/mikroplast

Norsk Vann, interesseorganisasjonen til vann og avløpsverksemder i Norge har også gjort ei vurdering av reinsing av mikroplast ved avløpsanlegg. Dei meiner at det er for dyrt og reinse avløpsvatnet for fjerne mikroplast og at ein heller bør oppmode til sundt dovett og heller nytte andre metodar for å fjerne mikroplast før det når sjøen.

I teikninga under ser ein dei største årsakane til mikroplast i havet. Teikninga er henta frå Miljøstatus si heimeside.



Teikninga syner at bildekk er den største kjelda til mikroplast i sjøen, saman med maling og slitasje av tekstilar. Miljømyndigheitene foreslår sjølv at ein nyttar filter på vaskemaskinen og nytte tekstilar som ikkje er produsert av plastprodukt. Bildekkrestar vil ikkje kome inn på reinseanlegget då vatnet frå veg ikkje skal reinsast. Tøming av sandfang er opplyst som eit bøtande tiltak.

Mikroplast er plast frå 5mm og mindre. Opninga på reinseprosessen administrasjonen ser føre seg og nytte er 0,2mm. Så ein slik reinsemetode vil naturleg ta ein stor del av mikroplasten som vil komme inn. For å fjerne noko meir enn dette vurdera leverandør av reinseutstyr at kostnaden med reinsing blir 10-20 gongar dyrare om ein skal ha ut meir mikroplast. Spørsmålet er då kva kost-nytteeffekten av dette er. Kva kostnad skal innbyggarane i Volda betale for å hente ut den siste resten av mikroplast? Her meiner administrasjonen at ein bør komme langt med haldningskampanjer, tilrettelegging av anlegg for besøk av skuleborn og informasjon.

Forslag til haldingskampanjer og informasjonspreiing:

- Legge til rette for å ta imot skuleborn på avløpsanlegg og fortelje om spredning av mikroplast.

- Få høgskulen til å lage ein film til med informasjon om spreidning av mikroplast. Filmen kan nyttast i ulike samanhengar.
- Utdeling av brosjyrar ved studiestart på høgskulen frå «stand».
- Årleg dovettkampanje i Møre.
- Informasjonsbrosjyre som sendast til abonnentar i Volda.
- Merking av kumlokk med kva som skal i do. Dette har vore gjennomført i andre kommunar og har fått mykje merksemd.

Økonomiske konsekvensar:
Vidare framdrift for mellombelse tiltak på Vikeneset vil løysast innanfor gjeldande budsjett.

Øvrige tiltak i denne saka vil måtte avklarast nærare gjennom vidare prosjektering. Når tiltaka er prosjektert og kostnadsreikna, vil ein kunne presentere kostnadene og leggje fram sak om finansiering og prioritert utbygging.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Per Norvald Walderhaug -	2015/024994-004	2014/2218 1898/2015	06.03.2015

E39 - Nytt hovudreinseanlegg for Volda sentrum - orientering om plan

Vi viser til skriv datert 23.2.2015 frå Volda kommune.

Det vert i skrivet orientert om mogleg lokalisering av framtidig hovudreinseanlegg for kloakk ved Klippa-området. Kommunen arbeider no med forstudie for plassering av denne type anlegg. Statens vegvesen ga i skriv av 23.10.2014 ei foreløpig uttale til plassering ved fergjekaia i Volda sentrum.

Det aktuelle området ligg ved europaveg E39. Fartsgrensa er her 60 km/t og årsdøgertrafikken er på 8500 køyretøy.
Statens vegvesen er i utgangspunktet skeptisk til lokalisering av verksamheit med direkteavkjørsle til E 39 før vegstrekket vert omklassifisert til anna vegtype.
Nærare opplysningar om når tiltaket er tenkt teke i bruk, bruksfrekvens og konkret plassering av avkjørsle vil verte avgjerande for vårt endelege standpunkt i saka.
Vi reknar med at eksisterande avkjørsle til Volda Sanitetslag sin eigedom 15/3 vert vurdert nytta til føremålet. Sikt til begge sider i avkjørsla ser her ut til å være over 120m, som i seg sjølv er tilfredsstillande. Avkjørsla må i tilfelle vurderast tilrettelagt for radius for stort køyrety. Vegvesenet vil truleg gå imot ei løysing med fleire nye avkjørsler på dette strekket av europavegen.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Volda kommune

Forstudie RA Vikeneset

Utgave: A
Dato: 2012-05-03

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver:	Volda kommune
Rapportnavn:	Forstudie RA Vikeneset
Utgave/dato:	A / 2012-05-03
Arkivreferanse:	-
Oppdrag:	527237 – Forstudie RA Vikneset
Oppdragsbeskrivelse:	(Basert på tilbud 010745): Forstudie for oppgradering/utskifting av renseanlegg.
Oppdragsleder:	Løvoll Odd
Fag:	VAR
Tema	Avløp
Leveranse:	Forstudie, skisseprosjekt
Skrevet av:	Odd Løvoll
Kvalitetskontroll:	Tore Pettersen
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

INNHOLDSFORTEGNELSE

1 Grunnleggende vurderinger....4
1.1 Oversikt....4
1.2 Pe-belastning og forurensningsmyndighet....4
1.3 Rensekrav....6
1.4 Vannmengder....6
1.5 Renseprosess....6
2 Eksisterende anlegg....7
2.1 Anleggsbeskrivelse....7
2.2 Funksjon, tilstand og utbedringsbehov....9
3 Forslag til ombygging....10
3.1 Regulerte begrensninger på tomta....10
3.2 Konsept....11
3.3 Utbedring av anleggsdeler....13
3.4 Mulig arkitektonisk utforming....16
3.5 Kostnadsberegning....18
VEDLEGG 1: Analyse av måledata....19
VEDLEGG 2: Bilder av eksisterende anlegg....24

Eksterne vedlegg:

Tegning PB1001: Eksisterende situasjon

Tegning PB1002: Situasjonsplan etter ombygging

Tegning PC1001: Plan 1. etg., eksisterende anlegg

Tegning PC1002: Plan 1. etg. etter ombygging

Tegning PC2001: Plan 2. etg. etter ombygging

1 GRUNNLEGGENDE VURDERINGER

1.1 Oversikt

Vikeneset RA er hovedrenseanlegg for Volda sentrum og renser avløp fra ca 7.500 pe (personekvivalenter) før sjøutslipp på 30 m dyp. Anlegget ligger inntil ferjeanløpet på E39.

Husholdninger, småbedrifter og sentrumsvirksomhet er dominerende. Det er ikke større industripåslipp tilknyttet.

Eksisterende anlegg ble satt i drift i 1999 og består av 2 stk Masko-Zoll rørsiler dimensjonert for 7.500 pe og 160 l/s. Rørsilene er slitt av sandholdig avløpsvann og modne for utskifting. Ved utskifting av maskiner ønskes samtidig øket rensekapasitet og anleggsendringer for å bedre arbeidsmiljøet for driftsoperatørene, herunder inndeling i rein og skitten sone og oppgradert ventilasjon med luktfjerning.

1.2 Pe-belastning og forurensningsmyndighet

Tettstedets størrelse i pe er avgjørende for rensekrav og forurensningsmyndighet. Er størrelsen under 10.000 pe gjelder forskriftens kapittel 13 med kommunen som forurensningsmyndighet. Overstiger tettstedets størrelse 10.000 pe gjelder forskriftens kapittel 14 med fylkesmannen som forurensningsmyndighet.

Volda kommune oppgir eksisterende belastning til 7.500 pe, hvorav 1.500 pe fra Høgskulen i Volda (2.000 studenter, en del bosatt utafor Volda).

Under er folketall ihht SSB siden år 2000 vist sammen med en lineær framskriving av folketallet i Volda tettsted. Framskrivingen innebærer 1% årlig vekst. Studenter kommer i tillegg.



Med påslag for inntil 2.000 studenter tilsier prognosen at Vikeneset RA sannsynligvis vil være tilknyttet under 10.000 pe de neste 30 år og at kommune selv vil være forurensningsmyndighet fram mot 2040, med mindre regelverket endres.

I beregningene er det lagt til grunn at husholdninger, småbedrifter, studenter og sentrumsvirksomhet fortsatt vil være dominerende, dvs. at det ikke etableres større industripåslipp. Inn- og utpendling til arbeidsplasser er antatt lik. Volda sjukehus regnes å representere en tilleggsbelastning tilsvarende antall sengeplasser (68 stk i 2012).

Ut fra dette er følgende pe-belastninger beregnet for Vikeneset RA:

	Eksisterende (2011)	**Dimensjonerende (2040)**
Fast bosatte	5.900	8.000 (+36%)
Studenter	1.500	1.700 (+13%)
Sjukehus	100	200 (+100%)
Sum	**7.500 pe**	**9.900 pe** (+32%)

Merknad og forbehold

Dimensjonerende pe lik 9.900 ved opprusting av RA Vikeneset benyttes videre i dette dokumentet.

Grunnet usikkerhet knyttet til bidraget fra studenter m.m. anbefaler vi at det gjennomføres grundigere beregning av eksisterende pe-belastning før ombygging av anlegget endelig besluttes. Dette kan gjøres med uttak av BOF_5-prøver og mengdemåling på anlegget.

Dersom grundigere beregninger viser betydelig større belastning enn 7.500 pe, bør det gjøres en nærmere vurdering av hvor vidt anlegget skal oppgraderes som skissert eller ombygges til en pumpestasjon for overføring av avløpet til et nytt anlegg forberedt for primærrensing av mer enn 10.000 pe. Det er ikke plass til slikt anlegg på tomt for eksisterende anlegg.

1.3 Rensekrav

Forbehold som angitt i kap. 1.2 er relevant også for rensekrav.

Med mindre enn 10.000 pe og utslipp til sjøresipient er rensekravet for Vikeneset RA gitt av avløpsforskriftens § 13-8:

a) 20% reduksjon av SS-mengden i avløpsvannet beregnet som årlig middelverdi av det som blir tilført renseanlegget,

eller

b) 100 mg SS/l ved utslipp beregnet som årlig middelverdi,

1.4 Vannmengder

Forbehold som angitt i kap. 1.2 har også relevans for Q_{dim}. Tilknytting under 10.000 pe er forutsatt.

1.4.1 Analyser

Målinger av tilført mengde m.m. for eksisterende anlegg er analysert som vist i vedlegg 1 der blant annet varighetskurver er vist. Med dagens belastning (2011) tilsier varighetskurvene:

- $Q_{dim2011}$ = 65 l/s dvs. 235 m^3/h (maks. timetilrenning i 50% av døgna i året)
- $Q_{maksdim2011}$ = 110 l/s dvs. 400 m^3/h (maks. timetilrenning overskredet i 5% av døgna i året)
- $Q_{maks2011}$ = 120 l/s dvs. 430 m^3/h (maksimal timetilrenning)

Generelt legges Q_{dim} og $Q_{maksdim}$ til grunn for dimensjonering prosesstrinn. $Q_{maksdim}$ er den største timetilrenninga som skal kunne behandles i alle trinn. Q_{maks} er største vannmengde gjennom forbehandling og utslippsledning.

1.4.2 Dimensjonerende vannmengder

2.500 pe økt tilknytning fram mot år 2040 tilsvarer 6 l/s økt spillvannstilførsel. Høy fremmedvannsandel i 2011 tilsier betydelig potensial for fremmedvannsreduksjon. Økning i Q_{dim} settes derfor ikke høyere enn 10 l/s mens $Q_{maksdim}$ og Q_{maks} fastholdes i forhold til vannmengder for 2011:

- $Q_{dim2040}$ = 75 l/s dvs. 270 m^3/h
- $Q_{maksdim2040}$ = 110 l/s dvs. 400 m^3/h
- $Q_{maks2040}$ = 120 l/s dvs. 430 m^3/h

1.5 Reneprosess

Båndsiler er for tiden den dominerende reneprosessen for nye anlegg med størrelse og rensekrav som RA Vikeneset. Båndsiler har vist seg å ha bedre renseeffekt siler med reint mekanisk reneprinsipp som rørsiler og skivefilter. Dette er blant annet dokumentert i TA2088/2005 fra SFT, rapport om valg av rensemetode for primærrensing.

Som sikkerhet for tilstrekkelig rensing legges til grunn at rørsiler utskiftes med båndsiler. Båndsiler har også en oppbygging som medfører driftsmessige fordeler.

2 EKSISTERENDE ANLEGG

2.1 Anleggsbeskrivelse

Se også bilder i vedlegg 2.

Eksisterende anlegg blei satt i drift i 1999. Det er bygget i 1 etasje med plasstøpte yttervegger og fundamentert på fjell i sjøkanten ved ferjekaia i Volda sentrum.

Det er i reguleringsplan avsatt minimalt med areal til utvidelse av bygget.

Nivå basert på prosjekteringstegninger og kontrollmålinger i 2011:

- O.k. gulv prosess- og personaldel: +2,55
- O.k. gulv containerrom: +2,4
- Lokk innløpskum 26: +2,26
- Overløpskant i innløpskum 26: +1,68
- Bunn innløpskum 26: -0,23 (ikke kontrollert)
- Bunn pumpesump i prosessrom: -3,5 (ikke kontrollert)
- Senter innløp silmaskiner: +3,3 (ikke kontrollert)
- Lokk utslippskummer 31/32: +2,27
- Bunn utslippskummer 31/32: -1,7 (ikke kontrollert)

Romhøyde i prosessrom: 2,6 m mot 2,75 m i containerrom og 2,5 m i personaldel.





Plan og maskinarrangement eksisterende anlegg (ikke i målestokk)

I prosessrom er det installert 2 stk Masko-Zoll silmaskiner. 2 skrå skruepresser for slam til containerrom. Ventilasjon er til dels framført på loft.

2.2 Funksjon, tilstand og utbedringsbehov

Vurderingene nedenfor er gjort på grunnlag av Volda kommunes driftserfaringer og Asplan Viaks befaring av anlegget.

Anleggsdel/tema	Beskrivelse	Utbedringsbehov
Utvendig kumarrangement	Dårlig tetting av innløpskum, dvs. sannsynlig innlekking. Ikke tilbakeslagssikring mellom innløpskum og utslippskum med overløpsforbindelse til overvannssystem. Mulighet for tilførsel av renset avløp eller overvann til innløpskum ved høy sjøvannsstand. Steinfang med dårlig virkning.	Tetting og tilbakeslagssikring av innløpskum. Ombygging av steinfang.
Innløpspumpe-stasjon	Glassfiber pumpesump sannsynligvis i god stand. Ventiler ugunstig plassert under dekke. Luker uten sikkerhetsgitter.	Flytting av ventilarrangement over gulv. Luker med sikkerhetsgitter.
Silmaskiner	Slitte rørsiler med lav rensegrad og tungvint service/reparasjon	Utskifting av maskiner
Utstyr for slamhåndtering	OK tilstand. Ønskelig med plass til ekstra container.	Tilpassing til nye silmaskiner
VVS/luktreduksjon	Lav kapasitet	Kapasitetsøkning og tilpassing
Elektro og automasjon	OK tilstand	Tilpassing til nytt prosessutstyr
Personaldel	Ikke inndelt i rein og skitten sone	Inndeling i rein og skitten sone
Arealtilgang personal	Anleggets personaldel er for liten til å romme både rein og skitten sone.	Utvidelse av personaldel
Arealtilgang prosess	Anlegget er arealmessig minimumsdesignet uten plass til større rensemaskiner enn opprinnelige rørsiler. Gjelder både grunnflate og høyde i prosessrom samt plass til inn- og uttransport av maskiner. Ekstra plass trengs også til oppgradert utstyr for ventilasjon og luktreduksjon. Det er ikke avsatt plass til ekstra slamcontainer.	Utvidelse av prosessdel
Fundamentering av bygg	Volda kommune oppgir at anlegget i sin helhet er fundamentert på fjell.	Ingen
Bygningsmessig tilstand	Generelt god teknisk tilstand med yttervegger i plasstøpt, armert betong uten synlige svekkelser.	Yttervegger kan benyttes videre, innvendige overflater må fornyes ved en ombygging

3 FORSLAG TIL OMBYGGING

3.1 Regulerte begrensninger på tomta

Utsnitt av gjeldende reguleringsplan er vist nedenfor.



Det er regulert minimalt med utvidelsesmuligheter. Eksisterende renseanlegg ligger inntil formålsgrense mot nordøst og sørvest og bare 3 – 5 m fra formålsgrenser i andre retninger.

Det er ikke fastsatt spesielle begrensninger for byggehøyde på renseanlegget. Relevante reguleringsbestemmelser er § 3 a, b og § 6:

§ 3:Fellesføresegner

a: Der ikkje anna er sagt i plankart/føresegner skal bygningane skal ikkje vere høgre enn det dei generelle vilkåra i PBL tillet.

b: Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunalt bygningsmynde sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.

§6: Spesialområder:

Området skal nyttast til avlaupsrenseanlegg for Volda. Utsleppsleidning er bygd på staden, og avskjerande avlaupsleidning er ført til området. Området skal ha same køyretilkomst til E39 som terminalområdet.

3.2 Konsept

Det er behov for arealutvidelse av anlegget både for å få plass til rensetekniske oppgraderinger og for å kunne inndele personaldel i rein og skitten sone. Arealutvidelse foreslås løst ved påbygging av en ekstra etasje utvidet 1,5 m mot nordvest. Utvidelsen vil være innenfor regulert areal. Økt byggehøyde er ikke i konflikt med gjeldende regulering så fremt en god arkitektonisk utforming finnes.

Konseptet er vist på planskisser neste side samt vedlagte tegninger og innebærer:

- Silhall i andre etasje med plass til 2 stk av markedets for tiden største båndsilmaskiner. Slike maskiner vil ha kapasitet til opp til 10.000 pe forutsatt gjeldende rensekrav og normalt avløpsvann uten spesielle prosesspåslipp.
- Personaldel med rein og urein garderobe i første etasje og kontrollrom i andre etasje. Rein trapp til kontrollrom og innsyn til silhall fra kontrollrom. Adkomst til prosessdel via urein garderobe og urein trapp i prosessdel.
- Eksisterende prosessrom benyttes videre som teknisk rom med ombygget pumpestasjon, utrustning for prosessventilasjon og eventuelle blåsemaskiner for båndsiler.
- Containerplassering beholdes. Horisontale slamskruer erstatter skråstilte.
- Separat prosessavtrekk med kullfilter for luktreduksjon plassert i silhall.
- Separat ventilasjonsaggregat for personaldel med eget teknisk rom.
- Ombygget innløpsarrangement med luftet steinfang.
- Ny utslippsledning til sjø på nordsida av anlegget.

Grunnet liten tomt vil konseptet selv med en ekstra etasje ha begrensninger:

- Silhall vil neppe kunne utvides til å romme prosessutstyr for primærrensing som er gjeldende minstekrav i tilfelle Volda sentrum overskrider 10.000 pe. Se merknader i kapittel 1.2.
- Det er ikke plass til dobbelt sett reine og ureine garderober. Dette er negativt i forhold til tilrettelegging for kjønnsnøytral arbeidsplass.
- Det er ikke plass til ekstra slamcontainer i anlegget. 2 containere ville åpnet for mer fleksible tømmeintervall.

Fullverdige løsninger også for disse forholdene lar seg neppe finne uten at anlegget får en ny plassering med tilstrekkelig stor tomt. Et slikt konsept er ikke nærmere vurdert i denne forstudien.



Plan 1. etg etter ombygging

(ikke i målestokk)



Plan 2. etg etter ombygging

(ikke i målestokk)

3.3 Utbedring av anleggsdeler

Her følger en beskrivelse av utbedringer som inngår i foreslått ombygging.

3.3.1 Innløpskum

Eksisterende kum 26 erstattes med ny kum med tilbakeslagssikret overløp/omløp til kum 31 (eks. utslippskum). Tilbakeslagssikring kan utføres som FluidSwing eller lignende klaffventil i egen kum mellom innløps- og utløpskum.

Høyde kt +1,7 på overløpskant og utvendig topp +2,26 beholdes. For overløpsregistrering monteres som minimum nivåbryter. Mengdemåling bør vurderes.

Det monteres ny sluseventil på innløpsledning, etter innløpskummen. Ventil monteres som nedgravd sluseventil mellom innløpskum og steinfang, alternativt som skyvespjeld på innløpsstuss i steinfangskum.

3.3.2 Steinfang

Eksisterende steinfang, kum 10046, ombygges ved at gjennomgående innløpsrør med vertikalt gren og dårlig fungerende stengeventil fjernes. Ny stengeventil monteres som beskrevet for innløpskum.

I kummen monteres blåserør tilkoblet egen blåsemaskin plassert i renseanlegg. Luftblåsing styres automatisk av PLS.

3.3.3 Pumpestasjon med rørarrangement

Videre bruk av dykkpumper anbefales. Eksisterende pumper er 3 stk, oppgitt som Flygt CP3127 LT 180 med hjulkode 442. Med mindre de er utslitt, kan de benyttes videre til pumping til innløpskasse med vannspeil ca kt +7. Med ombygget røropplegg og økt løftehøyde vil samlet kapasitet ved parallell drift av 3 pumper være over 100 l/s ved sumpnivå +1,7, hvilket vurderes som tilstrekkelig. Alternativt utskiftes pumpene og kapasitet økes til 120 l/s. I så fall er pumper av typen Flygt NP spesielt aktuelle. Disse kan antakelig benyttes med eksisterende guiderør og koblingsføtter.

Pumpene utrustes med frekvensregulering.

Sumptopp med luker fornyes og utrustes med sikkerhetsgitter.

Tilbakeslags- og stengeventiler flyttes til over gulv i maskinrom 1. etg. Mengdemåler, ventiler og trykkrør mellom pumper og silmaskiner utskiftes med nytt materiell. For lik fordeling av tilførsel på maskiner, inspeksjon og for tilrettelegging av prøvtakingspunkt for innløpsprøver forutsettes bygget innløpskasse i stål foran silmaskiner.

3.3.4 Silmaskiner / silhall

I ny silhall avsettes plass til 2 stk av markedets for tiden største båndsilmaskiner inkludert tilstrekkelig areal omkring maskinene for service og vedlikehold, herunder gulvplass foran maskinene til utheist båndsilkassett. Det monteres løfteutrustning med kapasitet for flytting av hel silmaskin (uten vannfylling) og port for inn- og uttransport av maskin fra silhallen.

Automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingsutstyr inkl. kjøleskap for avløpsprøver plasseres i silhallen.

Kullfilter for luktreduksjon kan plasseres i silhallen slik at port kan benyttes for inn- og uttransport ved skifte av kull.

Eventuelle blåsemaskiner for båndsilene plasseres i teknisk rom 1. etg.

Under er eksempel på silhall av typen som foreslås.

3.3.5 Utstyr for slamhåndtering

Eksisterende containerrom benyttes videre. Slamskruer utskiftes med ny horisontal skrue over gulv i silhall. Slamtransport med skruer forenkles i forhold til dagens løsning med skråstilte skruer.

Eksisterende container er åpen med gulvmontert hette, hvilket ikke er idéelt mhp luktkontroll og transport der lukket container er å foretrekke. Begrenset romhøyde 2,75 m vanskeliggjør endret containerløsning. Videre bruk av eksisterende container og hette legges i utgangspunktet til grunn. Containervolum er oppgitt til 8 m^3. Aktuelle tømmeintervaller er ukentlig eller hver 14. dag avhengig av tilknytning, avvanning og rensegrad. Med 25 % SS-reduksjon og slam avvannet til 25 % TS, vil tømming hver 14 dag holde selv med 9.500 pe tilknyttet.

Nivåmåler tilkoblet driftsovervåking for kontroll av fyllingsgrad i container foreslås etablert.

3.3.6 Utslippsledning

Ved flo sjøvannsstand er beregnet kapasitet for eksisterende utslippsledninger marginal i forhold til dimensjonerende vannmengde 120 l/s. Basert på vannstandsobservasjoner for Ålseund (www.vannstand.no) er årlig maks.flo kt +1,5. Med slik vannstand har utslippsledning ø400 til 30m dyp kapasitet 0 l/s selv med maks. oppstuving til u.k. lokk +2,2 i kum (på grunn av tetthetsforskjell mellom avløp og sjøvann). Overløpsledning har beregnet kapasitet oppunder 120 l/s i slik situasjon, men tilføres også overvann og bør ha reservekapasitet ut over dette.

Det foreslås at eks. utslippsledning fra renseanlegget til utslippskum 31 nedlegges og erstattes av ny utslippsledning på nordsiden av anlegget. I tillegg til kapasitetsforhold er dette begrunnet med at plassering og utførelse av eksisterende utslippsledning i anlegget gjør den vanskelig å benytte sammen med ny plassering av silmaskiner.

Følgende er lagt til grunn:

- Utslippsledning fra renseanlegg til eks. kum 31 nedlegges og erstattes med ny utslippsledning på nordsiden av anlegget. Ny ledning er foreløpig dimensjonert til ø400 og føres til 30m dyp. Ledningslengde ca 50 m.
- Eksisterende utslippskummer og –ledninger benyttes videre uten endringer til omløp og overløp samt overvann.

3.3.7 Personaldel

Personaldel i 1. etasje ombygges helt og suppleres med nytt kontrollrom og teknisk rom i 2. etasje. Se vedlagte tegninger og omtale av konsept foran.

Inndeling i rein og skitten sone innebærer tungvindt adkomst til silhall fra kontrollrom. Som kompensasjon forutsettes fullverdig SD-tilgang fra terminal i silhall.

3.3.8 Ventilasjon

All ventilasjonsutrustning utskiftes. Nytt anlegg med separate system for personaldel og prosessdel. Prosessventilasjon tilknyttes luktreduksjonsanlegg. Av plasshensyn foreslås kullfilter.

3.3.9 Elektro og automasjon

Alt elektro- og automasjonsutstyr utskiftes. Elektro og automasjonsskap flyttes til nytt kontrollrom i 2. etasje.

3.3.10 Bygningsmessig

Fundament og yttervegger for 1. etasje benyttes videre.

Eksisterende takkonstruksjon rives for påbygg av 2. etasje.

Etasjeskiller og nedre del av vegger 2. etasje utføres i plasstøpt betong.

Innvendige vegger og gulv i 1. etasje regnes å bli skadet av ombyggingsarbeider og forutsettes fornyet.

3.4 Mulig arkitektonisk utforming

Her er illustrert en utforming med bruk av zink fasadeplater på ny etasje og endret farge på vinduskarmer, dører og porter på eksisterende bygg.

Sett fra sørøst

Sett fra sørvest

3.5 Kostnadsberegning

Basert på erfaringspriser er prosjektbudsjett 14 mill. beregnet for foreslått ombygging. Beregnede kostnader i mill. NOK eks mva er som følger:

Rivingsarbeider	0,5
Utvendige ledninger	0,6
Bygg inkl. VVS personaldel	4,5
Prosessventilasjon og luktreduksjon	0,5
Elektro og automasjon	1,0
Maskin- og prosessutstyr	4,0
Sum ekskl. påslag	11
Plan/adm.	1,5
Reserve	1,5
Total (budsjett)	14

Med 5 % kalkulasjonsrente og 20 års nedskrivingstid blir kapitalkostnad 1,1 mill. kr/år.

Driftskostnader er stipulert til 0,7 mill. kr/år hvorav halvparten til sluttbehandling av slam.

Total årskostnad eks. avgifter stipuleres dermed til 1,8 mill. kr/år.

VEDLEGG 1: Analyse av måledata

Målt tilførsel

I og med at det uansett valg av løsning må påregnes bygging av pumpestasjoner er det viktig at avløpsvannet fra bebyggelse separeres i størst mulig grad så en unngår og måtte pumpe overvann fra takvann, dreneringer og veger/plasser. Dette vil redusere driftskostnader på avløpspumpestasjonene.

Hvorvidt tiltak må reguleres må avklares nærmere med planmyndigheten, men en antar at det ikke er nødvendig å utarbeide reguleringsplan for anlegg av denne størrelse som er lagt til grunn her.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Totland	Arkivsak nr.:	2017/2129
		Arkivkode:	L81

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
73/18	Formannskapet	17.04.2018
	Kommunestyret	26.04.2018

UTBYGGINGSAVTALE FOR STRAND BUSTADFELT – FJORDBYGG AS

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Fjordbygg AS for bygging av Strand bustadfelt, datert 09.04.2018.

Vedleggsliste:
1. Forslag til utbyggingsavtale for området "Detaljregulering for Strandfeltet" planID 2012011
2. Detaljregulering Strand bustadfelt.
3. Kunngjering detaljregulering for Strand bustadfelt.
4. Innspel til utbyggingsavtale etter høyring.

Uprenta saksvedlegg:
Teknisk Plan Strand Bustadfelt

SAMANDRAG AV SAKA
Oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale for Strand bustadfelt, mellom Fjordbygg AS og Volda kommune, vart kunngjort i avisa Møre og på Volda kommune sine heimesider 10.11.17. Der kom eit innspel til saka. Innspelet er fullt ut løyst i teknisk plan med unntak av veg på nordsida av feltet, då feltet har tilkomst frå Gamlevegen.
Utbyggingsavtalen omfattar tekniske anlegg som vert bygt ut av Fjordbygg AS og overteke vederlagsfritt av Volda kommune for framtidig drift og vedlikehald. Denne modellen er i samsvar med praksis som er etablert for slike avtaler knytt til utbygging av private bustadfelt i Volda kommune.
Volda kommune og Fjordbygg AS har gjennom forhandlingar kome fram til vedlagde forslag til utbyggingsavtale. Volda kommune vedtok i 27.02.2014 (sak PS 20/14) mal for avtale om justeringsrett for inngåande meirverdiavgift mellom aktuell utbyggjarar og kommunen. Denne

malen seier at tilbakeført meirverdiavgift skal delast med 60% til kommunen og 40% til utbyggjar. Forslaget til utbyggingsavtale med Fjordbygg AS følger denne malen.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA

Oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale for Strand bustadfelt, mellom Fjordbygg AS og Volda kommune, vart kunngjort i avisa Møre og på Volda kommune sine heimesider 10.11.17. Der kom eit innspel til saka frå Erling Arne Skarstein. Innspelet er fullt ut løyst i teknisk plan med unntak av veg på nordsida av feltet, då feltet har tilkomst frå Gamlevegen.
Utbyggingsavtalen omfattar tekniske anlegg som vert bygt ut av Fjordbygg AS og overteke vederlagsfritt av Volda kommune for framtidig drift og vedlikehald. Denne modellen er i samsvar med praksis som er etablert for slike avtaler knytt til utbygging av private bustadfelt i Volda kommune.
Volda kommune og Fjordbygg AS har gjennom forhandlingar kome fram til vedlagde forslag til utbyggingsavtale. Volda kommune vedtok i 27.02.2014 (sak PS 20/14) mal for avtale om justeringsrett for inngåande meirverdiavgift mellom aktuell utbyggjarar og kommunen. Denne malen seier at tilbakeført meirverdiavgift skal delast med 60% til kommunen og 40% til utbyggjar. Forslaget til utbyggingsavtale med Fjordbygg AS følger denne malen.

Som ein del av dette prosjektet vert der utskifting av vassforsyningsrør gjennom feltet og fram til kum 255m nord for feltet. Kostnad med dette vert ca 2 millionar, som vert løyst under tildelt investeringsramme for investeringar Vatn i 2018 budsjettet.

VURDERING OG KONKLUSJON

Kommuneplanen:
Saka handlar om kommunal tilrettelegging for auka busetting i Volda.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vurdert i prosess for reguleringsplan for Strandfeltet.

Økonomiske konsekvensar:
Prosjektet vil på sikt auke kommunen sine driftsutgifter med vedlikehald av ny infrastruktur.
Auka låneopptak som vert belasta vassavgifta til innbyggjarane i Volda kommune.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Vurdert i prosess for reguleringsplan for Strandfeltet.

Rådmannen rår til at vedlagte utkast til utbyggingsavtale vert godkjent.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Teknisk for vidare oppfølging
Økonomiavdelinga

Mellom Fjordbygg AS (heretter kalla utbyggar) og Volda kommune (heretter kalla kommunen) er det med grunnlag i plan- og bygningslova kap. 17 inngått følgjande

UTBYGGINGSAVTALE

FOR

STRAND BUSTADFELT

1. GENERELT

Avtalen gjeld utbygging og overtaking av kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp i samband med utbygging av prosjekt "Strand bustadfelt" innanfor reguleringsplanen *"Detaljregulering for Strandfeltet, datert 05.12.2015"*.

Følgjande hovudretningslinjer regulerer denne avtalen:

- "Detaljregulering for Strandfeltet", planid 2012011, eigengodkjent 05.12.2015.
- Tekniske planar "Godkjenningsbrev datert 12.02.2018 utarbeidd av ingeniørfirma Moldskred AS.

Utbyggingsområdet etter denne avtalen omfattar "Detaljregulering for Strandfeltet", datert 05.12.15. Anlegget som inngår i denne avtalen gjeld offentleg veganlegg: Gamleveien iht. reguleringsplan for Strand-feltet. Anlegget omfattar opparbeiding av nye anlegg for veg, vatn og avløp i samsvar med ovanfor nemnde tekniske planar. Utbyggjar ønskjer kommunal overtaking av dei tekniske anlegga som avtalen omfattar. Dette må skje ved eigen søknad når anlegga er ferdigstilt.

1.1. Partar

Volda kommune	-	org.nr. **939 760 946**
Fjordbygg AS	-	org.nr. **913 307 593**

1.2. Definisjonar

Igangsettingsløyve: Bygningsmynde si godkjenning som grunnlag for at arbeidet etter denne avtalen kan setjast i gang.
Planområde: Området innanfor regulert plangrense i godkjend reguleringsplan "Detaljregulering for *Strandfeltet* ", datert 05.12.2015.
Byggjesteg: Utbygginga skal skje i 2 byggjesteg:
1. byggjesteg: Bygg 1, 2, 3 og 4 nord om vegen.
2. byggjesteg: Bygg 5, 6, og 7 sydvest om vegen.
Teknisk infrastruktur: Opparbeiding av veg, vatn og avløp slik det går fram av Teknisk Plan datert 12.02.2018" utarbeidd av ingeniørfirma Moldskred AS.

1.3. Formål

Avtalen har til formål å regulere partane sine rettar og plikter overfor kvarandre ved utbygging av "Strand bustadfelt".

1.4. Utbyggingsområde/ geografisk avgrensing/ eigarforhold

Avtalen omfattar tekniske planar, utarbeidd av ingeniørfirma Moldskred AS datert 12.02.2018.
Utbyggingsområdet ligg innanfor reguleringsplanen "Detaljregulering for Strandfeltet", datert 05.12.2015. Planen er eitt av vedlegga til denne avtalen.

1. UTBYGGAR SITT ANSVAR

2.1. Omfanget av utbygginga

Utbyggar er ansvarleg for gjennomføring av utbygging av dei anlegg innanfor bustadfeltet som går fram av denne avtalen. Tekniske detaljplanar for bustadfeltet er godkjent i samsvar med kommunen sitt godkjenningsbrev datert 13.04.2018.

2.2. Grunnerverv

Utbyggar skal sjølv sikre seg nødvendige rettar for gjennomføring av prosjektet. Utbyggjar skal før overtaking finn stad kostnadsfritt overdra grunnareal tilhøyrande dei vegar som skal overtakast.

I den grad kommunaltekniske anlegg rører ved privat eigedomsrett, må utbyggar sørgje for at kommunen vert sikra tinglyst rett til å ha liggjande, kunne vedlikehalde og kunne etablere nye anlegg som etter kommunen si vurdering er naudsynt av omsyn til anlegget sin funksjon.

2.3. Val av entreprenør

Entreprenør for anlegga etter denne avtale er :
Grøfter: NordBerg AS - Org.nr. 959 618 267.
Rørledninger: Brende Rørleggerforretning – Org.nr. 833 241 192

2.4. Framdrift/ avtalen si varigheit

Utbyggjar pliktar å ferdigstille anlegga og overlevere alle anlegg omfatta av denne avtale til Volda kommune innan:
1. byggjesteg (jf. pkt 1.2 ovanfor) innan 3 år frå igangsetjingsløyve er gitt.
2. byggjesteg (jf. pkt 1.2 ovanfor) innan 3 år frå igangsetjingsløyve er gitt.
Kommunen kan bryte denne avtalen dersom tidspunktet for overlevering ikkje vert halde.

2.5. Rekkefølgjekrav/ sikringstiltak

Rekkefølgje av utbygginga skal følgje gjeldande reguleringsplan m/vedtekter.

2.6. Offentlege trafikkområde

Utbyggjar ønskjer kommunal overtaking for følgjande køyrevegar: Gangveien iht. Reguleringsplan for Strand-feltet.
Grunnlaget for dette er at godkjende tekniske planar vert lagt til grunn for opparbeidinga.

Kommunal overtaking betinger idriftsette LED veglys, granittkantstein langs fortau, ferdig asfaltert vegbane/fortau og oppsett godkjent autovern på vestsida av vegen gjennom feltet.

2.7. Vatn og avløp

Utbyggjar ønskjer overtaking av kommunale leidningsanlegg jf. pkt. 2.1 ovanfor. Godkjende tekniske planar skal leggjast til grunn for opparbeidinga.

2.8. Fordelingsanlegg straum, el-, tele- og kabel-TV anlegg

Forholdet mellom utbyggjar og kabeletatane (Mørenett, Telenor og eventuelle kabel-TV-selskap) vert regulert i eigne avtalar når det gjeld økonomiske spørsmål. Tekniske planar for kabeletatane skal være i samsvar med kommunale normer og retningslinjer.

3. KOMMUNEN SITT ANSVAR

3.1. Kommunal deltaking

Kommuna skal koste grøft og rør til utskifting av vassleidning i gamlevegen gjennom strandfeltet. Som grøftekostnad reknast alt arbeid under bærelaget til veg/fortau. Kostnad med Grøft og Rør er berekna til ca Kr. 700 000,- eks. mva.

Kommuna skal koste rør og grøftekostnader frå ende reg. grense Strand-feltet til kum 255m nordvest. Kostnad med rør og grøft er berekna til ca Kr. 1.250.000,- eks. mva.

Kommuna betaler fortløpande dokumenterte kostnader med desse to ledningsstrekningane, med 30 dagar betalingsfrist.
Summer er inkl. prosjektering.

4. ØKONOMISKE BETINGELSAR

For å sikre kommunen og tredjeperson at anlegget ferdigstillast innanfor avtalte tidsfristar, skal utbyggjar stille bankgaranti overfor Volda kommune før arbeidet vert sett i gang. Garantien skal knytast opp i mot og kunne gjerast gjeldande mot manglande fullføring og overskridingar på avtalen sine tidsfristar og for feil og manglar i inntil tre år etter at overtaking av anlegget finn stad. Garantien skal utgjere 10 % av dokumentert samla anleggskostnad for tekniske anlegg i utføringstida, slik det framgår av pkt. 2.6 og 2.8 i denne avtalen.

Samla anleggskostnad i samsvar med framlagt anbod for vatn og avløp datert 12.02.2018 kr. 755 018,- eks. mva.

Samla anleggskostnad i samsvar med framlagt anbod for Veg og gangveg datert 12.02.2018 kr. 1 043 235,- eks. mva.

Totalt kr 1 798 253,-

Garantibeløp 10 % av ovannemnde: **kr. 180 000,-**

Etter at anlegget er overteke vert garantien redusert til 3 % for forhold som vert pålagt dei 3 (tre) første åra etter overtakinga. Garantien skal avsluttast når garantitida er ute. Garantien skal stillast før oppstart av anleggsarbeida.

Justeringsrett
Det er avtalt at utbyggjar og kommunen skal inngå avtale om overføring av retten og plikta til å justere inngåande meirverdiavgift jf. meirverdiavgiftsforskrift kapittel 9. Det er avtalt at tilbakebetaling av meirverdiavgift skal tilbakebetalast over 10 år, og at fordelinga er avtalt til 40% til utbyggjar og 60% til kommunen.

Justeringsretten refererer til sum i førre punkt der mva sum til fordeling vert ca Kr 450 000,-

Følgjande krav til dokumentasjon må framleggjast av utbyggar:

- Anskaffingskostnad utan meirverdiavgift,
- total meirverdiavgift,
- opplysningar om det er frådragsført meirverdiavgift ved anskaffinga

5. VILKÅR FOR OVERTAKING AV TEKNISKE ANLEGG

Utbyggjar vil søkje om kommunal overtaking av tekniske anlegg ved eigen søknad når anlegga er ferdigstilt. Tekniske anlegg skal overtakast vederlagsfritt til kommunalt vedlikehald i samsvar med inngått utbyggingsavtale. Når alle forhold er brakt i orden, skal det skrivast ein overtakingsprotokoll som er gyldig når begge partar har skrive under.

Kommunen overtek ikkje anlegg til drift og vedlikehald før anlegga er utført i samsvar med vedtekne normer, retningslinjer samt godkjende planar. Anleggsutføring som er endra utan førehandsgodkjenning vert i utgangspunktet ikkje godkjent for kommunal overtaking. Eventuelle konfliktar mellom utbyggjar, entreprenør og/eller berørte grunneigarar må være løyst før kommunen overtek tekniske anlegg til vedlikehald.

Ein føresetnad er at all grunn som er regulert til offentleg vegformål blir overskøytt til kommunen før kommunen overtek ansvar for vegvedlikehaldet.

6. ENDRINGAR/ REFORHANDLINGAR

Dersom utbyggjar eller kommunen finn det naudsynt med endringar i høve godkjende planar, skal konsekvensar og ansvar avklarast mellom underskrivne av denne avtalen før endringar kan gjennomførast.

7. TRANSPORT AV AVTALEN

Eventuell vidaretransport av denne avtalen kan ikkje finne stad før etter forhandlingar mellom dei involverte partar, og kommunen si godkjenning.

8. DIVERSE

8.1. Misleghald

Ved eventuelt misleghald av denne avtalen, kan den seiast opp av kommunen.

8.2. Tinglysing

Der leidningsanlegg ligg utanfor område som skal overtakast av kommunen, må utbyggjar framskaffe tinglyste rettar som gir kommunen rett til å ha liggjande leidningar på annan mann sin grunn og til fritt å kunne utføre drift og vedlikehald av leidningar og installasjonar.

8.3. Tvistar

Ein kvar tvist mellom partane vedrørande avtaleforhold skal søkjast løyst i minnelegheit. Dersom ein ikkje oppnår løysning, skal tvisten avgjerast ved dei ordinære domstolar med mindre partane blir samde om å la tvisten bli avgjort ved voldgift.

8.4. Iverksetjing av avtalen

Denne avtalen byrjar å gjelde når den er underskriven av begge partar.
Avtalen vert underskriven i to eksemplar, der partane beheld eitt eksemplar kvar.

Ørsta, …….	Volda, ……
For utbyggjar Fjordbygg A/S	For Volda kommune
……	**....……**
Rune Koppen dagleg leiar	Jørgen Einar Amdam ordførar

VOLDA KOMMUNE
Utvikling

NOTAT

Frå: Per Heltne

Sak: Plan Id 1519 -2012011: Reguleringsplan område B60 Strand

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd / Sakshandsamar*	*Dato*
2012/2636	*10690/2017*	*2012011*	*UTV/PERHEL*	*22.08.2017*

PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND - AJOURFØRTE DOKUMENT FOR GODKJENT PLAN

Reguleringsplan Strand - B60 gnr 15 bnr 2 m.fl.
Samla dokument etter ajourføring av godkjent plan.



Ark.sak: 2012/2636 Plan ID: 2012011

REGULERINGSPLAN

Reguleringsplan "B60-Strand-gnr 15 bnr 2 m.fl", slik det framgår av dette plankartet og tilhøyrande føresegner er godkjent av Volda kommunestyre den 26.11.2015 , som sak PS120/15, i samsvar med reglane i plan og bygningslova (2008) §12-2."

VOLDA, 1.12.2015
for rådmannen *Per Heline*
planleggar
e.f.m.

VOLDA KOMMUNE UTVIKLING

Volda kommune

REGULERINGSPLAN FOR

B60 - STRAND - gnr 15 bnr 2 m.fl

TEIKNFORKLARING PBL.§ 12-5

1: BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL.§ 12-5 .1)

FS_1,2	FRITTLIGGANDE SMÅHUS
BK_1,2	KONSENTRERT BUSTADBYGGING
o_Leik	OFF. LEIKEPLASS
f_Leik_1,2,3,4	FELLES LEIKEPLASS

2:SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5.2)

f_SKV_1,2	FELLES KØYREVEG
o_SKV	OFFENTLEG KØYREVEG
f_SP_1,2	FELLES PARKERING/GRASJER
o_SG/S_1,2	OFF GANG-/SYKKELVEG
o_SaV_1,2,3	ANNA TRAFIKKAREAL

3:GRØNNSTRUKTUR (PBL. § 12-5 . 3)

f_GT	TURDRAG
o_GFr	OFFENTLEG FRIOMRÅDE

OMSYNSSONER

H140_1,2	RpSikringSone H140_1,2 (Frisikt)
H220_1,2	RpStøySone H220_1,2 (støy gul sone 1,5m o terr.)
H190	RpSikringsone H190 (restriksjonar på hogst)
H310_1	RpFareSone H310_1 (skred / steinsprang-fare)
H730	RpBandleggingSone (Automatisk freda kulturminne)
H570	RpAngiltHensynSone (Buffer)

JURIDISKE LINER OG PUNKT

- Plangrense
- Føremålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterline
- Beslemmelsesgrense kulturminne
- CL støyvoll / støyskjerm

KARTOPPLYSNIGAR

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

0 10 20 30 40 m

Basiskart er teikna med svak grålarge

N

M 1:1000

SAKSHANDSAMING ETTER PBL

Oppstartkonferanse	12.12.2012
Forvarsling:	i tida 1.feb - 15.mars 2013
1. gangs handsaming i planutvalet :	sak PS75/15 19.05.2015
off. ettersyn i tida:	frå 11.06.2015_til_25.07.2015
2. gongs handsaming i planutvalet:	sak PS 75/15 17.11.2015
Handsaming i kommunestyret:	sak PS120/15 26.11.2015

PLANEN ER UTARBEIDD AV: DATO

SIV.ING SVEIN HOLMEN
AREALPLANLEGGING

Utarbeidd 20.feb -15
Just 3.mai -15 sh
Just 8.okt -15 sh
Just 21.okt -15 sh
Just 10.nov -15 sh

REGULERINGSFØRESEGNER
Detaljregulering for Strand
PlanID: 15192012011
Revidert 1.11.2015, 10.11.2015
Eigengodkjenningsdato: 26.11.2015
Eigengodkjend av: Volda mkommunestyre sak PS 120/15

for Rådmanen Per Heltne, Planleggar
e.f.m
VOLDA KOMMUNE
UTVIKLING

Utarbeidd **av: Svein Holmen Planlegging – for Strand Utvikling as**

§ 1 -GENERELT

1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008. Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet

1.2 Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

1.3 Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan-og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og dei kommunale vedtektene.

§2 – REGULERINGSFØREMÅL:

Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A)	Frittliggande småhus (1111) **FS_1,2**
	Konsentrert bustadbygging (1112) **BK_1,2**
	Offentleg leieplass (1610) **o_Leik**
	Felles leikeplass (1610) **f_Leik_1,2,3 og 4**
Samferdsleanlegg (S)	Off. Køyreveg (2011) **o_SKV_Gamlevegen**
	Felles køyreveg (2011) **f_SKV_1-2**
	Gang og sykkelveg (2015) **o_G/S_1,2**
	Annan veggrunn (2018) **o_SaV_1,2** (kantareal langs Gamlevegen)
	Felles parkeringsanlegg(2080) **f_SP_1,2**
Grønstruktur (G)	Friområde (3040) **o_GFr_1**
	Turdrag(3030) **f_GT**
Omsynssoner (Pbl §12-6)	RpSikringSone **H140_1,2** (Frisikt)
	RpSikringSone **H190** (Restriksjon på hogst)
	RpFareSone **H310** (Skred/steinsprang-fare)
	RpStøySone **H220_1og2** (Støysone<1,5m o terreng
	RpBestemmelseGrense (RpJuridiskLinje 1235 - kulturminne)

§3 FELLESFØRESEGNER

a Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet.

b Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.
Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar / anlegg.

c Høgde og utforming av gjerde mot veg skal godkjennast av kommunen. Gjerde mot nabo / fellesareal / veg / friområde må ikkje vere over 80cm. høgt inklusive sokkel.

d Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemurar i eigedomsgrensene

e Alle bustadbygg skal oppførast med tett sålekonstruksjon (radonsperre) i grunnmur.

f Det skal leggast vekt på å opparbeide gode uteareal. Eksisterande trevegetasjon skal så langt som råd takast vare på. Ny vegetasjon skal haldast så lav at den ikkje tek utsikt frå bakanforliggande hus.

g Overskottsmasse skal køyrast vekk.

h Utbyggar har meldeplikt etter § 8.2 i lov om kulturminne dersom det vert avdekka automatisk freda kulturminne innanfor plangrensene. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

i Detaljert byggeplan før byggeløyve kan gjevast.
Før det kan gjevast løyve til utbygging på dei einskild byggeområde, BK1 og 2, og Fs1 skal det utarbeidast detaljert byggeplan for kvart område. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikkløysingar og parkeringsplassar på tomta samt utforming og innhald på leikeareal skal visast på byggeplanen.
Det skal utarbeidast 3D-illustrasjonar av husa som del av byggeplanen.
Leikareal:
Innanfor byggeområda skal det settast av min. 50m2 pr bueining til leikeareal med universell standard.
Plassert som vist i reguleringskartet.
Områda skal planleggast ut frå fylgjande retningsliner:

- leikeplassane skal utformast i samsvar med reglane i Rikspolitiske retningsliner om barn og unge og rettleiar til denne.
- areala skal/bør lokaliserast på sør-vest for husa /med gode sol og vindtilhøve
- areala skal vere flate (areal brattare enn 1:3vert ikkje rekna som del av arealkravet) med tilrettelagte soner/stiar som kan trafikkerast med rullestol
- areal smalare enn 10 m skal ikkje reknast inn i leikearealet
-

- areal sett av til køyreveg, parkering, fareområde, areal lagt med restriksjonar som hindrar barn sin frie leik skal ikkje reknast med.
- nærleikeplassane kan møblerast etter bebuarane sine ynskjer, men skal minimum vere opparbeidd med sandkasse, benk og eit leikeapparat
- nærleikeplassane skal vere opparbeidd før første bustadeining i eit område kan takast i bruk.

Vidareført støyvurdering –dokumentasjon i høve til vilkår i T-1442 :
Støyskjerming mot E39 skal etablerast ved støyvoll mot byggeområda og ved støyskjerm mot område til off. leikeplass (o_Leik - sosi1610) i samsvar med beskrivelse gitt i Støyrapport datert 29.07.2014 utarbeidd av Sweco Norge/Vest Akustikk.
Som del av utarbeiding av detaljert byggeplan for dei ulike byggeområda skal det gjennomførast vidareført støyvurdering og det skal ligge føre dokumentasjon utarbeidd av sakkunnig, som sikrar at alle deler av bygg og uteareal er sikra støytilhøve innan for gjeldande retningsliner i T-1442.
Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

J Bestemmelsesområdet på BK_1og f_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt.
Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kulturminnelova §8 fjerde lekk.

K Ved utbygging /anleggsarbeid på område Bk1 og f_leik 3 skal det oppsettast lettgjerde som markerer grensa mellom utbyggingsområda og omsynssone H_730/H_570, som ei fysisk synleg påminning om at dette er område der ein ikkje skal gå inn, ut frå omsynet til automatisk freda kulturminne ldnr 177066.

§4 BEBYGGELSE OG ANLEGG, PBL. §§12-5 nr.1 og 12-7

4.1 Konsentrert bustadbygging (BK_1og2)

a Det skal utarbeidast detaljert, samla byggeplan for områda BK_1 før det kan gjevast løyve til bygging i dette området. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikkløysingar og parkeringsplassar på tomta samt leikeareal og felles returpunkt for renovasjon skal visast på byggeplanen. Det skal leggast fram 3D-illustrasjonar av husa i byggeplanen.
Evt avbøtande tiltak mot støy for alle delar av bygga og uteareal skal vere dokumentert av fagkunnig som del av byggeplan. (jf pkt 3 g)
Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at støyvoll/skjerming kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggrøft langs E39.

b Det skal utarbeidast detaljert, samla byggeplan for område BK_2 før det kan gjevast løyve til bygging i dette området. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikkløysingar og parkeringsplassar på tomta samt leikeareal og felles retupunkt for renovasjon skal visast på byggeplanen. Det skal leggast fram 3D-illustrasjonar av husa i byggeplanen. Evt avbøtande tiltak mot støy i 2.høgda skal dokumenterast og godkjennast av fagkunnige i byggeplanen. (jf pkt 3 g)

c I BK_1 og BK_2 kan det førast opp konsentrert bebyggelse med tilhøyrande anlegg som garasje bud ol.

d Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. Bygningar på BK_1 kan oppførast med møne-/gesimshøgd inntil 6 m og mønehøgd inntil 9 m.
På BK_2 kan gesimshøgde på inntil 10.5 m (lavblokker) godtakast. (gesimshøgd målt frå lågaste terrengnivå i front av bygget/hovudfasade).

e Innanfor BK_1 og BK_2 kan maksimal utnyttingsgrad vere 40% BYA.
BK_1 og BK_2 skal ha avkøyrsle frå o_SKV_Gamlevegen.
Avkøyrslene skal plasserast i samsvar med plankartet og utformast i samsvar med reglane i Statens vegvesen si handbok 017.

f Innafor BK_1 og BK_2 skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar pr. bueining – minst ein av desse skal vere i garasje, carport eller parkeringskjellar

g Vidareført støyvurdering vert kravd som del av bygeplan, der plassering og utforming av bygg er klarlagt for å sikra at vilkår i T-1442 vert tilfredsstilt. Ved byggemelding for dei husa i BK_1 og BK_2 som ligg innanfor omsynssona H220- (trafikkstøy) må det leggast ved plan for støytiltak utarbeidd av fagkunnige.
Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom dersom det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

h Bestemmelsesområdet på BK_1og f_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt.
Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kulturminnelova §8 fjerde lekk.

i I dei områda av BK_2 som omfattast av faresone ras skal det etablerast avbøtande tiltak.
Skredsikringstiltaka kal planleggast og gjennomføring av tiltak kontrollerast av geolog før bustadbygg kan takast i bruk.

4.2 Frittliggande småhus (FS_1og2)

a På områda FS_1og2 kan det førast opp frittliggande småhus med tilhøyrande anlegg som garasje, bud ol.

b For området FS_1 skal det utarbeidast samla plan som syner plassering med høgder, avkøyrsler og tomtedeling for bustadhusa før bygging. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. I område merka FS_1 og 2 skal bygningar ha gesimshøgd og mønehøgd innanfor rammene i PBL og byggeforskriftene. Ei friare form som er tilpassa bratt terreng kan også godtakast her.

c Innanfor FS_1 og 2 kan det tillatast utnyttingsgrad på inntil 30% BYA.

d Bustadhusa i FS_1 skal ha garasjer på trafikkareala f_SP_1 og 2.
FS_2 skal ha min 2 P-plassar evt i garasje på eigen grunn.

e I område FS_1,2 skal garasjar ikkje byggjast større enn 50 m2 BYA og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

f Innafor FS_1,2 skal det etablerast naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn

g I samband med byggemelding for hus på FS_2 må det leggast fram plan for støydempingstiltak, og fagkunnige skal dokumentere at desse støytiltaka er tilstrekkelege før hus på FS_2 kan takast i bruk.
Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

4.3 Felles leikeplass (f_Leik_1-2-3 og 4)

a **f_Leik_1-2** skal vere felles leikeplassar for heile feltet. Terrenget kan berre i moderat grad bearbeidast, men det kan plasserast leikeutstyr/anlegg på **f_Leik_1 og 2** som er knytt til bruken av området. Kommunen skal godkjenne utforminga.

b Det kan ikkje gjerast tiltak på **f_Leik_2** som kan skade steingarden som ligg i bytet mot nabo i nord

c **f_Leik 3-4** skal vere felles nærleikeplassar for h.h.v BK_1 og BK_2 Områda skal ha Universell Standard og avgrensast slik som vist i plankartet med minimum 50 m2 pr. bueining. Areala skal inngå i byggeplanen for BK_1og2 – sjå pkt 4.1.a. Leikeplass / støyvoll i Bk1 må sikrast med gjerde mot E39.

d Bestemmelsesområdet på BK_1og f_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt.
Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kulturminnelova §8 fjerde lekk.

4.4 Off. leikeplass - o_Leik (sosi1610)

a o_Leik skal oppretthaldast som offentleg leikeplass. Det kan ikkje gravast, overdekkast , byggast eller gjerast inngrep på plassen innanfor området som er markert som omsynssone H 730/570.
Omsynssona markerer automatisk freda kulturminne med id nr 177066.

b Det må gjennomførast nødvendige avbøtande tiltak mot vegtrafikkstøy for området slik vist i reguleringskart og beskrive i planomtalen. Tiltaka skal godkjennast av fagkunnige.
Støy- og sikringstiltak må tilpassast omsynssone H 730/570.

§5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. §§12-5 nr.2 og 12-7

5.1 Gang-og sykkelveg.
Innafor **o_G/S_1 og 2** skal det etablerast gang- og sykkelveg / fortau med utforming som vist på plankartet.

5.2 Køyreveg

a **o_SKV_Gamlevegen** er offentleg samleveg i området og skal ha utforming som vist på plankartet med køyrebane 4m, gangvegbreidde 3m og kantareal 1,5m på begge sider.

b **f_SKV 1 og 2** er internvegar i byggefeltet og skal vere felles for dei tomtene som grensar til vegen

c Før utbygging i områda BK_1-2 kan skje skal det vere utarbeidd detaljplan for veg og fortau (**o_SKV** og **o_G/S**) forbi utbyggingsområdet, og etablert utbyggingsavtale som sikrar deltaking og kostnadsdeling for utbygging / oppgradering samt kommunal overtaking av veganlegget.

5.3 Parkering (f_SP_1og2)
f_SP_1 og 2 skal nyttast som felles garasjetomter for bustadhusa i FS_1. Det kan byggast vanlege dobbeltgarasjer på f_SP_1 og 2

§ 6 Grønstruktur, pbl. §§12-5 nr.3 og 12-7

a **o_GFR_1** er planlagt som offentleg friområde som inngår i gjennomgåande grønstruktur opp mot Kleppåsen.
Friområdet inngår som del av skredsikring (H190), og eksisterande vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje tillatt med flatehogst, men vanleg skogskjøtsel kan godtakast. Innafor området kan det berre tillatast tiltak som har naturleg tilknyting til området sin funksjon som friområde.

b **f_GT** utgjer eit grønt turdrag opp gjennom feltet. Trevegetasjonen skal i størst mogleg grad bevarast på f_GT. Det kan ikkje gjerast tiltak på **f_GT** som kan skade steingarden som ligg i bytet mot nabo i vest

§ 7 Omsynssoner, pbl. § 12-6

7.1 RP SikringSone

a H190_1 inngår som del av skredsikring av området o_GFR_1 og det er forbod mot flatehogst i dette området. Vanleg skogskjøtsel kan tillatast.

b H 140_1,2 utgjer frisiktsonene i kryssa. Innanfor frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5m over planum for dei tilstøytande vegane.

7.2 RP StøySone

H220 utgjer støysone (gul sone 1,5m o terreng) for trafikkstøy. I samband med byggeplanen for dei husa som ligg innanfor denne sona må det leggast fram plan for støytiltak utarbeidd av fagkunnige, og fagkunnige skal dokumentere at tilstrekkelege støytiltak er gjennomførd før desse husa kan takast i bruk.

Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

7.3 RP FareSone (Rasfare)
Innafor H310_1 er det registrert skredfare. Som del av byggeplan for dette området må det gjennomførast naudsynt detaljert skredvurdering av fagkunnig. Bustadbygg eller uteområde for opphald innanfor faresona kan ikkje takast i bruk før tilstrekkeleg skredsikring er gjennomført og kontrollert av geolog.
Sikring av steinar på topp fjellskråning må gjennomførast før utbygging på områdeFS1 og FS2 og f_SP1 og 2 vert sett i gang. Jf geologisk rapport pkt 9, (fig 18).

§ 8 Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10

a Støyvoll langs E39 skal vere bygd før noko bustdbygg kan takast i bruk i feltet.
Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at støyvoll/skjerming kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggrøft langs E39.

b Tilstrekkeleg skredsikring både i byggeperioden og før bygningane blir tekne i bruk må ivaretakast for utbygging innanfor H310_1 i BK2 . Sikringstiltaka skal dokumenterast av fagkunnige.

c Gamlevegen med fortau skal vere ferdigstilt gjennom feltet før noko bustdbygg kan takast i bruk

d Internvegar i feltet med tilhøyrande parkeringsareal og garasjeplassar skal vere ferdigstilte før noko bustdbygg kan takast i bruk i tilhøyrande byggeområder.

e Før bygging kan ta til i område Fs1 og 2 må Nordalsvegen vere opparbeidd til kommunal standard i samsvar med reguleringsplan for Nordalen (planID 1519 2011008) til forbi kryssområdet med f_SKV 2.

f Nærleikeplassane f_Leik_1,2,3 og 4 skal vere ferdigstilte før noko bustdbygg kan takast i bruk i tilhøyrande byggeområder.

g Utbyggingsavtale mellom Utbyggar og kommunen som avklarar ansvarsfordeling og kostnadsdeling knytt til opparbeiding av veg/fortau og annan infrastruktur, og eventuelt grunnlag for kommunal overtaking av slike anlegg skal vere på plass før utbygging på området skal kunne setjast i gang.
I utbyggingsavtale skal også avklarast korleis dokumentasjon for gjennomført skredsikring, og tiltak mot støy er ivareteke gjennom prosjektering og utbygging.
Vilkår for utforming og opparbeiding av friområder/areal for leik skal vere avklara.

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Sektor for Utvikling, planseksjonen, for kunngjering av planen

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2012/2636	12203/2015	2012011	SVK/ UNNISTRA	30.11.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.11.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 120/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.***

2. ***Med fylgjande endring:***
   Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Strand Utvikling v/Trond Klepp Fransvegen 17 6104 VOLDA
Siv.ing. Svein Holmen Arealplanlegging Postboks 319 6101 VOLDA
Fagansvarleg plan Per Heltne

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2012/2636
		Arkivkode:	2012011

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
170/15	Formannskapet	17.11.2015
120/15	Kommunestyret	26.11.2015

PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND

Handsaming i kommunestyret:

Røysting:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

1. ***Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.***

2. ***Med fylgjande endring:***
   Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.

Handsaming i formannskapet:

Arealplanleggar Per Heltne, orienterte formannskapet om reguleringsplan B60 Strand.

Barn og unge sin representant i planlegginga, Berit Koen, kom med synspunkt til planarbeidet.

Dan Helge Bjørneset kom med framlegg om å slette siste periode i tilrådinga får administrasjonen.

~~*Med fylgjande endring:*~~
~~*Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*~~

Røysting:
Det vart røysta punktvist over tilråding frå administrasjonen. Første periode av tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt over siste periode av tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Dan Helge Bjørneset. Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Dan Helge Bjørneset røysta mot.

Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:

1. *Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*

2. *Med fylgjande endring:*
   Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.

Administrasjonen si tilråding:
Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.
Med fylgjande endring:
Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.

Vedleggsliste:
Reguleringsplan datert 10.11.2015. (Planomtale, plankart og føresegner)
Formannskapssak PS 75/15
Innspel ved offentleg ettersyn

Uprenta saksvedlegg:
Kommunedelplan for Volda sentrum

Samandrag av saka:
Framlegg til privat reguleringsplan for ein del av eigedomen Strand, gnr 15 bnr 2 m.fl, som i kommunedelplan Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda er kalla område B60 Strand vart handsama av Volda Formannskap i møte den Framlegg til reguleringsplan for *"Strand- gnr 15/2 m.fl."* vart handsama av Volda formannskapet den 19.05.2015, som sak PS 75/15, der det vart gjort vedtak om utlegging av plan, med visse endringar, til offentleg ettersyn.

Offentleg ettersyn er no gjennomført i samsvar med reglane i PBL §12-10.

I saka nedanfor vert gitt ein gjennomgang av innspela og kommentar til desse.
Det låg føre motsegn til plan frå Fylkesmannen og frå Fylkeskommunen etter offentleg ettersyn.
Det er etablert dialog med desse instansane av kommunen og tiltakshavar med sikte på avklaring av motsegner. Motsegnene var knytt til omsyn til barn og unge (Fylkesmannen), der ein kravde naudsynte leikområde avsett i områda Bk1 og Bk2, og omsynet til kulturminne (Fylkeskommunen) der ein kravde særleg merking ved omsynssoner i plankart og omtale/spesifisering i føresegner til plan som sikra desse.
Etter omfattande dialog har tiltakshavar imøtekome desse krava og har justert plankart og føresegner slik at motsegnene er trekt.
Framlegg til justert plan er no datert 10.11.2015 og kan eigengodkjennast.
I justert plan er det framleis vist eiga direkte avkøyring frå Gamlevegen til planlagt bygg ved austgrensa av Bk2.Dette samsvarar ikkje med føresetnader gitt i vedtak i sak 75/15 der det var lagt til grunn at heile område Bk2 skulle ha tilkomst over internveg f_SKV_1.
Administrasjonen finn det rett framleis å halde fast ved denne tilrådinga ut frå omsyn til ta avkøyrsler i området og ut frå terrengtilhøva.

Spørsmål om utviding av planområdet til også å omfatte E39 på strekninga og kryss mellom E39 og Gamlevegen med sikte på oppgradering/endring av krysset var tema ved planoppstart og i høve fremjing av plan for offentleg ettersyn. Dette vart då valt å halde utanfor då heller ikkje St.Vegvesen sette vilkår om dette, Statens vegvesen fann sikt-tilhøva tilfredsstillande, og det heller ikkje er sett av midlar til eventuell vegutbetring innanfor NTP.

Rådmannen ser betenkelegheitene med problematikken knytt til denne avkøyringa og det press utbygginga vil gje på eksisterande vegnett, men med bakgrunn i at dette allereie er vurdert både i administrasjonen og politisk ved utlegging til offentleg ettersyn, og det ved høyringa ikkje har kome avgjerande nye innvendingar, finn rådmannen det ikkje rett å tilrå ei slik endring i rekkefylgjebestemmelsane no.
Eit vilkår om inkludering av dette veganlegget i plan no, og eventuelle nye rekkefylgje-bestemmelsar om opprusting av dette overordna vegnettet før utbygging på området Strand vil skuve utbygging på området ut i ei usikker og fjern framtid.
Sjølv om ein framleis er skeptisk til planlagt utnytting på deler av utbyggingsområdet, finn ein ut frå vedtak i sak 75/15 om fremjing av plan, gitt av eit samla Formannskap, å kunne tilrå planen fremja for slutthandsaming. Jf tilråding i saka.
Kopi av sak 75/15 ligg som vedlegg til saka.

Saksopplysningar:
Framlegg til privat reguleringsplan for ein del av eigedomen Strand, gnr 15 bnr 2 m.fl, som i kommunedelplan Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda er kalla område B60 Strand vart handsama av Volda Formannskap i møte den Framlegg til reguleringsplan for *"Strand-gnr 15/2 m.fl."* vart handsama av Volda formannskapet den 19.05.2015, som sak PS 75/15, der det vart gjort vedtak om utlegging av plan, med visse endringar, til offentleg ettersyn.

Vedtak i sak 75/15 lydde slik:
"Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum -"Strand- gnr 15/2 m.fl". og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentleg ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:

1. *Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.*

2. *Plankartet vert justert slik:*
   Byggeområde BK_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.
   Støyvoll må visast i plankartet. Manglande juridiske linjer i tekstfelt– må påførast.
3. *Byggehøgda vert justert i samsvar med utbyggar sin plan.*
4. *Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.*
5. *Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3*
6. *Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.*

Justeringane etter pkt 1-5 vart innarbeidd i plan før utlegging til offentleg ettersyn.
Pkt. 6 har ikkje medført endringar i planframlegg, men eg finn grunn til å nemne dei føresetnader som ligg i plan om opprusting av Gamlevegen i planområdet si utstrekning, med breiddeutviding og fortau, og rekkefylgjekrav tilknytt dette.

Offentleg ettersyn vart gjennomført i perioden 8.06.2015 til 25.07.2015, etter kunngjering i Møre og på kommunen si heimeside og ved tilskriving av høyringsinstansar og partar.

Innspel ved offentleg ettersyn, vidare handsaming:
Desse har kome med innspel:

Off organ	
1	M&R Fylkeskommune
2	Fylkesmannen i Møre- og Romsdal
3	Statens vegvesen
4	NVE
5	VØR
private	
6	Inge lid
7	Ola Andreas Hauge / Sara Fuierer Hauge
8	Christopher og Therese Berg Zetterstrøm
9	Hake AS v Øyvind Eidså
10	Thomas Busker Larsen m underskriftsliste
11	Ola A Rangsæter

Fylkesmannen i Møre- og Romsdal

Støy: Resultata av støyrapporten må nedfellast i føresegnene og konkretiserast – t.d med høgde på støyvollen og tiltak på bygningsmassen. Det er ikkje nok å krevje dette i byggesaka. Reiser difor ***motsegn*** *mot planen.*
Samfunnstryggleik:
Etterlyser geofagleg vurdering av skredfaren i planomtalen. Ser at slik vurdering er gjort ut av Føresegnene. Planomtalen må oppdaterast på dette punktet.
Meiner vidare at andre avsnitt av §7.3 må vere ei rekkefølgjeføresegn under §8.
Barn og unge:
Nærleikeplassane i BK1 og BK2 må kartfestas, og funksjonskrava må inn i føresegnene. Fylkesmannen reiser ***motsegn*** *på dette punktet.*

Vil også ha klarare utformings- og funksjonskrav på leikeplassane Leik_1 og 2, samt at ferdigstilling av desse plassane må inn som rekkefølgjekrav i §8

Kommentar:

Støy:

Som grunnlag for støyrapporten som er utarbeidd av Sweco (Kilde Akustikk) er det lagt inn høgde over noverande terreng på støyvollen. Dette går fram på s 9 i den vedlagte støyrapporten. Horisontal plassering av støyvollen går fram av reguleringskartet, og i planomtalen er vertikal plassering synt på snitta. Støysonene er omtala i planomtalen under §7.3-4. Krava til inne- og utandørs støynivå for BK og FS-områda er spesifisert i §4.1-h og §4.2-g Tiltak på bygningsmassen skal utarbeidast av fagkunnige og det er i føresegnene sett vilkår om etterfylgjande støyavklaring tilknytt detaljert byggeplan for dei ulike områda. Etter etterfylgjande dialog er desse tilhøva avklara og motsegn til plan i høve støy er trekt. Jf fylkesmannen sitt brev av 9.11.2015 og justert planframlegg som no blir tilrådd godkjent. Støyskjerm er teikna inn i plankartet, og krav om etablering inngår i føresegnene pkt 4.4

Samfunnstryggleik:

I tilknyting til planutarbeidinga er det utarbeidd geofagleg vurdering av området ved ekstern geolog. Denne vurderinga er vedlagt saksdokumenta. Konklusjonen frå den geofaglege vurderinga er med i planomtalen i §§7.3-1 og 7.10 samt at resultata er innvevd med krav i føresegnene. Viser elles til NVE sin merknad der dei peiker på skredfare- og steinsprangvurderingane som er utført, og at krav om tiltak er ivareteke gjennom føresegnene til planen. NVE har ut frå dette ingen merknad til planen

Barn- og unge:

Etter varsla motsegn er det i dialog med fylkesmannen avklara endringar i plankart og føresegner som gjer at motsegn no vert trekt. Jf fylkesmannen sitt brev av ??.11.2015.
Det er no innarbeidd område for leik tilknytt områda Bk1 og Bk2, område f_leik3 og f_leik4. Det er gitt klare føresegner om utforming og minimum innhald i desse plassane, og sett rekkefylgjekrav som sikrar opparbeiding før bustadane kan takast i bruk.
Leik_1og 2 skal vere naturleikeplassar utan vesentleg tilordning. Dette går klart fram av planomtalen §7.3-3 og føresegnene §4.3.

Møre- og Romsdal Fylkeskommune.

Kulturavdelinga v/ Øyunn Kleiva:

*1: **Har motsegn til planen** – pga føremålet o_AFr - nærmiljøanlegg der det kan byggast t.d. ballbinge. På området er det registrert eit automatisk freda kulturminne id nr 177066 der området ikkje kan bebyggast eller tildekkast. Krev at arealbruken her vert endra og at omsynssonene vert innteikna på plankartet*
2: Arealbruken på BK1 kan vere uendra. Føresegnsområde (RpBo) skal vere nummerert i planen, og nummereringa skal finnast igjen i føresegna: "RpBo nr 1 - ID 177067". Føresegnene til RpBo skal ikkje ligge under omsyns-sonene, men under hovud-føremålet som her er BK_1. Dvs at §7.4 i føresegnene går ut, og at bestemmelsane der vert lagt inn i §4.4 pkt. a: o_Leik og respektive §4.1 pkt. i (RpBo på BK1).

3: Planomtalen må ha med eit avsnitt om automatisk freda kulturminne.

Kommentar:
Arealbruken på Nærmiljøtomta (**o_AFr** – sosi 1440) er i justert plan endra til off. leikeplass (**o_Leik** - sosi1610). Begge desse føremåla er leikeområde. Forskjellen er at på o_AFr kunne det byggast t.d ballbinge, medan det på o_Leik ikkje kan gravast, overdekkast eller byggast. (Ut frå omsyn til fornminne).
Med det nye føremålet får tomta same funksjon som ho har i dag, og vert liggande utan andre inngrep enn eventuell sikring /støyskjerming mot E39. RpBo-markeringa på dette arealet er erstatta med omsynssone D (H_730), og ikring denne er det avsett omsynsone C (H_570). Desse løysingane er i ettertid akseptert av Fylkeskommunen i brev av 4.11.2015 der motsegn er trekt. Føresegnene i plan slik denne no vert fremja for slutthandsaming er i samsvar med vilkåra i dette brevet. Planomtalen er justert tilsvarande.

Barn og unge
*Det vert varsla **motsegn** til plan ut frå omsyn til barn og unge sine interesser. Konkret knytt til manglande avsett areal for leik tilknytt Bk1 og Bk2. Aksepterer ikkje at dette skal utsettast og kome som del av samla byggeplan for desse områda slik utbyggar har lagt til grunn. Heller ikkje krav til kvalitet på desse areala er tilfredsstillande avklara i plan.*

Kommentar:
I justert plan datert 10.11.2015 er det no avsett slike areal for leik.
Det er gitt endra føresegner til plan som sikrar krav til utforming og innhald for desse leikeareala, og rekkefylgjebestemmelsar som sikrar samtidig opparbeiding.
Den varsla **motsegn** til plan ut frå omsyn til barn og unge, er ut frå dette trekt etter justering av plan slik den no er fremja for slutthandsaming.

Statens vegvesen
1: Støyproblematikken er tilfredsstillande ivareteke.
2: Ynskjer 15m byggegrense frå CL E39
Kommentar:
Byggegrensa er i justert plan endra til samsvar med tilråding frå Statens vegvesen.

Spørsmål om utviding av planområdet til også å omfatte E39 på strekninga og kryss mellom E39 og Gamlevegen med sikte på oppgradering/endring av krysset var tema ved planoppstart og i høve fremjing av plan for offentleg ettersyn. Dette vart då valt å halde utanfor då ma St.Vegvesen ikkje sette vilkår om dette, St.vv fann sikt-tilhøva tilfredsstillande, og det heller ikkje er sett av midlar til eventuell vegutbetring innanfor NTP.
Skal tilhøva i dette krysset betrast må linjeføringa for hovudvegen på strekninga endrast. Vegen må hevast forbi krysset, og bakketoppen aust for krysset må skjerast ned for å oppnå betre sikt mot sentrum. Ved heving av hovudvegen kan stigninga i krysset bli noko betre. Vidare må/bør det då vurderast etablering av avsvingefelt før krysset frå nord for å unngå opphoping i kryssområdet og dei mulegheiter dette gir for påkøyringar bakfrå i dette området. Alternativt forbikøyringslomme og betre skilting/forvarsling av farleg kryss, og redusert fartsgrense i området. Td kan 50km-sona flyttast til vest om krysset/svingen nord for krysset.

Slike endringar vil i stor grad også påverke tilhøva på sørsida av vegen, m.a avkøyrsler og er eit prosjekt som må sjåast samla som del av utbetring av E39 i samråd med Statens vegvesen.

Eit vilkår om inkludering av dette veganlegget i plan no, og eventuelle rekkefylgje-bestemmelsar om opprusting av dette overordna vegnettet før utbygging på området Strand vil skuve utbygging på området ut i ei usikker og fjern framtid. Vi finn det ikkje rett å tilrå ei slik løysing no.

NVE
Peiker på skredfare- og steinsprangvurderingane som er utført, og at krav om tiltak er ivareteke gjennom føresegnene til planen. Har difor ingen merknad til planen.

VØR :
Ynskjer avsett felles returpunkt for renovasjon for bustadane i FS1og2
Snuplassen for SKV_2 må vere dimensjonert for renovasjonsbil («L» = Lastebil)
Felles returpunkt for renovasjon for BK_1 og BK_2

Kommentar:
Felles returpunkt for FS-områda vil bli plassert oppe ved kommunevegen. Renovasjonsbilen slepp då å snu på sin veg opp til Nordalsfeltet.
Jf. Elles krav i reguleringsføresegnene om lokalisering av slike returpunkt som del av detaljert byggeplan for kvart byggeområde, føresegnene §3 i og §4.1 –a og b.

Inge Lid:
Leik 2: Flott at den gamle steingarden vert teken vare på. Her må ein også sikre mot leikeplassen slik at barn ikkje klatrar og får stein over seg. Eit godt gjerde er truleg beste løysinga.
Køyreveg: Tilkomst til FS1 og FS2. Før utbygging av disse områda kan skje må vegen frå enden av den opparbeidde Nordalsvegen i dag og til SKV 2 opprustast til dagens standard for bilvegar.

Kommentar:
Oppgradering av forlenging av kommunevegen (30-40m) bort til SKV_2 må takast inn i utbyggingsavtalen med kommunen. Utbyggingsavtalen skal etablerast for å sikre deltaking og kostnadsdeling for utbygging /oppgradering av veganlegga i samsvar med plan. Sjå føresegnene §5.2 pkt. c.
Krav om opprusting av vegar vert også sett som rekkefylgjebestemmelsar i føresegnene §8.

Ola Andreas Hauge / Sara Fuierer Hauge
Er usamd i at det skal etablerast fortau langs Gamlevegen – vil heller ha sperring for gjennomgåande biltrafikk. Meiner at etablering av fortau vil generere ny auka trafikk.
Ber kommunen om ***å beskytte etablerte stiar / ferdselsårer*** *samt nye potensielle ferdseslsårer og naturen i området. Desse kan med fordel rustast opp og få «..ei meir universal utforming og ikkje være ein salderingspost for utbyggar.»*

Kommentar

Overordna trafikkstruktur i området er vurdert i kommunedelplan.
Når det gjeld etablerte stiar og ferdselsårer kan vi ikkje sjå at nokon slike vert råka av planframlegget.
Ein legg i staden opp til ny turtrasé opp frå Gamlevegen til utmarka i Nordalen, samt at det er lagt inn stort samanhengande friluftsområde opp mot E/Klepp og vidare til fjells. Sjå elles kommentar til innspel Hauge/Busker-Larsen nedanfor.

Christopher og Therese Berg Zetterstrøm



Del av området mellom Strand og Skjønberg er eigd av Zetterstrøm. Det vert peika på at dette er ein del av hagen som dei benyttar dagleg.
Kommentar:
Det går ein sti langs høgste ryggen inntil Zetterstrøm si grense. Nedre delen av Zetterstrøm sitt område er nokså overgrodd og er ikkje opparbeidd eller nytta som hage.
Grøntstrukturføremålet i planen f_GT er justert slik som synt på denne skissa. Eigedomen 15/52 vert då herre røyrt heilt nede ved Gamlevegen

Hake AS v Øyvind Eidså
(Hake AS er det firmaet som p.t bygg ut firemannsbustadane på nabotomta, Gamlevegen 48)

Finn det umogleg å ta stilling til planen då her ikkje er med plassering av hus, parkeringsplassar, avkøyrsler eller internvegar.
Dersom planen vert vedteken i om lag ei slik form som den no ligg føre må det stillast krav om bebyggelsesplan i ettertid.
Meiner at byggehøgda(12m) er for stor i høve avstand til nabogrense (4m), og at vi med utnyttingsgrad på 40% bør ha minst 5-6m byggegrense frå naboeigedom

Kommentar:
Sjå føresegnene §4.1-a og b der det er sett vilkår om samla byggeplan for området før utbygging. Dette vil då også verte framlagt som del av nabovarsling og vi då også gi høve til innspel og merknader og ev klage.
Spørsmål om byggegrense kontra byggeavstand nabo er reell. Byggehøgda for område Bk2 er såleis justert i føresegnene til maks 10.5 m målt i front av bygg. Med terrenghellinga som er i området vil dette gi høgde i høve til gjennomsnittleg terreng på ca 8m, som tilseier min. 4 m frå nabogrense.

Thomas Busker Larsen, med fleire i Gamlevegen, jf underskriftsliste.
Ønskjer at infrastrukturen knytt til hele Gamlevegen blir utbetra/gjennomført før ein gir løyve til fleire nybygg.
Ønskjer at Gamle Engesetveg og innkjøyringa ved Fjordsyn må bli fysisk stengt, slik at trafikken blir leda heilt ned i sentrum.
Krysset ved E39 og Frøholmfeltet må bli utbetra.

Alternativt ønskjer dei at Gamlevegen blir stengt med bom slik som det er gjort i Uravegen og Brenslene. På den måten vil ein avgrense trafikken, og unngå gjennomkøyringa som er i dag.

Kommentar
Innspela frå Larsen gjeld i hovudsak eksterne tilhøve og ikkje konkrete tilhøve i planområdet. Dei ytre rammene og trafikksituasjonen langs Gamlevegen er i plan handsama i samsvar med intensjon i overordna plan.
Kommunedelplanen frå 2009 fastset at Strandområdet kan leggast ut som bustadfelt.
Trafikktilhøva i Gamlevegen er vurderte både i kommunedelplan, og ved utforming av detaljplanen for Strand. Vegutforminga er i samsvar med intensjon i kommuneplan og har med vegutviding og fortau-løysing gjennom området.
Stenging for gjennomgåande biltrafikk i Gamlevegen må eventuelt gjerast som del av framtidig revisjon av trafikktryggingsplan/skiltplan for området.
Tilhøvet til Krysset mellom Gamlevegen og E39 er ikkje teke inn som vilkår i planen.
Statens vegvesen har kome med innspel til planen. Planområdet for Strand-planen omfattar ikkje dette krysset, og Statens vegvesen har heller ingen kommentar til løysinga i høve krysset.
Jf omtale om dette tidlegare i saka (Statens vegvesen og samandrag).
Dei andre løysingane knytt til skilting i Gamlevegen og tilhøyrande kryss (mot G.Engesetv. og ved Fjordsyn m.fl) er tiltak som bør vurderast i trafikktryggingsplan uavhengig av dette planprosjektet.

Ola A Rangsæter
Positivt at det ser ut til å bli mindre gjennomgangstrafikk opp Frøholmfeltet enn frykta
Peiker på krysset Gamlevegen/E39 og gjer framlegg om tiltak som kan forbetre situasjonen.
Ynskjer gjennomskøyringsforbod i Gamlevegen, men føreset at dette vert gjort med skilting (Ikkje bom?) i krysset Gamlevegen/E39 slik at Frøholm/Norddalen kan få tilkomst også via Gamlevegen.
Er totalt sett positiv til utbygginga av Strand-feltet

Kommentar:
Innspela frå Rangseter og framlegg til løysing for eksisterande kryss/trafikkfarlege punkt (jf pkt 2 i merknaden) er ein samd i, og er tiltak som ut frå dagens situasjon bør kunne spelast inn mot Statens vegvesen som reine trafikktryggingstiltak uavhengig av reguleringsplanen for Strand.
Jf. Omtale ovanfor om dette.
Spørsmål om å gjere planen for Strand-området avhengig av vegutbetringar her var tema ved planoppstart og ved utlegging av plan til off ettersyn. Ut frå m.a innspel frå Statens vegvesen vart det valt å halde dette utanfor.
Statens vegvesen har kome med innspel til planen. Planområdet for Strand-planen omfattar ikkje kryssområdet E39/ Gamlevegen, og Statens vegvesen har ingen kommentar til løysinga i høve krysset – dei berre konstaterer at støyproblematikken for nye bustadar i Strandfeltet er løyst på akseptabelt vis. Eventuell løysing av eksisterande siktproblem langs vegen er ei sak for Statens vegvesen knytt til E39. I tillegg til dei tiltaka Rangseter peiker på i pkt 2 i innspelet kan ei løysing vere å forlenge 50 km/t – sona utover forbi pleieheimen til Klippa.

Ei skilting som skissert i innspelet vil truleg gje auka trafikk i Gamlevegen noko som ein ikkje ynskjer.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vert avklara gjennom planprosessen.
Opprusting av veg med fortau vil vere positivt. Auka trafikk vil vere eit minus.
For Volda kommune er leik og aktivitetsområde for born og unge ekstra viktig. Dei avsette områda f_leik1 og 2 og O_leik gir saman med turvegdraget f_GT eit samla godt tilbod til naturoppleving og leik. Jf også krav i føresegnene til internleikeplassar i byggeområda.
Krav om sikring mot støy frå E39 og etablering av støyvoll vil også ha positiv effekt for deler av eksisterande bebyggelse.
Rekkefylgjebestemmelsar som sikrar opparbeiding av veg, leikeplassar mv før bustader kan takast i bruk er positive helse og miljøtiltak.

Økonomiske konsekvensar:
Kommunal deltaking vert avklara gjennom utbyggingsavtale basert på godkjent plan. Her skal det og sikrast at dei deler av teknisk infrastruktur som kommunen skal overta vert tilfredsstillande løyst og ferdigstilt før overtaking.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Er avklara gjennom planprosessen.
Jf vedlagde utfylt skjema for risiko og sårbarheitsvurdering og gjennomført geoteknisk vurdering og krav til vidare avklaring gjennom detaljplan og innlagde omsynssoner.
Jf også gjennomført støyvurdering av reguleringsføresegner tilknytt sikring mot støy.

Vurdering-Konklusjon:
Innspela ved offentleg ettersyn er gjennomgått ovanfor.
Det er gjort endringar i plan som imøtekjem ein del av desse, og varsla motsegner er trekte.
Gjennom justert plan slik den no vert fremja har vi også fått ein tydelegare avklaring i høve til dei registrerte kulturminne i området, det er definert klare område for leik/friområde knytt til kvart utbyggingsområde.
Vidare er planlagt utbyggingsmønster klarare definert, jf illustrasjonar i planomtale.
Det er sett klarare krav til utforming og innhald i etterfylgjande byggeplan for dei einskilde utbyggingsområda og for leikeområda.
Vidare er det gitt rekkefylgjebestemmelsar som sikrar opparbeiding av vegar og leikeplassar i samsvar med plan før bustadane vert tekne i bruk.
Omsynet til sikring mot steinsprang mv og omsyn til å ivareta støytilhøva for nye bustader er ivareteke gjennom planløysing/føresegner.
I dialog med tiltakshavar har ein også justert føresegnene knytt til planlagt byggehøgder i området. I området Bk2 er såleis no byggehøgd justert til maksimal byggehøgde (gesims og mønehøgd) til 10.5m, målt i høgste fasade på bygget. Dette gir rom for ein utbyggingsmodell med inntil tre etg. pluss eventuell kjellar/underetasje under terreng med garasje/bodplass.
For byggeområde BK_1 var det i planframlegget tidlegare lagt til grunn maksimal gesims og mønehøgd på 9m. I illustrasjon som fylgjer planen er det vist bygg med inntil 2 etg.
Kommunen tilrår å redusere byggehøgd til maks gesimshøgd 8m og maks mønehøgd 9m slik at det er samsvar mellom planomtale og føresegner. jf justerte føresegner datert 10.11.2015.

I kommunen si tilråding ved offentleg ettersyn vart det rådd til at område FS_2 blei tatt ut av plan. Dette ut frå at området er svært bratt og eksponert og planlagt plassering av bustad her, både tilkomstveg, naudsynt utsprenging av tomt og byggplassering vil vere svært uheldig landskapsmessig. Ved nærmare synfaring av området, vart det ut i frå ei vurdering frå formannskapet tilrådd å behalde FS_2 til bustadformål, då området vart sett på som ein kvalitet.
Dette gjer det naudsynt med nærare avklaringar og dokumentasjon kring sikring/skredfare i høve utbygging av FS_2. Det må difor gjennom nye berekningar og vurderingar knytt til utbyggingsplan for området dokumenterast at tilhøva vert tilfredsstillande sikra for bustadformål, dette er sikra i føresegnene til plan.
Administrasjonen er likevel framleis skeptisk til at denne tomta vert lagt ut som byggeområde, ut frå dei aktuelle og uavklara sikringsbehov og dei store terrengmessige utfordringane som ei utbygging her vil medføre.
At dette området vert liggande som ei naturleg vidareføring av natur/friområdet langs åsryggen ville vere ei betre løysing for heile området.
Og med den sterke utnytting som elles er lagt opp til med kanskje 30-40 bustader samla i Bk1 og Bk2 kunne gjerne eit slikt marginalt areal i bustadsamanheng, men eit unikt areal i friluftssamanheng, få ligge urøyrt.
I lojalitet til politisk vedtak om aksept av planløysinga ved utlegging til offentleg ettersyn har vi likevel ikkje tilrådd endringar i plan på dette punktet no.
I justert plan er det framleis vist eiga direkte avkøyring frå Gamlevegen til planlagt bygg ved austgrensa av Bk2.Dette samsvarar ikkje med føresetnader gitt i vedtak i sak 75/15 der det var lagt til grunn at heile område Bk2 skulle ha tilkomst over internveg f_SKV_1.
Administrasjonen finn det rett framleis å halde fast ved denne tilrådinga ut frå omsyn til ta avkøyrsler i området og ut frå terrengtilhøva.

Justert plan datert 1.11.2015 vert tilrådd fremja med sikte på eigengodkjenning i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12, men med fylgjande endring:
Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Går som melding til sektor Utvikling, planseksjonen for kunngjering av plan etter vedtak i kommunestyret.

Kopi:
Strand Utvikling v/Trond Klepp
Svein Holmen Planlegging

VOLDA KOMMUNE
Teknisk sektor

Møre

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2017/2129	14481/2017	L81	KTA/ RUNTOT	10.11.2017

KUNNGJERING - OPPSTART FORHANDLINGAR OM UTBYGGINGSAVTALE FOR STRANDFELTET - PLANID 2012011 - MELLOM VOLDA KOMMUNE OG FJORDBYGG AS.

I følge Lov om Planlegging og byggesakshandsaming §17-4 kunngjer Volda kommune med dette oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale for Strandfeltet (PlanID 2012011), med Fjordbygg AS. Frist for Merknader er 14.12.2017. Merknader sendast til run.totland@volda.kommune.no.

Med helsing

Rune Totland
teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Inger-Johanne Johnsen

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
99465002

www.volda.kommune.no
Org. nr:
939 760 946
Bankgiro:
3991.07.81727

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 17/2129 Avd: KTA
Løpenr: Shs: Rentot
6. DES 2017
Arkivdel: Emned
Klassering P:
Klassering S:

Erling Arne Skarstein
Nordal
6102 Volda

Volda Kommune

Innspel til utbyggingsavtale Strand feltet med kart

Eg syner til forhandlinger om utbyggingsavtale som kommunen skal ha med fjordbygg/Strand utvikling i høve bygging av teknisk anlegg i forbindelse med Strand feltet.

Det vises til rekkefølgebestemmelse for strandfeltet § 8 e

Det vises til Plan og byggingsloven §18-1 som seier

Krav til opparbeidelse av veg og hovedledning for vann og avløpsvann

I regulert strøk kan grunn bare bebygges eller eksisterende bebyggelse utvides vesentlig eller gis en vesentlig endret bruk, eller eiendom opprettes eller endres, dersom:

a) Offentlig veg er opparbeidet og godkjent så langt den er vist i planen, fram til og langs den side av tomta hvor den har sin atkomst.

Utbyggerne av strand feltet må derfor bygge ut vei på Nordsiden av feltet slik vedlagte kart viser, langs hele sin utbyggingstomt.
Dette må takast inn i utbyggingsavtalen for feltet.

Erling Skarstein

Med vennleg helsing Erling Arne Skarstein
Volda, 05/12/17

Nordalsvegen 12

Dato: 21.11.2017 Målestokk: 1:1000 Koordinatsystem: UTM 32N

N



VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Sonja Håvik	Arkivsak nr.:	2012/1172
		Arkivkode:	047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
74/18	Formannskapet	17.04.2018
	Kommunestyret	

RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. 31.03.2018

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.03.2018 til vitende.

Vedleggsliste:
Rapport vedtaksoppfølging pr. 31.03.2018.

Samandrag av saka:
Formannskapet og kommunestyret har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. desember 2017. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva som er status.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar i høve til dei oppgåvene som det er forventa at ein skal gjennomføre, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre vedtaka.

Kommunestyret gjorde i K-sak 127/17 vedtak om kvartalsvis rapportering, med oppdaterte vedtak fram til føregåande kalendermånad. Det er stor aktivitet i sektorane og administrasjonen er pressa på ressursar, og ein ser at rapporteringa er tidkrevjande for fleire sektorar. Det er frå KS tilrådd at administrasjonane i kommunar som er vedtekne samanslått i 2020 ikkje får for mange utgreiingsoppgåver i høve til organisering av dagens kommune.

Arbeidet med kommunesamanslåing vert særleg krevjande frå no og fram mot 2020. Leiarar og mange andre i administrasjonen får dobbeltroller, der dei skal byggje opp nye rutiner og ny organisasjon i ny kommune samtidig med drifta av «gamle» Volda. Det er viktig å at kommunestyret merkar seg dette, og at ein tek innover seg at gamle Volda no går inn i ei avviklingsfase der prosessane framover mot ny kommune vert handtert av fellesnemnda.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Sektorane

Rapportering vedtaksoppfølging pr. 31.03.2018

Innhaldsliste

Utviklingssektoreten s. 3-7

- ID 1 Reguleringsplan Rotsetfjøra
- ID 2 Planid 2011003 Detaljregulering for Håmyra
- ID 3 Sentrumsprosjektet Mellom bygningane
- ID 4 Detaljregulering turveg Rotevatnet
- ID 5 Kommunal planstrategi
- ID 6 Årsbudsjett 2018 - Utvikling Megaområde

Teknisk sektor s. 8-12

- ID 7 Opprydding avløp sone Folkestad
- ID 8 Opprydding avløp sone Straumshamn
- ID 9 Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 4
- ID 10 Reservevassforsyning for Volda
- ID 11 Volda ferjekai
- ID 12 Årsbudsjett 2016 - Midlar til sentrumsutvikling – fast vegdekke
- ID 13 B58 Bratteberg
- ID 14 Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen
- ID 15 Årsbudsjett 2018 – Kartlegging manglande gatelys kommunale vegar
- ID 16 Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse

Personal og organisasjon s. 13-14

- ID 17 Utviklingsmidlar til kommunale kvalifiseringstiltak

Eigedomsavdelinga s. 15-19

- ID 18 Vikebygda skule – godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern
- ID 19 EPC- kontrakt

- ID 20 Leigekontrakt Høgskulen i Volda og EPC
- ID 21 Volda Campus Arena AS

Helse- og omsorgssektoren s. 20-22

- ID 22 Næringssituasjonen for eldre i kommunale bufellesskap og drift av sentralkjøkkenet
- ID 23 Endring av betalingssatsar for helse- og omsorg – matpengar
- ID 24 Årsbudsjett 2018 – pårørandegrupper og pårørandekontakt
- ID 25 Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet
- ID 26 Organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset

Kultur og service s. 23

- ID 27 Volda ungdomsklubb
- ID 28 Årsbudsjett 2018 – Web TV/Streaming

Samfunn og rådgjeving s. 24-26

- ID 29 Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreining
- ID 30 Forprosjekt Volda kunnskapspark
- ID 31 Destinasjon Volda
- ID 32 Mandat – planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum

Opplæring og oppvekst s. 27-28

- ID 33 PPT-avtale om regionalt samarbeid
- ID 34 Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen
- ID 35 Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats
- ID 36 Interpellasjon - Digitale læringsressursar på nynorsk

Barnevern s. 29

- ID 38 Valdskoordinatorstilling

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Utviklingssektoreten	Framdrift og aktivitet	Frist
1	FSK 77/17	16.05.17	**Reguleringsplan Rotsetfjøra - spørsmål om oppstart av privat planarbeid** *1.Formannskapet finn å kunne gje løyve til fremjing av ny plan som privat detaljreguleringsplan i regi av Sunnmøre Invest AS for området mellom Scana si bygseltomt 30/1-3 og småbåthamna, der arealbruksformålet for området 30/157 og 30/286 med tilstøytande areal vert tilrådd endra frå industri/kontor til bustad (ev bustad/næring).* *2.Gjennom planprosess må ein sjå nærare på tiltenkt bygningsvolum, byggehøgder og etasjetal, tilrettelegging av trafikale tilhøve og naudsynte uteopphaldsareal m.m, og korleis dette kan avstemmast mot omgjevnadane med etablert bumiljø og verna bygg/område.* *3.Eksisterande bygningsmiljø og naustområde/fjøra sør for Naustvegen skal inngå i ny plan, der omsynet til bevaring av bygningsmiljø og sjøtilknyting skal avklarast og nyttast som viktig element i ny plan. Planen skal sikre offentleg tilgjenge til strandområdet i planområdet.* *4.Ein skal ved ny plan ivareta også dei behov for tilkomst-, parkeringsareal m.v for Garveriområdet som var lagt til grunn ved tidlegare planframlegg.* *5.Kommunen sin eigedom 30/286 skal inngå i plan og skal også i ny plan kunne nyttast for sikring av tilkomst til heile utbyggingsområdet*	Nye forslagsstillarar har varsla oppstart av privatdetaljregulering den 23.06.2017 med høyringsfrist 10.08.2017.	Det har vore gjennomført eit møte med forslagstillarar i mars og det vart sagt da at dei skulle med innspel innan kort tid, men vi ventar framleis på dette.	

1			*og for tilkomst og parkering for Garvarbuda m.m.* *6.Kommunen vil ta stilling til eventuell avståing av grunn frå 30/286 som det ut frå godkjent plan vil vere behov for, for å sikre samla utbygging etter plan når plan er utarbeidd. Ved regulering og i eventuell avtale vil det vere aktuelt å vurdere kommunens eigne behov for areal til sentrumsnære bustader til ulike brukargrupper i området og området skal derfor ikkje utbyggast i denne omgang.* *7.Med grunnlag i endra eigartilhøve og endra føresetnader knytt til Scana sine interesser og planar i området, ser kommunen positivt på initiativet til endra arealbruk for det aktuelle området. Ein endra arealbruk som er i samsvar med intensjon i kommunedelplan Volda sentrum og tilhøyrande tettstadanalyse, om tilrettelegging for sentrumsnære bustader, og ynskje om å ivareta tilknyting mot sjøen.* *8.Så langt mogleg skal reguleringsplanarbeidet samordnast med rullering av kommuneplanens arealdel og kulturminneplanen.* *9.Reguleringsarbeid - PlanID 2012009 - Rotsetfjøra I1 og SP 1-5",- dent del av plan som omfattar Scana sitt eksisterande areal på 30/1-3, vert slutthandsama og godkjent.*			
2	KST 36/15	30.04.2015	**Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra.** 5.Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks.		Det er varsla oppstart av regulering, men grunna omprioriteringar på når dette skal verte gjennomført er det ikkje behov vidare for detaljregulering	

2			og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara. pkt. n): Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarande må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksetjast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.	Vilkår pkt 1, 2 og 4 vert ivareteke av teknisk sektor og i utbyggingsavtale. 3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass (ansvar Teknisk sektor)	enno. Prosjektet er no planlagt gjennomført i 2020 så da må reguleringsarbeidet først vere ferdig i 2019.	Jan 19
3	KST 10/14	31.1.14	**Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.** 1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,- 2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.	Under arbeid. Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum. Utviklingssektoren og teknisk sektor følgjer prosjektet i partnerskapet. Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15. Styringsgruppa for prosjektet har hatt møte og prioritert vidare utbyggingstiltak. Det er frå kommunen si side bedt om at rapporterings-rutinene til rådmann og kommunestyre vert følgt opp i samsvar med partnerskapsavtalen.	Kommunen må ta stilling til om ein skal forlenge partnerskapsavtalen med Volda næringsforum og fylkeskommunen, ev om ein skal organisere framtidige sentrumsprosjekt på andre måtar. Avtalen går ved utgangen av året. Avtalen gjekk ut i 2017 og det vert arbeida med forslag til ny avtale.	

3	FSK 79/17 FSK 187/17	16.05.17 14.11.17	3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam 4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune. **Sentrumsprosjektet - tiltak/gjennomføring/budsjett - 2017** *4.Detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i området E39/Hamnekvartalet skal fullførast. Dei elementa i ferdig detaljplan som ikkje samsvarer med gjeldande reguleringsplan vert å handsame som dispensasjon ifrå reguleringsplan.* *3.For å kunne sluttføre arbeidet med detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i Hamnekvartalet – eit tiltak som utgjer ein særs viktig del av sentrumsutviklinga - vert administrasjonen beden om å ta initiativ til fullføring av forhandlingane om kjøp av grunn som omfattar eit avgrensa areal inn mot Snippa. Så snart ein eventuell slik avtale ligg føre ber ein om å få framlagt sak om godkjenning og finansiering.* *5.Partnarskapsavtalen skal reforhandlast og justerast m.a i høve organiserings- og finansieringsmodellen slik at det samsvarer meir med kva partane kan bidra med i prosjektet utifrå dei erfaringane som er gjort fram til no.*		Det er oppretta dialog med grunneigar og vert jobba med ein avtale. Ingen endring. Planlagt møte om ny partnerskapsavtale med fylkeskommunen og Volda næringsforum vart avlyst. Det vert framleis jobba med forslag til partnerskapsavtale og det eit mål å få til møte i vår og at ny partnerskapsavtale vert lagt fram for politisk handsaming.	Mai 18
4	KST 42/17	27.04.17	**Detaljreguleringsplan turveg Rotevatn – nytt offentleg ettersyn.**	Vedtak påklaga og det vert førebudd ein klagesak no. Grunna nye	Handsaming av klage i Formannskapet	Mai 18

			I samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12 -12 vert detaljreguleringsplan for turveg Rotevatnet - slik det går fram av justert plankart datert 30.03.2017 og føresegner datert 30.03.2017 - godkjent.	opplysningar i klage er det satt i gang noko meir kartleggingsarbeid.	Fekk inn data frå kartleggingsarbeidet rett før jul som må arbeidast inn i klagesaka. Det vert framleis arbeida med førbuing til klagesaka. Målet er no å få fram sak i mai.	
5	KST 16/17	02.03.17	**Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020** *Volda Kommunestyre ber administrasjonen prioritere rulleringa av Klimaplan-Handlingsdel i det vidare planarbeidet for 2017.*		Framleis utfordringar med kapasitet grunna sjukmelding og arbeid med kommuneplan så dette vert først etter sommaren. Det vert laga til eit notat på dette arbeidet rett over sommaren.	Aug 18
6	KST 145/17	14.12.2017	**Årsbudsjett 2018** *Kommunestyret er kjend med at det over tid har vore arbeidd med utvikling av Megaområdet i Volda sentrum for å legge til rette for utvikling av handel og anna næring i kombinasjon med leiligheter. Kommunestyret er i utgangspunktet positivt innstilt til ei slik utvikling som vil kunne bety ei vesentleg fornying i Volda sentrum. Partane vert oppmoda om å halde fram arbeidet primært basert på oppnåing av frivillige avtalar. Om det ikkje lukkast i løpet av første halvår 2018, tilrår kommunestyret at det vert starta arbeid med ny reguleringsplan med sikte på ei framtidsretta og heilskapleg løysing.*		Vi må avvente og sjå om ein får på plass frivillige avtalar i løpet av våren Det kan vere aktuelt å kalle inn aktuelle partar til eit møte, men vi klarar ikkje å prioritere dette før etter sommaren.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Teknisk sektor	Framdrift og aktivitet	Frist
7			Opprydding avløp sone Folkestad	Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt.	Opprydninga er ca 85% ferdig. Ny avløpsleidning er under utredning. Prosjektet vil bli gjennomført i løpet av året.	
8			Opprydding avløp sone Straumshamn	Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt	Opprydding Straumshamn delsoner 1-6. Dei fleste soner ligg på 75-85% tilfredstillande anlegg. Totalsnitt ca. 82% (nye /rehab. /tilfredstillande anlegg) Ferdigstilling vil ikkje bli prioritert før sårbarhetsanalyse er etablert i samsvar med hovudplan vann og avløp.	
9	KST 152/12	29.11.12	**Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48** 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode. Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen i løpet av 2016. Formannskapet har bedt om at det vert utarbeidd skiltplan som regulerer denne vegen, jfr m.a problem ved snørydding mv.	Dette er inkludert i investeringsprosjektet: Opprusting av Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg. Her inngår stenging av gamle engesetvegen, snuplass og kantstopp for buss. Dette er under prosjektering hos konsulent, og bygging startar hausten 2018, dersom tilfredstillande opprusting kan gjennomførast under gjeldande reguleringsplan.	
	FSK 98/13	21.05.13	**Reservevassforsyning for Volda:** 1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å	Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i	Ordførar og rådmann i Ørsta er positive til at det vert arbeidd vidare med planane. Det bør	

10			etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene. 2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming	dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument. Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd.	derfor vere opna for å få til vidare samarbeid med teknisk etat i Ørsta for å avklare nærare saksgang og framdrift. Vi er i skrivande stund i forhandlingar med teknisk sektor i Ørsta om kompensasjon for tilknytning. Grunnet høy arbeidsbelastning har ikkje administrasjonen klart å prioritere dette.	
11	FORV 78/13 FORV 76/15 KST 81/16	20.08.13 17.11.15 16.06.16	**Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak:** Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området. **Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862** *4.Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.* *1.Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.* *2.Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp*	Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingsplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen må ha ei runde med Statens vegvesen og få aksept på dei tiltak som gjeld overordna vegnett i Volda kommune.	Her avventer vi svar frå statens vegvesen. Sektoren har uansett ikkje kapasitet til å arbeide med dette før hausten 2018. Det vert i løpet av kort tid sendt brev til Statens Vegvesen for å be om møte for å avklare nærare framdrift. Det har vore gjennomført eit møte i september der ei ny problemstilling vart drøfta. Grunna plan om el-ferge frå 2020	

11	FORV 41/17	09.05.17	*vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.* *3.Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.* **Skiltplan ved Volda fergekai og gangveg langs sjøen** *1.Skiltplanen for området kring fergekaia i Volda med gangveg og areal, vert tilråda godkjend i Forvaltingsutvalet i Volda kommune slik den går fram av saksutgreiinga og i samsvar med vedlagde kart/teikning.* *2.Forvaltningsutvalet ber Statens Vegvesen om å godkjenne skiltplanen.*		må det verte etablert eit driftsbygg og ladestasjon. Statens Vegvesen veit førebels ikkje storleik på dette og vil kome med tilbakemelding når dei har dette på plass. Arbeidet med ny fergekai er lagt ut på anbod med frist i slutten av januar 2018. Volda kommune deltok på anbodsynfaringa. Statens vegvesen har planar om eit nytt bygg med venterom, plassert nær dagens venterom.	
12	KST 152/15	17.12.15	**Årsbudsjett 2016** **Pkt. 47** *Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.*	Vedtaket vert tolka som at kommunestyret er villig til å prioritere sentrumsutvikling.	Dette vert å vurdere i komande budsjett og økononomiplan. Kommentar: Utvikling av sentrum med nye tiltak vil i mange tilfeller auke driftskostnaden til Volda kommune, medan fast dekke på grusareal vil redusere driftskostnadene til kommuna. Difor bør ikkje akkurat desse to prosjekta setjast opp mot kvarandre. Ny gangveg vert ferdig i Elvadalen i 2018. I tillegg har vi fått finansiering til fast dekke på nær alle kommunale grusareal i 2018. Fleire av sentrumsgatene har sterkt behov for reasfaltering	

					eller forsterking. Vi har mykje arbeid med bøting og straks tiltak. Vi har skader meldt frå publikum og ertatningssaker.	
13	KST 44/16

			gang og kostnader innarbeidd i investeringsbudsjettet i økonomiplanperioden.			
14	FORV	15.11.16	**Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen** *Vegkrysset Kårstadvegen/Røystunvegen er uklart for trafikantane med omsyn til praktisering av vikeplikt.* *Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å utgreie korleis ein kan gjere vikeplikta tydeleg for trafikantane i dette krysset.*		Dette har ikkje vorte jobba med. Dette vert ein del av ny trafikktryggingsplan for Volda sentrum som skal utarbeidast i 2018. Vi har skilta med farleg vegkryss (og med dette vikeplikt frå høgre) og saka har vore til orientering i Forvaltningssyret	
15	KST 145/17	14.12.17	**Årsbudsjett 2018** *Kartlegging av manglande veglys på kommunale vegar.* *Det har på ulike måtar blitt hevda at det fleire stader på kommunale vegar rundt omkring i kommunen, manglar veglys som m.a. kan medføre trafikkfarlege situasjonar.* *Kommunestyret ber om at Forvaltningsutvalet - i samarbeid med GRENDAUTVALA - i løpet av 1. kvartal 2018, gjennomfører ei kartlegging for å få klarlagt kvar slike påpeika veglys manglar. Resultatet av denne kartlegginga vert å legge fram for kommunestyret i løpet av 2. kvartal 2018.* *Det er kommunestyret sin intensjon å gjere dei naudsynte løyvingar som trengst, slik at slike manglande veglys vi vere komne på plass innan utgangen av 2019.*		Dette arbeidet har starta, og vert ferdig ilag med ombygging til LED i 2018. Melding er sendt ut til alle grendalag. Frist 6 april. Deretter startar arbeid med sortering og kostnadsrekning.	
16	KST 38/18	22.3.18	**Flaumtilpasningstiltak i Melshornsida, alternative tiltak og finansiering av desse** *3.Kommunestyret ber administrasjonen orientere formannskapet før utlysing av anbodet*		Det vert gjort i mai/juni	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Personal og organisasjon	Framdrift og aktivitet	Frist
17	FSK 133/16	16.08.17	**Utviklingsmidlar til kommunale kvalifiseringstiltak** *1.Formannskapet godkjenner oppstart og gjennomføring av arbeidet med nye kvalifiseringstiltak for flyktningar, slik det kjem fram av saksutgreiinga.* *2.Administrasjonen får i oppdrag å iverksetje arbeidet med kvalifiseringstiltaka som skildra i saksutgreiinga. Det vert oppretta ei styringsgruppe der samarbeidspartnarar og brukarar av tenestene/tiltaka er representert. Administrasjonen får i oppgåve å setje saman prosjektgruppe på tvers av dei kommunale kvalifiseringstiltaka.* *3.Samla er prosjekta kostnadsrekna til ei kostnadsramme på kr 2 714 000 og vert finansiert med tilskotsmidlar på kr 1 714 000, eigenfinansiering og bruk av tidlegare løyvde midlar på kr 1.mill.* *a.Kr 1,3 mill. av tilskotsmidlane har Volda kommune fått tilsegn om, og rapporterer på:* *i. IMDi (kr 400 000 til kantinedrift på rådhuset)* *ii. Fylkeskommunen (kr 500 000 til Entreprenørskap som integrasjonsverktøy* *iii. Fylkesmannen (kr 400 000 i prosjektskjønn til kommunale kvalifiseringstiltak)* *b.Kr 264 000 av tilskotsmidlane til prosjektet «Jobbmentor», har Høgskulen i Volda fått tilsegn om, og rapporterer på.* *c.Kr 150 000 av tilskotsmidlane har den frivillige organisasjonen «Kimen, sosial*	K-sak om Kimen Sosial Entreprenør Rådmannen vil setje ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som får i mandat å kartleggje behov, utfordringar og mulegheiter, og foreslå mål og strategiar for å tilby meir målretta, heilskaplege og tilrettelagde kvalifiserings- og sysselsettingstilbod til målgruppa. Gruppa skal også foreslå modell for samordning og samarbeid mellom tenestene internt og eksternt. Når gruppa har lagt fram sitt arbeid vil rådmannen på nyåret leggje fram sak til politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi, for samordning og samarbeid om kvalifiserings- og sysselsettingstiltak for flyktningar og andre målgrupper.	Formannskapet Kommunestyret Mandat utarbeidd. Tverrfagleg arbeidsgruppe etablert/konstituert i møte. Arbeidsgruppa ferdigstiller utgreiingsarbeidet. Rådmannen legg fram politisk sak.	16/1-18 25/1-18 Des. 17 15/1-18 1/4-18 Våren / Medio 2018

			entreprenør Volda» fått tilskot om, og rapporterer på.			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Eigedomsavdelinga	Framdrift og aktivitet	Frist
18	KST 163/13	28.11.13	**Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular** 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunstyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Frist for å legge fram ein samla byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019. Dette arbeidet er ikkje starta opp p.ga. kapasitet i avdelinga. Avdelinga vil gå for ein EPC kontrakt i kommunen og mykje av vedlikehalds-behovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her.	EPC er gjennomført i bygget, vidare kartlegging er ikkje gjennomført. Dette blir i dialog med oppvekst sektor.	
19	KST 125/14	24.09.14	**Konkurranseutsetjing, EPC-kontrakt** 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting). 2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering. 3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.	Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016. Tiltaket er godkjent i kommunestyret, der er lagt inn nokre opsjonar der adm. skal kome attende med eiga sak. Dette gjeld Voldahallen og 3 et. Aasen bygget. Opsjon Voldahall vart ikkje løyst inn. Prosjekt med 3 et. er stoppa og konkurransen er avlyst.	Prosjektet er i sluttfase, forventa ferdigdato er 09.05.2018. Rettsak ang. Ivar Aasen bygget er ferdig og kommunen fikk fullt medhold.	

20	FSK 208/14	18.11.14	**Leigekontrakter Høgskulen i Volda** Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigeareala har tilfredsstillande standard.	Vert å kome attende til	Arbeidet er starta opp etter avslutning av prosjekt/rettsak. Kommuneadvokaten er begynt på saken i samarbeid med administrasjon. Høgskulen har retta ynskje om å leige Aasen bygget eit ½ år ekstra.	
	KST 3/17	26.01.17	**Tilleggsløyving klimaskjerm og etablering av 3. etasje Ivar Aasen bygget** *1.Kommunestyret løyver kr 38.575.000 til prosjekt klimaskjerm og etablering råbygg tredje etasje Ivar Aasen bygget (dvs. Kr. 30.860.000 + mva Kr 7.715.000)* *Av dette er Kr 27.250.000 inkl mva løyvd tidligare.* *2.Finansiering vert ved låneopptak (kr 38.575.000).* *3.Det er potensiale for at 70 % av totale mva-utgifter vert kompensert i etterkant (justeringsrett). Kompensasjon vert utbetalt over 7 år (med like årlege beløp) etter at bygget er ferdigstilt og Høgskulen har flytta ut.*	Anbodskonkurransen er avlyst og Prosjektbygg har stevna kommunen. Det er beramma rettssak i desember.		
20	KST OS 13/17	02.03.17	*Volda kommune har avlyst konkurransen, bakgrunnen for dette er at det ikkje er mogleg å ha dagleg drift i bygget medan bygg- og rehabiliteringsarbeidet pågår. Leige av mellombelse lokale vert for kostbart og arbeidet vert dermed utsett til høgskulen har flytta ut av bygget (etter 2020).*			

	KST 81/17	27.06.17	*Kommunestyret vedtek at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.*			
21	KST 143/16	24.11.16	**Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda** *1.Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.* *2.Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.* *3.Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.* *4.Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.* *5.Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Joplassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til*	Volda Campus Arena AS er i gang med planlegginga. Dei er i dialog med Volda kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om leige av hallkapasitet til kroppsøving. Regulering og planarbeid går sin gang	Volda kommune har stilt garanti for lån og spelemidlar. Det er sett som vilkår at fylkeskommunen går inn som leigetakar for sin aktivitet i hallen. VCA AS har planar om å gå ut på anbod med sikte på oppstart i 2018. Administrasjonen har hatt møte med repr frå styret i VCA AS forå drøfte forhold som må avklarast med kommunen før oppstart. Det er aktuelt å inngå ei eiga avtale om m.a bruk av kommunal tomtedel, opparbeiding av infrastruktur, vilkår dersom det kan verte aktuelt om kommunen overtek hallen mv. Vidare må det inngåast ei leigeavtale som regulerer bruk og vilkår for kommunen. Dette må ein kome attende til i eigne saker.	

21	KST 31/17	30.03.17	*disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.* *6.Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.* *7.Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtale vert inngått.* **Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen gbr 19/807, oppstart av planarbeid. Spørsmål om kommunalt tilskot til planarbeid** *1.Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.* *2.Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningsliner for planarbeidet.* *3.Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.*		Planen har vore ute på høyring	

21	FSK 73/17 KST 142/17	02.05.17 14.12.17	*3.Primært ynskje Volda kommune å byggje 25 meters basseng på høgskuletomta evt. i tilknytning til Volda Campus Arena) og evt. med opplæringsbasseng i tillegg. Ein føresetnad for ei slik løysing er ei betydeleg medverknad i form av leige frå Høgskulen og evt. andre leigetakarar og bidragsytarar.* *4.Dersom pkt. 3 ikkje er mogleg å realisere vil Volda kommune bygge 12,5 m basseng knytt til Øyra skule.* ***Årsbudsjett 2018*** *Løyving på inn til kr. 500.000 til planlegging og prosjektering av svømmehall ved Campus Arena. Dekning lån.*		HVO har sendt førebels melding om at dei har behov for å leige symjeanlegg for 250 timar til marknadspris. Ev utbygging vert å sjå nærare på i økonomiplan- og budsjettsamanheng. Asplan er i ferd med å utføre analyse på eit svømmeanlegg. Skal vere ferdig med analysa i februar. Sak vil bli lagt fram etter det Viser til saka over om analyse	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Helse- og omsorg	Framdrift og aktivitet	Frist
22	KST 111/17	26.10.17	**Næringssituasjon for dei eldre i kommunale bufellesskap og driftsform for sentralkjøkkenet på omsorgssenteret** *Kommunestyret går inn for at drifta ved kjøkkenet vert endra frå kok- kjøl prinsippet til kok- server så snart administrasjonen er klar til omlegginga.* *Med bakgrunn i endring av produksjonsprinsipp, går kommunestyret inn for administrasjonen si tilrådinga av innkjøp av utstyr (vedlegg til saka lagt fram i formannskapet).* *Kommunestyret bed om at administrasjonen vidarefører pågåande ernæringsprosjektet for brukarane.* *Kommunestyret ber administrasjonen finne gode løysingar for utkøyring av varm mat, fortrinnsvis av frivillege om mogleg.* *Kommunestyret ber om attendemelding på kva løysing administrasjonen har valt på matutkøyring og vil vurdere naudsynte tiltak om behov.* *Kommunestyret ber vidare om ein framdriftsplan for kva tid endringa med omlegging av matproduksjonen kan starte opp.*	Denne saka har vore oppe til drøfting ved fleire høver, både i tenesteutvalet for helse- og omsorg, i Eldrerådet og i kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. Etter innspel frå hald vart det skreve sak der administrasjonen rådde til å endre produksjonsprinsippet for middagsmat frå kok- kjøl til kok-server. Saka vart handsama først i THO, derettter FSK og til slutt i KST. Etter at leiaren for sentralkjøkkenet gjekk av med pensjon i haust og ny kjøkkensjef vart tilsett, valde ein å avvente å starte med denne endringsprosessen til no over nyttår. Oppstartsmøte for prosjektet er fastsatt.	Dette er under arbeid/ tema: Har hatt møte med eigedomsavdelinga i høve ombygging av oppvaskrom, lager, kjøl og frys. Møte med frivillegsentral om utkøyring av varm mat; ser ikkje at det er ei løysing. Vi har sett vidare på interne løysingar for utkøyring og vil utarbeide plan for det. Internt møte der det er semje om å jobbe vidare med planar om å flytte dagleg middagstidspunkt til kl 15.30. Vurdering av innkjøp av nye mattraller for varmmatsutkøyring er gjort. Dialog med kjøkkensjefar i sjustjerneområdet om endringa. Er planlagt som orienteringssak i THO no 12.04.	
23	KST 136/17		**Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester** *Kommunestyret er uroa over prisen på matpenger i omsorgstenestene, og legg til grunn at det er sjølvkostprinsippet som skal rå. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie matpengesatsane i omsorgstenestene, for handsaminga THO våren 2018.*	Sak om betalingssatsar for matpengar vil bli lagt fram for THO i løpet av vinter/ vår 2018.	Sak vert å legge fram for THO i mai eller junimøte.	
24	KST 145/17	14.12.17	Årsbudsjett 2018	Det er utarbeidd ei drøftingssak som skal opp i THO komande tosdag,	I alle einingar er det rutiner for inntakssamtalar med pårørande og	

			Kommunestyret ber om at det vert teke initiativ etablering av pårørandegrupper eller alternative løysingar for pårørandekontakt.	11.01. Den vil gå tilbake til adm, som vil lage ei PS sak til THO, FSK og KST.	brukar. På sjukeheimen har ein mangla pårørandegruppe, men no i mars hadde ein første opne møte, der alle pårørande var invitert til orienterings- og dialogmøte. Ca 30 pårørande møtte og det var gode tilbakemeldingar på at dette må verte fast ordning med slike møte ein gong i halvåret. Sektoren har gjennomført første elektroniske brukarundersøking med institusjonsbebuarar no i mars. Dette vert utvida til fleire deltenester og skal vere årleg rutine å gjennomføre.	
25	KST 94/17	31.8.17	**Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune** *3.Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.*	Stillinga for folkehelse- og frisklivsrettleiar vart i 2017 vedtatt slått saman til ei 100% stilling. Stillinga vart lyst ledig i fjor seinhaust/ vinter og ein er på tampen i tilsettingsprosessen no. Før ein vel å gjennomføre evaluering av satsinga/ fokusområdet til denne stillinga, vil det vere nyttig å ha noko fartstid med korleis denne fungerer. Denne stillingskombinasjonen vil vere heilt ny, det er ikkje definert at anasvarsomrdået vil vere for stort og uråd å rekke over alt ein meiner ligg til stillinga. Ein har altså ikkje erfaring med behovet for å skulle snevre inn satsingsområdet. Ein vurderer derfor å avvente	Stillinga har vore lyst ut og det er tilsette ein person, Ulrik Vik Nakken, som trer til i stillinga frå 01.05.2018.	

				evalueringa til den nye stillinga er besatt og har litt fartstid.		
26	KST 17/18	1.3.18	**Organisering og drift av nye kommunale bustader på øvre Rotset** *4. THO bed om at det ikkje vert innflytting i bustadane før personalet er på plass.* *Tenesteutvalet er kjende med at helse- og omsorgssektoren har sett i gang ein prosess der nattevaktstenesta vert gjennomgått, med håp om at dette skal frigjere ressursar som kan nyttast til delfinansiering av driftskostnadane ved dei nye bustadane. Tenesteutvalet for helse- og omsorg ber om å bli orientert om resultatet av denne prosessen i ei eiga sak når prosessen er ferdig.* *Tenesteutvalet er kjende med at administrasjonen søkjer midlar frå helsedirektoratet til kommunalt rusarbeid. Om kommunen får innvilga søknaden må dette gå uavkorta til delfinansiering av tenestetilbodet i dei nye bustadane, heilt i tråd med intensjonen for midlane. Midlane kan givast over fire år, med nedtrapping frå 660.000,- første år til 330.000,- siste år.* *Kommunestyret ber administrasjonen vurdere behovet for nattevakter for å sikre eit forsvarleg tilbod ved dei nye bustaden.*		Det er ikkje tenkt å ta i bruk bustadane før bemanning og planar for drifta er på plass. Både teamleiarstilling og miljøterapeutstillingar har blitt lyst ut, stor respons med søkjarar frå 4-5 kommunar i nærområdet. Intervjudagar saman med tillitsvalde er satt av. Nokre personar har tatt kontakt og lurt på kva tid dei kan flytte inn. Har vore mykje negativ omtale i ulike media, usikker på korleis dette kan slå ut.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Kultur og service	Framdrift og aktivitet	Frist
27	TOK 13/18	7.3.18	**Ungdomsklubben** **Mandat ungdomsklubb – ungdomsarbeid** *1.Mandat: Administrasjonen får følgjande mandat:* • *Gjennomføre ei brei kartlegging av ungdom sitt behov/ynskje for ulike tiltak og aktiviteter, inkludert aktiviteter som ungdom meiner det er aktuelt å legge til ein ungdomsklubb.* • *Gjennom samarbeid med ulike ressursgrupper/fagmiljø arrangere ulike tiltak/arrangement retta mot ungdom i påvente av eigna ungdomsklubblokale.* *Prosess: Involvere ungdomsråd, ungdom i kommunen og fagpersonar som arbeider med ungdomsgruppa for å få kartlagt deira behov og synspunkt på det kommunale tilbodet retta mot ungdom.* *Tidsplan: Kartlegginga skal starte opp snarast og vere avslutta innan 3 månader, og Tenesteutval for oppvekst og kultur skal får saka til handsaming så snart som råd etter ferien 2018.* *2.I påvente av og parallelt med prossess i punkt 1, vert det starta førebels treffpunkt for unge i salongen.*		Leiar for ungdomsklubben har starta arbeidet med kartlegging av behov og ynskje. TOK vil bli fortløpande orientert.	
28	KST 145/17	14.12.17	Årsbudsjett 2018 *KOMMUNE-TV (Web TV/Streaming).* *Kommunestyret forutset at det snarast vert starta opp igjen med direkteoverføringar frå kommunestyremøta. Det bør vurderast om overføringar også skal gjerast frå formannskapsmøta og frå møta i dei andre hovedutvala.*		Sak om val av løysing og kostnad vil bli lagt fram i slutten av april/byrjinga av mai.	

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/rådmannen	Framdrift og aktivitet	Frist
29	KST 123/15	26.12.15	**Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning** *1.Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.* *2.Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.* *3.Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.* *4.Volda kommune krev skjøn.*	Overskjøn er halde og prisen er sett ned med kr. 85,- /m2. Sendt rekvirering av deling og oppmåling. Utbetaling vil skje når endeleg oppmåling er foreteke.	Forventar utbetaling og overtaking i løpet av mai/juni	
30	**KST 145/16**	24.11.16	**Forprosjekt Volda kunnskapspark** *Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.*	Sluttrapport og konklusjon mht hovudprosjekt skal leverast i slutten av 2018		
31	KST 82/16	16.06.16	**"Destinasjon Volda"** *1.Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.* *Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda*	Prosjektrapport levert innan fristen 1. juli 2017. Skal utarbeidast ny sak til politisk handsaming. Sjå i samanheng med nyeVolda.	Volda kommune har bedt styret for Volda næringsforum handsame rapporten som vart lagt fram før sommaren 2017. Ein avventar styret si handaming før den vert lagt fram som sak for formannskap og kommunestyre.	

	FSK 148/16	06.09.2016	*Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.* *2.Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.* *3.Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.* *Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel* 1. *Fride Sortehaug vara: Odd Harald Sundal* 2. *Anders Egil Straume* *som kommunen sine representantar i prosjektgruppa.*			
32	KST 38/18	22.3.18	**Mandat – planlegging av kino og kulturhus i Volda sentrum** *1.Den kommunale byggjenemnda får i oppdrag å utarbeide romprogram og skisseprosjekt for kino og kulturhus i tilknytning til Volda samfunnshus. Arealet kan, om ein ser trong om det også omfatte «Barnepark-tomta» og «Driveklepphus-tomta»* *2.Arbeidet skal inkludere lokalitetane i dagens samfunnshus med ombygging og integrasjon til nybygg. Ulike behov og løysingar kan vurderast, og det kan leggjast fram fleire alternativ der lokale til ungdomsklubb, bibliotek og kafe er ein del av dette. Det skal gjerast faglege og kostnadsmessige*	Oppdraget er sendt til eigedomsavdelinga og byggenemnda v/Jan H. Egset		

			vurderingar av kinoløysing, som td antal salar, nybygg eller ombygging av dagens samfunnshussal mv. *3.Byggjenemnda kartlegg behov og knyter til seg representasjon frå brukarinteressene. Byggjenemnda knyter vidare til seg nødvendig ekspertise i arbeidet.* *4.Planen skal vise heilskapleg prosjekt og synleggjere ev stegvis utbygging.* *5.Romprogram med skisseprosjekt og kostnadskalkyle vert å leggje fram innan 01.11.18.* *6.Kommunestyret vil vurdere samla eller delvis utbygging i samband med handsaminga av komande budsjett og økonomiplan.* *7.Byggenemnda har tett dialog med formannskapet i arbeidet.* *Oversendingsframlegg frå kommunestyret 22.03.2018 til administrasjonen:* *Utrede mogleg sentrumsparkering mellom kommunehus og Gamleposten, ned til kirka.*			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: opplæring og oppvekst	Framdrift og aktivitet	Frist
33	KST 36/17	30.03.17	**PPT- avtale om regionalt samarbeid** *5.Volda kommune stiller høveleg lokale til rådevelde i Volda til disposisjon for samtalar, testing for å redusere reisetid for brukarar og tilsette.* *6.Volda kommunestyre ber om å få ei evaluering av ordninga etter to års drift.*	Høveleg lokale står til disp viss PP-tenesta har behov for det. Denne evalueringa kjem etter to års drift		
34	KST **PS 108/17**	26.10.17	**Utgreiing av drifta av kommunale barnehagar i kommunen** *1.Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt. strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.* *3.Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak om framtida til Austefjord barnehage.*			
35	KST 3/18	25.01.18	**Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Tidleg innsats** *Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.2018.*	Administrasjonen vil legge fram sak tidleg hausten 2018		
36	KST FO 1/18	25.01.18	**Interpellasjon - Digitale læringsressursar på nynorsk** *Volda kommune skal arbeide for at flest mogleg av dei digitale læringsressursane som vert nytta i Voldaskulen er på nynorsk .* *Oppvekstkontoret skal skaffe seg oversikt over korleis appar og andre digitale læringsressursar vert nytta, slik at ein veit kva*			

			som er definert som læremiddel og ikkje, og held seg innanfor lova. *Volda kommune skal samarbeide med andre nynorskkommunar (for eksempel gjennom Sjustjerna og LNK) om å få appar omset til nynorsk.* *Volda kommune skal løfte problematikken kring digitale nynorske læremiddel fram for Utdanningsdirektoratet og arbeide for at "digitale læremiddel på nynorsk for grunnskulen" kjem på prioriteringslista for tilskot til læremiddelutvikling i 2018.* *Volda kommune skal vurdere om eiga ikt-utviklingskompetanse kan nyttast i utvikling av læremiddel på nynorsk, og om dette kan finansierast ved tilskot og sal av digitale pedagogiske produkt.*			

ID	Sak	Dato	Sak	Status og ansvar: Barnevern	Framdrift og aktivitet	Frist
38	KST 152/15	17.12.15	**Årsbudsjett 2016** **Pkt. 29** *Kommunestyret ber om at det blir gjenoppretta stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.*	Saka lagt fram for kommunestyret, som ber om at valdskoordinator i 20 % stilling vert inarbeidd i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.	Dette må vurderast i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.	
	KST 36/16	31.03.16	Kommunestyret bed om at valdskoordinator i 20 % stilling vert å innarbeide i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.			
	KST 172/16	15.12.16	**Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020** *27. Valdskoordinator. For å samordna valdsførebyggande arbeid på Søre Sunnmøre bør det opprettast heil stilling som valdskoordinator i regionen og knytt til politiet og det sams barnevernet. Volda bidreg med minst 20% av stillinga. Dekning disposisjonsfondet.*	Utlysning vil skje første halvdel av september		

PS 75/18 Orienteringssaker

HAREIDKOMMUNE

REFERAT FRÅ

Felles ordførar- og rådmannsmøte i 7-stjerna

DATO: 23.03.18

STAD: Melshorn hotell på Hareid

TIL STADES: Ørsta ved varaordførar Karen Høydal og rådmann Wenke Solheim

Volda ved ordførar Jørgen Amdam og rådmann Rune Sjurgard

Vanylven ved ordførar Lena Landsverk Sande og rådmann Andreas Chr. Nørve

Sande ved ordførar Dag Vågen

Ulstein ved ordførar Knut Erik Engh og rådmann Einar Vik Aarset

Hareid ved ordførar Anders Riise/varaordførar Kristian Fuglseth og rådmann Ragnhild Velsvik Berge

Foredragshaldar: Geir Vinsand

REFERENT: Ragnhild Velsvik Berge

TEMA FOR SAMINGA:
SAMARBEID MELLOM KOMMUNANE - TYNGDEPUNKT

Nye omgrep og nye samhandlingsformer:

Vinsand meiner at vi ikkje treng å stresse med kommunesamanslåing, men heller lage ei konseptkommune. Han minner om at havet bind oss saman og at her vil kome mange oppgåver som vil vere knytt til havet. Men han meiner like fullt at vårt felles tyngdepunkt er våre 7 kommunar (7k)

Vinsand presenterer nye omgrep som ikkje er tatt i bruk i Norge endå

a. **Kommuneblokk**. Omgrepet er tatt frå Sverige. Blokken er dei aller næraste, som Hareid og Ulstein
b. **Kommuneklynge** er tatt frå næringslivet. Klynger for oss vert er indre og ytre.

Vinsand er allergisk mot sjølvstendige rettssubjekt som IKS for du får då eigne styringsorgan. § 27 er ein del av den gamle kommunale familie, så det er innanfor. Ha minst mulig overordna strukturer, og rapporter godt til kommunestyret

Lag overordna lokaliseringsprinsipp i fredstid. Ha så mykje samarbeid i potten at der er noko å fordele til alle. Lokalisering må ha ein meirverdi må kunne tilby kompetente tenester

De treng meir konkretisering av samarbeidsstrategiar. Lag ei oppgåvemelding for 7k

Mykje bra:

På ytre Søre Sunnmøre har vi veldig mykje bra, men vi formidlar det ikkje utfordarar Vinsand oss. Han rår oss til å følgje med Asker. Dei tilsette nyleg direktør for samborgarskap. Dei skal lage eit innbyggartorg, og dei er generelt langt framme på innovasjonsfronten.

I Møre og Romsdal har kommunereforma ført til auka, og ikkje mindre systemkapasitet.Byane går i retning av fleirkjærna byutvikling. Vil ikkje utkonkurrere kvarandre, men støtte og utvikle.

Søk ekstern finansiering:

Her er to ting som vi kan søkast om midlar/prøveprosjekt på

- Samanhengande tenestekjeder
- Samfunnsutviklingsansvar

Be aldri om halve stillingar, be om to for då får du eit fagmiljø

Konklusjon:

Vi vil:

Etablere samling/prosess for å sjå på samarbeid innanfor vår region. Andreas kontaktar Geir Vinsand for vidare oppfølging

- drøfte korleis ein kan tilretteleggje for samfunnsutvikling på Søre Sunnmøre som felles bu-, arbeids- og serviceregion
- lage ei oversikt over tenester og oppgåver vi vil fordele og kva vi ikkje vil fordele
- vurdere nytenking i tenesteorganisering som forsøk og i samarbeid med eksterne instansar (som Nav, Helseforetaket, fylkeskommunen mv)

Møtet var samla om å ha tettare samarbeidsmøter mellom ordførar- og rådmannsgruppa

OS 51/18 Voldatunnel - Orientering frå styringsgruppa etter møte 12.04.18

VOLDA KOMMUNE
Rådmann

NOTAT

Interne mottakarar:
Formannskapet
v/ordførar

Sak: Gode Vegar AS

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2015/2529	*4915/2018*	*Q00*	*ADM/ASBMOL*	*10.04.2018*

GODE VEGAR AS - NOTAT

Vedleggsliste:

1. Sak PS 18/16 vedkomande SAMFERDSELSUTFORDRINGAR - AVTALE MED GODE VEGAR AS
2. Underskriven avtale med «Gode vegar AS» d.s. 10.06.2016

Volda kommunestyre vedtok i møte 25.02.2016 PS sak 18/15 avtale med Gode vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløysingar for kommunen/regionen. Avtalen gjekk ut ved årsskiftet (31.12.2017) og må evt. fornyast.

Frå politisk hald har det ved fleire høve blitt peika på at avtalen no er gått ut og den må takast opp til vurdering.

Før rådmannen legg fram sak om evt. fornying av avtalen ynskjer ein at den vert drøfta i formannskapet med tanke på evaluering av avtalen og om evt. signal før rådmannen konkluderer i si tilråding.

Gode Vegar AS vart etablert i 2012 og er heileigd av Stryn Næringssamskipnad. Aksjekapitalen i selskapet er kr. 30.000,-. Drifta av selskapet er i dag finansiert gjennom avtalar med kommunane Volda, Hornindal, Skjåk, Stryn og bedrifter i desse kommunane

Som det går fram av avtalen, har den ein kostnad for kommunen på kr. 100.000,- i året. Selskapet har ikkje vore i kontakt med kommunen med tanke på fornying av avtalen

Det har vore røyst spørsmål om ein avtale som det her er tale om, bør lysast ut i samsvar med regelverket om off. anskaffing.

Truleg vil det ikkje vere naudsynt då Forskrift om offentlege anskaffingar regulerer slike samarbeid:

§ 3-3. *Samarbeidsavtaler*

Anskaffelsesloven og forskriften gjelder ikke for kontrakter som inngås utelukkende mellom to eller flere oppdragsgivere, og som etablerer eller gjennomfører et samarbeid

a) som har til formål å sikre at offentlige oppgaver blir utført for å oppnå et felles mål,

b) som blir utført utelukkende av hensyn til offentlige interesser og

c) der mindre enn 20 prosent av aktivitetene som samarbeidet omfatter, blir utført for andre enn oppdragsgiverne.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
assisterande rådmann

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2015/2529
		Arkivkode:	Q00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

SAMFERDSELSUTFORDRINGAR - AVTALE MED GODE VEGAR AS

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommune gjer avtale med Gode Vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløysingar for kommunen/regionen, i samsvar med forslag til avtale i vedlegg 2 i denne saka.
2. Kostnaden for Volda kommune, kr. 100.000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost slik: 12700-1550-285-151650.

Vedleggsliste:

1. Brev av 15.12.15 frå Gode Vegar AS
2. Forslag til avtale

Uprenta saksvedlegg:

1. Transportetatenes og Avinors sider om nasjonal transportplan: http://www.ntp.dep.no/ (NTP)
2. K-sak 4/12, møte 2.2.12: Høyring KVU E39 Skei- Ålesund
3. K-sak 81/12, møte 21.6.12: Høyring KVU for Rv15.

Samandrag av saka:

Det vert gjort framlegg om at kommunen gjer avtale med Gode Vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløysingar for kommunen/regionen.

Saksopplysningar:

I brev av 15.12.15 vert kommunane Volda og Ørsta inviterte til å inngå samarbeid med selskapet Gode Vegar AS, jfr. *vedlegg 1.*

Gode Vegar AS vart etablert i 2012 og er eigd av Stryn Næringssamskipnad. Aksjekapitalen i selskapet er kr. 30.000,-. Drifta av selskapet er i dag finansiert gjennom avtalar med kommunane Hornindal, Skjåk, Stryn og bedrifter i desse kommunane.

I brevet er det vist til at regjeringa den 10.6.14 kunngjorde at "indre line", SV-K10, er valt som konsept for vidare planlegging i KVU (konseptvalutgreiing) E39 Skei-Volda. Konseptvalet for Rv15 Stryn-Skjåk er venta å skje i 2016.

Etablering av Voldatunnelen og Ørstafjordkryssing vil ytterlegare styrke E39, og styret i Gode Vegar AS har vedteke å stille selskapet disponibelt for Volda og Ørsta kommunar for å fokusere på ei snarleg realiseringa av viktige vegprosjekt for regionen. Dei ynskjer difor no å invitere kommunane til kunne gå inn som avtalepart i Gode Vegar AS, i første omgang med avtale for åra 2016 og 2017.

Forslag til avtale følgjer som *vedlegg 2*.

Det er opplyst at for perioden 2013-2015 har kommunane Hornindal, Stryn og Skjåk hatt avtale med selskapet basert på følgjande godtgjerdsle:

- Stryn kr. 200.000,-
- Skjåk kr. 150.000,-
- Hornindal kr. 60.000,-

Vurdering og konklusjon:
Det er viktig for Volda og Ørsta at vidareutvikling av E39 vert følgt opp gjennom realisering av Voldatunnelen og Ørstafjordkryssing. Det vert i denne samanheng vist til at det er vedteke kommunedelplan for Voldatunnelen, og at det no er på gang førebuande arbeid med reguleringsplan for same. Det å kunne stille med oppdaterte planar etter plan- og bygningsloven er særs viktig når det gjeld å få fram prosjekta for prioritering i NTP.

Volda og Ørsta har tidlegare støtta opp om Rv 15 som ein særs viktig transportåre både for næringsliv og private, jfr. at Volda kommunestyret i sak 81/12, møte 21.6.12, rådde til alt. B2 som konsept for prosjektet.

Det er mange prosjekt som vil kjempe om midlar i komande NTP`ar, og det er såleis viktig med oppdatert kunnskap og mogleg påverknad på ulike nivå, både administrativt og politisk. Her kan Gode vegar AS vere eit godt verkty også for kommunane Volda og Ørsta, jfr. vedlagde forslag til avtale sin omtale av bakgrunn og arbeidsomtale. Rådmannen vil såleis gå inn for at Volda kommune gjer avtale med Gode Vegar AS for perioden 2016-2017 til ei godtgjerdsle på kr. 100.000,-.

I samband med handsaminga av Nasjonal Transportplan vert det teke stilling til om Voldatunnellen skal gjevast prioritet over statsbudsjettet i planperioden. I alle høve har kommunen fått det rådet frå Statens Vegvesen at ein bør starte arbeidet med å førebu opplegg for bompengefinansiering. Kommunen kan nytte Gode Vegar AS i arbeidet med å førebu og evt. få etablert eit bompengeselskap. Sunde har opplyst at eit slikt arbeid vil ligge innafor den godtgjerdsla kommunen etter avtalen skal betale.

Helse og miljøkonsekvensar:
Er vurdert i dei sakene kommunestyret har handsama om KVU og NTP

Økonomiske konsekvensar:

Som hovudregel vil rådmannen åtvare mot å opne opp for nye tiltak midt i budsjettåret, særleg med den anstrengte driftsøkonomien som Volda kommune har. Rådmannen foreslår derfor tiltaket dekt gjennom dei frigjorte midlane i samband med ordførargodtgjersla, og som er sett av til formannskapet sin disposisjon. Ettersom dette er ein avtale som går over to år må løyvinga likevel godkjennast av kommunestyret.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Gode og trygge kommunikasjonar er avgjerande for høg beredskap.

Naturmangfaldlova:
Vert avklara gjennom m.a. etterfølgjande detaljplanar i samsvar med plan- og bygningsloven.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Gode Vegar AS
Tinggata 3,
6783 Stryn

Ørsta kommne
Dalevegen 20,
6150 Ørsta

Økonomiseksjonen, her.

AVTALE MELLOM

Gode Vegar AS

og

Volda kommune

BAKGRUNN

I arbeid med viktige vegspørsmål i Kvivsregionen, har Stryn Næringssamskipnad etablert eit rådgjevarselskap, Gode Vegar AS, som skal hjelpe sentrale aktørar med å fremme sine interesser/synspunkt for å få dei vegløysingar som er til det beste for avtaleparten. Dette gjeld spesielt Rv 15 (ny tunnel Skåre-Breidalen med arm til Geiranger), Fv 60 (Tomasgard-Røyrhus bru) og E39 (Byrkjelo-Grodås, Voldatunnelen/Torvmyrvegen og Ørstafjordkryssinga).
Svein Sunde er tilsett i selskapet som rådgjevar og skal arbeide for å fremme aktøren sine interesser.

ARBEIDSOMTALE

Det skal arbeidast med samferdsleløysningar som styrker avtaleparten si inntening og servicegrad. Det er føresett at arbeidet vert utført av Svein Sunde. Arbeidet som skal utførast for avtaleparten er følgjande:

- Arbeidet skal sikre aktøren kunnskap om kva som skjer av vurderingar, utgreiingar og avgjerder i sentrale fora vedr. samferdselsforhold som vedkjem aktøren i regionen som angitt.
- Arbeidet skal vidare omfatte presentasjon av aktøren sine interesser i sentrale fora for å få til samferdsleløysingar som styrker avtaleparten si inntening og servicegrad
- Det primære fokus vil være vegløysningar i Kvivsregionen, så som Rv 15, Fv 60, og E39.
- For å klare dette må Svein Sunde sikre at det vert:
    - følgt med kva på som skjer og skal skje i sentrale fora,
    - fokusert på det som er viktig for å fremme interessene til avtaleparten,
    - påverka i dei rette fora på rett måte.
    - eit mål å få Voldatunnelen inn i NTP i perioden som starter i 2018.
    - førebudd og eventuelt få etablert eit bompengeselskap.

Det skal være ein tett informasjon og kommunikasjon mellom Svein Sunde og avtaleparten. Dette skal sikrast gjennom jamn informasjon og kommunikasjon.

GODTGJERDSLE

Det skal betalast nok 100.000,- eks. mva pr. år for å få det aktuelle arbeidet utført. Fakturering skal skje etterskotsvis kvart kvartal med nok 25.000,- eks. mva, og skal gjerast opp pr. 10 dagar. Forseinka betaling vert belasta med morarente.

VARIGHEIT

Avtalen gjeld i 2 år frå og med 01.01.2016 til 01.01.2018. Ved ny semje mellom partane kan avtalen fornyast.

OPPSEIING

I avtaleperioden er avtalen uoppseieleg frå begge parter så lenge Svein Sunde utfører arbeidet, og det vert arbeidd aktivt med dei oppgåver som er nemnde i denne avtalen. Dersom arbeidet ikkje vert utført av Svein Sunde opphøyrer avtalen, med mindre partane blir samde om noko anna.

Stryn, den 10.6.2016

Gode Vegar AS	Volda kommune
Per Ole Tenden Jørn Sønsterudbråten	

Fra: Herøy Taxi[post@heroy-taxi.no]
Sendt: 10.04.2018 10:07:33
Til: 'Sporstøl, Henning'
Kopi: Ørsta postmottak; Postmottak Volda; 'Taxiforbundet M&R'; y.magnussen@hotmail.com; 'Anne Smisethjell'; Arve Osnes; Einar Inge Otterdal; Even Per Fjellving; geir.solbakken@mimer.no; gestorda@online.no; gunnar.lyshagen@tussa.com; Hareid Taxi; hk@brimer.no; Kvalsvik Taxi Fiskå; paul.sindre.vedeld@tussa.com; post@heroy-taxi.no; post@lillefosse.no; post@sandetaxi.no; rtv@ulsteintaxi.no; sskogen@mimer.no; taxi-t80@live.no; Torstein Moe; Vanylven Taxi; Ørsta Taxi
Tittel: VS: Endringer ved implementering av ny parkeringsforskrift, Ørsta / Volda Lufthavn Hovden.

Viser til E post under og mangel på svar på denne, vi ber om tilbakemelding på dette snarest! Vi vil sett i gang et arbeid med å finn oppstillingsplass uta for Avinor sitt område. Ei må og finn ei løysing på korleis en skal få funksjonshemma til å frå flyplass inngangen. Det vi veit er at ingen vil akseptere å betale ei ny avgift på kr 50,00 for å komme til og frå området. Dette er såpass alvorlig for drosjenæringa at vi vil be politikarane i dei to kommunen som blir innkopiert i denne e post, der flyplassen ligg om å sjå på saka!

Med vennlig helsing

Per-Morten Bjørlykke
Svingen 2, 6092 Fosnavåg
E post; post@heroy-taxi.no
www.heroy-taxi.no
tlf 90643972

Fra: Herøy Taxi [mailto:post@heroy-taxi.no]
Sendt: 3. april 2018 09:37
Til: 'Sporstøl, Henning'
Kopi: 'Taxiforbundet M&R'; 'Jan Eirik Søraas'
Emne: SV: Endringer ved implementering av ny parkeringsforskrift, Ørsta / Volda Lufthavn Hovden.

Hei Viser til nedenfor E post. Den er ikkje besvart fra vår side. Dette skyldes at Avinor ha gått fra å innkreve parkeringsavgift for drosjer ved de andre flyplassene. Derfor ikkje innsendt svar, i påvente av endring hos Avinor Ørsta for likebehandling i Møre og Romsdal. Når vi nå får faktura på enkelt passering på kr 15,00 for 14 minutter og i tillegg gebyrer på kr 29,00 blir avgiften på kr 44,00. (faktura nr 224156) Dette er langt over det som var avtalt. Og dere må ikkje komme tilbake å si at dere ikkje har informasjon om bil, kvifor prisen på kr 15,00.

Vi har nokre spørsmål som vi ønsker besvart, da denne saken skal opp i politisk debatt med fylket på en konferanse lørdag 14. april i Fosnavåg.

- Er Avinor område ved Ørsta/ Volda lufthavn privat område?
- Kan Avinor ta betalt for på og av stigning uten for terminal område?
- Hvor lenge kan en privat kjøretøy stoppe iflg vegtrafikkloven for kortest mulig av og på stigning?
- Og gjelder nevnte lov på område fram for terminal bygget
- Kva vil Avinor gjøre med Sine kunder derom drosjene finner holdeplass utenfor Avinor sitt område.
- Drosjene yter en service for Avinor sne kunderog også egne ved å kjøre til døra – for drosje er en dør til dør transport.
- Kostnaden for drosjene er etter hvert blitt så høy, at vi ikkje lenger kan akseptere dette!
- Vi vil starte et arbeid med å få til holdeplass utafor Avinor sitt område, det er kortere eller til holdeplass på Gardermoen/ Flesland.
- Og når en Taxi skal plukke opp en kunde som og er Avinor sin kunde, er dette da parkering eller kortest mulig stopp for av eller på stigning. Vi kan ikkje sjå at dette er parkering!!

- ☐ Når vi skal plukke opp en kunde som kommer med Nettbuss, plukker vi opp denne på holdeplass uten å betale holdeplass avgift.
- ☐ En må og vente at det er likhet for kunden hos Avinor.
- ☐ Og inntil dette blir avklart settes flyplass avgiften for våre kunder til kr 50,00 Ørsta/ Volda Lufthavn sine priser!

Med vennlig helsing

Per-Morten Bjørlykke
Svingen 2, 6092 Fosnavåg
E post; post@heroy-taxi.no
www.heroy-taxi.no
tlf 90643972

Fra: Sporstøl, Henning [mailto:Henning.Sporstol@avinor.no]
Sendt: 18. juli 2017 13:34
Til: 'orstataxi@gmail.com'; 'voldataxisentral@gmail.com'; 'Post@heroy-taxi.no'; 'post@ulsteintaxi.no'; 'post@sandetaxi.no'; 'h-taxi@tussa.com'; 'post@vanylventaxi.no'; 'taxi-t80@live.no'
Kopi: Bae, Sverre
Emne: Endringer ved implementering av ny parkeringsforskrift, Ørsta / Volda Lufthavn Hovden.

Til informasjon

Grunnet implementering av ny parkeringsforskrift vil det ila september 2017 monteres ANPR(skiltavlesning) parkeringssystem ved Ørsta / Volda Lufthavn Hovden.
Dette blir gjort i regi av Europark som da vil overta driften av parkeringsområdet ved lufthavna.

Enkelt forklart så medfører den nye parkeringsforskriften att vi blir pålagt ett mer sømløst parkeringsanlegg, inn/utkjøringssøyler og bomarmer vil bli fjernet og byttet ut med kamera for skiltavlesning. ANPR fungerer ved att bilens registreringsskilt blir avlest ved innkjøring og utkjøring, for så att bilens registrerte eier vil bli fakturert for tidsrommet de har vært inne på parkeringsområdet. Det vil bli mulighet for kortbetaling på betalingsautomat i ankomsthall for de som ikke ønsker faktura ved utkjøring.

- For dere med abonnementskort vil vi legge registreringsnummer på bilene deres inn i Europark's database, dere vil da fortsette og bli fakturert pr innkjøring som tidligere og blir ikke fakturert for brukt tid inne på parkeringsområdet. (Med andre ord ikke store forskjeller fra i dag, bare att dere nå vil slippe bruke keycard ved inn/utkjøring.)

Vi ønsker å være tidlig ute med innhenting av registreringsnumre på bilene deres og sender derfor ut denne mailen til dere som har eksisterende abonnementskort og/eller behov for innkjøring til lufthavna. Legger ved en liste over de bilene vi har registrert i det nåværende parkeringssystemet, ønsker så att dere fører på registreringsnummer på deres biler og sender i retur. Er det ellers noe feil i listen som t.d faktura adresse er det flott om dere retter det.

Skulle det være drosjer som ikke er registrert i eksisterende system, men som ønsker bli registrert i det nye ANPR systemet? Send meg en mail slik vi får registrert dere før anlegget er i drift, trenger da informasjon om eier, tilknytt sentral/område, faktura adresse, organisasjonsnummer og registreringsnummer på bilen.

Mvh

Henning Sporstøl
Elektriker / Lufthavnbetjent
Telefon: +47 67 03 20 90 / +47 469 66 006
Ørsta / Volda Lufthavn

AVINOR
www.avinor.no